



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2022

Utgiftskapittel: 200–292 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3292, 5310 og 5617



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2022

Utgiftskapittel: 200–292 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3292, 5310 og 5617

Innhald

Del I	Oversikt over budsjettforslaget frå Kunnskapsdepartementet ..	11	<i>Programkategori 07.50</i>	
1	Hovudinnleiing	13	<i>Kompetansepolitikk og livslang læring.....</i>	165
2	Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet.....	21	Kap. 251 22. juli-senteret.....	171
3	Oppfølging av oppmodingsvedtak.....	26	Kap. 253 Folkehøgskular	172
Del II	Nærare om budsjettforslaget ...	57	Kap. 254 Studieforbund mv.	174
4	Nærare om budsjettforslaget ...	59	Kap. 255 Tilskot til freds- og menneskerettssenter	176
	<i>Programkategori 07.10 Administrasjon</i>	59	Kap. 256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse	178
	Kap. 200 Kunnskapsdepartementet	59	Kap. 3256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse	180
	Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet	62	Kap. 257 Kompetanseprogrammet	181
	Kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag	63	Kap. 258 Tiltak for livslang læring	183
	<i>Programkategori 07.20 Grunnopplæringa.....</i>	66	<i>Programkategori 07.60</i>	
	Kap. 220 Utdanningsdirektoratet	88	<i>Høgare utdanning og forskning</i>	186
	Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet	93	Kap. 260 Universitet og høgskular	197
	Kap. 221 Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane	93	Kap. 270 Studentvelferd.....	204
	Kap. 222 Statlege skular og fjernundervisningstenester	94	Kap. 271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga.....	205
	Kap. 3222 Statlege skular og fjernundervisningstenester	95	Kap. 3271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga.....	207
	Kap. 224 Tilskot til freds- og menneskerettssenter	96	Kap. 272 Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning	207
	Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa.....	97	Kap. 273 Kunnskapssektorens tenesteleverandør	211
	Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa.....	107	Kap. 274 Universitetssenteret på Svalbard ..	213
	Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	107	Kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning	213
	Kap. 227 Tilskot til særskilde skular	124	Kap. 3275 Tiltak for høgare utdanning og forskning	216
	Kap. 228 Tilskot til frittstående skular o.a. ...	128	Kap. 284 Dei nasjonale forskingsetiske komiteane	216
	Kap. 230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem.....	135	Kap. 285 Noregs forskingsråd.....	217
	Kap. 3230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem.....	137	Kap. 286 Regionale forskingsfond	224
	<i>Programkategori 07.30 Barnehagar</i>	138	Kap. 287 Grunnløyving til samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt	225
	Kap. 231 Barnehagar	148	Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak	227
	<i>Programkategori 07.40</i>		Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak	231
	<i>Høgare yrkesfagleg utdanning</i>	155	Kap. 289 Vitenskaplege prisar	232
	Kap. 240 Fagskular	160	<i>Programkategori 07.80 Utdanningsstøtte</i>	234
	Kap. 241 Felles tiltak for fagskular.....	161	Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning ...	238
	Kap. 242 Noregs grønne fagskule – Vea.....	163	Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning ...	251
	Kap. 3242 Noregs grønne fagskule – Vea.....	164	Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning.....	252
			<i>Programkategori 07.90</i>	
			<i>Integrering og mangfald</i>	253
			Kap. 290 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet.....	262

Kap. 3290	Integrerings- og mangfalds- direktoratet	263	8	Likestilling og arbeid mot diskriminering.....	319
Kap. 291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara	264	9	Oppfølging av FNs berekraftsmål 4.....	328
Kap. 3291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara	275	10	Fornye, forenkle og forbetre.....	334
Kap. 292	Opplæring i norsk og samfunns- kunnskap for vaksne innvandrara	276	11	Konsekvensar av covid-19- pandemien i kunnskaps- sektoren og på integrerings- feltet	338
Kap. 3292	Opplæring i norsk og samfunns- kunnskap for vaksne innvandrara	280			
Del III	Omtale av særlege tema	281		Forslag	346
5	Oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgare utdanning	283		Vedlegg	
6	Nøkkeltal for grunnopplæringa.....	292	1	Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak	357
7	Nøkkeltal for barnehagesektoren	308	2	Tildeling til universitet og høgskular	359
			3	Byggtabellar for universitet og høgskular	361
			4	Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder under Kunnskapsdepartementet ..	363
			5	Underliggande verksemder o.a. ...	387

Tabelloversikt

Tabell 3.1	Oppmodingsvedtak	26	Tabell 4.9	Oversikt over løyvingar til tiltak for å støtte målet om kompetanse	111
Tabell 4.1	Løyvingar på kap. 201, post 21 ...	65	Tabell 4.10	Oversikt over løyvingar til tiltak for å støtte målet om at alle lykkast	114
Tabell 4.2	Tilskot til freds- og menneske- rettssenter	97	Tabell 4.11	Andre tiltak finansierte over posten	118
Tabell 4.3	Tal på grunnskuleelevar med samisk som første- og andrespråk	100	Tabell 4.12	Fordeling av tilskot på kap. 227, post 63	126
Tabell 4.4	Tal på elevar/deltakarar i fengsel og oppfølgingsklassar og tilbakeføringsprogram gitt i totaltal og gjennomsnitt, fordelte etter opplæringstype	103	Tabell 4.13	Fordeling av tilskot på kap. 227, post 78	127
Tabell 4.5	Fordeling av tilskot på kap. 225, post 75	106	Tabell 4.14	Friskular, tal på skular og elevar	129
Tabell 4.6	Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 i 2020	108	Tabell 4.15	Fordeling av tilskot over kap. 228, post 79	133
Tabell 4.7	Oversikt over løyvingar til tiltak for å støtte målet om eit godt og inkluderande lærings- miljø	108	Tabell 4.16	Fordeling av midlar til oppfølging av kompetansestrategien for barnehagar i 2020	149
Tabell 4.8	Oversikt over løyvingar til tiltak for å støtte målet om å få utvikla potensialet sitt	110	Tabell 4.17	Fordeling av midlar til andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet i 2020	150
			Tabell 4.18	Budsjettforslag for 2022, kap. 231, post 21	152

Tabell 4.19	Resultatrapportering 2020, kap. 241, post 21	162	Tabell 5.1	Foreslåtte løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane	287
Tabell 4.20	Talet på besøkande ved 22. juli-senteret i perioden 2016–20	171	Tabell 5.2	Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet	288
Tabell 4.21	Elevtal i folkehøgskulane	173	Tabell 5.3	Overslag over løyvingane til FoU i statsbudsjettet i perioden 2006–22	289
Tabell 4.22	Aktivitet og deltaking i studieforbunda 2015–20	175	Tabell 6.1	Talet på elevar i ordinære grunnskular, frå skuleåret 2013–14 til skuleåret 2020–21	292
Tabell 4.23	Kompetansepluss arbeid 2013–20	182	Tabell 6.2	Fordeling på utdanningsprogram i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2013–14 til skuleåret 2020–21	293
Tabell 4.24	Kompetansepluss frivillighet 2017–20	182	Tabell 6.3	Berekna årsverk utførte av undervisningspersonale til undervisning og andre oppgåver i grunnskulen, frå skuleåret 2013–14 til skuleåret 2020–21	293
Tabell 4.25	Prøveordning med fagopplæring i Kompetansepluss 2018–20	183	Tabell 6.4	Utvikling i talet på lærarårsverk i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2015–16 til skuleåret 2020–21	294
Tabell 4.26	Øyremerkte tilskot gjennom Noregs forskingsråd	218	Tabell 6.5	Gjennomsnittleg gruppestorleik på 1.–10. trinn, frå skuleåret 2013–14 til skuleåret 2020–21	294
Tabell 4.27	Fordeling av midlane til regionale forskingsfond i 2022 ..	225	Tabell 6.6	Deltaking og foreldrebetaling i skulefritidsordninga (SFO)	307
Tabell 4.28	Grunnløyvinga til dei samfunnsvitskaplege institutta	226	Tabell 7.1	Barn i barnehage, dekningsgrad og gjennomsnittleg opphaldstid, 2015–20	308
Tabell 4.29	Norske kontingentbidrag til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar i 2022	229	Tabell 7.2	Barn i barnehage etter eigarforhold, offentleg og privat, 2006–20	309
Tabell 4.30	Hovudtal for tildeling til elevar i vidaregåande opplæring med ungdomsrett	240	Tabell 7.3	Prosentdel barn i barnehage blant minoritetsspråklege barn og andre barn, 2018–20	310
Tabell 4.31	Hovudtal for tildeling til høgare utdanning m.m.	241	Tabell 7.4	Personalet i barnehagen, 2016–20	311
Tabell 4.32	Fordeling av ulike stipendformer i dei to siste undervisningsåra ...	242	Tabell 7.5	Bemanningsstettleik og pedagogtettleik, 2017–20	312
Tabell 4.33	Hovudtal for lån og renter i dei siste fire åra	243	Tabell 7.6	Menn i barnehagane, 2015–20 ..	313
Tabell 4.34	Verkeleg verdi av utlånsporføljen til Lånekassen	248	Tabell 7.7	Utdanning av barnehagelærarar ved statlege og private høgskular og universitet, 2015–20	314
Tabell 4.35	Noverdien av 1 krone i nytt utlån i Lånekassen	249	Tabell 7.8	Moderasjonsordningar i barnehagen, 2016–20	316
Tabell 4.36	Avskrivingselement i Lånekassen	250	Tabell 7.9	Barn i barnehage som får spesialpedagogisk hjelp, 2015–20	316
Tabell 4.37	Tapselement i Lånekassen	250	Tabell 7.10	Driftsutgifter til barnehage i kommunane, 2016–20	317
Tabell 4.38	Nøkkeltal for busetjing 2017–juni 2021	266	Tabell 7.11	Finansiering av kommunale barnehagar, 2014–20	318
Tabell 4.39	Satsar for integreringstilskot	267			
Tabell 4.40	Fordeling av midlar til kommunale innvandrartiltak i 2020	269			
Tabell 4.41	Fordeling av midlar til kommunale innvandrartiltak i 2022	271			
Tabell 4.42	Fordeling av tilskot til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunnet og frivillige organisasjonar i 2020	272			
Tabell 4.43	Satsar for persontilskot	279			

Tabell 8.1	Tilstandsrapport om kjønnsbalanse og lønn i Kunnskapsdepartementet	324	Tabell 4.4	Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art	367
Tabell 8.2	Prosentdelen menn og kvinner i forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet i 2020	326	Tabell 4.5	Noregs forskingsråd. Inntekter etter inntektskjelde	369
Tabell 11.1	Tiltak i Utdanningsløftet 2020	341	Tabell 4.6	Samanhengen mellom kontant- beholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskningsråd i perioden 2018–20	370
Tabell 11.2	Tiltak for barnehagar og skular .	342	Tabell 4.7	Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art	371
Tabell 11.3	Tiltak på utdanningsstøttefeltet .	342	Tabell 4.8	Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Inntekter etter inntektskjelde	373
Tabell 11.4	Tiltak på integreringsfeltet	343	Tabell 4.9	Samanhengen mellom kontant- beholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2018–20	374
Tabell 11.5	Tiltak for høgare utdanning og forskning over Kunnskaps- departementets budsjett	344	Tabell 4.10	Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Utgifter og inntekter etter art	375
Vedlegg 2			Tabell 4.11	Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Inntekter etter inntektskjelde	377
Tabell 2.1	Tildeling per universitet og høgskule i 2022	359	Tabell 4.12	Samanhengen mellom kontant- beholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Unit – Direktoratet for IKT og felle- stenester i høgare utdanning og forskning i perioden 2018–20	378
Vedlegg 3			Tabell 4.13	Universitet og høgskular. Utgifter og inntekter etter art	380
Tabell 3.1	Ordinære prosjekt under bygging i 2022, Kommunal- og modernise- ringsdepartementet, kap. 530, post 31 og 33 og kap. 2445, post 31 og 33 og brukarutstyrsprosjekt over kap. 530, post 45	361	Tabell 4.14	Universitet og høgskular. Inntekter etter inntektskjelde ...	382
Tabell 3.2	Brukarfinansierte prosjekt under bygging i 2022, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 2445, post 341	361	Tabell 4.15	Universitet og høgskular. Samanhengen mellom kontant- beholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgskulesektoren i perioden 2018–20 (nettobalanse)	383
Tabell 3.3	Ferdig prosjekterte bygge- prosjekt	362	Tabell 4.16	Universitet og høgskular. Balanse per 31. desember 2020	385
Tabell 3.4	Byggeprosjekt med prosjekt- eringsløyve, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 530, post 30 og kap. 2445, post 30 og 321	362	Tabell 4.17	Universitet og høgskular. Avsetningar 2018–20	386
Vedlegg 4					
Tabell 4.1	Direktoratet for internasjonala- lisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Utgifter og inntekter etter art	363			
Tabell 4.2	Direktoratet for internasjonala- lisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Inntekter etter inntektskjelde	365			
Tabell 4.3	Samanhengen mellom kontant- beholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) i perioden 2018–20	366			

Figuroversikt

Figur 1.1	Mål for Kunnskapsdepartementet for budsjettåret 2022	14	Figur 6.6	Prosentdelen innvandrere og norskfødde med innvandrerforeldre blant studentar under utdanning for å bli lærar, 2018–20	300
Figur 4.1	Prosentdelen som svarer at dei blir mobba på skulen to–tre gonger i månaden eller meir, fordelt på kjønn og klassetrinn hausten 2020	69	Figur 6.7	SSBs overslag over tilbod og etterspurnad etter lærarar i framtida	301
Figur 4.2	Prosentdel som fullfører og består vidaregåande opplæring innan fem/seks år, etter kor mange grunnskulepoeng dei har, 2014-kullet	80	Figur 6.8	Prosentdel av elevar med einskildvedtak av totalt tal på elevar, fordelte på årstrinn. Skuleåret 2020–21	302
Figur 4.3	Prosentdel som fullfører og består vidaregåande opplæring 5–10 år etter oppstart. 2010-kullet	83	Figur 6.9	Grunnskulepoeng etter innvandringskategori og kjønn, 2018–20 .	303
Figur 4.4	Utviklinga i retten til og bruken av gratis kjernetid i barnehage, 2015–20	145	Figur 6.10	Prosentdelen elevar på dei to lågaste meistringsnivåa (1 og 2) i nasjonale prøvar i faga engelsk, lesing og rekning på 8. trinn, etter innvandringskategori, 2020	304
Figur 4.5	Utvikling i talet på fagskulestudentar, 2016–20	157	Figur 6.11	Prosentdelen som starta i vidaregåande opplæring i skuleåret 2012–13 (2012-kullet) til 2014–15 (2014-kullet), og som fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem (studieførebuande) / seks (yrkesfag) år, etter innvandringskategori og kjønn	304
Figur 5.1	Oppfølging av opptrappingsplanane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, 2019–22	284	Figur 6.12	Prosentdelen innvandrere og norskfødde med innvandrerforeldre med læreplass som første ønske som har fått godkjent lærekontrakt eller plass som lærekandidat, 2018–20	305
Figur 5.2	Oppfølging av måla, opptrappingsplanane og dei langsiktige prioriteringane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, 2022	285	Figur 6.13	Prosentdelen i alderen 16–25 år som verken er i utdanning eller arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring, etter innvandringskategori og kjønn, 2018–20	305
Figur 5.3	Utvikling i FoU-løyvingar i statsbudsjettet og offentleg finansierte FoU-utgifter (1-prosentmålet)	290	Figur 7.1	Tal på barn i barnehage fordelte etter barnehagestorleik, 2007–20	310
Figur 5.4	Utvikling i FoU-utgifter, BNP og FoU-intensitet (3-prosentmålet) ..	291	Figur 7.2	Ulikskap mellom barnehagar, barn per årsverk i grunnbemanninga, 2014–20	312
Figur 6.1	Gjennomsnittleg gruppestorleik 2 på hovudtrinna i grunnskulen, frå skuleåret 2006–07 til skuleåret 2020–21	295	Figur 7.3	Ulikskap mellom barnehagar, barn per årsverk pedagogisk leiar med godkjend utdanning, 2014–20	313
Figur 6.2	Prosentdel grunnskular fordelte etter talet på elevar	296	Figur 7.4	Prosentdelen innvandrere og norskfødde med innvandrerforeldre blant dei tilsette i barnehagane, 2018–20	314
Figur 6.3	Prosentdelen av årsverk i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing	298			
Figur 6.4	Prosentdelen av lærarar i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for undervisning som gjeld frå 2025	298			
Figur 6.5	Prosentdelen innvandrere og norskfødde med innvandrerforeldre blant undervisningspersonalet i grunnskular og i vidaregåande skular, 2018–20	299			

Figur 7.5	Prosentdelen innvandrere og norskfødde med innvandrere- foreldre blant studentane i barnehagelærerutdanninga, 2018–20	315	Figur 8.1	Prosentdelen tilsette i verksemdar i kunnskapssektoren etter landbakgrunn i 2020	327
Figur 7.6	Ulikskap mellom kommunar, korrigerede driftsutgifter per barn i kommunale barnehagar, 2020 ...	317	Vedlegg 5		
			Figur 5.1	Underliggende verksemdar o.a. per 1. januar 2022	387



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2022

Utgiftskapittel: 200–292 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3292, 5310 og 5617

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet 24. september 2021,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

Del I
Oversikt over budsjettforslaget frå
Kunnskapsdepartementet

1 Hovudinnleiing

Kompetente menneske er vår viktigaste ressurs

I Noreg har barn 10 års obligatorisk opplæring. I dei seinaste åra har deltakinga i barnehagen auka, og nær 80 pst. av barna går i barnehagen frå dei er eitt år gamle. Deltakinga stig til nær 100 pst. for 5-åringane. Praktisk talt alle 10.-klassingane går over til vidaregåande opplæring. I tillegg til og i samarbeid og forståing med heimen er barnehage og skule dei viktigaste arenaene for utvikling. Her får barna venner, her lærer dei å bli gagns menneske, og dei får sosial og emosjonell kompetanse som gjer dei rusta til å ta ansvar for seg sjølve og andre. Alle barn treng å oppleve tryggleik, trivsel og glede saman med andre barn og dei vaksne som jobbar i utdanningssektoren. Barnehagen og skulen gir dei gode føresetnader for ein god oppvekst gjennom både utdanning og danning, noko som legg grunnlaget for fridom til å kunne ta sjølvstendige val og til å leve gode liv.

Den viktigaste velferda er å ha ein jobb å gå til, og alle menneske som er i jobb er Noregs viktigaste ressurs. God nok kompetanse er også viktig for den einskilde, fordi det gir stabil tilknytning til arbeidslivet, fridom, meistring og moglegheiter. Ferdigheiter, kunnskap, forståing og eigenskapar er ulike delar av kompetansen. Bestanddelane blir utvikla og styrkte gjennom utdanning og arbeid og i sosialt samspel på mange andre arenaer. Frivillig sektor og deltaking i sivilsamfunnet er ein slik kompetansearena. Der blir det skapt uvurderlege verdjar for samfunnet som ikkje så lett kan talfestast. Dei som har høg kompetanse, deltek meir i aktivitetar som ubetalt velgjerdsarbeid enn dei med låg kompetanse. Dei har større tru på at deira innsats er viktig for lokalmiljøet, samfunnet og landet som heilskap. Deltaking i både arbeid og samfunn bidreg òg til at barn og ungdom og andre i omgivnadene blir motiverte til å ta del i fellesskapen.

I Noreg har vi lenge hatt høg sysselsetjing av ein godt utdanna og kompetent arbeidsstyrke, det er stort engasjement i samfunnslivet og mange som deltek i frivillig verksemd. Verdskapinga vår har derfor vore i toppen internasjonalt, og høg

kompetanse i befolkninga er blant våre sterkaste fortrinn.

Omstilling er ein del av kvardagen i arbeidslivet. Globalisering, digitalisering og låge lønnsforskjellar er sterke drivarar. Den lange og tunge covid-19-pandemien har påført økonomien eit stort sjokk og betydeleg arbeidsløyse, og han har forsterka behovet for omstilling.

Tala på arbeidslause er heldigvis på veg nedover. Talet heilt arbeidslause var 65 416 personar i februar 2020. Ein måned seinare var talet over 300 000. Etter dette har arbeidsløysa gått ned og er nesten tilbake på nivået før koronaen. Men arbeidsløysa er ujamnt fordelt mellom utdanningsgruppene. Talet på arbeidstimar for dei med grunnskule som høgste utdanning gjekk ned med 8 pst. mellom januar 2019 og januar 2020, medan det berre gjekk ned med 2,5 pst. for dei med høgare utdanning i same periode.

Fleire som blei permitterte eller arbeidsledige under koronaen, slit med å kome tilbake i jobb. Nokre jobbar er borte for alltid, andre jobbar blir skapte, men ofte med arbeidsoppgåver som krev ny kompetanse. I nokre næringar er endringane større enn i andre, og fleire bedrifter må endre måten dei arbeider på, for å overleve. Det stiller òg andre krav til oss som samfunn for å hjelpe fleire til å få den formelle kompetansen dei treng for å vere betre rusta for eit arbeidsliv i stor endring. Krisa har auka talet på dei med inga eller låg formell utdanning som ikkje finn arbeid, medan dei med lang utdanning i stor grad er tilbake i jobb.

Koronaen har derfor ført til at utdanning og kompetanse er blitt endå viktigare enn før for å få stabil tilknytning til arbeidslivet. For å redusere kompetanseskilnadene i befolkninga trengst det eit ekstra krafttak for dei som har blitt råka av krisa. Det krev oftast at dei deltek i utdanning og opplæring som er tilpassa og bygger på den kompetansen dei allereie har. Fast arbeid gir meir fridom og tryggleik for dei vaksne og bidreg til at dei kan leve gode og sjølvstendige liv. Det reduserer sjukdom, aukar livskvaliteten og bidreg til sterkare tru på og tillit til seg sjølv, til andre og til dei felles institusjonane.

Covid-19-pandemien førte også til ei omvelting av kvardagen til barn og unge i skulen. Heime-skule og digital undervisning gav nokre mindre motivasjon og dårlegare vilkår for læring. Det kan føre til fråfall og få varige følger for jobbmoglegheitene seinare i livet. Sårbare barn og unge har vore særskilt utsette under pandemien, sjølv om det har vore semje om å skjerme barn og unge frå smitteverntiltaka.

Ein hovudprioritet i 2022 er å få arbeidslause og permitterte tilbake i stabile og gode jobbar. Kompetansepåfyll vil vere ein viktig føresetnad for det. Regjeringa har jobba med ein aktiv kompetansepolitikk over fleire år, noko som legg godt til rette for å lukkast med dette. Under koronaen har innsatsen på dette området auka, med meir ressursar, utvida tilbod for korte utdanningar ved fagskular, høgskular og universitet. I 2020 og 2021 har det blitt tildelt midlar til fleire fleksible utdanningstilbod retta mot ledige, permitterte og nyutdanna unge utan særleg jobberfaring. Regjeringa har òg utvikla ei rekke verkemiddel og særskilde program retta mot dei bransjane som har vore mest utsette. Siktemålet er å auke kompetansen til alle som treng det, slik at dei ikkje fell varig ut av arbeidsmarknaden. Fleire av dei overordna måla Kunnskapsdepartementet har sett opp, bidreg til dette.

Ein annan hovudprioritet er å sørge for at barn og unge tek igjen tapt fagleg og sosial læring og utvikling, slik at dei langsiktige negative conse-


kvensane kan avgrensast mest mogleg. Regjeringa ønsker òg fleire forskingsprosjekt om dei langsiktige konsekvensane pandemien har hatt for elevane når det gjeld læring, utvikling og psykisk helse.

Men like viktig som dei politiske grepa er å utvikle ein kultur for, og ei betre forståing av, behovet for kompetansepåfyll for alle. Det gjeld særleg for dei som har låg kompetanse eller ein kompetanse arbeidsmarknaden ikkje har behov for lenger, og for arbeidsgivarar som treng å investere i kompetansen til dei tilsette for å omsittle seg. Arbeidslivet er i stadig utvikling, og kompetansebehova endrar seg kontinuerleg.

Kunnskapsdepartementet har tre overordna mål for kunnskapssektoren:

- Alle deltek i arbeids- og samfunnsliv.
- Alle har den kompetansen som dei og samfunnet treng.
- Samfunnet har tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet.

Ein vellykka utdannings- og integreringspolitikk bidreg til å nå dei tre måla og tener samstundes heile samfunnet. Den einskilde oppnår fleire moglegheiter, eit friare liv og betre arbeidsvilkår. Arbeidsmarknaden får tilgjengeleg kompetent arbeidskraft som bidreg til omstilling og auka produktivitet. Utdanning og forskning er viktig for å få nødvendig ny kunnskap. Utdanning og kompetanse er òg sentralt for god integrering til arbeids-



Figur 1.1 Mål for Kunnskapsdepartementet for budsjettåret 2022

og samfunnslivet. Til sist får vi styrkt samfunnsøkonomi gjennom auka yrkesdeltaking. Høgare kompetanse er heilt sentralt for vekst og framgang og for vidare utvikling av velferdssamfunnet. Kompetansen til innbyggjarane er samfunnets største og viktigaste verdi, og den kan aukast ytterlegare gjennom målretta politikk.

Mål, utfordringar og ambisjonar

Alle deltek i arbeids- og samfunnsliv

Meld. St. 14 (2020–2021) *Perspektivmeldingen 2021* syner eit behov for høg sysselsetjing i åra framover. Vi står overfor store demografiske endringar med ei aldrande befolkning og lågare fødselstal. Kort sagt vil færre sysselsette finansiere fleire personar som ikkje har inntekt frå arbeid. Derfor er det viktig at alle dei som kan jobbe, gjer det, og politikken skal bidra til å kvalifisere endå fleire for arbeid i åra framover. Auka arbeidsinnsats er regjeringas hovudstrategi for å finansiere vårt framtidige velferdssystem.

Gode og trygge barnehagar bidreg til å gi barn ein god oppvekst og utvikling gjennom lek og læring og gir samstundes foreldra høve til å delta i arbeidslivet utan bekymring for om barna har det godt.

Regjeringa har òg lansert ei fullføringsreform i vidaregåande opplæring med fleire viktige tiltak som saman kan bidra til å realisere målet om at 90 pst. av elevane fullfører vidaregåande opplæring innan 2030. Høg fullføring i vidaregåande aukar sysselsetjinga. Dei som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har lågare yrkesdeltaking, lågare lønn og meir ustabil tilknytning til arbeidslivet enn dei som har fullført. Det er særleg høg deltaking i arbeidsmarknaden for dei som har fag- eller sveinebrev, medan studieførebuande vidaregåande opplæring ikkje gir høg sysselsetjing utan vidare studiar innan høgare utdanning.

Regjeringa satsar òg sterkt på å bygge opp yrkesfagleg høgare utdanning, både for dei som skal bygge på eit fagbrev og for dei som skal gjennomføre etter- og vidareutdanning. Ein auke i talet på studieplassar i fagskulane har gjort det mogleg for fleire å ta høgare yrkesfagleg utdanning. Fagskulane er viktige i kompetansereforma Lære heile livet, mellom anna gjennom deltaking i treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling. Strategien til regjeringa om desentralisert og fleksibel utdanning er òg ein viktig del av reforma og sikrar eit godt tilbod av utdanning i heile landet og gjer det lettare å lære heile livet.

Stadig fleire søker høgare utdanning, i takt med høgare kompetansebehov frå ein arbeids-

marknad i utvikling. Krisa som vart utløyst av koronaen, har styrkt etterspurnaden etter høgare utdanning. Regjeringa innførte ei rekke krisetiltak for å auke kapasiteten i sektoren, mellom anna midlar til 4 000 nye studieplassar til universitet og høgskular, og for å auke tilbodet innanfor desentralisert og fleksibel utdanning. Regjeringa vidarefører midlar til dei 4 000 studieplassane også i 2022, der 300 av desse blir omprioriterte til barnevernsutdanning, og aukar løyvinga til fleksibel og desentralisert utdanning. Dette heng saman med både høge søkartal til høgare utdanning og etterspurnaden etter meir kompetent arbeidskraft innanfor fleire næringar. Desse tiltaka vil bidra til auka deltaking i arbeidslivet.

Mange innvandrarakar har ikkje den formelle kompetansen som skal til for å kome i jobb. For andre er snarare problemet at kompetansen og utdanninga deira ikkje blir godkjende i den norske arbeidsmarknaden. Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringslova) tok til å gjelde 1. januar 2021. Lova skal bidra til at nykomne flyktningar og familiemedlemmene deira får nytta kunnskapane og evnene sine og delta i arbeids- og samfunnslivet. Satsing på utdanning, kvalifisering og kompetanse står sentralt i lova, som samla skal bidra til at fleire innvandrarakar, og særleg flyktningar, raskt blir integrerte i det norske samfunnet, får ei varig tilknytning til arbeidslivet og blir økonomisk sjølvstendige. Dette er viktig for deltakinga i arbeids- og samfunnslivet og for integreringa i Noreg. Regjeringa ønsker å tette gapet mellom det kvar ein skild har med seg, og dei behova arbeidsmarknaden har. Lova set tydelege mål for så vel flyktningar som for kommunane. Gjennom strategien *Hverdagsintegrering – strategi for å styrke sivilsamfunnets rolle på integreringsfeltet 2021–2024* ønsker regjeringa mellom anna å satse på tiltak og verkemiddel som kan bidra til å auke deltakinga i sivilsamfunnet blant barn, unge og vaksne med innvandrarbakgrunn.

Høg kompetanse har òg stor verdi for deltaking i samfunnslivet og for å kunne utøve medborgarskap. Store sosiale skilnader i utdanning og kompetanse skaper grobotn for sosial uro og polarisering i samfunnet og kan øydelegge befolkninga sin tillit til demokratiet. Det sivile samfunnet og demokratiet er skjørt og treng stadig å utvikle seg vidare. Det krev at ein har kjensla av å kunne påverke samfunnet. Alle må ha ein reell sjanse til å delta i politikk, frivilligheit og i ordskiftet i samfunnsdebatten, på ein måte som opplyser og ikkje splittar. Menneska må ha respekt for kvarandre, også når dei ikkje er einige.

I dei seinare åra har vi sett auka uro og splitting i mange land. Dette ser vi tydeleg i utviklingsland, men vi har òg vore vitne til forvitring av demokrati og samfunn i rike og høgt utvikla land med lange demokratiske tradisjonar. Felles for desse landa er at store grupper av befolkninga ikkje har høve til å delta i utdanning av høg kvalitet. Det er ein føresetnad for stabilitet og samfunnsutvikling at alle får tilgang til utdanning av høg kvalitet og kan delta i samfunns- og arbeidslivet.

Alle har den kompetansen som dei sjølve og samfunnet treng

Alle treng høg og relevant kompetanse for å kunne få fridom til å utnytte rettane og respektere pliktene som følger med samfunnsdeltakinga.

Forskning viser kor viktig det er for barna og deira framtidige utvikling å vere i barnehage. Deltaking i ein barnehage med høg kvalitet gjer at barna lykkast betre i skule og utdanning og seinare i arbeidsmarknaden og samfunnslivet generelt. Økonomi bør ikkje vere til hinder for deltaking i barnehage.

Regjeringa har stor merksemd på kvaliteten i grunnskulen, slik at alle barn har glede av og ønske om å lære alt dei treng for vidare deltaking i opplæring og utdanning. Regjeringa har innført ei ny lærarnorm som sikrar høg kvalitet i læringa for elevane, og som gjer det mogleg for lærarane å gi tilpassa opplæring til alle. Ein god lærar er den viktigaste einskildfaktoren for læring og utvikling. Regjeringa si kraftfulle satsing på etter- og vidareutdanning for lærarane er ein viktig strategi for auka læringskvalitet i skulen.

Arbeidsgivarar og føretak konkurrerer med andre i inn- og utlandet og treng lågare priser eller høgare kvalitet på innsatsfaktorane for å lukkast. Noreg er eit høgkostland og føretaka treng arbeidskraft som har rett kompetanse til oppgåva, og som skaper høg kvalitet i alle ledd frå produksjon til distribusjon. Men andre former for kompetanse er òg naudsynte for å omstille seg. Entreprenørskap, evna til innovasjon og til å ta ny teknologi i bruk, kan vere avgjerande. Når vi ikkje kan vere billigast, må vi vere best for å lukkast med det.

Kompetansenivået i Noreg er høgt, og det er semje mellom partane i arbeidslivet om at det er klokt å spele på lag med teknologien. I Noreg utnyttar vi teknologiske moglegheiter godt og har eit innovativt næringsliv. Bruk av ny teknologi, og særleg digitaliseringa, skaper endring i produkt, tenester, organisering og konkurransetilhøve. Som følge av dette endrar kompetansebehova seg i arbeidslivet. Uavhengig av tidlegare utdanning

er det derfor behov for læring heile livet. Digital kompetanse blir viktig, men også annan endringskompetanse, blir meir naudsynt i ein digital kvar-dag eller på ein digitalisert arbeidsplass.

I slike omstillingar ligg ein kime til auka sosiale skilnader. Den norske modellen gir små lønnsforskjellar, og høgkompetent arbeidskraft er billig i internasjonal samanlikning. Av same grunn er arbeidskraft med låg kompetanse relativt kostbar, noko som gjer at det er mykje å vinne på å investere i automatisering. Talet på jobbar for ufaglært arbeidskraft fell raskare enn talet på personar med slik kompetanse i arbeidsmarknaden. Konkurransen om desse jobbane hardnar til, og mange med låg kompetanse er meir utsette for arbeidsløyse i åra framover. Regjeringa vil både redusere sosiale skilnader og auke samanfallet mellom behova i arbeidsmarknaden og arbeidsstyrken. Derfor har regjeringa laga ei fullføringsreform som vil auke talet på innbyggjarar med vidaregåande opplæring. Ei rekke tiltak trengst for å klare dette. Eitt av dei er at alle får rett til å fullføre eit fag- eller sveinebrev eller studiespesialiserande utdanning, sjølv om dei allereie har delteke i fire år i vidaregåande opplæring utan å bestå.

Utdanning og høgare kompetanse i befolkninga set i gang ein god sirkel. Befolkninga blir i stand til å tene egne pengar og bidreg til fellesskapet. Det fører til eit meir samansveisa samfunn, med reduserte sosiale skilnader. Kompetanse gir auka motstandskraft for den einskilde til å stå i nye kriser og krevjande situasjonar. Mangfaldet i befolkninga, med utdanning, kompetanse og erfaringar frå ulike stadar i verda, er òg ein viktig ressurs for norske arbeidsplassar og samfunn.

Samfunnet har tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet

Eit moderne og berekraftig samfunn treng kunnskap av høg kvalitet. Det får vi gjennom forskning og utdanning som legg forholda til rette for nysgjerrigheit, erkjenning, innovasjon og entreprenørskap. Ny og oppdatert kunnskap gjer oss i stand til å forstå samfunnsutviklinga og er drivstoffet i eit dynamisk næringsliv.

Vi står overfor store nasjonale og internasjonale utfordringar når det gjeld miljø og klima, tilgang til fornybar energi, og god helse og tryggleik for alle. Ein treng globale løysingar, tufta på eit forpliktande og konstruktivt internasjonalt samarbeid. Kunnskap av høg kvalitet bidreg til at vi løyser våre egne utfordringar, samstundes som det gjer oss til attraktive partnarar internasjonalt i utviklinga av globale løysingar.

Boks 1.1 Politisk rekneskap 2018–21

I Granavolden-plattformen uttrykte regjeringa at ho ville prioritere tidleg innsats i skulen for å sikre hjelp til elevar som slit, og at kvar einskild elev må få kunnskap og ferdigheiter til å gripe moglegheitene framtidens arbeidsliv byr på. Regjeringa uttrykte òg at ho ville auke investeringane i universitet og høgskular og satse på kunnskap, betre utdanningskvalitet og forskning. Plattformen inneheldt òg ei satsing på høgare yrkesfagleg utdanning. Regjeringa ville òg gjennomføre eit integreringsløft for mellom anna å sikre at innvandrarar kjem raskare i jobb.

Eit utval av dei viktigaste satsingane og tiltaka regjeringa har gjennomført for å følge opp Granavolden-plattformen er:

- fått lovfesta retten til eit godt barnehagemiljø med verknad frå 1. januar 2021
- skjerpa pedagognorma i barnehagane
- innført ei bemanningsnorm i barnehagane
- innført ei plikt til samarbeid om overgangen mellom barnehage og skule
- oppretta eit nytt økonomisk tilsyn med barnehagane frå 1. januar 2022
- lagt fram ein strategi for barnehagekvalitet fram mot 2030
- gjennomført fagfornyninga i grunnopplæringa og innført det nye læreplanverket Kunnskapsløftet 2020 (LK20 og LK20S)
- utvida ordninga med gratis kjernetid i barnehagane
- innført ordningar med redusert foreldrebetaling og gratis opphald på SFO etter skuletid for barn av foreldre med låg inntekt
- lagt fram ei stortingsmelding med omfattande tiltak for barn som treng særskild tilrettelegging gjennom barnehage og grunnskule
- halde fram den kraftige satsinga på etter- og vidareutdanning av lærarar
- etablert den femårige satsinga Den teknologiske skulesekken frå 2018, med åtte ulike tiltak for programmering og digitale læremiddel i grunnopplæringa
- fått lovfesta retten til leirskuleopphald eller annan skuletur
- sendt på høyring eit forslag om rett til å fullføre for alle som begynner i vidaregåande opplæring
- auka lærlingtilskotet
- sendt på høyring eit forslag som gjer det enklare å ta fleire fagbrev
- lagt fram og starta gjennomføringa av kompetansereforma Lære heile livet
- lansert Utdanningsløftet 2020 for å møte konsekvensane av covid-19-pandemien
- innført ei ny integreringslov
- lansert strategi *Hverdagsintegrering – Strategi for å styrke sivilsamfunnets rolle på integreringsfeltet 2021–2024* for å satsa meir på frivillige organisasjonar i kvardagsintegreringa
- lansert handlingsplan *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold (2021–2024)*
- fått vedteke landets første tolkelov, med krav om bruk av kvalifisert tolk i offentlege organ, ei lov som tek til å gjelde 1. januar 2022
- finansiert utvikling av ei nasjonal løysing for tilgang til læringsressursar på tvers av utdanningsinstitusjonar
- lagt fram ei stortingsmelding om statens politikk for styring av statlege universitet og høgskular
- lagt fram strategi for desentralisert og fleksibel utdanning ved fagskular, høgskular og universitet
- følgd opp langtidsplanen for forskning og høgare utdanning 2019–28 med 3,31 mrd. kroner
- nådd ambisjonen for deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont 2020, der Noreg per april 2021 har henta heim 2,49 pst. av dei utlyste midlane
- fullført innfasinga av elleve månader med utdanningsstøtte
- lagt fram ei stortingsmelding om internasjonal studentmobilitet
- lagt fram ei stortingsmelding om samarbeid mellom arbeidsliv og høgare utdanningsinstitusjonar, med vekt på praksis

Høg kompetanse i arbeidsstyrken gjer det mogleg for føretak og bedrifter å finne innovative løysingar som gir dei konkurransekraft nasjonalt og internasjonalt. Høg verdiskaping bidreg til solide statsfinansar som kan nyttast til infrastrukt-

tur, til gode utdannings- og forskingsinstitusjonar og igjen til vidare verdiskaping, utvikling og vekst.

For å sikre ei vidare kunnskapsutvikling er det ein føresetnad at forskarar har gode rammesvilkår. Universiteta og høgskulane våre har god finansi-

ering, med løyvingar som gjer det mogleg for fagpersonalet å drive forskning på høgt nivå. Det gir eit godt grunnlag for forskning og styrker samstundes kvaliteten i høgare utdanning. Noregs forskingsråd er ein sentral aktør i forskings- og innovasjonssystemet. Forskningsrådet sikrar finansiering av dei beste og mest lovande forskingsideane. Fleire ulike verkemiddel i Forskningsrådet spelar saman for å nå dei forskingspolitiske måla til regjeringa. Deltaking i EUs program Horisont Europa gir oss høve til å samarbeide med dei beste forskarane internasjonalt. Slik deltaking er naudsynt for å halde oppe høg kvalitet i norsk forskning. Det gir oss òg tilgang til oppdatert vitenskapleg utstyr, laboratorium og teknologi for forskning, til faglege nettverk og internasjonale marknader.

Forskingsinstitutta er ein viktig del av forskningssystemet og bygger bru mellom academia og dei konkrete behova for ny anvendt kunnskapsutvikling som finst i næringslivet, ulike føretak og offentleg sektor. Slik anvendt forskning gjer det mogleg for sluttbrukarar å få tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet, og det bidreg samstundes til at kunnskap frå grunnforskning blir teken i bruk.

Hovudprioriteringar 2022

Utdanningsløftet 2020

Regjeringa lanserte våren 2020 Utdanningsløftet 2020, som er ei storstilt satsing på kompetansetiltak og større kapasitet i utdanningane på alle nivå, for å motverke konsekvensane av covid-19-pandemien. Regjeringa meiner det er behov for å vidareføre Utdanningsløftet 2020 og foreslår derfor til saman 2,9 mrd. kroner til følgjande tiltak i statsbudsjettet for 2022:

- midlar for at personar utan lovfesta rett til opplæringa kan fullføre vidaregåande opplæring
- midlar til eit betre tilbod om å fullføre vidaregåande opplæring med fag- eller sveinebrev for elevar som ikkje får læreplass
- midlar til tilbod om å ta eit fagbrev for personar som allereie har studie- eller yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring
- midlar til eit betre tilbod til søkarar som ikkje får læreplass
- midlar til auka bruk av ordninga Fagbrev på jobb
- midlar til å vidareføre utvidinga av forsøket med modulstrukturert opplæring innanfor utvalde lærefag i fag- og yrkesopplæringa

- midlar til å vidareføre dei åtte bransjeprogramma som blei oppretta i 2020, i tillegg til eit nytt bransjeprogram
- vidareføring og opptrapping av 1 600 studie-plassar ved fagskular og i tillegg vidareføring av om lag 500 studie-plassar til Industrifagskolen
- vidareføring og opptrapping av 4 000 studie-plassar ved universitet og høgskolar, der 300 plassar blir omprioriterte frå juridiske og økonomisk-administrative fag til barnevernfaglege utdanningar på masternivå
- midlar til å oppskalere tilskotet til fleksible studietilbod gjennom Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse
- vidareføring av 250 rekrutteringsstillingar ved universitet og høgskular

Barnehage og grunnskule

Regjeringa foreslår å løyve 240 mill. kroner i 2022 til tiltak for å støtte barn og unge som følge av konsekvensar av covid-19-pandemien i skule og barnehage. Midlane kan mellom anna brukast til tiltak for å støtte den faglege og sosiale utviklinga til barn og unge og til betre oppfølging av sårbare barn.

Regjeringa foreslår at 100 mill. kroner av veksten i frie inntekter til kommunane blir grunnlagt med å legge til rette for fleire barnehagelærarar i grunnbemanninga, og at dette må sjåast i lys av ambisjonen om at 50 pst. av dei tilsette i barnehagen skal vere barnehagelærarar innan 2025. Regjeringa foreslår òg å løyve 20 mill. kroner til auka pedagogtettleik i levekårsutsette område.

Regjeringa foreslår å løyve 50 mill. kroner i 2022 til å opprette 150 fleire vidareutdanningsplassar for barnehagelærarar og 370 vidareutdanningsplassar for lærarar i skulen, hovudsakleg i spesialpedagogikk. Samla foreslår regjeringa i 2022 å bruke 1,7 mrd. kroner til vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar og 450 mill. kroner til tiltak for å fremje kvaliteten og kompetansen i barnehagane.

Regjeringa vil trappe opp satsinga på karrierevegar for lærarar og foreslår å bruke 271,7 mill. kroner på dette i 2022. Løyvinga gir rom for å auke talet på lærarspesialistar til 3 000 frå hausten 2022.

Regjeringa foreslår å løyve 100 mill. kroner i 2022 i oppbygginga av kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Det er ei oppfølging av Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*.

Regjeringa foreslår å løyve 104,2 mill. kroner til å utvide timetalet i grunnskulen med ein ekstra time i naturfag.

Regjeringa foreslår å løyve 51,5 mill. kroner til gratis skulefritidsordning (SFO) for familiar med låg inntekt i utvalde kommunar.

Vidaregåande opplæring

Våren 2021 la regjeringa fram Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtiden*. I statsbudsjettet for 2022 foreslår regjeringa over 800 mill. kroner til oppfølging av Fullføringsreforma. Regjeringa foreslår å vidareføre tilskotet for at fleire utan lovfesta rett til opplæringa skal kunne fullføre vidaregåande opplæring, som utgjer 304,5 mill. kroner i 2022. Tilskotet legg til rette for å utvide retten til vidaregåande opplæring frå 2023, som foreslått i høyringsnotatet om ny opplæringslov. Regjeringa foreslår òg 80 mill. kroner for å legge til rette for meir fleksible og tilpassa opplæringsløp i vidaregåande opplæring.

I statsbudsjettet for 2021 blei det etablert eit tilskot for å gi personar som allereie har studie- eller yrkeskompetanse, tilbod om å ta eit fagbrev. Budsjettforslaget for 2022 inneber at tilskotet blir trappa opp til 111,8 mill. kroner. Tilskotet legg til rette for å innføre ein rett til yrkesfagleg rekvalifisering frå 2023, i samband med ny opplæringslov. Fullføringsreforma varslar at dei som ikkje får læreplass, skal få eit betre tilbod om å fullføre med fag- eller sveinebrev enn i dag. Tilskotet som legg til rette for eit betra tilbod, blir trappa opp til 256,5 mill. kroner i budsjettforslaget for 2022, og tek omsyn til ein særleg stor etterspurnad etter tilbodet som følge av covid-19-pandemien. Tilskotet som skal stimulere til auka bruk av ordninga Fagbrev på jobb, blir òg vidareført med 46 mill. kroner i budsjettforslaget.

Kompetansepolitikk og livslang læring

I statsbudsjettet for 2022 foreslår regjeringa å vidareføre og styrke fleire av tiltaka i kompetanse-reforma Lære heile livet. Det inkluderer mellom anna tiltak som følger opp fullføringsreforma, inkludert tilskot til yrkesfagleg rekvalifisering og tilskot til auka bruk av Fagbrev på jobb. Regjeringa foreslår òg å vidareføre utvidinga av forsøket med modulstrukturert opplæring for vaksne innanfor utvalde lærefag i fag- og yrkesopplæringa.

Regjeringa foreslår 60 mill. kroner til å vidareføre dei åtte bransjeprogramma som blei etablert i

2020, som ein del av Utdanningsløftet 2020. Forslaget gir òg rom for å starte eit nytt bransjeprogram.

Regjeringa foreslår å løyve 62,4 mill. kroner til siste halvårseffekt for 1 600 studieplassar som Stortinget har løyvd midlar til i statsbudsjettet for 2020 og i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020, som ein del av Utdanningsløftet 2020.

Som ein del av kompetansereforma har regjeringa gjennomført fleire endringar i utdanningsstøtteordningane som vil gi større fleksibilitet og betre vilkår for vaksne. Regjeringa foreslår 20 mill. kroner for å legge til rette for meir fleksible utdanningsstøtteordningar for vaksne.

Som del av oppfølginga av den nye strategien for desentralisert og fleksibel utdanning ved fagskular, høgskular og universitet foreslår regjeringa å opprette to nye ordningar i 2022. Eit nytt distriktsprogram for kompetanseutvikling skal styrke det desentraliserte utdanningstilbodet. Ei ny ordning for studiesenter vil gi studiesenter og liknande aktørar støtte til aktivitetar for å nå ut med og legge til rette for at innbyggjarar og verksemder kan få fleksible og desentraliserte tilbod. Dei to nye ordningane vil få eit omfang på minimum 40 mill. kroner.

Høgare utdanning og forskning

Regjeringa foreslår 463,8 mill. kroner til å vidareføre og trappe opp utdanningskapasiteten ved universitet og høgskular, inkludert 4 000 studieplassar i samband med Utdanningsløftet 2020 for at institusjonane kan ta opp eit tredje kull med studentar. 300 av dei 4 000 plassane vil regjeringa omprioritere frå juridiske- og økonomisk-administrative fag til barnevernsfaglegutdanning på masternivå.

I tråd med strategien *Desentralisert og fleksibel utdanning ved fagskular, høgskular og universitet* foreslår regjeringa å oppskalere tilskotet til fleksible studietilbod gjennom Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse med 49,7 mill. kroner til 149,5 mill. kroner.

Areal til undervisning og forskning er grunnleggande for å møte behovet for kapasitet og nyskaping i utdanning og forskning. Regjeringa foreslår 120 mill. kroner i startløyving og brukarutstyr til Blått bygg ved Nord universitet, 378 mill. kroner til vidare arbeid med Vikingtidsmuseet, 948 mill. kroner til Livsvitskapsbygget og 365 mill. kroner til vidare forprosjektering av NTNU campussamling.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til dei institusjonane som tilbyr dei nye femårige grunnskulelæruddanningane, med 91,4 mill. kroner.

Regjeringa held fram med å følge opp måla og dei langsiktige prioriteringane i Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*. Regjeringa foreslår 516 mill. kroner til oppfølging av dei tre opptrappingsplanane Teknologiløft, FoU for fornying og omstilling i næringslivet og Kvalitet i høgare utdanning. I tillegg foreslår regjeringa 497 mill. kroner til andre satsingar som følger opp langtidsplanen. Sjå nærare omtale i del III.

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til HK-dir med 50 mill. kroner til prosjekt som utviklar og deler metodar for studentaktiv digital undervisning, læring og vurdering.

Integrering

Regjeringa jobbar mellom anna med å følge opp integreringsstrategien gjennom å reformere kvalifiseringstilbodet for flyktningar og innvandrarak, gjennomgå busetjingsordninga, innføre tolkelova, halde fram arbeidet med fridom frå negativ sosial kontroll og styrke sivilsamfunnets rolle og mangfaldet i arbeidslivet. Regjeringa foreslår følgjande tiltak på integreringsfeltet i 2022:

- 36,1 mill. kroner til innføring av tolkelova (Kunnskapsdepartementet)
- 30 mill. kroner til vidareføring av klippekortordninga, som er eit supplement til tilbod om norskopplæring i kommunane (Kunnskapsdepartementet)
- 30 mill. kroner til å auke løyvinga til Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar (Kunnskapsdepartementet)
- 3,3 mill. kroner til å auke løyvinga til Tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet. Ordninga endrast frå ei namngitt ordning til ei søkbar ordning (Kunnskapsdepartementet).
- 6,7 mill. kroner til utviding av Særskilt tilskot ved busetjing av personar med alvorlege kjende funksjonsnedsetjingar og/eller åtferdsvanskar frå fem til ti år for flyktningar som blir busette frå UDIs særskilde butilbod (Kunnskapsdepartementet)
- 6,1 mill. kroner til vidareutvikling av Mangfaldsprisen og til utvikling av ein mangfaldsportal som skal synleggjere arbeidet med auka etnisk mangfald i arbeidslivet (Kunnskapsdepartementet)

- 2,6 mill. kroner til å auke løyvinga til Noregs forskingsråds program om velferd, arbeidsliv og migrasjon (VAM) (Kunnskapsdepartementet)
- 1,3 mill. kroner til etablering av kompetansehevingstilbod på Høgskulen på Vestlandet for kvalifiserte tolkar (Kunnskapsdepartementet)
- 1 mill. kroner til drift av idébank for gode døme på sivilsamfunnstiltak for integrering (Kunnskapsdepartementet)

Når det gjeld omtale av departementets tiltak for å avhjelpe konsekvensane av covid-19-pandemien, sjå òg omtale under kap. 11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren og på integreringsfeltet i del III.

Andre saker

Ny premiemodell for pensjon for statlege verksemder

Pensjonspremie er eit viktig kostnadselement for statlege verksemder. Premien blir påverka mellom anna av lønnsutgiftene i verksemdene og i kva grad dei tilsette tek ut tidlegpensjon. Det pågår eit arbeid med å modernisere premiesystemet i Statens pensjonskasse. Frå 2022 blir det innført ein ny verksemdsspesifikk og hendingbasert premiemodell for betaling av pensjonspremie for statlege verksemder. Den nye premiemodellen tek løpande omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsgruppa, som lønnsendringar og uttak av pensjon, slik at premiereserven er à jour med oppteninga til medlemmene. Dette skal bidra til å gjere statlege verksemder meir ansvarlege for eigne pensjonskostnader. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2021–2022) for Arbeids- og sosialdepartementet.

Budsjettgevinstar frå endra jobbreisevanar

Pandemien har kravd meir bruk av digitale møte og gitt statlege verksemder høve til å redusere reiseomfanget både på kort og lang sikt. Sjølv om reiseaktiviteten vil auke igjen etter kvart som samfunnet opnar ytterlegare opp, vil nivået på reiseaktiviteten truleg vere varig redusert. Dette vil redusere reiseutgifter i verksemdene og spare reisetid for dei tilsette. Regjeringa gjer framlegg om eit varig gevinstuttak frå og med 2022 på 5 pst. av reiseutgiftene slik desse var før pandemien. Sjå Prop. 1 S (2021–2022) for ei nærmare framstilling av gevinstuttaket.

2 Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet

Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
Administrasjon					
200	Kunnskapsdepartementet	419 657	415 314	423 930	2,1
201	Analyse og kunnskapsgrunnlag	224 027	233 782	261 361	11,8
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>643 684</i>	<i>649 096</i>	<i>685 291</i>	<i>5,6</i>
Grunnopplæringa					
220	Utdanningsdirektoratet	637 387	638 206	629 631	-1,3
221	Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane	14 908	16 037	16 066	0,2
222	Statlege skular og fjern- undervisningstenester	148 234	145 438	153 078	5,3
224	Tilskot til freds- og menneske- rettssenter		111 922	119 132	6,4
225	Tiltak i grunnopplæringa	1 652 027	1 625 210	1 805 689	11,1
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	3 416 484	3 390 027	3 623 544	6,9
227	Tilskot til særskilde skular	218 821	229 936	230 986	0,5
228	Tilskot til frittstående skular o.a.	5 751 327	5 854 344	5 933 057	1,3
230	Statleg spesialpedagogisk støtte- system	691 965	693 886	655 332	-5,6
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>12 531 153</i>	<i>12 705 006</i>	<i>13 166 515</i>	<i>3,6</i>
Barnehagar					
231	Barnehagar	765 935	703 815	750 977	6,7
	<i>Sum kategori 07.30</i>	<i>765 935</i>	<i>703 815</i>	<i>750 977</i>	<i>6,7</i>
<i>Høgare yrkesfagleg utdanning</i>					
240	Fagskular	887 911	1 069 994	1 181 527	10,4
241	Felles tiltak for fagskular	31 072	31 692	22 754	-28,2
242	Noregs grønne fagskule – Veia	32 232	31 732	32 191	1,4
	<i>Sum kategori 07.40</i>	<i>951 215</i>	<i>1 133 418</i>	<i>1 236 472</i>	<i>9,1</i>

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
	Kompetansepolitikk og livslang læring				
251	22. juli-senteret	17 185	15 714	27 695	76,2
253	Folkehøgskular	1 029 129	993 308	1 045 730	5,3
254	Studieforbund mv.	232 877	72 430	74 313	2,6
255	Tilskot til freds- og menneskeretts-senter	109 951			0,0
256	Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse	122 595	128 407	374 977	192,0
257	Kompetanseprogrammet	134 136	376 134	313 123	-16,8
258	Tiltak for livslang læring	392 663	159 707	148 424	-7,1
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>2 038 536</i>	<i>1 745 700</i>	<i>1 984 262</i>	<i>13,7</i>
	Høgare utdanning og forskning				
260	Universitet og høgskular	38 908 387	40 710 320	41 474 917	1,9
270	Studentvelferd	448 608	926 887	1 085 746	17,1
271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	185 060	170 461	171 683	0,7
272	Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning	628 108	676 268	697 108	3,1
273	Kunnskapssektorens tenesteleverandør	194 186	213 101	179 152	-15,9
274	Universitetsenteret på Svalbard	142 463	36 322	158 265	335,7
275	Tiltak for høgare utdanning og forskning	292 623	414 801	225 505	-45,6
284	Dei nasjonale forskingsetiskekomiteane	17 237	19 424	19 839	2,1
285	Noregs forskingsråd	4 889 473	5 222 556	5 145 528	-1,5
286	Regionale forskingsfond	219 119	194 982	159 012	-18,4
287	Grunnløyving til samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt	218 120	223 756	228 426	2,1
288	Internasjonale samarbeidstiltak	4 039 090	3 761 876	4 296 520	14,2
289	Vitenskaplege prisar	44 969	44 969	46 138	2,6
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>50 227 443</i>	<i>52 615 723</i>	<i>53 887 839</i>	<i>2,4</i>
	Utdanningsstøtte				
2410	Statens lånekasse for utdanning	47 847 063	46 800 282	50 783 047	8,5
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>47 847 063</i>	<i>46 800 282</i>	<i>50 783 047</i>	<i>8,5</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
Integrering og mangfold					
290	Integrerings- og mangfalds- direktoratet	264 058	305 591	305 563	0,0
291	Busetjing av flyktingar og tiltak for innvandrara	8 596 274	7 634 210	6 196 893	-18,8
292	Opplæring i norsk og samfunnskunn- skap for vaksne innvandrara	1 350 526	1 175 860	1 123 565	-4,4
	<i>Sum kategori 07.90</i>	<i>10 210 858</i>	<i>9 115 661</i>	<i>7 626 021</i>	<i>-16,3</i>
	<i>Sum programområde 07</i>	<i>125 215 887</i>	<i>125 468 701</i>	<i>130 120 424</i>	<i>3,7</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>125 215 887</i>	<i>125 468 701</i>	<i>130 120 424</i>	<i>3,7</i>

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post- gr.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
01-29	Statens egne driftsutgifter	7 599 861	7 506 285	7 965 341	6,1
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	141 116	248 955	142 997	-42,6
50-89	Overføringer til andre	84 818 440	85 362 159	87 061 747	2,0
90-99	Utlån, statsgjeld o.a.	32 656 470	32 351 302	34 950 339	8,0
	Sum under departementet	125 215 887	125 468 701	130 120 424	3,7

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
Administrasjon					
3200	Kunnskapsdepartementet	2 035			0,0
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>2 035</i>			<i>0,0</i>
Grunnopplæringa					
3220	Utdanningsdirektoratet	20 661	13 962	2 406	-82,8
3222	Statlege skular og fjernundervis- ningstenester	20 371	15 614	21 040	34,8
3225	Tiltak i grunnopplæringa	13 658	12 495	11 201	-10,4
3230	Statleg spesialpedagogisk støtte- system	32 186	47 048	32 295	-31,4
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>86 876</i>	<i>89 119</i>	<i>66 942</i>	<i>-24,9</i>

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
	Høgare yrkesfagleg utdanning				
3242	Noregs grønne fagskule – Vea	9 341	6 311	6 449	2,2
	<i>Sum kategori 07.40</i>	<i>9 341</i>	<i>6 311</i>	<i>6 449</i>	<i>2,2</i>
	Kompetansepolitikk og livslang læring				
3256	Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse	11 191	9 031	5 220	–42,2
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>11 191</i>	<i>9 031</i>	<i>5 220</i>	<i>–42,2</i>
	Høgare utdanning og forskning				
3271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	9 332	643	4 646	622,6
3275	Tiltak for høgare utdanning og forskning		10	10	0,0
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	13 351	14 582	17 441	19,6
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>22 683</i>	<i>15 235</i>	<i>22 097</i>	<i>45,0</i>
	Utdanningsstøtte				
5310	Statens lånekasse for utdanning	18 435 674	18 458 621	20 191 769	9,4
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	4 600 541	2 509 820	4 795 109	91,1
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>23 036 215</i>	<i>20 968 441</i>	<i>24 986 878</i>	<i>19,2</i>
	Integrering og mangfald				
3290	Integrerings- og mangfalds- direktoratet	104			0,0
3291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	2 723	11 582	11 883	2,6
3292	Opplæring i norsk og samfunnskunn- skap for vaksne innvandrarar	15 092	21 151	24 543	16,0
	<i>Sum kategori 07.90</i>	<i>17 919</i>	<i>32 733</i>	<i>36 426</i>	<i>11,3</i>
	<i>Sum programområde 07</i>	<i>23 186 260</i>	<i>21 120 870</i>	<i>25 124 012</i>	<i>19,0</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>23 186 260</i>	<i>21 120 870</i>	<i>25 124 012</i>	<i>19,0</i>

Inntekter fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post- gr.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
01-29	Sal av varer og tenester	172 765	167 199	143 254	-14,3
50-89	Overføringer frå andre	4 688 142	2 614 697	4 889 363	87,0
90-99	Tilbakebetalingar o.a.	18 325 353	18 338 974	20 091 395	9,6
Sum under departementet		23 186 260	21 120 870	25 124 012	19,0

Bruk av stikkordet «kan overførast»

Under Kunnskapsdepartementet blir stikkordet «kan overførast» foreslått knytt til desse postane utanom postgruppe 30-49

			(i 1 000 kr)	
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2021	Forslag 2022
220	70	Tilskot til læremiddel o.a.	23 059	74 700
225	63	Tilskot til samisk i grunnopplæringa	1 748	94 733
225	65	Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg	448	128 796
226	21	Særskilde driftsutgifter	138 426	1 697 667
231	21	Særskilde driftsutgifter	48 251	516 853
240	61	Utviklingsmidlar til fagskular		50 701
241	21	Særskilde driftsutgifter	1 567	22 754
257	70	Tilskot	183 191	305 873
258	21	Særskilde driftsutgifter	143 130	148 424
270	75	Tilskot til bygging av studentbustadar	275 073	959 158
272	51	Tiltak for internasjonalisering		121 062
272	52	Tiltak for høgare utdanning		319 334
272	71	Tilskot til tiltak for internasjonalisering		129 895
272	72	Tilskot til tiltak for høgare utdanning		126 817
275	21	Særskilde driftsutgifter	14 354	143 432
291	21	Særskilde driftsutgifter	35 261	60 865
291	60	Integreringstilskot	513 281	4 953 065
292	21	Særskilde driftsutgifter	27 630	78 731

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor er ei oversikt over oppfølging av oppmodingsvedtak under Kunnskapsdepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortingssesjonen 2020–2021 og alle vedtak frå tidlegare sesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 580 S (2020–2021) meinte ikkje var følgde opp ferdig (25 stk.).

I kolonnen lengst til høgre i tabell 3.1 er det ført opp om departementet reknar med at rapporteringa om vedtaket no blir avslutta, eller om det vil rapportere konkret om det i budsjettframlegget neste år òg. Ei rapportering som inneber at departementet skal legge fram ei konkret sak for Stor-

tinget, vil normalt først bli avslutta når slikt framlegg er gjort.

Sjølv om det i tabellen er oppgitt at rapporteringa blir avslutta, vil det stundom vere slik at oppfølginga av alle sider av vedtaket ikkje er slutført. Dette kan til dømes gjelde oppmoding om å vareta særlege omsyn i politikkkutforminga på eit område, og der oppfølginga vil kunne gå over fleire år. I slike tilfelle blir Stortinget orientert om oppfølginga slik som elles gjennom omtale av det relevante politikkområdet i andre dokument til Stortinget.

Tabell 3.1 Oppmodingsvedtak

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Følgd opp (ja/nei)
2020–2021	3	Høgare utdanningsinstitusjonar sitt tilbod om desentralisert utdanning	Ja
2020–2021	8	Sertifiseringsordning for lærarar og vern av lærartittelen	Ja
2020–2021	16	Gjennomgang av finansieringskategoriane i høgare utdanning	Nei
2020–2021	30	Ordning i Statens lånekasse for utdanning for autorisasjon av helsepersonell	Nei
2020–2021	79	Politiattest for tilsetjing i skular og barnehagar	Nei
2020–2021	156	Kapitaltilskot til private barnehagar	Ja
2020–2021	182	Greie ut Østfoldmodellen for lærekandidatar med tilretteleggingsbehov	Nei
2020–2021	285	Prosjektering av nye lokale for Griegakademiet	Ja
2020–2021	286	Nybygg for Studentersamfundet i Trondhjem	Ja
2020–2021	528	Hjelpetiltak mot negativ sosial kontroll	Ja
2020–2021	529	Kompetanse i skulen om negativ sosial kontroll	Ja
2020–2021	530	Utgreiing om barn etterlatne i utlandet	Nei
2020–2021	543	Inntektsbortfall for studentar	Ja
2020–2021	684	Finansieringsmekanismer for studieopphald i utlandet	Nei
2020–2021	685	Auka studiemobilitet for studentar med tilretteleggingsbehov	Nei

Tabell 3.1 Oppmodningsvedtak

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Følgd opp (ja/nei)
2020–2021	687	Betre godkjenningsordningar for utanlandsk utdanning	Nei
2020–2021	689	Likare konkurranse om studieplassar ved opptak til høgare utdanning i 2021	Ja
2020–2021	734	Studieplassar innanfor IKT-fag og realfag	Ja
2020–2021	832	Skuleskip i Nord-Norge	Nei
2020–2021	937	Fråfall og forseinkingar i høgare utdanning	Nei
2020–2021	940	Studieplassar i medisin, helsefag, sjukepleie og psykologi	Ja
2020–2021	941	Opptappingsplan for studieplassar i medisin, helsefag, sjukepleie og psykologi	Nei
2020–2021	942	Styrke rådgivings- og rettleiingstenesta i skulen	Nei
2020–2021	943	Krav til minstestandard på teknisk utstyr på yrkesfag	Nei
2020–2021	944	Kunnskap om fagskuleutdanning i rådgivingstjenesta	Nei
2020–2021	945	Rekrutteringsstipend for yrkesfaglærarutdanning	Nei
2020–2021	946	Hospiteringsordning for yrkesfaglærarar	Nei
2020–2021	947	Yrkesopplæringa tilpassa arbeidslivet	Nei
2020–2021	948	Prøveforsøk i yrkesfag etter Steigen-modellen	Nei
2020–2021	949	Undervisningsutstyr i tekniske fag i vidaregåande	Nei
2020–2021	950	Auka utstyrsstipend	Nei
2020–2021	971	Tilgang til skulebygg for organisasjonar	Nei
2020–2021	1016	Eksamensoppgåver og skriftspråk	Nei
2020–2021	1017	Opplæringslova, barnehagelova og FNs barnekonvensjon	Nei
2020–2021	1018	Fjernundervisning og opplæringslova	Nei
2020–2021	1069	Rett til innføringsfag i vidaregåande opplæring	Nei
2020–2021	1070	Sluttkompetanse i vidaregåande skule	Nei
2020–2021	1071	Overgangskurs i vidaregåande opplæring	Nei
2020–2021	1072	Overgangstilbod i vidaregåande opplæring	Nei
2020–2021	1073	Vektlegge opplæringstilbod som fører til læreplass	Nei
2020–2021	1074	Tilbod om praksisbrev i vidaregåande opplæring	Nei
2020–2021	1075	Vekslingsmodellar i vidaregåande opplæring	Nei
2020–2021	1076	Forsterka oppfølgingsansvar i vidaregåande opplæring	Nei
2020–2021	1077	Utstyr i vidaregåande opplæring	Ja
2020–2021	1078	Opplæringskontor og lærebedrifter	Nei
2020–2021	1079	Utstyrsstipend i vidaregåande opplæring	Ja
2020–2021	1080	Produksjonsskular	Nei

Tabell 3.1 Oppmodningsvedtak

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Følgd opp (ja/nei)
2020–2021	1104	Heilskaplege og koordinerte tenester	Nei
2020–2021	1291	Avansert utstyr i vidaregåande opplæring	Ja
2019–2020	459	Korte utdanningstilbod ved fagskulane	Ja
2019–2020	497	Barn i utlandet	Ja
2019–2020	697	Kompetansefunn Digital	Nei
2019–2020	699	Finansieringssystem for universitet og høgskular	Nei
2019–2020	700	Studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning	Nei
2019–2020	701	Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring	Nei
2018–2019	51	Finansieringssystemet og ideelle barnehagar	Nei
2018–2019	197	Fritak frå skulefag	Nei
2017–2018	62	Kortkurs ved folkehøgskular	Ja
2017–2018	461	Vilkår for private barnehagar	Nei
2017–2018	785	Barn etterlatne i utlandet mot sin vilje	Ja
2017–2018	802	Finansieringssystemet for private barnehagar	Nei
2017–2018	886	Kvalitetsvurderingssystemet i skulen	Ja
2017–2018	887	Rangering av søkarar til høgare utdanning	Nei
2016–2017	67	Hovudmål og målformgrupper på ungdomsskulen	Nei
2016–2017	642	Medlemskap i studentsamskipnad for fagskular	Nei
2016–2017	643	Evaluering av fagskulereforma	Nei
2016–2017	774	Vern av lærartittelen	Ja
2016–2017	897	Melding om kulturskule	Ja
2016–2017	900	Lærarar med fordjuping i spesialpedagogikk	Nei
2016–2017	901	Rett til spesialundervisning av fagpersonar	Nei
2016–2017	903	Spesialundervisning og lærarkompetanse	Nei
2015–2016	789	Kartlegging i barnehagane	Ja
2015–2016	791	Personopplysningar i barnehagesektoren	Ja
2015–2016	796	Krav om norsk og samisk språk i barnehagesektoren	Nei

Oppmodingsvedtak under kunnskaps- og integreringsministeren

Vedtak frå 2020–2021-sesjonen

Vedtak nr. 8, 6. oktober 2020: Sertifiseringsordning for lærarar og vern av lærartittelen

«Stortinget ber regjeringa om at statsråden på egnet måte gir Stortinget en orientering angående punktet i den politiske plattformen om å 'Utrede en sertifiseringsordning for lærere og mulig beskyttelse av lærertittelen i løpet av perioden'.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med debatten etter Hans Majestet Kongens tale til det 165. storting ved opninga og melding om Noregs rikets tilstand og styring (trontaledebatten).

Læreryrket er allereie lovregulert i form av kvalifikasjonskrav for tilsetjing og undervisning, og lærarutdanningane blir styrte gjennom forskriftsfesta rammeplanar og retningslinjer. I tillegg kjem krav til at kandidaten skal vere skikka, og krav om politiattest. Ifølge definisjonen i yrkeskvalifikasjonsdirektivet er lærar eit lovregulert yrke i Noreg ved at det er sett kvalifikasjonskrav til lærarane. Regjeringa har òg ei omfattande satsing på etter- og vidareutdanning av lærarar, og har i september 2021 sett ned eit utval som skal vurdere og foreslå ulike modellar for etter- og vidareutdanning for lærarar og andre tilsette i barnehage og skule. I tillegg samarbeider regjeringa tett med partane i arbeidslivet om rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar.

Regjeringa har greidd ut ei sertifiseringsordning for lærarar og ønsker på bakgrunn av utgreiinga ikkje å etablere ei ordning som inkluderer register over dei formelle kvalifikasjonane til lærarane. Eit slikt register vil kunne gi nasjonale data som er interessante i nokre samanhengar, men vil vere svært ressurskrevjande både å bygge opp og å drifte. Det viser òg erfaringane frå innføringa av den svenske legitimasjonsordninga. Det vil vere krevjande å få vurdert kvalifikasjonane for alle lærarane i skulen og eventuelt barnehagen opp mot ulike regelverk som har vore gjeldande gjennom åra. Regjeringa meiner at det er betre utnytting av ressursane å forsterke og vidareutvikle eksisterande verkemiddel som kan sikre kvalifisering og profesjonalisering av lærarane. Rammeplanar for lærarutdanningane, kompetanseutvikling, vurdering av om kandidaten er skikka, krav om politiattest og lovregulering av læreryrket i form av kvalifikasjonskrav for tilsetjing og undervisning vil langt på veg fylle dei same formåla som

ei sertifiseringsordning og vern av lærartittelen. Departementet viser òg til oppmodingsvedtak nr. 774, 7. juni 2017 om vern av lærartittelen.

Departementet meiner at vedtak nr. 8, 6. oktober 2020 er følgt opp.

Vedtak nr. 79 (2020–2021), 12. november 2020: Politiattest for tilsetjing i skular og barnehagar

«Stortinget ber regjeringa om å fremme forslag om nødvendige regelendringer slik at politiattesten gir et fullstendig bilde av søkeren og viser alle relevante lovbrudd i de tilfeller som gjelder ansettelsesforhold i skole, barnehage eller andre steder der kontakt med barn utgjør en viktig del av stillingen.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:113 S (2019–2020) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hanne Dyveke Søttar, Kari Kjønås Kjos, Silje Hjemdal og Roy Steffensen om nødvendige regelendringer om politiattest for ansettelsesforhold i skoler og barnehager*, jf. Innst. 64 S (2020–2021).

Opplæringslovutvalet foreslo i NOU 2019: 3 *Ny opplæringslov* å utvide kva for straffbare forhold som skal kome fram på ein politiattest i skulen. Utvalet foreslo at ein del valdslovbrot som ikkje kjem fram i dag, fridomsrøving, tvang, kjønnslemlesting, brot på teieplikt og brot på avverjingsplikta, skal vere omfatta. Utgreiinga har vore på offentleg høyring, og departementet har følgt opp forslaget frå utvalet i forslag til ei ny opplæringslov som blei send på høyring 26. august 2021. Regjeringa tek sikte på å legge fram forslag til ny opplæringslov for Stortinget i ein lovproposisjon våren 2023. Dersom det blir gjort endringar i reglane om politiattest på skuleområdet, vil departementet vurdere å gjere tilsvarende endringar i reglane om politiattest på barnehageområdet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 156, 3. desember 2020: Kapitaltilskot til private barnehagar

«Stortinget ber regjeringa om å videreføre kapitaltilskuddet til private barnehager på 2020-nivået, i utgangspunktet for første halvår 2021, samt nedsette et hurtigarbeidende utvalg der bl.a. KS og PBL deltar, for å utrede finansieringen av private barnehager, herunder muligheten for lån i Husbanken. Det henstilles til regjeringa

å fremme forslag om fastsettelse av kapitaltilskuddet for private barnehager for andre halvår 2021 i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2020–2021), jf. Innst. 2 S (2020–2021).

Kapitaltilskotet til private barnehagar vart vidareført på 2020-nivå i første halvår 2021, jf. Innst. 12 S (2020–2021). Departementet viser til omtale av kapitaltilskotet i Prop. 195 S (2020–2021) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2021*. I Innst. 600S (2020–2021) vart det vedteke å løyve 124 mill. kroner til å vidareføre kapitaltilskotet til private barnehagar òg for andre halvår 2021. I budsjettsemja mellom regjeringa og Framstegspartiet om Revidert nasjonalbudsjett 2021 vart det òg vedteke å gjeninnføre private barnehagars høve til finansiering i Husbanken fram til 31. desember 2021 eller inntil ny finansieringsløyseing er vedteken i Stortinget.

Departementet sette ned eit hurtigarbeidande utval for å greie ut finansieringa av private barnehagar. Utvalet leverte rapporten *Du er henta! Finansiering av private barnehager* 16. juni 2021. Rapporten er send på offentleg høyring med høyringsfrist 1. oktober 2021. Utvalet hadde medlemmar foreslått av KS, Private Barnehagers Landsforbund, Virke, Utdanningsforbundet og Fagforbundet og blei leia av statsforvaltar i Innlandet Knut Storberget.

Utvalet fekk i oppdrag å gjere greie for dagens finansieringssystem for private barnehagar og vurdere fordelar og ulemper ved dagens system, og dernest eventuelt kome med forslag til endringar i regelverket for finansieringa av private barnehagar. Rapporten stadfestar at dagens finansieringssystem er tilpassa ein sektor i utbyggingsfase, og at det er behov for endringar no som barnehagesektoren er meir eller mindre ferdig utbygd og består av eit større mangfald av barnehageaktørar. Utvalet er delt i tilrådinga si om kva for endringar som bør gjerast i finansieringssystemet for private barnehagar.

Fleirtalet (fire medlemmer og utvalsleiaren) vektlegg analysane i NOU 2020: 13 *Private aktører i velferdsstaten* som viser at lønnsenda for private barnehagar er for høg og ikkje berekraftig for det offentlege. Fleirtalet understrekar at kommunane som barnehagemyndigheit har behov for sterkare verkemiddel for å sikre betre og heilskapleg styring av sektoren på lokalt nivå. Fleirtalet presenterer ein modell som legg opp til at kommunane

sjølve kan velje korleis dei ønsker å finansiere drift av private barnehagar. Dette inkluderer å gi kommunane høve til å stille vilkår for tildeling av tilskot til nye og eksisterande barnehagar. Fleirtalet vil ikkje gjeninnføre ordninga som gir private barnehagar generelt høve til å ta opp lån i Husbanken. Fleirtalet meiner likevel det er gode grunnar til at ideelle barnehagar skal ha tilgang til slike lån til større renoverings- og vedlikehaldsprosjekt.

Mindretalet (éin medlem) vektlegg at det er stor variasjon i dei offentlege tilskota til private barnehagar, og at ein stor del private barnehagar ikkje har berekraftig økonomi. Mindretalet ønsker å innføre eit nasjonalt grunntilskot som skal setje alle barnehagar i stand til å innfri nasjonale krav og utjamne forskjellane i kommunale tilskot. Mindretalet foreslår òg at kommunane skal kunne setje nokre lokale vilkår og gi eigne kommunale tilskot for dette. Mindretalet ønsker å gjeninnføre ordninga som gir alle private barnehagar høve til å ta opp lån i Husbanken.

Departementet meiner vedtak nr. 156, 3. desember 2020 er følgd opp.

Vedtak nr. 182, 3. desember 2020: Greie ut Østfoldmodellen for lærekandidatar med tilretteleggingsbehov

«Stortinget ber regjeringa utrede Østfoldmodellen for lærekandidatar med tilretteleggingsbehov, som er utarbeidet av ASVL (Arbeidssamvirkenes landsforening), og vurdere om dette kan gjøres til ein nasjonal ordning, slik det anbefales i NIFU-rapport 18: 2018.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S Tillegg 1 (2020–2021) *Endring av Prop. 1 S (2020–2021) Statsbudsjettet 2021 (saldering)*, jf. Innst. 2 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 528, 18. januar 2021: Hjelpetiltak mot negativ sosial kontroll

«Stortinget ber regjeringa vurdere hvordan alle kommuner kan sikre ett felles koordineringspunkt for de ulike hjelpetiltakene mot negativ sosial kontroll, der alle som ønsker hjelp eller veiledning, kan henvende seg.»

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:132 S (2019–2020) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Siri Gåsemyr Staalesen, Kari Henriksen, Torstein Tvedt Solberg, Masud Gharahkhani, Eirik Sivertsen og Stein Erik Lauvås om tiltak mot sosial kontroll*, jf. Innst. 89 S (2020–2021).

Regjeringa har sett i gang fleire tiltak for å styrke koordineringa i kommunane av hjelpetiltak frå velferdstenester. Sidan 2007 har fleire nasjonale handlingsplanar og *Meld. St. 15 (2012–2013) Forebygging og bekjempelse av vold i nære relasjonar* oppmoda kommunar til å utvikle kommunale og interkommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. Dei er òg oppfordra til å inkludere tiltak mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting og alvorlege avgrensingar av fridomen til unge i slike planar. Studien *Kommunale handlingsplaner mot vold i nære relasjonar: Hvordan brukes de og til hvilken nytte?* Oslo: Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress frå 2018 viste at 40 pst. av kommunane hadde handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. Ei av tilrådingane var å opprette ein eigen koordinatorfunksjon i kommunane. Tilrådingane i rapporten blir følgde opp i tiltaket «Bidra til økt bruk av kommunale og interkommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar» i handlingsplanen *Friheit frå vald (2021–2024)*.

Regjeringa foreslo i Prop. 100 L (2020–2021) *Endringer i velferdstjenestelovgivningingen (samarbeid, samordning og barnekoordinator)* endringar i fleire veldferdstenestelover, som blei vedtekte av Stortinget i juni 2021. Endringane omfattar mellom anna harmonisering og styrking av reglane om samarbeid og individuell plan, innføring av ei samordningsplikt for kommunen ved yting av velferdstenester, innføring av ein rett til barnekoordinator, og utviding av ordninga i helse- og omsorgstenestene med lovpålagte samarbeidsavtalar. Formålet med endringane er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og deira familiar gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene. Stortinget har òg vedteke ei oppmoding til regjeringa om å utgreie og fremje ei sak med framlegg til nødvendige lovendringar for å sikre at barn som treng det, får ein rett til heilskaplege og koordinerte tenester.

På regionalt nivå har dei fem ressursentera om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS) i Tromsø, Trondheim, Bergen, Oslo og Kristiansand i oppgåve å rettleie og spreie kunnskap og kompetanse til hjelpetenestene. IMDi gir tilskot til RVTSane for å drifte regionale nettverk for arbeid mot negativ sosial kontroll,

æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting.

På nasjonalt nivå er det på plass fleire særskilte hjelpetenester med spisskompetanse om negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Mellom anna gir det nasjonale, tverretatlige Kompetanseteamet mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting og negativ sosial kontroll råd og rettleiing til alle som har behov for det, inkludert tilsette i hjelpetenestene og utsette personar som tek direkte kontakt. Oppgåvene til og organiseringa av teamet skal evaluert og rapport skal vere klar innan 2022. IMDi fagteam for forebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald kom på plass i 2021 og gir òg rettleiing til tilsette i skular som ikkje har minoritetsrådgivarar, flyktingtenester, NAV, vaksenopp-læringsinstitusjonar og andre hjelpetenester. Fleire studiar har peika på at tilsette i velferdstenestene ikkje veit kor dei kan få rettleiing i arbeid med einskildsaker, og at personar som har behov for hjelp ikkje veit om kva for hjelptilbod som finst. Tiltaket «Styrke informasjonen om dei særskilte hjelpetenestene» i handlingsplanen *Friheit fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold (2021–2024)* skal bidra til å gjere dei særskilte hjelpetenestene meir kjente.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 528, 18. januar 2021 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 529, 18. januar 2021: Kompetanse i skulen om negativ sosial kontroll

«Stortinget ber regjeringen sikre tilbud om kompetanseheving som gir grunnleggende kunnskap om negativ sosial kontroll for lærere og rådgivere fra barneskole til videregående skole, samt retningslinjer for hvordan skolene skal jobbe systematisk med denne problematikken.»

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:132 S (2019–2020) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Siri Gåsemyr Staalesen, Kari Henriksen, Torstein Tvedt Solberg, Masud Gharahkhani, Eirik Sivertsen og Stein Erik Lauvås om tiltak mot sosial kontroll*, jf. Innst. 89 S (2020–2021).

Departementet følger opp vedtaket gjennom tiltak i handlingsplanen *Friheit fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold (2021–2024)*, som blei lagd fram i juni 2021.

I handlingsplanen står desse tiltaka som er relevante for vedtaket:

«9 a) Utvikle støtteressurser for ansatte i grunnopplæringen og SFO

Det er behov for å øke kunnskapen om negativ sosial kontroll og æresrelatert vold blant ansatte i skolen og skolefritidsordningen (SFO). Det er også behov for mer kompetanse om utsatte grupper, sammensatt diskriminering forebygging, avdekking og oppfølging av saker. Kunnskap om hjelpapparatet vil være en del av dette. I oppfølgingen av Meld. St. 21 (2016–2017) Lærlyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen har KD innført en desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skolen. Ordningen innebærer at statlige midler til kompetanseutvikling skal være bedre tilpasset lokale behov. Alle fylker har etablert et samarbeidsforum for kompetanseutvikling der kommuner, fylkeskommunen, universiteter, høyskoler og statsforvalter deltar. Sammen skal de bli enige om hvilken kompetanseutvikling som skal prioriteres for å møte skolenes kompetansebehov og hvordan de statlige midlene skal benyttes. Med dagens innretning for kompetanseutvikling bidrar nasjonale myndigheter med midler til lokal kompetanseutvikling fremfor å initiere nasjonale satsinger. Nasjonale myndigheter kan også ha en formidlerrolle ved å tilgjengeliggjøre og eventuelt utvikle ressurser, som skolene kan nyttiggjøre seg av i sin lokale kompetanseutvikling. Utdanningsdirektoratet (Udir), IMDi og Bufdir skal samarbeide om å lage støtteressurser for personalet i skolen og SFO om negativ sosial kontroll og æresrelatert vold, samt tilknyttede temaer som sammensatt diskriminering, kjønn, kropp og seksualitet, inkludert kjønns- og seksualitetsmangfold. Det er skoleeiere som vurderer behovet for å ta i bruk støtteressursene lokalt.

9 b) Bidra til god undervisning om vold, kropp, kjønn, seksualitet og seksuell grensesetting

Høsten 2020 trådte det nye læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20 og LK20-samisk) i kraft for 1.-9. trinn i grunnskolen og trinn 1 i videregående opplæring. 10. trinn i grunnskolen og trinn 2 i videregående opplæring følger etter høsten 2021 og trinn 3 i videregående opplæring høsten 2022. LK20 og LK20-samisk omfatter både læreplaner med kompetansemål i det enkelte fag, overordnet del og tverrgående temaer som skal inngå i alle relevante fag. Folkehelse og livsmestring er et slikt tverrgående tema. Udir utvikler nettbaserte støtteressurser til det nye læreplanverket for å støtte skolenes undervisning om vold, kropp, kjønn og seksualitet, inkludert kjønns- og seksualitetsmangfold og seksuell gren-

sesetting, blant annet i samarbeid med Bufdir, IMDi og Hdir. Negativ sosial kontroll, æresrelatert vold, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse skal også tematiseres.

10 a) Vurdere kompetanseheving om negativ sosial kontroll og æresrelatert vold i profesjonsutdanninger

Det er ønskelig å heve læringsutbytte om negativ sosial kontroll, æresrelatert vold, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse for studenter i lærer-, helse- og sosialfagutdanninger samt spesialpedagogiske utdanninger. Kunnskapsdepartementet skal i samråd med universitets- og høyskolesektoren vurdere tiltak som realiserer og operasjonaliserer læringsutbyttet beskrevet i utdanningenes rammeplaner og nasjonale retningslinjer. Aktuelle tiltak kan være å utvikle undervisningsopplegg, materiell og/eller læremidler, gjerne tverrfaglig og tverrprofesjonelt, som blir integrert i lokale studieplaner. Andre beslektede tema kan inngå, som vold og seksuelle overgrep, mangfold i kjønn og seksualitet, migrasjonshelse og kulturforståelse, tilpasset helseinformasjon, helsekompetanse og kommunikasjon via tolk. Det oppfordres til samarbeid på tvers av institusjoner/relevante aktører og profesjoner i utviklings- og kompetansehevingsarbeidet. Kompetansehevingstiltak som utvikles, kan også gjøres tilgjengelig for etter- og videreutdanninger for yrkesutøvere fra de aktuelle utdanningene. Tiltak skal deles og gjøres tilgjengelige for alle utdanningsinstitusjoner.

10 b) Inkludere relevante læringsutbyttebeskrivelser i helsesykepleier- og jordmorutdanningene

Det er ønskelig å inkludere læringsutbyttebeskrivelser som omhandler seksualitet, negativ sosial kontroll og æresrelatert vold i nasjonale retningslinjer for helsesykepleier- og jordmorutdanningene.»

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 529, 18. januar 2021, er fulgt opp gjennom framlegginga av handlingsplanen *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold (2021–2024)*.

Vedtak nr. 530, 18. januar 2021 Rapportering om barn etterlatt i utlandet

«Stortinget ber regjeringen igangsette en utredning med mål om forsterket rapportering om hvor mange barn som er etterlatt i utlandet, og redegjøre for hvordan handlingsrommet for oppfølging kan forsterkes.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:132 S (2020–2021) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Siri Gåsemyr Staalesen, Kari Henriksen, Torstein Tvedt Solberg, Masud Gharahkhani, Eirik Sivertsen og Stein Erik Lauvås om tiltak mot sosial kontroll*, jf. Innst. 89 S (2020–2021).

Departementet vil setje i gang ei utgreiing om korleis styrke oppfølginga av utsette for ufrivillige utanlandsopphald. Dette for å få meir kunnskap om omfanget, korleis koordineringa og handlingsrommet for oppfølging kan styrkast, og korleis sikre at utsette personar blir ivaretekne ved retur. Det skal òg gjerast ei vurdering av om ordninga med integreringsrådgivarar skal styrkast eller justerast. Utgreiinga vil tidlegast ligge føre i 2022. Vedtaket blir følgd opp gjennom tiltaket *Styrke oppfølgingen av utsatte for ufrivillige utenlandsopphold i handlingsplanen Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold (2021–2024)*.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 832, 22. april 2021: Skuleskip i Nord-Noreg

«Stortinget ber regjeringen utrede muligheten for å etablere et skuleskip i Nord-Norge.»

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 10 (2020–2021) *Grønnere og smartere – morgendagens maritime næring*, jf. Innst. 338 S (2020–2021).

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 942, 20. mai 2021: Styrke rådgivings- og rettleiingstenesta i skulen

«Stortinget ber regjeringen styrke rådgivnings- og veiledningstjenesten i skolen gjennom å legge til rette for en tverrfaglig rådgivertjeneste og samarbeid mellom skoleeier, ungdomsskole, rådgivertjenesten, den videregående skolen og arbeidslivet, og gjøre det enklere for yrkesgrupper med erfaring fra annet arbeidsliv å bli ansatt i skolen som rådgivere.»

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag fra Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 943, 20. mai 2021: Krav til minstestandard på teknisk utstyr på yrkesfag

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for at det innføres krav til minstestandard på teknisk utstyr på yrkesfag. Minstestandarden skal utvikles i samarbeid mellom skoler og næringsliv.»

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 944, 20. mai 2021: Kunnskap om fagskule utdanning i rådgivningstjenesta

«Stortinget ber regjeringen ta initiativ til å øke kunnskapen om fagskuleutdanning i rådgivningstjenestene i skolen.»

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Departementet vil gi Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse i oppdrag å vurdere korleis kunnskapen om fagskulen kan aukast i rettleiingstenesta i skulen. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 945, 20. mai 2021: Rekrutteringsstipend for yrkesfaglærarutdanning

«Stortinget ber regjeringen styrke ordningen med rekrutteringsstipend for personer utenfor skolesektoren som ønsker å ta en yrkesfaglærarutdanning for å jobbe i skolen.»

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Utdanningsdirektoratet administrerer ordninga med utdannings- og rekrutteringsstipend til kvalifisering av tilsette som har undervisningsstilling, men som manglar godkjend lærarutdanning, og rekruttering av personar som enno ikkje er tilsette i skulen. I 2021 fekk om lag 600 personar tilbod om stipend, inkludert om lag 200 stipend til yrkesfaglærarutdanninga.

Departementet vil be direktoratet vurdere søkartala og behovet for å styrke ordninga.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 946, 20. mai 2021: Hospiteringsordning for yrkesfaglærarar

«Stortinget ber regjeringen styrke hospiteringsordningen for yrkesfaglærere.»

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 947, 20. mai 2021: Yrkesopplæring tilpassa arbeidslivet

«Stortinget ber sørge for at det etableres en tettere kobling mellom avgivende skoler og lærebedrifter også gjennom lærlingtiden, slik at innholdet i yrkesopplæringen blir best mulig tilpasset arbeidslivets behov.»

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21

(2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 948, 20. mai 2021: Prøveforsøk i yrkesfag etter Steigen-modellen

«Stortinget ber regjeringen sørge for at det etableres prøveforsøk i yrkesfag etter Steigenmodellen i alle fylker.»

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 949, 20. mai 2021: Undervisningsutstyr i tekniske fag i vidaregåande

«Stortinget ber regjeringen tilrettelegge for at det utvikles en bransjestandard med et minimumsnivå for undervisningsutstyr i tekniske fag i videregående skoler. Det er arbeidet med en bransjestandard for Teknisk og industriell produksjon (TIP). En slik standard kan følges opp med en samordning av innkjøp og vedlikehold av utstyret.»

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Regjeringa gjennomfører no ei utprøving av ulike modellar for tilskot til investeringar i utstyr i vidaregåande opplæring. Målet er å finne ut kva modell som kan vere berekraftig på sikt og bidra til stabil finansiering frå fylkeskommunane. I statsbudsjettet for 2022 foreslår regjeringa å vidareføre 17 mill. kroner til ordninga. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget om ein eventuell bransjestandard for undervisningsutstyr på eigna måte.

Vedtak nr. 950, 20. mai 2021: Auka utstyrsstipend

«Stortinget ber regjeringen øke utstyrsstipendet til de dyreste studieretningene på videregående yrkesfag.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Regjeringa er oppteken av fag- og yrkesopp-læringa, og at elevane har nødvendig utstyr for å ta del i opplæringa på ein god måte. Utstyrsstipendet som elevane får frå Lånekassen, skal bidra til å dekke utgiftene elevar har til individuelt utstyr. For nokre utdanningsprogram har det ikkje vore godt nok samsvar mellom nivået på stipendet og utgiftene til elevane. I statsbudsjettet for 2020 blei løyvinga til utstyrsstipendet for elevar i vidaregåande opplæring auka med 25 mill. kroner. Endringane blei gjorde mellom anna på bakgrunn av ein kartleggingsrapport frå Rambøll, som såg på samsvaret mellom stipendsatsar og reelle utgifter.

Endringane i utstyrsstipendordninga frå og med undervisningsåret 2020–21 førte til eit løft i stipendsatsen for fleire av dei yrkesfaglege utdanningsprogramma, til dømes bygg- og anleggsteknikk. Sjå også vedtak nr. 1079. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 971, 11. mai 2021: Tilgang til skolebygg for organisasjonar

«Stortinget ber regjeringen igjen gå i dialog med KS og Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner med sikte på å sikre barne- og ungdomsorganisasjoner tilgang til skoler og andre offentlige bygninger lokalt og bidra til likebehandling ved utlån.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok 8: 193 S (2020–2021) *Representantforslag frå Freddy André Øvstegård, Nicholas Wilkinson, Karin Andersen, Eirik Faret Sakariassen, Kari Elisabeth Kaski og Lars Haltbrekken om å unngå en tapt generasjon for demokratiet, kulturen og idretten*, jf. Innst. 423 S (2020–2021).

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1017, 27. mai 2021: Opplæringslova, barnehagelova og FNs barnekonvensjon

«Stortinget ber regjeringa sikre at ny opplæringslov og barnehagelov er i tråd med FNs barnekonvensjon sine grunnleggjande rettar for framgangsmåte om barns rett til informasjon, til å uttale seg fritt, barns rett til privatliv og at alle handlingar og avgjerder som omhandlar barn, blir gjorde til barnets beste.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 145 L (2020–2021) *Endringar i opplæringslova, friskulelova og barnehagelova (behandling av personopplysningar, fjernundervisning o.a.)*, jf. Innst. 512 L (2020–2021).

Når det gjeld den delen av oppmodingsvedtaket som gjeld barnehagelova, meiner departementet at dei grunnleggjande rettane i FNs barnekonvensjon og prinsippet om barnets beste er tekne vare på gjennom barnehagelova § 3 om barna sin rett til medverknad og omsynet til barnets beste. Føresegna er endra frå 1. januar 2021, jf. Prop. 96 L (2019–2020). Det er no lovfesta at barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på den daglege verksemda i barnehagen og i saker som gjeld dei sjølve, og at det som er best for barnet, skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle handlingar og avgjerder som gjeld barn i barnehagen. Dei grunnleggjande rettane i barnekonvensjonen er òg omtalt fleire stadar i forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgaver.

Når det gjeld den delen av oppmodingsvedtaket som gjeld opplæringslova, meiner departementet at dette blir følgt opp i forslaget til ny opplæringslov som blei sendt på høyring 26. august 2021. I lovforslaget er det teke inn både ei føresegn om elevane sin rett til informasjon og til å uttale seg fritt, og ei føresegn om eleven sitt beste.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1018, 20. mai 2021: Fjernundervisning og opplæringslova

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag om fjernundervisning i lovproposisjonen om ny opplæringslov.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 145 L (2020–2021) *Endringar i opplæringslova, friskulelova, og barne-*

hagelova (behandling av personopplysningar, fjernundervisning o.a.), jf. Innst. 512 L (2020–2021).

Forslag om fjernundervisning er innarbeidd i forslaget til ny opplæringslov som blei sendt på høyring 26. august 2021. Departementet foreslår reglar om fjernundervisning i samsvar med forslaget i Prop. 145 L (2020–2021).

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1069, 1. juni 2021: Rett til innføringsfag i vidaregåande opplæring

«Stortinget ber regjeringen gi elever i videregående opplæring som trenger det, rett til innføringsfag. Språkopplæring i norsk skal være integrert i dette tilbudet, og opplæringen skal integreres i elevens Vg1-løp.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1070, 1. juni 2021: Sluttkompetanse i vidaregåande skule

«Stortinget ber regjeringen, i samarbeid med partene, konkretisere nærmere forbedringer av Vg3 i skole som gir elevene en sluttkompetanse som tilfredsstillar arbeidslivets krav og som har tillit i nærings- og arbeidslivet.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1071, 1. juni 2021: Overgangskurs i vidaregåande opplæring

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre forsøk med obligatorisk overgangskurs for elever med svakt språklig grunnlag for å gjennomføre vidaregåande opplæring.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1072, 1. juni 2021: Overgangstilbud i vidaregåande opplæring for elevar med svakt fagleg grunnlag

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre forsøk med obligatorisk overgangstilbud for elever med svakt faglig grunnlag for å gjennomføre videregående opplæring.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1073, 20. 1. juni 2021: Vektlegge opplæringstilbud som fører til læreplass

«Stortinget ber regjeringen legge bort forslaget om å utvide ordningen for fagbrev som elev utenfor arbeidslivet og lærlingordningen, og heller vektlegge opplæringstilbud som skal lede fram til læreplass og opplæring i arbeidslivet.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet har lagt vekk forslaget om å innføre fagbrev som elev og vil jobbe videre med

at fleire søkarar skal få læreplass. Departementet vil òg i samarbeid med partane i arbeidslivet, lærar- og elevorganisasjonane og fylkeskommunane, lage eit betre tilbod til dei som ikkje får læreplass. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1074, 20. 1. juni 2021: Tilbod om praksisbrev i vidaregåande opplæring

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake med forslag som sikrer at alle vidaregåande skolar med yrkesfag gir tilbod om praksisbrev eller tilsvarende tilbod for elevar som har behov for mer tid og et tilrettelagt opplæringsløp ute i bedrift.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1075, 20. 1. juni 2021: Vekslingsmodellar i vidaregåande opplæring

«Stortinget ber regjeringa gi fylkeskommunene incitamentar til å utvide omfanget av ulike vekslingsmodellar som alternativ til hovedmodellen med 2 år i skole + 2 år i lærebedrift, slik at flere elevar får mulighet til å veksle mellom opplæring i skole og bedrift gjennom hele opplæringsløpet.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1076, 20. 1. juni 2021: Forsterka oppfølgingsansvar i vidaregåande opplæring

«Stortinget ber regjeringa forsterke skolenes oppfølgingsansvar for eleven gjennom hele opp-

læringsløpet, også i den tiden eleven er lærling i en lærebedrift.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1077, 20. 1. juni 2021: Utstyr i vidaregåande opplæring

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake i forbindelse med statsbudsjettet for 2022 med forsterket finansiering av utstyr i vidaregåande opplæring og en særskilt toppfinansiering til yrkesfagprogram med behov for særlig kostnadskrevende utstyr.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2022 å vidareføre 17 mill. kroner til ei forsøksordning som skal stimulere til investeringar i utstyr på yrkesfag. Målet er å få betre kunnskap om kva for modellar for finansiering av utstyr som fører til finansiering frå fylkeskommunane. Departementet meiner vedtak nr. 1077, 1. juni 2021 er følgd opp.

Vedtak nr. 1078, 20. 1. juni 2021: Opplæringskontor og lærebedrifter

«Stortinget ber regjeringa vidareføre lovfesting av opplæringskontorene og godkjenning som lærebedrift, samt forsterke opplæringskontorenes funksjon som bindeledd mellom skolen og lærebedriftene.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i forslag til ny opplæringslov. Forslag til ny opplæringslov blei sendt på høyring 26. august 2021, og departe-

mentet tek sikte på å fremje ein lovproposisjon for Stortinget våren 2023.

Vedtak nr. 1079, 20. 1. juni 2021: Utstyrsstipend i vidaregåande opplæring

«Stortinget ber regjeringa i forbindelse med forslag til statsbudsjett for 2022 gjennomgå satsene for utstyrsstipend slik at satsene er i tråd med utstyrskravene som stilles i de ulike utdanningsprogrammene.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtida*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Regjeringa er oppteken av fag- og yrkesopplæringa og av at elevane har nødvendig utstyr for å ta del i opplæringa på ein god måte. Utstyrsstipendet som elevane får frå Lånekassen, skal bidra til å dekke utgiftene elevane har til individuelt utstyr. For ein skilde utdanningsprogram har det ikkje vore godt nok samsvar mellom nivået på stipendet og utgiftene til elevane.

I 2019 utførte Rambøll ein kartleggingsrapport av samsvaret mellom stipendsatsar og reelle utgifter. Rapporten peikar på at det er betydeleg variasjon mellom skular og mellom utdanningsprogram når det gjeld utgiftene elevane i vidaregåande opplæring har til utstyr. Rambøll slår fast at eit universelt utstyrsstipend ikkje vil dekke behova til alle elevane like godt. Det er òg viktig at ordninga ikkje bidreg til ei utvikling der det blir forventat at alle har stadig meir kostbart utstyr, eller at skulane kan skyve ansvaret for utstyr dei har ansvar for å finansiere, over på den ein skilde elev.

I statsbudsjettet for 2020 blei løyvinga til utstyrsstipendet for elevane i vidaregåande opplæring auka med 25 mill. kroner for at det skulle bli betre samsvar mellom stipendet og utgiftene elevane har til utstyr. Endringane i utstyrsstipendordninga frå og med undervisningsåret 2020–21 førte til eit markant løft i stipendsatsen for fleire av dei dyrare yrkesfaglege utdanningsprogramma, til dømes bygg- og anleggsteknikk. Det er verken mogleg eller ønskeleg å kartlegge satsane innanfor ein svært kort tidshorisont. Rapporten Rambøll publiserte i 2019, er, etter regjeringa si vurdering, eit tilstrekkeleg oppdatert kunnskapsgrunnlag på dette området.

Departementet meiner at vedtak nr. 1079, 1. juni 2021 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 1080, 20. 1. juni 2021: Produksjonsskular

«Stortinget ber regjeringa legge til rette for etablering av flere produksjonsskular.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtida*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

I revidert budsjett for 2021 blei det løyvd 6 mill. kroner til produksjonsskular, jf. Innst. 600 S (2020–2021). Midlane går til Vestland fylkeskommune. Departementet foreslår å vidareføre tilskottet i statsbudsjettet for 2022. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 1104, 2. juni 2021: Heilskaplege og koordinerte tenester

«Stortinget ber regjeringa utrede og fremme en sak for Stortinget med forslag til nødvendige lovendringer for å sikre at barn som trenger det, gis en rett til helhetlige og koordinerte tenester.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 100 L (2020–2021) *Endringer i velferdstjenestelovgivning (samarbeid, samordning og barnekoordinator)*, jf. Innst. 581 L (2020–2021).

Oppmodingsvedtaket er under behandling. Departementet samarbeider med Arbeids- og sosialdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet om saka.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1291, 18. juni 2021: Avansert utstyr i vidaregåande opplæring

«Stortinget ber regjeringa gjennomføre forsøksordning det stat, fylke og industri samarbeider om deling av avansert utstyr mellom flere skular ved bruk av en mobil enhet som kan betjene flere skular i et fylke/en region.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 195 S (2020–2021) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2021*, jf. Innst. 600 S (2020–2021).

Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2022 å vidareføre 17 mill. kroner til ei forsøksordning som skal stimulere til investeringar i utstyr på yrkesfag. Målet er å få betre kunnskap om kva for modellar for finansiering av utstyr som fører til finansiering frå fylkeskommunane. Utdanningsdirektoratet har no lyst ut midlane, og skulane kan mellom anna søke om tilskot til mobile einingar med utstyr som kan transporterast mellom skular, eller liknande ordningar for deling av utstyr.

Departementet meiner at vedtak nr. 1291, 18. juni 2021 med dette er følgt opp.

Vedtak frå 2019–2020-sesjonen

Vedtak nr. 497, 14. april 2020: Barn i utlandet

«Stortinget ber regjeringa i lys av Innst. 260 S (2017–2018) fremme en sak med forslag til innretning som ivaretar barn som står i fare for å sendes til eller etterlates i utlandet mot egen vilje under tilrettelagte og organiserte uforsvarlige forhold, som kan bidra til at barn og unge utsettes for vold og tortur, negativ sosial kontroll eller radikaliserings.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 130 L (2018–2019) *Lov om tros- og livssynssamfunn*, jf. Innst. 208 L (2019–2020).

Oslo Economics har gjennomført ei kartlegging av om kommunane kjenner til saker om barn etterlatne i utlandet mot sin vilje, som ein del av regjeringa si oppfølging av særskilde tiltak for å hindre at barn vert etterlatne i utlandet, og regjeringa sin integreringsstrategi (2019–2022). Rapporten blei publisert i januar 2019. I byrjinga av 2019 sette regjeringa ned ei ekspertgruppe for å få råd om korleis det er mogleg å førebygge at barn og unge vert etterlatne i utlandet utan at dei ønsker det. Rapporten *«Det var ikke bare ferie»* kom i mai 2020 med 45 tilrådingar. Forslaga er vurderte i samband med utviklinga av ny handlingsplan *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold (2021–2024)*. Oppmodingsvedtaket blir følgt opp gjennom tre tiltak i handlingsplanen. Barne- og familiedepartementet har eit tiltak for å heve kompetansen i barnevernstenesta om ufrivillige utanlandsopphald. Kunnskapsdepartementet har eit tiltak for å styrke informasjon om rettar, hjelpetilbod og handlingsalternativ ved ufrivillige utanlandsopphald og eit tiltak for å styrke oppfølginga av barn som er utsette for ufrivillige utanlandsopphald.

Departementet meiner at vedtak nr. 497, 14. april 2020 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 701, 15. juni 2020: Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med forslag om å utvide retten til realkompetansevurdering til også å gjelde voksne uten rett til videregående opplæring.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Forslag til ny opplæringslov blei sendt på høyring 26. august 2021. I høyringa foreslår departementet at retten til vidaregåande opplæring blir utvida, og at retten til realkompetansevurdering blir utvida tilsvarende. I høyringa ber departementet om innspel til behov for ytterlegare utviding av retten til realkompetansevurdering. Departementet tek sikte på å fremje ein lovproposisjon om ny opplæringslov for Stortinget våren 2023.

Vedtak frå 2018–2019-sesjonen

Vedtak nr. 51, 22. november 2018: Finansieringssystemet og ideelle barnehagar

«Stortinget ber regjeringa gjennomgå finansieringssystemet for private og kommunale barnehager med sikte på å ivareta de små og ideelle barnehagene og en mangfoldig barnehagesektor.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:231 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Bjørnar Moxnes om en mangfoldig barnehagestruktur der pengene går til barnas beste*, jf. Innst. 51 S (2018–2019).

Departementet viser til *Forslag til endringer i barnehageloven med forskrifter (ny regulering av private barnehager)*, som blei sendt ut på offentlig høyring 26. april 2019. I kapittel 5 i høyringsnotatet har departementet vurdert moglege endringar i finansieringssystemet for private barnehagar. Departementet ser at det kan vere ei utfordring at finansieringssystemet ikkje gir gode nok driftsvilkår for små private barnehagar. Departementet vurderer at grunnprinsippa i dagens finansieringssystem skal vidareførast, slik at finansieringa av barnehagane framleis skjer gjennom statlege overføringar til rammetilskotet til kommunen. Departementet meiner at kommunens utgifter til private barnehagar framleis skal spegle kommunens utgifter til tilsvarende kommunale barneha-

gar. Departementet meiner likevel at det kan vere tenleg å differensiere driftstilskotet til private barnehagar etter storleiken på barnehagen, slik at tilskota i større grad speglar dei reelle kostnadene ved dei private barnehagane. I høyringsnotatet varslar departementet ei nærare utgreiing av endringar i berekninga av driftstilskot til private barnehagar. I Prop. 96 L (2019–2020) viser departementet til at det er behov for å vurdere forslaga i høyringa om finansieringssystemet nærare, mellom anna som følge av høyringsinnspel.

Som oppfølging av oppmodingsvedtak nr. 156, 3. desember 2020, sette departementet i februar 2021 ned eit hurtigarbeidande utval for å greie ut finansieringa av private barnehagar. Utvalet fekk oppdrag om å gjere greie for dagens finansieringssystem for private barnehagar og vurdere fordelar og ulemper ved dagens system, og dernest eventuelt kome med forslag til endringar i regelverket for finansieringa av private barnehagar. Utvalet leverte rapporten *Du er henta! Finansiering av private barnehager* 16. juni 2021. Rapporten er sendt på offentleg høyring med høyringsfrist 1. oktober 2021. Nærare omtale av rapporten finst i vedtak nr. 156, 3. desember 2020.

Departementet vil kome tilbake til vedtak nr. 51, 22. november 2018 overfor Stortinget på ein eigna måte. Jf. òg vedtak nr. 802, 31. mai 2018 om modellar i finansieringssystemet som varetek eit mangfald av barnehagar.

Vedtak nr. 197, 12. desember 2018: Fritak frå skulefag

«Stortinget ber regjeringa sørge for at fritak for skolefag ikke blir gitt dersom dette ikke er i overensstemmelse med elev og foresattes ønsker, at fritaket må være faglig begrunnet, og at konsekvensene av et fritak er gjort godt kjent for eleven og foresatte.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2018–2019), jf. Innst. 12 S (2018–2019).

Opplæringslovutvalet har levert NOU 2019: 23 *Forslag til ny opplæringslov*. NOU-en har vore på offentleg høyring, og departementet vil følge opp forslaget frå utvalet i forslag til ei ny opplæringslov som er sendt på høyring 26. august 2021. Departementet legg i høyringsnotatet til grunn at forslaget til reglar om fritak frå opplæringa, saman med reglane om elevens beste og elevens rett til å bli høyrd, svarar til intensjonen i oppmodingsvedtaket.

Regjeringa tek sikte på å legge forslaget fram for Stortinget i ein lovproposisjon våren 2023.

Vedtak frå 2017–2018-sesjonen

Vedtak nr. 62, 4. desember 2017: Kortkurs ved folkehøgskular

«Stortinget ber regjeringa gå i dialog med folkehøgskolene med sikte på å finne en modell for å fase ut tilskudd til kortkurs der grunnbevilgningen i så fall må økes tilsvarende.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2017–2018), jf. Innst. 2 S (2017–2018).

I Prop. 114 S (2018–2019) varsla Kunnskapsdepartementet at det tek sikte på å fase ut tilskotet til kortkurs i folkehøgskulane frå 1. januar 2021. Folkehøgskulane får ein tilsvarende auke i grunnløyvinga. Stortinget slutta seg våren 2020 til forslaget til departementet om naudsynte endringar i folkehøgskulelova, slik at kortkurs frå 1. januar 2021 ikkje lenger skal gi rett til statstilskot, jf. Prop. 96 L (2019–2020) og Innst. 302 L (2019–2020).

Med verknad frå 1. januar 2021 blei forskrift til folkehøgskulelova endra, slik at kortvarige kurs kan få statstilskot berre om dei er retta mot ei av desse to målgruppene: personar med dokumentert redusert funksjonsevne og deira næraste og innvandrande dersom kursa har eit klart definert integreringsformål. I tillegg kan dei to pensjonistfolkehøgskulane framleis halde kortvarige kurs som utløyser tilskot, òg reisekurs i Norden. Vidare er det opna for at Nansenskolene på Lillehammer framleis kan arrangere kortvarige kurs for deltakarar på dialogseminar, som kjem frå konfliktområde.

Under budsjettbehandlinga i Stortinget hausten 2020 kom utdannings- og forskingskomiteen med denne merknaden, jf. Innst. 12 S (2020–2021):

«Komiteen viser til den pågående prosessen med utfasing av det generelle tilskuddet til kortkurs i folkehøgskolen. Komiteen merker seg at Utdanningsdirektoratet har sendt ut på høring forslag [...] folkehøgskolene fortsatt skal få støtte til kurs rettet mot personer med redusert funksjonsevne og kurs med et klart definert integreringsformål for innvandrerungdom. Komiteen støtter dette og mener at kortere kurs rettet mot ungdom som har falt ut av skole og arbeidsliv, også bør kvalifisere for slik støtte.»

Som oppfølging av merknaden sende departementet våren 2021 på høyring eit forslag om å endre forskrifta slik at folkehøgskulane kan få statstil-

skot til kortvarige kurs retta mot ungdom som har falle ut av skule og arbeidsliv. Endringa blei vedteken 23. juni 2021 og tok til å gjelde 1. august 2021.

Departementet meiner at vedtak nr. 62, 4. desember 2017 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 461, 13. februar 2018: Barnehage: Vilkår for private barnehagar

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan det kan sikres at private barnehager har lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår minst på linje med ansatte i offentlige barnehager, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:18 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken, Mona Lill Fagerås og Solfrid Lerbrekk om profittfri barnehage*, jf. Innst. 114 S (2017–2018).

Departementet viser til at Stortinget òg har tilsvarende oppmodingsvedtak som gjeld andre tenesteområde enn barnehagar. Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) sette hausten 2018 ned eit offentleg utval som skal kartlegge ulike former for offentleg finansierte velferdstenester der private aktørar tek del i tenesteproduksjonen. Utvalet skal mellom anna kartlegge lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår hos leverandørar for om mogleg å få eit bilde av om det er store forskjellar mellom tilsette i offentleg og privat sektor.

Utvalet leverte NOU 2020: 13 *Private aktører i velferdsstaten* 1. desember 2020. Rapporten har vore på høyring, og det har kome 71 høyringssvar. For velferdstenester som bruker anskaffingar over visse terskelverdiar, plikter det offentlege å stille krav om at tilsette hos leverandørar og underleverandørar skal ha visse lønns- og arbeidsvilkår slik det er regulert i gjeldande landsomfattande tariffavtale for bransjen det gjeld, jf. forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. Denne forskrifta gjeld ikkje for tilskot, og barnehagane fell derfor utanfor denne forskrifta. Barnehagelova regulerer ikkje lønns- og arbeidsvilkåra til dei tilsette i barnehagane. Det er likevel eit krav om at private barnehagar ikkje kan ha vesentleg lågare personalkostnad per heiltidsplass enn det som er vanleg i tilsvarende kommunale barnehagar. Utvalet har forslag om at det for sektorar med tilskot bør vurderast å innføre ei plikt til å følge lønns- og arbeidsvilkår i relevante landsomfattande tariffavtalar.

Departementet vil følge opp vedtak nr. 461, 13. februar 2018 i samband med oppfølginga av rapporten frå velferdstenesteutvalet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 785, 29. mai 2018: Barn etterlatne i utlandet mot sin vilje

«Stortinget ber regjeringen vurdere flere sanksjonsmuligheter i tilfeller der barn etterlates i utlandet mot sin vilje og under uforsvarlige forhold.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:118 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Jonas Gahr Støre, Masud Gharahkhani, Lene Vågsli, Siri Gåsemyr Staalesen, Maria-Karine Aasen-Svensrud og Jan Böhler om tiltak mot sosial kontroll og æresvold*, jf. Innst. 260 S (2017–2018).

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet utarbeidde Oslo Economics rapporten *Kommunenes erfaringer med barn og unge som etterlates i utlandet mot sin vilje*, lansert i januar 2020. Regjeringa sette i februar 2019 ned ei ekspertgruppe for å få råd om korleis det er mogleg å førebygge at barn og unge blir sende på ufrivillige opphald i utlandet. Rapporten «*Det var ikke bare ferie*» låg føre i mai 2020 med 45 tilrådingar. Forslaga er vurderte i samband med utviklinga av ny handlingsplan *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold (2021–2024)*. Departementet følger opp vedtaket gjennom tiltaket i handlingsplanen om å gjennomføre ei heilskapleg juridisk utgreiing av problemstillingar i saker som gjeld negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap, kjønnslemlesting og psykisk vald. Problemstillingar som gjeld ufrivillige utanlandsopphald, skal òg inngå, mellom anna om korleis ein kan tydeleggjere straffeføresegnene i saker der foreldre etterlèt barn i utlandet under uforsvarlege forhold. Formålet er å få avklart om det er behov for lovendringar.

Departementet meiner at vedtak nr. 785, 29. mai 2018 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 802, 31. mai 2018: Finansieringssystemet for private barnehagar

«Stortinget ber regjeringen i sitt vidare arbeid med regulering av barnehagesektoren se på

modeller i finansieringssystemet som så langt som mulig ivaretar et mangfold av barnehager og barnehageeiere, samt reduserer etterslepet i tilskuddsgrunnet overfor private barnehager.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 L (2017–2018) *Endringer i barnehageloven mv. (minimumsnorm for grunnbemanningsplikt til å samarbeide om barnas overgang fra barnehage til skole og SFO mv.)*, jf. Innst. 319 L (2017–2018).

Departementet viser til *Forslag til endringer i barnehageloven med forskrifter (ny regulering av private barnehager)*, som blei sendt ut på offentlig høyring 26. april 2019. I kapittel 5 i høyringsnotatet har departementet vurdert moglege endringar i finansieringssystemet for private barnehagar. Departementet ser at det kan vere ei utfordring at finansieringssystemet ikkje gir gode nok driftsvilkår for små private barnehagar. Departementet vurderer at grunnprinsippa i dagens finansieringssystem skal vidareførast, slik at finansieringa av barnehagane framleis skjer gjennom statlege overføringar til rammetilskotet til kommunen. Departementet meiner at kommunens utgifter til private barnehagar framleis skal spegle kommunens utgifter til tilsvarende kommunale barnehagar. Departementet meiner likevel at det kan vere formålstenleg å differensiere driftstilskotet til private barnehagar etter storleiken på barnehagen, slik at tilskota i større grad speglar dei reelle kostnadene til dei private barnehagane. I høyringsnotatet varslar departementet ei nærare utgreiing av endringar i berekninga av driftstilskot til private barnehagar. Departementet ser òg at det kan vere behov for egne mekanismar i finansieringssystemet, slik at private barnehagar får ei finansiering som gjer at dei kan oppfylle nye lovkrav samtidig som kommunane. Departementet har bedt Utdanningsdirektoratet om å greie ut korleis dette kan gjerast. I Prop. 96 L (2019–2020) *Endringer i folkehøgskoleloven, barnehageloven og voksenopplæringsloven m.m. (samleproposisjon)* varsla departementet behov for å vurdere forslaga om endringar i finansieringssystemet nærare, og vil kome tilbake til Stortinget med eventuelle forslag til endringar i regelverket som følger opp høyringsnotatet fra 2019.

Som oppfølging av oppmodingsvedtak nr. 156, 3. desember 2020, sette departementet i februar 2021 ned eit hurtigarbeidande utval for å greie ut finansieringa av private barnehagar. Utvalet fekk i oppdrag å gjere greie for dagens finansieringssystem for private barnehagar og vurdere fordelar og

ulempar ved dagens system, og dernest eventuelt kome med forslag til endringar i regelverket for finansieringa av private barnehagar. Utvalet leverte rapporten *Du er henta! Finansiering av private barnehager* 16. juni 2021. Rapporten er send på offentlig høyring med høyringsfrist 1. oktober 2021. Nærare omtale av rapporten finst i vedtak nr. 156, 3. desember 2020.

Departementet vil kome tilbake til vedtak nr. 802, 31. mai 2018 overfor Stortinget på ein eigna måte. Jf. òg vedtak nr. 51, 22. november 2018, om finansieringssystemet for private og kommunale barnehagar og vedtak nr. 156, 3. desember 2020 om kapitaltilskot til private barnehagar.

Vedtak nr. 886, 11. juni 2018: Kvalitetsvurderingssystemet i skulen

«Stortinget ber regjeringa nedsette et utvalg der partene i skolesektoren er representert, for å gjennomgå Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem i lys av fagfornyelsen og fremme forslag til endringer på egnet måte.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:194 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Martin Henriksen, Torstein Tvedt Solberg, Mani Hussaini, Marit Arnstad, Marit Knutsdatter Strand, Audun Lysbakken, Mona Fagerås og Hadia Tajik om tillitsreform i skolen*, jf. Innst. 378 S (2017–2018).

Kvalitetsvurderingssystemet gir eit felles kunnskapsgrunnlag om mellom anna læringsutbyttet og læringsmiljøet for elevane, og bidreg til kvalitetsutvikling og dialog om verksemda i skulen. Det finst allereie ei referansegruppe for fagfornyinga der partane i skulesektoren er med. Departementet nyttar denne gruppa til å gå gjennom kvalitetsvurderingssystemet i lys av fagfornyinga. Departementet har, med innspel frå partane, mellom anna utarbeidd ein strategi for korleis ulike verktøy og ressursar for kvalitetsutvikling blir vidareutvikla. Strategien synleggjer og tydeleggjer intensjonar, prosessar og roller, og viser korleis det blir lagd til rette for involvering og medverknad i vidareutviklinga av verktøy og ressursar.

Departementet legg til grunn at strategien og prosessen som er skildra her, svarer til intensjonen i oppmodingsvedtaket, og meiner at vedtak nr. 886 er følgd opp.

Vedtak frå 2016–2017-sesjonen

Vedtak nr. 67, 22. november 2016: Skule: Hovudmål og målformgrupper på ungdomsskulen

«Stortinget ber regjeringa utrede en endring av opplæringslova § 2-5 og andre mulige tiltak som kan sikre elevar på ungdomsskolen rett til opplæring på hovudmålet og rett til å tilhøre en egen målformgruppe, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:116 S (2015–2016) *Representantforslag frå stortingsrepresentantane Kjersti Toppe, Liv Signe Navarsete, Magne Rommetveit, Terje Breivik, Geir Sigbjørn Toskedal og Audun Lysbakken om å sikra alle elevar i grunnskulen rett til opplæring på hovudmålet sitt*, jf. Innst. 68 S (2016–2017).

Regjeringa viser til det førebelse overslaget som Stortinget blei orientert om i budsjettproposisjonen for 2019, for kva det vil koste dersom elevar på ungdomstrinnet skal få rett til opplæring på hovudmålet sitt og rett til å høyre til ei eiga målformgruppe slik som elevar på barnetrinnet.

Vedtaket er følgt opp i regjeringa sitt forslag til ny opplæringslov. Regjeringa har sendt forslag til ei ny opplæringslov på offentleg høyring 26. august 2021 og tek sikte på å legge forslaget fram for Stortinget i ein lovproposisjon våren 2023.

Vedtak nr. 774, 7. juni 2017: Vern av lærartittelen

«Stortinget ber regjeringa utrede om det er behov for å beskytte lærertittelen.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:96 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Iselin Nybø, Trine Skei Grande og Sveinung Rotevatn om Lærarløftet 2.0*, jf. Innst. 375 S (2016–2017).

Læreryrket er allereie i stor grad lovregulert i form av kvalifikasjonskrav for tilsetjing og undervisning, og lærarutdanningane blir styrte gjennom forskriftsfesta rammeplanar og retningslinjer. I tillegg kjem krav til at kandidaten skal vere skikka, og krav om politiattest. Ifølge definisjonen i yrkeskvalifikasjonsdirektivet er lærar eit lovregulert yrke i Noreg ved at det er sett kvalifikasjonskrav til lærarane. Regjeringa har òg ei omfattande satsing på etter- og vidareutdanning av lærarar og har i september 2021 sett ned eit utval som skal

vurdere og foreslå ulike modellar for etter- og vidareutdanning for lærarar og andre tilsette i barnehage og skule. I tillegg samarbeider regjeringa tett med partane i arbeidslivet om rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar. Samla meiner regjeringa at desse tiltaka gir eit vern av lærartittelen, fordi dei oppfyller nokre av dei same formåla.

Ein måte å verne lærartittelen på utover krava og tiltaka som allereie finst, er å etablere ei sertifiseringsordning for lærarar. Regjeringa har greidd ut ei sertifiseringsordning for lærarar, og ønsker på bakgrunn av utgreiinga ikkje å etablere ei sertifiseringsordning som inkluderer register over dei formelle kvalifikasjonane til lærarane. Eit register vil vere svært ressurskrevjande både å bygge opp og å drifte. Det viser òg erfaringane frå innføringa av den svenske legitimasjonsordninga. Det vil vere krevjande å få vurdert kvalifikasjonane for alle lærarane i skulen og eventuelt barnehagen opp mot ulike regelverk gjennom åra. Regjeringa meiner at det er ei betre utnytting av ressursane å forsterke og vidareutvikle eksisterande verkemiddel som kan sikre kvalifisering og profesjonalisering av lærarane. Departementet viser elles til omtalen av oppmodingsvedtak nr. 8, 6. oktober 2020 om sertifiseringsordning for lærarar og vern av lærartittelen.

Departementet meiner at vedtak nr. 774, 7. juni 2017 er følgt opp.

Vedtak nr. 897, 13. juni 2017: Melding om kulturskule

«Stortinget ber regjeringa legge fram en egen stortingsmelding om en styrket kulturskole for framtiden.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:112 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Geir Sigbjørn Toskedal, Line Henriette Hjemdal, Geir Jørgen Bekkevold og Anders Tyvand om en stortingsmelding om en styrket kulturskole for fremtiden*, jf. Innst. 448 S (2016–2017).

Departementet har følgt opp vedtaket gjennom Meld. St. 18 (2020–2021) *Oppleve, skape, dele. Kunst og kultur for, med og av barn og unge*, som blei lagd fram 19. mars 2021. I meldinga presenterer regjeringa for første gong barne- og ungdomskulturfeltet som eit samla politisk satsingsområde på nasjonalt nivå. I meldinga blir det vist til oppmodingsvedtak nr. 897, 13. juni 2017, og kulturskulen har derfor fått ein sentral plass i meldinga. Kapittel 8 handlar spesifikt om kultursku-

len, og det blir foreslått ei rekke tiltak for ein styrkt kulturskule for framtida.

Departementet meiner at vedtak nr. 897, 13. juni 2017 er følgt opp.

Vedtak nr. 900, 13. juni 2017: Lærarar med fordjuping i spesialpedagogikk

«Stortinget ber regjeringen i samråd med sektoren se til at alle skoler skal ha tilgang på lærere med fordypning innan spesialpedagogikk.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017).

Oppmodingsvedtak nr. 900 er omtala i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*, som blei lagd fram i november 2019. Der blei det varsla at regjeringa ville vurdere korleis alle barnehagar og skular kan få tilstrekkeleg tilgang til spesialpedagogisk kompetanse. Utdanningsdirektoratet fekk i oppdrag å greie ut dette nærare og har levert eit svar på oppdraget. Utdanningsdirektoratet foreslår mellom anna ei presisering i regelverket som skal sikre at personalet som har ansvar for det spesialpedagogiske området, bør ha eit minimumsnivå av formell pedagogisk eller spesialpedagogisk kompetanse, og at delen studieplassar i spesialpedagogikk for lærarar bør harmonisere betre med dagens behov og aukast betydeleg. Denne utgreiinga inngår i kunnskapsgrunnlaget for moglege regelverksendringar som blir behandla saman med forslaga frå opplæringslovutvalet i oppfølginga av NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*. Forslag til ny opplæringslov blei sendt på høyring 26. august 2021. Departementet er einig med opplæringslovutvalet i at dei som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring (spesialundervisning), skal oppfylle krava for å bli tilsett i lærarstilling og krava til relevant kompetanse i undervisningsfaget.

Departementet følger opp forslaget frå opplæringslovutvalet om at det skal kunne gjerast unntak frå krava til kompetanse for å gi individuelt tilrettelagd opplæring (spesialundervisning), men berre dersom det vil gi elevane betre opplæring. Dette gjeld både for krava til å bli tilsett i lærarstilling og kravet til relevant kompetanse i undervisningsfag. Departementet foreslår at slike unntak berre kan gjerast for personar med ei universitets-

eller høgskuleutdanning som gjer dei særleg eigna til å vareta behova til elevane. Unntaket opnar for at til dømes ein barnevernspedagog eller spesialpedagog med relevant kompetanse, men som ikkje har lærarutdanning, kan ha ansvaret for å planlegge, gjennomføre og følge opp undervisninga når det er fagleg og konkret grunnlegg.

Departementet viser til omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa og budsjettforslaget under kap. 226, post 22, der det innanfor vidareutdanning for lærarar er foreslått 370 nye vidareutdanningsplassar, hovudsakleg innanfor spesialpedagogikk.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 901, 13. juni 2017: Rett til spesialundervisning av fagpersonar

«Stortinget ber regjeringen sikre at alle elever med behov for spesialundervisning får rett til opplæring av fagpersoner med godkjent relevant utdanning.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017).

Departementet viser til svaret i omtalen av oppmodingsvedtak nr. 900, 13. juni 2017, og at forslaget vil bli behandla saman med forslaga frå opplæringslovutvalet i oppfølginga av NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*. Regjeringa sitt lovforslag blei sendt på høyring 26. august 2021. Departementet tek sikte på å fremje ein lovproposisjon for Stortinget våren 2023.

Vedtak nr. 903, 13. juni 2017: Spesialundervisning og lærarkompetanse

«Stortinget ber regjeringen legge frem en plan for at alle elever med behov for spesialundervisning får opplæring av fagpersoner med pedagogisk eller spesialpedagogisk kompetanse.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017).

Departementet viser til svar under oppmødingsvedtak nr. 900, 13. juni 2017 og at forslaget vil bli behandla saman med forslaga frå opplæringslovutvalet i oppfølginga av NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*. Regjeringa sitt lovforslag blei sendt på høyring 26. august 2021. Departementet tek sikte på å fremje ein lovproposisjon for Stortinget våren 2023.

Vedtak frå 2015–2016-sesjonen

Vedtak nr. 789, 7. juni 2016: Kartlegging i barnehagane

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med forslag til ny § 2 første ledd i barnehageloven som ivaretar et eventuelt behov for lovhjemling av barnehagens behandling av personopplysninger, men som på ingen måte legger til rette for mer dokumentasjon, kartlegging og måling av det enkelte barn.»

Oppmødingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 33 L (2015–2016) *Endringer i barnehageloven (tilsyn m.m.)*, jf. Innst. 344 L (2015–2016).

Personopplysningslova, som gjennomfører forordning (EU) nr. 2016/679 (generell personvernforordning) i Noreg, tredde i kraft 20. juli 2018. Departementet har i det oppfølgande lovarbeidet gjort ei vurdering av korleis reglane for innsamling, oppbevaring og bruk av personopplysningar om barn i barnehagar bør vere for å vareta både personvernet til barnet og kravet om at barnehagen skal gi eit tilrettelagt barnehagetilbod for det einskilde barnet.

Departementet la fram Prop. 145 L (2020–2021) *Endringar i opplæringslova, friskulelova og barnehagelova (behandling av personopplysningar, fjernundervisning o.a.)* i april 2021, med forslag til endringar i mellom anna barnehagelova og reglar for behandling av personopplysningar. Stortinget behandla forslaget 27. mai 2021, jf. Innst. 512 L (2020–2021) og lovvedtak 124 (2020–2021), der det står:

«I lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager blir det gjort følgjande endringar:

§ 2 a første ledd nytt tredje punktum skal lyde: Barnehagen må ha tillatelse fra barnets foreldre for å utlevere personopplysninger om barnet til skolen.

Ny § 47 a skal lyde: Kommuner, fylkeskommuner og private barnehagers behandling av personopplysninger Kommuner, fylkeskommuner og private barnehager kan behandle personopplysninger, herunder personopplysninger som nevnt i

personvernforordningen artikkel 9 og 10, når det er nødvendig for å utføre oppgaver etter loven. Ved bytte av barnehage kan barnehagen levere ut personopplysninger, inkludert personopplysninger som nevnt i personvernforordningen artikkel 9 og 10, som er nødvendige for at den nye barnehagen kan gi barnet et tilbud i samsvar med loven, men bare så langt foreldrene har gitt tillatelse. Departementet kan gi forskrift om behandling av personopplysninger etter første og andre ledd, blant annet om formålet med behandlingen, behandlingsansvar, hvilke personopplysninger som kan behandles, hvem det kan behandles personopplysninger om, bruk av automatiserte avgjørelser, adgang til viderebehandling, utlevering og tilgang til personopplysninger.»

Lovendringa tredde i kraft 1. august 2021.

Departementet meiner at vedtak nr 789, 7. juni 2016 er følgt opp.

Vedtak nr. 791, 7. juni 2016: Personopplysningar i barnehagesektoren

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med en sak som klargjør hjemmelsgrunnlaget for innsamling, oppbevaring og bruk av personopplysninger. Det understrekes at det ikke skal legges til rette for mer dokumentasjon, kartlegging og måling av det enkelte barn.»

Oppmødingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 33 L (2015–2016) *Endringer i barnehageloven (tilsyn m.m.)*, jf. Innst. 344 L (2015–2016).

Personopplysningslova, som gjennomfører forordning (EU) nr. 2016/679 (generell personvernforordning) i Noreg, tredde i kraft 20. juli 2018. Departementet har i det oppfølgande lovarbeidet gjort ei vurdering av korleis reglane for innsamling, oppbevaring og bruk av personopplysningar om barn i barnehagar bør vere for å vareta både personvernet til barnet og kravet om at barnehagen skal gi eit tilrettelagt barnehagetilbod for det einskilde barnet.

Departementet la fram Prop. 145 L (2020–2021) *Endringar i opplæringslova, friskulelova og barnehagelova (behandling av personopplysningar, fjernundervisning o.a.)* i april 2021, med forslag til endringar i mellom anna barnehagelova og reglar for behandling av personopplysningar. Stortinget behandla forslaget 27. mai 2021, jf. Innst. 512 L (2020–2021) og lovvedtak 124 (2020–2021), der det står:

«I lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager blir det gjort følgjande endringar:

§ 2 a første ledd nytt tredje punktum skal lyde: Barnehagen må ha tillatelse fra barnets foreldre for å utlevere personopplysninger om barnet til skolen.

Ny § 47 a skal lyde: Kommuner, fylkeskommuner og private barnehagers behandling av personopplysninger Kommuner, fylkeskommuner og private barnehager kan behandle personopplysninger, herunder personopplysninger som nevnt i personvernforordningen artikkel 9 og 10, når det er nødvendig for å utføre oppgaver etter loven. Ved bytte av barnehage kan barnehagen levere ut personopplysninger, inkludert personopplysninger som nevnt i personvernforordningen artikkel 9 og 10, som er nødvendige for at den nye barnehagen kan gi barnet et tilbud i samsvar med loven, men bare så langt foreldrene har gitt tillatelse. Departementet kan gi forskrift om behandling av personopplysninger etter første og andre ledd, blant annet om formålet med behandlingen, behandlingsansvar, hvilke personopplysninger som kan behandles, hvem det kan behandles personopplysninger om, bruk av automatiserte avgjørelser, adgang til viderebehandling, utlevering og tilgang til personopplysninger.»

Lovendringa tredde i kraft 1. august 2021.

Departementet meiner at vedtak nr 791, 7. juni 2016 er følgt opp.

Vedtak nr. 796, 7. juni 2016: Krav om norsk og samisk språk i barnehagesektoren

«Stortinget ber regjeringen utarbeide forslag til endringer i barnehageloven som sikrer at ansatte i offentlige og private barnehager behersker norsk språk, og at ansatte i samiske barnehager behersker samisk språk.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 19 (2015–2016) *Tid for lek og læring. Bedre innhold i barnehagen*, jf. Innst. 348 S (2015–2016).

Departementet viser til omtale i Prop. 1 S (2018–2019) om den delen av vedtaket som gjeld norsk språk, og at denne delen er følgt opp gjennom ei lovendring som tredde i kraft 1. august 2018, jf. barnehagelova § 27.

Når det gjeld den delen av vedtaket som gjeld samisk språk, heng dette saman med oppfølginga av NOU 2016: 18 *Hjertespråket. Forslag til lovverk, tiltak og ordningar for samiske språk* og oppfølginga av Meld. St. 31 (2018–2019) *Samisk språk,*

kultur og samfunnsliv, som blei lagd fram 21. juni 2019. Språkutvalet foreslo lovendringar og tiltak på ulike departements ansvarsområde. Som ein del av oppfølginga av rapporten har regjeringa ved Kommunal- og moderniseringsdepartementet i august 2021 sendt eit forslag til endringar i språkreglane i samelova på alminneleg høyring. Regjeringa ønsker mellom anna å gjere endringar i regelverket for å legge til rette for at fleire kommunar blir med i forvaltningsområdet for samisk språk, og med det er med på å bevare og utvikle dei samiske språka. Sametinget er konsultert om forslaget. Høyringsfristen er 15. november 2021.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Oppmodingsvedtak under forskings- og høgare utdanningsministeren

Vedtak frå 2020–2021-sesjonen

Vedtak nr. 3, 6. november 2020: Høgare utdanningsinstitusjonar sitt tilbod om desentralisert utdanning

«Stortinget ber regjeringen sørge for at høgere utdanningsinstitusjoner vektlegger sitt regionale ansvar og desentralisert utdanning i hele landet.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med debatten etter Hans Majestet Kongens tale til det 165. stortinget ved opninga og melding om Noregs rikes tilstand og styring (trontaledebatten).

Regjeringa satsar allereie mykje på fleksible studietilbod, inkludert desentraliserte tilbod, som skal møte behova for høgare utdanning som òg er tilgjengeleg utanfor dei faste lærestadene. Gjennom den søknadsbaserte ordninga for fleksible tilbod, er det tildelt 239 mill. kroner dei siste åra. I tillegg er det blitt tildelt 125 mill. kroner til utvikling av fleksible vidareutdanningstilbod innan digital kompetanse til universitet, høgskular og fagskular. Universitet og høgskular har òg fått midlar til nettbaserte tilbod for ledige og permitterte, og til tilbod for utvalde bransjar gjennom bransjeprogram. Totalt er det blitt løyvd om lag 1 mrd. kroner til fleksible tilbod dei siste fire åra. Det inkluderer alle utdanningsnivå. I juni 2021 la regjeringa fram ein strategi for desentraliserte og fleksible utdanningstilbod ved fagskular, høgskular og universitet. Målet med strategien er å auke tilgangen til fleksible og desentraliserte tilbod av høg kvalitet som er tilpassa behova som arbeidslivet og den einskilde har. Å betre tilgangen til flek-

sible og desentraliserte studietilbud i heile landet og å styrke samarbeidet mellom aktørane i utdanning og arbeidsliv er to av dei fire innsatsområda i strategien. Som del av oppfølginga av strategien foreslår regjeringa å opprette to nye ordningar i 2022. Eit nytt distriktsprogram for kompetanseutvikling skal styrke det desentraliserte utdanningstilbudet. Ei ny ordning for studiesenter vil gi studiesenter og liknande aktørar støtte til aktivitetar for å nå ut med og legge til rette for at innbyggjarar og verksemdar kan få fleksible og desentraliserte tilbud. Dei to nye ordningane vil få eit omfang på minimum 40 mill. kroner. Kunnskapsdepartementet følger òg opp det regionale ansvaret og tilbudet av desentralisert utdanning i styringsdialogen med institusjonane.

Regjeringa har òg lagt fram stortingsmeldingar om arbeidslivsrelevans i høgare utdanning og styringspolitikken for statlege universitet og høgskular. Meldingane har mellom anna som mål å legge til rette for gode og relevante utdanningstilbud i heile landet. Dei uttrykker òg regjeringas forventningar til utdanningsinstitusjonane om å samarbeide med regionale aktørar. Òg i ny lov om universitet og høgskular har regjeringa klargjort at institusjonane skal samarbeide med aktørar på regionalt og lokalt nivå.

I 2019 vart ordninga med midlar til fleksible tilbud oppretta, og Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) har tildelt til saman 239 mill. kroner til universitet og høgskular for å utvikle og drifte fleksible og desentraliserte utdanningstilbud.

Midlane til fleksibel utdanning må sjåast i samanheng med kompetansereforma Lære heile livet, som regjeringa har sett i gang, jf. Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære heile livet*. Meldinga inneheld tiltak som skal bidra til å vareta behovet for oppdatert kompetanse i heile landet.

Kunnskapsdepartementet meiner at dei nemnde tiltaka vil medverke til at institusjonane vektlegg sitt regionale ansvar og tilbyr desentralisert utdanning i heile landet, og at vedtak nr. 3, 6. november 2020 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 16, 6. oktober 2020: Gjennomgang av finansieringskategoriene i høgare utdanning

«Stortinget ber regjeringa om en gjennomgang av finansieringskategoriene i høyere utdanning, for å sikre at utdanninger som ingeniørfag, lærerutdanninger og andre utdanninger som er

etterspurt i arbeidsmarkedet har riktig finansiering.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med debatten etter Hans Majestet Kongens tale til det 165. stortinget ved opninga og melding om Noregs rikets tilstand og styring (trontaledebatten).

Regjeringa la i mars 2021 fram Meld. St. 19 (2020–2021) *Styring av statlige universiteter og høyskoler*, jf. *Innst. 425 S (2020–2021)*. Meldinga varsla at regjeringa vil ha ein gjennomgang som ser på heilskapen i finansieringa av universitet og høgskular. Gjennomgangen skal sjå på den samla statlege finansieringa gjennom ulike tildelingsformer og sjå denne i samanheng med den generelle styringspolitikken til regjeringa og dei andre styringsverkemidla. Kunnskapsdepartementet har nemnt opp eit utval som skal levere tilrådingar til departementet innan mars 2022. Utvalet skal særleg vurdere innhaldet i dei to oppmodingsvedtaka som Stortinget gjorde i 2020 om finansieringssystemet for universitet og høgskular, jf. vedtak nr. 699, 15. juni 2020.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 30, 13. oktober 2020: Ordning i Statens lånekasse for utdanning for autorisasjon av helsepersonell

«Stortinget ber regjeringen ta initiativ til en stipend- og/eller låneordning, åpne gjennom Statens lånekasse for utdanning, for å dekke nødvendige kurs og fagprøver for å oppnå autorisasjon for helsepersonell.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 89 L (2019–2020) *Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven)*, jf. *Innst. 389 L (2019–2020)*.

Nødvendige kurs og fagprøvar for helsepersonell med yrkeskvalifikasjonar frå tredjeland skil seg ut frå den typen utdanning Lånekassen vanlegvis gir utdanningsstøtte til. Ei særskild ordning for denne gruppa helsepersonell må derfor vurderast nærmare. Kunnskapsdepartementet har teke kontakt med Helse- og omsorgsdepartementet om budsjettmessige konsekvensar av forslag til løysing.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 285, 14. desember 2020 Prosjektering av nye lokale for Griegakademiet

«Stortinget ber regjeringen sørge for at UiB får anledning til å bruke egne avsatte midler til å fortsette prosjekteringen av nye lokaler for Griegakademiet i samarbeid med Statsbygg.»

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2020–2021), jf. Innst. 12 S (2020–2021).

Kunnskapsdepartementet har hatt dialog med Universitetet i Bergen og Statsbygg, og universitetet har stadfesta at dei vil halde fram med å prosjektere bygget i 2021 og 2022 innanfor gjeldande rammer. Kunnskapsdepartementet har gitt Statsbygg i oppdrag å vidareføre prosjektet Nytt bygg for Griegakademiet fram til ferdig forprosjekt.

Kunnskapsdepartementet meiner at med dette er vedtak nr. 285, 14. desember 2020, følgt opp.

Vedtak nr. 286, 14. desember 2020 Nybygg for Studentersamfundet i Trondhjem

«Stortinget ber regjeringen gå i dialog med Studentersamfundet i Trondhjem om planene for nybygg og komme tilbake til Stortinget i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2021.»

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2020–2021), jf. Innst. 12 S (2020–2021).

Kunnskapsdepartementet har hatt møte med Studentersamfundet om planane for nybygg. Departementet viser til regjeringa sitt forslag i Revidert nasjonalbudsjett 2021, jf. Innst. 600 S (2020–2021) og Prop. 195 S (2020–2021). Studentersamfundet i Trondhjem fekk i tråd med dette eit tilskot på 10 mill. kroner som eit bidrag til å finansiere eit nybygg.

Kunnskapsdepartementet meiner at med dette er vedtak nr. 286, 14. desember 2020, følgt opp.

Vedtak nr. 543, 19. januar 2021: Inntektsbortfall for studentar

«Stortinget ber regjeringen raskest mulig opprette en krisestøtteordning for studenter som har opplevd inntektstap grunnet koronapandemien i vårsemesteret 2021. Ordningen skal være mer tilgjengelig og ha en høyere stipendandel enn ord-

ningen våren 2020 og ta utgangspunkt fra en ramme hvor stipendene utgjør 1 mrd. kroner.»

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av utgreiingar frå statsministeren og helse- og omsorgsministeren om handteringa av covid-19-pandemien og status for vaksinearbeidet (utgreiingane vart haldne i stortingsmøte 18. januar 2021).

Departementet viser til omtale i Prop. 79 S (2020–2021) og regjeringas studentpakke. Studentar som kan stadfeste at dei har mista inntekt på grunn av covid-19-pandemien, kunne våren 2021 søke om eit tilleggslån på 26 000 kroner. Av dette kan 10 400 kroner gjerast om til stipend på eit seinare tidspunkt. Stipendet er kostnadsrekna til 778 mill. kroner. Perioden for dokumentasjon av mista inntekt blei utvida med eit heilt år samanlikna med våren 2020. For våren 2021 har om lag 41 000 studentar søkt om tilleggslånet. Med eit lågare søkartal enn anslått er 40 mill. kroner omdisponert til sosiale lågterskeltilbod for studentar i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2021. Fleire studentar har over lang tid hatt lite eller inga fysisk undervisning, og tiltaka har vore krevjande. Midlane er tildelt via samskipnadene til ulike tilbod for studentane, slik som studentorganisasjonar, arrangement ved semesterstart og fadderveka hausten 2021 og andre lokale behov.

Utover ordninga for studentar som har mista inntekt, har regjeringa òg gjort tilpassingar som gir fleire studentar tilgang til utdanningsstøtteordningane. Eit mellombels unntak frå bortebuarkavet for rett til einiskilde stipend og lån er gjeninnført, og mellombels unntak frå inntektsgrenser ved behovsprøving av stipend er vidareført. Regjeringa har òg skapt fleire studentjobbar ved å tildele 200 mill. kroner til å lønne studentar som skal gi fagleg og sosial oppfølging av andre studentar.

Departementet meiner at vedtak nr. 543, 19. januar 2021 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 684, 25. februar 2021: Finansiering av studieopphald i utlandet

«Stortinget ber regjeringen sikre gode finansieringsmekanismer for studieopphold i utlandet for å sikre lik tilgang uansett økonomisk bakgrunn – også til høyt rangerte læresteder.»

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 7 (2020–2021) *En verden*

av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning, jf. Innst. 247 S (2020–2021).

For at fleire skal reise til ikkje-engelskspråklege land, foreslår regjeringa frå studieåret 2022–23 å innføre eit stipend til dei som studerer i ein-skilde prioriterte samarbeidsland innanfor høgare utdanning og forskning. Regjeringa vil òg endre praksisen ved valutajustering av det maksimale skulepengebeløpet i Lånkassen slik at studentar frå 2023 ikkje får utbetalt mindre som følge av ei styrkt krone. Sjå omtale under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 685, 25. februar 2021: Auka studiemobilitet for studentar med tilretteleggingsbehov

«Stortinget ber regjeringen foreslå virksomme tiltak for økt studiemobilitet blant studenter med et tilretteleggingsbehov.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 7 (2020–2021) *En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning*, jf. Innst. 247 S (2020–2021).

Oppfølginga av dette oppmodingsvedtaket er under arbeid i samarbeid med relevante departement. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 687, 25. februar 2021: Betre godkjenningsordningar for utanlandsk utdanning

«Stortinget ber regjeringen videreutvikle enklere, raskere og mer forutsigbare godkjenningsordninger for utenlandsk utdanning og kompetanse.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 7 (2020–2021) *En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning*, jf. Innst. 247 S (2020–2021).

Oppfølginga av dette oppmodingsvedtaket er under arbeid i samarbeid med relevante departement. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 689, 25. februar 2021: Likare konkurranse om studieplassar ved opptak til høgare utdanning i 2021

«Stortinget ber regjeringen vurdere utjevne tiltak for å bidra til likere konkurranse om studieplasser ved opptak til høyere utdanning i 2021.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:98 (2020–2021) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Mona Fagerås, Nicholas Wilkinson, Torgeir Knag Fylkesnes, Freddy André Øvstegård, Karin Andersen og Lars Haltbrekken om å avlyse sentralt gitte eksamener våren 2021*, jf. Innst. 250 S (2020–2021).

I februar 2021 bad Kunnskapsdepartementet Unit om å sjå på moglege endringar i opptakssystemet for hausten 2021 etter at eksamen blei avlyst. Unit leverte ein rapport der dei vurderte ulike endringsforslag. Unit konkluderte med at alle modellane ville hatt uheldige konsekvensar for ein-skilde grupper, òg for nokre av søkerane i den gruppa endringane var tenkt å hjelpe. Kunnskapsdepartementet konkluderte med å følge Units tilrådingar om å gjennomføre opptaket som planlagt og utan endringar.

Departementet meiner at vedtak nr. 689, 25. februar 2021 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 734, 11. mars 2021 Studieplassar innanfor IKT-fag og realfag

«Stortinget ber regjeringen sikre økt antall studieplasser innenfor IKT-fag og realfag.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 5 (2020–2021) *Samfunnssikkerhet i en usikker verden*, jf. Innst. 275 S (2020–2021).

Regjeringa har prioritert utdanningar i realfag og teknologi. Frå 2015 til 2019 tildelte Kunnskapsdepartementet midlar til om lag 1 600 nye studieplassar i IKT-relaterte fag ved universitet og høgskular, om lag 600 studieplassar innanfor realfag og om lag 900 strategiske studieplassar, som institusjonane kan bruke for eksempel innanfor realfag og teknologi. I Utdanningsløftet 2020 tildelte Kunnskapsdepartementet midlar til ytterlegare 1 400 studieplassar i realfag og teknologi med vekt på informatikk og IKT. Utdanning av kandidatar tek minimum to, tre eller fem år avhengig av grad, slik at den fulle effekten i form av fleire utek-

saminerte kandidatar kvart år først vil kome etter 2024.

I tillegg har departementet tildelt midlar til fleksibel utdanning gjennom tidlegare Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), no Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Dette er midlar som universitet og høgskular kan søke om, mellom anna til tilbod innanfor IKT og realfag.

Universitet og høgskular har også utvida tilbodet av IKT-relaterte utdanningar innanfor gjeldande rammeløyving. I 2020 var det 16 600 studantar på desse tilboda, opp frå om lag 10 000 studantar i 2013. I same periode vaks talet på årleg uteksaminerte kandidatar frå IKT-relaterte utdanningar frå 1 630 til 3 102 kandidatar.

Regjeringa sitt kompetansebehovsutval vurderte at tilbodet av IKT-utdanna er rimeleg godt tilpassa behova, gitt den sterke veksten i kapasiteten i IKT-utdanningane som har skjedd. Dette er likevel eit fagområde der behova veks, og Kompetansebehovsutvalet vil følge situasjonen dei neste åra.

Kunnskapsdepartementet meiner at dei nemnde tiltaka har auka talet på studieplassar innanfor IKT-fag og realfag, og at vedtak nr. 734, 11. mars 2021 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 937, 20. mai 2021: Fråfall og forseinkingar i høgare utdanning

«Stortinget ber regjeringa utrede tiltak for å forhindre fråfall og forsinkingar i studiene for studenter i høgere utdanning.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandling av Meld. St. 19 (2020–2021) *Styring av statlege universitet og høyskolar*, jf. Innst. 425 S (2020–2021).

Prosentdelen studantar som gjennomfører utdanninga på normert tid, er ein styringsparameter for målet om høg kvalitet i utdanning og forskning. Dikus *Tilstandsrapport for høgere utdanning 2021* viser at gjennomføringa til studentane på normert tid er relativt stabil, men at det er store skilnader mellom institusjonar. Studien *Fråfall i universitets- og høyskoleutdanningar* frå Statistisk sentralbyrå (SSB 2019/17) av 167 000 nye bachelorstudantar i perioden 2008–12 viser òg stor variasjon i gjennomføringa mellom ulike fagfelt. Variasjonane mellom institusjonar og fagfelt til-

seier at institusjonane sjølv må vurdere grunnane til fråfall og tiltak for å redusere fråfallet på sine utdanningar. Under covid-19-pandemien har Stortinget løyvd midlar til institusjonane og samskipnadene for å tilsetje studantar til fagleg og sosial oppfølging av andre studantar. Regjeringa sette òg ned to ekspertgrupper som fremja tiltak for oppfølging av studantar, studieprogresjon og gjennomføring. Etter regjeringa si vurdering er dette relevante tiltak som institusjonane òg kan nytte vidare for å redusere forseinking og fråfall.

Forseinking i utdanning er kostbart både for den einskilde og for samfunnet. Regjeringa har derfor stor merksemd på å utvikle kvaliteten i høgare utdanning og gjere utdanning tilgjengeleg for alle. Regjeringa har lagt fram ei rekke meldingar og strategiar og har sett i verk tiltak som støttar opp om dette.

Døme på dette er Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning 2019–2028, der det ligg ein opptrappingsplan på 250 mill. kroner til kvalitet i høgare utdanning. Regjeringa har i oppfølginga av planen satsa særskilt på prosjektutlysingar i kvalitetsprogramma for høgare utdanning. Kvalitetsprogramma er ei samling av program som er etablert for at fagmiljø i høgare utdanning kan søke om prosjektmidlar til å utforske og spreie gode undervisningsmetodar og utvikle eksisterande og nye utdanningstilbod. Regjeringa har òg satsa på utvikling av fleksible og desentraliserte utdanningstilbod, og utarbeidd ein strategi for slike tilbod i høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning, for at fleire skal kunne ta utdanning. Meld. St. 16 (2020–2021) *Utdanning for omstilling – Økt arbeidslivsrelevans i høgere utdanning* legg vekt på å stimulere til meir bruk av studentaktive læringsformer og tettare samarbeid mellom arbeidsliv og utdanningar. Regjeringa vil òg gjennomgå regelverket for kvalitet i praksis. Regjeringa har òg utvikla utdanningsstøtteordningane gjennom Lånekassen, mellom anna ved å utvide perioden med lån og stipend til 11 månader, og gjort ordningane for studantar i deltidsutdanning meir fleksible. Regjeringa har oppnemnt eit offentleg utval som skal gå gjennom regelverket for opp- tak til høgare utdanning.

Hovuddelen av departementet sitt arbeide handlar om å skape ein utdanningssektor med høg kvalitet og gode tilbod for studentane, der så mange studantar som råd gjennomfører studia sine. Dette er eit arbeid som held på heile tida, og som vil halde fram. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 940, 20. mai 2021: Studieplassar innanfor medisin, helsefag, sjukepleie og psykologi

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2022 komme tilbake til Stortinget med innledende tiltak for å sikre flere studieplasser innenfor medisin, helsefag, sykepleie og psykologi.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 19 (2020–2021) *Styring av statlige universiteter og høyskoler*, jf. Innst. 425 S (2020–2021).

Det er behov for fleire med utdanning og kompetanse innanfor helse- og sosialfaga i åra framover. Derfor har regjeringa prioritert kapasiteten i høgare utdanning tilsvarende ein auka årleg kapasitet på nær 8 800 fleire studieplassar samanlikna med 2013. Frå 2013 har løyvingane til universitet og høyskular auka med over 13 mrd. kroner og dermed òg gjort det mogleg for dei å tilby fleire plassar utover dei øyremerkte studieplassane. Over 20 000 fleire studentar møtte til studiestart hausten 2020 enn hausten 2013.

Tilgangen på praksisplassar er ein stor skranke for utdanning av fleire sjukepleiarar. Betre kvalitet og meir kapasitet på praksisplassar i den kommunale helse- og omsorgstenesta er heilt avgjerande for å kunne utdanne tilstrekkeleg med kvalifisert helsepersonell. Det er ikkje mogleg å få opp kapasiteten i sjukepleiarutdanninga vesentleg utan å løyse kapasitetsutfordringane for praksisen. Praksisproblematikken generelt i helsefagutdanningane må løysast før ein kan auke mykje talet på studieplassar. Regjeringa har i arbeidslivsrelevansmeldinga, jf. St.meld. nr. 16 (2020–2021) *Utdanning for omstilling – Økt arbeidsrelevans i høgere utdanning*, fleire tiltak som skal bidra til fleire praksisplassar.

Regjeringa har òg sett i gang ei pilotordning for meir og betre praksis i dei kommunale helse- og velferdstenestene. Pilotane har mellom anna som mål å utarbeide nye og innovative måtar å organisere og finansiere praksismodellar på som kan bidra til meir kapasitet i praksisfeltet og til å ta i bruk fleire kommunar som ligg lenger unna studiestadene. På sikt er målet at erfaringane frå pilotordninga vil bidra til fleire praksisplassar.

Regjeringa har eit mål om at ein større del norske legar over tid skal kunne ta utdanninga i Noreg, jf. Prop.1S (2020–2021). Styringsmeldinga viste til at ei interdepartemental arbeidsgruppe vurderer korleis kapasiteten i medisinutdanning i Noreg kan aukast basert på vurdering av behov,

rekrutteringsgrunnlag, kvalitet i studiemodellar og kost-nytte-vurderingar. Det vil vere høge kostnader ved å utvide kapasiteten i medisinutdanninga, mellom anna for bygg og infrastruktur, vitenskapleg tilsette og midlar til å ta opp fleire studentar. Den interdepartementale gruppa har i arbeidet fått innspel både frå universitets- og høgskulesektoren og primær- og spesialisthelsetenesta. Regjeringa har på bakgrunn av dette teke initiativ til ein nasjonal prosess om dimensjonering av medisinutdanninga i åra framover og vil i den samanheng vurdere om ein skal inkludere fleire institusjonar enn i dag. Regjeringa vil avvente resultatane frå dette arbeidet før det blir laga ein plan for opptrapping av studieplassar til medisinutdanninga.

Regjeringa har gjennom Meld. St. 19 (2020–2021) sagt at ho vil endre forskrift om gradar og beskytta titlar (gradsforskrifta) og vil la fleire institusjonar tilby psykologutdanning. Det er etterspurnad etter fleire psykologar og dagens regelverk førar til ein konsentrasjon av desse utdanningane i eit lite antal byar og svekker kvalitetsfremjande konkurranse i sektoren. Ved endring av gradsforskrifta vil fleire institusjonar kunne tilby psykologutdanning og ein får eit auka utdanningstilbod og dermed vil ein òg få utdanna fleire psykologar. Finansiering og fordeling av eventuelle midlar til nye studieplassar må handterast gjennom den ordinære budsjettprosessen.

I samband med Utdanningsløftet 2020 tildelte regjeringa midlar til 4 000 nye studieplassar. Av desse blei kapasiteten i helse- og sosialfaglege utdanningar auka med 1 123 nye studieplassar, fordelte mellom anna med 80 plassar til medisinutdanning, 24 til psykologutdanning, 250 til sjukepleiarutdanning og 200 til vidareutdanningar i sjukepleie. Desse blir vidareførte i budsjettforslaget i Prop. 1S (2021–2022) for Kunnskapsdepartementet. Sidan 2014 har Stortinget løyvd midlar til om lag 1 700 helse- og sosialfaglege studieplassar. Dette inkluderer 116 plassar til medisinutdanning, 49 plassar til profesjonsutdanning i psykologi, 450 plassar til sjukepleiarutdanning og 247 plassar til vidareutdanningar i sjukepleie.

Regjeringa vil etablere eit system for fordeling av nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning som tek omsyn til kompetansebehova i arbeidslivet, moglegheitene fagskulane har til planlegging, og som bygger på kunnskapsgrunnlag og analysar av kompetansebehov. Regjeringa la fram dette i strategien for høgare yrkesfagleg utdanning våren 2021. Eit meir systematisk arbeid med å identifisere kompetansebehov og behovet for studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning

vil over tid gi styresmaktene eit betre grunnlag for å vurdere vidare dimensjonering av fagskulesektoren.

Satsingar på utdanningskapasitet i høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning vil måtte vurderast og behandlast i dei årlege budsjettprosessane. Regjeringa vil òg vurdere dette i arbeidet med ny langtidsplan for høgare utdanning og forskning. Sjå òg omtale under vedtak nr. 941, 20. mai 2021.

Departementet meiner at vedtak nr. 940, 20. mai 2021 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 941, 20. mai 2021: Opptappingsplan for studieplassar innanfor medisin, helsefag, sjukepleie og psykologi

«Stortinget ber regjeringa utarbeide en opptappingsplan for innenfor medisin, helsefag og psykologi. Planen skal både inneholde konkrete tiltak for opprettelse av tilstrekkelig med studieplasser ved utdanningsinstitusjonene, og tiltak som sikrer studentene praksisplass i helsesektoren. Planen bør inneholde tiltak som gjør det attraktivt for helsearbeidere å være i sektoren.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 19 (2020–2021) *Styring av statlige universiteter og høyskoler*, jf. Innst. 425 S (2020–2021).

Praksisplassar utgjør ein stor skranke for å kunne utdanne tilstrekkeleg helsepersonell. Praksisproblematikken i helsefagutdanningane må løysast før ein kan auke mykje talet på studieplassar. I samband med Utdanningsløftet 2020 tildelte regjeringa midlar til 4 000 nye studieplassar. Av desse blei kapasiteten i helse- og sosialfaglege utdanningar auka med 1 123 nye studieplassar, fordelt mellom anna med 80 plassar til medisintdanning, 24 til psykologutdanning, 250 til sjukepleiarutdanning og 200 til vidareutdanningar i sjukepleie. Desse blir vidareførte i budsjettforslaget i Prop. 1 S (2021–2022) for Kunnskapsdepartementet. Sidan 2014 har Stortinget løyvd midlar til om lag 1 700 helse- og sosialfaglege studieplassar. Over fleire år har det mellom anna blitt tildelt tilsaman 116 plassar til medisintdanning, 49 plassar til profesjonsutdanning i psykologi, 450 plassar til sjukepleiarutdanning og 247 plassar til vidareutdanningar i sjukepleie.

Regjeringa har gjennom Meld. St. 16 (2020–2021) *Utdanning for omstilling – Økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning* peika på ei rekke tiltak for å betre tilgangen på praksisplassar. Regjeringa

vil greie ut ei forsterking av kommunane sitt ansvar for utdanning av helse- og sosialfagstudentar og ein praksiskoordinatorfunksjon for å betre samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonar og kommunar. Dette vil òg kunne bidra til betre utnytting av eksisterande praksisplassar. Fleire praksisplassar i kommunane vil òg bidra til meir relevant praksis for studentane og dermed kunne førebu dei betre til yrket dei skal utdanne seg til. Det er allereie tildelt 97 mill. kroner gjennom praksispiloten i Diku for å utvikle kvaliteten og kapasiteten på praksis i kommunane. Regjeringa vil vidareføre dette arbeidet. God kvalitet i praksis er viktig for læringsutbyttet til studentane og for motivasjonen for framtidig arbeid i kommunane. I tillegg vil regjeringa greie ut korleis private aktørar som leverer tenester til det offentlege, skal få eit ansvar for å bidra til utdanning av helse- og sosialfagstudentar. Sjukepleiarutdanninga er òg regulert av yrkeskvalifikasjonsdirektivet, som stiller detaljerte krav til omfang og arenaer for praksisplassar. Dette bidreg til å gjere praksissituasjonen for sjukepleiarutdanninga ekstra utfordrande. Regjeringa vil derfor gjennom dialog med andre EØS-land sjå om det er mogleg med endringar i direktivet slik at simulering i større grad kan erstatte delar av praksis.

Regjeringa vil etablere eit system for fordeling av nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning som tek omsyn til kompetansebehova i arbeidslivet og moglegheitene fagskulane har for planlegging, og som bygger på kunnskapsgrunnlag og analysar av kompetansebehov. Regjeringa la fram dette i strategien for høgare yrkesfagleg utdanning våren 2021. Ei rekke forhold har betydning for å behalde personell og skape attraktive arbeidsplassar, mellom anna moglegheiter for fagleg utvikling, ansvarleg arbeidsgivarpolitikk, gode arbeidsmiljø, leiing, moglegheiter for vidare- og etterutdanning og så vidare. Arbeid med dette har lenge stått på dagsordenen både i helseføretaka og i kommunane. For sjukepleiarar viser til dømes studiar at det er samanheng mellom yrkesdeltaking og vidareutdanning, at kvaliteten på behandlinga har betydning for rekrutteringa, og at kompetansehevande tiltak og moglegheiter til å utvikle tenesta, har betydning for å bli verande i jobben. Òg forhold som mellom anna moglegheiter for å jobbe heiltid, faste stillingar, god introduksjon av nytilsette, trygge arbeidsvilkår, karrieremoglegheiter, livsfasetilnærming og seniorpolitikk, spelar inn på dette. Regjeringa har sett i verk mange tiltak som er i gang og under utvikling for å bidra til å skape attraktive arbeidsplassar for helsepersonell.

I helseføretaka er det over tid arbeidd med å etablere heiltidskultur, gi vidare- og etterutdanningsmoglegheiter og anna fagleg utvikling, redusere sjukefråvær og utvikle og ta vare på gode arbeidsmiljø. Regjeringa vil at helseføretaka skal arbeide strategisk for å sikre tilstrekkeleg personell med nødvendig og riktig kompetanse. Derfor har regjeringa stilt krav om at det i dei neste utviklingsplanane i helseføretaka skal lagast ein plan for å sikre tilstrekkeleg kompetanse. Det skal leggst til rette for livslang læring og ein heiltidskultur.

Regjeringa har gjennom Kompetanseløft 2025 kome med nærare 60 tiltak for rekruttering, kompetanse og fagutvikling i den kommunale helse- og omsorgstenesta og den fylkeskommunale tannhelsetenesta.

Vidare har regjeringa gjennom handlingsplan for allmennlegetenesta 2020–2024 lagt fram ein forpliktande opptrappingsplan for å styrke allmennlegetenesta. For å bygge opp psykologkompetansen i kommunane har regjeringa etablert ei eigen tilskotsordning for rekruttering av psykologar, og talet på psykologar i norske kommunar har auka frå 130 til 617 i løpet av 6 år.

Satsingar på utdanningskapasitet i høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning vil måtte vurderast og behandlast i dei årlege budsjettprosessane. Regjeringa vil òg vurdere dette i arbeidet med ny langtidsplan for høgare utdanning og forskning. Sjå òg omtale under vedtak nr. 940, 20. mai 2021.

Det er fleire pågåande prosesser for å legge til rette for auka utdanningskapasitet i høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1016, 20. mai 2021: Eksamensoppgåver og skriftspråk

«Stortinget ber regjeringa i den helhetlige gjennomgangen av universitets- og høyskoleloven komme tilbake med forslag om lovfesting av retten til å få eksamensoppgavene på det norske skriftspråk studentene ønsker.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 111 L (2020–2021) *Endringer i universitets- og høyskoleloven, utdanningsstøtteleven, fagskoleloven og yrkeskvalifika-*

sjonsloven mv. (samleproposisjon), jf. Innst. 517 L (2020–2021).

Departementet tar sikte på å følge opp vedtaket i ein lovproposisjon våren 2022, med endringar i universitets- og høyskolelova. Forslaget har vore på høyring saman med andre forslag i NOU 2020: 3.

Vedtak frå 2019–2020-sesjonen

Vedtak nr. 459, 31. mars 2020: Korte utdanningstilbod ved fagskulane

«Stortinget ber regjeringa se på muligheten av raskt å foreslå nødvendige lovendringer slik at fagskolene kan tilby kurs av kortere varighet.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 S (2019–2020) *Endringer i statsbudsjettet 2020 under Utenriksdepartementet, Kunnskapsdepartementet, Kulturdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Samferdselsdepartementet og Finansdepartementet, samt endringer i skatter avgifter og toll 2020 (økonomiske tiltak i møte med virusutbruddet)*, jf. Innst. 216 S (2019–2020).

Regjeringa la våren 2021 fram ein lovproposisjon, Prop. 111 L (2020–2021), med forslag til endringar i mellom anna fagskulelova ved å fjerne kravet til lengda på fagskuleutdanninga.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 459, 31. mars 2020 er følgt opp.

Vedtak nr. 697, 15. juni 2020: Kompetansefunn Digital

«Stortinget ber regjeringa utrede en ny insentivordning, Kompetansefunn Digital for at små og mellomstore bedrifter skal investere i økt digital-/teknologikompetanse for sine ansatte.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Regjeringa har tildelt Oslo Economics eit oppdrag for å få oversikt over insentivordningar som liknar på Kompetansefunn Digital i andre land, og korleis desse ordningane verkar. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 699, 15. juni 2020: Finansieringssystem for universitet og høyskular

«Stortinget ber regjeringen senest i forbindelse med stortingsmeldingen om styringspolitikken for statlige universiteter og høyskoler om å legge frem forslag til nytt finansieringssystem for universiteter og høyskoler. Forslaget må utarbeides i tett samarbeid med utdanningssektoren og arbeidslivet. Incentiver/faktorer i forslaget til nytt finansieringssystem skal være

- *Relevant arbeid etter endt studium og arbeidslivsrelevans i studiet.*
- *Ulike opplegg for etter- og videreutdanning.*
- *Opprettelse av mindre og fleksible emner og moduler som arbeidslivet etterspør, og som kan tas i kombinasjon med jobb.»*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Regjeringa la i mars 2021 fram Meld. St. 19 (2020–2021) *Styring av statlige universiteter og høyskoler*. Meldinga varsla at regjeringa vil ha ein gjennomgang som ser på heilskapen i finansieringa av universitet og høyskular. Gjennomgangen skal sjå på den samla statlege finansieringa gjennom ulike tildelingsformer og sjå denne i samanheng med den generelle styringspolitikken til regjeringa og dei andre styringsverkemidla. Kunnskapsdepartementet har nemnt opp eit utval som skal levere tilrådingar til departementet innan mars 2022. Utvalet skal særleg vurdere innhaldet i dei to oppmodingsvedtaka som Stortinget gjorde i 2020 om finansieringssystemet for universitet og høyskular, jf. vedtak nr. 16, 6. oktober 2020.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 700, 15. juni 2020: Studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning

«Stortinget ber regjeringen opprette inntil 1 000 nye studieplassar innan høgere yrkesfagleg utdanning fra høsten 2020, i tillegg til at de 1 000 studieplassene som regjeringen varslet i Prop. 117 S (2019–2020), skal bli permanente, og at det videre utarbeides en forpliktende opptrappingsplan med 1 000 nye studieplassar årlig over fem år.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Stortinget løyvde midlar til totalt 1 600 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning i statsbudsjettet for 2020 og i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020, jf. Innst. 12 S (2019–2020) og Innst. 360 S (2019–2020). Til grunn for auken i talet på nye studieplassar er mellom anna ei kartlegging i fylkeskommunane av kapasiteten i fagskulesektoren våren 2020. I behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2020 hadde utdannings- og forskingskomiteen følgande merknad:

«Flertallet viser til Stortingets anmodningsvedtak i kompetansereformen hvor det bes om at det opprettes inntil 1 000 nye studieplasser innen høgere yrkesfaglig utdanning fra høsten 2020, i tillegg til de 1 000 regjeringen varslet tidligere i vår. På grunn av søkertall, kapasitet og tidsaspektet er det utfordrende å nå hele denne målsettingen allerede i høst, og flertallet legger derfor inn 500 ekstra studieplasser til høgere yrkesfaglig utdanning fra høsten 2020. Flertallet forutsetter at regjeringen følger opp Stortingets vedtak om nye studieplasser i statsbudsjettet for 2021, gitt at det er søknader fra fagskoler som oppfyller intensjonen i Stortingets anmodningsvedtak. Studieplassene skal prioriteres til fagskoletilbud som det er behov for i arbeidslivet, og flertallet legger til grunn at økning i fagskoleplasser vurderes i samsvar med antall søkere og kapasitet i fagskolesektoren.»

I statsbudsjettet for 2021 løyvde Stortinget midlar til om lag 500 nye studieplassar til tilbod ved Industrifagskolen. I statsbudsjettet for 2022 foreslår departementet å vidareføre og trappe opp løyvinga til studieplassane oppretta i 2020 og vidareføre løyvinga til studieplassane oppretta i 2021.

Auken i talet på nye studieplassar i 2020 og 2021 er den største kapasitetsveksten i høgare yrkesfagleg utdanning nokon gong og inneber ein vekst på totalt 2 100 nye studieplassar. Det gir ein auke på om lag 45 pst. i det statlege driftstilskotet til høgare yrkesfagleg utdanning frå 2019 til finansieringa av dei nye studieplassane er fullt opptrappa i 2024.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2017–2018-sesjonen

Vedtak nr. 887, 11. juni 2018: Høgare utdanning

«Stortinget ber regjeringen foreta en gjennomgang av dagens regelverk for rangering av søkere til høgere utdanning, inkludert utdanning som i dag ikkje gir poeng, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:196 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hans Fredrik Grøvan, Olaug V. Bollestad, Knut Arild Hareide og Steinar Reiten om å gi bibelskole-elever to tilleggspoeng*, jf. Innst. 387 S (2017–2018).

Kunnskapsdepartementet har starta arbeidet med ein heilskapleg gjennomgang av regelverket for rangering, inkludert alle kvotar og tilleggspoeng i systemet for opptak. Som eit ledd i gjennomgangen har Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) på oppdrag frå departementet levert ein rapport i mars 2020, med ei evaluering av rangeringsregelverket. Rapporten var på høyring hausten 2020. Våren 2021 har regjeringa sett ned eit offentleg utval som skal sjå på systemet for opptak til høgere utdanning. Utvalet skal levere sin rapport i desember 2022. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2016–2017-sesjonen

Vedtak nr. 642, 2. mai 2017: Medlemskap i studentsamskipnad for fagskular

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med evalueringen av de kvalitetshevende tiltakene vurdere om fagskoler etter bestemte kriterier bør ha plikt til medlemskap i studentsamskipnad.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden. Fagskoleutdanning*, jf. Innst. 254 S (2016–2017).

Kunnskapsdepartementet vil følge opp vedtaket i samband med ei evaluering av innføring og verknad av tiltaka i fagskulemeldinga, jf. Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*. Ein midtvegsrapport er levert departementet i 2021. Rapporten gir i hovudsak ein status for innføring av tiltaka. Ein endeleg rapport skal vere klar i 2023. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 643, 2. mai 2017: Evaluering av fagskulereforma

«Stortinget ber regjeringen foreta en midtveisevaluering av fagskolereformen etter 3 år og en full evaluering etter 5 år.»

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*, jf. Innst. 254 S (2016–2017).

Kunnskapsdepartementet har i 2020 sett i gang ei evaluering av innføringa og verknadene av tiltaka i fagskulemeldinga, jf. Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*. Evalueringa vil innehalde tre leveransar. Ein midtvegsrapport er levert departementet i 2021. Rapporten gir i hovudsak ein status for innføring av tiltaka. Ein endeleg rapport skal vere klar i 2023 og ta omsyn til ei evaluering av finansieringssystemet for fagskulane og funna i midtvegsevalueringa. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Del II
Nærare om budsjettforslaget

4 Nærare om budsjettforslaget

Programkategori 07.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 07.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
200	Kunnskapsdepartementet	419 657	415 314	423 930	2,1
201	Analyse og kunnskapsgrunnlag	224 027	233 782	261 361	11,8
	Sum kategori 07.10	643 684	649 096	685 291	5,6

Inntekter under programkategori 07.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
3200	Kunnskapsdepartementet	2 035			0,0
	Sum kategori 07.10	2 035			0,0

Kap. 200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	
01	Driftsutgifter	398 661	395 075	403 260	
21	Særskilde driftsutgifter	17 481	17 143	17 500	
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	3 515	3 096	3 170	
	Sum kap. 200	419 657	415 314	423 930	

Kategorien omfattar løyvingar til drift av Kunnskapsdepartementet. Oppgåver og prioriteringar i Kunnskapsdepartementet følger av politikken og måla innanfor områda skule, barnehage, kompetansepolitikk, forskning, høgare utdanning, høgare yrkesfagleg utdanning, utdanningsstøtte og integrering. Dei ulike fagområda er nærare omtalte

under programkategoriane lenger bak i proposisjonen.

Programkategorien omfattar også løyvingar til utdanningsforskninga. For omtale av forskning for utvikling av integreringspolitikken, sjå omtale under kap. 291, post 21 og 50.

Post 01 Driftsutgifter, post 21 Særskilde driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres

Mål for 2022

Dei faglege måla for departementet er omtala i dei aktuelle fagkapitla og i kap. 1 Hovudinnleiing. Følgande mål gjeld for arbeidet i Kunnskapsdepartementet:

- Departementet skal ha eit godt kunnskapsgrunnlag for utforminga av kunnskapspolitikken og integreringspolitikken.
- Departementet skal sikre at kunnskaps- og integreringspolitikken blir sett i verk.
- Departementet skal ha ein god dialog med alle relevante aktørar i samfunnet.
- Departementet skal legge til rette for at barnehagebarn, elevar, studentar og tilsette skal vere trygge ved verksemdene der dei oppheld seg store delar av dagen.

Kunnskapsdepartementet har formulert eit sett med verdiar som er rettesnorer for arbeidet med å nå måla:

- profesjonalitet
- openheit
- gjennomføring

Resultat i 2020

Alle måla denne proposisjonen set for sektoren, er rettesnorer for departementet. Samanhengen mellom arbeidet i departementet og resultatata i sektoren er likevel avleia og indirekte. Det meste av innsatsen skjer i utdanningsinstitusjonar, forskingsinstitutt og i tenester som arbeider med å integrere innvandrarak. Rolla departementet har, er å førebu avgjerder som Stortinget og regjeringa tek om overordna ramar, og å setje i verk dei tiltaka avgjerdene fastset.

I 2020 har departementet brukt mykje ressursar til å handtere covid-19-pandemien. Samstundes har departementet halde oppe arbeidet med å utvikle og setje i verk politikk. Departementet har lagt fram fire stortingsmeldingar og fem lovproposisjonar i tillegg til dei proposisjonane som gjeld covid-19-relatert lovgiving, jf. oversyn i boks 1.1.

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å utvikle og setje i verk politikken for integrering, barnehage, grunnopplæring, kompetanseutvikling, høgare utdanning og forskning. Med dette ansvaret følger ansvar for kunnskapsutvikling i sektoren, både til bruk for departementet sjølv og for andre avgjerdstakarar. Kunnskapsgrunnlaget

om utdanning, forskning og integrering er godt. Mykje kunnskap er tilgjengeleg i forskning og statistikk. Dertil arbeider Kunnskapsdepartementet vedvarande med å legge til rette for utdanningsforskning og forskning om integrering. Resultat frå dette arbeidet blir rapportert under kap. 201. Sjå òg omtale av kunnskapsgrunnlag for integrering under programkategori 07.90.

Internasjonalt samarbeid gir tilgang til å vere med i undersøkingar som kastar lys over kva vi oppnår i Noreg samanlikna med andre land. Elev- og studentorganisasjonar, innvandrorganisasjonar og arbeidstakar- og arbeidsgivarorganisasjonar formidlar viktig kunnskap om korleis målgruppene opplever politikken.

Forskingskunnskapen departementet har tilgang til, og kontakten med relevante aktørar internasjonalt og innanlands, gir departementet eit godt kunnskapsgrunnlag for politikktviklinga. Endå om kunnskapsgrunnlaget er godt, er det framleis rom for forbetringar, særleg når det gjeld å legge kunnskapen betre og meir systematisk til rette for avgjerder. Departementet arbeider vedvarande med å gjere grunnlaget for avgjerdene betre.

Særskilt om tryggleik og beredskap

Sektorane under Kunnskapsdepartementet arbeider med tryggleik og beredskap innanfor ulike scenario som smittefare, tilsikta digitale hendingar, utanlandsk etterretning, ulykker, vald og terror. I 2020 blei eit av desse scenarioa reelt då covid-19-pandemien ramma verda, Noreg og sektorane under departementet. Departementet sette krisestab 6. mars og har i perioden behandla ei rekke praktiske, økonomiske og juridiske problemstillingar. Informasjon og kommunikasjon til dei ulike målgruppene har vore sentralt i Kunnskapsdepartementets krisehandtering. For nærare omtale av handtering av pandemien i sektoren, sjå kapittel 11.

Samfunnstryggleik

Dei store menneskesamlingane på avgrensa område har tidlegare vore definerte som ein viktig faktor i arbeidet med tryggleik og beredskap i sektorane. I store delar av 2020 handla arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i sektorane under Kunnskapsdepartementet om korleis ulike funksjonar og tenester skulle driftast når ein samtidig måtte ta omsyn til smittevern.

Den viktigaste verdien i samfunnet er menneskeliv og helse. Med sektorar som tel om

Boks 4.1 Proposisjonar og meldingar Kunnskapsdepartementet har lagt fram for Stortinget i 2020–21

- Prop. 8 L (2020–2021) *Endringer i midlertidig lov om tilpasningar i barnehageloven, opplæringslova og friskolelova for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19 (forlengelse av loven)*
 - Prop. 9 L (2020–2021) *Endringer i midlertidig lov om tilpasningar i introduksjonsloven for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19 (forlengelse av loven)*
 - Prop. 33 L (2020–2021) *Midlertidig lov om tilpasningar i integreringsloven for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19 og lov om endringer i folkehøgskoleloven, barnehageloven og voksenopplæringsloven m.m. (overgangsregler i barnehageloven)*
 - Prop. 78 L (2020–2021) *Endringer i midlertidig lov om tilpasningar i introduksjonsloven for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19 (integreringspakke II)*
 - Prop. 100 L (2020–2021) *Endringer i velferdstjenestelovgivningen (samarbeid, samordning og barnekoordinator)*
 - Prop. 111 L (2020–2021) *Endringer i universitets- og høyskoleloven, utdanningsstøtteleven, fagskoleloven og yrkeskvalifikasjonsloven mv. (samleproposisjon)*
 - Prop. 130 L (2020–2021) *Endringer i statsborgerloven og integreringsloven (endring i kravene til oppholdstid mv.)*
 - Prop. 137 L (2020–2021) *Endringer i midlertidige lover om tilpasningar i barnehageloven, opplæringslova, friskolelova, introduksjonsloven og integreringsloven for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19 (forlengelse av lovene)*
 - Prop. 145 L (2020–2021) *Endringar i opplæringslova, friskulelova og barnehagelova (behandling av personopplysningar, fjernundervisning o.a.)*
 - Prop. 156 L (2020–2021) *Lov om offentlige organers ansvar for bruk av tolk mv. (tolkeloven)*
 - Prop. 196 L (2020–2021) *Endringer i midlertidige lover om tilpasningar i introduksjonsloven og integreringsloven for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19 (integreringspakke III)*
 - Meld. St. 7 (2019–2020) *En verden av muligheter*
 - Meld. St. 16 (2019–2020) *Utdanning for omsjilling*
 - Meld. St. 19 (2019–2020) *Styring av statlige universiteter og høyskoler*
 - Meld. St. 21 (2019–2020) *Fullføringsreformen — med åpne dører til verden og fremtiden*
- Dei faste budsjettproposisjonane er ikkje med i oversynet.

lag 1,6 mill. personar har departementet og sektorane hatt eit stort ansvar under koronaen. Regjeringa har måtta teke avgjerder om tiltak som var inngripande, og alle aktørar har jobba med krisehandtering.

Samfunnstryggleik handlar òg om å ta vare på viktige informasjonsverdiar som personopplysningar, forskingsdata og sensitiv informasjon. I tillegg forvaltar universitet og høgskular store fysiske verdiar, som historiske bygningar, vitenskapleg utstyr og historiske samlingar som kan vere særleg utsette og må tryggast. Forskingsinstitusjonar har også forvaltningsoppgåver som er viktige for samfunnstryggleiken, til dømes analysekapasitet innanfor naturfarar, helse, luft og vatn.

I 2020 arbeidde Kunnskapsdepartementet med risiko- og sårbarheitsanalysar, både for departementet og for sektorane. Arbeidet med

samfunnstryggleik og beredskap skal vere risikobasert.

Ein viktig føresetnad for arbeidet med samfunnstryggleik og handtering av uønskte hendingar er god kompetanse hos den einskilde for koreis vedkommande bør handle. Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet har utarbeidd ulike dokument med krav, tilrådingar og rettleiingar for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kunnskapssektoren. Sikresiden.no er ein nettapp som gir om lag 400 000 studentar og tilsette og 30 verksemder i universitets- og høgskulesektoren brukarvennleg informasjon og opplæring på feltet. I 2020 utvikla sikresiden.no to kunnskapsspel. Det eine spelet trener studentfadrane i å handtere ulike typar situasjonar og har ein eigen modul for smittevern. Det andre er eit personvernspel som gir interaktiv trening i grunnleg-

gande personvern og bidreg til etterleving av personvernregelverket. Det er egne moduler for forskarar og studentar som skal skrive oppgåver, og HR-personell. Sikresiden.no har òg publisert nyttig materiale om covid-19-situasjonen, mellom anna om personvern og hjelp til å takle den nye kvardagen.

Departementet har stor merksemd på risikoen for informasjonstryggleiks- og personvernendingar i høgare utdanning og forskning. Departementet gav i 2019 Unit ansvaret for den løpande sektorstyringa av informasjonstryggleik og personvern i denne sektoren. I 2020 var departementets styringsmodell for informasjonstryggleik og personvern i høgare utdanning og forskning ferdig innført. Modellen er utvikla av Unit og departementet og organiserer ansvaret og styringsprosane til departementet og direktoratet overfor dei underliggende verksemdene i høgare utdanning og forskning. Dette arbeidet set departementet og direktoratet i stand til å arbeide meir målretta med å redusere risikoen for alvorlege informasjons-tryggleiks- og personvernendingar i eigen sektor. Risikoen er høg for fleire kategoriar av alvorlege endingar, til dømes omfattande utpressingsangrep (løypepengevirus) som kan ramme eit heilt universitet, og det er viktig for departementet å organisere hendingshandsaminga effektivt på nasjonalt nivå. I 2020 vart det nasjonale *Rammeverk for håndtering av IKT-sikkerhetshendelser* gjort gjeldande for dei underliggende verksemdene i høgare utdanning og forskning.

Nasjonalt tryggingorgan (NSM) drifrar og organiserer eit nasjonalt sensornettverk på internett – Varslingssystem for digital infrastruktur (VDI). Sensornettverket består av sensorar utplasserte hos verksemdar og er ein del av den kritisk infrastrukturen i Noreg. Dette er ei frivillig ordning basert på openheit og tillit mellom NSM og verksemdene. I 2020 etablerte fleire av verksemdene samarbeid med NSM om VDI.

Oppfølging av tryggingsslova

Lov om nasjonal sikkerheit (tryggingsslova) tok til å gjelde 1. januar 2019, og alle sektorar arbeider med å implementere lova. Formålet med lova er å trygge dei nasjonale sikkerheitsinteressene våre og å førebygge, avdekke og motverke sikkerheitstruande verksemd. Dei nasjonale sikkerheitsinteressene blir trygga ved at departementa identifiserer grunnleggande nasjonale funksjonar (GNF) innanfor sine ansvarsområde, verksemdar som er avgjerande viktige for GNF, vert underlagde tryggingsslova, og naudsynte sikringstiltak for skjermingsverdige verdiar vert gjennomførte. For å vareta formålet med lova vil GNF-prosessen vere kontinuerleg. Kunnskapsdepartementet har identifisert følgjande grunnleggande nasjonale funksjon i eigen sektor: «Kunnskapsdepartementet GNF 1: Kunnskapsdepartementets verksemd, handlefridom og avgjerdsdyktigheit» omfattar departementets rolle som fagleg sekretariat for politisk leing, utøving av myndigheit og styring og oppfølging av underliggende verksemdar. Departementet har per i dag ikkje identifisert andre GNF i eigen sektor.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 403,3 mill. kroner på post 01. Løyvinga på posten er redusert med 0,7 mill. kroner som følge av at forventta pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inkludert arbeidsgivaravgift, er redusert tilsvarende, jf. nærare omtale i del I, kap. 1 Hovudinnleiing. Regjeringa foreslår å redusere løyvinga på posten med 0,5 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien. Departementet foreslår vidare å rammeoverføre 0,2 mill. kroner til posten frå kap. 1605 Direktoratet for forvaltning og økonomistyring, post 01, som følge av endra finansieringsløyving for brukarlisensar i direktoratets system.

Departementet foreslår å løyve 17,5 mill. kroner på post 21, og 3,2 mill. kroner på post 45.

Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
02	Salsinntekter o.a.	2 035		
	Sum kap. 3200	2 035		

Resultat i 2020

Kunnskapsdepartementet har ikkje verksemd som vanlegvis gir inntekter, men det hender at det

kjem tilfeldige inntekter. Inntektene i 2020 skriv seg mellom anna frå vederlag for tilsette som har vore lånte ut til andre verksemder, og frå sal av utrangert IKT-utstyr.

Kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
21	Særskilde driftsutgifter	224 027	233 782	261 361
	Sum kap. 201	224 027	233 782	261 361

Utdanningsforskning

Noreg treng forskning av høg kvalitet om utdanningssystemet. Utdanningsforskninga skal, forutan å gi ny kunnskap og erkjenning generelt, bidra til god praksis og høgare kvalitet i barnehagane, i skulane, i høgare utdanning og i kompetansepolitikken, og gi eit solid grunnlag for politikktvikling. Gode miljø for utdanningsforskning skal bringe fram eit godt kunnskapsgrunnlag som gir rom for ein meir opplyst debatt om innhald, læring, ressursbruk og resultat.

Forskninga på barnehagen, grunnopplæringa, fagskulen, høgare utdanning og læring blant vaksne har auka i omfang dei siste åra. Kvaliteten og relevansen til forskninga er blitt betre, og fleire gode og produktive fagmiljø har vakse fram. Departementet vil følge opp måla i *Kunnskapsdepartementets strategi for utdanningsforskning. Forskning, kunnskapsmegling og bruk 2020–2024* for å finne løysingar på dei utfordringane sektoren står overfor, og vidareføre den positive utviklinga i utdanningsforskninga. Mellom anna er det behov for å fremje metodemangfald, styrke vitenskapleg kompetanse der forskingstradisjonane er svake, og stimulere både til samarbeid på tvers av forskingsdisiplinar og til brukarmedverknad i forskninga.

Porteføljear og ordningar i Forskingsrådet, FoU-innsats i underliggende etatar, departementets egne utlysingar, og senterordningar er verkemiddel regjeringa tek i bruk for å følge opp dei langsiktige måla for utdanningsforskninga og forskninga på integrering. Saman med grunnløyvingane til forskingsinstitusjonane skal dette bidra til kontinuitet og vidare oppbygging av forskninga om Kunnskapsdepartementets sektoransvar.

I strategien for utdanningsforskning blir nokre område med særskilde kunnskapsbehov fram-

heva. Departementet vil stimulere til utdanningsforskning som rører temaet integrering gjennom heile utdanningsløpet. Det trengs òg meir kunnskap om kva digitaliseringa inneber, til dømes om opplæring og undervising, læring hos barn, elevar og studentar, rolla til lærarane og førelesarane, og dessutan om oppvekstvilkåra for barn og unge. Ekspertgrupper og forskarar har vidare peika på eit behov for å styrke spesialpedagogikk som forskingsfelt. I høgare utdanning er det mellom anna behov for å styrke kunnskapsgrunnlaget om fagskular, overgangar, gjennomstrøyming og studentaktiv læring.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten finansierer aktivitetar som styrker analyse- og kunnskapsgrunnlaget om dei sektorane departementet har ansvaret for.

Mål for 2022

Eit godt kunnskapsgrunnlag for utforminga av kunnskaps- og integreringspolitikken.

Resultat i 2020

Ei evaluering Forskingsrådet gjorde i 2018 av utdanningsforskninga i Noreg, viste ei positiv utvikling av norsk utdanningsforskning dei seinare åra. Det er grunn til å tru at den positive utviklinga held fram. Fleire av fagmiljøa har både god forskingskvalitet og høg kapasitet, og utdanningsforskninga har generelt stor påverknad på politikktforming og praksis.

Evalueringa viste samstundes store skilnader mellom forskargruppene som blei evaluerte. Nokre er sær gode med potensial til å bli framifrå, andre grupper har langt att før dei når til-

strekkeleg høg standard. Det er òg for lite strategisk samarbeid mellom forskarar og brukarar, og behov for midlar til forskning på praksisorienterte problemstillingar.

Vidare trengs forskning som stimulerer til nærare samarbeid mellom lærarutdanningane og forskinga der og den forskinga som elles går føre seg i sektoren. Tverrfagleg forskning og samarbeid på tvers av fagdisiplinar og fagmiljø nasjonalt og internasjonalt kan framleis styrkast, og det trengst meir forskning som tek for seg samansette problem i oppvekst- og utdanningssektoren.

Ein gjennomgang av Forskningsrådets aktivitetar retta mot utdanning og kompetanse i 2020 viser at dei har prosjekt innanfor nesten alle fagområde, men at det meste av den samla innsatsen går til fagmiljø i samfunnsvitskap, der dei pedagogiske faga utgjør brorparten. Innsatsen er konsentrert omkring dei store byane, og den største delen er i Oslo-regionen. Miljø nord for Trøndelag er svakt representerte. Under halvdel av prosjekta omfattar internasjonalt prosjektsamarbeid, mest med Storbritannia og dei nordiske nabolanda. Det er flest prosjekt om grunnskule og høgare utdanning i porteføljen, og færrest om læring for vaksne og vidaregåande opplæring.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 261,4 mill. kroner på post 21 i 2021.

Unit har gjort ei konseptutgreiing for betre deling av data om utdanning, forskning og integrering. Målet er ein infrastruktur for vidarebruk av data som gir rask, rimeleg og sikker tilgang. Data skal kunne koplast på tvers av kjelder, innanfor og på tvers av verksemder og sektorar. I 2021 blei det løyvd 10 mill. kroner til eit forprosjekt som har konkretisert det tilrådde konseptet. Departementet foreslår å løyve 10 mill. kroner også i 2022. Løyvinga gir rom for oppstart av hovudprosjekt i 2022.

Statped skal ikkje lenger forske eller finansiere forskning. I 2021 blei det derfor flytta 3 mill. kroner frå Statped til å opprette eit senter for forskning på spesialpedagogikk og inkludering. Departementet foreslår å flytte ytterlegare 3 mill. kroner, slik at det i 2022 totalt blir løyvd 6 mill. kroner til dette senteret. Dette er ei oppfølging av tiltak varsla i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Forskningsrådet har lyst ut senteret, som får oppstart hausten 2021. Formålet med senteret er ei styrking av den spesialpedagogiske forskinga og auka kvalitet, kompetanse og kapasitet på feltet.

Auka forskingskompetanse blant vitskapleg tilsette i barnehagelærarutdanningane (BLU) gjer utdanninga betre og meir forskingsbasert. BLU blei inkludert i ei ordning for lærarutdanningane i Forskningsrådet i 2020, og regjeringa foreslår å løyve 5 mill. kroner ekstra for å vidareføre dette under porteføljen for utdanning og kompetanse. Formålet med ordninga er å styrke kunnskapsgrunnlaget for utdanningane og utøving av yrka.

Departementet har tidlegare gitt midlar til forskning på kvalitet i fag- og yrkesopplæringa over kap. 226, post 21. I 2021 var denne løyvinga til Noregs forskingsråd på 5 mill. kroner. Departementet foreslår å flytte midlane til kap. 201, post 21 for å vidareføre dette under porteføljen for utdanning og kompetanse.

Fagmiljøet for læringsanalyse (SLATE) ved Universitetet i Bergen skal styrke forskinga på og bruken av læringsanalyse i Noreg. Midtvegsevalueringa beskriv eit unikt tverrfagleg forskingsmiljø og viser at senteret oppfyller måla i mandatet frå departementet. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga for senteret i 2022.

Departementet foreslår vidare å rammeoverføre 0,3 mill. kroner til kap. 1605 Direktoratet for forvaltning og økonomistyring, post 01 i samband med overføring av forvaltningsansvaret for standardavtalen for forskings- og utgreiingsoppdrag frå departementet til direktoratet.

Tabell 4.1 Løyvingar på kap. 201, post 21

	(1 000 kr)
Midlar til Portefølje for utdanning og kompetanse i Noregs forskingsråd. Porteføljen finansierer forskings- og innovasjonsprosjekt i utdanningssektoren på alle nivå i utdanningsløpet	190 000
Prosjekt for framtidig deling av data om utdanning, forskning og integrering	20 000
Forskning for forskings- og innovasjonspolitik (FORINNPOL) ved Noregs forskingsråd, som skal medverke til eit sterkt og relevant kunnskapsgrunnlag for utforming og gjennomføring av politikk for forskning og innovasjon hos relevante aktørar	12 750
Kunnskapssenter for utdanning ved Universitetet i Stavanger (KSU). Senteret skal ha oversyn over og formidle nasjonal og internasjonal forskning som kan gi innsikt i kva som medverkar til kvalitet i utdanninga og opplæringa	12 700
Centre for Educational Measurement (CEMO) ved Universitetet i Oslo. Senteret skal medverke til nasjonal og internasjonal kompetanseutvikling innanfor pedagogiske målingar	8 100
Senter for forskning på spesialpedagogikk og inkludering	6 000
Fagmiljø for læringsanalyse (Center for the Science of Learning & Technology SLATE) ved Universitetet i Bergen	5 900
Nye analysar, forsøk og utgreiingar	2 911
Kunnskapsdepartementets statistikkavtalar med SSB, OECD og EU	3 000
Totalt	261 361

Programkategori 07.20 Grunnopplæringa

Utgifter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
220	Utdanningsdirektoratet	637 387	638 206	629 631	-1,3
221	Foreldreutvala for grunnpplæringa og barnehagane	14 908	16 037	16 066	0,2
222	Statlege skular og fjernunder- visningstenester	148 234	145 438	153 078	5,3
224	Tilskot til freds- og menneskeretts- senter		111 922	119 132	6,4
225	Tiltak i grunnpplæringa	1 652 027	1 625 210	1 805 689	11,1
226	Kvalitetsutvikling i grunnpplæringa	3 416 484	3 390 027	3 623 544	6,9
227	Tilskot til særskilde skular	218 821	229 936	230 986	0,5
228	Tilskot til frittståande skular o.a.	5 751 327	5 854 344	5 933 057	1,3
230	Statleg spesialpedagogisk støtte- system	691 965	693 886	655 332	-5,6
Sum kategori 07.20		12 531 153	12 705 006	13 166 515	3,6

Inntekter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
3220	Utdanningsdirektoratet	20 661	13 962	2 406	-82,8
3222	Statlege skular og fjernundervis- ningstenester	20 371	15 614	21 040	34,8
3225	Tiltak i grunnpplæringa	13 658	12 495	11 201	-10,4
3230	Statleg spesialpedagogisk støtte- system	32 186	47 048	32 295	-31,4
Sum kategori 07.20		86 876	89 119	66 942	-24,9

Innleiing

Kunnskap er grunnlaget for demokrati, verdiskaping og velferd og legg grunnlaget for at alle skal ha like moglegheiter og fridomen til å ta egne val. Skulen skal gi alle elevar trygge rammer og bygge opp nødvendige ferdigheiter til å oppnå draumar og ambisjonar. Gjennom formålsparagrafen i opplæringslova har grunnopplæringa fått eit omfattande og viktig mandat. Opplæringa skal gi alle elevar kunnskap, ferdigheiter, haldningar og verdier som gjer dei i stand til å meistre sitt eige liv, delta i arbeids- og samfunnslivet og ta vare på seg sjølve og andre i samfunnet. Alle skal ha høve til å realisere potensialet sitt i ein inkluderande skule.

Departementet har fastsett følgande overordna mål for grunnopplæringa:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt.
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle lykkast i opplæringa og utdanninga.

Grunnopplæringa er i hovudsak finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane, det vil seie rammetilskotet og skatteinntekter. Kommunane og fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar for å budsjettere midlar til grunnopplæringa etter lokale behov. Dette gjeld midlar til både drift, investeringar og kvalitetsutvikling av grunnopplæringa ved skulane og i lærebedriftene. Fylkeskommunane gir tilskot til lærebedriftene etter satsar som er fastsette av departementet.

Når det gjeld statistikk og informasjon om ressursbruken i grunnopplæringa, sjå del III, kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa. Sjå òg relevant omtale i del I, kap. 3 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Covid-19-pandemien har sett sitt preg på situasjonen i grunnopplæringa, og sjølv om skulane har gjort ein stor innsats for å gi eit så godt tilbod som mogleg, har situasjonen hatt negative konsekvensar – særleg for sårbare barn og unge. Sjå nærmare omtale i del III, kap. 11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren.

Hovudprioriteringar for 2022

Våren 2021 la regjeringa fram Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtiden*. I statsbudsjettet for 2022 foreslår regjeringa over 800 mill. kroner til oppfølging av Fullføringsreforma. Departementet

foreslår å vidareføre tilskotet for at fleire utan lovfesta rett til opplæringa skal kunne fullføre vidaregåande opplæring, noko som utgjer 304,5 mill. kroner i 2022. Tilskotet legg til rette for å utvide retten til vidaregåande opplæring frå 2023, som departementet har foreslått i høyringsnotatet om ny opplæringslov. Departementet foreslår òg 80 mill. kroner for å legge til rette for meir fleksible og tilpassa opplæringsløp i vidaregåande opplæring.

I statsbudsjettet for 2021 blei det etablert eit tilskot for å gi personar som allereie har studie- eller yrkeskompetanse, tilbod om å ta eit fagbrev. Budsjettforslaget for 2022 inneber at tilskotet blir trappa opp til 111,8 mill. kroner. Tilskotet legg til rette for å innføre ein rett til yrkesfagleg rekvalifisering frå 2023, i samband med ny opplæringslov. Fullføringsreforma varslar at dei som ikkje får lære plass, skal få eit betre tilbod om å fullføre med fag- eller sveinebrev enn i dag. Tilskotet som legg til rette for å eit betra tilbod, blir trappa opp til 256,5 mill. kroner i budsjettforslaget for 2022, og tek omsyn til ein særleg stor etterspurnad etter tilbodet som følge av covid-19-pandemien. Tilskotet som skal stimulere til auka bruk av ordninga Fagbrev på jobb, blir òg vidareført med 46 mill. kroner i budsjettforslaget.

Covid-19-pandemien, delvis stengde skular og strenge smitteverntiltak har hatt store konsekvensar for mange elevar i 2020 og 2021 og vil framleis ha konsekvensar i 2022. Mange elevar har i lang tid hatt ein annleis skulekvardag og hatt mykje digital heimeopplæring, noko som fleire stadar har påverka kvaliteten på opplæringstilbodet. Departementet foreslår å løyve 240 mill. kroner for å støtte barn og unge som følge av konsekvensar av covid-19-pandemien i skule og barnehage, mellom anna til oppfølging av elevar som har fått tapt fagleg og sosial læring. I tillegg er 100 mill. kroner av veksten i frie inntekter til kommunesektoren grunnlagt med tiltak retta mot den psykiske helsa til barn og unge, inkludert psykisk helse i vidaregåande opplæring og lågterskeltilbod i kommunane.

Regjeringa la hausten 2019 fram Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Målet med meldinga er å styrke arbeidet med tidleg innsats og å legge til rette for eit godt tilpassa og inkluderande tilbod for alle barn og unge – uavhengig av ulike føresetnader og behov. Regjeringa foreslår i oppfølginga av meldinga å løyve totalt 100 mill. kroner i 2022 i oppbygginga av kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Gode lærarar med solid og oppdatert kunnskap er nøkkelen til at elevane skal lære meir. Det er framleis for mange i undervisningsstilling som anten ikkje har fordjuping i faget dei underviser i, eller ikkje er formelt kvalifiserte for tilsetjing. Regjeringa vil halde fram med satsinga på rekruttering og kvalifisering av fleire lærarar. Regjeringa foreslår mellom anna å styrke vidareutdanningsordninga for grunnskulelærarar med 370 plassar, hovudsakleg i spesialpedagogikk. Samla foreslår regjeringa å bruke 1,7 mrd. kroner til vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar i 2022. Løyvinga gir mellom anna rom for å tilby vidareutdanning til om lag 5 000 lærarar hausten 2022 innanfor ordninga Kompetanse for kvalitet. Departementet forventar at kapasiteten vil vere god nok til å gi tilbod til alle som ønsker vidareutdanning i matematikk, norsk, engelsk, norsk teiknspråk og samisk for at lærarar skal få tilstrekkeleg fordjuping i faget. Det er òg tilbod om mellom anna vidareutdanning i praktiske og estetiske fag, digitalisering, spesialpedagogikk og andrespråkspedagogikk.

Regjeringa vil trappe opp satsinga på karriereveggar for lærarar og foreslår å bruke 271,7 mill. kroner på dette i 2022. Løyvinga gir rom for å auke talet på lærarspesialistar til 3 000 frå hausten 2022.

Regjeringa foreslår å løyve 104,2 mill. kroner til å utvide timetalet i grunnskulen med ein ekstra time i naturfag.

Regjeringa foreslår å løyve 51,5 mill. kroner til gratis skulefritidsordning (SFO) for familiar med låg inntekt i utvalde kommunar.

Arbeidet mot mobbing og for eit godt og inkluderande læringsmiljø er prioritert høgt av regjeringa. Departementet foreslår å løyve om lag 115 mill. kroner til dette arbeidet i 2022.

Regjeringa foreslår å bygge eit nytt samlokalisert bygg for Det Samiske Nasjonalteateret Beaivváš og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino, med ei startløyving på 60 mill. kroner i 2022.

I tråd med Granavolden-plattformen foreslår regjeringa å auke kapitaltilskotet til frittstående skular i Noreg med 20 mill. kroner i 2022.

I 2022 skal OL i matematikk arrangerast i Oslo, og Universitetet i Oslo (UiO) er arrangør. Departementet foreslår å løyve 20 mill. kroner til arrangementet.

Regjeringa foreslår å vidareføre lærlingtilskotet på nominelt same nivå som i 2021. Tiltaket gir ei innsparing på om lag 98 mill. kroner i 2022, og rammetilskotet til fylkeskommunane blir redusert tilsvarende.


I tillegg til hovudprioriteringane foreslår Kunnskapsdepartementet å vidareføre fleire andre sentrale tiltak innanfor grunnopplæringa i 2022, jf. omtale i teksten under.

Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø

Utviklingstrekk og utfordringar

Dei fleste elevane har eit godt læringsmiljø med høg trivsel, men framleis blir mange elevar mobba

Alle elevar har rett til eit trygt og godt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova kap. 9 A. Skulen skal utvikle inkluderande fellesskap og bidra til sosial læring og utvikling gjennom arbeidet med faga og i skulekvardagen elles. Elevundersøkinga frå hausten 2020 viser svært små endringar frå førre undersøking i 2019. Av dei som har delteke, seier 88 pst. at dei trivst godt eller svært godt på skulen. 3,1 pst. seier at dei ikkje trivst noko særleg eller ikkje i det heile teke. Tala på mobbing har vore relativt stabile, med ein svak nedgang sidan 2016, då undersøkinga blei revidert. I 2020 rapporterte 5,8 pst. av elevane at dei opplevde å ha blitt mobba på skulen to til tre gongar i månaden eller oftare. Dette er elevar som svarer at dei i ein eller annan kombinasjon er mobba av medelevar, digitalt mobba av nokon på skulen eller mobba av vaksne på skulen, og det svarer til om lag 26 650 elevar. Tilsvarende tal i 2019 var 6,0 pst. av elevane. Elevundersøkinga viser at det er svært få skular som over ein treårsperiode ikkje har elevar som opplever mobbing. Elevundersøkinga er obligatorisk å gjennomføre på 7. trinn, 10. trinn og i vg1, men mange skular gjennomfører undersøkinga på alle trinn mellom 5. trinn i grunnskulen og vg3. Det er frivillig for elevane å delta. 2020 hadde den største deltakinga i Elevundersøkinga sidan ho starta opp.



Figur 4.1 Prosentdelen som svarer at dei blir mobba på skulen to–tre gonger i månaden eller meir, fordelt på kjønn og klassetrinn hausten 2020

Omfanget av mobbing er klart størst på barneskulen. Det er små kjønnskilnader når det gjeld mobbing, men det er forskjellar i type mobbing. Jenter opplever meir indirekte mobbing, som å bli haldne utanfor og baksnakka, medan gutar opplever meir direkte og fysisk mobbing, som å bli slått, dytta eller halden fast. 2,2 pst. av elevane rapporterer at dei har blitt mobba digitalt. Det er ein auke frå 1,8 pst. i 2019. Auken kjem i hovudsak av forhold utanfor skulen, som mobbing frå nokon eleven kjenner, men som ikkje går på same skule, eller frå heilt ukjende. 1,2 pst. av elevane rapporterer at dei har blitt mobba av ein lærar eller ein annan tilsett på skulen. Det er ein nedgang frå 1,6 pst. i 2019.

Reglane for skulemiljø inkluderer handhevingsordninga, som gir elevar og foreldre høve til enkelt å melde saker til statsforvaltaren (tidlegare fylkesmannen) dersom skulen ikkje gjer nok for å sikre at ein elev har det trygt og godt på skulen. I skuleåret 2020–21 blei det meldt inn 1 342 slike saker. Dette er ein nedgang på 165 saker frå skuleåret 2018–19. Skuleåret 2019–20 var tala endå lågare, men det har nok samanheng med covid-19-pandemien og at skulane var stengde ein lang periode. I 94 pst. av sakene der statsforvaltaren tok stilling til om aktivitetsplikta var oppfylt eller broten, fekk elevane medhald. Omfanget av saker og kompleksiteten i sakene gjer at saksbehandlingstida kan bli lang, men tala frå våren 2021 viser at statsforvaltaren har klart å redusere etterslepet frå tidlegare melde saker.

Eit inkluderande læringsmiljø inneber meir enn fråvær av mobbing og andre krenkingar. Det er mellom anna viktig å oppleve å høyre til på skulen. PISA-undersøkinga 2018 viste at fleirtalet av 15-åringar i Noreg opplever tilhørsle og vennskap på skulen. Prosentdelen elevar som gav uttrykk for at dei kjenner at dei høyrer til, lett får venner, og at dei andre elevane liker dei, har likevel gått ned med 8–9 prosentpoeng frå 2003 til 2018. 18 pst. av dei norske elevane svarte i 2018 at dei kjenner seg annleis og ikkje passar inn på skulen. 14 pst. svarte at dei kjenner seg einsame på skulen, og 12 pst. at dei føler at dei blir haldne utanfor.

Tett på-meldinga peikar på utfordringa ved at det til kvar tid er 15–25 pst. av barn og unge som treng særskild tilrettelegging i kortare eller lengre tid, og at dei har ein risiko for ikkje å bli inkluderte i fellesskapet.

Utdanningsdirektoratet vurderte i 2020 alle kompetansetiltaka som er sette i verk for å bygge trygge og gode barnehage- og skulemiljø. På bakgrunn av denne vurderinga har departementet endra fordelinga av kompetansemidlane på dei ulike tiltaka.

Reglane om skulemiljø blei evaluerte i 2019 av Deloitte på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Fleire av tilrådingane frå evalueringa gjeld behov for betre rettleiing om konkrete problemstillingar som skulane og statsforvaltarane står overfor i praktiseringa av regelverket. For desse punkta fekk Utdanningsdirektoratet i tildelingsbrevet for

2020 i oppdrag å revidere dagens rettleingsmateriell om skulemiljøreglane og utarbeide ny rettleiing om dei temaa som ikkje er dekte i dag. Utdanningsdirektoratet publiserte oppdatert rettleingsmateriell i juli 2020.

Opplæringslova treng revidering og forbetring

Opplæringslova frå 1998 har med tida blitt omfattande og uoversiktleg, noko som gjer at regelverket blir for lite styrande og treffsikkert på dei områda som betyr aller mest. Når regelverket blir for omfangsrikt, blir det vanskeleg å finne fram i det, og brukarane kan oppleve det som vanskeleg å etterleve alle reglane. Ein negativ konsekvens er at regelverket ikkje får den gjennomslagskrafta som det bør ha. Opplæringslovutvalet blei oppnemnt i 2017 og leverte 13. desember 2019 NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*.

Opplæringslova er ei av dei viktigaste lovene i landet. Lova regulerer skulekvardagen til over 850 000 barn og unge og arbeidsdagen til over 95 000 lærarar i skulen. Tusenvis av tilsette i kommunar, fylkeskommunar, stat og det private, i tillegg til foreldre, besteforeldre, andre familiemedlemmer og privatpersonar, blir òg påverka av opplæringslova i det daglege. Når regjeringa følger opp NOU-en, er det for å gjere lova meir oversiktleg og betre tilpassa skulekvardag no, men òg for å lovfeste nye og viktige rettar og plikter. Døme på dette er mellom anna lovforslaget om ein utvida rett til vidaregåande opplæring heilt fram til studie- eller yrkeskompetanse. Dette følger direkte opp Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører mot verden og fremtiden*. Lovforslaget følger òg opp tiltak i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*.

Utfordringar ved skulestart

Overgangen frå barnehage til skule og skulefritidsordning (SFO) kan vere vanskeleg for ein del barn. Regjeringa har sørgd for at det frå hausten 2018 blei innført ei gjensidig plikt for barnehage- og skuleeigarane til å samarbeide om overgangen frå barnehage til skule og SFO. Regelverket gir i tillegg rom for fleksibel skulestart, altså at barn kan få tidlegare eller seinare skulestart, men det er få som bruker denne moglegheita i dag. For 2020 var det 0,65 pst. av seksåringane som framleis gjekk i barnehage i staden for skule. Det ligg ikkje føre tal for femåringar som har starta tidlegare på skulen.

Det er for tidleg å seie noko om erfaringane med den gjensidige plikta for barnehage- og skuleeigarar til å samarbeide om overgangen frå barnehage til skule og SFO, men departementet vil følge med på korleis kommunane oppfyller plikta.

Oppfyltinga av lærarnorma

Lærarnorma blei innført hausten 2018 og skjerpa hausten 2019 slik at det samla for kvart hovudtrinn på skulane skal vere maksimalt 15 elevar per lærar på 1.–4. trinn og maksimalt 20 elevar per lærar på 5.–10. trinn. I 2020 oppfylte 83 pst. av skulane lærarnorma på 1.–4. trinn, medan 93 pst. av skulane oppfylte norma på 5.–7. trinn og 88 pst. av skulane oppfylte norma på 8.–10. trinn. Prosentdelen skular som oppfyller norma, har auka på alle trinn sidan 2019. Lærarnorma er fullfinansiert, og i 2020 blei midlane til lærarnorma innlemma i kommuneramma.

Då lærarnorma blei innført, auka prosentdelen undervisningstimar gitt av ukvalifiserte frå 4,1 til 4,2 pst. i offentlege grunnskular, men i 2020 gjekk prosentdelen ned til 3,2 pst. Blant skulane som ikkje oppfyller lærarnorma, er det mange som manglar mindre enn eitt årsverk. Framleis manglar nærare 500 årsverk for at alle skulane skal oppfylle norma. Behovet er størst i kommunar som har over 20 000 innbyggjarar. Sjå meir statistikk i del III, kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa.

Utfordringar ved kvalitet og høvet til å få gå på SFO

SFO er ein viktig arena for inkludering, leik og vennskap. Minoritetsspråklege elevar kan i tillegg ha nytte av SFO som ein stad å få brukt norsk språk i leik med andre barn.

Det er stor variasjon i både pris, innhald og kvalitet i SFO-tilbodet. Ein del barn får ikkje delta fordi familien ikkje har råd. Mange kommunar har ikkje eigne planar for SFO ut over dei vedtektene kommunane er pålagde å ha. Foreldra er stort sett nøgde, men foreldra til barn med særlege behov er meir misnøgde enn andre foreldre. Sjå statistikk om SFO i del III, kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa.

Utfordringar ved høvet til å få gå på kulturskulen

Det har lenge vore eit mål at kulturskulen bør vere tilgjengeleg for alle som ønsker å delta. Ein av konklusjonane i ein rapport om kunnskapsgrunnlag om kulturskulen i Noreg frå 2019 er likevel at kulturskulen ikkje rekrutterer jamt når det

gjeld kjønn og sosioøkonomisk bakgrunn. Dette er derfor ei viktig utfordring å ta tak i om kulturskulen skal nå visjonen om ein «kulturskule for alle».

Det er kommunen som har ansvaret for å sikre at personale i kulturskulen, barnehagen, skulen og SFO har den kompetansen som trengst. Det er ei utfordring at mange lærarar i kulturskulen har mindre stillingsprosentar, medan skulen har for få lærarar med formell kompetanse i praktiske og estetiske fag. Det er derfor ei utfordring å utnytte kompetansen til kulturskulelærarane inn i barnehagen, skulen og SFO.

Strategiar og tiltak

Tiltak mot mobbing og for eit betre læringsmiljø

Innsats mot mobbing og for eit godt og inkluderande læringsmiljø er eit høgt prioritert område for regjeringa. Dette er dei viktigaste tiltaka mot mobbing:

- lovverket (opplæringslova kap. 9 A) med aktivitetssplikt for skulen og ei rettsleg overprøving av om skulen har oppfylt aktivitetssplikta overfor einskildelevar i skulemiljøsaker (handhevingsordninga)
- kompetanseutviklingstiltak om mobbing og læringsmiljø for tilsette i barnehagar og skular
- fylkesvise mobbeombod for barnehagar og skular. Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å greie ut korleis den vidare innrettinga og finansieringa av ordninga skal vere
- partnerskap mot mobbing. I mars 2021 undertekna regjeringa og partnarane ein ny avtale for perioden 2021–25
- demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme (Dembra), som er eit tilbod om kompetanseutvikling til skular som arbeider mot fordommar og fiendskap mot grupper, jf. kap. 226, post 21. Departementet foreslår å auke tilskotet til freds- og menneskerettssentera for å styrke Dembra i 2022, jf. kap. 224, post 70

Over kap. 231, post 21 foreslår departementet å løyve 10,3 mill. kroner til eit inkluderande barnehagemiljø. Departementet foreslår vidare å gi tilskot til organisasjonar som arbeider for eit betre læringsmiljø og mot mobbing, jf. omtale under kap. 225, post 74 og 75. Samla foreslår departementet om lag 115 mill. kroner til tiltak mot mobbing og for eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø.

Departementet har i oppfølginga av evalueringa av reglane for skulemiljø klargjort forståinga av reglane og fremja forslag til nokre mindre end-

ringar i høyringsnotatet om ny opplæringslov som blei sendt på høyring 26. august 2021.

Elevundersøkinga er under revisjon. Den tekniske løysinga bak spørjeskjemaet må forbeholdt og sjølve innhaldet i skjemaet må oppdaterast for mellom anna å samsvare med fagfornyninga. Ny undersøking vil vere klar til bruk tidlegast hausten 2024.

Tiltak for eit meir inkluderande skulemiljø blir følgde opp gjennom den samla oppfølginga av Tett på-meldinga, jf. omtale fleire stadar her i kategoriinnleiinga.

Revidering av opplæringslova

Utgreiinga frå opplæringslovutvalet, NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov* blei levert i 2019 og var på offentleg høyring i 2020. Kunnskapsdepartementet har vurdert forslaga i NOU-en og dei over 700 høyringssvara. Departementet har utarbeidd eit samla forslag til ny opplæringslov, med vidareføringar av dagens lov, men òg med nye forslag. Forslaget blei sendt på brei offentleg høyring 26. august 2021. Departementet tek sikte på at endeleg forslag til ny opplæringslov skal leggast fram for Stortinget våren 2023. Det er forslag til løyvingar i dette budsjettet som vil gjere det mogleg for kommunar og fylkeskommunar å setje i verk viktige tiltak allereie i 2022. Nokre av desse tiltaka foreslår departementet å lovfeste i den nye opplæringslova.

Tiltak for ein god skulestart

I 2019 inviterte regjeringa kommunane til å prøve ut ulike ordningar innanfor regelverket for fleksibel skulestart. Trondheim og Kristiansand har søkt om å få prøve ut modellar for fleksibel skulestart. På grunn av pandemien har kommunane utsett utprøvinga.

På oppdrag frå Utdanningsdirektoratet er OsloMet i gang med ei evaluering av forholdet mellom intensjonane og prinsippa for skulestart for seksåringane, slik dei blei uttrykte i Reform 97, samanlikna med dagens situasjon for seksåringane i skulen. Prosjektet skal publisere to delrapportar, ein sluttrapport og ei bok. Ein første arbeidsrapport frå evalueringa blei publisert i april 2021. Rapporten er ei samanstilling av norsk og nordisk forskning om overgangen frå barnehage til skule og om pedagogiske praksisar på 1. trinn. Utdanningsdirektoratet har informert om at datainnsamlinga i evalueringa av seksårsreforma blir utsett frå våren 2021 til hausten 2021 på grunn av pandemisituasjonen i 2020 og 2021.

Første delrapport blir forseinka og vert ikkje publisert hausten 2021 som planlagt, men seinast i oktober 2022.

Oppfølginga av lærarnorma

Stortinget har vedteke at lærarnorma skal evaluereast undervegs, og at evalueringa skal sjåast i samanheng med tiltak for å rekruttere tilstrekkeleg mange kvalifiserte lærarar. Utdanningsdirektoratet fekk hausten 2018 i oppdrag å setje i gang evalueringa. Direktoratet har inngått ein avtale med Norsk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) om evalueringa, som mellom anna skal gi kunnskap om etterleving og struktur- og styringseffektar. Ein delrapport med status for innføringa av norma fram til og med covid-19-pandemien i 2020 blei publisert i august 2021. Rapporten baserer seg både på tal frå GSI og på intervju med lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar. Analysane viser mellom anna at det er blitt færre elevar per lærar i grunnskulen, særleg på 1.–4. trinn, og at prosentdelen lærarar som ikkje fyller kompetansekrava ikkje har auka. Nokre skuleeigarar og skuleleiarar vurderer at norma er for rigid ved at ho legg føringar for fordelinga av ressursar mellom trinn og gjer det vanskelegare å prioritere ressursar ut frå lokale behov. På grunn av covid-19-pandemien er det nokre forskyvingar og endringar i designet i evalueringa. Sluttrapport kjem i juni 2022.

Tiltak for kvalitet og deltaking på SFO

I oppfølginga av Tett på-meldinga har departementet styrkt kvaliteten i SFO gjennom ein nasjonal rammeplan for SFO og auka høvet til deltaking gjennom å innføre moderasjonsordningar. Hausten 2021 tok ny rammeplan for SFO til å gjelde. Gjennom rammeplanen har departementet tydeleggjort verdigrunlaget for SFO og dei rammene kommunane har for å utvikle kvaliteten på tilbodet. Rammeplanen gir rom for lokale variasjonar, og støtte- og rettleiingsmateriell er òg utvikla. Arbeidet med å setje i verke rammeplanen held fram i 2022, mellom anna med utvikling av kompetansepakkar for dei tilsette. Regjeringa foreslår å løyve 5 mill. kroner til kompetansetiltak for SFO-tilsette i 2022, sjå omtale under kap. 226, post 21.

Regjeringa har innført den første nasjonale moderasjonsordninga for låginntektsfamiliar i SFO. Ordninga gjer at ingen familiar skal betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein plass i SFO. Den nasjonale moderasjonsordninga blei innført for 1.–2. trinn frå skuleåret 2020–21 og

utvida til også å gjelde 3.–4. trinn skuleåret 2021–22. I tillegg innførte regjeringa frå skuleåret 2020–21 gratis SFO for elevar med særskilde behov på 5.–7. trinn.

Regjeringa har også oppretta to øyremerkte tilskotsordningar for lågare foreldrebetaling i SFO frå skuleåret 2020–21: tilskot til friskular slik at dei kan tilby den same nasjonale moderasjonsordninga som ved offentlege skular, sjå meir omtale under kap. 228, post 84, og gratis SFO for familiar med låg inntekt i utvalde kommunar. Regjeringa foreslår å utvide tilskotet til gratis SFO for familiar med låg inntekt i utvalde kommunar og foreslår derfor ei løyving på totalt 51,5 mill. kroner til dette i 2022. Sjå omtale under kap. 226, post 21.

Tiltak som gjeld kulturskulen

Meld. St. 18 (2020–2021) *Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge*, er ei felles melding frå Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet som blei behandla i Stortinget 7. juni 2021.

Med denne meldinga presenterer regjeringa for første gong barne- og ungdomskulturfeltet som eit samla politisk satsingsområde på nasjonalt nivå. Kulturskulen er ein viktig del av meldinga. Målet med meldinga er mellom anna å gi alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn, tilgang til kunst og kultur og å gi alle barn og unge moglegheit til å oppleve og å skape kultur på eigne premisser.

Regjeringa ønsker at alle barn og unge skal få høve til å vere med på kunst- og kulturtilboda dei er interesserte i, og stiller seg i meldinga bak visjonen «kulturskule for alle». For at kulturskulen skal være tilgjengeleg og relevant for fleire barn og unge, oppmodar regjeringa kulturskulane til å jobbe med å rekruttere breiare for å nå ut til fleire, og til å jobbe for å tilby eit breitt spekter av kulturuttrykk og tilbod. Regjeringa vil òg be om at kommunane vurderer om kulturskulen kan omfattast av fritidskortet.

Regjeringa oppmodar om at kommunen, som eigar av skolane og kulturskulane, arbeider for å sjå tilsetjingar i grunnskulen, SFO og kulturskulen i samanheng. Departementet har bede Utdanningsdirektoratet om å greie ut kva ansvar og kva oppgåver andre yrkesgrupper enn lærarar kan ta på seg i barnehagen, skulen og SFO. Utgreiinga vil vere eit grunnlag for å vurdere eventuelle tiltak.

For å oppmuntre og stimulere til at fleire kulturskulelærarar kan få formell lærarkompetanse og bli kvalifiserte for tilsetjing i kombinerte undervisningsstillingar mellom kulturskulen og

skulen, vil regjeringa utvide målgruppa for rekrutteringsstipendet til praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) slik at kulturskulelærarar òg kan søkje om dette stipendet. Regjeringa vil òg bidra til at det blir spreidd informasjon om PPU og kulturskulen.

Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt

Utviklingstrekk og utfordringar

Det er behov for ei styrking av tidleg innsats og meir inkluderande praksis i grunnopplæringa

Tett på-meldinga tek utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget frå rapporten til ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging frå 2018 (Nordahl-rapporten) og delar av Stoltenberg-utvalets rapport, NOU 2019: 3 *Nye sjansar – bedre læring – Kjønnsforskjeller i skoleprestasjoner og utdanningsløp*. Rapportane peika på fleire svakheiter og utfordringar ved dagens system.

Ein del barn og unge og familien deira har av ulike årsaker samansette utfordringar som gjer at dei støyter på ekstra problem ved at offentlege tenester ikkje er samordna seg imellom. Dette blei ekstra tydeleg under covid-19-pandemien. Tett på-meldinga viser mellom anna til at det er godt dokumentert at tverrfagleg samarbeid ofte fungerer for dårleg, noko som kan føre til at viktig og nødvendig informasjon ikkje kjem fram til dei som treng det. Det kan føre til at elevane ikkje får den hjelpa dei har behov for i tide, eller ikkje i det heile teke. Det er òg stor variasjon mellom kommunar i korleis dei organiserer tverrfagleg samarbeid mellom tenestene.

Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden* peikar på behovet for tidleg innsats for elevar med faglege utfordringar. I vidaregåande opplæring er det ikkje gjort ein tilsvarende innsats i arbeidet med tidleg innsats som i grunnskulen. Statistikk viser at over halvparten av elevane som strauk i fag på Vg1, var ute av vidaregåande opplæring utan å ha fullført og bestått etter fem år. På same måte som tidleg innsats er viktig i grunnskulen, er det viktig at vidaregåande skular jobbar aktivt med å setje inn tiltak som hjelper elevar som har risiko for ikkje å fullføre og bestå vidaregåande opplæring.

Ein del elevar slit psykisk

Ei rekke undersøkingar viser at mange unge slit psykisk. Dette er omtala mellom anna i NOU

2018: 15 *Kvalifisert, forberedt og motivert* og Prop. 121 S (2018–2019) *Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse (2019–2024)*. Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden* peikar òg på psykiske vanskar som ei betydeleg utfordring. Undersøkingar viser at ein del unge slit med depresjonar, angst og søvnproblem, og at psykiske vanskar er ei viktig årsak til at elevar ikkje fullfører vidaregåande opplæring. Offentlege tenester som ligg utanfor skulen, kan derfor vere svært viktige for å betre den psykiske helsa og hindre fråfall. Utsette barn og unge treng ein skule som samarbeider godt med andre offentlege tenester, og som legg til rette for at elevar med psykiske vanskar også kan lykkast i opplæringa.

Skulen er ein viktig arena for barn og unge som er utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Andre tenester enn skulen har hovudansvaret for å hjelpe barna, men alle tilsette i skulen har meldeplikt til barnevernet ved mistanke om alvorlege forhold, jf. opplæringslova § 15-3. Statistikk frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at skulen i 2020 melde 16 pst. av sakene for barn og unge i alderen 6–15 år. Koronakommisjonen som blei nedsett for å gå gjennom og trekke lærdom av covid-19-utbrotet i Noreg seier følgande i NOU 2021: 6 *Myndighetenes håndtering av koronapandemien*:

Da barnehagene og skolene ble stengt, mistet barnevernet noen av sine viktigste «øyne og ører». [...] Å gå glipp av disse informasjonskildene svekker barnevernets evne til å fange opp barn som har behov for hjelp. Det kom betydelig færre bekymringsmeldinger enn normalt til barnevernet i løpet av våren 2020 [...]. Antallet bekymringsmeldinger fra privatpersoner økte, mens antallet bekymringsmeldinger fra lærere, barnehager og skolehelsetjeneste sank betydelig.

Nettovergrep mot barn og unge ser ut til å bli eit stadig større samfunnsproblem, og skulen har derfor ei viktig rolle i å gi elevane kunnskap om grensesetjing for eigen kropp og varsemnd på digitale arenaer.

Det er store forskjellar i korleis skulen møter elevar med stort læringspotensial

Prinsippet om tilpassa opplæring gjeld alle elevane. Elevar med stort læringspotensial må få møte forventningar og utfordringar i skulen, slik at dei opplever meistring og anerkjenning. Denne gruppa omfattar elevar som presterer på

høgt fagleg nivå, elevar som har spesielle talent, og elevar som har potensial til å nå dei høgaste faglege nivåa. Skulane må ha kunnskap om og kompetanse til å møte elevar med stort læringspotensial. Regelverket gir høve til forsering og fleksibilitet. Elevar som går på ungdomstrinnet kan ta fag frå vidaregåande opplæring. Elevar i vidaregåande opplæring kan følge undervisning og ta eksamen i einskildemne i høgare utdanning (UNG-ordninga). Slik kan skulane gi utfordringar og motiverande undervisning til elevar med stort læringspotensial. NOU 2016: 14 *Mer å hente. Bedre læring for elevar med stort læringspotensial* viste likevel at det er store forskjellar i korleis skulane tilpassar undervisninga til elevar med stort læringspotensial. Utvalet oppgav at mellom 10 og 15 pst. av elevane har eit stort læringspotensial.

Elevar med stort læringspotensial var tema i *Spørsmål til Skole-Norge* våren 2021. Éin av fire skuleleiarar i grunnskulen og éin av fem skuleleiarar i vidaregåande skule, av dei som deltok i skule-spørjinga, seier at skuleeigaren har planar og strategiar for tilpassa opplæring for elevar med stort læringspotensial som skulane kan nytte. Tiltaket om å forsere i aktuelle fag har mykje høgare oppslutning blant skuleleiarar i Oslo-området samanlikna med resten av landet. Under halvparten av skuleleiarane seier at dei har gode rutinar for å identifisere elevar med stort læringspotensial. Rettleiaren som Utdanningsdirektoratet publiserte i 2019, blir brukt i større grad av skuleeigarar enn av skuleleiarar. Samanlikna med skuleleiarar, opplever ein større del av skuleeigarar rettleiaren som nyttig. To av tre skuleleiarar bruker i lita eller inga grad Utdanningsdirektoratet sin rettleiar.

Strategiar og tiltak

Tiltak for å styrke tidleg innsats og betre inkluderande praksis i grunnsopplæringa

I oppfølginga av Tett på-meldinga blei det hausten 2020 i samarbeid med KS sett i gang eit kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis for kommunar og fylkeskommunar. Målet er tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane til å kunne fange opp og gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert dei med behov for særskild tilrettelegging. Kompetanseløftet gjeld både tilsette i barnehage og skule, PP-tenesta og eventuelt andre tenester som inngår i laget rundt barna og elevane. Kompetanseløftet skal byggast opp over fleire år og bli ei varig ordning frå 2025, og sjåast i samanheng med endringane for Statped, jf. omtale under kap. 230 Statleg

spesialpedagogisk støttesystem. Utdanningsdirektoratet har ansvaret for oppbygginga av kompetanseløftet i samarbeid med KS og Statped. Direktoratet har òg fått i oppdrag å styrke det overordna utviklingsarbeidet innanfor spesialpedagogikk og spesialpedagogisk støtte, og utvikle verkemidla sine slik at dei i større grad tek omsyn til alle barn og elevar. Våren 2021 har det vore digitale regionale konferansar om kompetanseløftet i alle fylke. Ei evaluering av kompetanseløftet blei sett i gang hausten 2021. Det er NTNU Samfunnsforskning, i samarbeid med Nordlandsforskning og NIFU, som gjennomfører evalueringa. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til kompetanseløftet med 50 mill. kroner til totalt 100 mill. kroner i 2022.

God allmennpedagogisk og spesialpedagogisk kompetanse er grunnleggande for å kunne oppdage, følge opp og legge til rette for barn som har behov for særskild tilrettelegging. Derfor satser departementet vidare på dei kompetanseordningane og vidareutdanningstilboda for lærarar og andre tilsette i barnehage og skule som er i gang.

Fleire av regelverksendringane og presiseringane av regelverket som er varsla i Tett på-meldinga, er blitt vurderte i arbeidet med ny opplæringslov, der forslag til ny lov blei sendt på høyring 26. august 2021. Dette gjeld mellom anna presiseringar i regelverket for å sikre at fagpersonar med rett kompetanse gir spesialundervisning, og ei tydeleggjering av oppgåvene til PP-tenesta.

Fleire tiltak i meldinga gjeld forskning og pilotforsøk for å styrke kunnskapen om inkluderande praksis og spesialpedagogikk. Det skal opprettast eit senter for forskning på spesialpedagogikk og inkludering hausten 2021. Noregs forskingsråd har lyst ut senteret, og det er Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo som blir vertsinstitusjon, og som vil samarbeide med fire andre universitet om senteret. Sjå meir omtale under kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag.

Som del av Fullføringsreforma vil regjeringa at tidleg innsats blir prioritert også i vidaregåande opplæring. Skal ambisjonane bak reforma lykkast, er det viktig at dei vidaregåande skulane tidleg set inn tiltak for dei elevane som står i fare for ikkje å fullføre og bestå vidaregåande opplæring. Regjeringa vil derfor at fylkeskommunane skal ha plikt til å jobbe systematisk og førebyggjande med elevar som står i fare for ikkje å bestå fag. Forslaget er sendt på høyring i samband med ny opplæringslov.

Sjå også del III, kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering, der det er omtale av *Et sam-*

funn for alle. Regjeringens strategi for likestilling av mennesker med funksjonsnedsettelse for perioden 2020–2030.

Styrking av psykisk helse i grunnopplæringa

100 mill. kroner av veksten i dei frie inntektene til kommunesektoren er grunngitt med tiltak retta mot den psykiske helsa til barn og unge, inkludert psykisk helse i vidaregåande opplæring og lågterskeltilbod i kommunane.

Regjeringa la i juni 2019 fram Prop. 121 S (2018–2019) *Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse (2019–2024)*. Gjennom tiltaka i planen vil regjeringa at fleire skal få god psykisk helse og god livskvalitet, og at dei som treng det, skal få eit godt behandlingstilbod. Planen inneheld både helsefremjande, førebyggjande og behandlingsetta tiltak og omfattar barn og unge i alderen 0–25 år.

I det nye læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20) er folkehelse og livsmeistring innført som tverrfagleg tema i fleire fag. Temaet skal gi elevane kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir grunnlag til å ta ansvarlege livsval.

Helsedirektoratets tilskotsordning Psykisk helse i skulen har som mål å styrke psykisk helse i skulen for å få betre læringsmiljø, auka kompetanse, tidleg innsats og samhandling mellom sentrale instansar og tenester for barn og unge. Ei evaluering frå NIFU i 2019 konkluderer med at både staten, gjennom tilskotsordninga, og dei som tilbyr program innanfor området psykisk helse i skulen, har ei viktig rolle i å støtte kommunane i arbeidet med den psykiske helsa til elevane. Forskarane peikar på at fagfornyninga og det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring kan gjere at skulane får meir eigarskap til temaet psykisk helse, og at skulane vil ta ei meir aktiv rolle i å definere kva dei treng av kunnskap.

Regjeringa ønsker å bidra til eit samfunn som er trygt for alle, med større openheit om kjønns- og seksualitetsmangfald. Den nye strategien *Trygghet, mangfold og åpenhet. Regjeringens handlingsplan mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og kjønnskarakteristika (2021–2024)* blei lagd fram i juni 2021.

Meir omtale av handlingsplanar og anna arbeid som gjeld arbeidet mot negative forhold som kan gi dårleg psykisk helse hos barn og unge, finst i del III, kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering.

Tiltak for betre tverrsektorielt samarbeid til beste for utsette barn og unge

Kunnskapsdepartementet har leia 0–24-samarbeidet, der Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet deltok. Satsinga skulle i utgangspunktet gjelde perioden 2015–20. Forseinkingar på grunn av den ekstraordinære situasjonen med covid-19-pandemien og smitteverntiltak i 2020 gjorde at 0–24-samarbeidet blei forlengt noko inn i 2021. Målet er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge i alderen 0–24 år gjennom betre samarbeid mellom tenestene for å hindre fråfall i vidaregåande opplæring og seinare utanforskap i samfunnet. 0–24-samarbeidsprosjektet i direktorata har levert sluttrapport og gjennomført ei utgreiing med tilrådingar om vidare arbeid med tverrsektoriell samordning. Tilrådingane blir følgde opp i samarbeid mellom dei aktuelle departementa. Sjå også omtale under kap. 226 post 64 Programfinansiering av 0–24-samarbeidet.

I strategien *Gode hver for oss. Best sammen – Overordnet strategi for departementsfelleskapet (2021–2025)* er kjernegrupper ei ny arbeidsform for å sikre fleirfagleg samarbeid og forankring ved gjenstridige problem. Kjernegrupper skal vareta samordna utvikling og gjennomføring av tverrgående politikk på komplekse område. Det er under etablering ein kjernegruppepilot for samordning av arbeidet for utsette barn og unge. Det vidare samarbeidet om utsette barn og unge vil bli tekne inn i kjernegruppepiloten.

Våren 2021 vedtok Stortinget endringar i alle velferdstenestelovene, jf. Innst. 58 L (2020–2021) og Prop. 100 L (2020–2021) *Endringer i velferdstjenestelovgivning (samarbeid, samordning og barnekoordinator)*. Endringane omfattar mellom anna harmonisering og styrking av reglane om samarbeid og individuell plan, innføring av ei samordningsplikt for kommunen ved yting av velferdstenester og innføring av ein rett til barnekoordinator. Regjeringa tek sikte på at lovendringane trer i kraft 1. august 2022. Sjå også omtale i Prop. 1 S (2021–2022) for Helse- og omsorgsdepartementet. Lovendringane vil bli evaluerte. Arbeids- og velferdsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Helsedirektoratet og Utdanningsdirektoratet har også fått i oppdrag å utarbeide ein rettleiar for lovendringane.

Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)* har sitt siste år i 2021, jf. nærare omtale i Prop. 1 S (2021–2022) for Barne- og familiedepartementet. Planen omfattar

mellom anna tiltak som gjeld meir kompetanse om vald og overgrep blant dei tilsette i skulen, og tiltak som skal gjere barn og unge betre i stand til å forstå kva vald og overgrep er, og korleis ein kan få hjelp dersom ein er utsett for dette. I samband med planen har regjeringa under leiing av Justis- og beredskapsdepartementet utarbeidd strategien *Forebygging og bekjempelse av internettrelaterte overgrep mot barn. Nasjonal strategi for samordnet innsats (2021–2025)*. Strategien blei lagd fram i august 2021, og er ein delplan i strategien *Rett på nett. Nasjonal strategi for trygg digital oppvekst*, som Barne- og familiedepartementet la fram 3. september 2021.

Kunnskapsdepartementet deltek i områdesatsingane i Groruddalen for perioden 2017–26 og områdesatsingane i Oslo sør og indre Oslo aust for perioden 2018–26, jf. kap. 226, post 21, programkategori 07.90 Integrering og mangfald og Prop. 1 S (2021–2022) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Regjeringa la hausten 2020 fram strategien *Like muligheter i oppveksten: Regjeringens samarbeidsstrategi for barn og unge i lavinntektsfamilier (2020–2023)*.

BarnUnge21-strategien blei lagd fram for regjeringa i februar 2021. Målet med arbeidet har vore å skape ein målretta, heilskapleg og koordinert nasjonal innsats for forskning, utvikling og innovasjon for utsette barn og unge. Strategien har tilrådingar om tiltak og verkemiddel som knyter forskning, utdanning, praksis, myndigheter og samfunn tettare saman, og forklarar korleis kunnskapen kan takast i bruk. Ein heilskapleg omtale av strategien finst i Prop. 1 S (2021–2022) frå Barne- og familiedepartementet.

Tiltak for å betre tilbodet til elevar med stort læringspotensial

Utdanningsdirektoratet utarbeidde i 2019 ein rettleiar og ei kompetansepakke om elevar med stort læringspotensial. Dette skal vise skulane og skuleeigarane kva handlingsrom dei har når det gjeld å legge til rette for denne elevgruppa, og auke kompetansen om elevar med stort læringspotensial.

I oppfølginga av *Realfagsstrategien* blei det hausten 2016 starta ei treårig utprøving med etablering av talentsenter for elevar med stort læringspotensial i realfag på 7.–10. trinn og i dei to første åra i vidaregåande opplæring. Talentsentera er plasserte ved vitensentera i Oslo, Bergen, Tromsø, Trondheim og på Jæren. NIFU gjennomførte i 2019 ei evaluering av ordninga. Konklusjonen var at talentsentera i realfag har etablert eit

godt tilbod for målgruppa. Ordninga blei permanent frå 2020. Det er tildelt midlar for at eit nytt talentsenter kan starte opp skuleåret 2021–22 på Vitenparken Campus Ås. Departementet vil greie ut ei vidareutvikling av talentsenterordninga for å gi elevar med stort læringspotensial eit tilbod.

UNG-ordninga, der elevar i vidaregåande opplæring kan følge undervisning og ta eksamen i einskildemne i høgare utdanning, gir gode moglegheiter for elevar som har stort læringspotensial. Regjeringa meiner UNG-ordninga er noko det kan byggast vidare på, og som kan nyttast i endå større grad. Som ein del av vidareutviklinga av ordninga vil regjeringa at det blir greidd ut korleis ho kan omfatte høgare yrkesfagleg utdanning. Som del av Fullføringsreforma vil regjeringa opne for større valfridom for elevane, med meir fordjuping. I kombinasjon med UNG-ordninga trur regjeringa at dette kan føre til ein betre skulekvardag for elevar med stort læringspotensial.

Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse

Utviklingstrekk og utfordringar

Mange lærarar manglar relevant kompetanse

Grunnopplæringa stiller krav til kompetansen hos lærarane. Det er godt dokumentert frå forskinga at elevane lærer meir når lærarane har fordjuping i det faget dei underviser i. Regjeringa er derfor bekymra over at mange lærarar anten ikkje har fordjuping i faget dei underviser i, eller ikkje er formelt kvalifiserte for tilsetjing. Statistikk frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) viser at 22 pst. av matematikklærarane, 16 pst. av norsklærarane og 34 pst. av engelsklærarane i grunnskulen mangla fordjuping i faget i skuleåret 2020–21. Talet på lærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava i matematikk, norsk og engelsk, har gått ned med omtrent 12 000 frå 2015 til 2020. I skuleåret 2020–21 var om lag 3 230 personar i undervisningsstillingar i grunnskulen ikkje kvalifiserte for tilsetjing. Dette utgjer ifølgje GSI 4,7 pst. av alle lærarane i grunnskulen, og det er ein nedgang frå 5,4 pst. i skuleåret 2019–20.

Ulike statistikkjelder gir ulike bilde av presentdelen lærarar med godkjend utdanning/kompetanse for å bli tilsett i undervisningsstilling i grunnskulen. Senter for økonomisk forskning ved NTNU har på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet undersøkt dei viktigaste årsakene til at det er forskjellar mellom lærarstatistikken til GSI og Statistisk sentralbyrå (SSB). Dei finn mellom anna at vikarar blir talde ulikt, og at talet på lærarar blir

talt ulikt. Medan SSB måler prosentdelen lærarar med godkjend lærarutdanning, måler GSI tilsette som oppfyller opplæringslovas kompetansekrav for å jobbe som lærar i skulen. Rapporten blei offentleggjort 17. juni 2021. Departementet vil følge opp rapporten og saman med Utdanningsdirektoratet sjå på behov for justeringar i GSI.

Meir og betre bruk av IKT i opplæringa i form av system, plattformer, digitale einingar og digitale læremiddel krev auka kompetanse hos lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar om samanhengar, moglegheiter og utfordringar. God forståing av informasjonstryggleik og personvern er også viktig for å lykkast med digital utvikling. NIFU-rapporten om covid-19-pandemien våren 2020 viser at det er store skilnader mellom lærarar, skular og kommunar i den digitale kompetansen. Dette er i samsvar med TALIS-studien frå 2018, der 20 pst. av lærarane seier at dei har eit stort behov for betre kunnskap om å integrere IKT i undervisninga.

Utfordringa med mogleg framtidig lærarmangel

8,7 pst. av lærarane i grunnskulen er 60 år eller eldre, og 19,0 pst. er i aldersgruppa 50–59 år. I vidaregåande skule er 14,2 pst. av lærarane 60 år eller eldre, medan 27,6 pst. er 50–59 år. Framskrivningar frå SSB viser eit underskot på grunnskulelærarar fram mot 2025, som deretter snur til eit overskot i perioden 2025–40. Dersom SSBs framskrivningar blir realiserte, gir det gode føresetnader for å sørge for at alle som jobbar som lærarar i skulen, er kvalifiserte og har rett kompetanse. Tidlegare framskrivningar har vist ei betydeleg og aukande underdekning av grunnskulelærarar i perioden fram mot 2040. Nedgang i befolkningsvekst og fødselstal er den viktigaste årsaka til det berekna overskotet. For dei andre lærarutdanningane er det berekna eit overskot i alle åra fram mot 2040, og lærarar med andre utdanningar enn grunnskulelærarutdanning vil dermed kunne avhjelpe noko av underskotet. Eit lærarunderskot vil derfor truleg i størst grad råke 1.–4. trinn, då dei fleste andre lærarutdanningane ikkje kvalifiserer for tilsetjing på desse trinna.

Tala frå Samordna opptak i juli 2021 viser at det totalt er 6 374 søkarar som har fått tilbod om studieplass ved ei skuleretta lærarutdanning, ein reduksjon på 6 pst. frå 2020. Litt færre fekk tilbod om plass i grunnskulelærarutdanninga for dei yngste elevane (1.–7. trinn) i 2021 enn i 2020, men framleis er det gitt 7 pst. fleire tilbod enn gjennomsnittet dei siste 10 åra. Samla sett har talet på tilbod om plass i lærarutdanning vore høgt sidan

2018. Gjennomføringa er blitt betre, og i 2020 og 2021 var talet på uteksaminerte grunnskulelærarar høgare enn noko anna år.

Mange lærarar opplever overgangen frå utdanninga til yrket som vanskeleg. Dei første åra som nytilsett lærar kan vere krevjande, men er på same tid viktige for å utvikle seg i lærarrolla. Det er derfor viktig med god rettleiing, både for å støtte den faglege utviklinga og for å hindre fråfall frå læraryrket. Det er framleis ei utfordring at mange nyutdanna nytilsette lærarar i grunnopplæringa ikkje får rettleiing. Ein sluttrapport frå Rambøll våren 2021 viser likevel ein liten auke i prosentdelen som får rettleiing, frå 61 pst. i 2016 til 65 pst. i 2019. Rapporten viser òg ein auke frå 2019 til 2020. Fleire av aktørane i sektoren har sett i gang eit forskingsprosjekt finansiert av Forskningsrådet for å sjå nærare på overgangen frå utdanning til yrket.

Strategiar og tiltak

Tiltak for å få fleire lærarar med relevant kompetanse

Rekruttering av fleire kvalifiserte lærarar i skulen

Noreg treng fleire kvalifiserte lærarar. Mange stadar i landet er det utfordringar med å rekruttere søkarar til lærarutdanning. Departementet har finansiert ulike rekrutteringstiltak. Dette er tiltak som skal gi fleire søkarar, kvalifisere søkarar som ikkje oppfyller krava, gi større studentmangfald og mangfald blant lærarane i barnehagen og skulen, og som skal bidra til å kvalifisere lærarar som ikkje har fullført lærarutdanninga som dei har starta på. Dei ulike prosjekta har blitt etablert med kortsiktig finansiering, noko som gjer det vanskeleg å legge planar fram i tid, og få ei god forankring. Departementet ser behov for ei langsiktig øyremerking av midlar til slike tiltak og foreslår å fordele 10 mill. kroner til formålet i 2022.

Styrking av lærarutdanningane

Regjeringa ønsker at læraryrket skal vere attraktivt for fleire, og at elevane skal møte lærarar med god fagkunnskap i faga dei underviser i. I 2017 blei grunnskulelærarutdanninga omgjord til ei praksisnær masterutdanning, noko som skal bidra til å styrke lærarane sin føresetnad for kritisk tenking og kunnskapsbasert yrkesutøving. I 2016 blei det innført krav om karakteren 4 i matematikk for å kome inn på grunnskulelærar- og lektorutdanningane. Dei siste åra har det vore fleire studentar som møter til studiestart og færre stu-

dentar som fell ifrå etter første studieår, enn tidlegare.

Våren 2017 lanserte regjeringa *Lærerutdanning 2025: nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene*. Strategien er retningsgivande for arbeidet med å utvikle lærerutdanningane. Det er eit sentralt mål å utvikle samarbeidet mellom universitet, høgskular og barnehage- og skulesektoren. Sjå også omtale av barnehagelærerutdanninga i programkategori 07.30 Barnehagar og omtale av høgare utdanning under kap. 260 Universitet og høgskular, post 50.

Den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling skal sikre at tiltaka er betre tilpassa lokale behov

I oppfølginga av Meld. St. 21 (2016–2017) *Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen* blei det i 2017 innført ei desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen. Målet med ordninga er å møte dei lokale utfordringane meir treffsikkert og at alle skular, kommunar og fylkeskommunar gjennom samarbeid med universitet og høgskular skal ta ansvar for og ha handlingsrom til å drive kvalitetsutvikling lokalt. Alle fylka har etablert samarbeidsforum der skuleeigarar, universitet, høgskular og statsforvaltaren er med. Utdanningsdirektoratet fordeler det statlege tilskotet til kompetanseutvikling gjennom statsforvaltaren til kvart ein-skilt samarbeidsforum. Direktoratet arbeider systematisk med tiltak for å koordinere dei desentraliserte ordningane for kompetanseutvikling i barnehage, skule, spesialpedagogikk og inkluderande praksis, og for yrkesfag, for å styrke det lokale arbeidet med kompetanseutvikling.

Frå 2021 er det fastsett nye retningslinjer for tildeling av midlar til tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring. Tilskotsordninga omfattar tre tilskotsordningar for statleg tilskot til kvalitetsutvikling:

- desentralisert ordning for kompetanseutvikling i grunnskule og vidaregåande skule
- regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage
- kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis

Retningslinjene gjer greie for målsetjingar, roller og oppgåver i ei ny felles tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring. Kunnskapsdepartementet legg til grunn at det er barnehage- og skuleeigarar og universitet og høgskular som er mottakarar av tilskot i ordningane. Retningslinjene blei godt mottekne i høyringa hausten 2020, og Utdanningsdirektoratet

samarbeider tett med statsforvaltarar, universitet og høgskular og andre aktørar i sektoren for å etablere dei nye retningslinjene over heile landet.

Det kan bli aktuelt å tildele ekstra midlar til tilskotsordninga til lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring hausten 2022 dersom det er handlingsrom til det.

Vidareutdanning skal bidra til at fleire lærarar får fordjuping i faga dei underviser i

Regjeringa har som mål at alle lærarar skal ha fordjuping i faga dei underviser i, og vil halde fram med satsinga på vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar. Regjeringa foreslår å styrke vidareutdanningsordninga for lærarar i grunnskulen med 370 plassar i 2022, hovudsakleg innanfor spesialpedagogikk.

I perioden 2013–21 har om lag 49 000 lærarar fått tilbod om vidareutdanning gjennom *Kompetanse for kvalitet – strategi for lærere og skoleledere frem mot 2025*. Vidareutdanninga har medverka til at fleire lærarar har tilstrekkeleg utdanning i undervisningsfaga sine. Samtidig vil det framleis vere utfordringar med å oppfylle kompetansekrava innan 2025. Departementet følger utviklinga nøye. Sjå også omtale under kap. 226, post 22.

Karrierevegen som lærarspesialist skal bidra til at erfarne lærarar blir i yrket

Regjeringa ønsker å halde på gode lærarar i klasserommet og starta i 2015 eit pilotprosjekt for ein ny karriereveg for lærarar som lærarspesialist. Regjeringa har som mål å auke talet på lærarspesialistar til totalt 3 000 innan utgangen av 2022 og gi alle skular tilgang til lærarspesialist i begynnaropplæring. Det vil vere ein styrke for kompetanseutviklinga i skulen at det finst spesialistar i dei fleste sentrale skulefaga og i tillegg innanfor område som begynnaropplæring, profesjonsfagleg digital kompetanse, opplæring av minoritetspråklege elevar og spesialpedagogikk.

Regjeringa foreslår å auke satsinga på karrierevegar for lærarar til 171,7 mill. kroner i 2022. Løyvinga gir rom for å auke talet på lærarspesialistar til 3 000 frå hausten 2022. NIFU gjennomfører ei evaluering av karrierevegar for lærarar. Ein delrapport om spesialistutdanningane blei levert i april. Sluttrapporten om lærarspesialistpiloten kjem i november 2021. Basert på erfaringane frå pilotfasen vil regjeringa hausten 2021 starte arbeidet med å utvikle ei varig tilskotsordning for lærarspesialistar. Denne skal etter planen setjast i verk når målet om 3 000 spesialistar er nådd.

Tiltak for å bidra til at nyttilsette lærarar og skuleleiarar blir i yrket

Regjeringa ønsker at nyutdanna nyttilsette lærarar skal få god rettleiing, slik at dei blir trygge i lærarrolla og får nytta kompetansen sin. I samarbeid med organisasjonar for barnehage, skule og høgare utdanning følger regjeringa opp dei nasjonale rammene for rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i barnehagen og skulen. Sluttrapporten med Rambølls evaluering av rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar blei publisert våren 2021 og vil bli følgd opp i det vidare arbeidet. Utdanningsdirektoratet forvaltar også eit tilskot som kommunar og friskular kan søke på til rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnskulen. Sjå også omtale under kap. 226, post 21, 22 og 61, kap. 231, post 21 og kap. 260, post 50.

Det er viktig å setje inn tiltak som gjer at unge, relativt nyttilsette skuleleiarar trivst, sidan dei ofte er usikre på den vidare yrkeskarrieren sin. Rektorutdanninga er eit viktig rekrutteringstiltak i denne samanhengen. Tilboda om vidareutdanning i ulike emne for dei som har gjennomført rektorutdanninga er òg viktige.

Tiltak for å heve den digitale kompetansen blant lærarar

Det er dei siste åra starta opp vidareutdanning i profesjonsfagleg digital kompetanse og programmering. Det finst òg lærarspesialistutdanning og moglegheit for å bli lærarspesialist i profesjonsfagleg digital kompetanse. I tillegg skal alle vidareutdanningstilbod til lærarar legge til rette for refleksjon om kva den digitale utviklinga betyr for innhaldet og arbeidsmetodane i faget, og gi lærarane erfaring med å bruke digitale ressursar for å nå kompetansemålet i faga. Fleire kompetansepakkar knytte til digital kompetanse er utvikla, mellom anna som støtte til innføringa av dei nye læreplanane innanfor LK20 og til hjelp for lærarar under pandemien. Desse ressursane kan lærarar nytte til eiga kompetanseheving eller som skulebasert kompetanse gjennom tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring. Digitalisering av opplæringa er eit vanleg tema i etterutdanning i denne tilskotsordninga.

Tiltak for å heve kompetansen til yrkesfaglærarane

Gode yrkesfaglærarar med oppdatert fagkunnskap bidreg til relevant og praktisk opplæring for

elevane, noko som vil kunne føre til at fleire fullfører og består fagopplæringa. Regjeringa sette derfor hausten 2015 i gang ei satsing på yrkesfaglærarane – Yrkesfaglærarløftet – for fagarbeidarar i framtida. Satsinga skal bidra til å rekruttere fleire yrkesfaglærarar og sørge for at fleire får ei godkjend lærarutdanning, og at yrkesfaglærarar får høve til å delta i etter- og vidareutdanning.

Som del av Yrkesfaglærarløftet er det moglegheiter for ei rekke vidareutdanningstilbod som skal gi yrkesfaglærarane den kompetansen dei treng for å undervise elevar som møter eit arbeidsliv i utvikling. Som del av satsinga finst det mellom anna fleire vidareutdanningstilbod som skal utvikle den digitale kompetansen til yrkesfaglærarane.

Fylkeskommunane er med i den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling. Det er ei rekke tiltak som inngår i denne ordninga, mellom anna midlar til hospitering og fagleg oppdatering i regi av arbeidslivet. Midlane som gjeld yrkesfag, er skilde frå dei etablerte samarbeidsforuma. Ein viktig grunn er at det innanfor yrkesfaga er andre aktuelle tilbydarar av kompetanseutvikling enn universitet og høgskular, til dømes bedrifter, opplæringskontor, bransjeorganisasjonar og fagskular.

Nye retningslinjer for tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling i fag- og yrkesopplæringa, med tydeleg omtale av mål, roller og oppgåver, blei fastsette av departementet hausten 2020.

NOU om etter- og vidareutdanning i barnehage og grunnopplæringa

Regjeringa har sett ned eit offentleg utval som skal vurdere og foreslå ulike modellar for etter- og vidareutdanning for alle tilsette i barnehage, grunnskule, vidaregåande opplæring, opplæring spesielt organisert for vaksne, og modellar for etterutdanning i fag- og yrkesopplæringa i både skule og bedrift. Utvalets hovudoppgåve er å vurdere korleis ressursane som blir brukte på etter- og vidareutdanning kan innrettast mest mogleg effektiv for best mogleg måloppnåing, og målet er at sektoren samla sett oppnår best mogleg kompetanse for å fremje læring og danning hos barn og elevar. Utvalet skal òg vurdere og foreslå kva som skal vere eit nasjonalt, statleg ansvar, og kva ansvar som skal leggjast på private og offentlege eigarar, leiarar og profesjonen sjølv på lokalt nivå.

Utgreiinga frå utvalet skal etter planen bli lagd fram innan 1. oktober 2022.

Alle lykkast i opplæringa og utdanninga

Utviklingstrekk og utfordringar

Det er framleis for mange som ikkje fullfører vidaregåande opplæring

Vidaregåande opplæring skal førebu elevane på vidare studium og deltaking i yrkes- og samfunns- livet. Derfor må strukturen og innhaldet i opplæringa vere tilpassa behova i høgare utdanning og arbeidsmarknaden. Vidaregåande opplæring må òg vere betre tilpassa behova til elevane og utfordringar og moglegheiter vi kan sjå i framtida. Framleis er det altfor mange som ikkje fullfører vidaregåande opplæring.


Sjølv om vidaregåande opplæring i Noreg har mange sterke sider i eit internasjonalt perspektiv, er regjeringa oppteken av at det må gjerast noko med dei utfordringane som er der. Derfor har regjeringa lagt fram ei stortingsmelding om vidaregåande opplæring, Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. I stortingsmeldinga er det peikt på fem overordna utfordringar i vidaregåande opplæring. Desse er:

1. Vidaregåande opplæring er i for lita grad tilpassa elevar med svake faglege føresetnader.
2. Elevane er ikkje godt nok studieførebuade.
3. Fagopplæringa dekker ikkje behova til elevane, lærlingane og arbeidslivet godt nok.

4. Vidaregåande opplæring er i for lita grad tilpassa den mangfaldige elevgruppa.
5. Vidaregåande opplæring er ikkje godt nok tilpassa for vaksne.

Vidaregåande opplæring er i for lita grad tilpassa elevar med svake faglege føresetnader

Resultat frå grunnskulen er den einskilde faktoren som i størst grad forklarar sannsynet for at elevar kjem til å fullføre og bestå vidaregåande opplæring. Elevar med svake resultat frå grunnskulen fullfører i langt mindre grad enn elevar med betre resultat. Av elevane som hadde mindre enn 30 grunnskulepoeng var det berre omtrent fire av ti som fullførte. Blant elevane med få grunnskulepoeng er det mange gutar og elevar med innvandrarakgrunn, og flestparten av dei er yrkesfagelevar. Dei låge fullføringstala for elevar med få grunnskulepoeng viser at vidaregåande opplæring ikkje lykkast med å gi desse elevane jamgode moglegheiter til å fullføre og bestå. Figuren under viser samanhengen mellom karakterane elevane har frå ungdomsskulen (grunnskulepoeng), og i kva grad dei gjennomfører vidaregåande opplæring.



Figur 4.2 Prosentdel som fullfører og består vidaregåande opplæring innan fem/seks år, etter kor mange grunnskulepoeng dei har (2014-kullet)

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

For skuleåret 2020–21 mangla om lag 6 pst. av elevane karakter i meir enn halvparten av faga, og dei fekk derfor ikkje utrekna grunnskulepoeng. Årsakene til at elevar manglar karakterar, er samansette. Sjå meir statistikk i del III, kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa.

Dei nasjonale prøvane i engelsk og rekning har målt utviklinga sidan 2014 og dei nasjonale prøvane i lesing sidan 2016. Resultata frå 2020 viser i snitt ingen store endringar på nasjonalt nivå. Gutane presterer framleis litt betre enn jentene i rekning på årets prøve, men i lesing er det motsett. I engelsk presterer gutane og jentene meir jamt. Dette er i samsvar med tidlegare års resultat. Gutane presterer noko svakare i år samanlikna med i fjor på alle prøvane.

Norske elevar skulle ha delteke i Programme for International Student Assessment (PISA) i 2021, men undersøkinga vart utsett til 2022 på grunn av covid-19-pandemien. PISA 2022 skal òg kunne kaste lys over utfordringar som følge av pandemien. Sett over fleire år er dei norske resultatata i PISA stabile. Norske elevar deltek også i den internasjonale leseundersøkinga Progress in International Reading Literacy Study (PIRLS) i 2021. Resultata frå undersøkinga blir publiserte i 2022.

Elevar som nyleg har kome til Noreg, og som derfor ikkje har delteke i ordinær undervisning i alle fag, utgjer den største gruppa som ikkje får karakter i alle fag i grunnskulen. Butida har stor innverknad på meistringsnivået til elevane, sidan tida har mykje å seie for utvikling av gode norskferdigheiter. Dei som har budd i Noreg i 7–8 år, nærmar seg nivået til dei norskfødde elevane med innvandrarforeldre i lesing.

Elevane er ikkje godt nok studieførebuade

Det formelle kravet til å vere studieførebuade utdanningsprogram med godkjent vitnemål. Det er ikkje nødvendigvis like klart kva det vil seie å vere godt førebudd for å studere. Eit av hovudmåla med dei studieførebuade studieprogramma er å gjere elevane i stand til å gjennomføre høgare utdanning. Elevar med gode karakterar frå vidaregåande opplæring fullfører i større grad høgare utdanning dei har starta på, enn dei som ikkje har så gode karakterar.

NOU 2019: 25 *Med rett til å mestre* er klar på at den vidaregåande opplæringa må førebu elevane betre på studiar enn det som er tilfellet i dag. Mange studentar manglar kompetanse i å skrive og lese lengre akademiske tekstar. Utgreiinga etterlyser også meir generelle kompetansar som

sjølvstende, kritisk sans, korleis ein skal lære å lære, og det å skilje struktur, tankesett og metodar i ulike fag frå kvarandre. I Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden* knyter regjeringa desse utfordringane opp til manglande moglegheiter til fordjuping i vidaregåande opplæring. For elevar på dei studieførebuade utdanningsprogramma utgjer obligatoriske fellesfag ein stor del av timeplanen, og elevane har mange og små fag samtidig. Det bidreg til at elevane får lite tid til å fordjupe seg i enkelttema eller arbeide med lengre tekstar, og det er gjennom slikt arbeid at ein kan tileigne seg dei ferdigheitene som er etterspurde i høgare utdanning. Både talet på fellesfag, timetalet i faga og dels den tematiske breidda i kvart fag bidreg til å hindre elevane i å fordjupe seg. Studiebarometeret 2018 viser at studentane jamt over gir ein moderat til låg skår på spørsmåla om vidaregåande opplæring førebudde dei godt på høgare utdanning.

Fagopplæringa dekker ikkje behova til elevane, lærlingane og arbeidslivet godt nok

Trass i at både nye lærekontraktar og prosentdelen yrkesfagelevar som fullfører og består, har auka dei siste åra, viser framskrivingar at Noreg kjem til å mangle fagarbeidarar i framtida. Derfor er det viktig å satse på fag- og yrkesopplæringa.

I Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden* viser regjeringa til fleire utfordringar når det gjeld fagopplæringa. For det første er ikkje alle fag- og sveinebrev verdsette i arbeidslivet. Tilgangen på faste stillingar og heiltidsarbeid varierer for ulike lærefag og sektorar. For det andre er det mange unge som ikkje får læreplass, samstundes som fleire bedrifter melder om at dei treng fleire lærlingar. I 2020 fekk 76 pst. av alle søkarar læreplass, medan 6 900 blei ståande utan kontrakt. Utdanningsdirektoratet nemner mellom anna eit misforhold mellom talet på skuleplassar og læreplassar og det at søkarane ikkje blir rekna som kvalifiserte av bedriftene, som nokre av hindringane som gjer at fleire ikkje får læreplass. Ei tredje utfordring er at alternativet til dei som ikkje får læreplass, er mangelfullt. Vg3 i skule er kortare enn lærlingtida, og tilbodet kjem ofte for seint i gang.

I 2020 blei det teikna rundt 21 800 nye lærekontraktar. Trenden dei siste åra har vore ein auke i søkarar som får læreplass. Frå 2019 til 2020 gjekk prosentdelen som fekk læreplass ned 2 prosentpoeng, frå 77,7 pst. til 75,7 pst. Dette kan ha

samanheng med covid-19-pandemien. Det er for mange som ikkje får læreplass, og dette er i mange tilfelle ei årsak til at elevar ikkje fullfører opplæringa. Mange elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram sluttar i overgangen mellom skule og læreplass.

På grunn av covid-19-pandemien blei mange lærlingar permitterte, særleg våren 2020. Det er usikkerheit knytt til konsekvensane covid-19-pandemien vil ha for lærlingar og talet på læreplassar på sikt.

Vidaregåande opplæring er i for lita grad tilpassa den mangfaldige elevgruppa

Dei fleste barn og unge i Noreg trivst på skulen og har god psykisk helse. Men det er også mange som av ulike årsaker treng ekstra støtte og oppfølging. Elevar med behov for særskild tilrettelegging får generelt lite råd og bistand i samband med overgangen til vidaregåande opplæring. Det same gjeld ved overgangen frå vidaregåande opplæring til etterfølgande utdanning, eller til arbeidslivet. Mange elevar møter på utfordringar som kan gi behov for ekstra støtte, og ein del møter på fleire utfordringar samtidig som dei må hanskast med. Døme på dette kan vere negativt stress, psykiske plager og lidingar, manglande føresetnader for å følge ordinær opplæring og behov for spesialundervisning, nedsett funksjonsevne og erfaringar med barnevernet.


Vidaregåande opplæring er ikkje godt nok tilpassa vaksne

Mange vaksne som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, er ikkje i arbeid. Av NOU 2018: 13 *Vaksne i grunnskole- og vidaregåande opplæring* –

Finansiering av livsopphold går det fram at fire av ti vaksne, i aldersgruppa 25–54 år, som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, er utan arbeid. Som Kompetansebehovutvalet har peika på, har personar utan fullført vidaregåande opplæring vesentleg høgare risiko for å få svak tilknytning til arbeidslivet. Dei har også høgare arbeidsløyse, er meir sjuklege og har høgare uføregrad.

Om lag ein halv million i alderen 25–59 år har ikkje fullført grunnskule eller vidaregåande opplæring eller har ukjent utdanning. Om lag ein tredel av desse er innvandrarak. I periodar med stigande arbeidsløyse, slik vi nyleg har vore vitne til i samband med covid-19-pandemien, er det dei som manglar vidaregåande opplæring, som har størst sannsyn for å miste jobben. Samstundes blir det stadig færre jobbar der det er tilstrekkeleg med berre grunnskule.

Undersøkingar viser at berre halvparten av dei som begynner i grunnskuleopplæring for vaksne, fullfører. Det er ein tilsvarande del for vaksne som tek til i vidaregåande opplæring. Både kommunar og fylkeskommunar opplyser at manglande faglege og språklege føresetnader er den viktigaste årsaka til den låge gjennomføringa. Vaksne har ofte jobb- og familieforpliktingar som gjer det vanskeleg å ta utdanning på heiltid. I dag er verken innhaldet eller organiseringa av opplæringa for vaksne tilpassa behova til den samansette målgruppa. Læreplanane i grunnskuleopplæringa for vaksne er dei same som for grunnskulen, og dette gjer det utfordrande for lærarane å tilpasse opplæringa sidan vaksne ofte har andre erfaringar og livssituasjonar enn dei unge. Det at faga i både grunnskule- og vidaregåande opplæring for vaksne ikkje kan delast opp i mindre delar, gir heller ikkje den nødvendige fleksibiliteten som mange vaksne treng.



Figur 4.3 Prosentdel som fullfører og består vidaregåande opplæring 5–10 år etter oppstart. 2010-kullet

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Skulane bidreg i varierende grad når det gjeld læringa til elevane

Det er stort mangfald i den norske skulen, og familiebakgrunnen til elevane, som utdanninga og inntekta til foreldra og eventuell innvandrarbakgrunn, forklarar mykje av skuleprestasjonane deira. For å seie noko om kva som er skulane sitt bidrag til læringa, utarbeider Utdanningsdirektoratet årleg såkalla skulebidragsindikatorar.

Skulebidragsindikatorane for grunnskulen for 2019 og 2020 viser at éin av fem kommunar ligg under forventta skulebidrag på mellomtrinnet. På grunn av avlyste eksamenar våren 2020 blei det ikkje berekna indikatorar for ungdomstrinnet for 2019 og 2020. Det er store forskjellar mellom skular, og også mellom kommunar og til dels fylke, når det gjeld bidraget til læringa i grunnskulen. Det er berre små endringar i bidraget over tid for større kommunar og fylke. For mindre kommunar og skular kan bidraget variere mykje mellom år. Det er ikkje nødvendigvis samheng mellom bidraget til skulane på tvers av trinna. Ein skule kan gjere det godt på barneskuletrinna, og mindre godt resterande trinn. Undersøkingane seier ikkje noko om årsakene til forskjellane.

Resultata for vidaregåande skule for 2019–20 viser at det er tydelege forskjellar mellom skulane når det gjeld kor mykje dei bidreg med, særleg når det gjeld å få elevane til å bestå. Det blir berekna tre ulike indikatorar: karakterpoeng, års-

bestått og deltaking. På grunn av avlyste eksamenar våren 2020 var det ikkje godt nok grunnlag for å berekne indikatoren for karakterpoeng. Analysen viser at det er større forskjellar mellom fylka når det gjeld årsbestått, enn for deltaking. Eit anna funn er at det er større forskjellar mellom fylka på yrkesfag enn på studieførebuande program. Sjå meir omtale i kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa.

Manglande digitale ferdigheiter og bruk av IKT i opplæringa

Regjeringa viser i *Framtid, fornying og digitalisering. Digitaliseringsstrategi for grunnopplæringa 2017–2021* til at digitale ferdigheiter og bruk av IKT i opplæringa er ein svært sentral del av læringa til elevane. Digitale ferdigheiter er like grunnleggande som lesing, skriving, rekning og munnlege ferdigheiter, og inngår i det som blir omtala som kompetansar for det 21. hundreåret. I dei nye læreplanane innanfor LK20 har digitale ferdigheiter blitt styrkt, og programmering er innført i fleire fag. Bruk av teknologi i undervisninga opnar for nye moglegheiter og utfordringar i opplæringa. God implementering av bruk av IKT krev derfor ei målbevisst og strategisk tilnærming. I handlingsplan for digitalisering i grunnopplæringa, som utfyller digitaliseringsstrategien i 2021, blir det mellom anna peika på at det er viktig at dei ulike digitale læringsressursane som skulane kan

nytte, må spele godt saman med kvarandre og med dei administrative løysingane og tenestene i skulen. Dersom dei digitale ressursane ikkje spelar saman på gode måtar, vil elevar og lærarar kunne oppleve bruken som tungvint og ineffektiv. Kommunesektoren vil også kunne oppleve reduserte gevinstar, manglande måloppnåing og høgare kostnader.

Covid-19-pandemien og fysisk stenging av skulane våren 2020 førte til at svært mange skuleeigarar tok i bruk digitale verkøy for å gjennomføre undervisning. Våren 2021 har om lag 25 pst. av skulane vore heilt eller delvis stengde og har gjennomført undervisninga meir eller mindre digitalt. Situasjonen har avdekt at kommunar som ikkje var godt rusta når det gjeld infrastruktur, utstyr, digitale ressursar/læremiddel og kompetanse, var særleg sårbare. Forlaga melder om ein vesentleg auke i sal av digitale læremiddel, med ein tilsvarende nedgang i sal av tradisjonelle lærebøker. Med meir bruk av digitale løysingar og digitale læremiddel er det òg naudsynt med auka merksemd om personvern og informasjonstryggleik i kommunane.

Ei av dei mest samfunnskritiske oppgåvene til Utdanningsdirektoratet er å utarbeide og gjennomføre prøvar og eksamenar. Dagens IKT-løysingar for digital prøve- og eksamensgjennomføring er over ti år gamle og utdaterte, både teknologisk og funksjonelt. Mange elevar er ekskluderte frå å delta på nasjonale prøvar, kartleggingsprøvar og læringsstøttande prøvar fordi løysinga i dag ikkje er universelt utforma. Marknaden for system for prøvegjennomføring har òg utvikla seg raskt og kan tilby ei rekke nye funksjonar som dagens system ikkje har.

Svakare resultat i realfag

TIMSS (Trends in International Mathematics and Science Study) 2019 viste ein tilbakegang i resultat for både matematikk og naturfag på ungdomstrinnet, men tilbakegangen var størst i naturfag. I matematikk på ungdomstrinnet ligg dei norske elevane på nivå med andre nordiske elevar, medan dei ligg ein god del under i naturfag. Samanlikna med dei andre deltakarlanda i TIMSS 2019 er Noreg blant landa med færrast timar til naturfag på ungdomstrinnet.

Konsekvensar av covid-19-pandemien på barn og elevars utvikling og læring

Mange barn og unge har gått glipp av læring og sosialt fellesskap under pandemien. Koordine-

ringsgruppa for tenester til sårbare barn og unge viser til at fleire studiar underbygger at konsekvensane av covid-19-pandemien forsterkar sosioøkonomiske forskjellar. Ein norsk studie som har samanlikna skriveferdigheiter våren 2019 og våren 2020, viser at førsteklasingar har tapt skriveopplæring tilsvarende det ein vanlegvis ville ha lært i løpet av eit halvt år med fysisk skuleundervisning på berre seks veker med heimeopplæring. Elevane som var hardest ramma, var dei utan norsk som morsmål.

Studiar viser både eit opplevd og eit faktisk læringstap på gruppenivå blant elevar på barne- skule, ungdomsskule og vidaregåande skule, jf. Folkehelseinstituttets siste metastudie om konsekvensar av covid-19-pandemien for barn og unges liv og psykiske helse. Det er for tidleg å seie noko om dei langsiktige konsekvensane av pandemien.

Dei nasjonale prøvane i lesing, rekning og engelsk på 5., 8. og 9. trinn i 2020 viser i snitt ingen store endringar på nasjonalt nivå eller fylkesnivå. Gutane presterer litt svakare samanlikna med tidlegare år. Prøvane blei gjennomførte hausten 2020, og det er usikkert korleis covid-19-pandemien påverka resultatene.

Strategiar og tiltak

Fleire skal fullføre vidaregåande opplæring

Fullføringsreforma

Regjeringa la våren 2021 fram stortingsmeldinga om vidaregåande opplæring i eit livslangt læringsperspektiv – Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtiden*. Det har vore få endringar i vidaregåande opplæring sidan Reform 94, trass i at samfunnet har endra seg mykje. Målet er at vidaregåande opplæring skal gi alle eit godt grunnlag for å ta del i arbeids- og samfunnslivet gjennom vidare utdanning og arbeid, og eit grunnlag for å lære heile livet. Reforma skal utvikle ei vidaregåande opplæring som tek inn over seg at menneske er ulike, som gir elevane meir tid til å fordjupe seg og til å følge den einskilde sine interesser. Stortingsmeldinga inneheld tiltak som mellom anna svarer på dei fem hovudutfordringane som er presentert under Utviklingstrekk og utfordringar. Intensjonen til regjeringa er at Fullføringsreforma skal pågå i eit tiårig perspektiv.

Som ein del av planen til regjeringa for å få Noreg ut av krisa som følge av covid-19-pandemien, blei Utdanningsløftet 2020 lansert våren 2020. Satsinga inneheldt mellom anna tiltak for å

få fleire til å fullføre vidaregåande opplæring. Fullføringsreforma bygger på Utdanningsløftet.

Hovudgrepet i Fullføringsreforma er å utvide retten til vidaregåande opplæring. Det inneber mellom anna at retten til vidaregåande opplæring ikkje lenger skal vere avgrensa i tid. Med den nye retten skal alle, uavhengig av alder, ha rett til opplæring inntil dei har fullført og bestått vidaregåande opplæring. Det skal også gjelde unge og vaksne som tidlegare har brukt opp retten til opplæring. Planen er at ein slik rett skal innførast frå 2023 i samband med ny opplæringslov. Som del av Utdanningsløftet er det oppretta eit tilskot som skal gi personar som ikkje har lovfesta rett til opplæringa, moglegheit til å fullføre vidaregåande opplæring. Departementet foreslår å føre tilskotet vidare i budsjettet for 2022. Departementet foreslår også midlar for å gjere vidaregåande opplæring meir tilpassa og fleksibel for elevane. Fullføringsreforma inneber at den utvida retten skal gjere vidaregåande opplæring meir fleksibel for elevane. Det skal mellom anna leggest til rette for at fleire elevar kan få meir tilpassa løp, og at elevar som ikkje består fag skal få meir opplæring slik at dei kan fullføre. I tillegg er det ein sentral del av reforma at innsatsen overfor elevar som slit, skal settast inn tidleg.

For at endå fleire skal fullføre vidaregåande opplæring, vil regjeringa sjå på finansieringa av grunnopplæringa. Regjeringa vil vurdere ulike modellar for resultatbasert finansiering og kome tilbake i kommuneproposisjonen for 2023.

Ein annan viktig del av Fullføringsreforma er at opplæringa skal gi elevane tilstrekkelege moglegheiter til fordjuping. For å oppnå det vil departementet sette i gang eit arbeid for å gjennomgå fag- og timefordelinga i vidaregåande opplæring.

Styrking av fag- og yrkesopplæringa

Regjeringa satsar på fag- og yrkesopplæringa og gjennomfører eit yrkesfagløft i samarbeid med skuleeigarane og partane i arbeidslivet. For å svare på utfordringane som covid-19-pandemien skapte for yrkesfaga, sette regjeringa i verk ei rekke tiltak. Lærlingtilskotet blei auka særskilt for hausten 2020 og våren 2021. I tillegg fekk fylkeskommunane i 2020 og 2021 eit særskilt lærlingtilskot som dei kunne rette mot bransjane og lærefaga som har blitt hardest ramma av covid-19-pandemien og det økonomiske tilbakeslaget som følge av pandemien.

Hausten 2020 blei ein ny tilbudsstruktur for fag- og yrkesopplæringa innført. Det er den største endringa i yrkesfagutdanningane sidan Kunn-

skapsløftet i 2006. Fleire elevar skal få spesialisere seg frå dei startar i vidaregåande opplæring.

Fag- og yrkesopplæringa stiller høge krav til at utstyret i opplæringa er oppdatert og kvalitetssikra. Derfor har regjeringa starta eit forsøk med ulike modellar for å stimulere til finansiering av utstyr i fag- og yrkesopplæringa. I 2020 og 2021 er det totalt løyvd 65 mill. kroner til forsøket, inkludert forskning. Målet med forsøket er å finne ut kva for modellar som er berekraftige, og som kan gi den beste utstyrssituasjonen over tid. Midlar blei utlyste i september i år. Departementet foreslår å vidareføre midlar til forsøket i 2022.

Regjeringa har i Granavolden-plattformen varsla at det skal bli enklare å ta fleire fagbrev. Krava til kompetanse i arbeidslivet aukar, og fleire som har fullført vidaregåande opplæring har behov for eit nytt eller eit første fag- eller sveinebrev. Framskrivningar frå SSB viser at Noreg vil ha for få fagutdanna i framtida. Som del av Fullføringsreforma vil regjeringa innføre ein yrkesfagleg rekvalifiseringsrett. I statsbudsjettet for 2021 er det etablert eit tilskot for å gi personar som allereie har studie- eller yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring, tilbod om å ta eit fagbrev. Tilskotet blir trappa opp i budsjettforslaget for 2022, slik at det blir lagt til rette for å innføre den yrkesfaglege rekvalifiseringsretten frå 2023, i samband med ny opplæringslov.

Sjølv om læreplass er førsteval, skal dei som ikkje får læreplass, få eit mykje betre tilbod om å fullføre med fag- eller sveinebrev enn i dag. Saman med partane i arbeidslivet, lærar- og elevorganisasjonar og fylkeskommunane arbeider departementet for å utvikle eit best mogleg tilbod. Tilskotet som er etablert i statsbudsjettet for 2021 for å legge til rette for tilbodet, blir trappa opp i budsjettforslaget for 2022.

Kompetanse Noreg og Utdanningsdirektoratet har greidd ut korleis eit nasjonalt lærlingtorg, ein nasjonal digital portal, kan forenkle prosessen med å formidle læreplassar. Utgreiinga syner at mange fylkeskommunar allereie har laga verktøy for å forenkle læreplassformidlinga. Regjeringa vil derfor ikkje gå vidare med å utvikle eit nasjonalt lærlingtorg. Som varsla i Meld. St. 21 (2020–2021) vil regjeringa i samarbeid med fylkeskommunane vurdere behovet for å vidareutvikle digitale verktøy som kan nyttast i formidlinga av læreplassar.

I 2018 blei det etablert ei ordning med Fagbrev på jobb, jf. Innst. 290 L (2017–2018) og Prop. 52 L (2017–2018). Ordninga skal gjere det enklare å kombinere arbeid og opplæring. I samband med Utdanningsløftet 2020 blei det i 2020 etablert eit tilskot for å stimulere fylkeskommunane til å tilby

ordninga, som er svært etterspurd. Regjeringa foreslår å vidareføre tilskotet i 2022.

Tiltak for å støtte grunnskulane i læringsarbeidet

Oppfølgingsordninga og Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem

Regjeringa har innført ei nedre grense for skulekvalitet i grunnskulen. Skuleeigarar som har for dårlege resultat over tid, får gjennom oppfølgingsordninga nasjonal hjelp til å løfte kvaliteten på skulen, mellom anna gjennom eit nasjonalt rettleiar-korps av skuleekspertar. Kommunane som er omfatta av ordninga, blir identifiserte gjennom eit indikatorsett for kvalitet i opplæringa, og desse kommunane vel aktuelle tiltak for kvalitetsutvikling i dialog med statsforvaltaren. I 2022 vil det vere 39 kommunar som deltek i oppfølgingsordninga. Kommunane har gjennomført ein forfase der målet har vore å gjennomføre analysar, involvering, forankring, val av tiltak og inngåing av avtalar med kompetansemiljø. Frå hausten 2021 skal dei i gang med gjennomføringsfasen med tiltak som skal føre til kvalitetsforbetringar.

Som eit ledd i oppfølginga av fagfornyninga og oppmodingsvedtaket Stortinget gjorde i samband med behandlinga av Dokument 8:194 S (2017–2018), har regjeringa, med innspel frå partane i skulesektoren, starta arbeidet med å gå gjennom Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem (NKVS). Regjeringa har mellom anna, i dialog med partane, utvikla *Strategi for kvalitetsutvikling i skolen i lys av fagfornyelsen*. Strategien blei publisert i juli 2021 og synleggjer og tydeleggjer mellom anna intensjonar, prosessar, roller og involvering i dette arbeidet. Sjå òg omtale av vedtak nr. 886, 11. juni 2018 i del I, kap. 3 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Ekspertgruppa for skulebidrag leverte våren 2021 sin sluttrapport *En skole for vår tid*. I rapporten gjer ekspertgruppa greie for korleis skolar som systematisk vurderer eigen praksis og nyttar det aktivt til å utvikle kvaliteten, lykkast best med å løfte resultatata til elevane. Rapporten frå ekspertgruppa blei send på høyring i juni 2021 og vil bli følgd opp i det vidare arbeidet med kvalitetsutvikling i skulen etter innføringa av nye læreplanar.

Det nye læreplanverket

I oppfølginga av Meld. St. 28 (2015–2016) *Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet* og Innst. 19 S (2016–2017) er læreplanverket for grunnskulen og fellesfaga i vidaregåande opplæring fornya, jf. læreplanverket for

Kunnskapsløftet 2020 (LK20) og læreplanverket for Kunnskapsløftet samisk (LK20S). Overordna del av læreplanverket er innført for heile grunnopplæringa hausten 2020, og innføringa av læreplanar i fag skjer trinnvis. Hausten 2020 blei dei nye læreplanane i fag tekne i bruk på 1.–9. trinn i grunnskulen og 1. trinn i vidaregåande opplæring, medan 10. trinn i grunnskulen og Vg2 tek dei i bruk hausten 2021 og Vg3 hausten 2022. Dette er den største endringa i skulen sidan Kunnskapsløftet i 2006. Det nye læreplanverket skal bidra til eit verdiløft i skulen og til å ruste elevane best mogleg for framtida. Med nye læreplanar er det behov for å fornye læremidla, og det er alle-reie løyvd midlar til dette i 2019, 2020 og 2021. For 2022 foreslår departementet å vidareføre midlane, jf. omtale under kap. 226, post 21.

Tiltak for å møte mangfaldet i elevgruppa betre

Tett på-meldinga har òg tiltak som skal bidra til at fleire elevar meistrar dei grunnleggjande ferdigheitene når dei går ut av grunnskulen. Sjå nær-mare omtale av tiltaka i Tett på-meldinga under måla «Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø» og «Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt». Regjeringa har som mål å gi barn og unge med innvandrarakgrunn gode norskkunnskapar, grunnleggjande ferdigheiter og fagleg kompetanse gjennom likeverdige utdanningsløp frå barnehage til vidaregåande opplæring, jf. omtale av strategien *Integrering gjennom kunnskap* for perioden 2019–22 i programkategori 07.90 Integrering og mangfald.

Dei to hovudgrepa når det gjeld minoritets-språklege i barnehagen og grunnopplæringa, er

- å styrke tidleg innsats for utvikling av norskkunnskapar, grunnleggjande ferdigheiter og fagleg kompetanse
- å auke kompetansen blant tilsette i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring for å vareta minoritetsspråklege barn og unge i heile utdanningsløpet

Eit av tiltaka i strategien er utviklingsprosjektet *Fleksibel opplæring*, som frå hausten 2020 blei gjort til ei permanent ordning. Ordninga gir nykomne elevar tospråkleg opplæring i matematikk og naturfag på nett, i kombinasjon med den ordinære opplæringa. *Fleksibel opplæring* skal bidra til raskare norskinnlæring og gi eit betre grunnlag for det vidare opplæringsløpet.

For å gjere det lettare å finne ut når ein elev kan tilstrekkeleg norsk til å følge ordinær opplæ-

ring, har Utdanningsdirektoratet utvikla eit nytt digitalt kartleggingsverktøy for kartlegging av norskferdigheit i skulen. Direktoratet har fått i oppdrag å utbetre datagrunnlaget og setje i gang djupstudium for å styrke kunnskapsgrunnlaget om opplæringstilbodet for nykomne elevar.

Ein ny digitaliseringsstrategi skal bidra til betre utnytting av IKT i opplæringa

Strategien *Framtid, fornying og digitalisering. Digitaliseringsstrategi for grunnopplæringa 2017–2021* er tett kopla til fagfornyninga. Mellom anna på grunn av covid-19-pandemien er digitaliseringsstrategien forlengd til 2022. Tiltak for både auka profesjonsfagleg digital kompetanse for lærarar og utvikling og innkjøp av digitale læremiddel skal støtte opp under innføringa av nye læreplanar i grunnopplæringa. Strategien legg også vekt på at staten kan støtte skuleeigarane ved å utvikle digitale fellesløysingar. Regjeringa har hausten 2021 sett ned ei ekspertgruppe som skal sjå på bruk av digital læringsanalyse i grunnskule, høgare utdanning og fagskular. Ekspertgruppa skal levere ei delutgreiing innan 1. juni 2022 og endelege tilrådingar til Kunnskapsdepartementet innan 1. juni 2023.

Hausten 2020 lanserte regjeringa ein ny handlingsplan knytt til digitaliseringsstrategien for grunnopplæringa. Handlingsplanen styrker delar av strategien, særleg når det gjeld digital infrastruktur og trygg og god bruk av IKT i skulen. Digitaliseringsstrategien og tiltaka i handlingsplanen må også sjåast i samanheng med satsinga Den teknologiske skulesekken.

Som oppfølging av utfordringane og sårbarheitene som mellom anna pandemien har avdekt, vil regjeringa i løpet av 2022 lansere ein ny digitaliseringsstrategi for grunnopplæringa. Den nye digitaliseringsstrategien vil bli utvikla i tett samarbeid med kommunane og fylkeskommunane gjennom KS og hente innspel frå både næringslivet og brukarorganisasjonane i sektoren. Tiltaka i handlingsplanen har sett i gang prosessar som vil bli førte vidare inn i den nye digitaliseringsstrategien. Arbeidet med ny digitaliseringsstrategi må også sjåast i samanheng med regjeringas strategi for ein trygg digital oppvekst, under leiing av Barne- og familiedepartementet.

Sjå også omtale av digitalisering i del III, kap. 10 Fornye, forbetre, forenkle.

Utdanningsdirektoratet er i gang med innkjøp og utvikling av eit nytt digitalt system for gjennomføring av prøvar og eksamenar. Systemet skal gi elevane og eksamenskandidatane ei intuitiv og

brukarvennleg teneste der dei kan få vist kompetansen sin på fleire måtar enn i dag. Løysinga skal bidra til at alle prøvar og eksamenar kan utviklast og gjennomførast i ei ny, felles digital løysing. Systemet vil ha brukaren i sentrum og skal støtte krava om universell utforming. På grunn av pandemien er prosjektet forseinka med eitt år. Sjå meir omtale under kap. 226, post 45.

Ein time ekstra i naturfag

Regjeringa vil styrke realfaga i skulen. Det er samanheng mellom talet på undervisningstimar og resultat i naturfag. Samanlikna med dei andre deltakarlanda i TIMSS 2019 er Noreg blant landa med færrest timar til naturfag på ungdomstrinnet. Regjeringa foreslår å løyve 104,2 mill. kroner til å utvide timetalet på ungdomstrinnet med ein ekstra time i naturfag. Kommunane og dei frittstående skulane kan velje om dei skal gi den ekstra timen på 8., 9. eller 10. trinn.

Oppfølging av konsekvensar covid-19-pandemien har hatt på barn og elevars utvikling og læring

Regjeringa sette våren 2021 ned ei arbeidsgruppe leia av utdanningsdirektør Grethe Hovde Parr ved statsforvaltarembetet i Oslo og Viken for å få innspel til gode tiltak som kan bøte på konsekvensane av pandemien for alle elevar og gi dei moglegheit til å ta igjen tapt læring og utvikling. Særskilde tiltak for elevgrupper som er sårbare, skulle også vurderast. Gruppa leverte 15. juni rapporten *Skolen etter koronapandemien. Et løft for trivsel og læring*, der det blir foreslått fleire konkrete tiltak.

Regjeringa foreslår å løyve 240 mill. kroner for å setje skular og barnehagar betre i stand til å følge opp barn og elevar som på grunn av langvarige smittevernstiltak har fått tapt fagleg og sosial læring og utvikling. Område som har hatt høgt smittetrykk, skal få meir enn område som har hatt lågare smittetrykk. Dette skal mellom anna setje dei i stand til å følge opp nokre av tiltaka i rapporten *Skolen etter koronapandemien. Et løft for trivsel og læring*. Sidan det er lokale skilnader i kva det er behov for, bør det lokalt avgjerast kva slags tiltak midlane skal brukast på.

Det er allereie innhenta mykje informasjon om konsekvensane av covid-19-pandemien, og departementet vil halde fram å følge med på konsekvensar av pandemien for barn og elevars læring og utvikling, både gjennom statistikken og gjennom meir forskning. Mellom anna skal Utdanningsdirektoratet lyse ut eitt eller fleire forskingsprosjekt

om dei langsiktige konsekvensane pandemien har hatt for elevane når det gjeld læring, utvikling og psykiske helse.

Kap. 220 Utdanningsdirektoratet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	355 290	357 094	354 126
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	210 748	208 305	200 805
70	Tilskot til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	71 349	72 807	74 700
	Sum kap. 220	637 387	638 206	629 631

Utdanningsdirektoratet har oppgåver innanfor myndigheitsutøving, vurdering, analyse, utvikling, støtte og rettleiing i barnehagesektoren og grunnopplæringssektoren. Arbeidet med digitalisering og bruk av IKT i det pedagogiske arbeidet skal vere integrert i anna arbeid direktoratet gjer, og i dei statlege tiltaka som blir gjennomførte på utdanningsområdet.

Løyvingane under kap. 220 finansierer ordinære driftsoppgåver i direktoratet. I tillegg kjem oppgåver som direktoratet har ansvaret for, men som blir finansierte over andre kapittel. Det er til dømes mellombelse oppgåver som gjeld kvalitetsutvikling og -vurdering i grunnopplæringa og i barnehagen, jf. kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa og kap. 231 Barnehagar. Omtale av verksemda til direktoratet er derfor dels plassert under andre budsjettkapittel. Direktoratet er delegert myndigheit i forvaltningssaker som gjeld

- etatsstyring av statlege skular som gir grunnopplæring, jf. kap. 222
- etatsstyring av statsforvaltaren på barnehageområdet og grunnopplæringsområdet
- tilsynsarbeid som følger av barnehagelova, opplæringslova, friskulelova, vaksenopplæringslova kap. 4 Diverse skular, og folkehøgskulelova
- tolking av og rettleiing om barnehagelova, opplæringslova, friskulelova, vaksenopplæringslova kap. 4 Diverse skular, og folkehøgskulelova med forskrifter på nasjonalt nivå
- tilskot til styrking av norskspråkleg utvikling for minoritetsspråklege barn i barnehage, eksamensavvikling, friskular, folkehøgskular, freds- og menneskerettssenter og andre formål, jf. kap. 224, 225, 226, 227, 228, 231 og 253

Post 01 Driftsutgifter

Mål for 2022

Dei måla som er omtala i innleiinga til programkategoriane 07.20 Grunnopplæringa og 07.30 Barnehagar, er førande for arbeidet til direktoratet.

Måla for verksemda til direktoratet i 2022 er:

- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter varetek utvikling, læring og trivsel hos barn og unge i barnehagar, skular og lærebedrifter.
- Barnehageeigarar og skuleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge.
- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter forstår, formidlar og etterlever regelverket.
- Barnehageeigarar og skuleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av eigne barnehagar og skular og overfor lærebedrifter.
- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeid og administrative prosessar.

Resultat i 2020

Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter varetek utvikling, læring og trivsel hos barn og unge i barnehagar, skular og lærebedrifter

Alle barn og unge har rett til eit inkluderande barnehage- og skulemiljø. Under covid-19-pandemien i 2020 har det vore eit prioritert område å understreke betydninga av barnehagen og skulen som ein arena for barn og unge.

Ifølge rammeplanen skal barnehagen fremje eit inkluderande og stimulerande miljø der alle barn opplever å bli sett og kan delta i lek. Direktoratet har i oppgåve å forvalte rammeplanen og støtte opp om forståinga og bruken i barnehagane. Direktoratet har utvikla rettleiarar og støttemateriell som ligg tilgjengeleg på udir.no, dette hadde mange besøk i 2020.

I 2020 vart det sett i gang ei evaluering av seksårsreforma, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Første delrapport er utsett på grunn av pandemisituasjonen og skal etter planen kome hausten 2022. Denne evalueringa vil gi oppdatert kunnskap om korleis dei yngste elevane opplever skulekvardagen.

Direktoratet starta i 2020 arbeidet med å utvikle ein nasjonal rammeplan for skulefritidsordninga (SFO), jf. omtale i kategoriinnleiinga. Rammeplanen vart fastsett våren 2021. Direktoratet starta også arbeidet med å utvikle støtteressursar for kvalitetsutvikling og innføringa av denne rammeplanen. Målet er å oppnå eit meir likeverdig SFO-tilbod samtidig som det er rom for lokale prioriteringar og lokal variasjon.

I 2020 har direktoratet i samband med fagfornyinga halde fram med å utforme 259 læreplanar for Vg2 og Vg3 i yrkesfaglege utdanningsprogram. Dei 49 nye læreplanane som gjeld for Vg2 og Vg3 i studieførebuande utdanningsprogram, blei fastsette våren 2021. Sametinget fastset læreplanar for særskilde samiske fag i vidaregåande opplæring. For å støtte innføringa av fagfornyinga har direktoratet utarbeidd digitale nettressursar på udir.no, kompetansepakkar og bruk av sosiale medium.

Prøvane som blir utvikla nasjonalt, blir jamleg vidareutvikla, slik at dei er relevante og oppdaterte. Med innføringa av nye læreplanar er det behov for endringar i rammeverket som forklarar kva prøvane måler, og kva dei inneheld. For nasjonale prøvar er dette arbeidet godt i gang. Utviklinga av nye digitale kartleggingsprøvar i lesing og rekning på 1. og 3. trinn er også sett i gang.

I samband med fagfornyinga har direktoratet også gjort endringar i tilknytning til eksamen. Eksamensgjennomføringa i 2020 har vore prega av covid-19-pandemien. Eksamen blei avlyst for alle elevar i grunnskule og vidaregåande opplæring med nokre unntak for elevar med særskilde behov for eksamen, jf. omtale under kap. 225, post 01 og 21. Direktoratet gjennomførte for første gong digital sensorutdanning i ei rekke fag.

Direktorata som har delteke i 0–24-samarbeidet, har arbeidd for at utsette barn og unge og familien deira skal få eit godt og samordna tilbod.

I desember 2020 leverte 0–24-samarbeidet tilrådingar til departementa og direktorata om korleis det kan byggast ein meir varig struktur for samordning på tvers på statleg nivå.

Barnehageeigarar og skuleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge

For å sikre eit godt barnehagetilbod og god opplæring er kompetansen til dei tilsette heilt avgjerande. Parallelt med satsinga på vidareutdanning har direktoratet vidareutvikla dei kollektive barnehage- og skulebaserte kompetanseutviklingstil-taka. Det vart òg utvikla nye retningslinjer for tilskot både til lokal kompetanseutvikling og i fag- og yrkesopplæring som tok til å gjelde frå 2021. Tilskot for lokal kompetanseutvikling omfattar regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage, desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skule og kompetanseløftet i spesialpedagogikk. Ordningane skal bidra til styrkt kollektiv kompetanse ut frå lokale behov og gjennom partnarskap med universitet eller høgskule.

Direktoratet har i 2020 gjennomført opptak til vidareutdanning og skaffa fleire nye vidareutdanningstilbod. Totalt har 1 374 tilsette frå barnehagesektoren og 7 140 frå skulesektoren fått tilbod om vidareutdanning. Deltakarundersøkingar har i fleire år vist at deltakarane stort sett er godt nøgde med innhaldet i vidareutdanningstilboda og opplever eit godt læringsutbytte.

Direktoratet følger utviklinga i kvaliteten på vidareutdanningstilboda i alle ordningane og har i løpet av det siste året fått på plass ein fireårig rammeavtale med NIFU for gjennomføring av deltakarundersøkingar. Som ein del av rammeavtalen vurderer direktoratet å innføre oppfølgingsundersøkingar som kan gi kunnskap om på kva måte vidareutdanninga får konsekvensar for praksis på den einskilde skulen.

Direktoratet utarbeider mykje støttmateriell til arbeidet med kompetanseutvikling i skule og barnehage. Kompetansepakkar blir utvikla i samarbeid med ulike universitet og høgskular til fleksibel bruk i skule- og barnehagebasert kompetanseutvikling. Pakkane har eiga leiarstøtte for gjennomføring og kan nyttast i samband med ordningar for lokal kompetanseutvikling.

Direktoratet har eit omfattande samarbeid med universitet og høgskular. Samarbeidet er av stor betydning for å gi tilsette i barnehage og skule gode kompetanseutviklingstilbod. Direktoratet deltek i ulike referansegrupper, har observatørrolle i ulike fora og har sekretariatsansvar for

Fagleg råd for lærarutdanning 2025. Direktoratet er også oppdragsgivar for ulike studietilbod og forskings- og evalueringstiltak, noko som også krev god dialog med universitet og høyskular.

Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter forstår, formidlar og etterlever regelverket

Direktoratet bruker ulike verktøy for at barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndighetene skal forstå og etterleve regelverket. Barn, unge og foreldre må også få vite kva krav regelverket stiller til barnehagar og skular, og kva rettar dei har etter lova. Direktoratet jobbar for å tilpasse informasjon og rettleiinga til den einskilde målgruppa og bruker mellom anna digitale løysingar i arbeidet med å formidle og forvalte regelverket.

Covid-19-pandemien har sett sitt preg på arbeidet med regelverket i 2020. Direktoratet har brukt mykje tid på å avklare rammene for barnehage- og opplæringstilbodet. Forholdet mellom mellom-bels covid-19-regelverk, smittevernløvgivinga og det ordinære barnehage- og opplæringsregelverket har vore område med stort behov for rettleiing og avklaringar. For å sikre eit best mogleg opplærings- og barnehagetilbod under pandemien har direktoratet i samarbeid med Folkehelseinstituttet mellom anna utarbeidd informasjon og rettleiarar for smittevern for skular og barnehagar i fleire omgangar. Direktoratet har jobba tett med både Folkehelseinstituttet, Helsedirektoratet og Barne- og familiedirektoratet under heile pandemiperioden.

På rettstryggleiksområdet er rettleiing i regelverket, klagesaksbehandling og tilsyn med barnehagemyndighetene og offentlege skuleeigarar delegert til statsforvaltarane. For å bidra til at dei praktiserer regelverket for skulemiljø og handhevingsordninga likt, har direktoratet vore oppteke av å gi dei felles arbeidsverktøy gjennom tolkingutsegner og oppdaterte rettleiingar om skulemiljø og saksbehandling.

Embета har i 2020 vore avgjerande for oppfølginga av barnehage- og opplæringssektoren under pandemien. Dei har fortløpande registrert avvik frå gjeldande regelverk og retningslinjer for smittevern. Ei digital løysing for registrering har gitt Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet direkte tilgang, slik at dei også har kunna nyttigjere seg informasjonen.

Direktoratet har rettleia friskulane i arbeidet med nye læreplanar og bidrege til å støtte innføringa av dei nye læreplanane gjennom forskriftsarbeidet om innføringstakt, individuell vurdering

og klage på vurdering. Direktoratet ser framleis ein stor risiko for brot på regelverket i dei frittstående skulane. Eitt av måla for 2020 har derfor vore å ha fleire og meir treffsikre tilsyn. I tillegg har direktoratet vektlagt tilsyn retta mot utsette barn og unge. På grunn av covid-19-pandemien gjennomførte direktoratet berre skriftlege tilsyn, og skulane fekk utsett frist for å levere dokumentasjon.

Direktoratet starta hausten 2020 oppbygginga av ei avdeling for økonomisk tilsyn med private barnehagar. Det er i 2020 rekruttert leiar av det nye tilsynet og arbeidet med rekruttering av medarbeidarar blei sett i gang.

Barnehageeigarar og skuleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av eigne barnehagar og skular og overfor lærebedrifter

Utdanningsdirektoratet støtter opp om kvalitetsutvikling i barnehagar, skular og lærebedrifter. Dette gjer direktoratet gjennom å vidareutvikle og formidle kunnskap i form av forskning, statistikk og analysar, og ved å tilby støtte, opplæring og rettleiing. Direktoratet støttar Kunnskapsdepartementet når dei utviklar politiske tiltak på nasjonalt nivå.

Udir.no er inngangsporten til kunnskapen, tala og verktøya for sektoren. Sidene på udir.no om statistikk, forskning, rapportar og analysar hadde 480 000 besøk og 2,1 mill. sidevisningar i 2020. I tillegg hadde sidene om brukarundersøkingane 478 000 besøk og 1,8 mill. sidevisningar. Direktoratet har arbeidd med å gjere kunnskapsgrunnlaget endå meir tilgjengeleg gjennom å utvikle det nye verktøyet analysebrett, som skal vise tal og statistikk på ein meir brukarvenleg måte gjennom ei eiga samstilling av statistikk, og gjennom Statistikkbanken, som skal erstatte Skoleporten.

I 2020 har direktoratet prioritert formidling og brukarinvolvering. Elevundersøkinga, lærlingundersøkinga og foreldreundersøkinga i barnehagen er verktøy som gir eit godt grunnlag for at barnehage- og skuleeigarar skal kunne utvikle barnehagane og skulane. I 2020 har direktoratet fått ny kunnskap gjennom fagarbeidarundersøkinga. Direktoratet har også fått ein betre og meir detaljert sysselsetjingsstatistikk.

Covid-19-situasjonen med heimeskule og skule med strenge smitteverntiltak medførte eit stort kunnskapsbehov. Direktoratet har gjennomført fleire ekstra datainnsamlingar om covid-19-situasjonen, og har utarbeidd kunnskapsgrunnlag om konsekvensar av digital undervisning, heimeskule og smitteverntiltak. Desse har mellom

anna blitt nytta av overordna myndigheiter i deira vurdering av konsekvensar av eksisterande smitteverntiltak og behov for nye.

Situasjonen under covid-19-pandemien har òg medført utfordringar og manglar i direktoratet sitt statistikkgrunnlag, til dømes for frávær, eksamenskarakterar og grunnskulepoeng. Direktoratet har gjort ekstra analysar for å svare på korleis manglande eksamenskarakterar påverkar karaktersnittet for 2020-kullet, og eit ekstra djupdykk i dei viktigaste forskjellane mellom eksamenskarakterar og standpunktkarakterar.

Gjennom 0–24-prosjektet er det avdekt at mange kommunar sakna ei felles ressurside for statistikk på oppvekstfeltet. Saman med Folkehelseinstituttet lanserte 0–24-direktorata «Oppvekstprofil» i september 2020. Utdanningsdirektoratet har hatt eit særskilt ansvar for å levere indikatorar som gjeld barnehage og skule inn i oppvekstprofilane.

Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeid og administrative prosessar

Direktoratet har arbeidd målretta for å auke den digitale kompetansen hos tilsette i barnehagen og grunnopplæringa slik at dei kan utnytte dei moglegheitene digitaliseringa gir i læringsarbeid og administrative prosessar. Innsatsen har vore knytt til å stimulere til betre og auka bruk av digitale læremiddel, å utvikle dei digitale fellesløysingane til sektoren, arbeidet med å standardisere digital læringsteknologi, kompetansepakkar for bruk av digitale løysingar og styrkt informasjon om personvern i sektoren.

Covid-19-situasjonen bidrog til ein formidabel vekst i bruk av digitale løysingar. Direktoratet publiserte nettsida Digital kompetanse i barnehage og skole på Udir.no. På sida ligg det både kompetansepakkar som tek for seg digital praksis i barnehagen, og ulike kompetansepakkar til bruk i skulen.

Gjennom Den teknologiske skulesekken er det etablert ei tilskotsordning for kjøp av digitale læremiddel, som bidreg til at elevane har fått betre tilgang på digitale læremiddel av høg kvalitet. Tilskotsordninga blei styrkt i samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2020, som følge av pandemien. Direktoratet fekk 253 søknader frå kommunar og fylkeskommunar i 2020.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 354,1 mill. kroner på posten. Som ei oppfølging av Meld. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*, skal direktoratet ta eit større ansvar på det spesialpedagogiske området og sørge for at tiltak og verkemiddel tek omsyn til heile barne- og elevgruppa, inkludert dei som treng særskilt tilrettelegging.

Departementet foreslår å flytte 0,6 mill. kroner frå posten til kap. 256, post 01, som følge av at nokre oppgåver innanfor områda vaksnes læring og kompetansemobilisering er overførte frå Utdanningsdirektoratet til Kompetanse Noreg, no Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, frå 1. januar 2020.

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 2 mill. kroner for å styrke arbeidet med tilsyn av friskular. Det er heilårseffekten av auken frå hausten 2021 i samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2021, jf. Innst. 600 S (2020–2021).

Løyvinga på posten er redusert med 5 mill. kroner som følge av at forventa pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inkludert arbeidsgivaravgift, er redusert tilsvarende, jf. nærare omtale i del I, kap. 1. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 1,4 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien.

Departementet foreslår å redusere løyvinga til Utdanningsdirektoratet med 6,1 mill. kroner fordi det er berekna ein økonomisk gevinst av omorganiseringa av den sentrale forvaltninga under Kunnskapsdepartementet i 2018, jf. Innst. 400 S (2017–2018) og omtale i Prop. 85 S (2017–2018).

Departementet foreslår at løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3220, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Løyvinga går til kostnader direktoratet har til utviklingsprosjekt og oppdragsverksemd. Forvaltning av IKT-verktøy retta mot sektorane er finansiert over denne posten. Løyvinga finansierer også utarbeiding av eksamensoppgåvene og materiell for rettleiing til sentralt gitt eksamen i grunnskulen, i vidaregåande opplæring og i den sentralt gitte delen av fag- og sveineprøvar innanfor yrkesfaga.

Mål for 2022

Målet med løyvinga er å gi rom for utviklingsprosjekt og oppdragsverksemd innanfor ansvarsområdet til Utdanningsdirektoratet.

Resultat i 2020

Arbeidet med å utarbeide eksamensoppgåvene og materiell for rettleiing til sentralt gitt eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring blei gjennomført som planlagt. Det same gjeld arbeidet med å utarbeide og gjennomføre nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar. Den planlagde gjennomføringsperioden på fire veker vart forlengd med ni veker fordi skulane var stengde i deler av gjennomføringsperioden.

Feide er den sentrale fellesløysinga og tenesteplattforma for grunnopplæringa med sikker autentisering og deling av data mellom skule og leverandør. Utviklingsarbeid og kompetanseheving knytte til Feide har bidrege til at sektoren har vorte betre rusta til å utnytte dei mogleghetene digitaliseringa gir i læringsarbeid og administrative prosessar. Ved utgangen av 2020 var Feides teneste for pålogging tilgjengeleg for 99,9 pst. av elevane i offentlege skular, med 221 mill. påloggingar, 41 mill. fleire enn i 2019. 154 av landets 353 friskular har etablert Feide-teneste. Tilskotsordninga for oppgradering av Feide for kommunar og fylkeskommunar har hatt god verknad i 2020. Nyaste versjon av Feide tek omsyn til informasjonstryggleik og personvern i grunnopplæringa og forenklar og betrar administrasjonen av pålogging og digitale tenester.

Tilskot til læremiddel	2019	2020
Smale fagområde	8	19
Særskilt tilrettelagde læremiddel / særskilt tilrettelagde pedagogiske barnehagemateriell/læremiddel	16	13
Universell utforming	4	0
Parallellutgåver på nynorsk	4	9
Læremiddel for språklege minoritetar / læremiddel / pedagogisk barnehagemateriell for språklege minoritetar	10	10
Samla	42	51

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 74,7 mill. kroner på posten.

I 2020 har direktoratet arbeidd vidare med å utvikle og implementere standardar for å betre tilgangen på digitale læringsressursar, inkludert å legge til rette for å finne relevante ressursar som er tilpassa behovet til den einskilde eleven.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 200,8 mill. kroner på posten. Posten er redusert med 11,8 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon av inntektsløyvinga over kap. 3220, post 01.

Post 70 Tilskot til læremiddel o.a., kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga på post 70 gjeld utvikling av læremiddel.

Mål for 2022

Løyvinga på post 70 skal medverke til at det blir utvikla og produsert læremiddel der det ikkje er grunnlag for kommersiell produksjon, slik at elevane har tilgang på dei læremidla dei treng. Dette gjeld læremiddel for smale fagområde, parallellutgåver på nynorsk, særskilt tilrettelagde læremiddel, universelt utforma læremiddel og læremiddel for språklege minoritetar.

Resultat i 2020

Det blei i 2020 gitt midlar til totalt 51 nye prosjekt. Sjå fordelinga for 2020 i tabell saman med fordelinga frå 2019:

Det blir foreslått ei tilsegnfullmakt knytt til posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Inntekter frå oppdrag	18 037	13 962	2 406
02	Salsinntekter o.a.	2 624		
	Sum kap. 3220	20 661	13 962	2 406

Departementet foreslår å redusere inntektsløyvinga over post 01 med 11,8 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon over kap. 220, post 21. Dette er på grunn av færre oppdrag og fordi inntekter frå VIGO ikkje lenger blir behandla som oppdrag,

men som ei utgiftsdeling, og derfor blir nettoført på kap. 220, post 21, jf. nye krav i Finansdepartementets rundskriv R-101 gjeldande frå 1. januar 2021. Departementet viser også til omtale i Prop. 195 S (2020–2021).

Kap. 221 Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	14 908	16 037	16 066
	Sum kap. 221	14 908	16 037	16 066

Post 01 Driftsutgifter

Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) og Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) er sjølvstendige rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet. Løyvinga gjeld drift av utvala og det felles sekretariatet deira. Dagens utval er oppnemnde for perioden 2020–23.

Mål for 2022

FUB og FUG skal fremje eit godt samarbeid mellom barnehage/skule og heim og vareta interessene til foreldra i barnehage- og skulesamanheng.

Mål for verksemda til foreldreutvala i 2022 er:

- Foreldreutvala og sekretariatet gir råd og innspel til Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeid mellom barnehage/skule og heim.
- Foreldreutvala og sekretariatet gir informasjon og rettleiing om samarbeid mellom barnehage/skule og heim.
- Foreldreutvala og sekretariatet samarbeider med relevante aktørar i saker som gjeld samarbeid mellom barnehage/skule og heim.

Resultat i 2020

Dei nyoppnemnde foreldreutvala hadde sitt første verkeår i 2020. Det var stor aktivitet, og oppgåvene vart løyste på ein god måte, trass eit svært krevjande år med covid-19-pandemien, nye utval og store endringar i personalet i sekretariatet etter at arbeidsstaden vart flytta frå Oslo til Bø i 2018. Utvala sette foreldresamarbeid under pandemien på dagsordenen, leverte mange høyringsvar og kom med klare råd og viktige innspel til departementet og direktoratet. Utvala tok i bruk nye digitale verktøy og utarbeidde nye heimesider og kommunikasjonsplattformer. Utvala tok òg del i ei rekke arbeids- og referansegrupper på nasjonalt nivå og gav informasjon og rettleiing til foreldre, skular og barnehagar.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 16,1 mill. kroner på posten.

Løyvinga under posten er redusert med 0,2 mill. kroner som følge av at forventta pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inkludert

arbeidsgivaravgift, er redusert tilsvarende, jf. nærare omtale i del I, kap. 1. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 0,1 mill.

kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien.

Kap. 222 Statlege skular og fjernundervisningstenester

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	146 026	143 419	151 011
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 208	2 019	2 067
	Sum kap. 222	148 234	145 438	153 078

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvingane på kapittelet gjeld

- drift av Sørsamisk kunnskapspark i Hattfjelldal,
- drift av Samisk vidaregåande skule i Karasjok og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino
- drift av Diamanten skole for elever med døvblindhet
- lønn etter rettsvilkårsavtalen for personale ved nedlagde statlege skular og ventelønn for personale frå avvikla statsinternat i Finnmark

Opplæringa ved Sørsamisk kunnskapspark og dei vidaregåande skulane følger Kunnskapsløftet – samisk.

Mål for 2022

Målet med løyvinga til drift av Sørsamisk kunnskapspark i Hattfjelldal, Samisk vidaregåande skule i Karasjok og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino er å medverke til å utvikle samisk identitet, språk og kultur.

Målet med løyvinga til Diamanten skole for elever med døvblindhet er å medverke til at døvblinde barn og unge i Oslo-regionen får grunnopplæring.

Resultat i 2020

Sørsamisk kunnskapspark

Sørsamisk kunnskapspark tilbyr fjernundervisning for elevar som har rett til språkopplæring i samisk, men som ikkje har tilbod om språkopplæring i eigen kommune. Den positive utviklinga i

talet på elevar som får samisk som fjernundervisning, har halde fram i 2020. Per 1. oktober 2020 var det 86 elevar som fekk samisk som fjernundervisning. Det er ein auke på 26 frå førre skuleår. Frå desember 2019 tilbyr kunnskapsparken også opplæring i lulesamisk. Færre elevar har delteke på språksamlingar på grunn av pandemien.

Samiske vidaregåande skular

Begge skulane er opne for elevar frå heile landet og har både heiltids- og deltidslevar. Dei samiske vidaregåande skulane har eit særleg ansvar for å gi undervisning på og i samisk. Skulane har ei ordning med vertsfamiliar for dei yngste tilreisande elevane. I tillegg til den ordinære undervisninga gir skulane fjernundervisning i samisk. Gjennom fjernundervisningstilbodet bidreg skulane til at elevar frå andre stadar i landet får oppfylt den grunnleggande retten dei har til opplæring i samisk.

I skuleåret 2020–21 hadde Samisk vidaregåande skule i Karasjok 106 elevar. Skulen hadde òg 51 elevar som fekk fjernundervisning.

Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino hadde 95 elevar i skuleåret 2020–21. Skulen hadde òg 63 elevar som fekk fjernundervisning.

Diamanten skole

Statped driv Diamanten skole, som er ein grunnskule og vidaregåande skule for døvblindfødde i Oslo. Skulen hadde 11 elevar i 2020. Skulen flytta inn i nye, tilpassa lokale på Oppsal våren 2020. Skulen blei stengd i mars i samband med covid-19-pandemien, men opna igjen etter kort tid med tilbod til elevar som ønskte dette, og var i ordinær drift frå mai.

Ventelønn

I samband med tidlegare nedlegging av statlege skular og statsinternat i Finnmark er det i 2020 utbetalt 0,7 mill. kroner i ventelønn til tidlegare tilsette ved desse skulane og statsinternata.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 151 mill. kroner på post 01 og 2,1 mill. kroner på post 45.

Løyvinga på post 01 inkluderer ein auke på 1,2 mill. kroner til Sørsamisk kunnskapspark som følge av fleire elevar. Løyvinga inkluderer òg ein auke på 5,1 mill. kroner som følge av auka inntektsløyving til dei statlege vidaregåande skulane og Sørsamisk kunnskapspark, jf. omtale under kap. 3222, post 02.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3222, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Løyvinga under post 01 er redusert med 1,9 mill. kroner som følge av at forventta pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inkludert arbeidsgivaravgift, er redusert tilsvarende, jf. nærare omtale under del I, kap. 1. Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 01 med

0,2 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien.

Nybygg for samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino

Lokala til Det Samiske Nasjonalteateret Beaivváš og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino har store manglar. Regjeringa foreslår å bygge eit nytt samlokalisert bygg for dei to institusjonane med ei startløyving på 60 mill. kroner i 2022. Midlane blir løyvde over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet kap. 2445, post 31. Prosjektet har ei samla ramme på 485 mill. kroner (prisenivå per 1. juli 2022), jf. forslag til vedtak VI. Prosjektet skal gjennomførast innanfor absolutte økonomiske rammer (prinsippa om design-to-cost). Bygget er planlagt å vere klart til skulestart i 2024.

Det er eit mål for prosjektet at det samiske nasjonalteateret skal styrke samisk identitet, språk og kultur ved å bevare og utvikle den samiske forteljar- og scenekunsten. Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule skal gi opplæring til ungdom frå heile landet og bidra til at samisk ungdom styrker samisk identitet, språk og kultur. Saman skal skulen og teateret ta ansvar for å vidareutvikle den samiske identiteten og kulturen og stimulere til rekruttering til skule og teater.

Kap. 3222 Statlege skular og fjernundervisningstenester

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
02	Salsinntekter o.a.	20 371	15 614	21 040
	Sum kap. 3222	20 371	15 614	21 040

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna kurs og vaksenopplæring, sal frå kantine, hybelutleige og betaling frå heimeskulane for fjernundervisning. For å gi betre samsvar mellom budsjetterte og faktiske inntekter ved dei statlege vidaregåande

skulane og Sørsamisk kunnskapspark foreslår departementet å auke løyvinga med 5,1 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av løyvinga på kap. 222, post 01.

Kap. 224 Tilskot til freds- og menneskerettssenter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
70	Freds- og menneskerettssenter		100 838	107 460
71	Det europeiske Wergelandsenteret		11 084	11 672
	Sum kap. 224		111 922	119 132

Kunnskapsdepartementet gir tilskot til sju freds- og menneskerettssenter. Sentera er uavhengige stiftingar. Departementet laga i 2017 ein strategi for freds- og menneskerettssentra, i nært samarbeid med sentera som får statleg tilskot. Strategien legg vekt på særtrekka til sentera og den store fridommen dei har i val av innhald og arbeidsmetodar og -former. Strategien skal bidra til at sentera samarbeider og utfyller kvarandre, og at dei innrettar verksemda og utfører oppgåvene innanfor eit regionalt, landsdekkande og internasjonalt perspektiv. Departementet vurderer at dei sju sentera utfyller kvarandre temamesig og gir grunnlag for eit tilbod som i dag dekker landet på ein god måte.

Post 70 Freds- og menneskerettssenter

Posten omfattar tilskot til desse freds- og menneskerettssentera:

- Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (Oslo)
- Falstadsenteret (Ekne i Trøndelag)
- Arkivet freds- og menneskerettighetscenter (Kristiansand)
- Nansen Fredssenter (Lillehammer)
- Narviksenteret (Narvik)
- Raftostiftelsen (Bergen)

Forvaltninga av tilskotet til desse sentera blei overført frå Kompetanse Noreg til Utdanningsdirektoratet frå 2021. Det innebar at løyvinga over kap. 255, post 77 i 2021 blei flytta til kap. 224, post 70. Resultata for 2020 for dei seks sentera er omtala under kap. 255, post 77.

Mål for 2022,

Freds- og menneskerettssentera skal arbeide med dokumentasjon av, forskning på og formidling av demokrati, fred og menneskerettar, fangehistorie og folkemord.

Dei einskilde sentera har særskilde oppgåver som er nærare definerte i tilskotsbreva til sentera.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 107,5 mill. kroner på posten.

Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme (Dembra) er eit tilbod om kompetanseutvikling til skular som ønsker å arbeide mot fordommar og fiendskap mot grupper, jf. omtale også under kap. 226, post 21 og i del III, kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering. Dembra, som blir koordinert av Holocaust-senteret, er etablert med statleg finansiering og har dei seks fredssentera med statleg tilskot som regionale aktørar. Dembra har blitt eit omfattande nasjonalt tilbod, og det er stor etterspurnad etter tilbodet. Departementet foreslår å auke løyvinga med 4 mill. kroner for å styrke satsinga i 2022. Midlane vil bli fordelte med 300 000 kroner til dei fire sentera som allereie bidreg i Dembra gjennom å tilby kurs (Holocaust-senteret, Falstadsenteret, Arkivet og Narviksenteret). I tillegg foreslår departementet 1,4 mill. kroner til Raftostiftelsen og Nansen Fredssenter. Desse sentera har ikkje tidlegare fått tilskot til å bidra i Dembra. Forslaget inneber at alle sentera vil ha fått auka tilskot dei siste åra, slik at dei mellom anna kan bidra i Dembra-arbeidet med eigne ressursar i tillegg til midlane som blir løyvde til det nasjonale tilbodet over kap. 226, post 21.

Tabell 4.2 Tilskot til freds- og menneskerettssenter

(i 1 000 kr)		
Freds- og menneskerettssenter med tilskot over kap. 224, post 70	Beløp 2021	Beløp 2022
Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter	39 535	40 863
Falstadsenteret	22 779	23 671
Arkivet freds- og menneskerettighetssenter	16 779	17 515
Nansen Fredssenter	6 954	8 535
Narviksenteret	9 049	9 584
Raftostiftelsen	5 742	7 292
Sum	100 838	107 460

Post 71 Det europeiske Wergelandsenteret

Det europeiske Wergelandsenteret (EWC) samarbeider med Europarådet om opplæring i interkulturell forståing, menneskerettar og aktivt medborgarskap, jf. Innst. S. nr. 9 (2008–2009) og St.prp.

nr. 86 (2007–2008) *Om samtykke til inngåelse av samarbeidsavtale av 16. september 2008 mellom Norge og Europarådet om Det europeiske ressurs-senteret for opplæring i interkulturell forståelse, menneskerettigheter og demokratisk medborgarskap.*

Løyvinga til senteret over kap. 255, post 75 blei i statsbudsjettet for 2021 flytta til kap. 224, post 71. Resultata for 2020 for senteret er omtala under kap. 255, post 75.

Mål for 2022

Tilskotet skal bidra til at Wergelandsenteret kan vere eit ressurs-senter for opplæring på områda interkulturell forståing, menneskerettar og aktivt medborgarskap for ulike målgrupper som arbeider på utdanningsfeltet.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 11,7 mill. kroner på posten. Løyvinga inkluderer ein auke på 300 000 kroner til å styrke arbeidet til senteret retta mot elevar og lærarar i Noreg.

Departementet foreslår òg midlar til senteret over kap. 226, post 21 til drift av det nasjonale læringstilbodet i samarbeid med 22. juli-senteret og Utøya AS, jf. omtale under kap. 226, post 21.

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	10 326	23 970	23 902
21	Særskilde driftsutgifter	22 884	112 446	114 780
60	Tilskot til landslinjer	240 373	243 207	247 269
63	Tilskot til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>	71 678	87 660	94 733
64	Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg	44 149	36 265	30 705
65	Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i>	178 552		128 796
66	Tilskot til skuleurar i samband med handlingsplan mot antisemittisme	14 473	15 480	15 477
67	Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk	7 486	9 185	9 154

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
68	Tilskot til opplæring i kriminalomsorga	293 592	302 816	310 689
69	Tiltak for fullføring av vidaregåande opplæring	666 740	691 500	718 834
74	Prosjekttilskot	9 437	6 739	6 914
75	Grunntilskot	92 337	95 942	104 436
Sum kap. 225		1 652 027	1 625 210	1 805 689

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga på post 01 finansierer dei kostnadene som statsforvaltaren har ved å administrere sentralt gitt eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring.

Løyvinga på post 21 dekker utgifter til lærarar som har teke på seg sensoroppdrag ved sentralt gitt eksamen (sensur og klagebehandling). Statsforvaltaren utbetaler midlane. Ordninga er heimla i forskrift til opplæringslova § 3-25 og i Kunnskapsløftet om gjennomføring av eksamen i grunnskulen og vidaregåande opplæring, inkludert den sentralt gitte delen av fag- og sveineprøven innanfor yrkesfaga.

Utarbeiding av sentralt gitt eksamen og elektroniske prøve- og eksamenstenester blir finansiert av løyvinga på kap. 220, post 21.

Mål for 2022

Målet med løyvingane er å medverke til at det blir gjennomført sentralt gitt eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring.

Resultat i 2020

Våren 2020 blei det avlagt mindre enn 100 sentralt gitte eksamenar i grunnskulen, av desse var alle grunnskuleopplæring for vaksne. I vidaregåande opplæring blei det avlagt 36 400 sentralt gitte eksamenar våren 2020. Om lag 2,8 pst. var eleveksamenar og 97,2 pst. var privatisteksamenar. Tala er langt lågare enn vanleg fordi eleveksamen blei avlyst våren 2020.

Hausten 2020 blei det avlagt til saman 34 300 sentralt gitte eksamenar i vidaregåande opplæring, og av desse var 96 pst. privatisteksamenar, medan resten blei avlagde av elevar med rett til anten særskild utsett eller ny eksamen. Eksame-

nar som fylkeskommunen har ansvar for å utarbeide, er ikkje rekna med i desse tala.

I oktober 2020 blei det sett opp ekstra eksamenar for praksiskandidatar som hadde teke kurs retta mot permitterte og ledige. Desse arrangementa er inkluderte i tala for hausteksamen over. 300 kandidatar deltok.

Det blei ikkje behandla nokon klager på eksamen i grunnskulen i 2020. For sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring blei 4 500 klager behandla.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 23,9 mill. kroner på post 01 og 114,8 mill. kroner på post 21. Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 01 med 0,5 mill. kroner og løyvinga på post 21 med 13 000 kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien.

Post 60 Tilskot til landslinjer

Tilskotet går til fylkeskommunar med landslinjer, til drift av landslinjene og til innkjøp av utstyr.

Landslinjeordninga omfattar eit breitt spekter av utdanningstilbod, frå særleg små tilbod som berre finst éin stad i landet, til særleg utstyrskreivjande tilbod som finst fleire stadar. Departementet har endra retningslinjene for landslinjeordninga med verknad frå 1. januar 2021. Endringane gjeld nye landslinjetilbod og utvidingar av eksisterande tilbod. For å bli godkjende er det i utgangspunktet eit krav at søknadene skal vere støtta av alle fylkeskommunane. Det kan vikast frå kravet dersom tilbodet dekker nasjonale kompetansebehov som er særleg viktig, til dømes for å ivareta kritiske samfunnsfunksjonar. Søknadene blir vurderte av Utdanningsdirektoratet. I vurderinga skal det mellom anna leggast vekt på nasjonale og regionale kompetansebehov og tilgangen på læreplassar.

Endringane skal sørge for at nye landslinjetilbod er i godt samsvar med prioriteringane til fylkeskommunane og regionale og nasjonale kompetansebehov. Endringane skal òg gjere søknadsprosessen og kva som blir lagt vekt på i vurderinga av søknadene om landslinjer, meir oversiktleg for søkerane.

Vidaregåande opplæring blir i hovudsak finansiert med dei frie inntektene til fylkeskommunane. Fylkeskommunane er kompenserte for å gi eit tilbod til alle som har rett til vidaregåande opplæring, og dette inkluderer elevar ved landslinjer. For å unngå dobbeltfinansiering vil nye landslinjetilbod og utvidingar av eksisterande tilbod bli finansierte med eit trekk i det samla rammetilskottet til fylkeskommunane.

Mål for 2022

Målet med tilskotsordninga er at elevar frå heile landet kan få eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare kurs i vidaregåande opplæring.

Resultat i 2020

I skuleåret 2020–21 var det 1 697 heilårsplassar fordelt på 51 landslinjetilbod. Hausten 2020 brukte fylkeskommunane om lag 82 pst. av kapasiteten ved alle landslinjene. For våren 2021 var talet 80 pst. I dei siste åra har i overkant av 80 pst. av elevplassane ved landslinjene blitt nytta.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 247,3 mill. kroner på posten.

Det er sendt inn tre søknader om nye/utvida landslinjetilbod frå hausten 2022:

- etablering av tilbod i flyfag i Trøndelag fylkeskommune
- utviding av tilbod i flyfag i Troms og Finnmark fylkeskommune ved Bardufoss vidaregåande skole
- etablering av tilbod i dronedefag i Nordland fylkeskommune ved Andøya vidaregåande skole

Søknaden frå Trøndelag fylkeskommune gjeld 30 elevplassar. Det er ei rekke fylkeskommunar som ikkje støttar søknaden. Desse fylkeskommunane uttrykker bekymring for tilgangen på læreplassar og at eit nytt landslinjetilbod i flyfag kan splitte opp eksisterande fagmiljø. Fagleg råd for elektro og datateknologi har uttalt at tilgangen på læreplassar ikkje er tilstrekkeleg dokumentert. Forsvaret, som ikkje er representert i Fagleg råd for

elektro og datateknologi, har informert om at skulesenteret dei har på Kjevik skal flyttast til Værnes, og at ei ny landslinje vil vere viktig for rekrutteringa av lærlingar og fagutdanna til Forsvaret. Utdanningsdirektoratet meiner at risikoen for mangel på læreplassar må vegast opp mot konsekvensane dersom kritiske samfunnsfunksjonar ikkje får dekt det kompetansebehovet dei har. Etter ei heilskapleg vurdering tilrår direktoratet at søknaden frå Trøndelag fylkeskommune blir godkjend. Departementet støttar vurderinga til direktoratet.

Troms og Finnmark fylkeskommune søker om å utvide landslinjetilbodet i flyfag ved Bardufoss vidaregåande skole med 12 elevplassar. Det utvida tilbodet er oppretta med fylkeskommunal finansiering frå skuleåret 2020–21, men fylkeskommunen meiner at det ikkje er mogleg å vidareføre utvidinga med fylkeskommunal finansiering. Fleire fylkeskommunar støttar ikkje utvidinga av landslinja, men Fagleg råd for elektro og datateknologi har uttalt at tilgangen på læreplassar er tilstrekkeleg til å utvide tilbodet. Utdanningsdirektoratet viser til at Troms og Finnmark dokumenterer at søkarar frå skulen blir rekrutterte til kritiske samfunnsfunksjonar i Forsvaret, kystvakta og ambulansetenesta. Direktoratet tilrår at søknaden blir godkjend av omsyn til særleg viktige nasjonale kompetansebehov. Departementet støttar vurderinga til direktoratet.

Nordland fylkeskommune søker om å etablere eit landslinjetilbod i dronedefag ved Andøya vidaregåande skole med 15 elevplassar. Søknaden får i hovudsak støtte frå andre fylkeskommunar. Oslo kommune støttar ikkje søknaden og viser til at kommunen har planar om å etablere tilbod i dronedefag frå hausten 2022 ved minst éin vidaregåande skule. Nordland fylkeskommune argumenterer sjølv for at dronedefaget vil få stor vekst framover i bedriftsmarknaden, i offentleg forvaltning og for militære formål. Utdanningsdirektoratet meiner dette talar for at tilbodet ikkje vil vere lite, og derfor ikkje høyrer heime i landslinjeordninga. Tilbodet i dronedefag er nytt, og læreplanen for faget er ikkje godkjend. Direktoratet viser til at fylkeskommunane gjerne avgjer om dei vil tilby eit nytt fag i samband med at læreplanen for faget er til høyring. Direktoratet viser til at Nordland fylkeskommune ikkje har gjort greie for kva som vil bli konsekvensane om tilbodet ikkje blir etablert. For direktoratet kan det synast som det vil bli etablert tilbod i dronedefag, uavhengig av landslinjetilbod. Direktoratet tilrår at søknaden ikkje blir godkjend. Departementet støttar vurderinga til direktoratet. Nye tilbod som det er sannsynleg at vil bli

etablert fleire stadar i landet, bør ikkje få status som landslinje.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 3,3 mill. kroner for å legge til rette for å etablere ein ny landslinje i flyfag i Trøndelag og å utvide tilbodet i flyfag ved Bardufoss vidaregåande skole i tråd med søknaden frå Troms og Finnmark fylkeskommune. Løyvingsauken blir motsvar av ein tilsvarende reduksjon av rammetilskotet til fylkeskommunane.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,8 mill. kroner for å dekke vøreffekten av Vg3-tilbodet for landslinja i sjømat som blei oppretta ved Vardø vidaregåande skole hausten 2019.

Løyvingsforslaget inneber at satsane for tilskotsordninga blir vidareførte på same nominelle nivå som i 2021.

Post 63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa, kan overførast

Under denne posten er det tre tilskotsordningar:

- ei ordning for samiskopplæring i grunnskulen
- ei ordning for samiskopplæring i vidaregåande opplæring
- ei ordning for studiepermisjonar for vidareutdanning i samisk for lærarar i heile grunnopplæringa

læringa og rekrutteringsstipend for lærarstudentar

Berekningsreglane for tilskotsordningane for samiskopplæring i grunnskulen og vidaregåande opplæring er kompliserte og gir store forskjellar i tilskot for elevar i kommunar/fylkeskommunar innanfor og utanfor det samiske forvaltningsområdet. Departementet vil gi Utdanningsdirektoratet i oppdrag å revidere retningslinjene for tilskot til samiskopplæring i grunnskulen og i vidaregåande opplæring. Departementet vil ha dialog med Sametinget i arbeidet med nye retningslinjer.

Mål for 2022

Tilskotet skal bidra med finansiering til kommunar, fylkeskommunar og frittstående skular som tilbyr samiskopplæring i samsvar med § 6-2 og § 6-3 i opplæringslova. Tilskotet skal òg bidra til at lærarar får vidareutdanning i og lærarstudentar tek utdanning i samiske språk.

Resultat i 2020

Talet på elevar som vel samisk språk i grunnskulen, har auka frå 2017 til 2020, jf. tabell 4.3.

Tabell 4.3 Tal på grunnskuleelevar med samisk som første- og andrespråk

Skuleår	2017–18	2018–19	2019–20	2020–21
Samisk som førstespråk	935	952	954	1 011
Samisk som andrespråk	1 333	1 442	1 455	1 511
Totalt	2 268	2 394	2 409	2 522
Endring frå året før i pst.	6,8	5,6	0,6	4,7

Kjelde: Grunnskolens Informasjonssystem (GSI)

I tilskotsordninga til samisk i vidaregåande opplæring blei det i 2020 utbetalt tilskot for i alt 279 elevar. Dette er 3 fleire elevar enn i 2019.

I 2020 blei det utbetalt 2,2 mill. kroner til studiepermisjonar for vidareutdanning i samisk for lærarar i grunnopplæringa og til stipend for lærarstudentar. Til samanlikning blei det utbetalt 3,5 mill. kroner i tilskot i 2019 og 3,4 mill. kroner i tilskot i 2018. Statsforvaltaren melder om at universitet og høyskular har hatt for få vidareutdanningstilbod for lærarar i 2020 i høve til behovet.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 94,7 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 4,8 mill. kroner som følge av at fleire elevar får opplæring i samisk.

Post 64 Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg

Løyvinga skal finansiere opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg. Dette omfattar asylsøkarar og personar som søker om familiesameining. Løyvinga inkluderer tilskot til tre grupper:

- barn og unge til og med 15 år som har rett og plikt til grunnskuleopplæring
- ungdom mellom 15 og 18 år som søker opphald, og som har rett til grunnskuleopplæring
- ungdom mellom 15 og 18 år som søker opphald, og som har rett til vidaregåande opplæring

Tilskotsordninga er avgrensa til dei som bur på mottak/omsorgssenter eller oppheld seg lovleg i landet medan dei ventar på å få avgjort søknad om opphaldsløyve inntil dei fyller 18 år, eller har fullført det skuleåret dei fyller 18 år.

Mål for 2022

Tilskotet skal bidra til at barn og unge som søker opphald i Noreg, får grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova § 2-1 andre ledd og § 3-1 tolvte ledd.

Resultat i 2020

I gjennomsnitt fekk 694 barn som var busette i mottak/omsorgssenter eller som budde privat, grunnskuleopplæring i skuleåret 2019–20. Det er på same nivå som skuleåret 2018–19. I vidaregåande opplæring var det i skuleåret 2019–20 i aldersgruppa 16–18 år i gjennomsnitt 18 elevar. Det er om lag på same nivå som skuleåret 2018–19.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 30,7 mill. kroner på posten. Løyvinga er redusert med 6,5 mill. kroner som følge av ein venta reduksjon i talet på elevar som utløyser tilskot til grunnopplæring.

Post 65 Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, kan overførast

Mål for 2022

Løyvinga skal nyttast til å innfri tilsegner om rentekompensasjon som er gitt i perioden 2002–16. Målet med å gi tilsegnene har vore å stimulere kommunar og fylkeskommunar til å bygge nye skule- og symjeanlegg og rehabilitering og ruste opp eksisterande anlegg.

Resultat i 2020

Det blei utbetalt 178,6 mill. kroner i rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg i 2020.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 128,8 mill. kroner på posten. Det er lagt til grunn ein renteføresetnad på 1 pst. for 2022.

Post 66 Tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme

Til og med 2019 gjaldt posten tilskot til leirskule, men frå 2020 blei midlar til leirskule innlemma i rammetilskotet til kommunane under kap. 571, post 60, jf. Prop. 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. For nærare omtale av lovfesting av plikt for kommunane til å tilby leirskule eller annan skuletur med overnatting som del av grunnskuleopplæringa, sjå Prop. 88 L (2018–2019) *Endringar i opplæringslova, folkehøgskolelova, friskolelova m.m. (samleproposisjon)*.

For 2019 gjaldt posten også tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme. Dette omfatta skuleturar for ungdom i alderen 12–16 år til tidlegare konsentrasjonsleirar og minnestadar frå den andre verdskrigen. *Handlingsplan mot antisemittisme 2016–2020* gjekk ut ved årsskiftet 2020–21. Regjeringa lanserte ein revidert handlingsplan mot antisemittisme i januar 2021, denne gjeld ut 2023. Tilskot til desse skuleturane er eit av tiltaka i denne.

Frå og med 2020 gjeld denne posten berre tilskotsordninga til turar i samband med handlingsplanen mot antisemittisme. Departementet har fastsett reviderte retningslinjer som gjeld frå og med skuleåret 2020–21, der også elevar i vidaregåande opplæring blir omfatta av ordninga. I september 2020 blei retningslinjene for tilskotsordninga endra på grunn av covid-19-pandemien, slik at reisemål i større grad kan bli tilpassa dei minnestadene frå den andre verdskrigen som finst i Noreg, og at skuleturane kan vere av kortare varigheit enn tre overnattingar.

Mål for 2022

Målet med tilskotsordninga er å stimulere til at skuleeigarar, skular og foreldregrupper organiserer turar til tidlegare konsentrasjonsleirar eller minnestadar for elevar på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring.

Resultat i 2020

Til tilskotsordninga til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme kom det inn

254 søknader i 2020, mot 390 søknader i 2019. Det blei for skuleåret 2020–21 gitt tilskot for i alt 12 211 elevar i ungdomsskule og vidaregåande opplæring, mot 16 550 ungdommar i ungdomsskulen i skuleåret 2019–20. Alle søknader som fylte kriteria i tilskotsordninga, fekk tilskot. Nedgangen i talet på søknader kom i hovudsak av covid-19-pandemien. Det er i stor grad private aktørar som arrangerer turane.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 15,5 mill. kroner på posten.

Post 67 Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk

Under denne posten er det tre tilskotsordningar:

- ei tilskotsordning for opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk i grunnskulen
- ei tilskotsordning for opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk i vidaregåande opplæring
- ei ordning med studiepermisjonar for vidareutdanning i kvensk eller finsk for lærarar i grunnskulen

Mål for 2022

Målet med løyvinga er å bidra med finansiering slik at elevar med kvensk/norskfinsk bakgrunn i Troms og Finnmark får opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk ved kommunale og frittstående grunnskular i samsvar med rettane som går fram av § 2-7 i opplæringslova. Vidare er målet med løyvinga å bidra med finansiering slik at elevar og lærlingar med kvensk/norskfinsk bakgrunn får opplæring i kvensk eller finsk ved fylkeskommunale og frittstående vidaregåande skular. Det er òg eit mål å styrke kompetansen i kvensk og finsk for lærarar i grunnskulen.

Resultat i 2020

Talet på elevar i Troms og Finnmark som vel kvensk eller finsk som andrespråk i grunnskulen, er lågare enn åra før. Hausten 2020 var det 443 elevar. Dette er 28 færre enn i 2019.

Våren 2020 var det i alt 25 elevar som fekk opplæring i kvensk eller finsk i vidaregåande opplæring. Det er 2 fleire enn i 2019.

Frå den årlege løyvinga til to heile studieheimlar for vidareutdanning av lærarar i kvensk eller finsk språk, blei det innvilga tilskot til ein kvart

studieheimel i 2020, noko som er det same som i 2019.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 9,2 mill. kroner på posten. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,3 mill. kroner som følge av oppdatert anslag for talet på elevar som vil få opplæring i kvensk eller finsk.

Post 68 Tilskot til opplæring i kriminalomsorga

Innsette i fengsel har rett til opplæring under soning av straff. Tilskot til opplæring i kriminalomsorga skal bidra til at dei innsette får den opplæringa dei har krav på. Fylkeskommunane har ansvaret for opplæringa i norske fengsel, og dei vidaregåande skulane står for den praktiske gjennomføringa.

Fylkeskommunar med særskilde oppgåver vil få særskilt tilskot for tilbod som ungdomseiningar, oppfølgingsklassar, eining for tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning (TAFU), eining for narkotikaprogram med domstolskontroll (ND) og den felles IKT-løysinga Desktop for skolen (DFS).

Mål for 2022

Målet med tilskotsordninga er at innsette som ikkje har fullført grunnskulen eller vidaregåande opplæring, og som har rett til og ønsker slik opplæring, får det. I tillegg skal lauslatne kunne fullføre opplæring som er begynt under soning. Opplæringa skal bli gitt etter kompetansemål frå læreplanverket for Kunnskapsløftet og opplæring i grunnleggande ferdigheiter.

Resultat i 2020

Det er opplæringstilbod for innsette i alle fengsla i Noreg. I tillegg finst det oppfølgingsklassar og ein TAFU (tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning) for å lette overgangen etter lauslating ti stadar i landet.

Om lag 40 pst. av dei innsette tok del i ei eller anna form for opplæring i 2020, ned frå 45 pst. i 2019. I hovudsak følger opplæringa læreplanverket for vidaregåande skule, og i stor grad yrkesfag. I samarbeid med kriminalomsorga bruker skuleverket ressursar på ulike opplæringstilbod for å stimulere innsette til å kome i gang med grunnskule og/eller vidaregåande opplæring,

kategorisert som «anna opplæring» i tabell 4.4. Skulane samarbeider med kriminalomsorga for å legge til rette for dei innsette som ønsker å ta fatt på høgare utdanning.

Smitteverntiltaka mot covid-19-pandemien fekk betydelege konsekvensar for opplæringa i kriminalomsorga i 2020. Når undervisningspersonalet ikkje kunne gjennomføre undervisning i

klasseromma i fengsla, var det ikkje fullgode digitale erstatningar. Smitteverntiltaka førte til ein reduksjon av opplæringstilbodet, færre gjennomførte eksamenar og dermed færre fullførte opplæringsløp. Statsforvaltaren i Vestland og Kriminalomsorgsdirektoratet har sett i gang ulike tiltak for å styrke den digitale opplæringa i fengsla.

Tabell 4.4 Tal på elevar/deltakarar i fengsel og oppfølgingsklassar og tilbakeføringsprogram gitt i totaltal og gjennomsnitt, fordelte etter opplæringstype

	2019				2020			
	Heiltid		Deltid		Heiltid		Deltid	
	Reg. elevar	Snitt	Reg. elevar	Snitt	Reg. elevar	Snitt	Reg. elevar	Snitt
Grunnskule	9	2	189	81	5	2	138	41
Vidaregåande skule	312	157	2 742	716	196	121	3 021	737
Korte opplæringstilbod	152	27	2 791	310	64	19	1 878	252
Anna opplæring	8	11	1 348	222	5	9	866	200
Sum	481	201	7 070	1 336	270	151	5 903	1 230
Fagskule ¹	21	4			20	5		
Høgskule/universitet	133	65			127	63		

Reg. elevar vil seie kor mange som har fått opplæring i løpet av kalenderåret.

Snitt vil seie gjennomsnittleg tal på elevar/deltakarar basert på fire rapporteringstidspunkt i løpet av året.

Korte opplæringstilbod er tilpassa opplæringstilbod heimla i fagplanverket for den vidaregåande skulen.

¹ Tala for fagskule og høgskule/universitet er ikkje differensierte etter heiltid/deltid.

Kjelde: Statsforvaltaren i Vestland

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 310,7 mill. kroner på posten.

Delar av løyvinga vil gå til drift av Desktop for skolen, som er eit IKT-system for sikker bruk av digitale verktøy i opplæringa i fengsla.

Departementet foreslår ei tilsegnfullmakt på posten, jf. forslag til vedtak III nr. 2.

Post 69 Tiltak for fullføring av vidaregåande opplæring

Løyvinga legg til rette for gjennomføringa av Fullføringsreforma, jf. Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtiden*.

Mål for 2022

Løyvinga skal føre til at fleire fullfører vidaregåande opplæring, og at fleire med studie- eller yrkeskompetanse tek fagbrev.

Resultat i 2020

I 2020 fekk fylkeskommunane utbetalt totalt 666,7 mill. kroner til tiltak for fullføring av vidaregåande opplæring over posten, som del av Utdanningsløftet.

Det blei utbetalt 297 mill. kroner for at arbeidsledige og permitterte utan rett til opplæring skulle kunne fullføre vidaregåande opplæring. Tiltaka i fylkeskommunane omfatta i 2020 1 320 ledige og permitterte. Det er færre enn talet på deltakarar som departementet la til grunn for tilskotet. Fylkeskommunane melder om at det har vore krevjande å rekruttere deltakarar i målgruppa, særleg i ein tidleg fase. Vaksne som manglar studie- eller

yrkeskompetanse, har ofte låg utdanningsmotivasjon. I tillegg er det relativt få permitterte som ønsker å ta utdanning medan dei ventar på å kome i arbeid.

175 mill. kroner var retta mot utfordringar i fag- og yrkesopplæringa og lærefag som var særleg hardt ramma av pandemien. Rapportering frå fylka viser at 2 700 lærlingar, praksisbrevkandidatar og lære kandidatatar har vore omfatta av ordninga i 2020. Det var størst behov for tiltak innanfor lærefaga elektrikar, kokk, sal og frisørfaget.

Det blei utbetalt 148,7 mill. kroner for at avgangselevar utan vitnemål skulle fullføre vidaregåande opplæring. Rapportering frå fylkeskommunane viser at 1 128 elevar har vore omfatta av ordninga i 2020, og at matematikk og norsk er faga flest elevar fekk undervisning i. Av elevane som var omfatta av ordninga, hadde 9 pst. nådd studie- eller yrkeskompetanse per midten av desember 2020, medan 38 pst. hadde avlagt eksamen/fagprøve og venta på sensur. 29 pst. fekk framleis undervisning. Fråfallet i målgruppa er relativt stort, noko som mellom anna kjem av at fleire av elevane har eit stort opplæringsbehov for å fullføre. Fleire fylkeskommunar melder om at ein del av målgruppa er vanskeleg å motivere for meir opplæring.

Det blei utbetalt 46 mill. kroner for at fleire skulle bruke ordninga Fagbrev på jobb, og fylkeskommunane melde om 700 deltakarar som blei finansierte av tilskotet i 2020.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 718,8 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår å vidareføre og trappe opp fleire av tilskota som blei oppretta i 2020 som ein del av Utdanningsløftet 2020, for å legge til rette for gjennomføring av Fullføringsreforma. Det gjeld følgende tilskot til fylkeskommunane:

- 304,5 mill. kroner for at personar utan lovfesta rett til vidaregåande opplæring kan få moglegheit til å oppnå studie- eller yrkeskompetanse. Tilskotet legg til rette for innføring av ein utvida rett til vidaregåande opplæring frå hausten 2023 i tråd med forslaget til ny opplæringslov
- 46 mill. kroner for å stimulere til auka bruk av ordninga Fagbrev på jobb. Målgruppa for ordninga er vaksne i arbeidslivet som har fullført grunnskulen eller tilsvarande opplæring, og som har praksis frå lærefaget, men som har behov for rettleiing for å gå opp til fagprøva

- 256,5 mill. kroner for at tilbodet til dei som ikkje får læreplass (Vg3 i skule), skal bli utvida og forsterka. Det er ein auke på 102,6 mill. kroner i høve til 2021 som følge av at tilskotet får heilårsverknad. Auken tek vidare omsyn til ein auka etterspurnad etter tilbodet som følge av covid-19-pandemien. Saman med partane i arbeidslivet, lærar- og elevorganisasjonar og fylkeskommunane arbeider departementet for å utvikle eit best mogleg tilbod
- 111,8 mill. kroner for at fleire som allereie har studie- eller yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring, skal få tilbod om å ta eit fagbrev. Målgruppa inkluderer personar med omstillingsbehov og unge med studiekompetanse som ikkje er motiverte for eller ikkje kjem inn på høgare utdanning. Tilskotet legg til rette for 1 000 nye deltakarar i yrkesfagleg utdanning frå hausten 2021. Det er lagt til grunn at halvparten har behov for eit tilnærma fullt løp i yrkesfagleg utdanning (opptil 3 1/2 år), medan den andre halvparten berre treng eitt år i lære. Tilskotet blir derfor trappa opp med 65,2 mill. kroner i høve til 2021

Fleire av tiltaka inneber utgifter til utdanningsstøtte under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Departementet vil kunne omprioritere mellom tilskota dersom vurderingar frå fylkeskommunane om ressursbehov tilseier det.

Innanfor løyvinga kan det òg bli gitt tilskot til friskular.

Post 74 Prosjekttilskot

Som varsla i Prop. 1 S (2020–2021) for Kunnskapsdepartementet vil departementet endre innrettinga av ordninga frå 2022-budsjettet slik at ho blir meir avgrensa enn i dag. På den måten kan ordninga rettast inn mot prosjekt på område der departementet meiner det er eit særleg behov for at private og frivillige organisasjonar gjennomfører tidsavgrensa tiltak. I tillegg vil organisasjonane som mottek tilskot, som hovudregel få innvilga tilskot i inntil tre år såfram dei oppfyller krava i tilskotsordninga, og gitt Stortingets årlege budsjettvedtak.

Mål for 2022

Formålet med tilskotsordninga er å stimulere organisasjonar til å setje i verk prosjekt som på ulike måtar kan bidra til å nå dei måla departementet har sett for grunnopplæringa, jf. omtale i

kategoriinnleiinga. Verksemda til organisasjonane skal ha ein nasjonal verdi, og aktivitetar/tiltak skal nå flest mogleg elevar og skular. I 2022 vil departementet støtte tiltak som skal betre læringsmiljøet gjennom tiltak mot mobbing.

Resultat i 2020

Følgande organisasjonar fekk tildelt til saman 9,4 mill. kroner frå tilskotsordninga for private og frivillige organisasjonar i 2020:

- Stiftinga Magasinett
- Stiftinga Pirion
- Redd Barna
- Landslaget for norskundervisning
- MOT Norge
- Sex og Politikk
- FRI – Rosa kompetanse skole
- Skeiv Ungdom
- Foreningen Les
- Dysleksi Norge
- Organisasjonen Voksne for barn
- Barnevakten

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 6,9 mill. kroner på posten.

Post 75 Grunntilskot

I Prop. 1 S for 2021 varsla departementet at det skulle stillast tydelegare krav til mottakarar av grunntilskot, og at mottakarar av grunntilskot i 2021, skulle gi informasjon om planlagd bruk av tilskotet i 2022 og framover. Utdanningsdirektoratet har henta inn denne informasjonen. Departementet vil vurdere innrettinga til grunntilskotet.

Mål for 2022

Målet med ordninga er å sikre langsiktige og stabile rammevilkår for nasjonale ressursmiljø som på ein særskild måte bidreg til å nå dei måla departementet har sett for grunnopplæringa, jf. kategoriinnleiinga.

Resultat i 2020

Grunntilskot til organisasjonar mv.

I 2020 fekk følgande organisasjonar tildelt til saman 39,7 mill. kroner frå ordninga for grunntilskot til private og frivillige organisasjonar:

- Elevorganisasjonen
- FIRST Scandinavia

- Operasjon Dagsverk
- WorldSkills Norway
- Foreningen Norden
- Norsk håndverksinstitutt
- Forandringsfabrikken
- Blå Kors – Snakk om mobbing
- Teknisk Senter AS
- Ungt Entreprenørskap Norge
- Blikk AS
- Stiftelsen Barnevakten – Nettvettprogram til innføring av fagfornyelsen
- Musikkens Studieforbund – Krafttak for song
- Faktisk.no
- Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner
- Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
- Unge funksjonshemmede

Grunntilskot til Andøya Space Education

I 2020 fekk Andøya Space Education (ASE) 16,2 mill. kroner over posten. I 2020 deltok 4 396 personar på ulike aktivitetar i regi av ASE. 3 037 var elevar i grunnopplæringa, 4 140 færre enn i 2019 på grunn av covid-19-pandemien. ASE gjennomførte i 2020 ei rekke etter- og vidareutdanningskurs for lærarar og hadde ansvaret for fleire nettbaserte læringsressursar.

Grunntilskot til friskuleorganisasjonane

I 2020 fekk fire friskuleorganisasjonar eit samla tilskot på 0,9 mill. kroner. Organisasjonane utførte samordningsoppgåver for til saman 280 godkjende medlemsskular. I tillegg fekk organisasjonane 0,8 mill. kroner til arbeid med nye læreplanar fordelt på 256 godkjende medlemsskular.

Grunntilskot til kunst- og kulturarbeid i grunnopplæringa

Norsk kulturskoleråd, Fellestrådet for kunstfagene i skolen og Samarbeidsforum for estetiske fag fekk 34,9 mill. kroner over posten i 2020. Organisasjonane har arbeidd med ei rekke tiltak og satsingar for å betre kvaliteten i kulturskulane og i arbeidet med kunst og kultur i grunnopplæringa. Kvar tilskotsmottakar har fordelt ein del av tilskotet vidare til underliggende medlemsorganisasjonar og prosjekt.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 104,4 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår at Skeiv Ungdom og Geitmyra matkultursenter for barn blir inkludert i ordninga for grunntilskot i 2022.

Vidare foreslår departementet å flytte 4 mill. kroner til posten frå kap. 226, post 21, slik at organisasjonar som tidlegare har fått tilskot frå ei søknadsbasert tilskotsordning for lesestimulering, får grunntilskot i 2022. Samstundes foreslår departementet å auke tilskotet med ytterlegare 2 mill. kroner til dei same organisasjonane. Organisasjonane departementet foreslår at skal få grunntilskot er Foreningen !les, Stiftinga Magasinett, Leser søker bok og Dysleksi Norge. Tilskotsordninga for lesestimulering over kap. 226, post 21 blir som følge av dette avvikla.

Tabell 4.5 viser forslag til fordeling av grunntilskot til organisasjonar i 2022. Tilskotet til interesseorganisasjonar for funksjonshemma blir fordelt på hovudorganisasjonane med 30 pst. til Funksjonshemmedes fellesorganisasjon, 30 pst. til Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar og 40 pst. til Unge funksjonshemmede. Tilskotet til friskuleorganisasjonar blir fordelt mellom organisasjonane etter talet på medlemsskular som har rett til statstilskot per 1. januar. Grunntilskotet til kunst- og kulturarbeid i opplæringa blir fordelt med 75,2 pst. til Norsk kulturskoleråd, 7,3 pst. til Fellestrådet for kunstfagene i skolen og 17,5 pst. til Samarbeidsforum for estetiske fag.

Tabell 4.5 Fordeling av tilskot på kap. 225, post 75

(i 1 000 kr)	
Tilskotsmottakar	Tilskot 2022
Elevorganisasjonen	3 105
Operasjon Dagsverk	589
FIRST Scandinavia	11 000
WorldSkills Norway	3 909
Foreningen Norden	1 300

Tabell 4.5 Fordeling av tilskot på kap. 225, post 75

(i 1 000 kr)	
Tilskotsmottakar	Tilskot 2022
Norsk håndverksinstitutt	6 211
Interesseorganisasjonar for funksjonshemma	1 404
Forandringsfabrikken	3 528
Blå Kors – Snakk om mobbing	3 028
Teknisk Senter, Flekkefjord	829
Ungt Entreprenørskap	529
Blikk AS	300
Skeiv Ungdom	1 500
Andøya Space Education	16 800
Friskuleorganisasjonar	805
Grunntilskot til kunst- og kulturarbeid i opplæringa	34 899
Faktisk.no – skuleprosjektet TENK	5 000
Landslaget for norskundervisning	600
Sex og Politikk	600
FRI – Rosa kompetanse skole	2 000
Geitmyra matkultursenter for barn	500
Foreningen !les	4 400
Stiftinga Magasinett	1 100
Leser søker bok	300
Dysleksi Norge	200
Sum	104 436

Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	13 658	12 495	11 201
	Sum kap. 3225	13 658	12 495	11 201

Visse innanlandske utgifter til flyktningar kan etter statistikkdirektiva til OECD bli definerte som offentlig utviklingshjelp. Ein del av løyvinga på kap. 225, post 64 blir rapportert som utviklings-

hjelp. Kunnskapsdepartementet foreslår ei tilsvarende løyving på kap. 3225, post 04. Refusjon av ODA-godkjende utgifter er rekna til 11,2 mill. kroner i 2022.

Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	1 561 834	1 562 093	1 697 667
22	Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar	1 551 804	1 600 858	1 683 724
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	57 415	35 826	44 000
61	Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna nyttilsette lærarar	61 815	61 919	61 919
63	Forsking på effektane av auka lærartettleik	43 001		
64	Programfinansiering av 0-24-samarbeidet	39 310	40 529	41 583
71	Tilskot til vitensenter	101 305	88 802	94 651
	Sum kap. 226	3 416 484	3 390 027	3 623 544

Skuleeigarane har hovudansvaret for å utvikle kvaliteten på opplæringa i skular og lærebedrifter. Regjeringa legg stor vekt på å støtte og rettleie skular og skuleeigarar gjennom kompetanse- og utviklingstiltak. Kap. 226 omfattar statlege løyvingar til kvalitetsutvikling i grunnopplæringa.

Utdanningsdirektoratet har i stor grad ansvaret for å forvalte midlane og gjennomføre tiltaka. Delar av løyvingane på post 21 og 22 dekker utgifter til lønn og administrasjon i Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet og hos eventuelle andre statlege aktørar som har ansvar/delansvar for drift av dei ulike prosjekta og tiltaka.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga på posten finansierer mellom anna kompetanse- og profesjonsutvikling i grunnopplæringa, tiltak for betre læringsmiljø, digitalisering, styrking av fag- og yrkesopplæringa og utvikling av læreplanverket for grunnopplæringa. Løyvinga på posten dekker òg element i kvalitetsvurderingssystemet for grunnopplæringa, mellom anna internasjonale undersøkingar, brukarundersøkingar, utdanningsstatistikk, forsking og evaluering. Løyvinga dekker drift av tidsavgrensa prosjekt i den sentrale utdanningsadministrasjonen, tilskot til offentlege og eventuelle private aktørar som blir involverte i kvalitetsutvikling i grunnopplæ-

ringa, og eventuelle utgifter til offentlege utval og ekspertutval som departementet har sett ned. Det kan òg bli gitt tilskot til samordningsoppgåver i kommunesektoren over posten.

Mål for 2022

Midlane på posten skal medverke til å utvikle kvaliteten i grunnopplæringa for å nå dei statlege sektormåla, jf. omtalen av desse i kategoriinnleiinga.

Resultat i 2020

Samla blei det brukt 1,6 mrd. kroner over posten i 2020. Hovuddelen av midlane gjekk til kompetanseutviklingstiltak. Tabell 4.6 viser samla rekneskap for posten i 2020, med tiltak samla for dei ulike måla for posten.

Tabell 4.6 Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 i 2020

	(i mill. kr)
Overordna mål for grunnopplæringa:	Rekneskap 2020
Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø	112,4
Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt	28,2
Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse	489,7
Alle lykkast i opplæringa og utdanninga	880,1
Andre tiltak	51,4
Totalt	1 561,8

<p><i>Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø</i></p> <p>I 2020 blei det over denne posten brukt 112,4 mill. kroner til tiltak som støttar opp under målet om at</p>	<p>alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø. I tillegg blei det brukt 10,5 mill. kroner over kap. 231 Barnehagar, post 21 Særskilde driftsutgifter til arbeid med barnehagemiljø.</p>
---	---

Tabell 4.7 Oversikt over løyvingar til tiltak for å støtte målet om eit godt og inkluderande læringsmiljø

	(i mill. kr)
Tiltak	Rekneskap 2020
Handhevingsordninga for skulemiljøsaker	35,5
Kompetanseutvikling for å skape gode barnehage- og skulemiljø	33,7
Dembra – Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme	11,3
Forsøk med gratis deltidstilbod i SFO	10
Mobbeombod	10
Læringstilbod om 22. juli	5
Program mot mobbing	4
Partnarskap mot mobbing	1,5
Pilotforsøk for meir inkluderande praksis i barnehage, skule og SFO, del 1	1,4
Totalt	112,4

Handhevingsordninga for skulemiljøsaker

I 2020 gjekk det 35,5 mill. kroner til dette tiltaket. Statsforvaltarembeta rapporterer om mange førespurnader frå barn, foreldre og skular for å få hjelp til å løyse skulemiljøsaker. I 2020 kom det inn 1 189 meldingar til statsforvaltaren frå elevar og foreldre mot 1 585 meldingar i 2019. I mange saker der statsforvaltaren tok stilling til om aktivitetsplikta var oppfylt eller broten, fekk elevane medhald. Omfanget av saker og kompleksiteten i sakene gjer at saksbehandlingstida kan bli lang.

Kompetanseutvikling for å skape gode barnehage- og skulemiljø

I 2020 gjekk det 33,7 mill. kroner til ulike tiltak for å skape gode barnehage- og skulemiljø. Innanfor ordninga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» har Utdanningsdirektoratet i 2020 gitt tre ulike tilbod om kompetanseheving som skal styrke kompetansen i barnehagar, skular og hos barnehage- og skuleeigarar til å skape og halde ved like trygge og gode barnehage- og skulemiljø og førebygge og handtere mobbing og andre krenkingar.

- Læringsmiljøprosjektet gav støtte gjennom nasjonale fagdagar og eit eksternt rettleiar-team leia av Læringsmiljøsentret ved Universitetet i Stavanger.
- Det nettbaserte tilbodet gav opplæring gjennom filmar og anna læringsmateriell. Fafo har evaluert tilboda i perioden 2018–20. Sluttrapporten viser at fleirtalet av deltakarane opplever stor nytteverdi av tilboda, og at dei har gjort endringar i eigen praksis. Eit anna funn er at lokalt eigarskap er avgjerande for å få til kompetanseutvikling.
- Det samlingsbaserte tilbodet gav deltakarane støtte frå lokale ressurspersonar og regionale og nasjonale fagdagar.

Deltakarane i alle tre tilboda opplever at tiltaka har høg fagleg kvalitet som har gitt dei meir kompetanse. Fleire seier at dei no raskare set inn tiltak når ein elev/eit barn ikkje har eit trygt og godt miljø. Tidlegare evalueringar av Læringsmiljøprosjektet viste også at skulane som deltok, reduserte mobbetala frå å ligge klart over landsgjennomsnittet til å ligge lågare enn landsgjennomsnittet. Vidare delte Utdanningsdirektoratet ut Benjaminprisen og Dronning Sonjas skulepris. HL-senteret administrerer Benjaminprisen på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

Dembra – Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme

I 2020 gjekk det 11,3 mill. kroner til dette tiltaket, som omfattar rettleiing, kurs og nettbaserte ressursar for førebygging av ulike former for gruppebaserte fordømmar. Dembra blir koordinert av Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret). 2 mill. kroner gjekk til Dembra for lærarutdannarar (Dembra LU), som omfattar kurstilbod til lærarstudentar, lærarar, skuleleiarar og andre tilsette i skulen for å auke kompetansen deira om korleis dei kan legge opp det pedagogiske arbeidet for å førebygge gruppebaserte fordømmar hos elevane. 8,3 mill. kroner gjekk til Dembra-arbeidet i grunnopplæringa. Læringsressursane dekker områda hatefulle ytringar, antisemittisme, rasisme, diskriminering av minoritetar og udemokratiske haldningar. Dembra er eit varig tiltak som engasjerer dei nasjonale freds- og menneskerettssentera i arbeidet gjennom mellom anna kurstilbod. Det er etablert regionale knutepunkt for Dembra-arbeidet over heile landet ved at HL-senteret har ansvar for Austlandet, Raftostiftelsen for Vestlandet, Falstadsenteret for Trøndelag, Arkivet for Sørlandet, Nansen Fredssenter for Innlandet og Narviksenteret for Nord-Noreg. Sjå meir omtale av desse sentera og Dembra under kap. 224, post 70 og omtale av Dembra i del III, kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering.

Forsøk med gratis deltidstilbod i SFO

I 2020 gjekk det 10 mill. kroner til dette tiltaket. Forsøket med gratis skulefritidsordning (SFO) i Drammen, Oslo, Stavanger og Trondheim blei sett i gang hausten 2016. Målet med prosjektet var høgare deltaking i SFO blant elevar med innvandrarbakgrunn og/eller frå familiar med låg inntekt. Alle kommunane har kopla innsatsen til eigne satsingar for målgruppene. Alle kommunane viser til ein tydeleg auke i deltakinga i SFO blant gruppene som fekk tilbodet. Prosjektet blei avslutta som planlagt etter fire skuleår i juni 2020.

Mobbeombod

I 2020 gjekk det 10 mill. kroner til dette tiltaket. Mobbeombodsordninga blei evaluert i 2020 og er førebels vidareført for 2021 i påvente av ei endeleg vurdering av korleis ordninga skal sjå ut i framtida. Evalueringa viste at barn og foreldre i aukande grad får hjelp og blir involverte i saker som gjeld psykososialt miljø, og at ordninga på

denne måten bidreg til at fleire barn har det trygt og godt i barnehage og skule.

Læringstilbod om 22. juli

I 2020 gjekk det 5 mill. kroner til dette tiltaket. Det europeiske Wergelandsenteret mottok tilskotet, som blei brukt til å gi fleire elevar og lærarar høve til å delta i opplæringstilbodet om 22. juli og demokratisk medborgarskap. Tilbodet er utvikla av 22. juli-senteret, Utøya AS og Wergelandsenteret. Sjå også omtale under kap. 251, post 01.

Program mot mobbing

I 2020 gjekk det 4 mill. kroner til dette tiltaket. Midlane blei fordelte til ei rekke program i regi av ulike eigarar, til dømes Nasjonalt utviklingscenter for barn og unge, Høgskolen i Innlandet, Universitetet i Stavanger og NORCE (Norwegian Research Centre).

Partnerskap mot mobbing

I 2020 gjekk det 1,5 mill. kroner til dette tiltaket. Partnerskap mot mobbing består av regjeringa og 14 organisasjonar i oppvekst- og utdanningssektoren. Ordninga blei evaluert i 2020, og evalueringa

viser ei positiv utvikling. Likevel peiker fleire av partnarane på behovet for eit breiare og meir forpliktande arbeid for gode oppvekstvilkår for barn og unge. Partnerskap mot mobbing er vedteke vidareført for perioden 2021–25.

Pilotforsøk for meir inkluderande praksis i barnehage, skule og SFO

I 2020 gjekk det til saman 1,4 mill. kroner til dette tiltaket. Om lag 0,8 mill. kroner gjekk til pilotforsøk for meir inkluderande praksis i barnehage, skule og SFO medan 0,6 mill. kroner gjekk til utprøving og forskning på modellar. Utdanningsdirektoratet sette i 2019 i gang pilotprosjekt for meir inkluderande praksis i barnehage, skule og SFO i fem kommunar. Prosjekta skal vere avslutta innan utgangen av 2022. Totalramma er på 5 mill. kroner, og av dei går 3 mill. kroner til kommunane og 2 mill. kroner til sjølve forsøket og arbeidet med rettleiing og forskning.

Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt

I 2020 blei det over denne posten brukt 28,2 mill. kroner til tiltak som støttar opp under målet om at alle barn og unge får utvikla potensialet sitt.

Tabell 4.8 Oversikt over løyvingar til tiltak for å støtte målet om å få utvikla potensialet sitt

Tiltak	(i mill. kr) Rekneskap 2020
Områdesatsingane i Groruddalen og Oslo sør	10,5
Symjeopplæring	8,4
0–24-samarbeidet	5,4
Innovasjonsordninga Et lag rundt eleven	3,9
Totalt	28,2

Områdesatsing i Groruddalen og Oslo sør

I 2020 gjekk det 10,5 mill. kroner til dette tiltaket. Midlane går til prosjekt innanfor barnehage og skule i områdesatsingane i Groruddalen (10 mill. kroner) og Oslo sør (0,5 mill. kroner). Målet med områdesatsingane, som er eit samarbeid mellom stat og kommune, er å betre miljø, butilhøve og levekår i eit geografisk avgrensa område. Eit delmål på opplæringsfeltet er at fleire elevar skal gjennomføre grunnopplæringa. Områdesatsingane er vedteke til 2027. Sjå meir omtale av

midlar til områdesatsingane i programkategori 07.90 og Prop. 1 S (2021–2022) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Symjeopplæring

I 2020 blei det nytta 7,4 mill. kroner til symjeopplæring med mål om å gi nykomne minoritetspråklege barn, unge og vaksne i grunnskuleopplæringa meir og betre symjeopplæring, og dermed redusere risikoen for ulykker. Ordninga kunne også omfatte andre elevar som ikkje kan

symje, eller som ikkje har fått delteke i den ordinære symjeundervisninga. Tilskotet har sidan 2016 vore budsjettert årleg med 10 mill. kroner. I 2019 blei det nytta 9,3 mill. kroner. Mindreforbruket i 2020 har samanheng med talet på søknader frå skuleeigarar og frivillige organisasjonar. Mindreforbruket kan ha samanheng med redusert tilgang til bassenga på grunn av covid-19-pandemien.

I tillegg blei det i 2020 nytta 1 mill. kroner til å støtte symjeopplæring for elevar i grunnskulen, mellom anna nettsida svømmedyktig.no og ferdigheitsprøva i symjing.

0–24-samarbeidet

I 2020 gjekk det 5,4 mill. kroner til dette tiltaket over denne posten. 0–24-samarbeidet er eit prosjekt som har gått i perioden 2015 til og med mars 2021. Formålet med samarbeidet har vore å styrke oppfølginga av utsette barn og unge i alderen 0–24 år og familien deira gjennom betre samarbeid mellom tenestene. Utdanningsdirektoratet, Helse- og omsorgsdepartementet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet og Arbeids- og velferdsdirektoratet har gjennomført ei rekke delprosjekt for å samordne økonomiske, juridiske og pedagogiske verkemiddel i arbeidet for utsette barn og unge. Frå hausten 2019 blei også Politidirektoratet og Sekretariatet for konfliktråda kopla på arbeidet. I det siste året av satsinga har hovudoppgåvene vore å avslutte pågåande prosjekt og å sikre oppfølging av igangsette prosjekt som går ut over prosjektperioden. Sjå meir omtale i kategoriinnleiinga for 07.20

Grunnoppplæringa og kap. 226, post 64 Programfinansiering av 0–24-samarbeidet.

Innovasjonsordninga – Eit lag rundt eleven

I 2020 gjekk det 3,9 mill. kroner til dette tiltaket. Utdanningsdirektoratet tildelte midlar til prosjektet Eit lag rundt eleven for å dokumentere effektar av systematisk satsing på tverrfagleg kompetanse gjennom desse to forskingsprosjekta:

- eit samarbeidsprosjekt mellom Nordisk institutt for studiar av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU), Læringsmiljøsentret ved Universitetet i Stavanger og Folkehelseinstituttet. Forskarane undersøker kva effekt auka bruk av helsesjuepleiarar på skulen har på læringsmiljø og læringsutbytte
- eit prosjekt gjennomført av OsloMet som ser på effekten av styrkt skuleleiing

Begge prosjekta leverte sluttrapportar i 2020. Rapportane viser ingen målbar effekt på læringsmiljøet eller læringsresultata, men tiltaka kan ha positiv innverknad på elevane dersom skulen får til god implementering, nok tid, god forankring og leiarsoppfølging og god kultur for samarbeid.

Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse

I 2020 blei det over denne posten brukt 489,7 mill. kroner til tiltak som støttar opp under målet om at dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse. Mesteparten av midlane til vidareutdanning blei løyvde over kap. 226, post 22 Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar, sjå meir omtale der.

Tabell 4.9 Oversikt over løyvingar til tiltak for å støtte målet om kompetanse

Tiltak	(i mill. kr) Rekneskap 2020
Desentralisert ordning for kompetanseutvikling	230,4
Nye karriereveggar for lærarar (lærarspesialistar)	150,2
Yrkesfaglærarløftet	79,4
Kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis	9,3
Rekruttering til lærarutdanning og læraryrket	7
Rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar	6,5
Vurderingskompetansen til lærarane	6,1
Fagleg råd for lærarutdanning 2025	0,8
Totalt	489,7

Desentralisert ordning for kompetanseutvikling

I 2020 gjekk det 230,4 mill. kroner til dette tiltaket. 214,5 mill. kroner blei fordelte til statsforvaltarane i alle fylka etter lærarårsverk og nytta til ulike kompetansetiltak etter prioritering i dei fylkesvise samarbeidsforuma. Skuleeigarar, universitet og høgskular samarbeider om innhald og organisering. 13,7 mill. kroner blei nytta til administrasjonen av ordninga internt i statsforvaltarembeta.

I 2020 blei forslag til retningslinjer for ny tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling for barnehagane og grunnopplæring sendt på ei brei høyring. Retningslinjene er felles for regional ordning for barnehagar, desentralisert ordning for grunnopplæringa og kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Nye forskriftsfesta retningslinjer gjeld frå 2021.

Tema som peika seg ut for kompetanseutvikling i 2020, var dei same som i 2019:

- arbeid med nytt læreplanverk, skulemiljø og digitalisering i grunnskulen
- arbeid med nytt læreplanverk, digitalisering, vurderingspraksis og fagområde i vidaregåande opplæring

Rapporteringa frå statsforvaltarane viser at 42 pst. av midlane gjekk til skuleeigarar, medan 57 pst. gjekk til universitets- og høgskulesektoren. 80 pst. av alle grunnskular og 75 pst. av alle vidaregåande skular har delteke i kompetansetiltaka.

Nye karrierevegar for lærarar (lærarspesialistar)

I 2020 gjekk det 150,2 mill. kroner til dette tiltaket over kap. 226, post 21. I tillegg blei det nytta 26,6 mill. kroner over kap. 226, post 22.

Hausten 2020 var 1 236 lærarar i funksjon som lærarspesialistar innanfor elleve fag og fagområde, og totalt 448 lærarar studerte ved ulike lærarspesialistutdanningar. Forsøket blir evaluert av NIFU. Ein delrapport om lærarspesialistutdanningane blei publisert våren 2021. I delrapporten blir det mellom anna vist til at lærarane har godt utbytte av utdanningane, og at studiet blir opplevd som relevant. Delrapporten viser også til at samanhengen mellom utdanning og funksjon blir opplevd som noko uklår. Sluttrapport frå evalueringa kjem i slutten av 2021.

Yrkesfaglærarløftet

I 2020 gjekk det 79,4 mill. kroner til dette tiltaket. Studieåret 2020–21 kunne yrkesfaglærarar søke på 26 vidareutdanningstilbod ved ni universitet og

høgskular. Totalt 312 yrkesfaglærarar fekk tilbod om å delta i 2020–21, og det blei nytta 48,1 mill. kroner til vikar- og stipendmidlar og til studieplassar. Desentralisert ordning for yrkesfag blei etablert hausten 2019, og fleire nasjonale etterutdanningstiltak blei ein del av ordninga, inkludert hospiteringsordninga. Det blei nytta 30 mill. kroner til dette og blant temaa som peika seg ut i 2020, var arbeid med nytt læreplanverk, hospiteringsordninga, vurderings- og rettleiingskompetanse, prøvenemndskulering og instruktør opplæring. Frå 2021 er det etablert ei eiga tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i fag- og yrkesopplæringa som erstattar desentralisert ordning for yrkesfag.

Kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis

I 2020 gjekk det 9,3 mill. kroner til dette tiltaket. Ein stor del av løyvinga til dette tiltaket er faseforskove til 2021.

Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO* varsla eit kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Målet for kompetanseløftet er å bygge kompetanse, både hos PP-tenesta, hos tilsette i barnehagar og skular og hos det tverrfaglege støttesystemet i laget rundt barna og elevane, slik at alle barn og elevar, uavhengig av føresetnader, skal få moglegheit til utvikling, meistring, læring og trivsel. Dei skal få god hjelp raskt når dei treng det, dei skal oppleve at dei er ein viktig del av fellesskapet, og dei skal sjølve bli høyrde om kva dei har behov for. Kompetanseløftet skal bidra til at kommunar og private eigarar i barnehage og skule har kompetanse til å sjå det allmennpedagogiske og spesialpedagogiske i samanheng og kan møte behova for spesialpedagogisk tilrettelegging. Kompetanseløftet skal byggast gradvis opp fram til 2025, og etter det skal det bli ei varig ordning. I same periode skal Statped omorganiseras, og dei skal framover ha eit særskilt ansvar for å støtte skuleeigarar i arbeidet deira for barn, unge og vaksne med varige og omfattande behov for særskild tilrettelegging. Innsparingar i Statped i samband med omorganiseringa skal finansiere oppbygginga av kompetanseløftet.

Ein viktig del av kompetanseløftet er tilskot til lokal kompetanseutvikling med utgangspunkt i lokale behov. Kompetanseutviklinga skal skje i partnerskap med universitet eller høgskule. I 2020 blei det etablert oppstartskommunar i åtte fylke. Til saman blei det løyvd 8,8 mill. kroner til desse

oppstartskommunane, og dei er no i gang med arbeidet med kompetanseløftet.

For å informere om kompetanseløftet og motivere til å delta, blei det arrangert 10 store, regionale konferansar i alle fylka vinteren 2020/2021. Det blei nytta 0,5 mill. kroner til dette i 2020. Konferansane var eit samarbeid mellom Utdanningsdirektoratet, KS, Statped og statsforvaltarane, og blei gjennomført digitalt på grunn av covid-19-situasjonen.

Rekruttering til lærarutdanning og læreryrket

I 2020 gjekk det 7 mill. kroner til Høgskulen i Vestlandet, Nord universitet og Universitetet i Tromsø slik at dei kunne stimulere til auka rekruttering, mangfald og kjønnsbalanse i norske og samiske lærarutdanningar retta mot barnehagar og skular. Sjå også omtale av midlar løyvde over kap. 226, post 22 til forsøksordning for lærarkvalifisering.

Rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar

I 2020 gjekk det 6,5 mill. kroner til dette tiltaket over denne posten. I tillegg blei det nytta 4 mill. kroner over kap. 231 Barnehagar, post 21. Sytten universitet og høgskular deltok i innsatsen, som omfattar midlar til mellom anna informasjonstiltak og nettverksarbeid mellom barnehage- og skuleeigarar og lærarutdanningsinstitusjonane slik at fleire nyutdanna nyttilsette lærarar fekk rettleiing. Sjå også omtale av midlar løyvde over kap. 226, post 61 Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna nyttilsette lærarar.

Utdanningsdirektoratet har utvikla ein rettleiar om kjenneteikn på gode lokale rettleiingsordningar og laga nye rammer for vidareutdanningstilbod i rettleiing som starta opp hausten 2020. Ei evaluering som blei publisert våren 2021,

viser at fleire nyutdanna lærarar enn før får rettleiing når dei er nye i jobben. Det er utfordrande å finne tid til rettleiinga, men lærarar som får rettleiing er meir motiverte enn andre for å bli i yrket. Vidare viser evalueringa at det framleis er ein stor del nyutdanna som ikkje får tilbod om rettleiing, og at berre om lag halvparten av rettleiarane har formell kompetanse til å gi rettleiing.

Vurderingskompetansen til lærarane

I 2020 gjekk det 6,1 mill. kroner til dette tiltaket. Vidareutviklinga av underevgs- og sluttvurdering i fagfornyninga heldt fram, og midlane blei nytta til utprøvingar og utgreiing av mellom anna behovet for betre kvalitetssikring av arbeidet med oppgåveutvikling og sensur.

Fagleg råd for lærarutdanning 2025

I 2020 gjekk det 0,8 mill. kroner til dette tiltaket. Fagleg råd for lærarutdanning 2025 blei etablert i 2019, og Utdanningsdirektoratet har sekretariatsansvaret. Rådet skal utarbeide fagleg funderte analysar og råd til bruk i oppfølginga av strategien *Lærerutdanning 2025: nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene*. Rådet rapporterer til Kunnskapsdepartementet, men saker skal leggst fram for Nasjonalt forum for lærarutdanning og profesjonsutvikling. I 2020 leverte rådet to rapportar som viste at dei aller fleste lærarutdanningsinstitusjonane har etablert partnerskap med skular og barnehagar, jf. omtale under kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning, post 21.

Alle lykkast i opplæringa og utdanninga

I 2020 blei det brukt 880,1 mill. kroner over denne posten til tiltak som støttar opp under målet om at alle lykkast i opplæringa og utdanninga.

Tabell 4.10 Oversikt over løyvingar til tiltak for å støtte målet om at alle lykkast

Tiltak	(i mill. kr) Rekneskap 2020
Fornyng av innhaldet i skulen, nye læremiddel i samband med fagfornyng og læreplanforvaltning	231,6
Tiltak for at sårbare elevar kan ta igjen tapt fagleg progresjon	170,0
Digitaliseringsstrategien og Den teknologiske skulesekken	164,4
Støtte til digital heimeundervisning under covid-19-pandemien	94,0
Forsking, evalueringar og data for vurdering av kvalitet i skulen	63,4
Oppfølgingsordninga	35,1
Tiltak retta mot fag- og yrkesopplæringa:	
Lokal rekruttering av lærebedrifter	12,5
Yrkesfaglærer 2 (lektor 2-ordninga for yrkesfag)	9,5
Forsking på fag- og yrkesopplæringa	5,0
Andre tiltak	5,0
Lesestimulering og skule- og folkebibliotek	19,1
Tiltak for minoritetsspråklege elevar, inkludert fleksibel opplæring	13,7
Tiltak for betre opplæring i realfag	13,7
Tiltak retta mot ungdom utanfor opplæring og arbeid	16,6
Lektor 2-ordninga for realfag	9,0
Digilær.no – nasjonal plattform for nettbasert undervisning	8,2
Samisk fjernundervisning	4,5
Den naturlege skulesekken	3,0
Stimuleringsordninga for teiknspråk	1,8
Totalt	880,1

Fornyng av innhaldet i skulen, nye læremiddel i samband med fagfornyng og læreplanforvaltning

I 2020 gjekk det 231,6 mill. kroner til dette tiltaket. Av dette gjekk 170 mill. kroner til tilskot til nye læremiddel i samband med fagfornyng. Kommunane skal rapportere på bruken av dei 170 mill. kroner i tilskot til nye læremiddel i samband med fagfornyng. Per 1. august 2021 har om lag halvparten av kommunane rapportert. Mellom anna på grunn av covid-19-pandemien har det vore vanskeleg for kommunane å overhalde rapporteringsfristane, og Utdanningsdirektoratet har derfor utsett fristen for rapportering for 2020. Direktora-

tet tek sikte på at rapporteringsfristen for både 2020 og 2021, blir våren 2022.

7,5 mill. kroner gjekk til tilskot for å utvikle, tilpasse og setje om læremiddel til samisk og 7,5 mill. kroner gjekk til utvikling av læremiddel der det ikkje er kommersielt grunnlag for utvikling. Midlar blei òg nytta til førebuinga av innføring av læreplanar, den digitale læreplanvisninga og kompetansepakkar for å støtte forståing og bruk av læreplanverket. Vidare blei det starta eit arbeid med ein kompetansepakke for å støtte innføring av nye læreplanar for opplæring i bedrift i vg3. Det blei også tildelt midlar til aktivitetar i statsforvaltarembeta for å støtte førebuinga av fagfornyng. I tillegg gjekk det midlar til utvikling av

nye læreplanar for yrkesfag og studieførebuande programfag i vidaregåande opplæring. Kartleggingsverktøyet i grunnleggande norsk for språklege minoritetar er no digitalisert og laga som ei støtte til lærarar. Midlar blei òg nytta til utvikling av den nasjonale rammeplanen for SFO, og noko til mindre forvaltningsoppgåver knytte til rammeplan for barnehagen.

Tiltak for at sårbare elevar kan ta igjen tapt fagleg progresjon

I 2020 gjekk det 170 mill. kroner til tiltak for å ta igjen tapt fagleg progresjon som kom av covid-19-pandemien. 129,7 mill. kroner gjekk til kommunar med til saman 625 921 elevar, 32,1 mill. kroner gjekk til fylkeskommunar med til saman 154 775 elevar og 8,2 mill. kroner gjekk til frittstående skular med til saman 39 737 elevar. Sjå meir omtale av temaet i del III, kap. 11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren.

Digitaliseringsstrategien og Den teknologiske skulesekken

I 2020 gjekk det 164,4 mill. kroner til dette tiltaket.

Feide er etablert som ei sentral fellesløyving og tenesteplattform for grunnopplæringa. Utviklingsarbeid og kompetanseheving knytte til Feide har bidrege til at sektoren har vorte betre rusta til å utnytte dei moglegheitene digitaliseringa gir i læringsarbeid og administrative prosessar. Alle kommunar og 10 av 11 fylkeskommunar hadde ved utgangen av 2020 oppgradert til Feide 2.0. Det blei nytta totalt 16 mill. kroner i 2020 til vidareutvikling av Feide.

Innanfor Den teknologiske skulesekken blei mellom anna satsinga Programmering i skulen forsterka. Kunnskapssentera fekk 10 mill. kroner i tilskot i 2020. Målet er å gi over 100 000 elevar på mellomtrinnet og lærarane deira kompetanseheving i programmering i perioden 2018–21. Det blei også løyvd 20 mill. kroner til innkjøp av utstyr til bruk i programmering i undervisninga i 2020. 58 skuleeigarar, som kunne dokumentere satsing på kompetanseutvikling i programmering, fekk eit slikt tilskot.

I 2020 blei det gjennom Den teknologiske skulesekken tildelt om lag 111 mill. kroner til innkjøp av digitale læremiddel, inkludert 60 mill. kroner for å avhjelpe kommunane og fylkeskommunane under pandemien, jf. Innst. 360 S (2019–2020) og Prop. 117 S (2019–2020). Ordninga skal stimulere kommunar og fylkeskommunar til innkjøp av digitale læremiddel. Tilskot blei utbetalt til 253 kom-

munar/fylkeskommunar etter søknad. Tilskotsordninga varer frå 2019 til 2022.

Støtte til digital heimeundervisning under covid-19-pandemien

I 2020 gjekk det 94 mill. kroner til dette tiltaket. 7,5 mill. kroner gjekk til 251 frittstående grunnskular og vidaregåande skular etter søknad. Tilskotet er brukt til digitale læremiddel, infrastruktur og utstyr. 81,2 mill. kroner gjekk til statsforvaltarane som fordelte midlane etter søknad, 240 kommunar fekk tilskot til infrastruktur og einingar for å sikre digital undervisning også i situasjonar med elevar heime. KS fekk 3,5 mill. kroner til prosjektet SkoleSec for å styrke arbeidet i kommunane med personvern og sikkerheit. 1,8 mill. kroner gjekk til utvikling av kompetansepakkar i digital undervisning på skulen og heime.

Forskning, evalueringar og data for vurdering av kvalitet i skulen

I 2020 gjekk det 63,4 mill. kroner til dette tiltaket. Kvalitetsvurderingssystemet består av eit kunnskapsgrunnlag basert på statistikk og undersøkingar som skulane har tilgang til, og digitale verktøy, rutinar og andre tiltak som skulane kan ta i bruk for å gjere eigen praksis betre.

Stortinget har bedt om ein gjennomgang av kvalitetsvurderingssystemet sett opp mot fagfornyninga, jf. omtale i del I, kap. 3, av oppmodingsvedtak nr. 886, stortings sesjonen 2017–2018. Dette vil mellom anna bli følgd opp i samarbeid med referansegruppa for fagfornyninga, der organisasjonane i skulen er representerte. I juli 2021 la departementet fram *Strategi for kvalitetsutvikling i skolen i lys av fagfornyelsen*. Strategien blei laga med innspel frå partane, og han gir mellom anna ei oversyn over tidsplanar og status for dei ulike prosessane som er sette i gang og som er planlagde ut 2025. Strategien gjer greie for formål og rammer, synleggjer ulike roller og ansvar og understrekar behovet for samarbeid og tillit for å lykkast med kvalitetsutvikling i skulen. Strategien understrekar at før viktige avgjerder eller vegval blir tekne, vil sentrale aktørar i sektoren og relevante fagmiljø bli involverte.

I 2020 gjekk det 36,4 mill. kroner til ei rekke forskings-, kartleggings- og evalueringssoppdrag knytte til nasjonale satsingar. Eksempel på prosjekt er evaluering av fagfornyninga, evaluering av lærarnorm og evaluering av ny kompetansemodell – desentraliserte ordningar for skule og

yrkesfag. I tillegg blir det gjennomført spørjeundersøkingar i Skule-Noreg kvar vår og haust.

I 2020 blei det nytta 18 mill. kroner til internasjonale studiar. Noreg deltek regelmessig i desse trendstudiane som blir gjennomførte kvart tredje, fjerde eller femte år:

- PISA – Programme for International Student Assessment
- TIMSS – Trends in International Mathematics and Science Study
- ICCS – International Civic and Citizenship Education Study
- ICILS – International Computer and Information Literacy Study
- PIRLS – Progress in International Reading Literacy Study

I tillegg deltek Noreg i TALIS – Teaching and Learning International Survey.

Utgiftene til studiane varierer frå år til år alt etter kvar i syklusen studien er. Resultata frå studiane gir høve til å følge utviklinga i skulen sett i ein internasjonal samanheng, og til å følge utviklinga i viktige fag, evner og haldningar over tid.

I 2020 gjekk det 7,3 mill. kroner til statistikk og indikatorutvikling. Det er sentrale element for arbeidet med kvalitet i skulen. Midlane blir nytta til å produsere statistikk og analysar om grunnopplæringa, til dømes statistikk om grunnskulen gjennom GSI (Grunnskolen Informasjonssystem). Midlane blir òg nytta til vidareutvikling av formidling av statistikk og analyse, med vekt på god brukarforankring. Døme på dette er analysebrett, analysenotat og Utdanningsspegele. Internasjonal deltaking i OECD/NESLI-arbeid inngår òg i denne posten.

Oppfølgingsordninga

I 2020 gjekk det 35,1 mill. kroner til dette tiltaket. Oppfølgingsordninga blei etablert med bakgrunn i Meld. St. 21 (2016–2017) *Lærelyst – tidleg innsats og kvalitet i skolen*. Målet med ordninga er å gi støtte og rettleiing til kommunar som er under den nedre grensa for kvalitet på sentrale område av opplæringa. I dei to første uttrekka blei til saman 68 kommunar omfatta av ordninga. I 2020 blei 39 nye kommunar identifiserte og innsatsperioden er forlengd frå 2 til 3 år. Dei nye kommunane avsluttar ei førebuingssfasen sommaren 2021 og gjennomfører dei to følgjande åra ulike tiltak med sikte på betre kvalitet i opplæringa, inkludert frå barnehage til skule. Statsforvaltaren følger opp alle kommunane som er med i ordninga. Det er planlagt nytt uttrekk av kommunar våren 2022.

Tiltak retta mot fag- og yrkesopplæringa

I 2020 gjekk det 32 mill. kroner til tiltak retta mot fag- og yrkesopplæringa.

I tråd med *Samfunnskontrakten for flere læreplasser (2016–2020)* blei det i 2020 gitt tilskot på 12,5 mill. kroner til fylkeskommunane for å styrke arbeidet med å rekruttere nye lærebedrifter gjennom lokalt oppsøkande arbeid. Fylka rapporterer om behov for tidlegare og meir strukturert innsats i formidlingsarbeidet.

Det blei nytta 9,5 mill. kroner til tiltaket yrkesfaglærer 2 (tidlegare lektor 2-ordninga for yrkesfag), der fagpersonar frå arbeidslivet blir direkte involverte i opplæringa på yrkesfaglege utdanningsprogram. Ordninga skal bidra til å gjere opplæringa meir relevant for elevane ved å styrke samarbeidet mellom skular og arbeidsliv.

Det blei òg brukt 5 mill. kroner til forskning på kva som gir fag- og yrkesopplæringa framifrå kvalitet. Vidare blei det brukt midlar på utgreiing av eit nasjonalt lærlingstorg, vidareutvikling av tenesta Finn læredrift på utdanning.no og tiltak for betre realkompetansevurdering, inkludert kompetanseutvikling.

Lesestimulering og skule- og folkebibliotek

I 2020 gjekk det 19,1 mill. kroner til dette tiltaket. Tilskotsordninga for skulebibliotek og for lesestimuleringstiltak er forankra i *Rom for demokrati og dannelse – Nasjonal bibliotekstrategi 2020–2023* og omfattar òg skulebiblioteka. I samband med lanseringa av strategien i 2019, blei perioden for tilskotsordninga utvida frå 2021 til 2023. Direktoratet tildelte 14,1 mill. kroner i 2020 i tilskott til kommunar som vil utvikle skulebiblioteka for å stimulere til betre lesing. Tilskotsordninga blir evaluert, og rapporten kjem i 2021. Direktoratet tildelte òg 4 mill. kroner i tilskott til private og frivillige organisasjonar for å tilby lesestimuleringstiltak i skulen.

Språkløyper – nasjonal strategi for språk, lesing og skriving (2016–2019) blei avslutta i 2019, men det blei i 2020 nytta 1 mill. kroner til drift, vedlikehald og oppdatering av nettstaden språkløyper.no. NIFU evaluerer strategien. Evalueringa frå NIFU i 2020 viser mellom anna at arbeid med språk, lesing og skriving er høgare prioritert, det er betre koordinering av arbeidet og auka medvit og kompetanse hos tilsette i utdanningssektoren. NIFU finn òg teikn til at tilsette i barnehagen og skulen har endra praksis. Når fleire strategiar og satsingar pågår samtidig eller etter kvarandre, skapar det eit høgt aktivitetsnivå både på kommu-

nenivået og for den enkelte tilsette. Dette kan svekke motivasjonen til å gjennomføre endringer. På den andre sida kan fleire strategiar skape samanheng mellom ulike satsingar og gi synergi-effekt når ein bygger på erfaringar og allereie etablerte arbeidsmåtar.

Tiltak for minoritetsspråklege elevar, inkludert Fleksibel opplæring

I 2020 gjekk det 13,7 mill. kroner til dette tiltaket. 10,4 mill. kroner gjekk til Fleksibel opplæring, inkludert 3,6 mill. kroner til utviding av tilbodet med engelsk for arabisktalende elevar. 3,3 mill. kroner blei nytta til stipend for minoritetsspråklege lærarar og rettleiing innanfor minoritetsfeltet.

Fleksibel opplæring har vore eit utviklingsprosjekt som gjekk over i ordinær drift frå hausten 2020. Tilbodet vert levert av Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) ved OsloMet og gir nettbasert tilbod om tospråkleg fagopplæring i matematikk og naturfag på 8. og 9. trinn på arabisk, somali og tigrinja. I tillegg til ungdomsskuleelevar har også elevar i innføringstilbod i vidaregåande opplæring, kombinasjonsklassar og vaksenopplæringa delteke.

Vidare blei samarbeid med NAFO om å utvikle støtteressursar om samarbeid mellom skulen og minoritetsspråklege foreldre fullført. Det blei også utvikla ein film og ein brosjyre på fleire språk for å få fleire innvandrarelevar med på turar i regi av skulen. Dette er ein del av oppfølginga av tiltak 36 i Integreringsstrategien for å styrke barnehagen og skulen som inkluderingsarena.

Tiltak for betre opplæring i realfag

I 2020 gjekk det 13,7 mill. kroner til dette tiltaket. Realfagsstrategien «Tett på realfag» blei avslutta i 2019. Nettstaden realfagsløyper.no var eit av tiltaka i strategien og er eit verktøy for lokalt arbeid med didaktisk kompetanseutvikling i realfag i barnehagar og skular. Realfagsløyper.no blei ferdigutvikla i 2019, men Matematikksenteret og Naturfagsenteret har brukt 1 mill. kroner til å halde ved like og oppdatere nettstaden.

Frå og med 2020 er talentsenter for elevar med stort læringspotensial i matematikk, naturfag og teknologi ei permanent ordning. Evalueringa av realfagsstrategien frå 2019 viser mellom anna at talentsentera fungerer særst godt. Hausten 2020 blei det oppretta eit femte talentsenter ved Jærmu-seet.

Matematikksenteret arrangerte ei digital nettverkssamling hausten 2020 for kompetansemiljø

som arbeider med matematikkvanskar. Samlinga er eit tiltak for å bygge opp eit sterkt kompetansemiljø om matematikkvanskar i Noreg.

Eit anna tiltak er utviklinga av kompetansepakkar for elevar med stort læringspotensial. Kompetansepakkane er publiserte på kompetanse.udir.no og er promotert i mellom anna sosiale medium.

Tiltak retta mot ungdom utanfor opplæring og arbeid

I 2020 gjekk det 9,1 mill. kroner til eit tilskot til fylkeskommunane retta mot den fylkeskommunale oppfølgingstenesta for ungdom utanfor opplæring og arbeid. Målgruppa for tiltaket var ungdom mellom 16 og 24 år som har falle ut av vidaregåande opplæring.

Vidare blei det gitt 5 mill. kroner til utvalde fylkeskommunar for å prøve ut fleksible løysingar for ungdom utanfor opplæring og arbeid gjennom tiltak som kombinerer opplæring og arbeidstrening. Tiltaka har vore samarbeidsprosjekt med andre aktørar, til dømes kommunar, og dei skulle føre fram til kompetansegivande løp. Ordninga har gått over tre skuleår, frå og med skuleåret 2017–18 til og med skuleåret 2019–20. Utdanningsdirektoratet gir overordna ei positiv vurdering av tiltaka som har vore prøvde ut, basert på rapportering frå fylkeskommunane som deltok. Det blei òg gitt 2,5 mill. kroner til Agder fylkeskommune til prosjektet *Venneslabroen – frå ungdomstid til arbeidsliv*, som pågår i perioden 2019–23.

Lektor 2 for realfag

I 2020 gjekk det 9 mill. kroner til dette tiltaket. Lektor 2 for realfag skal bidra til at skular og næringsliv knyter tettare band, og at næringslivets kompetanse kan nyttast i opplæringa. Lektor 2 for realfag skal òg bidra til auka relevans i opplæringa og auka rekruttering til realfaga. Skuleåret 2020–21 deltok 163 skular, og av dei deltok 27 for første gong. 92 ungdomsskular og 71 vidaregåande skular deltok.

Digilær.no – nasjonal plattform for nettbasert undervisning

I 2020 gjekk det 8,2 mill. kroner til dette tiltaket. Pilotprosjektet Den virtuelle matematikkskulen endra namn til Digilær.no i 2019 for å bli ei permanent plattform for nettbasert undervisning som fellesløysing for sektoren, dette for å kunne understøtte fleire fag. Arbeidet med automatisering, digitalisering og integrasjonar gav betre kva-

litet, forenklingar og betre arbeids- og læringsmiljø. Schrems II-dommen medførte ny gjennomgang, dokumentasjon og flytting av tenester, dette arbeidet held fram i 2021. Det har vore lagt inn-sats på omsetjing av plattformar til nynorsk og nordsamisk og omsetjing av informasjonstekstar og rettleiingar frå bokmål til nynorsk.

Midlane inkluderer forsering i matematikk 1T, der er læringsinnhaldet oppdatert i samsvar med fagfornyinga, mellom anna når det gjeld innføring av programmering. Alle undervisningsfilmane er teksta på bokmål som ein del av krava til universell utforming. Elevtalet var om lag 300 elevar, undervisninga blir levert av dei fylkeskommunale nettskulane, Nettskolen i Nordland og Nettskolen Vestfold.

Samisk fjernundervisning

I 2020 gjekk det 4,5 mill. kroner til dette tiltaket. Det omfatta 1,8 mill. kroner til fjernundervisning i sørsamisk, 1,1 mill. kroner til fjernundervisning i lulesamisk og 1,6 mill. kroner til fjernundervisning i nordsamisk.

Den naturlege skulesekken

I 2020 gjekk det 3 mill. kroner til dette tiltaket. Den naturlege skulesekken skal bidra til at skular

får auka kompetanse i å undervise for berekraftig utvikling. Skular som deltek, får eit økonomisk tilskot og fagleg rettleiing i arbeidet med å utvikle og teste undervisningsopplegg for berekraftig utvikling.

Stimuleringsordninga for teiknspråk

I 2020 gjekk det 1,8 mill. kroner til eit pilotforsøk der barnehagar og skular gir eit opplæringstilbod i teiknspråk til barn av døve foreldre (KODA) og søsken av teiknspråkbrukarar. Pilotforsøket skal avsluttast som planlagt våren 2022. Det er 27 kommunar og private aktørar som deltek, og barna/elevane er frå barnehagealder til og med vidaregåande opplæring. Statped har ansvar for den faglege oppfølginga. Erfaringar frå piloten vil bli nytta i det vidare arbeidet med å vurdere rett til teiknspråkopplæring for barn av døve foreldre og søsken av teiknspråkbrukarar.

Andre tiltak

I 2020 blei det brukt 51,4 mill. kroner til andre tiltak som støttar opp under målet for posten, jf. tabell 4.11.

Tabell 4.11 Andre tiltak finansierte over posten

Tiltak	(i mill. kr) Rekneskap 2020
Forsking og statistikk	14,0
Internasjonale studiar	1,8
Diverse tiltak (forvaltning av tiltak, utvalsarbeid m.m.)	35,6
Totalt	51,4

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 1,7 mrd. kroner på posten til ulike tiltak for kvalitetsutvikling i grunnopplæringa. Departementet foreslår følgende flyttingar av midlar til og frå posten:

- 25 mill. kroner frå kap. 230, post 01 for å styrke kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis
- 5 mill. kroner frå posten til kap. 201, post 21 til forsking på kvalitet i fag- og yrkesopplæringa
- 4 mill. kroner frå posten til kap. 225, post 75, slik at organisasjonar som har fått midlar gjen-

nom tilskotsordninga for lesestimulering heller får grunntilskot

- 1 mill. kroner for å flytte tilskotet til Stiftelsen 10. august til posten frå kap. 291, post 73. Samla er det sett av 4 mill. kroner til tiltaket, jf. omtale under.

Nedanfor følger omtale av dei viktigaste prioriteringane innanfor løyvingforslaget. Departementet vil ved behov omdisponere midlar mellom dei ulike satsingane på posten.

Departementet foreslår ei tilsegnfullmakt på 35 mill. kroner på posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Løyvinga under posten er redusert med 0,7 mill. kroner som følge av at forventna pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inkludert arbeidsgivaravgift, er redusert tilsvarende, jf. nærare omtale i del I, kap. 1. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 0,1 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien.

Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø

Departementet foreslår å løyve

- 51,5 mill. kroner til gratis SFO for familiar med låg inntekt i utvalde kommunar
- 42 mill. kroner til ulike tiltak for å sikre eit betre læringsmiljø, under dette ordninga Inkluderande barnehage- og skulemiljø, ordninga med fylkesvise mobbeombod for barnehagar og skular, partnerskap mot mobbing m.m.
- 35 mill. kroner til handhevingsordninga for mobbesaker
- 12,5 mill. kroner til Dembra
- 5 mill. kroner til eit nasjonalt læringstilbod om 22. juli. Det europeiske Wergelandsenteret er mottakar av tilskotet
- 4 mill. kroner til Stiftelsen 10. august. I 2021 fekk stiftinga ei oppstartsstøtte på 1 mill. kroner frå kap. 291, post 73. For 2022 foreslår departementet å auke tilskotet med 3 mill. kroner til etablering av eit minne- og kunnskaps-senter og formidlingsarbeid om terror og hat mot muslimar etter terrorangrepet på Al-Noor Islamic Center i 2019. Samstundes er tilskotet flytta til kap. 226, post 21
- 2 mill. kroner til Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset i Veiten
- 0,5 mill. kroner til støttegruppa etter 22. juli

Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt

Tiltak for å redusere tapt progresjon i skulen for sårbare elevar

I samband med behandlinga av Prop. 117 S (2019–2020) løyvde Stortinget midlar til tiltak for å redusere tapt progresjon i skulen for sårbare elevar i samband med covid-19-utbrotet. For nokre elevar kan nedstenginga ha langvarige konsekvensar. Det kan også vere nødvendig med forsterka tiltak ved nye periodar med nedstenging eller forsterka smitteverntiltak. Departementet foreslår å løyve

240 mill. kroner for å støtte barn og unge som følge av konsekvensar av covid-19-pandemien i skule og barnehage, mellom anna til oppfølging av elevar som har fått tapt fagleg og sosial læring.

Andre tiltak

Departementet foreslår vidare å løyve

- 13,7 mill. kroner til strategiplan og talentsenter for realfag. Det inkluderer 2 mill. kroner til eit talentsenter på Vitenparken Campus Ås, som har fått midlar til å starte opp frå skuleåret 2021–22
- 10 mill. kroner til symjeopplæring for nykomne minoritetspråklege elevar. Alle elevar som ikkje kan symje eller har hatt moglegheit til å delta i symjeundervisninga, kan omfattast av ordninga
- 10 mill. kroner til områdesatsinga i Groruddalen og 0,5 mill. kroner til områdesatsinga i Oslo sør. For samla omtale av midlar over Kunnskapsdepartementets budsjett til dei statlege områdesatsingane, sjå programkategori 07.90 Integrering og mangfald

Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse

Desentralisert ordning for kompetanseutvikling

Frå 2021 inngår desentralisert ordning for kompetanseutvikling i ny tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring. Den nye tilskotsordninga omfattar desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skule, regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage og kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Departementet foreslår for 2022 å løyve 260 mill. kroner til den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling i skule. Utdanningsdirektoratet forvaltar ordninga, og samarbeider tett med statsforvaltarembeta om implementering av nye retningslinjer og vidareutvikling av praksis knytt til ordninga i alle fylker.

Oppfølginga av Tett på-meldinga

Departementet vil setje av midlar på posten til arbeidet med oppfølging av Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Departementet foreslår å løyve totalt 100 mill. kroner i 2022 til kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis i barnehage, skule, PPT og eventuelt andre tenester.

Karrierevegar for lærarar

Departementet foreslår å bruke til saman 271,7 mill. kroner i 2022 til satsinga på karrierevegar for lærarar som ønsker profesjonell utvikling. Av desse midlane skal 255,7 mill. kroner gå over kap. 226, post 21 og 16 mill. kroner over kap. 226, post 22. Løyvinga gir rom for å auke talet på lærarspesialistar frå 2 300 i 2021 til 3 000 hausten 2022.

Andre tiltak

Departementet foreslår vidare å løyve

- 100 mill. kroner til å gjennomføre kompetanseutvikling innanfor strategien yrkesfaglærarløftet
- 9 mill. kroner til å vidareføre lektor-2-ordninga for realfag
- 7 mill. kroner til stimuleringsmidlar til rettledning av nyutdanna nyttilsette lærarar i barnehage og skule som universitet og høgskular kan søke på
- 5 mill. kroner til auka kompetanse blant tilsette i SFO

Alle lykkast i opplæringa og utdanninga

Fagfornyninga i grunnopplæringa

Departementet foreslår ei løyving på 100 mill. kroner til læremiddel i kommunane. Vidare foreslår departementet å løyve 15 mill. kroner til læremiddel der det ikkje er kommersielt grunnlag for utvikling. Departementet foreslår også at 15 mill. kroner blir tildelt Sametinget, og at desse midlane kjem i tillegg til andre midlar Sametinget nyttar til læremiddel, under dette omsetjing, tilpassing og utvikling av digitale læremiddel på samisk. Vidare vil Utdanningsdirektoratet følge opp implementeringa av fagfornyninga med midlar til læreplanforvaltning, vidareutvikling av underevgs- og sluttvurdering og utvikling av nye prøvar.

Digitaliseringsstrategien og Den teknologiske skulesekken

Departementet vil i løpet av 2022 legge fram ein ny digitaliseringsstrategi for grunnopplæringa. Departementet foreslår å løyve til saman om lag 110 mill. kroner i 2022 til satsinga Den teknologiske skulesekken. Dette inkluderer om lag 50 mill. kroner til ei tilskotsordning for innkjøp av digitale læremiddel. Målet med tilskotsordninga er å gi elevar og lærarar betre tilgang til eit mangfald av digitale læremiddel av høg kvalitet til fagfornyninga, og det må sjåast i samanheng med sat-

singa på læremiddel til fagfornyninga og tilskotet til omsetjing, tilpassing og utvikling av digitale læremiddel på samisk. Tilskotet til kunnskapssentera til programmering i grunnopplæringa blir ført vidare med 10 mill. kroner. Tilskot til utstyr til skuleeigarar som prioriterer vidareutdanning og kompetanseheving innanfor programmering, vil òg bli ført vidare med opptil 15 mill. kroner. I tillegg vil arbeidet med Feide i grunnopplæringa, informasjonstryggleik og personvern bli styrkt i 2022.

Nettbasert opplæring

Departementet foreslår å løyve 10 mill. kroner til satsinga på nettbasert opplæring og 9 mill. kroner til Fleksibel opplæring. Utdanningsdirektoratet har oppretta Digilær.no, ei permanent plattform for nettbasert undervisning som fellesløyving for sektoren. Gjennom plattformen skal elevar på ungdomstrinnet som ønsker større utfordringar i matematikk, kunne nytte det nettbaserte tilbodet Forsering matematikk 1T (tidlegare Den virtuelle matematikkskulen). Plattformen skal også nyttast til ordninga Fleksibel opplæring.

Tiltak retta mot fag- og yrkesopplæringa

Departementet vil i 2022 nytte 17 mill. kroner til å vidareføre forsøket med ulike ordningar for å stimulere til investeringar i utstyr på yrkesfag. Målet er å få betre kunnskap om kva for modellar for finansiering av utstyr som fører til finansiering frå fylkeskommunane.

I tillegg foreslår departementet å vidareføre 10 mill. kroner til yrkesfaglærer 2-ordninga.

Departementet vil setje av midlar til å vidareutvikle digitale verktøy som kan nyttast i formidlinga av læreplassar.

Forskning og evaluering og internasjonale undersøkingar

Departementet vil setje av midlar på posten til arbeidet med å utvikle Skuleporten, brukarundersøkingar, statistikk og indikatorar og deltaking i internasjonale undersøkingar. Det vil òg bli sett av midlar til forskning og evaluering i grunnopplæringa, inkludert kartleggingar, evalueringar og forskingsbaserte analysar av statlege tiltak som er under utprøving eller har starta opp.

Departementet foreslår å løyve 1 mill. kroner til eit samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet om ei «regulatorisk sandkasse» for kunstig intelligens og personvern.

Dette er ei ordning for utprøving av nye idear for fastsetjing av regelverk, til dømes når det gjeld samanhengande digitale tenester. Midlane kan mellom anna fremje prosjekt om læringsanalyse og adaptive læremiddel. 2022 er det siste året for denne løyvinga.

Matematikk-OL

Matematikk-OL, som er ein konkurranse for dei under 20 år, samlar deltakarar frå over 100 land frå fem kontinent. Noreg har delteke sidan 1984, men aldri vore arrangør. I 2022 skal OL i matematikk arrangerast i Oslo, og Universitetet i Oslo (UiO) er arrangør. Departementet foreslår å løyve 20 mill. kroner til arrangementet, i tråd med forpliktinga staten tok på seg då UiO søkte om å arrangere, jf. tilsegnsmakta som Stortinget vedtok ved behandlinga av statsbudsjettet for 2017.

Andre tiltak

Departementet foreslår vidare å løyve

- 43 mill. kroner til oppfølgingsordninga. Kommunane skal få tilbod om støtte og rettleiing, tilpassa dei lokale utfordringane
- 17,5 mill. kroner til folke- og skulebibliotek
- 6 mill. kroner til produksjonsskular i Vestland fylkeskommune, for å vidareføre tilskotet som blei gitt i samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2021.
- 2,5 mill. kroner til prosjektet Venneslabroa, som er eit prosjekt der Vennesla vidaregåande skole utviklar nye tiltak for å få ungdom gjennom skuleløpet
- 1 mill. kroner til Eidsvoll 1814 og demokrati-nettstaden Min Stemme. Løyvinga må sjåast i samanheng med fagfornyinga

Post 22 Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar

Løyvinga finansierer satsinga på vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar, jf. *Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning for lærere og skuleledere frem mot 2025*. I strategiperioden er engelsk, matematikk, norsk, norsk teiknspråk og samisk prioriterte fag i vidareutdanningsordninga for lærarar. Dette er i samsvar med krava til formell kompetanse for å undervise i desse faga.

Løyvinga finansierer også rektorutdanning, modulbasert vidareutdanning for skuleleiarar, vidareutdanning for rettleiing av nyutdanna lærarar og lærarspesialistutdanningane. For tilsette i

skulen som manglar lærarutdanning, er det stipendordningar for toårig praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag (PPU-Y) og treårig yrkesfaglærerutdanning (YFL). Staten har også finansierte stipendmidlar for at skuleeigarar kan rekruttere personar utanfrå som ønsker å ta ei yrkesfaglærerutdanning for å jobbe i skulen.

Mål for 2022

Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar og kvalifisering av lærarar skal bidra til god fagleg og pedagogisk kvalitet i grunnopplæringa. Dette skal føre til at elevane lærer meir.

Resultat i 2020

Rettleiarutdanning

Utdanningsdirektoratet har overteke ansvar for rettleiarutdanning av nyutdanna barnehagelærarar og lærarar. For studieåret 2020–21 blei det inngått avtale med 10 universitet og høgskular om i alt 385 studieplassar, og det blei nytta 6,6 mill. kroner til dette i 2020.

Vidareutdanning for lærarar

I 2020 blei det brukt 1,36 mrd. kroner til vidareutdanning for lærarar gjennom strategien Kompetanse for kvalitet. I skuleåret 2020–21 blei det gitt tilbod om vidareutdanning til 5 775 lærarar. Ei evaluering viser at lærarar som har teke vidareutdanning, meiner at elevane deira lærer meir, og at dei sjølve har blitt meir engasjerte og betre til å undervise.

Nye karriereveggar for lærarar (lærarspesialistar)

Det blei nytta 26,6 mill. kroner over kap. 226, post 22 til ordninga med lærarspesialistar. Sjå meir omtale under rapport for 2020 over kap. 226, post 21.

Rektorutdanninga og vidareutdanning for skuleleiarar

69,3 mill. kroner gjekk til rektorutdanninga og modulbasert vidareutdanning for skuleleiarar. I 2020 begynte 467 på rektorutdanninga og 349 på den modulbaserte vidareutdanninga for skuleleiarar. Evalueringa av rektorutdanninga viser at deltakarane er svært nøgde med tilbodet. Dei opplever at utdanninga har høg kvalitet, og at dei blir

meir bevisste på eigen leiarpraksis og dermed tryggare leiarar.

Stipendordning for tilsette som manglar lærarutdanning, og til rekruttering av personar utanfor skulen

82,9 mill. kroner gjekk til kompetansetiltak for ikkje-kvalifisert undervisningspersonell i 2020. Det blei utbetalt 469 nye stipend til personar for studiar på PPU, PPU-Y og YFL. Av desse gjekk 64 stipend til å rekruttere personar utanfor skulen. Den andre halvparten av stipenda til deltakarane frå stipendordninga i 2017 og 2018 blei også utbetalt etter fullførte studium.

Forsøksordning for lærarkvalifisering

I 2020 gjekk 6 mill. kroner til universitet og høgskular til å understøtte gjennomføringa av prosjektet for at personar med påbegynt, men ikkje fullført lærarutdanning skal kunne fullføre fireårig grunnskulelærarutdanning. Sjå også omtale av midlar løyvde over kap. 226, post 21 til rekruttering til lærarutdanning og læraryrket.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 1,7 mrd. kroner på posten. Løyvinga finansierer plassar våren 2022 og gir rom for å tilby vidareutdanning til om lag 5 000 lærarar hausten 2022 innanfor ordninga Kompetanse for kvalitet. Dette inkluderer 370 nye plasser, hovudsakleg i spesialpedagogikk. Departementet forventar at kapasiteten vil vere god nok til å gi tilbod til alle som ønsker vidareutdanning i matematikk, norsk, engelsk, norsk teiknspråk og samisk.

Utdanningsdirektoratet har ansvaret for å finansiere studie plassar i vidareutdanning i rettleiing av nyutdanna lærarar. Dette er ein del av dei nasjonale rammene for rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar.

Det er behov for fleire kvalifiserte søkarar til lærarutdanningar retta mot barnehagar og skular. For mange som underviser i skulen, er ikkje kvalifiserte lærarar, jf. omtalen i kategoriinnleiinga av utviklingstrekk og utfordringar under målet om kompetanse. 10 mill. kroner over posten skal gå til universitet og høgskular som tilbyr lærarutdanningar, slik at dei kan stimulere til auka rekruttering til norske og samiske lærarutdanningar retta mot barnehagar og skular.

Som følge av dei stipendordningane som blir finansierte av løyvinga på posten, der delar av sti-

pendet først blir utbetalte når vidareutdanninga er fullført, er det behov for ei tilsegnfullmakt på 237 mill. kroner knytt til posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga skal finansiere innkjøp av eit nytt digitalt system for gjennomføring av prøvar og eksamenar, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Satsinga gjaldt først for treårsperioden 2019–21, men er forlengd ut 2022.

Mål for 2022

Målet med løyvinga er å gi elevane og eksamen-skandidatane ei intuitiv og brukarvennleg teneste der dei kan få vist eigen kompetanse på fleire måtar enn i dag. Tenesta skal vareta nye krav til universell utforming. Løysinga skal bidra til at alle prøvar og eksamenar kan utviklast og gjennomførast i ei ny, felles digital løysing.

Resultat i 2020

Hovudprosjektet for å kjøpe inn og ta i bruk eit nytt digitalt system blei starta opp i 2019. Kontrakt med leverandør blei undertekna, og arbeidet med å setje opp og ta i bruk løysinga blei sett i gang. Smitteverntiltak som følge av covid-19-pandemien har resultert i avlysing av eksamen og at skular og skuleeigarar ikkje har vore tilgjengelege for brukartest. Prosjektet er derfor forseinka med eitt år, og skal etter planen avsluttast ved utgangen av 2022. Forseinkinga fører til at kostnadene ved prosjektet stig. Eksisterande løysing for prøvegjennomføring oppfyller ikkje krava i likestillings- og diskrimineringslova til universell utforming av IKT. Utdanningsdirektoratet må søke om dispensasjon kvart år for framleis bruk i påvente av ny løysing.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 44 mill. kroner på posten.

Digitalt system for gjennomføring av prøvar og eksamenar vil gi ei årleg nettoinn sparing for kommunar og fylkeskommunar. På grunn av forseinking av prosjektet er også innsparinga for kommunar og fylkeskommunar forseinka, og det blir ikkje trekt ut meir frå rammetilskotet før i 2023.

Post 61 Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna lærarar

Målgruppa for tilskotet er nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnskulen. Kommunar og friskular som gir rettleiing til nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnskulen, kan søke om tilskot til å planlegge og gjennomføre sjølve rettleiinga. Tilskotet skal brukast til direkte kostnader til rettleiinga.

Mål for 2022

Målet med løyvinga er både å bidra til at skuleeigarane følger opp ansvaret sitt for å ha rettleiingsordningar lokalt, og å styrke rettleiinga til den einskilde nyutdanna nyttilsette læraren. Målet med rettleiinga er at fleire nyutdanna nyttilsette lærarar får ein god overgang frå utdanninga til yrket, og at dei dermed blir verande i skulen.

Resultat i 2020

I 2020 blei det innvilga 214 søknader, mot 226 i 2019. Dette omfatta 2 406 nyutdanna nyttilsette lærarar i 2020, mot 2 137 lærarar i 2019. 173 kommunar fekk tilskot for 2 330 lærarar, mot 182 kommunar og 2 051 lærarar i 2019. 41 friskular fekk tilskot for 76 lærarar, mot 44 friskular og 86 lærarar i 2019. Satsen per lærar i 2020 blei 25 700 kroner, mot 28 000 kroner i 2019.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 61,9 mill. kroner på posten i 2022.

Post 63 Forsking på effektane av auka lærartettleik

Forskinga under ordninga LÆREEFFEKT har omfatta 228 offentlege skular i 62 kommunar og starta opp hausten 2016. Ordninga er administrert av Forskingsrådet, og det er Universitetet i Stavanger og Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) som gjennomfører forskinga. Målet med LÆREEFFEKT er å utvikle kunnskap om effektane av ulike ordningar med fleire lærarar i småskulen.

Skuleåret 2019–20 skulle vere det siste året som blei omfatta av forsøka, og det blei derfor ikkje løyvd midlar over posten i 2021. På grunn av covid-19-pandemien er det skjedd forseinkingar i fleire av delprosjekta. Samla rapportering av resultatata frå LÆREEFFEKT vil derfor ikkje kome før tidlegast i 2022.

Resultat i 2020

I 2020 blei det nytta 36,6 mill. kroner på posten til å finansiere lærarårsverk i forskingsprosjektet LÆREEFFEKT. Intervensjonane i LÆREEFFEKT starta skuleåret 2016–17. Siste år med intervensjonar var skuleåret 2019–20. Tilskotsmidlane på posten som blei nytta til å finansiere lærarårsverk i alle kommunane, er frå 2020 overført til rammetilskotet for kommunane.

Sjå nærare omtale av auka lærartettleik i kapittel 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa.

Post 64 Programfinansiering av 0–24-samarbeidet

Posten blei oppretta i 2020 og skal finansiere eit treårig pilotforsøk for perioden 2020–22, jf. omtale av 0–24-samarbeidet i kategoriinnleiinga for 07.20 Grunnopplæringa. Arbeids- og sosialdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Barne- og familiedepartementet bidrog med midlar som blei rammeoverførte til posten i 2020. På grunn av covid-19-pandemien blei kommunane noko forseinka med utvikling av tiltaka som kommunane ønsker å teste ut. Perioden som tiltaka skal verke i kommunane, er derfor forlengd til og med juni 2023.

Mål for 2022

Målet med pilotforsøket er å prøve ut om programfinansiering er eit effektivt verkemiddel for å gi betre samordna tenester til utsette barn og unge i alderen 0–24 år og familien deira. Programfinansieringa går ut på å slå saman delar av eksisterande tilskotsordningar retta mot utsette barn og unge i ein pott som pilotkommunane har stor fridom til å disponere innanfor formålet. På denne måten kan midlane bli betre tilpassa lokale behov.

Resultat i 2020

Om lag 39 mill. kroner blei utbetalt til dei tolv pilotkommunane i 2020. Tiltaka som kommunane skal teste ut i prosjektperioden, skal evaluerast av ulike kompetansmiljø. Den overordna evalueringa av programfinansiering som verkemiddel blir gjort av Oxford Research.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 41,6 mill. kroner på posten.

Post 71 Tilskot til vitensenter

Eit vitensenter er eit lærings- og opplevingscenter for teknologi, naturvitskap og matematikk der besøkande lærer ved å eksperimentere. Vitensentera er eit viktig verkemiddel for auka kunnskap i teknologi og realfag og bidreg til å skape interesse for og rekruttering til eit kompetanseområde Noreg treng. Sentera fungerer som ei støtte og gir verktøy til skulane og lærarane i opplæringa og bidreg til å følge opp nasjonale strategiar. Tilbodet er basert på læreplanar i realfag. Hausten 2021 er det 13 vitensenter i Vitensenterprogrammet i Forskingsrådet:

- Jærmuseet – Rogaland
- Nordnorsk vitensenter – Tromsø
- Vitensenteret i Oslo v/Norsk Teknisk Museum
- Vilvite – Bergen
- Vitenlaben – Grenland
- Vitensenteret i Trondheim
- Vitensenteret Innlandet – Gjøvik
- Inspiria Science Center – Østfold
- Sørlandet vitensenter – Arendal og Kristiansand
- Vitenparken Campus Ås
- Atlanterhavsparken – Ålesund
- Vitensenter Nordland – Mo i Rana
- ViteMeir – Kaupanger

Fordelinga av tilskotet til vitensentera blir vedteke av styret i Vitensenterprogrammet. Styret blir oppnemnt av Noregs forskingsråd. I styret sit mellom anna representantar frå akademia og næringslivet.

Mål for 2022

Målet med tilskotet er å auke interessa for teknologi og realfag.

Resultat i 2020

I 2020 fekk 12 regionale vitensenter midlar frå denne posten. I 2020 var det samla talet på besøkande 507 000. Dette er 414 000 færre enn året før. Vitensentera leverte i 2020 undervisning til 155 000 elevar og lærarar. Dette er 73 000 færre enn året før. Tala omfattar ikkje Atlanterhavsparken, som fekk midlar på posten for første gong hausten 2019, og som framleis er i etableringsfasen. Covid-19-pandemien har påverka vitensentera i stor grad og har ført til nær ei halvering i besøktal samanlikna med 2019. For å kompensere for inntektssvikten i 2020, blei løyvinga til vitensentera auka med 18,6 mill. kroner hausten 2020, jf. Innst. 154 S (2020–2021) og Prop. 44 S (2020–2021).

Vitensentera har i 2020 utvikla og gjennomført digitale undervisningstilbod. Resultatet, i tal på undervisningstimar som sentera har levert, viser ein auke på over 50 pst. samanlikna med 2019. Ifølge lærarane er vitensentera eit viktig supplement til undervisninga i realfag.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 94,7 mill. kroner på posten.

I løyvinga inngår ein auke på 3,5 mill. kroner for å gi rom for at tilskotet til ViteMeir i Kaupanger i Sogndal kommune kan få heilårseffekt i 2022.

Fordelinga av tilskotet til vitensentera blir vedteke av styret i Vitensenterprogrammet.

Kap. 227 Tilskot til særskilde skular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
63	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar	41 467	43 502	44 552
78	Tilskot	177 354	186 434	186 434
	Sum kap. 227	218 821	229 936	230 986

Post 63 blir nytta når midlane går til kommunar og fylkeskommunar, medan post 78 blir nytta til tilskot til aktørar som ikkje er offentlege.

Post 63 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar

Mål for 2022

Målet med løyvinga er å støtte offentlege skular som ikkje har lovheimla rett til tilskot, men som departementet likevel ønsker å støtte fordi verksemda ved skulane dekkjer viktige behov.

Tilskot til Murmanskskolen

Tilskotet går til Troms og Finnmark fylkeskommune og skal nyttast til drift av norskrussisk vidaregåande skule i Murmansk (Murmanskskolen). Skulen gir tilbod om tilpassa studieførebuande Vg3 til norske elevar.

Tilskot til vaksenopplæring i Sandefjord kommune

Stiftelsen Signo har ein institusjon og ein skule for døvblinde og døve med tilleggsfunksjonshemmingar i Sandefjord kommune. Kommunen er etter opplæringslova ansvarleg for å finansiere vaksenopplæring. Tilskotet skal bidra til å dekke meirutgifter Sandefjord kommune har som følge av ansvaret for å gi vaksenopplæring til bebuarar ved Stiftelsen Signo.

Tilskot til Fjellheimen leirskule

Tilskotsmottakar er Engerdal kommune, og tilskotet skal nyttast til drift av Fjellheimen leirskule. Fjellheimen leirskule er ein leirskule for barn, unge og vaksne med psykisk utviklingshemming eller lærevanskar. Leirskulen finansierer drifta ved statstilskot, betaling frå elevane/deltakarane og medverknad frå Engerdal kommune, som eig og driv Fjellheimen leirskule.

Tilskot til dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv

Tilskotet finansierer drift av dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv med tilhøyrande internat. Skulen i Snåsa gir opplæring på sørsamisk, medan skulen i Målselv gir opplæring på nordsamisk. Skulane har heile landet som opptaksområde.

Tilskot til skuleskyss for elevar ved dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv

Tilskotet skal bidra til å dekke utgifter til skuleskyss for elevar ved dei kommunale sameskulane i

Snåsa og Målselv. Tilskotet går til kommunane Snåsa og Målselv.

Resultat i 2020

Tilskot til Murmanskskolen

Hausten 2020 blei det teke inn ti elevar frå Noreg som skulle starte på Vg3 ved Murmanskskolen. Alle elevane blei i slutten av august førte tilbake til skulen i heimfylket på grunn av den pågåande pandemien. Desse elevplassane blei erstatta av russiske elevar.

Tilskot til vaksenopplæring i Sandefjord kommune

Tilskotet kommunen fekk i 2020, gjekk til kjøp av vaksenopplæringstenester frå Stiftelsen Signo. Totalt 29 elevar fekk opplæring i 2020.

Tilskot til Fjellheimen leirskule

Skulen kan ta inn opptil 1 000 deltakarar kvart år. I 2020 var det 530 deltakarar. Dette er ein vesentleg nedgang samanlikna med året før, då 867 personar fekk eit opphald ved skulen. Det låge talet på elevar har årsak i covid-19-pandemien.

Tilskot til dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv

Sameskulen i Snåsa hadde 13 elevar hausten 2020. Det er fem elevar færre enn året før. På grunn av covid-19-pandemien hadde ikkje skulen svenske elevar dette året. I tillegg fekk sju elevar ved Snåsa ungdomsskule undervisning ved sameskulen. Ti elevar fekk fjernundervisning, like mange som året før. Sameskulen i Målselv hadde 21 elevar hausten 2020, mot 25 elevar året før. I tillegg fekk 17 elevar fjernundervisning. Det er fire fleire enn året før.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 44,6 mill. kroner på posten. Tabell 4.12 viser forslag til fordeling av tilskotet. I løyvinga inngår 1,8 mill. kroner for å bidra til å dekke utgifter til skuleskyss for elevar ved dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv. Det er ein auke på 1,1 mill. kroner som følge av at tilskotet får heilårseffekt.

Tabell 4.12 Fordeling av tilskot på kap. 227, post 63

	(i 1 000 kr)
Tilskotsmottakar	Tilskot 2022
Murmanskskolen	2 585
Vaksenopplæring i Sandefjord kommune	5 874
Fjellheimen leirskule	6 998
Dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv	27 295
Skuleskyss ved dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv	1 800
Sum	44 552

Post 78 Tilskot

Mål for 2022

Målet med løyvinga er å støtte private verksemder som ikkje har lovheimla rett til tilskot, men som departementet likevel ønsker å støtte fordi verksemda ved skulane dekkjer viktige behov.

Tilskot til Den franske skolen i Oslo

Noreg har inngått ein avtale med Frankrike som forpliktar Noreg til å gi eit årleg tilskot til Den franske skolen i Oslo, mot at Frankrike legg til rette for opplæring av lærlingar frå Noreg i Frankrike. På skulen går det elevar frå Frankrike og Noreg i tillegg til elevar frå mange andre land. Tilskotet skal styrke samarbeidet med Frankrike og stillinga til det franske språket i Noreg.

Tilskot til internatdrifta ved Krokeide videregående skole

Krokeide videregående skole AS er godkjend etter friskulelova § 2-1 bokstav f for å tilby særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma elevar. Skulen gir eit landsdekkande tilbod som er godkjent for 220 elevar, og har plass til drygt 115 elevar på internatet. Tilskotet skal bidra til drifta av internatet ved Krokeide videregående skole og det sosialmedisinske hjelpeapparatet ved skulen, slik at skulen kan tilby yrkesretta vidaregåande opplæring for personar med fysiske eller psykiske utfordringar.

Tilskot til Røde Kors Nordisk United World College

United World Colleges (UWC) er ein internasjonal organisasjon som arbeider for å fremje fred og forståing gjennom utdanning. Det er i alt 18 UWC-skular i 18 land. Tilskotet går til Røde Kors Nordisk United World College i Fjaler i Sogn og Fjordane (RKNUWC). Skulen fører elevane fram til ein International Baccalaureate (IB)-eksamen.

Tilskot til Signo grunn- og videregående skole og Briskeby videregående skole

Målgruppene til Signo grunn- og videregående skole er døvblinde og døve elevar med tilleggsfunksjonshemmingar, medan målgruppa til Briskeby videregående skole er høyrselshemma elevar. Tilskotet skal bidra til at skulane kan halde fram med drifta på om lag same nivå som før dei blei godkjende som frittstående skular frå skuleåret 2012–13. Tilskotet skal òg bidra til å dekke heimreisekostnader for elevane ved skulane og drift av internatet ved Signo grunn- og videregående skole.

Tilskot til opplæring i rusinstitusjonar

Tilskotet skal finansiere opplæringstilbodet som rusinstitusjonane Tyrilistiftelsen og Stiftelsen Fossumkollektivet har i Viken og Innlandet. Tilskotet skal dekke kostnader til opplæring som ligg utanfor ramma av opplæringslova, og som derfor ikkje ligg under ansvaret til fylkeskommunane.

Tilskot til Lycée International de Saint-Germain-en-Laye

Tilskotet skal medverke til at det blir gitt grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring til norske elevar ved den norske seksjonen ved skulen, i dei faga seksjonen tilbyr.

Tilskot til internatdrifta ved Feiring videregående skole

Feiring videregående skole AS er godkjend etter friskulelova § 2-1 bokstav f for å tilby særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma elevar. Skulen gir eit landsdekkande tilbod. Tilskotet skal bidra til drifta av internatet ved Feiring vidaregåande skole og det sosialmedisinske hjelpeapparatet ved skulen, slik at skulen kan tilby yrkesretta vidaregåande opplæring for personar med fysiske eller psykiske utfordringar.

Resultat i 2020

Tilskot til Den franske skolen i Oslo

I skuleåret 2020–21 hadde Den franske skolen i Oslo 273 elevar på barnetrinnet, 192 elevar på ungdomstrinnet og 81 elevar i vidaregåande opplæring. Totalt hadde skulen 546 elevar, mot 529 elevar i skuleåret 2019–20.

Tilskot til internatdrifta ved Krokeide vidaregåande skole

I 2020 var det 108 elevar på internatet om våren og 95 elevar om hausten. I 2019 var det til samanlikning 106 elevar om våren og 99 elevar om hausten ved internatet. Skulen er godkjend for 220 elevar og har plass til 115 elevar på internatet. Utnyttinga av kapasiteten til internatet er derfor god.

Tilskot til Røde Kors Nordisk United World College

I skuleåret 2020–21 hadde RKNUWC 200 elevar frå 89 land. 68 av elevane kom frå nordiske land. Elevtalet og fordelinga mellom regionane elevane kjem frå, har vore relativt stabile i dei siste åra. Hausten 2020 var det fleire elevar frå Europa enn tidlegare, sidan elevar frå andre verdsdelar ikkje kunne kom på grunn av covid-19-pandemien.

Tilskot til Signo grunn- og videregående skole og Briskeby videregående skole

Signo fekk våren 2020 tilskot for 11 elevar på grunnskulenivå og 18 heiltidselevar på vidaregåande nivå om våren. Om hausten var det 18 elevar på grunnskulenivå og 11 heiltidselevar på vidaregåande. Tilskotet til Briskeby blei utbetalt for 37

heiltids- og 14 deltidselevar på vidaregåande nivå våren 2020 og 31 heiltids- og 13 deltidselevar på vidaregåande nivå om hausten. Elevtalet ved dei to skulane har vore relativt stabilt i dei siste skuleåra og ligg på eit høgt nivå i høve til det elevtalet skulane er godkjende for.

Tilskot til opplæring i rusinstitusjonar

Fossumkollektivet hadde i 2020 til saman 84 elevar ved skuleavdelingane i Viken og 26 elevar ved dei to avdelingane i Innlandet. Ved dei to verksemdene Tyrilistiftelsen har i Innlandet, har 86 bebuarar hatt eit opplæringstilbod i regi av Frankmotunet, og 97 bebuarar har delteke på ulike skuletilbod i Lillehammer.

Tilskot til Lycée International de Saint-Germain-en-Laye

Hausten 2020 var det 22 elevar på barnetrinnet, 9 elevar på ungdomstrinnet og 14 elevar i vidaregåande skule som fekk opplæring i den norske seksjonen ved skulen.

Tilskot til internatdrifta ved Feiring vidaregåande skole

Feiring vidaregåande skole starta opp hausten 2020 med 108 elevar. Hausten 2020 vart det teke i bruk 56 hyblar på internatet.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 186,4 mill. kroner på posten. Tabell 4.13 viser forslag til fordelinga av tilskotet.

Tabell 4.13 Fordeling av tilskot på kap. 227, post 78

	(i 1 000 kr)
Tilskotsmottakar	Tilskot 2022
Den franske skolen i Oslo	32 606
Internatdrifta ved Krokeide videregående skole	29 187
Røde Kors Nordisk United World College	39 981
Signo grunn- og videregående skole og Briskeby videregående skole	49 666
Opplæring i rusinstitusjonar	12 238
Lycée International de Saint-Germain-en-Laye	5 356
Internatdrifta ved Feiring videregående skole	17 400
Sum	186 434

Kap. 228 Tilskot til frittstående skular o.a.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
70	Frittstående grunnskular, <i>overslagsløyving</i>	3 117 719	3 154 601	3 202 439
71	Frittstående vidaregåande skular, <i>overslagsløyving</i>	1 721 790	1 718 569	1 740 303
72	Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, <i>overslagsløyving</i>	152 941	161 878	155 354
73	Frittstående grunnskular i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	115 874	128 845	109 397
74	Frittstående vidaregåande skular i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	15 396	22 133	13 335
75	Frittstående skular for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>	366 111	365 466	401 325
76	Andre frittstående skular, <i>overslagsløyving</i>	41 852	42 046	60 813
77	Den tysk-norske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>	29 487	30 104	30 309
78	Kompletterande undervisning	23 065	24 772	25 416
79	Toppidrett	48 808	77 403	79 415
81	Elevutveksling til utlandet	2 122	2 190	2 247
82	Kapital- og husleigetilskot til friskular	66 162	83 337	105 504
84	Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga		3 000	7 200
85	Kompensasjon for meirutgifter knytt til covid-19	50 000	40 000	
	Sum kap. 228	5 751 327	5 854 344	5 933 057

Lov av 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar (friskulelova) skal medverke til at det kan bli oppretta og drive frittstående skular i Noreg, slik at foreldre og elevar kan velje andre skular enn dei offentlege, jf. menneskerettslova § 2 nr. 2.

Løyvingane over kap. 228 går i hovudsak til tilskot til frittstående skular som er godkjende etter friskulelova. Tilskotet oppfyller dei finansielle pliktene staten har overfor frittstående skular som er godkjende etter lova. I tillegg blir det over dette kapittelet gitt tilskot til kompletterande undervisning, jf. friskulelova § 6-4, Den tysk-norske skolen i Oslo, toppidrett og elevutveksling i utlandet.

Satsane for tilskot til dei fleste frittstående skulane bygger på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege skulen i 2020, jf. friskulelova kap. 6. Mange av tilskotssatsane for både frittstående grunnskular og vidaregåande skular blir redu-

serte i 2022, samanlikna med året før. Dette kjem av endringar i tilskotsgrunnlaget. Kunnskapsdepartementet vil sjå nærare på korleis endringar i utgiftene til kommunesektoren slår inn i tilskotsatsane, og i kva grad desse endringane over tid reflekterer endringar i utgiftene til dei frittstående skulane. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2022 med forslag om auka løyving dersom det viser seg at berekningsmodellane har gitt urimelege utslag i tilskotssatsane, i form av at kostnadsreduksjonen for friskulane ikkje svarer til tilskotsreduksjonen. Kommunesektoren blei kompensert for meirutgifter som følgde av covid-19-pandemien i 2020. Friskulane blei òg kompenserte på om lag same nivå per elev. Kompensasjonen til kommunesektoren er derfor trekt ut av tilskotsgrunnlaget.

Mål for 2022

Målet med tilskotsordningane er å medverke til at det kan bli oppretta og drifta friskular etter friskulelova.

Resultat i 2020

Tabell 4.14 viser endringar i talet på elevar og frittstående skular som fekk tilskot over post 70–76, frå skuleåret 2018–19 til skuleåret 2020–21. For grunnskulen gjeld tala frå elevteljinga 1. oktober. For vidaregåande skule gjeld gjennomsnittet av talet på elevar frå elevteljingane 1. oktober og 1. april.

Tabell 4.14 Friskular, tal på skular og elevar

Post	Skuletype	Skular			Elevar		
		2018–19	2019–20	2020–21	2018–19	2019–20	2020–21
70	Grunnskular	237	249	255	21 616	24 993	26 101
71	Vidaregåande skular	79	81	83	13 807	13 680	14 537 ¹
72	Diverse skular godkjent etter friskulelova kapittel 6A	30	29	28	1 373	1 265	1 278
73	Grunnskular i utlandet	9	9	9	748	765	547
74	Vidaregåande skular i utlandet	3	3	3	131	138	85 ¹
75	Skular for funksjonshemma elevar	16	15	16	819	869	957 ¹
76	Andre frittstående skular	2	1	1	178	119	135
	Sum	376	387	395	38 672	41 829	43 640

¹ Inkludert elevar tekne opp som følge av mellombels særregel om inntak i friskular hausten 2020.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Hausten 2020 gjekk 4,1 pst. av grunnskuleelevane i frittstående skular, mot 3,9 pst. året før. Hausten 2020 gjekk 7,3 pst. av elevane i vidaregåande opplæring i frittstående skular, mot 7,2 pst. året før. I dei siste ti åra har det vore ein liten auke i prosentdelen elevar i frittstående grunnskular og i frittstående vidaregåande skular. I skuleåret 2009–10 gjekk 2,4 pst. av elevane i grunnskulen i friskular og 6,4 pst. av elevane i vidaregåande opplæring.

Post 70 Frittstående grunnskular, overslagsløyving

Frittstående grunnskular som er godkjende etter friskulelova, får tilskot tilsvarende 85 pst. av tilskotssatsen.

I 2020 blei det løyvd 15,5 mill. kroner i tilskot til å gjennomføre lærarnorma, jf. Innst. 12 S (2018–2019). Tilskotet blir fordelt til dei skulane som per 1. oktober 2018 mangla meir enn 0,2 lærarårsverk for å oppfylle same lærartettleik som norma i offentleg skule. Det gjeld 22 skular. Rapporteringa frå GSI (Grunnskolen Informasjons-

system) per 1. oktober 2018 dannar grunnlaget for å berekne og utbetale tilskot. Tilskotet blir gitt med ein sats per ekstra lærarårsverk, og det blir fasa ut når ressursane kommunane har til fleire lærarar for å oppfylle lærarnorma, inngår i tilskotsgrunnlaget til friskulane.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 3,2 mrd. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 119,7 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein reduksjon på 76,1 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2021. Departementet foreslår òg å løyve 4,2 mill. kroner som kompensasjon for hausteffekten av ein ekstra skuletime i naturfag i grunnskulen.

Det følger av friskulelova at statstilskotet til frittstående grunnskular skal ta omsyn til storleiken til skulane. Satsane i tilskotsmodellen blir berekna basert på gjennomsnittleg elevtal og gjennomsnittleg skulekostnad per kommune. Det blir stadig færre kommunar med lågt gjennom-

snittleg elevtal. Berekningsmodellen gir derfor ikkje lenger eit eintydig svar på kva satsane bør vere, eller kva som bør reknast som ein stor og ein liten skule. Departementet har sett i gang eit arbeid med å greie ut ein ny tilskotsmodell.

I statsbudsjettet for 2022 er satsane berekna med utgangspunkt i satsane frå 2020, korrigert for endringar i tilskotsgrunnlaget frå 2018 til 2020.

Departementet foreslår å vidareføre 16,4 mill. kroner til å gjennomføre lærarnorma i friskulane innanfor løyvinga.

Post 71 Frittstående vidaregåande skular, overslagsløyving

Vidaregåande skular som er godkjende etter friskulelova, får tilskot tilsvarende 85 pst. av tilskots-satsen. Satsane for tilskot til frittstående vidaregåande skular bygger på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege skulen to år tidlegare. Det blir rekna ut ein sats for kvart utdanningsprogram. For dei nye utdanningsprogramma som kom med ny tilbodsstruktur hausten 2020, vil departementet inntil vidare vidareføre satsane frå dei tilsvarende utdanningsprogramma i den gamle tilbodsstrukturen. Desse satsane blir frosne og prisjusterte inntil ein har grunnlag for å berekne nye satsar. Posten omfattar òg eit særskilt årleg tilskot til Kongshaug Musikkgymsas, Oslo by steinerskole og Kristen VGS Vennessla.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 1,7 mrd. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 106,1 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein reduksjon på 90,5 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2021. Departementet foreslår òg å løyve 6,2 mill. kroner til meir fleksible og tilpassa opplæringsløp i vidaregåande opplæring i samband med Fullføringsreforma.

Post 72 Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, overslagsløyving

Med verknad frå 1. januar 2021 vart føresegnene i kapittel 4 i vaksenopplæringslova om diverse skular flytta frå vaksenopplæringslova til kapittel 6A i friskulelova, jf. lov av 19. juni 2020 nr. 91. Satsane for tilskot til skular som er godkjende etter kap. 6A i friskulelova, med unntak av Norsk Yrkesdykkerskole, er baserte på tre av satsane for frittstående vidaregåande skular. Dei tre satsane er dei same som for utdanningsprogram for studiespesialisering, idrettsfag og musikk, dans og drama.

Skular som er godkjende etter kap. 6A i friskulelova, får 75 pst. av tilskots-satsane.

Oxford Research har gjennomgått tilskotsordninga i 2020 på oppdrag av Kunnskapsdepartementet, som no vil vurdere korleis tilrådingane bør følgast opp. Oppfølginga er forseinka som følge av covid-19-pandemien.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 155,4 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein reduksjon på 54 000 kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein reduksjon på 6,5 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2021.

Post 73 Frittstående grunnskular i utlandet, overslagsløyving

Skulane får tilskot etter same grunnlag som frittstående grunnskular i Noreg, men satsen blir høgare fordi desse skulane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift. Posten omfattar òg avrekning mellom Noreg og Sverige for svenske elevar i norske skular i utlandet og for norske elevar ved svenske frittstående grunnskular i utlandet. I tillegg omfattar posten utgifter til spesialundervisning.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 109,4 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein reduksjon på 18,4 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein reduksjon på 1,1 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2021. Departementet foreslår òg å løyve 0,1 mill. kroner som kompensasjon for hausteffekten av ein ekstra skuletime i naturfag i grunnskulen.

Post 74 Frittstående vidaregåande skular i utlandet, overslagsløyving

Skulane får tilskot etter same grunnlag som frittstående vidaregåande skular i Noreg, men satsen blir høgare fordi desse skulane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift. Posten omfattar òg utgifter til spesialundervisning.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 13,3 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein reduksjon på 8,4 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og

ein reduksjon på 0,4 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2021. Departementet foreslår òg å løyve 38 000 kroner til meir fleksible og tilpassa opplæringsløp i vidaregåande opplæring i samband med Fullføringsreforma.

Post 75 Frittstående skular for funksjonshemma elevar, overslagsløyving

Grunn- og vidaregåande skular for funksjonshemma elevar får tilskot tilsvarende 100 pst. av ein normalsats per elev. Nokre av skulane får i tillegg statstilskot til husleigeutgifter på same nivå som i 2003, jf. Innst. O. nr. 80 (2002–2003).

Kunnskapsdepartementet har i 2021 gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å revidere tilskotsordninga basert på gjennomgangen av Oxford Research frå 2020.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 401,3 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 25,6 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein auke på 9,9 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2021. Departementet foreslår òg å løyve 0,4 mill. kroner til meir fleksible og tilpassa opplæringsløp i vidaregåande opplæring i samband med Fullføringsreforma.

Post 76 Andre frittstående skular, overslagsløyving

Posten omfattar Unge Sjømenns Kristelige Forening (MS Gann) og Maritim videregående skole Sørlandet (MS Lofoten). Skulane får tilskot per elev etter satsen for utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon eller elektro. Skulane får 85 pst. av tilskotssatsen. I tillegg får skulane eit fast tilskot for ekstrakostnader ved skuledrift på skip.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 60,8 mill. kroner på posten. Utdanningsdirektoratet har godkjent søknaden frå Stiftelsen Sørlandets Maritime videregående skole om skuledrift etter friskulelova, og skulen fekk tilskot til oppstart i samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2021. I løyvinga inngår ein auke på 17 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2021 som følge av at tilskotet til Maritim videregående skole får heilårseffekt i 2022.

For MS Gann gir oppdaterte elevtal ein auke på 2,2 mill. kroner, medan nye satsar gir ein reduksjon på 0,5 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2021. Departementet foreslår òg å løyve 77 000 kroner til meir fleksible og tilpassa opplæringsløp i vidaregåande opplæring i samband med Fullføringsreforma.

Post 77 Den tysk-norske skolen i Oslo, overslagsløyving

Avtalen mellom Noreg og Tyskland om Den tysk-norske skolen i Oslo blei ført vidare og godkjend av Stortinget i april 2018, jf. Innst. 337 S (2017–2018) og Prop. 78 S (2017–2018). Tilskotet blir rekna ut på same måte som tilskotet til frittstående skular som er godkjende etter friskulelova, men med 54,4 pst. av tilskotssatsen. I tillegg blir det gitt eit særskilt tilskot som kompensasjon for at skulen ikkje lenger får tilskot til komplette- rande undervisning, og for å dekke høgare husleigekostnader til nye, større lokale for skulen.

Mål for 2022

Tilskotet skal styrke samarbeidet med Tyskland og stillinga til det tyske språket i Noreg.

Resultat i 2020

Hausten 2020 var det til saman 327 elevar ved Den tysk-norske skolen i Oslo, og av dei gjekk 267 elevar i grunnskulen og 60 elevar i vidaregåande skule. Dette er ein auke på 1 elev samanlikna med hausten 2019.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 30,3 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 0,7 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein reduksjon på 0,5 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2021. I løyvinga inngår òg eit særskilt tilskot på 9,4 mill. kroner.

Post 78 Kompletterande undervisning

Tilskotsordninga medverkar til å finansiere kompletterande undervisning i norsk, samfunnsfag og kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE) for norske elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskular i utlandet. Tilskotsmottakarar i ordninga er to sertifiserte nettskular – Globalskolen og Norskskolen.

Mål for 2022

Målet med tilskotet er at norske elevar ved internasjonale eller utanlandske grunnskular i utlandet skal ha moglegheit til å få nettundervisning i norsk, samfunnsfag og kristendom, religion, livs- syn og etikk (KRLE).

Resultat i 2020

Eit øvre elevtak blir fastsett på grunnlag av løyvinga til formålet. For 2020 var dette elevtaket på 1 469 elevar, og det er ein reduksjon på 131 elevar eller 8,2 pst., i høve til elevtaket i 2019. I 2020 gav nettskulane kompletterande undervisning til i alt 1 450 elevar, og dette var 133 færre elevar enn i 2019.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 25,4 mill. kroner på posten.

Post 79 Toppidrett

Ordninga gjeld skular som i tillegg til godkjenninga etter friskulelova, er godkjende som toppidrettsgymnas av Norges Idrettsforbund og Olympiske og paralympiske komité (NIF). Ordninga omfattar desse skulane: Haugesund Toppidrettsgymnas, Norges Toppidrettsgymnas (NTG) i Bodø, Bærum, Geilo, Kongsvinger, Lillehammer og Tromsø, Telemark Toppidrett gymnas, Wang i Fredrikstad, Hamar, Oslo, Stavanger og Tønsberg.

Ny innretting av tilskotsordninga blei lagd fram i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2021, og Stortinget slutta seg til forslaget, jf. Innst. 600 S (2020–2021) og Prop 195 S (2020–2021). Den nye innrettinga gjeld frå budsjettåret 2021 og er lagd opp etter følgande prinsipp:

- Fordelinga av tilskotet mellom skulane blir justert årleg etter faktisk elevtal på idrettstilbodet ved skulane to år tidlegare enn budsjettåret.
- Ved budsjettering av tilskot til nye skular som blir fasa inn i ordninga, blir same tilskotssats per elev lagd til grunn som for andre skular, der satsen blir bestemt av ramma som er gitt av løyvinga på posten. For at tilskotet til nye skular skal stå i rimeleg forhold til oppdaterte elevtal ved dei nye skulane, vil det i ein overgangsperiode på tre år bli lagt til grunn forventede elevtal på idrettstilbodet ved dei nye skulane hausten i budsjettåret.

- Olympiatoppen kvalitetssikrar toppidrettstilboda i tråd med dei fastsette retningslinjene for forvaltningstilskotet til Olympiatoppen.

Det er ein føresetnad at skulane har elevar på tilbodet om særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett. Dersom det blir fleire godkjende skular som har tilbod om slik opplæring, og som samtidig blir godkjende av NIF, vil dei ikkje automatisk bli omfatta av ordninga med særskilt toppidrettstilskot.

Posten omfattar òg eit forvaltningstilskot til Olympiatoppen. Departementet har fastsett retningslinjer for forvaltningstilskotet.

I Innst. 12 S (2020–2021), under kap. 228, post 79, har eit fleirtal i utdannings- og forskingskomiteen denne merknaden:

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti, viser til opprettelsen av Norges Realfags- gymnas i 2017, og ser det som naturlig at det også vurderes hvordan denne skolen også kan omfattes av denne tilskuddsordningen.

Departementet har vidare motteke ein søknad frå Norges Realfagsgymnas (NRG) der skulen ber om ein auke i statstilskotet og at tilskotet ikkje blir redusert for elevar på Vg3 som forserer matema- tikkfag på universitets- og høgskulenivå. Departementet foreslår ikkje å gi toppidrettstilskot til NRG i 2022-budsjettet. Departementet vil vurdere tilskotet til NRG vidare. I tillegg har departementet gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å greie ut om friskulelova med forskrifter og tilskotet til friskular i tilstrekkeleg grad tek omsyn til elevar som tek fag på høgare nivå (forsering). Direktoratet har frist til 1. juni 2022 med å legge fram utgrei- inga, inkludert å kome med forslag til eventuelle endringar i regelverket og tilskotsordninga. Eventuelle endringar vil først kunne gjelde frå skuleår- ret 2023–24.

Mål for 2022

Målet med tilskotet er at dei skulane som er omfatta av ordninga, kan legge til rette for at toppidrettsutøvarar kan kombinere trening med vida- regåande opplæring.

Tilskotet skal òg bidra til Olympiatoppens arbeid med å behandle søknader om kvalitetssik- ring av toppidrettsdelen av tilbodet ved skular godkjende etter friskulelova §2-1 andre ledd bok- stav d.

Resultat i 2020

Hausten 2020 var det totalt 2 435 toppidrettselevar ved desse skulane, og det er 72 fleire enn i 2019. 11 skular var inkluderte i tilskotsordninga i 2020.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 79,4 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår 359 000 kroner til eit forvaltningstilskot til Olympiatoppen.

Tabell 4.15 Fordeling av tilskot over kap. 228, post 79

	(i 1 000 kr)
Skular som får toppidrettstilskot	Særtilskot 2022
Haugesund Toppidrettsgymnas AS	7 539
Norges Toppidrettsgymnas Bodø AS	2 639
Norges Toppidrettsgymnas Bærum AS	9 963
Norges Toppidrettsgymnas Geilo AS	2 654
Norges Toppidrettsgymnas Kongsvinger AS	3 888
Norges Toppidrettsgymnas Lillehammer AS	7 799
Norges Toppidrettsgymnas Tromsø AS	3 843
Stiftelsen Telemark Toppidrett gymnas	6 683
Wang AS (Oslo)	12 682
Wang Fredrikstad AS	5 104
Wang Hamar AS	5 850
Wang Toppidrett Stavanger AS	5 244
Wang Tønsberg AS	5 168
Sum	79 056

Post 81 Elevutveksling til utlandet

Tilskotsordninga gjeld utveksling til utlandet for elevar ved tre frittstående vidaregåande skular med rett til statstilskot. Dei frittstående vidaregåande skulane som er godkjende for å bli tildelte slikt tilskot, er

- Danielsen vidaregåande skole i Bergen
- Heltberg Private Gymnas i Oslo
- Drottningborg vidaregåande skole i Grimstad

Det ordinære statstilskotet skulane får etter friskulelova, kan ikkje nyttast til elevutveksling til utlandet. Skulane kan søke om støtte til administrasjon, oppfølging av og tilrettelegging for elevutveksling. Tilskotet kan bli gitt til godkjende samarbeidsprosjekt mellom norske frittstående vidaregåande skular med rett til statstilskot og utanlandske skular.

Mål for 2022

Målet med tilskotsordninga er å stimulere dei skulane som er omfatta av ordninga, til å tilby elevutveksling til utlandet for elevane ved skulane.

Resultat i 2020

Løyvinga for 2020 finansierte aktivitet skuleåret 2019–20. Kvar av skulane mottok eit basistilskot på 109 100 kroner. Etter retningsinjene for ordninga skal resten av løyvinga fordelast som elevtilskot etter talet på elevar som blir sende ut, men maksimalt 30 elevar frå kvar skule. Skuleåret 2019–20 var det 34 elevar som utløyste tilskot, ein reduksjon frå 60 elevar skuleåret 2018–19. Samla blei det utbetalt 2,1 mill. kroner i 2020.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 2,2 mill. kroner på posten. Det er same nivå som i 2021.

Covid-19-pandemien førte til at det berre var to elevar som blei sende på utveksling skuleåret 2020–21. Etter retningslinjene for ordninga er satsen for elevtilskotet avhengig av kor mange elevar som blir sende ut. Ein slik berekningsmodell vil gi ein sats i 2021 på over 920 000 kroner per elev, noko som vil vere urimeleg og uforvarsleg. Departementet har derfor bede Utdanningsdirektoratet berekne tilskotet for dei to elevane med utgangspunkt i elevsatsen for skuleåret 2019–20.

Departementet ser behov for å gjere endringar i ordninga slik at satsen per elev blir fastsett før skuleåret tek til og ikkje er avhengig av kor mange elevar som blir sende ut. Det vil sikre at ein ikkje får urimelege utslag av svingingar i talet på elevar, og det vil gjere ordninga meir føreseieleg for skulane. Dagens berekningsmodell der skulane samla får like mykje tilskot uavhengig av kor mange elevar dei sender ut, gir heller ikkje skulane insentiv til å auke talet på utvekslings-elevar.

Skulane kan innanfor ordninga få tilskot for maksimalt 30 elevar kvar, til saman 90 elevar. Det normale talet på utvekslingselevar har over tid vore 63 elevar. Departementet tek sikte på at det frå skuleåret 2022–23 vil bli berekna ein sats per elev med utgangspunkt i det maksimale elevtalet. For skuleåret 2021–22 vil det som ei overgangsordning, bli berekna ein sats med utgangspunkt i 63 elevar.

Post 82 Kapitaltilskot til friskular, kapital- og husleigetilskot

Mål for 2022

Målet med tilskotsordninga er å medverke til at frittstående skular i Noreg skal kunne finansiere vedlikehald og rehabiliteringar av bygg og husleige.

Resultat i 2020

I 2020 fekk frittstående skular 66,2 mill. kroner i kapitaltilskot. Tilskotet er ei rammestyrt ordning og blei fordelt på grunnlag av elevtal mellom dei frittstående grunn- og vidaregåande skulane i Noreg som får driftstilskot over kap. 228, post 70 og 71.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 105,5 mill. kroner på posten i 2022. Det er ein auke på 20 mill. kroner frå Saldert budsjett 2021. Forslaget er ei oppfølging av Granavolden-plattformen.

Post 84 Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga

Mål for 2022

Målet med tilskotsordninga er å medverke til at skulefritidsordninga (SFO) ved frittstående skular kan tilby redusert foreldrebetaling for elevar på 1.–4. trinn frå familiar med låg inntekt, på same måte som i SFO ved offentlege skular. Ordninga tok til å gjelde frå 1. august 2021.

Ordninga inneber at foreldrebetalinga for ein SFO-plass maksimalt skal utgjere 6 pst. av hushaldets samla personinntekt etter skattelova kapittel 12 og skattepliktig kapitalinntekt.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 7,2 mill. kroner på posten i 2022. Det er ein auke på 4,2 mill. kroner som følge av at tilskotet får ein heilårseffekt.

Post 85 Kompensasjon for meirutgifter knytt til covid-19

Ordninga omfatta frittstående grunnskular og vidaregåande skular som er godkjende med heimel i friskulelova, Den tysk-norske skolen i Oslo, Den franske skolen i Oslo og United World College i Fjaler. Ordninga skulle bidra til at friskulane blei kompenserte for økonomiske konsekvensar av covid-19-pandemien på om lag same nivå som kommunesektoren. Ordninga blir ikkje vidareført i 2022.

Resultat i 2020

I 2020 blei det utbetalt 50 mill. kroner for å kompensere friskulane for meirutgifter som følgde av covid-19-pandemien. Smittevernrettleiarar for skulane førte i nokre tilfelle til at undervisninga blei organisert i mindre grupper enn normalt. Fleire skular hadde òg meirutgifter ved å gi eit godt opplæringstilbod til elevar som var heime med milde symptom. Meirutgiftene dreidde seg særleg om eit auka behov for vikarar og overtid.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å ikkje vidareføre ordninga, og dermed inga løyving på posten i 2022.

Kap. 230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	651 081	648 213	620 422
21	Særskilde driftsutgifter	24 876	35 995	25 000
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	16 008	9 678	9 910
	Sum kap. 230	691 965	693 886	655 332

Statped er direkte underlagd Kunnskapsdepartementet og skal bidra til at sektormåla for barnehagen og grunnsopplæringa blir nådd. Statped er ei statleg støttetjeneste for kommunar og fylkeskommunar i arbeidet for at barn, unge og vaksne med varige og omfattande behov for særskild tilrettelegging får gode, tilpassa barnehage- og opplæringstilbod i inkluderande fellesskap. Fram til 2024 er Statped i ein omstillingsprosess, dette som ein del av oppfølginga av Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*.

Som oppfølging av Tett på-meldinga, har Statped fått nye rammer for verksemda. I omstillingsperioden blir det arbeidd vidare med å konkretisere kva endringane inneber for oppgåvene og tenestene til Statped. Målet er at det skal bli tydelegare kva for tenester kommunar og fylkeskommunar kan få bistand til frå Statped.

Post 01 Driftsutgifter, post 21 Særskilde driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvingane gjeld drift av Statped, inkludert ventelønn og lønn etter rettsvilkårsavtalen for overtalige. I tillegg blir det over post 01 gitt midlar til internasjonalt samarbeid mv., dekning av utgifter til medlemskap i og nasjonal koordinator for The European Agency for Special Needs and Inclusive Education, tilskot til kompetansetenester frå Signo og Briskeby og utgifter til å følgevaluere omstillinga i Statped.

Mål for 2022

Statped skal arbeide etter desse måla i 2022:

- Barnehage- og skuleeigarar får målretta tenester på det spesialpedagogiske området.
- Barnehage- og skuleeigarar har tilsette som får kunnskap og kompetanse som fremjar utvikling og inkludering på det spesialpedagogiske området.

Resultat i 2020

Barnehage- og skuleeigarar får målretta tenester på det spesialpedagogiske området

Saksbehandlings- og ventetida gjekk ned i 2020, både i individ- og systemsaker. Statped følgde systematisk opp rutinar for å behandle søknader, og nytta videomøte og støtteverktøy. Sårbar brukarar blei prioriterte. Brukarane fekk stort sett hjelp tidleg, trass i covid-19-pandemien. Men pandemien gjorde òg at tenestene blei mindre optimale i dei tilfella der det er best å vere fysisk til stades. Statped erfarte at på grunn av pandemien, var PP-tenesta mindre til stades i barnehagar og skular, og dette gjorde at talet på søknader til Statped gjekk ned samanlikna med føregåande år. Det er ein fare for at dei mest sårbar ikkje har fått den støtta og hjelpa dei har behov for, og at det vil kome mange fleire søknader om tenester i 2021.

Statped ytte tenester til over 95 pst. av kommunane. *Spør oss*-tenesta er eit tiltak for å bidra til tidleg innsats, som eit lågterskeltilbod om rådgiving frå Statped. Covid-19-pandemien førte til auka interesse for dei digitale løysingane til Statped.

Statped-undersøkinga for 2020 viser at brukarar og samarbeidspartar er godt nøgde med tenesene til Statped, men peiker òg på forbetripingspunkt, mellom anna når det gjeld søknadsprosessen og brukarmedverking.

Barnehage- og skuleeigarar har tilsette med kunnskap og kompetanse som fremjar utvikling og inkludering

Covid-19-pandemien gjorde at Statped tenkte nytt og fann effektive arbeidsmåtar med meir bruk av Statped.no og digitale kurs, slik at dei tilsette i barnehagar og skular fekk tilgang til spesialpedagogisk kompetanse. Statped-undersøkinga 2020 viser at Statped har samarbeidd godt med fagpersonar lokalt og levert gode tenester. Dei digitale støtte- og rettleiingsressursane til Statped er eit viktig bidrag til kompetanseutviklinga. Statped har hatt ei aktiv rolle i innføringa av kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande opplæring.

I 2020 hadde Statped eit breitt samarbeid med kommunar, fylkeskommunar, universitet og høgskular. I samband med innføringa av kompetanseløftet fekk Statped òg meir kontakt med statsforvaltaren.

Som følge av covid-19-pandemien, gjekk talet på ordinære kurs og konferansar ned, frå 420 i 2019 til 202 i 2020. Sidan kursa har vore digitale under pandemien, har dei sannsynlegvis likevel nådd ut til fleire deltakarar.

Utdanningssektoren har tilgang til forskings- og erfaringsbasert kunnskap på det spesialpedagogiske området

Som følge av Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO* skal Statped ikkje lenger drive med forskning, og derfor blei aktiviteten på feltet redusert i 2020. Statped har hatt godt samarbeid med universitet og høgskular, og har bidrege med praksisnær spesialpedagogisk kompetanse. Statped har hatt til saman 1 165 forelesningstimar etter førespurnad frå universitet og høgskular. Statped har hatt 25 FoU-prosjekt i 2020 og ferdigstilte sju.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 620,4 mill. kroner på kap. 230, post 01. Fordi rammene for verksemda til Statped er blitt avgrensa, foreslår departementet å redusere løyvinga på post 01 med 25 mill. kroner som skal gå til kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, jf. omtale under kap. 226, post 21. Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 01 med 3 mill. kroner på bakgrunn av at Statped skal avvikle arbeidet med forskning og forskingsretta utviklingsarbeid. Vidare foreslår departementet å redusere løyvinga med 4 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon av inntektsløyvinga over kap. 3230, post 02.

HLF Briskeby (Briskeby) og Stiftelsen Signo (Signo) får tilskot til kompetansetenester som kompletterer tenester frå Statped. Departementet foreslår å tildele om lag 35 mill. kroner til dette over kap. 230, post 01. Departementet tek sikte på å foreslå ei vidareføring av tilskotet på same nivå medan omstillinga av Statped blir gjennomført. Deretter vil omfang og innretting på tilskotet bli vurdert opp mot behovet for vidare tenester, i dialog med Signo og Briskeby.

Løyvinga under post 01 er redusert med 9,9 mill. kroner som følge av at forventta pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inkludert arbeidsgivaravgift, er redusert tilsvarende, jf. nærare omtale i del I, kap. 1. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 1,5 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3230, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Departementet foreslår å løyve 25 mill. kroner på kap. 230, post 21. Det er ein reduksjon frå 2021 på grunn av ein reduksjon i inntektskravet på 11,8 mill. kroner. Vidare foreslår departementet at løyvinga på kap. 230, post 45 blir vidareført på same nivå som i 2021.

Kap. 3230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Inntekter frå oppdrag	24 876	35 984	25 000
02	Salsinntekter o.a.	7 310	11 064	7 295
	Sum kap. 3230	32 186	47 048	32 295

Post 01 gjeld oppdragsverksemd som Statped utfører for kommunar, fylkeskommunar, høgskular, universitet og andre.

Post 02 gjeld sal av læremiddel, utleige av lokale og inntekter frå kurs.

Både oppdrags- og salsinntektene har over fleire år gått nedover. Oppdragsinntektene vil òg gå nedover fordi Statped ikkje lenger skal drive

eiga forskning. Samtidig er det ein auke i inntekter frå fjernundervisningstenester. Departementet foreslår derfor å justere inntektsløyvingane over post 01 med 11,8 mill. kroner og post 02 med 4 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjonar over kap. 230, post 01 og 21 og i tråd med krav om realistisk budsjettering.

Programkategori 07.30 Barnehagar

Utgifter under programkategori 07.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert bud- sjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
231	Barnehagar	765 935	703 815	750 977	6,7
	Sum kategori 07.30	765 935	703 815	750 977	6,7

Innleiing

Departementet ønsker eit mangfaldig barnehage-tilbod og vil legge til rette for at alle barn får høve til å gå i barnehage. Gode sosiale ferdigheiter og forståing av egne og andre sine grenser er viktig kompetanse som barnehagen kan gi barna. Språk er nøkkelen til like moglegheiter vidare i utdanninga og deltakinga i samfunnet. Læring må skje gjennom lek, og den einskilde barnehagen må stå fritt til å legge til rette for eit stimulerande miljø som støttar opp om barnas lyst til å leike, utforske, lære og meistre.

Departementet har fastsett følgande overordna mål for barnehagane:

- Alle har eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø.
- Barn som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt.
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet.

Barnehagane er i hovudsak finansierte gjennom dei frie midlane til kommunane, det vil seie rammetilskotet og skatteinntektene. I tillegg kjem foreldrebetalinga, som utgjer om lag 15 pst. av finansieringa. Barnehageeigaren har det overordna ansvaret for at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk, jf. barnehagelova § 7. Kommunen som barnehagemyndigheit skal gi rettleiing og sjå til at barnehagane blir drivne i samsvar med regelverket, jf. barnehagelova § 8. Statsforvaltaren kan føre tilsyn med kommunen som barne-

hagemyndigheit og med einskildbarnehagar i særskilde tilfelle. Frå 1. januar 2022 tek departementet sikte på at ansvaret for økonomisk tilsyn med private barnehagar vert overført frå kommunane til Utdanningsdirektoratet.

Når det gjeld statistikk og informasjon om ressursbruken i barnehagesektoren, er det å finne i del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren. Sjå òg omtale i del I, kap. 3 Oppfølging av oppmøningsvedtak.

Covid-19-pandemien har sett sitt preg på situasjonen i barnehagane, og sjølv om dei tilsette har gjort ein stor innsats for å gi eit så godt tilbod som mogleg, har situasjonen hatt negative konsekvensar – særleg for sårbare barn. Sjå nærmare omtale i del III, kap. 11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren.

Hovudprioriteringar for 2022

Regjeringa foreslår at 100 mill. kroner av veksten i frie inntekter til kommunane blir grunnlagt med å legge til rette for fleire barnehagelærarar i grunnbemanninga, og at dette må sjåast i lys av ambisjonen om at 50 pst. av dei tilsette i barnehagen skal vere barnehagelærarar innan 2025. Departementet foreslår også å løyve 20 mill. kroner til auka pedagogtettleik i levekårsutsette område.

Departementet foreslår å bruke 450 mill. kroner i 2022 til tiltak for å fremje kvaliteten og kompetansen i barnehagane. Midlane vil mellom anna bli nytta til å følge opp tiltak i den nye strategien for kvalitet i barnehagane mot 2030. Om lag 200 mill. kroner av dette vil gå til den regionale ordninga for kompetansetiltak. I tillegg foreslår

departementet å løyve totalt 100 mill. kroner over programkategori 07.20 til kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Departementet foreslår å løyve 8,7 mill. kroner i 2022 til å opprette 150 fleire vidareutdanningsplassar for barnehagelærarar, hovudsakleg i spesialpedagogikk.

Departementet foreslår samla sett å løyve 240 mill. kroner i 2022 til tiltak for å støtte barn og unge som følge av konsekvensar av covid-19-pandemien i skule og barnehage. Midlane kan mellom anna brukast til tiltak for å støtte den faglege og sosiale utviklinga til barn og unge og til betre oppfølging av sårbare barn. Dei områda som har hatt høgast smittetrykk, skal få meir enn område som har hatt lågare smittetrykk. Sjå nærare omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Departementet foreslår å vidareføre det nasjonale minstekravet til foreldrebetaling, som inneber at ingen skal betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein barnehageplass. Maksimalprisen vil vere 3 315 kroner per månad frå 1. januar 2022, slik at alle familiar med inntekt under 607 750 kroner vil ha rett til reduksjon i foreldrebetalinga.

Departementet foreslår å vidareføre ordninga med 20 timar gratis kjernetid i barnehage per veke for barn i alderen 2–5 år i familiar med låg inntekt. Inntektsgrensa for ordninga vil vere 598 825 kroner frå 1. august 2022.

Det nasjonale økonomiske tilsynet med private barnehagar er under etablering, og departementet tek sikte på at ansvaret for økonomisk tilsyn med private barnehagar blir overført frå kommunane til Utdanningsdirektoratet frå 1. januar 2022. Departementet foreslår å styrke løyvinga slik at det totalt blir løyvd 30 mill. kroner til tilsynet i 2022.

Alle har eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø

Utviklingstrekk og utfordringar

Ein del barnehagar har lågare kvalitet enn forventta

Den nordiske barnehagemodellen kombinerer omsorg, leik og læring i ein pedagogisk heilskap og har eit godt omdømme internasjonalt. Den noverande forskrifta om rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen tok til å gjelde 1. august 2017. Rammeplanen legg vekt på at barnehagen skal bidra til at barna får ein god barndom prega av trivsel, omsorg og leik, samtidig som personalet skal fremje læring og danning.

Utdanningsdirektoratet har starta evalueringa av korleis rammeplanen blir praktisert, fortolka, operasjonalisert og erfart på ulike nivå i sektoren. Forskingsinstituttet NORCE skal gjennomføre evalueringa i perioden 2018–23. Dei to første rapportane kom i januar og april 2021. Dei viser mellom anna at rammeplanen er breitt forankra i sektoren, og at planen er eit tydelegare verktøy for styring enn tidlegare. Samtidig peikar nokre kommunar på at det framleis er vanskeleg å føre tilsyn med om barnehagane følger rammeplanen. Det varierer kor mykje dei tilsette bruker rammeplanen i det daglege arbeidet, men barnehagane meiner dei har kompetanse til å arbeide med planen. Funn viser òg at samisk innhald er tydelegare i den nye rammeplanen, men at det er stor variasjon i korleis norske barnehagar arbeider med samisk innhald. Dei samiske barnehagane og barnehagane med samiske avdelingar slit med å rekruttere personale med samisk språkkompetanse.

Det er framleis store forskjellar mellom barnehagar når det gjeld kvaliteten på tilbodet. Det viser mellom anna undersøkingar som Gode barnehager i Norge (GoBaN), Språk og læringsstudien (SOL), Stavangerprosjektet, Agderprosjektet og rapporten *Inkluderende fellesskap for barn og unge* frå Nordahl-gruppa. Låg kvalitet på tilbodet i barnehagen går særleg ut over dei barna som har størst behov for støtte. Ekspertgruppa som evaluerte barnehagelærarrolla, og ein rapport frå Trøndelag Forsking og Utvikling peikar på mangel på medvit og systematikk i det pedagogiske arbeidet i norske barnehagar. Foreldreundersøkingar viser at barnehagane får godt skotsmål frå dei fleste foreldra, men eit lite mindretal er ikkje nøgde med tilbodet. Tal frå foreldreundersøkinga i barnehagen 2020 viste at 97 pst. av foreldra svarte at dei var svært eller ganske nøgde med trivselen til barna og tryggleiken i barnehagen. Ein pst. svarte at barna deira ikkje trivst i barnehagen.

Strategiar og tiltak

Barnehagane skal få støtte til det faglege arbeidet sitt

Rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen er eit viktig styringsgrunnlag som skal sikre høg kvalitet og at barna får det tilbodet dei har rett på. Utdanningsdirektoratet har ansvaret for å støtte barnehagane i å utvikle praksisen sin i samsvar med rammeplanen, og det er utvikla rettleiings- og støttemateriell som barnehagane fritt kan bruke.

Eit treårig pilotprosjekt for ekstern rettleiing av barnehageeigarar i utvalde fylke skal gå i perioden 2021–23, og departementet foreslår å løyve

5 mill. kroner til dette i 2022. Målet er å styrke kompetansen hos eigarane når det gjeld arbeidet med kvalitetsutvikling i barnehagane, og få kunnskap om korleis eit eventuelt fast tilbod om rettleiing kan innrettast. Utdanningsdirektoratet samarbeider med statsforvaltarane, og prosjektet blir sett i samanheng med rettleiingstilbodet til skuleeigarar gjennom oppfølgingsordninga for kommunar som over tid har svake resultat på sentrale område i opplæringa.

Ny strategi for barnehagekvalitet 2021–2030

Regjeringa har lagt fram strategien *Barnehager mot 2030 – Strategi for barnehagekvalitet 2021–2030*. Hovudmålet for strategien er at alle barn skal få eit godt barnehagetilbod, uavhengig av kvar dei bur, og kva for barnehage dei går i. Strategien uttrykker regjeringas ambisjonar for barnehagesektoren, og fremjar ei rekke ulike tiltak. Innan 2025 er målet at 50 pst. av dei tilsette i grunnbemanninga skal vere barnehagelærarar. Fram mot 2030 skal prosentdelen barnehagelærarar, styrarar med mastergrad og barne- og ungdomsarbeidarar auke. For andre tilsette skal det vere planar for korleis dei skal opparbeide seg formell relevant kompetanse. Det skal òg vere mogleg for alle tilsette å delta i etter- og vidareutdanning.

Strategien vektlegg behovet for kontinuerleg kvalitetsutvikling i barnehagane, og regjeringa vil vidareutvikle støtta til det arbeidet barnehagane gjer med dette. Regjeringa vil òg etablere eit nasjonalt forum for barnehagekvalitet med deltaking frå sentrale aktørar i sektoren for å følge opp strategien.

Lovendringar som skal betre kvaliteten i barnehagane

1. januar 2021 tredde det i verk endringar i barnehagelova for at barn i barnehage skal ha eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Lovføresegnene inneber at alle barnehagar har plikt, også kalla aktivitetsplikt, til å sikre at alle barnehagebarn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Barnehagane skal også ha nulltoleranse overfor mobbing, utestenging, trakassering, diskriminering, vald og andre typar krenkingar. Personalet skal arbeide systematisk for eit trygt og godt barnehagemiljø som fremjar helse, trivsel leik og læring for alle barn, og som skal førebygge tilfelle der barn ikkje opplever at dei har dette.

1. januar 2021 tredde det i kraft krav om internkontroll som omfattar heile barnehagelova

med forskrifter, inkludert rammeplanen. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa barnehagens storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Barn som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt

Utviklingstrekk og utfordringar

Tilbodet til barn under opplæringspliktig alder med behov for særskild tilrettelegging er for dårleg

Barnehagen er ein frivillig del av utdanningsløpet og ein viktig arena for arbeidet med tidleg innsats og inkluderande fellesskap. Barn under opplæringspliktig alder med særleg behov for spesialpedagogisk hjelp har rett til slik hjelp etter § 31 i barnehagelova. Retten gjeld uavhengig av om barnet går i barnehage. Kommunen skal oppfylle retten, og den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) er sakkunnig instans som vurderer behovet. I 2020 fekk 3,4 pst. av barn i barnehage spesialpedagogisk hjelp. Meir statistikk finst i del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren.

Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO* viser mellom anna til Nordahl-rapporten frå 2018 om at det pedagogiske tilbodet til barn og unge med behov for særskild tilrettelegging ikkje er godt nok, og at det er mange som ikkje får den hjelpa dei treng. Meldinga inneheld ei rekke tiltak som regjeringa følger opp i ulike prosessar. Sjå omtale nedanfor under «Strategiar og tiltak» og også i programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Barnehagen har ei utfordring i å gi minoritetsspråklege barn eit godt norskspråkleg grunnlag før skulestart

I 2020 gjekk 85,3 pst. av alle minoritetsspråklege barn i alderen 1–5 år i barnehage, mot 94,7 pst. av andre barn. For dei eldste barna er det mindre forskjell, 95,1 pst. av minoritetsspråklege 5-åringar gjekk i barnehage, mot 98,8 pst. av andre 5-åringar. Forskjellen er større dess yngre barna er, men dei siste åra har ein større del av dei yngste minoritetsspråklege barna begynt i barnehage. Deltakinga til 1-åringane har gått opp frå 40 pst. i 2015 til 54,4 pst. i 2020. Meir statistikk finst i del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren.

I strategien *Integrering gjennom kunnskap* for perioden 2019–22 peikar departementet på utfordringa ved at ein del minoritetsspråklege barn ikkje kan godt nok norsk når dei begynner på skulen.

Utsette barn treng ein barnehage som samarbeider godt med andre offentlege tenester

I Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO* er det godt dokumentert at tverrfagleg samarbeid ofte fungerer for dårleg og er ei utfordring. Manglande samarbeid kan føre til at viktig og nødvendig informasjon ikkje kjem fram til dei som treng han, og at barn ikkje får den hjelpa dei har behov for i tide, eller ikkje i det heile teke. Det er òg stor variasjon mellom kommunar i korleis dei organiserer tverrfagleg samarbeid mellom tenestene.

Barnehagen står i ei særstilling som gjer at dei tidleg kan oppdage barn som er utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Alle tilsette har plikt til å melde frå til barnevernet om bekymring for eit barn. Talet på melde saker frå barnehagen til barnevernet for barn i alderen 1–5 år utgjorde i 2020 rundt 2 600 saker, noko som utgjer 14 pst. av alle meldingar for barn i denne aldersgruppa. Koronakommisjonen som blei nedsett for å gå gjennom og trekke lærdom av covid-19-utbrotet i Noreg, seier følgande i NOU 2021: 6 *Myndighetenes håndtering av koronapandemien*:

Da barnehagene og skolene ble stengt, mistet barnevernet noen av sine viktigste «øyne og ører». [...] Å gå glipp av disse informasjonskildene svekker barnevernets evne til å fange opp barn som har behov for hjelp. Det kom betydelig færre bekymringsmeldinger enn normalt til barnevernet i løpet av våren 2020 [...]. Antallet bekymringsmeldinger fra privatpersoner økte, mens antallet bekymringsmeldinger fra lærere, barnehager og skolehelsetjeneste sank betydelig.

Sjå meir omtale av situasjonen for utsette barn i del III, kap. 11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren.

Strategiar og tiltak

Tiltak for å støtte barn med behov for særskild tilrettelegging

Oppfølging av Tett på-meldinga

Departementet er i gang med å følge opp tiltaka i Tett på-meldinga, mellom anna kompetanseløftet i spesialpedagogikk, regelverksendringar, forskning og betre samarbeid mellom tenester. Sjå omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa

og omtale av løyvingforslag under kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, post 21 Særskilde driftsutgifter.

Betre samarbeid mellom tenestene for barn og unge

Våren 2021 blei det vedteke eit viktig tiltak for å betre det tverrfaglege samarbeidet mellom tenestene for utsette barn og unge: Stortinget vedtok endringar i alle velferdstenestelovene, jf. Innst. 58 L (2020–2021) og Prop. 100 L (2020–2021) *Endringer i velferdstjenestelovgivningen (samarbeid, samordning og barnekoordinator)*. Endringane omfattar mellom anna innføring av ei samordningsplikt for kommunen ved yting av velferdstenester og innføring av ein rett til barnekoordinator for familiar som har, eller venter, barn med alvorleg sjukdom eller nedsett funksjonsevne.

Tiltak for å støtte minoritetsspråklege barn i barnehage

Tidleg innsats i utdanningsløpet for barn og unge med innvandrarbakgrunn er eit av satsingsområda i regjeringas integreringsstrategi, *Integrering gjennom kunnskap*, for perioden 2019–22. Det er eit mål å gi barn og unge med innvandrarbakgrunn gode norskkunnskapar, grunnleggande ferdigheiter og fagleg kompetanse gjennom likeverdige utdanningsløp frå barnehage til og med vidaregåande opplæring. Sjå meir omtale under programkategori 07.90 Integrering og mangfald.

Alle barnehagar som har minoritetsspråklege barn, skal i samsvar med rammeplanen støtte barna i å bruke morsmålet sitt, samtidig som barnehagen aktivt skal fremje og utvikle barnas norskspråklege kompetanse. Det øyremerkte tilskotet over kap. 231, post 63 skal støtte opp om tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn.

Forslag om å gjere endringar i barnehagelova og innføre ei plikt til å vurdere barns norskkunnskapar før skulestart blei sendt på høyring 26. november 2020. Formålet var å identifisere barn som har behov for oppfølging, slik at barnet kunne få den hjelpa det treng til å utvikle norskkunnskapane sine før skulestart. Forslaget om å innføre ei plikt til å vurdere barns norskkunnskapar møtte mykje motstand i høyringa, og Kunnskapsdepartementet vil sjå nærmare på korleis saka skal følgast opp vidare.

Tiltak for betre tverrfagleg samarbeid til beste for utsette barn

Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)* hadde sitt siste år i 2021. Dei fleste tiltaka på barnehageområdet i proposisjonen gjeld betre kompetanse for personalet. Det er utvikla fleire digitale verktøy som barnehagane kan bruke for å heve kompetansen, som «Snakke sammen» og «Jeg vet». Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har våren 2021 i samarbeid med Utdanningsdirektoratet revidert ein rettleiar frå 2003 for handtering av mistanke om at tilsette har utsett barn for vald eller seksuelle overgrep. Barne- og familiedepartementet leverer ei samla rapportering til Stortinget for alle tiltaka i opptrappingsplanen.

I behandlinga av Prop. 195 S (2020–2021) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2021* blei det løyvd 5 mill. kroner til vidareføring av tiltaket Barnas verneombod, jf. Innst. 600 S (2020–2021). Midlane går til eit kursopplegg utarbeidd i samarbeid mellom Private Barnehagers Landsforbund (PBL) og Stine Sofies Stiftelse. Målet er at dei tilsette i barnehagane skal bli betre i stand til å identifisere når eit barn er utsett for vald eller overgrep, og handle på bakgrunn av den kunnskapen. PBL publiserte i mai 2021 ei evaluering frå konsultentselskapet PWC som viser at då kursopplegget var blitt pilotert i 280 barnehagar, sa dei tilsette at evna deira til å avdekke og følge opp bekymring var blitt styrkt.

Når det gjeld omtale av 0–24-samarbeidet, som har som mål å styrke oppfølginga av utsette barn og unge i alderen 0–24 år, sjå programkategori 07.20 og kap. 226, post 64.

Gjennom områdesatsingane i byområde med samansette levekårsutfordringar bidreg departementet med støtte til barnehagar innanfor delprogrammet *Oppvekst og utdanning*, jf. omtale i programkategori 07.90 Integrering og mangfald og Prop. 1 S (2021–2022) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Regjeringa la i oktober 2020 fram strategien *Like muligheter i oppveksten. Regjeringens samarbeidsstrategi for barn og ungdom i lavinntektsfamilier (2020–2023)*, jf. Prop. 1 S (2020–2021) for Barne- og familiedepartementet. Strategien omfattar tiltak som gjeld reduksjon av økonomiske hindringar for å gå i barnehage og styrking av barnehagetilbodet for å sikre eit godt tilbod til alle barn.

Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse

Utviklingstrekk og utfordringar

Skjerpinga av pedagognorma har ført til fleire barnehagelærarar, men det er framleis ei utfordring å oppfylle norma

Departementet har fastsett ei skjerpa pedagognorm i forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar som inneber at barnehagen skal ha minst éin pedagogisk leiar per 7 barn under 3 år og éin pedagogisk leiar per 14 barn over 3 år. Den skjerpa pedagognorma tok til å gjelde frå 1. august 2018.

Per desember 2020 var den skjerpa pedagognorma oppfylt i 69 pst. av alle ordinære barnehagar utan bruk av dispensasjon. Det manglar litt over 2 500 årsverk for å oppfylle pedagognorma i alle barnehagar utan bruk av dispensasjon. Dette er ein reduksjon frå 3 100 årsverk i 2019 og 4 200 årsverk i 2018. Dette viser at sjølv om skjerpinga av norma har vore ei utfordring for barnehagane, så skjer det årleg store forbetringar, og det blir stadig fleire barnehagelærarar. Departementet forventar at fleire barnehagar vil oppfylle norma i åra som kjem. Sjå meir statistikk i del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren.

Barnehagane kan søke om mellombels dispensasjon frå pedagognorma for inntil eitt år om gongen dersom særlege omsyn tilseier det, jf. forskrifta om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar § 2. Eit slikt særleg omsyn kan vere om oppfyllinga av den skjerpa pedagognorma er kritisk for den vidare drifta.

Framleis ei utfordring at ein del av grunnbemanninga manglar barnehagefagleg kompetanse

Gjennom innføringa av ei bemanningsnorm i 2018, som 99 pst. av barnehagane oppfylte i 2020, har barnehagane fått færre barn per vaksen og dermed høve til å gi betre omsorg til det einskilde barnet.

Grunnbemanninga i barnehagen består av pedagogiske leiarar, andre pedagogar, fagarbeidarar med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget og assistentar. 36 pst. av alle dei tilsette er utan barnehagefagleg kompetanse, i kommunale barnehagar er delen 30 pst. og i private barnehagar er delen 41 pst. Sjå meir statistikk i del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren.

Noreg treng fleire kvalifiserte lærarar i barnehagane. Mange stader i landet er det utfordringar med å rekruttere søkarar til barnehagelærarutdanninga. Kompetansen til personalet er avgjerande

for kvaliteten på tilbudet, og det er ei utfordring at det framleis er ein stor del av dei tilsette som manglar barnehagefagleg kompetanse. Forskinga er tydeleg på at det pedagogiske arbeidet har innverknad på kvaliteten på barnehage tilbudet.

Utfordringar ved nokre delar av barnehagelærer-utdanninga

Rapportar frå følgegruppa for barnehagelærerutdanninga (BLU) og ekspertgruppa for barnehagelærarrolla peikar på fleire vedvarande utfordringar i utdanninga, til dømes kva plass og rolle pedagogikken har i BLU, og korleis innføringa av tverrfaglege kunnskapsområde har fungert.

Strategiar og tiltak

Auka pedagogtettleik og tiltak for å rekruttere fleire barnehagelærarar

Regjeringa foreslår at 100 mill. kroner av veksten i frie inntekter til kommunane blir grunnlagt med å legge til rette for fleire barnehagelærarar i grunnbemanninga, og at dette må sjåast i lys av ambisjonen om at 50 pst. av dei tilsette i barnehagen skal vere barnehagelærarar innan 2025. Departementet foreslår at det i tillegg blir løyvd 20 mill. kroner til auka pedagogtettleik i levekårsutsette område. Formålet er å kunne ha ein spissa innsats og raske opptrapping til 50 pst. barnehagelærarar i desse områda. Tiltaka vil følge opp regjeringas strategi *Barnehager mot 2030 – Strategi for barnehagekvalitet 2021–2030*. Sjå nærare omtale av strategien under «Alle har eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø».

For å nå målet om 50 pst. barnehagelærarar innan 2025 vil regjeringa også vidareføre fleire tiltak for å rekruttere barnehagelærarar. Eit viktig tiltak er arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU), som er eit tilbod til fagarbeidarar og erfarne assistentar om å ta barnehagelærerutdanninga på deltid parallelt med jobb i barnehagen. Deltakarundersøkingar gir positiv støtte til ABLU.

Personar med anna pedagogisk utdanning kan få tilbod om tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk (TIB) for å bli godkjende som barnehagelærarar.

Ein del av kompetansemidlane på barnehageområdet er såkalla tilretteleggingsmidlar for lokal prioritering. Statsforvaltaren tildeler midlane til barnehageeigarar for å legge til rette for at dei tilsette i barnehagane kan delta på kompetansehevingstiltak. Mange av eigarane prioriterer midlar til ABLU. Eigarane kan også få tilretteleggingsmidlar for deltakarar på TIB og for vidareutdan-

ningstilbod til barnehagelærarar som Utdanningsdirektoratet har sett i gang.

Regjeringa har finansiert eit nasjonalt rekrutteringsprosjekt ved Høgskulen på Vestlandet sidan 2019. Prosjektet er retta mot rekruttering av studentar til heile breidda av lærarutdanningane, men rekruttering av menn og personar med innvandrarbakgrunn til barnehagelærerutdanning og lærarutdanning for dei yngste elevane i skulen skal ha særleg merksemd. Sjå omtale under kap. 226, post 21 og 22.

Regjeringa ønsker at alle nyutdanna nyttilsette barnehagelærarar skal få god støtte og rettleiing, slik at dei blir trygge, får nytta kompetansen sin og blir verande i yrket. I samarbeid med organisasjonar for barnehage, skule og høgare utdanning følger departementet opp dei nasjonale rammene for rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i barnehagen og skulen. Sluttrapporten for evalueringa til Rambøll var ferdig våren 2021 og viser ein auke i prosentdelen nyutdanna barnehagelærarar som får rettleiing. Evalueringa vil bli følgd opp i det vidare arbeidet med rettleiing av nyutdanna, nyttilsette lærarar. Sjå også omtale under kap. 226, post 21, 22 og 61 og kap. 260, post 50.

Tiltak for å styrke kompetansen i heile personalgruppa

For å følge opp målet i strategien *Barnehagen mot 2030* om auka kompetanse for alle tilsette i barnehagen, vidarefører regjeringa tiltaka i *Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018–2022*, som er retta mot alle grupper tilsette. Strategien set også mål om at prosentdelen barnehagelærarar, styrarar med mastergradskompetanse og barne- og ungdomsarbeidarar aukar i åra fram mot 2030.

Som ein del av lærarløftet for barnehagelærarar, lærarar og skuleleiarar, foreslår departementet å løyve 50 mill. kroner i 2022 til mellom anna å opprette 150 fleire vidareutdanningsplassar for barnehagelærarar, hovudsakleg i spesialpedagogikk. Sjå nærare omtale under kap. 226, post 22 og kap. 231, post 21.

Det er eit mål at alle nyttilsette i barnehagane utan relevant formell kompetanse skal få eit tilbod som gir dei barnehagefagleg grunnkompetanse. Utdanningsdirektoratet vil utarbeide nasjonale rammes for barnehagefagleg grunnkompetanse, og OsloMet har levert eit kunnskapsgrunnlag som utgangspunkt for arbeidet. Direktoratet har i september 2021 lyst ut oppdrag for å få utvikla innhald i tilbodet og ei læringsplattform, noko som vil resultere i eit lågterskeltilbod for nyttilsette som treng barnehagefagleg grunnkompetanse.

Gjennom den regionale ordninga for kompetanseutvikling, som er omtala i strategien, skal dei statlege kompetansemidlane nyttast på ein måte som er tilpassa dei lokale behova. Midlane skal i hovudsak nyttast til barnehagebasert kompetanseutvikling der heile personalet saman arbeider med å utvikle den pedagogiske praksisen i den einskilde barnehagen. Frå 1. januar 2021 er det fastsett nye retningslinjer for tildeling av midlar til tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnsopplæring. Sjå nærmare omtale under 07.20 Grunnsopplæringa. Det kan bli aktuelt å tildele ekstra midlar til tilskotsordninga til lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnsopplæring hausten 2022 dersom det er handlingsrom til det. Sjå meir informasjon om midlane i omtalen av kap. 231, post 21.

Regjeringa har sett ned eit offentleg utval som skal vurdere og foreslå ulike modellar for etter- og vidareutdanning for alle tilsette i barnehage og grunnsopplæring, jf. omtale i programkategori 07.20 Grunnsopplæringa. Utvalet skal etter planen legge fram ei utgreiing hausten 2022.

Tiltak for å styrke kvaliteten på barnehagelærarutdanninga

Kunnskapsdepartementet følger opp arbeidet med å styrke kvaliteten i barnehagelærarutdanninga og ser anbefalingane i rapportane frå følgegruppa for BLU i samanheng med tilrådingane i rapporten frå ekspertgruppa for barnehagelærarrolla. Hausten 2020 vart det sett ned ei ekstern gruppe som skal foreslå konkrete endringar i rammeplanen for BLU, jf. omtale i programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

I behandlinga av Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2020* blei det løyvd 5 mill. kroner for å auke forskingskompetansen i barnehagelærarutdanningsmiljøa. Midlane er tildelte Noregs forskingsråd. Departementet foreslår å vidareføre dette tiltaket med 5 mill. kroner som del av tildelinga til forskingsprogrammet FINNUT. Sjå omtale under kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag, post 21 Særskilde driftsutgifter.

Eit hovudgrep i strategien *Lærarutdanning 2025: nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærarutdanningene* er partnerskap mellom lærarutdanningane og barnehage- og skuleeigarar for å etablere lærarutdanningsbarnehagar og lærarutdanningsskular. I 2020 auka tildelinga til universitet og høgskular til partnerskapssamarbeid for å styrke praksis i lærarutdanningane, og ordninga blei utvida til å omfatte barnehagelærarutdanninga.

I 2020 leverte Fagleg råd for lærarutdanning 2025 to rapportar som viste at dei aller fleste lærarutdanningsinstitusjonane har etablert partnerskap med skular og barnehagar, sjå omtale under kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning, post 21.

Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet

Utviklingstrekk og utfordringar

Hindringar for bruk av barnehage

Barn som har innvandrarakgrunn og/eller kjem frå ein familie med låg inntekt, går i mindre grad i barnehage enn andre barn, jf. omtale i del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren. Regjeringa har gitt barnehagepolitikken ein tydelegare sosial profil gjennom fleire tiltak for å fjerne økonomiske hindringar for at barn får gå i barnehage. Det er ei utfordring at mange familiar i målgruppa ikkje bruker desse ordningane. Tidlegare rapportar har vist at hindera kan vere av både økonomisk, kulturell, ideologisk og praktisk art, eller ein kombinasjon av desse.

Rett til barnehageplass er avgjerande for mange barnefamiljar. Då retten til plass blei innført i 2009, hadde barn som fylte eitt år innan utgangen av august, rett til plass frå august. Barn fødde seinare på året hadde rett til plass i august året etter dei hadde fylt eitt år. I 2016 og 2017 blei retten utvida slik at barn fødde i september, oktober og november fekk rett til plass den månaden dei fyller eitt år. Undersøkinga *Spørsmål til Barnehage-Norge 2020* viser at det er ein tendens til barna som er fødde i haustmånadene, begynner i barnehage den hausten dei fyller eitt år. Det kan sjå ut til at utvidinga i rett til plass har ført til noko høgare barnehagedeltaking for 1-åringar, men dette var ein trend også i åra før utvida rett til plass blei innført. Det ser òg ut til at utvida rett til plass fører til at nokre fleire barn begynner i barnehage før dei fyller eitt år, men her er det store variasjonar. Barn fødde i månadene desember–juli har framleis rett til barnehageplass først frå august etter at dei har fylt eitt år. Dette betyr at foreldra til desse barna i nokre tilfelle må vente i opptil 20 månader før dei får plass. Barn i familiar som søker asyl, har ikkje rett til barnehageplass før dei har fått opphald og blitt busette i ein kommune.

Regelverket for private barnehagar er ikkje tilpassa utviklinga i sektoren

Reguleringa av private barnehagar har vore tilpassa ein periode då utbygginga av barnehagesek-

toren hadde høg prioritet, dette for å sikre alle barn rett til barnehageplass. Departementet har utarbeidd eit omfattande kunnskapsgrunnlag for å gjere regelverket meir tilpassa dagens situasjon. Velferdstenesteutvalet, jf. NOU 2020: 13 *Private aktører i velferdsstaten*, og det hurtigarbeidande partssamansette utvalet leia av statsforvaltar i Innlandet Knut Storberget har også greidd ut desse problemstillingane vidare.

Samla viser rapportane at utviklinga i barnehagesektoren har gitt nokre utfordringar som dagens regelverk ikkje tek høgde for:

- Det har vore oppkjøp av små barnehagar.
- Det er ei utvikling mot store barnehagekonsern.
- Det er store forskjellar i driftsmarginar mellom private barnehagar.
- Rekneskapskrava er utdaterte.
- Det er krevjande for kommunane å føre tilsyn.

Strategiar og tiltak


Redusert foreldrebetaling, moderasjonsordningar og rett til plass – tiltak for å redusere hindringar for bruken av barnehage

Departementet foreslår at maksimalprisen for eit ordinært heiltidstilbod i 2022 blir fastsett til

3 315 kroner per måned og 36 465 kroner per år frå 1. januar 2022, jf. forslag til vedtak X nr. 1.

Departementet foreslår å vidareføre det nasjonale minstekravet til redusert foreldrebetaling som gjer at ingen familiar må betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein barnehageplass, med maksimalprisen som ei øvre grense. Det betyr at alle husstandar med ei samla skattbar inntekt på under 607 750 kroner vil ha rett til reduksjon i foreldrebetalinga frå 1. januar 2022.

I 2015 blei det innført ei nasjonal ordning med gratis kjernetid 20 timar per veke frå familiar med låg inntekt. Ordninga gjaldt først 4- og 5-åringar, men blei frå 2016 utvida til å gjelde 3-åringar. Frå hausten 2019 blei ordninga ytterlegare utvida, og gjeld no barn i alderen 2-5 år. Figur 4.4 viser prosentdelen barn med rett til gratis kjernetid blant alle barn i alderen 1-5 år og prosentdelen barn i barnehage som har fått innvilga dette for 2015–2020. Departementet meiner at det er gledeleg at fleire familiar har fått redusert dei økonomiske hindringane for å bruke barnehage, men at det framleis er ei utfordring at ikkje alle dei med rett får brukt ordninga.



Figur 4.4 Utviklinga i retten til og bruken av gratis kjernetid i barnehage, 2015–20

1. Talet på barn som har rett til kjernetid i 2020 er overslag.

2. Talet barn som fekk innvilga gratis kjernetid omfattar også barn som har fått innvilga kjernetid etter lokale ordningar som går ut-over dei nasjonale minstekrava.

Kjelde: Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet, Statistisk sentralbyrå

Departementet foreslår å vidareføre den nasjonale ordninga med gratis kjernetid 20 timar per veke for barn i alderen 2–5 år frå familiar med låg inntekt, slik at inntektsgrensa blir sett til 598 825 kroner frå 1. august 2022, jf. forslag til vedtak X nr. 2.

Moderasjonsordningane gir hushalda som har rett på moderasjon, lågare utgifter til barnehage samanlikna med dei som ikkje har rett på moderasjon. Ordningane stimulerer dermed til auka barnehagebruk og bidreg til å betre den økonomiske situasjonen til familiarne. Sjå meir statistikk om bruk av moderasjonsordningane i del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren.

Departementet gjorde endringar i forskrifta om foreldrebetaling i barnehage våren 2020 slik at kommunane kan hente opplysningar om familieinntekta direkte frå skattemyndigheitene. Dermed er det blitt enklare for foreldre med låg inntekt å få tilgang til moderasjonsordningane. I tillegg er risikoen redusert for at barna skal falle ut av ordningar dei har rett til. Det er gjort mykje for å støtte kommunane i arbeidet med å informere familiar med låg inntekt og/eller innvandrarbakgrunn om barnehagetilbodet og moderasjonsordningane, både ei styrking av rammetilskotet til kommunane på 10 mill. kroner i 2016 og opprettinga av eit øyremerkt tilskot i 2018, jf. kap. 231, post 66. Utdanningsdirektoratet tilbyr både råd til kommunane og faktaark på fleire språk på nettsidene sine.

Barn i asylmottak har ikkje rett til barnehageplass, men det er lagt økonomisk til rette for at dei kan få eit tilbod. 4- og 5-åringar har hatt høve til heiltidsplass sidan 2011, og 1-, 2- og 3-åringane fekk høve til heiltidsplass i 2020. Regjeringa ser på deltaking i barnehage som eit viktig tiltak i det målretta arbeidet mot fattigdom og for ein effektiv integreringspolitikk og for å førebygge utanforskap. Departementet vil vurdere korleis tiltaket i regjeringsplattforma om å gi rett til barnehageplass for alle barn i mottak skal følgast opp.

Tiltak for betre tilpassing av regelverket for private barnehagar

I arbeidet med å tilpasse regelverket for dei private barnehagane betre til dagens situasjon hadde departementet ei rekke forslag til endringar i barnehagelova på høyring våren 2019. 5. juli 2021 sende departementet på offentleg høyring eit forslag om å innføre krav om rekneskapsskilje for private barnehagar som driv fleire barnehagar i same verksemd eller konsern. Høyringa inneheld

også forslag om forbod mot å drive eller eige anna verksemd i same rettssubjekt som barnehage og ein ny heimel for å regulere overskottslikviditeten til private barnehagar. Høyringa er ei oppfølging av forslaget frå 2019 der regjeringa foreslo at alle private barnehagar skal vere sjølvstendige rettssubjekt. Fleirtalet av høyringsinstansane støtta forslaget, men somme av dei største eigarane var imot. Dei hevda at forslaget var kostbart for barnehagane, og at det greip for mykje inn i organisasjonsfridommen til private eigarar. Forslaget som no ligg føre, er meir fleksibelt enn krav om at barnehagane er sjølvstendige rettssubjekt, fordi reguleringa berre inneheld krav om rekneskapspostar som er nødvendige for å føre eit godt og effektivt økonomitilsyn.

Våren 2021 sette departementet ned eit hurtigarbeidande partssamansett utval som skulle vurdere fordelar og ulemper med dagens finansieringssystem for private barnehagar. Utvalet kunne òg kome med forslag til endringar i finansieringssystemet. Utvalet bestod av KS, Fagforbundet, Utdanningsforbundet, Private Barnehagers Landsforbund (PBL) og Virke, og vart leia av statsforvaltar i Innlandet Knut Storberget. Utvalet leverte rapporten *Du er henta! Finansiering av private barnehager* 16. juni 2021. Både høyringsnotatet om rekneskapsskilje og Storberget-rapporten har vore på offentleg høyring med høyringsfrist 1. oktober 2021. Velferdstenesteutvalet har i NOU 2020: 13 *Private aktører i velferdsstaten* også forslag til endringar i finansiering av private barnehagar, forslaga har vore på offentleg høyring. Sjå nærare omtale av innhaldet i Storberget-rapporten under oppmodningsvedtak nr. 156, 3. desember 2020 i del I, kap. 3 Oppfølging av oppmodningsvedtak.

Endringar som gjeld økonomisk tilsyn og pensjonstilskot er omtalte nedanfor. Når det gjeld endringar i andre delar av finansieringssystemet, krav til organiseringa av barnehagen, rekneskapskrav og meldeplikt til kommunen ved sal av private barnehagar, ønsker departementet å vurdere rekneskapsskilje og forslaga og høyringsinnspela frå Storberget-utvalet og velferdstenesteutvalet nærare. Departementet vil kome tilbake til Stortinget med forslag til endringar i regelverket på desse områda.

Når det gjeld omtale av oppmodningsvedtak om regelverk og finansiering av private barnehagar, sjå vedtak nr. 156, 3. desember 2020, nr. 51, 22. november 2018, nr. 461, 13. februar 2018 og nr. 802, 31. mai 2018 i del I, kap. 3 Oppfølging av oppmodningsvedtak.

Nytt nasjonalt økonomisk tilsyn for private barnehagar

Departementet har følgd opp vedtaka om å innføre eit nasjonalt økonomisk tilsyn og ei tydeleggjering av krava til bruken av offentlege tilskot og foreldrebetaling i Prop. 96 L (2019–2020) *Endringer i folkehøgskoleloven, barnehageloven og voksenopplæringsloven m.m. (samleproposisjon)*, jf. Innst. 302 L (2019–2020). Utdanningsdirektoratet vil få ansvar for å føre kontroll og tilsyn med at offentlege tilskot og foreldrebetaling blir nytta i tråd med krava og tilhøyrande reguleringar. Det vil samtidig bli innført tilhøyrande reguleringar som sikrar direktoratet nødvendig dokumentasjon i samband med tilsyn, og reguleringar om kva for reaksjonar direktoratet kan bruke.

Departementet tek sikte på at ansvaret for økonomisk tilsyn med private barnehagar vert overført frå kommunane til Utdanningsdirektoratet frå 1. januar 2022. Det har vore løyvd midlar til etableringa av tilsynet i 2020 og 2021, og departementet foreslår å styrke løyvinga slik at det totalt blir løyvd 30 mill. kroner til tilsynet i 2022.

Ansvarsfordelinga inneber at kommunen framleis vil vere tilsynsmyndigheit for andre reguleringar enn det økonomiske tilsynet i barnehagelova og forskrifter. Kvalitet og innhald i barnehagetilbodet er ei oppgåve som krev innsikt i lokale forhold og prioriteringar. Slike tilsyn vil i større grad basere seg på stadlege tilsyn og kjennskap til den aktuelle barnehagen det blir ført tilsyn med. Tilsyn av kvalitet og innhald kan derfor best utførast av den einskilde kommunen.

Endringar i pensjonstilskot til private barnehagar

Tilskotet til pensjon i private barnehagar er i dag på 13 pst. av lønnsutgiftene i dei kommunale bar-

nehagane. Dette overstig dei faktiske pensjonsutgiftene i mange private barnehagar. Departementet meiner at private barnehagar ikkje bør få meir i tilskot til pensjon enn det dei faktisk bruker på pensjon til dei tilsette. Departementet sende derfor i april 2019 eit forslag på høyring om å setje ned pensjonspåslaget. Fleirtalet av høyringsinstansane meiner at pensjonstilskotet bør justerast ned, slik at det i større grad samsvarer med pensjonsutgiftene i private barnehagar. Departementet foreslår at tilskotet til pensjon i private barnehagar blir redusert frå 13 pst. til 11 pst. frå 1. januar 2022. Departementet viser også til at fleirtalet i Storberget-utvalet tilrår å justere ned pensjonspåslaget til 11 pst. i 2022.

Departementet foreslår vidare å utvide dagens søknadsordning for private barnehagar med høge pensjonsutgifter. Dette inneber at barnehagar som inngjekk pensjonsavtale før 1. januar 2019, etter søknad har krav på å få dekt pensjonsutgiftene sine med kommunens pensjonsutgifter som øvre grense.

For å gi barnehagar med mindre økonomisk handlingsrom noko betre tid til å tilpasse seg inntektsbortfallet, foreslår departementet at det blir oppretta ei ny overgangsordning for einskildståande barnehagar. Overgangsordninga inneber at pensjonspåslaget for barnehagar som ikkje tilhøyrer ei kjede, blir justert gradvis ned fram til 2024. Departementet foreslår at pensjonspåslaget for einskildståande barnehagar held fram på 13 pst. i 2022, og blir justert ned til 12 pst. i 2023. Departementet foreslår at overgangsordninga blir oppheva frå 2024, og at einskildståande barnehagar frå då av får same pensjonspåslag som andre private barnehagar: 11 pst.

Til saman inneber endringane i pensjonstilskot til private barnehagar ein reduksjon i rammetilskotet til kommunane på 207 mill. kroner i 2022.

Kap. 231 Barnehagar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	436 921	469 691	516 853
60	Tilskot til bemanningsnorm i barnehage	110 357		
63	Tilskot til tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage	144 549	144 549	144 549
66	Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritets- språklege barn	17 341	17 342	17 342
70	Tilskot til symjing i barnehagane	56 767	72 233	72 233
	Sum kap. 231	765 935	703 815	750 977

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Midlane på posten skal medverke til å heve kvaliteten på barnehagetilbodet, i både kommunale og private barnehagar. Midlane finansierer ei rekke kompetansetiltak for alle grupper tilsette. Vidare blir midlane nytta til andre kvalitetstiltak, tilretteleggingsmidlar til barnehageeigarar som har tilsette som deltek på studietilbod, auka kunnskapsgrunnlag om barnehagen og forvaltning av ulike tiltak.

Mål for 2022

Å auke kvaliteten på barnehagetilbodet og få meir kunnskap om barnehagen.

Resultat i 2020

Samla blei det nytta 436,9 mill. kroner over posten i 2020. Av dette gjekk 369,1 mill. kroner til kompetansetiltak for tilsette i barnehagane for å følge opp kompetansestrategien *Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018–2022*.

Oppfølging av kompetansestrategien

Departementet legg til grunn at kompetansetiltak for alle grupper tilsette medverkar til høgare kvalitet på barnehagetilbodet, og at tiltaka er viktige verkemiddel i arbeidet med å utvikle praksisen i barnehagen i samsvar med rammeplanen. Tabell 4.16 gir ei oversikt over dei ulike kompetansetiltaka som er del av kompetansestrategien.

Tabell 4.16 Fordeling av midlar til oppfølging av kompetansestrategien for barnehagar i 2020

Type kompetansetiltak	Tal på deltakarar	(i mill. kr)
		Beløp
Den regionale ordninga for kompetanseutvikling		193,4
Vidareutdanning for barnehagelærarar, tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk og rettleiarutdanning for praksislærarar, inkludert tilretteleggingsmidlar	1 004	97,5
Arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU) – fire kull som går over fire skuleår – midlar til studieplassar	363	25,9
Leiarutdanning for barnehagestyrarar	370	27,8
Fagskuleutdanning i oppvekstfag – tre kull som går over to skuleår	470	20,0
Rettleiing av nyutdanna nytilsette lærarar. Tiltaket er samordna med skule – sjå omtale under kap. 226, post 21		4,0
Barnehagefagleg grunnkompetanse		0,5
Totalt		369,1

Den regionale ordninga for kompetanseutvikling

I 2020 blei det tildelt 193,4 mill. kroner til den regionale ordninga for kompetanseutvikling som statsforvaltarembeta har ansvaret for å administrere.

Om lag 70 pst. av midlane blei nytta til barnehagebaserte kompetansetiltak, noko som har gjort at om lag halvparten av alle barnehagane i Noreg har gjennomført barnehagebaserte kompetansetiltak i 2020. Dei fleste tiltaka har vore innanfor to av dei fire satsingsområda i kompetansestrategien:

- Barnehagen som pedagogisk verksemd
- Eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning

Dei resterande 30 pst. av midlane blei nytta til andre tiltak etter behov, som tilretteleggingsmid-

lar for lokal prioritering (1 182 deltakarar), fagbrev gjennom praksiskandidatordninga (90 deltakarar i fire fylke) og barnehagefagleg grunnkompetanse for assistentar utan kompetanse og erfaring frå barnehage, slik at dei får eit minimum av kunnskap om barns utvikling og behov (443 deltakarar i tre fylke).

Alle statsforvaltarembeta har prioritert tiltaket tilretteleggingsmidlar og i hovudsak tildelt midlar til barnehageeigarar med deltakarar på arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU) og andre deltidsutdanningar for å bli barnehagelærar.

Andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet

I 2020 blei det nytta 67,8 mill. kroner på posten til andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet, sjå nærare omtale i tabell 4.17.

Tabell 4.17 Fordeling av midlar til andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet i 2020

		(i mill. kr)
Type tiltak	Kort om tiltaket	Beløp
Støtte til bruk av rammeplanen	Revidering og vidareutvikling av støtteressursar til barnehagane sitt arbeid med å utvikle praksis i samsvar med rammeplanen.	11,7
Inkluderande barnehagemiljø	Midlane inkluderer læringsmiljøprosjektet og samlingsbaserte nettbaserte tilbod. Dette er tiltak som skal førebygge mobbing og bidra til at alle barn blir inkluderte i fellesskapet.	10,5
Kunnskapsgrunnlaget	System for å følge med på og betre kvaliteten i barnehage-sektoren, inkl. statistikkinnhenting, analysar og forskning. Omfattar mellom anna foreldreundersøkinga, ståstadsanalysen, kostnadsanalysen, forskning på covid-19 i barnehagane, evaluering av implementering av rammeplanen o.a.	9,8
Barnas verneombod	Midlane gjekk til eit kursopplegg utarbeidd i samarbeid mellom Private Barnehagers Landsforbund (PBL) og Stine Sofies Stiftelse. Målet er at dei tilsette i barnehagane skal bli betre i stand til å identifisere når eit barn er utsett for vald eller overgrep, og handle på bakgrunn av den kunnskapen.	5,0
Støtte til samiske formål	Midlane gjekk til statsforvaltarens arbeid med å støtte samiske barnehagar og samisk innhald i barnehagen.	1,0
Kvensk barnehagetilbod – oppfølging av planen for vidare innsats for kvensk språk i perioden 2017–21	Det er tildelt midlar til språkprosjekt i barnehagar for å gi kvenske/norskfinske barn moglegheit til å lære og utvikle det kvenske språket i tidleg alder. Formålet er å bidra til å bevare og styrke kvensk språk. Prosjekta har bidrege til at stadig fleire barn blir introduserte for det kvenske språket i tidleg alder, og det er ein auke i talet på barn som deltek, noko som er positivt for rekrutteringa av elevar som vil ta kvensk som fag i skulen.	0,8
Anna	Midlar til oppbygging av eining for tilsyn med private barnehagar, til statsforvaltarane for tilsyn, klagebehandling og utvikling i sektoren, rapportar knytte til regulering av private barnehagar o.a.	29,0
Totalt		67,8

Kunnskapsgrunnlaget

I 2020 har Utdanningsdirektoratet jobba for å vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget, det gjeld både forskning, analysar og statistikk om barnehagane. Direktoratet har prioritert formidling og brukarinvolvering. Arbeidet med publikasjonen Utdanningsspegelelen og ekstra datainnhentingar og forskning i samband med covid-19-pandemien er døme på dette. Direktoratet har også fleire større utviklingsoppgåver i 2021 som skal bidra til ytterlegare å fornye kunnskapsporteføljen og gjere den endå meir brukartilpassa. Døme på større prosjekt er det nye verktøyet analysebrett, som skal vise tal og statistikk på ein meir brukarvenleg måte gjennom ei eiga samanstilling av statistikk for barnehage og vidareutvikling av formidling av statistikk og forskning på udir.no. Direktoratet skal støtte opp om kvalitetsutviklinga i barnehagesektoren, og dette blir løyst både ved å gjere relevant kunnskapsgrunnlag lett tilgjengeleg gjennom ulike plattformer og verktøy, og ved å tilby støtte, opplæring og rettleiing.

Oppbygging av eining for tilsyn med private barnehagar

Stortinget har vedteke at det skal opprettast eit nasjonalt tilsyn for økonomiske forhold overfor private barnehagar, og at ansvaret blir lagt til Utdanningsdirektoratet. Direktoratet har i 2020 gjennomført etableringa av det nye tilsynet ved å frigi eigne ressursar i kombinasjon med å leige inn ressursar frå ein skilde statsforvaltarar. Det er i 2020 rekruttert leiar av det nye tilsynet og gjort ein første runde med tilsetjing av medarbeidarar, desse var på plass første kvartal 2021.

Sektoren består av over 3 000 barnehagar, og det er avgjerande at det nye tilsynet blir etablert med riktige og gode digitale verktøy for arbeidet. Det er derfor i 2020 starta eit arbeid med å etablere verktøy for å identifisere risiko i sektoren. Med utgangspunkt i innrapporterte data frå barnehagane i systemet BASIL har direktoratet utvikla eit eige verktøy som gjer det mogleg å vurdere risiko mellom ulike typar aktørar opp mot det som er fastsett i lov og forskrift. Det er enno for tidleg å seie noko sikkert om risikobildet for sektoren samla sett, men direktoratet vil arbeide vidare med dette i samband med oppbygginga av den nasjonale tilsynseininga. I tillegg til dette arbeidet blir det også planlagt å utvikle gjennomføringsverktøy for tilsyn og verktøy for å samle inn ustrukturert sektorinformasjon for å identifisere risiko. Alle desse verktøya blir utvikla i tett samarbeid med tilsynseininga for friskular, slik at verktøya har nytte for begge tilsynseiningane.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 516,9 mill. kroner på posten til ulike tiltak for kvalitetsutvikling i barnehagesektoren og innhenting av kunnskap.

Regjeringa foreslår å flytte 5 mill. kroner til posten frå kap. 571, post 60 i samband med at ansvar for økonomisk tilsyn med private barnehagar blir flytta frå kommunane til Utdanningsdirektoratet. Løyvinga under posten er redusert med 0,3 mill. kroner som følge av at forventta pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inkludert arbeidsgivaravgift, er redusert tilsvarende, jf. nærare omtale i del I, kap. 1 Hovudinnleiing.

Tabell 4.18 Budsjettforslag for 2022, kap. 231, post 21

		(i mill. kr)
Type tiltak	Kort om tiltaket	Beløp
Regional ordning for kompetanseutvikling	Ordninga blei vidareutvikla i 2018 som ein del av oppfølginga av strategien <i>Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018–2022.</i>	200
Tiltak for å følge opp kompetansestrategien og strategi for barnehagekvalitet	Kompetansetiltak retta mot ulike tilsette i barnehagane, inkl. 4 mill. kroner til rettleiing av nyutdanna nytilsette lærarar. 8,7 mill. kroner av dette skal gå til å opprette om lag 150 fleire vidareutdanningsplassar for barnehagelærarar, hovudsakleg i spesialpedagogikk. Delar av løyvinga vil følge opp nye tiltak i <i>Barnehager mot 2030 – Strategi for barnehagekvalitet 2021–2030</i> mellom anna tiltak for å få meir kunnskap om tilsyn med kvalitet, og utviklingsprosjekt om korleis barnehagane kan organiserast.	213
Økonomisk tilsyn med private barnehagar	Ansvaret for økonomisk tilsyn med private barnehagar blir overført frå kommunane til Utdanningsdirektoratet frå 1. januar 2022. Midlane går til drift av tilsynet.	30
Auka pedagogtettleik i utsette byområde	Som eit ledd i opptrappinga til 50 pst. barnehagelærarar blir det oppretta eit eige øyremerkt tilskot for å auke pedagogtettleiken i levekårsutsette område. Dette for å auke kompetansen i dei mest utsette områda først.	20
Inkluderande barnehagemiljø	Inkluderer læringsmiljøprosjektet og samlingsbaserte nettbaserte tilbod. Dette er tiltak som skal førebygge mobbing og bidra til at alle barn blir inkluderte i fellesskapet. Må sjåast i samanheng med midlar over kap. 226, post 21.	10,3
Tilsyn og klagebehandling hos statsforvaltaren	Statsforvaltaren har faste tilsynsoppgåver som følger av barnehagelova. Dette inneber å føre tilsyn direkte med einskildbarnehagar dersom det viser seg at kommunens tilsyn ikkje fungerer etter intensjonen.	9
Rettleiing av barnehageeigarar	Vidareføring av eit treårig pilotprosjekt i perioden 2020–22	5
Kvensk barnehagetilbod	Midlane går til språkprosjekt i barnehagar for å gi kvenske/norskfinske barn sjansen til å lære og utvikle det kvenske språket sitt i tidleg alder.	0,8
Anna	Kunnskapsgrunnlag, støtteressursar til rammeplanen o.a.	28,8
Totalt		516,9

Midlane på posten skal nyttast til ulike tiltak i samsvare med målet for posten. Utdanningsdirektoratet får fullmakt til å vurdere disponeringa av midlane på posten i samråd med departementet, innfor den ramma som er foreslått over, og i sam-

svar med tiltaka i kompetansestrategien og andre prioriterte område. Departementet vil ved behov omdisponere midlar mellom dei ulike satsingane på posten.

Post 60 Tilskot til bemanningsnorm i barnehage

Tilskotet var ei treårig ordning som blei oppretta i 2018 som eit resultat av budsjettavtalen i samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2018, jf. Innst. 400 S (2017–2018) og Prop. 85 S (2017–2018) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2018*. Målet med ordninga var å støtte små barnehagar som hadde problem med å oppfylle den nye bemanningsnorma som tok til å gjelde 1. august 2018. 2020 var det siste året for ordninga.

Resultat i 2020

Tal per 15. desember 2020 viser at heile 99 pst. av alle barnehagar i landet oppfyller bemanningsnorma, ein auke frå 94 pst. i 2019. Prosentdelen av barnehagar som oppfyller bemanningsnorma, har sidan 2016 auka frå 55 til 99 pst., med eit tydeleg hopp i 2019, då bemanningsnorma tredde i kraft. Per 15. desember 2020 er det i snitt 5,6 barn per tilsett i kommunale barnehagar og 5,7 barn per tilsett i private barnehagar. På landsbasis er snittet for bemanningstettleiken 5,7 barn per tilsett.

Det blei nytta 110,4 mill. kroner til ordninga i 2020, og berre små private barnehagar i kommunar som ikkje oppfylte bemanningsnorma, fekk tilskot. Totalt fekk 377 små private barnehagar i 75 kommunar tilskot.

Post 63 Tilskot til tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage

Utdanningsdirektoratet tildeler tilskotet til kommunar som oppfyller følgande to kriterium: at minst 10 pst. av barnehagebarna i kommunen er definerte som minoritetsspråklege, og at dette må utgjere minst 50 barn. Definisjonen omfattar barn med ein annan språk- eller kulturbakgrunn enn norsk, samisk, svensk, dansk og engelsk. Kommunane står fritt til å bruke midlane slik det passar best lokalt for å nå målet.

Mål for 2022

Målet med tilskotsordninga er å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage.

Resultat i 2020

Ordninga blei lagd om frå 1. januar 2017 slik at berre dei kommunane som har størst utfordringar, får tilskot. I 2020 omfatta dette 123 kommunar, mot 139 kommunar i 2019, og 85 pst. av alle minoritetsspråklege barn i barnehage, mot 87 pst. i 2019. Kommunane har ikkje rapporteringsplikt for bruken av tilskotet.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 144,5 mill. kroner på posten i 2022.

Post 66 Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn

Tilskotsordninga blei oppretta i 2018. Midlane skal gå til aktivt informasjons- og rekrutteringsarbeid i kommunar som har særlege utfordringar med å få minoritetsspråklege barn til å begynne i barnehagen. Dei kommunane som får midlar, står fritt til å bruke midlane slik det passar best lokalt for å nå målet. Kommunar med 80 eller fleire minoritetsspråklege barn som ikkje gjekk i barnehage, får tilbod om å søke om tilskot.

Mål for 2022

Målet med tilskotsordninga er at fleire minoritetsspråklege barn skal få gå i barnehage.

Resultat i 2020

23 kommunar oppfylte kriteriet for tilskotet, og av desse var det 20 kommunar som søkte. Dei fekk innvilga tilskot for totalt 5 794 barn som ikkje gjekk i barnehage. Satsen per barn blei dermed 2 993 kroner. I 2019 fekk 21 kommunar tilskot for 6 894 barn, og satsen per barn var 2 982 kroner.

Kommunane står fritt til å bruke midlane slik det passar best lokalt for å nå målet, mellom anna til open barnehage, som er rekna som ein god rekrutteringsarena. Det er vanskeleg å seie om barnehagebruken for minoritetsspråklege barn har auka som følge av akkurat dette tilskotet, mellom anna fordi kommunane kan bruke midlane på mange ulike måtar, men òg fordi det er mange faktorar som spelar saman når foreldre vel om barnet skal gå i barnehage. Barnehagebruken for minoritetsspråklege barn har auka frå 80,4 pst. i 2017 til 85,3 pst. i 2020. Auken har vore størst for dei yngste barna, til dømes har prosentdelen minoritetsspråklege 1-åringar i barnehage gått frå 44,6 pst. i

2017 til 54,4 pst. i 2020. Sjå meir statistikk i del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 17,3 mill. kroner på posten i 2022.

Post 70 Tilskot til symjing i barnehagane

Tilskotsordninga blei oppretta i 2015, blir forvalta av statsforvaltarane og skal medverke til at kommunar, frivillige organisasjonar og barnehagar kan gjennomføre tiltak for å nå målet.

Mål for 2022

Det overordna målet med ordninga er at barnehagebarn i alderen 4–6 år skal bli trygge i vatnet, slik at dei får eit godt grunnlag for å lære å symje.

Resultat i 2020

Av ei løyving på 70 mill. kroner i 2020 blei 56,8 mill. kroner nytta til ordninga, og det blei tildelt midlar i alle fylke. Tilskotet gjorde at 28 600 barn fekk tilbod om symjeopplæring i barnehagetida, mot 36 500 barn i 2019. Mindreforbruket på 13,2 mill. kroner kjem av at statsforvaltarane var tilbakehaldne med å utbetale tilskot medan bassenga var stengde på grunn av covid-19-pandemien. Departementet forventar at midlane på posten vil bli nytta meir i samsvar med budsjettet når det ikkje er hindringar, til dømes manglande tilgang til basseng på grunn av covid-19-pandemien.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 72,2 mill. kroner på posten i 2022.

Programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning

Utgifter under programkategori 07.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
240	Fagskular	887 911	1 069 994	1 181 527	10,4
241	Felles tiltak for fagskular	31 072	31 692	22 754	-28,2
242	Noregs grønne fagskule – Vea	32 232	31 732	32 191	1,4
Sum kategori 07.40		951 215	1 133 418	1 236 472	9,1

Inntekter under programkategori 07.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
3242	Noregs grønne fagskule – Vea	9 341	6 311	6 449	2,2
Sum kategori 07.40		9 341	6 311	6 449	2,2

Innleiing

Det er stor etterspurnad etter fagskulekandidatar i arbeidslivet. Regjeringa vil derfor at fleire skal ta høgare yrkesfagleg utdanning, og gjennomfører den største satsinga nokon gong for å auke kapasiteten ved fagskulane. Hausten 2020 var det registrert 23 300 fagskulestudentar, noko som er ein auke på 27 pst. frå hausten 2019.

Regjeringa har i tillegg prioritert tiltak for å auke kvaliteten ved utdanningane og utvikle nye utdanningstilbod. Regjeringa vil halde fram med å satse på kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning. Det langsiktige målet er å bygge opp ein sektor med solide fagmiljø som raskt kan tilpasse seg nye kompetansebehov, og som kan vere ein viktig bidragsytar for å tette kompetansegapet i arbeidslivet. Under covid-19-pandemien har fagskulane vore dyktige til å møte behova for tilbod som bidreg til omstilling i arbeidslivet, jf. kap. 11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i

kunnskapssektoren og på integreringsfeltet i del III.

Regjeringa har i 2021 lagt fram ein strategi for desentralisert og fleksibel utdanning ved fagskular, høgskular og universitet, jf. omtale i programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, og ein strategi for høgare yrkesfagleg utdanning. I strategien for høgare yrkesfagleg utdanning, *Videre vekst og kvalitet*, er det identifisert fire satsingsområde:

- vekst i fagskulesektoren
- kvalitetsutvikling av høgare yrkesfagleg utdanning
- stimulere til framifrå kvalitet
- høgare kompetansekrav i arbeidslivet skal møtast med studietilbod på høgare nivå

Kunnskapsdepartementet har fastsett desse overordna måla for programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning:

- Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet.

- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.

Hovudprioriteringar for 2022

Departementet foreslår å løyve 62,4 mill. kroner til siste halvårseffekt for 1 600 studieplassar som Stortinget har løyvd midlar til i statsbudsjettet for 2020 og i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte over programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Departementet foreslår å løyve 50,7 mill. kroner til tilskotsordninga for utviklingsmidlar til fagskulane. Det er ein auke på 5 mill. kroner frå 2021.

Regjeringa har lagt fram ein strategi for høgare yrkesfagleg utdanning. Departementet følger no opp strategien gjennom å foreslå å løyve 22,8 mill. kroner til tiltak som skal bidra til god kunnskap om fagskulesektoren, høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning og ein tilgjengeleg og synleg fagskulesektor. Eitt av tiltaka er ei forsøksordning med to senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning.

Samla foreslår departementet 1,2 mrd. kroner til høgare yrkesfagleg utdanning i 2022.

Mål: Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet

Utviklingstrekk og utfordringar

Samfunnet treng fagskulekandidatar

Fylkeskommunane har ei viktig rolle i å kartlegge lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov og legge dette til grunn for dimensjoneringa av fagskuletilboda. Arbeidslivet generelt, og særleg bransjane som tek imot fagskulekandidatane, er òg med på å utvikle utdanningstilboda i den retninga samfunnet treng.

Kompetansebarometeret til Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) for 2020 viser at nes-


ten halvparten av bedriftene treng personar med høgare yrkesfagleg utdanning. Ifølge arbeidsgivarundersøkinga frå 2019 gjennomført av Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) svarer om lag halvparten av verksemdene at dei har behov for å rekruttere fagskulekandidatar. Meir enn 90 pst. av dei som har tilsett kandidatar med høgare yrkesfagleg utdanning, meiner at kandidatane svarer til forventningane. I tillegg til verksemdar gir fylkeskommunar, utdanningsinstitusjonar og dei som tek vidareutdanning, uttrykk for at arbeidslivet har behov for korte, relevante og fleksible utdanningstilbod som det er mogleg å kombinere med jobb. Etter- og vidareutdanningsutvalet (NOU 2019: 12) og Sysselsetjingsutvalet (NOU 2021: 2) konkluderer med at behovet for etter- og vidareutdanning er stort, jf. omtale i programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring.

Det er etterspurnad etter fleksible og tilgjengelege fagskuletilbod

Fagskulane er viktige i kompetansereforma Lære heile livet og i Utdanningsløftet 2020. Med fleksible og tilgjengelege utdanningar bidreg fagskulane til at arbeidslivet får nødvendig kompetanse.

Digitalisering og raske teknologiske endringar stiller krav til kontinuerleg endring i utdanningstilboda, slik at dei er relevante for studentane og arbeidslivet. Dette gjeld spesielt høgare yrkesfagleg utdanning, som skal vere fleksibel og yrkesretta. Det er behov for å styrke kunnskapen og informasjonen om fagskuletilbod for å gjere høgare yrkesfagleg utdanning meir kjent.

Det har vore ein stor auke i talet på fagskulestudentar dei siste åra, jf. figur 4.5. Frå hausten 2019 til hausten 2020 er det ein auke på nesten 5 000 fagskulestudentar, ifølge *Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning 2021*, utarbeidd av Direktoratet for internasjonisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku).



Figur 4.5 Utvikling i talet på fagskulestudentar, 2016–20

Kjelde: Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning 2021

Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning 2021 viser at om lag to tredelar av fagskulestudentane studerer på deltid. Det er ein solid auke i studiepoengproduksjonen ved fagskulane dei siste åra. I 2020 var det 66 pst. som fullførte utdanninga på normert tid, mot 60 pst. året før. Auken er størst blant studentar som tek utdanning på deltid.

Frå og med 2020 blir studieplassar ved fagskular lyste ut gjennom Samordna opptak. Alle offentlege fagskular skal vere med i Samordna opptak, medan det er valfritt for dei private fagskulane å delta. Utlysing av studieplassar i Samordna opptak skal bidra til å gjere høgare yrkesfagleg utdanning meir synleg for utdanningssøkarane. Det var 12 800 søkarar til Samordna opptak for høgare yrkesfagleg utdanning i 2021, ein auke på om lag 37 pst. frå året før. Ein del av auken kjem av at fleire fagskular deltek i opptaket, og at det derfor er fleire studium og fleire studieplassar med i 2021. Det er ein auke på om lag 35 pst. i talet på søkarar som har fått tilbod om studieplass gjennom hovudopptaket i Samordna opptak i 2021 samanlikna med året før.

Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning 2021 viser at det er god geografisk spreining av fagskuletilbod, stor grad av nettbasert undervisning, og ein stor del utdanningstilbod på deltid. I 2020 følgde halvparten av studentane i høgare yrkesfagleg utdanning stadbasert undervisning, medan det var 64 pst. av studentane som fekk stadbasert undervisning i 2016. Den største

auken kom i 2020, og det er naturleg å sjå dette i samband med konsekvensane av covid-19-pandemien.

Høgare yrkesfagleg utdanning gir studentane relevant kompetanse

Det er mange faktorar som påverkar relevansen i høgare yrkesfagleg utdanning, som innhaldet i utdanningstilboda, samspelet med arbeids- og næringslivet og kompetansen til dei tilsette. Ein for rask auke i talet på studentar i høgare yrkesfagleg utdanning kan føre til utfordringar for fagskulane med å halde utdanningane relevante og oppdaterte.

Mange fagskular har få studentar og er derfor sårbare for endringar i søkartal og fagleg styrke ved fagmiljøa. Talet på fagskular har gått ned dei siste åra. Denne utviklinga heng mellom anna saman med samanslåingane av fylke og oppkjøp av fagskular. Samstundes blir fagskulane større, og det blir fleire studiestadar. I 2020 var det i gjennomsnitt 381 studentar per fagskule, mot 261 studentar per fagskule i 2019, ifølgje *Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning 2021*. Færre og større fagskular er i tråd med det politiske målet om ein fagskulesektor med meir solide institusjonar.

Fagskulekandidatundersøkinga utgitt i 2020 av NIFU viser mellom anna at fagskulestudentar i stor grad er i jobb under utdanninga, og at dei fleste held fram i same bransje etter utdanninga.

Studiebarometeret for fagskulestudentar 2021, utarbeidd av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT), viser at fagskulestudentane er godt nøgde med praksisopplæringa.

Stenginga av studiestadene i mars 2020 for å hindre smitte av covid-19, gjorde det naudsynt med ei rask og omfattande omlegging frå stadbasert undervisning til digital undervisning, læring og vurdering. Sjå kap. 11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i del III. Fagskulane har vist dugnadsånd, omstillingsevne og digital kompetanseheving, men situasjonen har òg gitt eit vanskelegare læringsmiljø for mange studentar. *Studiebarometeret* viser at om lag halvparten av fagskulestudentane som svarte på undersøkinga våren 2021, var bekymra for at kvaliteten på utdanninga ikkje var like god som før covid-19-pandemien. 17 pst. svarte at pandemien har gjort det vanskeleg å gjennomføre utdanninga.

Strategiar og tiltak

Regjeringa held fram med å prioritere tiltak for å styrke høgare yrkesfagleg utdanning. Satsingane omtala nedanfor følger opp strategien for høgare yrkesfagleg utdanning, *Videre vekst og kvalitet*. Satsingane følger òg opp Utdanningsløftet 2020, Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet* og Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*.

Auka kapasitet i høgare yrkesfagleg utdanning

Med tildelinga av midlar til nye studieplassar dei siste åra har regjeringa gjennomført den største kapasitetsauken i høgare yrkesfagleg utdanning nokon gong. Satsinga inneber ein auke på totalt 2 100 nye studieplassar i 2020 og 2021. Det gir ein auke på om lag 45 pst. i det statlege driftstilskotet til høgare yrkesfagleg utdanning frå 2019 til finansieringa av dei nye studieplassane er fullt opptrappa i 2024.

Regjeringa ønsker at fagskulesektoren skal halde fram med å vekse, og har som ambisjon at kvaliteten skal styrkast i takt med veksten. Regjeringa vil lage eit system som skal sikre at ein framtidig vekst i høgare yrkesfagleg utdanning kjem der behovet er størst, jf. strategien for høgare yrkesfagleg utdanning. Systemet for fordeling av midlar til nye studieplassar skal sikre at fordelinga mellom fylkeskommunane og innanfor den einskilde fylkeskommunen, er på ein måte som møter behova i arbeidslivet og bidreg til relevant og kvalifisert arbeidskraft over heile landet. Sjå omtale av oppmøttingsvedtak nr. 700, 15. juni 2020 i del 1.

Tiltak for å utvikle nye fagskuletilbod

Fagskulane kan søke om tilskot til utvikling av nye utdanningstilbod i Kompetanseprogrammet, som inngår i kompetansereforma *Lære heile livet*. Med Kompetanseprogrammet blir det fleire fleksible og relevante utdanningstilbod tilpassa behova i arbeidslivet. Under programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring er det ein omtale av Kompetanseprogrammet.

Stadig fleire fagskular får akkrediterte fagområde. Per 16. september har ni fagskular akkreditering for til saman 15 fagområde. Ei fagområdeakkreditering gir fagskulen høve til sjølv å opprette nye utdanningar og gjere endringar i eksisterande utdanningar innanfor det akkrediterte fagområdet, og slik kan ein fagskule raskare omstille utdanningstilbodet ut frå behov i arbeidslivet. NOKUT innførte ein ny og forenkla prosess for akkreditering av fagskuletilbod hausten 2020. Den nye modellen har kortare behandlingstid og gjeld for fagskular som har minst éi akkreditering av eit fagskuletilbod frå før.

Regjeringa vil at fagskulane i større grad kan bestemme over utvikling og endring av utdanningstilboda. Regjeringa vil derfor at fleire fagskular får fagområdeakkreditering. I tillegg ønsker regjeringa å gjere det mogleg for fagskular å søke om institusjonsakkreditering, det vil seie ein moglegheit for sjølvakkreditering på alle fagområda, slik universiteta og dei fleste høgskulane har i dag. Dette kan gjere at fagskulane raskare kan opprette utdanningstilbod i takt med behova i arbeidslivet og dermed få betre samsvar mellom tilbod og etterspurnad av relevant og fleksibel utdanning. Kunnskapsdepartementet vil greie ut kriterium og rammer for institusjonsakkreditering for at fagskular på sikt kan opprette og endre utdanningstilbod etter å ha fått ei overordna godkjenning frå NOKUT, jf. strategien for høgare yrkesfagleg utdanning.

Kunnskapsdepartementet har gitt NOKUT i oppdrag å evaluere nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR). I 2020 leverte Technopolis Group rapporten *Utredning om mulig parallell struktur i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring*. Rapporten inngår i kunnskapsgrunnlaget for evalueringa av NKR.

Stortinget vedtok endringar i lov om høgare yrkesfagleg utdanning våren 2021, jf. Innst. 517 L (2020–2021) og Prop. 111 L (2020–2021). Eit av forslaga var å fjerne kravet til minstelengd for høgare yrkesfagleg utdanning. Lovendringa er mellom anna ei oppfølging av NOU 2019: 12 *Lærekraftig utvikling – Livslang læring for omstil-*

ling og konkurranse og Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*. Stortinget vedtok òg ei lovendring som gjeld presisering av kunnskapsgrunnlaget for høgare yrkesfagleg utdanning, som slår fast dei grunnleggande prinsippa høgare yrkesfagleg utdanning skal bygge på. Endringane gjeld frå 1. august 2021.

Tiltak for å betre kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning

Det er viktig at satsinga på auka kapasitet i fagskulane ikkje går ut over kvaliteten på utdanningstilbodet. Departementet foreslår derfor å styrke tilskotsordninga for utviklingsmidlar til fagskulane. Med utviklingsmidlane kan fagskulane tilby digital kompetanseheving av tilsette, utvikle nye utdanningstilbod, kjøpe nytt utstyr og bruke digital teknologi for læring. I det vidare arbeidet med kvalitetsutvikling vil departementet vurdere korleis utviklingsmidlane kan bli innretta for å støtte opp om måla i strategien for høgare yrkesfagleg utdanning. Departementet foreslår òg å vidareføre midlane til ulike tiltak som skal gjere fagskulesektoren meir synleg og tilgjengeleg og bidra til å auke kunnskapen om sektoren.

For å stimulere til framifrå kvalitet ved fagskulane foreslår regjeringa ei ordning med senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning, jf. strategien for høgare yrkesfagleg utdanning. Med omsyn til kvalitetsutvikling legg strategien i tillegg vekt på følgande tre område: institusjonsakkreditering, nettpedagogisk kompetanse og internasjonisering.

Departementet sette i 2020 i gang ei evaluering av innføringa og verknaden av tiltaka i fagskulemeldinga frå 2016. Dette er ei oppfølging av vedtak i Stortinget i samband med behandlinga av meldinga, jf. oppmodingsvedtak nr. 643, 2. mai 2017 i del I. Evalueringa vil inngå i kunnskapsgrunnlaget for vidare politikktutforming på feltet.

Mål: Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse

Utviklingstrekk og utfordringar

Det er vesentleg for kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning at det blir stilt høge krav til kompe-

tansen til undervisningspersonalet, jf. Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning* og NOU 2014: 14 *Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg*. Dette gjeld ikkje berre den faglege kompetansen, men òg den pedagogiske kompetansen til undervisningspersonalet. Gjennom covid-19-pandemien har behovet for digital kompetanseheving for lærarar auka i takt med at stadig meir undervisning er digital. Kompetansekrava til fagskulelærarane er nedfelt i forskrifta om akkreditering av og tilsyn med høgare yrkesfagleg utdanning. Fagmiljø som tilbyr fleksible og nett- og samlingsbaserte utdanningstilbod, skal ha relevant pedagogisk kompetanse.

Ei kartlegging gjennomført i 2021 av analyse-selskapet Ideas2evidence viser at berre halvparten av dei som underviser i høgare yrkesfagleg utdanning, omtaler eigen nettpedagogisk kompetanse som god, jf. rapporten *Kvalitet på nett – Kartlegging av føresetnader for gode nett- og samlingsbaserte utdanninger i HYU (6:2021)*. Vidare har berre ein firedel av dei som underviser på nett, formell nettpedagogisk kompetanse.

Strategiar og tiltak

Tiltak for å betre kompetansen til fagskulelærarane

Høgare yrkesfagleg utdanning blir i stadig større grad gitt som nett- og samlingsbaserte utdanningstilbod. 82 pst. av fagskulelærarane som underviser på nett, seier at dei ønsker å auke kompetansen i nettpedagogikk (Ideas2evidence 6:2021). Som det går fram av strategien for høgare yrkesfagleg utdanning, vil regjeringa stimulere til kvalitetsutvikling av nett- og samlingsbaserte tilbod gjennom kompetanseheving innanfor nettpedagogikk.

Frå og med 2017 har Stortinget løyvd midlar til prosjekt som skal utvikle høgare yrkesfagleg utdanning, og midlane har mellom anna finansiert kompetansetiltak ved fagskular. I 2021 har ni prosjekt fått midlar for å bidra til digital kompetanseheving for tilsette. Departementet foreslår å vidareføre digital kompetanseheving for tilsette som ei av prioriteringane for tildeling av utviklingsmidlar i 2022.

Kap. 240 Fagskular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
60	Driftstilskot til fagskular	834 707	1 025 451	1 130 826
61	Utviklingsmidlar til fagskular, <i>kan overførast</i>	53 204	44 543	50 701
	Sum kap. 240	887 911	1 069 994	1 181 527

Post 60 Driftstilskot til fagskular

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) forvaltar ordninga for driftstilskot til fagskular. HK-dir fordeler løyvinga til fylkeskommunane, som tildeler tilskot til fylkeskommunale og private fagskular i eige fylke. Driftstilskotet til fagskular blir justert årleg ut frå oppnådde studiepoeng ved fagskulane. Tilskotsordninga inkluderer tilskot til nokre fagskular som er i ei særstilling, mellom anna fordi dei fleste er små, har eit nasjonalt nedslagsfelt og hovudsakleg er godkjende etter tidlegare privatskulelov kap. 6A. Frå og med 2021 inkluderer ordninga òg midlar til om lag 500 studieplassar til utdanningstilbod for industri og bygg innanfor ordninga Industrifagskolen. Dette er fagskuletilbod som er utvikla gjennom bransjeprogrammet for industri- og byggenæringa, eller som fell innanfor det som partane kallar Industrifagskolen.

Som del av evalueringa av tiltaka i fagskulemeldinga blir finansieringssystemet for fagskulane gjennomgått i 2021, jf. oppmodingsvedtak nr. 643, 2. mai 2017 i del I. Tilskotsordninga for driftsmidlar til fagskulane er ein sentral del av denne gjennomgangen.

Kunnskapsdepartementet vil saman med Helse- og omsorgsdepartementet utarbeide kandidatmåltal for å dimensjonere høgare yrkesfagleg utdanning innanfor helsefag. Kandidatmåltal er eit minstekrav til talet på uteksaminerte kandidatar innanfor utvalde utdanningar.

Mål for 2022

Følgande mål gjeld for høgare yrkesfagleg utdanning som er omfatta av løyvinga over kap. 240, post 60:

- høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning
- yrkesretta høgare yrkesfagleg utdanning
- god tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning
- effektiv og solid fagskulesektor

Resultat i 2020

Fylkeskommunane fekk til saman 834,7 mill. kroner til drift av fagskular i 2020. 50 fagskular fekk driftstilskot over posten i 2020, og rapporteringa som følger, gjeld desse fagskulane.

Det samla talet på oppnådde studiepoeng ved fagskulane med tilskot over posten held fram med å auke, og frå 2019 til 2020 var auken på 13 pst. Året før var auken på 4,5 pst. Tildelinga av nye studieplassar i 2018 og 2020 kan truleg forklare den store auken i studiepoengproduksjon i 2020.

Omfanget av deltidstilbod kan vise om det i utdanningstilboda blir lagt til rette for kompetanseheving samtidig som ein er i arbeid. Hausten 2020 var 78 pst. av studentane deltidsstudentar, ein auke frå 74 pst. frå året før.

Om lag 53 pst. av fagskulestudentane som følger utdanningstilbod finansierte over posten, fekk stadbasert undervisning i 2020. Om lag 34 pst. av studentane hadde nettbasert undervisning med samling, og om lag 13 pst. av studentane hadde nettbasert undervisning utan samling. Dei nettbaserte tilboda utan samling er i hovudsak forankra i Oslo og Akershus, medan dei nettbaserte tilboda med samling er fordelte over heile landet.

Det er store variasjonar i storleiken på fagskulane som mottek offentlege driftsmidlar. Mange av dei små fagskulane har spesialiserte fagområde med eit nasjonalt nedslagsfelt, slik som kreative og religiøse utdanningstilbod.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 1,1 mrd. kroner til drift av høgare yrkesfagleg utdanning. Løyvinga inkluderer 67 mill. kroner som fylkeskommunane må fordele til nokre fagskular som er i ei særstilling, mellom anna fordi dei fleste er små, har eit nasjonalt nedslagsfelt og hovudsakleg er godkjende etter tidlegare privatskulelov kap. 6A. Løyvinga inkluderer òg 38,8 mill. kroner til vidareføring av studieplassar for Industrifagskolen.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 16,3 mill. kroner på bakgrunn av auke i studiepoeng som er oppnådde ved fagskulane i 2020.

Stortinget vedtok midlar til 100 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning i statsbudsjettet for 2020 og 1 500 nye studieplassar i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020. Departementet foreslår å løyve 62,4 mill. kroner til siste halvårseffekt for desse studieplassane i 2022. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte over programkategorien 07.80 Utdanningsstøtte.

Post 61 Utviklingsmidlar til fagskular, kan overførast

Fagskular kan søke om tilskot til tiltak og prosjekt som skal auke kvaliteten i fagskulane, vidareutvikle dagens utdanningstilbod og utvikle nye utdanningstilbod. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) forvaltar tilskotsordninga.

Mål for 2022

Høg kvalitet i utdanningstilboda og godt samsvar mellom utdanningstilboda og den kompetansen arbeidslivet etterspør.

Resultat i 2020

2020 var det fjerde året midlar til kvalitetsutvikling blei lyste ut til fagskulane. Som i åra før var det stor interesse for ordninga. Til den ordinære utlysinga kom 64 søknader om totalt 77 mill. kroner.

Kap. 241 Felles tiltak for fagskular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	31 072	31 692	22 754
	Sum kap. 241	31 072	31 692	22 754

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Posten omfattar midlar til prosjekt for fagskulesektoren som mellom anna følger opp *Videre vekst og kvalitet – Strategi for høgere yrkesfaglig utdanning* og Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*.

38 prosjekt ved 18 fagskular fekk tildelt til saman 43,2 mill. kroner.

- Midlane blei tildelte prosjekt som bidreg til
- utvikling av nye utdanningar i samarbeid med lokalt og regionalt arbeidsliv
 - bruk av digital teknologi for læring
 - digital kompetanseheving for tilsette for å møte behov for omstilling i arbeidslivet

I tillegg gjekk midlane til eingongsinvesteringar i utstyr og infrastruktur for å auke kvaliteten i utdanningane.

Midlane blei tildelte offentlege og private fagskular over heile landet. Mange fagområde er representerte blant prosjekta som fekk støtte, mellom anna maritime fag, helsefag og byggfag.

Løyvinga blei auka med 10 mill. kroner til utstyr som følge av vekst i talet på fagskulestudentar, jf. Innst. 19 S (2020–2021) og Prop. 142 S (2019–2020).

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 50,7 mill. kroner på posten. Dette er ein auke på 5 mill. kroner frå 2021.

Departementet foreslår følgande prioriteringar for utviklingsmidlane i 2022:

- utvikling av nye utdanningar i samarbeid med lokalt og regionalt arbeidsliv
- bruk av digital teknologi for læring
- digital kompetanseheving for tilsette for å møte behov for omstilling i arbeidslivet
- eingongsinvesteringar i utstyr og infrastruktur

Mål for 2022

God kunnskap om fagskulesektoren, høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning og ein tilgjengeleg og synleg fagskulesektor.

Resultat i 2020

Departementet tildelte 31,1 mill. kroner over posten i 2020. Tabell 4.19 viser tiltaka som er sette i gang med midlane for å bidra til å nå måla for posten.

Tabell 4.19 Resultatrapportering 2020, kap. 241, post 21

		(i 1000 kr)
Mottakar	Tiltak	Tildelte midlar
Unit	Utvikling og gjennomføring av eit samordna opptak til høgare yrkesfagleg utdanning	10 000
Diku	Arbeid i fylkeskommunane med rekruttering til høgare yrkesfagleg utdanning	4 400
Diku	Arbeid i Nasjonalt fagskuleråd med oppgradering av nasjonale fagplanar	4 000
Diku	Administrering av fagskuleoppgåver	2 800
Diku	Evaluering av tiltaka i fagskulemeldinga	2 000
NOKUT	Gjennomføring av <i>Studiebarometeret for fagskulestudentar</i>	1 500
Universell	Pådrivararbeid for universell utforming	1 500
Unit	Arbeid for Nasjonal klagenemnd for høgare yrkesfagleg utdanning	1 300
Diku	Tildeling av utdanningskvalitetsprisen for høgare yrkesfagleg utdanning	1 000
NIFU	Kandidatundersøking, fagskular	796
Kompetanse Noreg	Utvikling og oppdatering av rettleiingar for realkompetansevurderingar	680
NOKUT	Gjennomgang av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR)	600
Kompetanse Noreg	Oppdatering av informasjon om høgare yrkesfagleg utdanning	400
SSB	Arbeid med statistikk for fagskular	95

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 22,8 mill. kroner på posten. Midlane vil mellom anna gå til

- Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) for å gjennomføre *Studiebarometeret for fagskulestudentar*
- Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) for å arbeide med tiltak som skal utvikle kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning og kunnskapsgrunnlaget for fagskulesektoren. HK-dir skal mellom anna lyse ut midlar til ei forsøksordning med to senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning. Desse to sentera skal vere retta mot ulike fagmiljø. Status som senter for framifrå høgare yrkesfag-

leg utdanning blir tildelt miljø som bidreg til å samle opplæringsmiljø på fleire nivå, arbeidsliv og relevante forskingsmiljø. Tiltaket følger opp *Videre vekst og kvalitet – Strategi for høgere yrkesfaglig utdanning* og Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*.

I samband med opprettinga av HK-dir foreslår departementet å flytte 8,1 mill. kroner frå kap. 241, post 21 til driftsposten til direktoratet, kap. 256, post 01. Midlane skal gå til arbeid på fagskulefeltet, som arbeid med mellom anna kartlegging og tilrettelegging for fagskulestudentar med nedsett funksjonsevne, det samordna opptaket til

høgare yrkesfagleg utdanning og Nasjonal klagenemnd for høgare yrkesfagleg utdanning.

I samband med opprettinga av Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt) foreslår departe-

mentet å flytte 1,5 mill. kroner frå kap. 241, post 21 til driftsposten til Sikt, kap. 273, post 50. Midlane skal gå til levering av IKT-løysingar til det samordna opptaket til høgare yrkesfagleg utdanning.

Kap. 242 Noregs grønne fagskule – Vea

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	32 001	30 425	30 853
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	231	1 307	1 338
	Sum kap. 242	32 232	31 732	32 191

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på kap. 242 går til drift av Noregs grønne fagskule – Vea. Fagskulen har studentar fordelte på mellom anna blomsterdekorator-, gartner- og anleggsgartnerfaglege studieprogram. Vea er akkreditert for grønne design- og miljøfag. I 2020 godkjente NOKUT utviding av fagområdeakkrediteringa til Vea.

I tillegg til høgare yrkesfagleg utdanning skal Vea gi tilbod på vidaregåande nivå for elevar frå ulike fylke når fylkeskommunen betaler for det, jf. kap. 3242, post 61. Vea gir tilbod om vaksenopplæring på vidaregåande nivå.

Mål for 2022

Noregs grønne fagskule – Vea skal arbeide etter følgende mål:

- gi relevant høgare yrkesfagleg utdanning med god kvalitet
- auke studenttalet
- heve kompetansen blant dei tilsette

Resultat i 2020

Ved utgangen av 2020 hadde Noregs grønne fagskule – Vea 18 fagskuletilbod og to tilbod i vida-

regående opplæring, i tillegg til korte kurs til dei same målgruppene. Hausten 2020 var det 183 studentar og elevar ved skulen, noko som er det høgaste talet for Vea nokon gong. Ved skulen var det 100 fagskulestudentar og 83 vaksne elevar i vidaregåande opplæring. Det har vore ein auke i talet på søkarar per studieplass frå 2019 til 2020. Tilboda i vidaregåande opplæring hadde høgare søkartal per studieplass enn fagskuletilboda. Skulen arbeider med å auke rekrutteringa til fagskuletilboda. Vea har i 2020 gjennomført kompetanseheving av tilsette gjennom korte kurs, formell utdanning og seminar.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 30,9 mill. kroner på post 01 og 1,3 mill. kroner på post 45.

Løyvinga på post 01 er redusert med 0,3 mill. kroner som følge av at forventta pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inkludert arbeidsgivaravgift, er redusert tilsvarende, jf. omtale under kap. 1 i del I. Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 01 med 26 000 kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien, jf. omtale under kap. 1 i del I.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3242, post 02 og 61, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3242 Noregs grønne fagskule – Vea

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
02	Salsinntekter o.a.	8 293	5 004	5 108
61	Refusjon frå fylkeskommunar	1 048	1 307	1 341
	Sum kap. 3242	9 341	6 311	6 449

Departementet foreslår å løyve 5,1 mill. kroner på post 02 og 1,3 mill. kroner på post 61.

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna semesteravgift, sal frå kantine, hybelutleige og

kortare kurs. Post 61 gjeld betaling frå fylkeskommunar for kjøp av opplæringsplassar ved skulen.

Programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring

Utgifter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
251	22. juli-senteret	17 185	15 714	27 695	76,2
253	Folkehøgskular	1 029 129	993 308	1 045 730	5,3
254	Studieforbund mv.	232 877	72 430	74 313	2,6
255	Tilskot til freds- og menneskeretts-senter	109 951			0,0
256	Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse	122 595	128 407	374 977	192,0
257	Kompetanseprogrammet	134 136	376 134	313 123	-16,8
258	Tiltak for livslang læring	392 663	159 707	148 424	-7,1
	Sum kategori 07.50	2 038 536	1 745 700	1 984 262	13,7

Inntekter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
3256	Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse	11 191	9 031	5 220	-42,2
	Sum kategori 07.50	11 191	9 031	5 220	-42,2

Innleiing

Kompetansenivået i Noreg er høgt. Eit høgt kompetansenivå i befolkinga bidreg til brei deltaking, nyskaping, omstilling og vekst i norsk nærings- og arbeidsliv. Arbeidsmarknaden stiller høge krav til utdanning og kompetanse, og det gjer at dei med lite utdanning og kompetanse, og dei med låg utdanning vore særleg utsette for permitteringar, og dei utgjer ein stor del av langtidsledige.

Våren 2020 la regjeringa fram ei stortingsmelding om kompetansereforma, Meld. St. 14 (2019–

2020) *Kompetansereforma – Lære hele livet*. Reforma har to mål:

- ingen skal gå ut på dato i arbeidslivet på grunn av manglande kompetanse
- tette gapet mellom kva arbeidslivet treng av kompetanse, og den kompetansen arbeidstakarane faktisk har.

For å motverke konsekvensane av covid-19-pandemien lanserte regjeringa Utdanningsløftet 2020, som mellom anna gir ledige og permitterte betre tilgang til utdanning og kompetanseutvikling og bygger vidare på tiltaka i kompetansereforma.

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å samordne kompetansepoltikken, men dei kompetansepoltiske verkemidla går på tvers av departement, sektorar og forvaltningsnivå. Over programkategori 07.50 Kompetansepoltikk og livslang læring blir nokre av dei sentrale verkemidla i kompetansereforma finansierte, inkludert Kompetanseprogrammet. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse blir finansiert over programkategorien.

Tilskot til folkehøgskulane, tilskot til studieforbund og drift av 22. juli-senteret blir òg finansierte over denne programkategorien.

Departementet har fastsett følgande overordna mål for programkategori 07.50 Kompetansepoltikk og livslang læring:

- Fleire lærer heile livet, slik at dei kan stå lenger i arbeid.

Hovudprioriteringar for 2022

Over programkategori 07.50 Kompetansepoltikk og livslang læring foreslår departementet å vidareføre og styrke fleire tiltak som inngår i kompetansereforma:

- 60 mill. kroner til å vidareføre dei åtte bransje-programma som blei etablert i 2020, som ein del av Utdanningsløftet 2020. Forslaget gir òg rom for å starte eit nytt bransje-program.
- 15 mill. kroner til å vidareføre utvidinga av forsøket med modulstrukturert opplæring for vaksne innanfor utvalde lærefag i fag- og yrkesopplæringa.

Departementet foreslår òg midlar til tiltak som inngår i kompetansereforma under andre programkategoriar:

- 304,5 mill. kroner for at fleire utan lovfesta rett til opplæringa skal kunne fullføre vidaregåande opplæring. Sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa.
- 111,8 mill. kroner til tilbod om å ta eit fagbrev for personar som allereie har studie- eller yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring. Sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa.
- 46 mill. kroner til auka bruk av ordninga Fagbrev på jobb, slik at fleire kan ta eit fagbrev i kombinasjon med arbeid. Sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa.
- 62,4 mill. kroner til siste halvårseffekt for 1 600 studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning som blei etablerte i 2020 som ein del av Utdanningsløftet 2020. Sjå programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning.

- 49,7 mill. kroner til å oppskalere tilskotet til fleksible studietilbod gjennom Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse til totalt 149,5 mill. kroner. Sjå programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.
- 20 mill. kroner for å legge til rette for meir fleksible utdanningsstøtteordningar for vaksne i jobb. Sjå programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Mål: Fleire lærer heile livet, slik at dei kan stå lenger i arbeid

Utviklingstrekk og utfordringar

I april 2020 la regjeringa fram stortingsmeldinga om kompetansereforma, Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereforma – Lære hele livet*. Kompetansemeldinga skildrar utfordringar med å auke deltakinga i utdanning og anna kompetanseutvikling, gjere tilboda om kompetanseutvikling meir relevante og gjere koplinga mellom etterspurnad og tilbod betre.

Regjeringa sette våren 2017 ned Kompetansebehovsutvalet for å få ei fagleg vurdering av Noregs kompetansebehov. I februar 2020 la utvalet fram sin tredje rapport, NOU 2020: 2 *Fremtidige kompetansebehov III. Læring og kompetanse i alle ledd*. Utvalet trekker gjennom det treårige arbeidet sitt mellom anna fram følgande utfordringar:

- Endringar i teknologi, klima og demografi fører til nye kompetansebehov.
- Mange arbeidstakarar deltek for lite i læringsaktivitetar.
- Det er behov for å auke arbeidslivsrelevansen i fleire utdanningar.
- Det er mangel på kvalifisert arbeidskraft i fleire næringer.

Meldinga om kompetansereforma og rapportane frå Kompetansebehovsutvalet trekker fram utfordringar som har blitt særleg tydelege under covid-19-pandemien.

Det blir stadig vanskelegare for dei med lite utdanning å klare seg i arbeidsmarknaden

I Noreg har nesten 20 pst. av befolkninga i alderen 25–64 år låg kompetanse, ifølgje OECD. Låg kompetanse er definert ved at ein anten ikkje har fullført vidaregåande opplæring eller skårar lågt i lesing eller matematikk i PIAAC (ei undersøking av ferdigheitene til vaksne). Samtidig er arbeidsmarknaden for personar med lite utdanning eller svake kvalifikasjonar relativt avgrensa. Sysselset-

jingsutvalet (NOU 2021: 2) viser at etterspurnaden etter personar med lite utdanning er låg i Noreg samanlikna med mange andre land. Prosentdelen sysselsette i lågkvalifikasjonsyrke er betydeleg lågare enn EU-gjennomsnittet.

Koronaen bidreg til å forsterke dette bildet. Personar med låg utdanning er i utgangspunktet meir utsette for arbeidsløyse enn personar med høgare utdanning. Personar med grunnskule som høgaste fullførte utdanning, utgjorde om lag 20 pst. av vaksnebefolkninga, men over 40 pst. av dei langtidsledige i januar 2021, ifølge ein rapport frå Frischsenteret om sysselsetjingsutviklinga lagt fram i mai i år. Arbeidsløysa er på veg ned, men dei langsiktige konsekvensane av pandemien for arbeidsmarknaden er svært usikre. Erfaringar frå tidlegare kriser tilseier at utsette grupper blir hardest ramma, som ungdom, personar med låg utdanning, nokre innvandrargrupper og dei med helseutfordringar.

Fullført vidaregåande opplæring er blitt viktigare for ei varig tilknytning til arbeidsmarknaden. Sysselsetjingsgapet mellom dei som har vidaregåande og dei som ikkje har det, har auka over tid, jf. NOU 2021: 2. Vaksne i Noreg tek utdanning og opplæring i større grad enn i dei fleste andre land. Det er likevel ei utfordring at dei som truleg treng det mest, er dei som deltek minst. Ifølge Livsopphaldsutvalet (NOU 2018: 13) har om lag 500 000 personar i alderen 25–59 år ikkje fullført grunnskule- eller vidaregåande opplæring, eller har ukjent utdanning. Om lag ein tredel av desse er innvandrarar. I tillegg viser undersøkingar at berre halvparten av dei som begynner i grunnskuleopplæring for vaksne, fullfører. Mange som har erfaring med ikkje å lykkast i skulen, kan ha låg motivasjon for å ta meir utdanning.

Vaksne som vil ta vidaregåande opplæring, anten det er på eiga hand, gjennom Nav-tiltak eller introduksjonsordninga, opplever hindringar, anten i mangel på tilbod eller i form av korleis regelverket er utforma. Liedutvalet (NOU 2019: 25) har mellom anna peika på utfordringar med manglande koordinering av kunnskap og ressursar, mange aktørar og lite samordna regelverk.

Omfattande omstilling i norsk arbeidsliv fører til endringar i kompetansebehova

NOU 2021: 4 *Norge mot 2025* viser til at med omfattande omstilling i økonomien, mellom anna fordi nokre næringar kan få lågare aktivitet på varig basis, blir det viktig å kunne møte behovet for ny kompetanse. Det gir auka behov for opplæring og kompetanseutvikling i arbeidslivet, og

behov for at arbeidstakarar i næringar prega av høg arbeidsløyse og bedrifter som blir nedlagde, kan rekvalifisere seg. Etter- og vidareutdanningsutvalet (NOU 2019: 12) og Sysselsetjingsutvalet (NOU 2021: 2) konkluderer med at behovet for etter- og vidareutdanning er stort. Sysselsetjingsutvalet peikar på at behovet har blitt forsterka av covid-19-pandemien fordi omstillingsbehovet har auka.

Digitaliseringa av arbeidslivet reduserer etterspurnaden etter nokre yrke og arbeidsoppgåver og endrar innhaldet i andre yrke. Samstundes skaper utviklinga nye jobbar. Berekningar viser at det er ein mindre del av jobbane i Noreg som vil bli automatiserte enn i mange andre land i OECD. Dette kan henge saman med at det norske arbeidslivet allereie har automatisert bort mange jobbar, mellom anna på grunn av eit relativt høgt lønnsnivå og ein samanpressa lønnsstruktur. Den digitale utviklinga har skote fart under covid-19-pandemien. Når samfunnet og arbeidslivet blir meir avhengige av digitale løysingar, blir det endå viktigare at alle har kompetansen som skal til for å meistre den nye digitale kvardagen.

Det grøne skiftet inneber at kompetansen til arbeidstakarane må tilpassast omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. Dei som er utdanna til jobbane som forsvinn i omstillinga, må få tilgang til å utvikle kompetansen sin vidare. Omstillinga vil omfatte endringar i produksjons- og forbruksmønstera våre. Samstundes er det utfordrande å føreseie kva type og kor mange jobbar som vil falle bort eller kome til med det grøne skiftet.

Dagens utdanningstilbod er ikkje godt nok tilpassa behova til dei som ønsker kompetanseutvikling, noko som særleg gjeld dei som er sysselsette, både i byane og i distrikta. Tilbakemeldinga frå verksemder, fylkeskommunar, utdanningsinstitusjonar og dei som tek vidareutdanning, er at arbeidslivet har behov for korte, relevante og fleksible utdanningstilbod som det er mogleg å kombinere med jobb. Demografiutvalet (NOU 2020: 15) og distriktsnæringsutvalet (NOU 2020: 12) peikar på behovet for desentraliserte og fleksible utdanningstilbod for dei som allereie er etablert i distriktsområde, og for dei som ønsker å bu og ta utdanning der.

For mange kan finansiering av livsopphald medan ein tek vidareutdanning, vere vanskeleg. Tap av inntekt i ein opplæringsperiode, og eventuelt høge studieavgifter, kan føre til at fleire ikkje har råd til å vidareutdanne eller omskulere seg. Prosentdelen studentar som ofte ikkje klarer løpande utgifter, aukar òg med alderen, ifølge *Studentenes helse- og trivselsundersøkelse* frå 2021.

Det er registrert vedvarande mangel på kompetanse i fleire yrke. Dei siste åra gjeld dette særleg helsefagarbeidarar, sjukepleiarar, tømrrarar og IKT-utviklarar, jf. NOU 2020: 2. Av medlemsverksemdene til Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) rapporterte 60 pst. om udekte kompetansebehov i 2020. Det udekte kompetansebehovet i NHO-bedriftene er på om lag same nivå under pandemien som tidlegare. NIFU forklarar dette med at krisa har ramma arbeidslivet ulikt, og at store omstillingar i nedgangstider krev høgare eller annan kompetanse i bedrifta. Bedriftsundersøkinga til Nav for 2021, med svar frå 11 000 offentlege og private verksemdar, tyder på at dei udekte kompetansebehova er størst innanfor helse, bygg og anlegg og IT.

Kompetansebehovsutvalet understrekar at ein meir samansett arbeidsmarknad med auka behov for tverrfaglegheit gir behov for større fleksibilitet i høgare utdanning. Utvalet legg vekt på at endringar i arbeidslivet forsterkar behovet for etter- og vidareutdanning. Samstundes peikar utvalet på at universitet og høgskular skal svare på meir langsiktige kompetansebehov enn det arbeidslivet til kvar tid etterspør. Lærestadane og arbeidslivet må samarbeide breiare og meir systematisk om kva og korleis studentane lærer, slik at dei blir betre i stand til å møte omstillingane i arbeidslivet både på kort og på lang sikt.

Strategiar og tiltak

2021 er siste året i den femårige strategiperioden til *Nasjonale kompetansepolitisk strategi*. Strategien har utløyst ei rekke nasjonale tiltak i perioden og ført til auka merksemd om den samla kompetansepolitikken. Kompetansepolitisk råd har ansvaret for å følge opp strategien. Kompetansemeldinga varslar at strategien skal fornyast i samråd med medlemmene i rådet.

I Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereforma – Lære hele livet* legg regjeringa fram tiltak for å stimulere til kompetanseutvikling og for å auke kapasiteten i utdanningane mellom anna for dei som vil ta vidareutdanning. For å motverke konsekvensane av covid-19-pandemien lanserte regjeringa Utdanningsløftet 2020 våren 2020, kort tid etter at kompetansemeldinga blei lagd fram. Mange av tiltaka i Utdanningsløftet 2020 bygger på kompetansereforma. Dette er nokre av tiltaka som inngår i kompetansereforma:

- Kompetanseprogrammet (inkludert treparts bransjeprogram)
- forsøk med modulstrukturert opplæring
- tilskot til Fagbrev på jobb

- tilbod om å ta eit fagbrev for personar som alle-reie har studie- eller yrkeskompetanse
- tilbod om å fullføre vidaregåande opplæring for personar som ikkje har rett til opplæringa
- digital teneste for karriererettleiing
- studieplassar ved fagskulane
- fleksible utdanningstilbod ved universitet og høgskular
- meir fleksible ordningar for utdanningsstøtte i Lånekassen
- betre moglegheiter til å ta utdanning for arbeidsledige og permitterte

Fleire av tiltaka som gjeld vidaregåande opplæring, følger opp Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtiden*. Regjeringa vil at vidaregåande opplæring skal bli meir fleksibel, og betre tilpassa vaksne. Sjå omtale av Meld. St. 21 (2020–2021) i programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Kompetanseprogrammet

Kompetanseprogrammet samordnar og styrker sentrale verkemiddel i kompetansereforma. Kompetanseprogrammet har fire programområde:

1. tilskot til fleksible vidareutdanningstilbod
2. treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling
3. utprøvingar av insentivordningar for livslang læring
4. Kompetansepluss

Bransjeprogramma er ein viktig del av kompetansereforma. I 2019 etablerte regjeringa bransjeprogram for industri- og byggenæringa og kommunal helse og omsorg. Gjennom Utdanningsløftet 2020 har regjeringa styrkt bransjeprogramma, med mål om å treffe ledige og permitterte som var råka av den økonomiske krisa som følgde pandemien. I samråd med partane i arbeidslivet utvida regjeringa ordninga med åtte nye bransjar i 2020:

- elektro-, automasjon-, fornybar- og kraftindustrien
- reiselivsnæringa
- detalj- og faghandelen
- mat- og drikkevareindustrien
- anleggsbransjen
- frisørnæringa
- olje-, gass- og leverandørindustrien
- maritim næring

Det blei òg løyvd midlar til kompetanseløft for utsette industriklynger og luftfarten i 2021.

Budsjettforslaget for 2022 gir rom for å vidareføre dei åtte bransjeprogramma som blei etablerte i 2020. I tillegg er det rom for å starte eit nytt bransjeprogram.

Sjå kap. 257 for nærare omtale av Kompetanseprogrammet.

Forsøk med modulstrukturert opplæring

Det er sett i gang tre delforsøk med modulstrukturert opplæring for vaksne. Målet er ei fleksibel og meir effektiv opplæring for vaksne og at fleire vaksne tek grunnskuleopplæring og fag- eller sveinebrev. Forsøket blir gjennomført frå 2019 til 2023. I Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden* varslar regjeringa at modulstrukturert opplæring skal bli hovudmodell for opplæring for vaksne.

Tilskot til auka bruk av ordninga Fagbrev på jobb

Som ein del av Utdanningsløftet 2020 fekk fylkeskommunane eit tilskot til ordninga Fagbrev på jobb slik at fleire kan ta eit fagbrev i kombinasjon med arbeid. Fylkeskommunane melder om stor etterspurnad etter ordninga og at opplæringa treffer målgruppa på ein god måte. Departementet foreslår derfor å vidareføre tilskotet i 2022. Sjå omtale av tiltaket under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Tilbod om å ta eit fagbrev for personar som allereie har studie- eller yrkeskompetanse

Fullført vidaregåande opplæring gir ikkje alle ei varig og god tilknytning til arbeidslivet. Mange med fullført vidaregåande opplæring har behov for å rekvalifisere seg gjennom ei fagutdanning. Dette gjeld både personar som er studieførebudde og personar som allereie har ei fagutdanning frå vidaregåande opplæring. Regjeringa har i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden* varsla at det skal innførast ein yrkesfagleg rekvalifiseringsrett som gir alle med fullført studie- eller yrkeskompetanse rett til å oppnå ein ny yrkeskompetanse. Som ein del av Utdanningsløftet 2020 blei det i statsbudsjettet for 2021 etablert eit tilskot for å gi personar som allereie har studie- eller yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring, tilbod om å ta eit fagbrev. Tilskotet blir trappa opp i budsjettforslaget for 2022. Sjå omtale av tiltaket under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Tilbod om å fullføre vidaregåande opplæring for personar som ikkje har rett til opplæringa

Som ein del av Utdanningsløftet 2020 blei det hausten 2020 etablert eit tilskot til fylkeskommunane for å gi vidaregåande opplæring til permitterte og ledige som ikkje har rett til opplæringa. Tilskotet er vidareført til 2021. Det er lagt til grunn at tilskotet skal gi 5 000 personar moglegheit til å fullføre vidaregåande opplæring. I samband med Revidert nasjonalbudsjett 2021 informerte departementet Stortinget om at erfaringane så langt tilsa at etterspurnaden blant permitterte og ledige er lågare enn det som blei lagt til grunn. Vaksne som manglar studie- eller yrkeskompetanse, har ofte låg utdanningsmotivasjon. I tillegg er det relativt få permitterte som ønsker å ta utdanning medan dei ventar på å kome tilbake i arbeid. Derfor blei sysselsette utan fullført vidaregåande opplæring og utan rett til opplæringa inkluderte i målgruppa for tilskotet. Utvidinga er òg i tråd med den utvida retten til vidaregåande opplæring som er varsla i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører for verden og fremtiden*.

I kommuneproposisjonen for 2022 varsla regjeringa at det blir teke sikte på å vidareføre tilskot til tilbod for personar utan rett til vidaregåande opplæring fram til den utvida retten til vidaregåande opplæring etter planen trer i kraft hausten 2023. Departementet foreslår å vidareføre tilskotet til tilbod om å fullføre vidaregåande opplæring for personar som ikkje har rett til opplæringa, i 2022, jf. programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Karriereveiledning.no – digital teneste for karriererettleiing

Den digitale tenesta for karriererettleiing, karriereveiledning.no, blei lansert hausten 2020 og skal supplere tilboda om karriererettleiing ved karrieresentera i fylka. Tenesta omfattar mellom anna ei teneste for e-rettleiing der ein kan få profesjonell karriererettleiing via chat eller telefon.

Studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning

Regjeringa ønsker at det skal bli mogleg for fleire å ta del i høgare yrkesfagleg utdanning. Fagskulane bidreg til å utdanne kandidatar med ein kompetanse som arbeidslivet etterspør. Stortinget vedtok midlar til 1 600 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning i 2020 og 500 nye studieplassar til Industrifagskolen i 2021. Departemen-

tet foreslår i 2022 å løyve midlar til ei vidareføring og opptrapping av løyvinga til studieplassane som blei oppretta i 2020 og ei vidareføring av studieplassane til Industrifagskolen. Sjå omtale under programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning.

Fleksible utdanningar ved fagskular, høgskular og universitet

Gjennom kompetansereforma forventar regjeringa at utdanningsinstitusjonane tilpassar tilboda sine i tråd med den kompetansen samfunnet har behov for, at dei prioriterer livslang læring og fleksible utdanningstilbod, og at fleire får tilgang til å oppdatere kompetansen sin gjennom vidareutdanning. I oppfølginga av *Strategi for desentralisert og fleksibel utdanning ved fagskular, høgskular og universitet* foreslår regjeringa å trappe opp dei søknadsbaserte midlane til fleksible utdanningar. Vidare vil regjeringa utvikle heildigitale utdanningstilbod. I 2022 skal fleire søknadsbaserte ordningar for fleksible utdanningstilbod bli samordna i Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, jf. Meld. St. 16 (2020–2021) *Utdanning for omstilling – Økt arbeidslivsrelevans i høgere utdanning*. Sjå omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

Meir fleksible ordningar for utdanningsstøtte

Regjeringa ønsker å gjere utdanningsstøtteordningane i Lånekassen meir fleksible, slik at personar som ønsker å utvikle kompetansen sin, har økonomi til å gjere det. Høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning skal bli meir tilgjengeleg ved å tilby fleire kortare og modulisererte utdanningar. Utdanningsstøtteordningane må følge denne utviklinga. Regjeringa har derfor gjennomført fleire endringar for å gjere utdanningsstøtta frå Lånekassen meir tilgjengeleg og relevant for vaksne. I statsbudsjettet for 2022 foreslår departementet å endre utdanningsstøtteordningane slik at kortare utdanningsløp kan gi rett til lån frå studieåret 2023–24. Sjå omtale av tiltaket under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Betre moglegheiter til å ta utdanning for arbeidsledige og permitterte

Stortinget vedtok i juni 2021, etter forslag frå regjeringa, endringar i folketrygdlova som gir

utvida moglegheiter for å ta utdanning medan ein får dagpengar, jf. Prop. 170 L (2020–2021) og Innst. 522 L (2020–2021). Endringane gir arbeidsledige og permitterte betre og meir føreseielege moglegheiter for finansiering av utdanning. Endringane er særleg retta mot ledige og permitterte som ikkje har fullført grunnskule og vidaregåande opplæring.

Arbeids- og sosialdepartementet og Kunnskapsdepartementet har teke eit initiativ for å betre samarbeidet mellom fylkeskommunane og Nav for at ledige og personar med nedsett arbeidsevne skal få betre tilgang til fag- og yrkesopplæring. I tillegg skal Nav etablere opplæringskoordinatorar ved alle fylkeskontor (fire stillingar i kvart fylke) for mellom anna å gi råd om ulike moglegheiter i utdanningssystemet. Arbeids- og velferdsdirektoratet, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet fekk i 2021 i oppdrag å identifisere og spreie kunnskap om god praksis og å utvikle nye løysningar.

Andre tiltak

Departementet oppretta Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) 1. juli 2021 gjennom ei samanslåing av Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), Kompetanse Noreg, Universell og delar av Unit – Direktoratet for IKT og felles tenester i høgare utdanning og forskning, i tillegg til nokre oppgåver frå Norsk senter for forskingsdata AS (NSD). Eit nytt, felles direktorat vil gjere det enklare å sjå kompetanspolitikken i samanheng på tvers av sektor og nivå.

Regjeringa har utvikla strategien *Integrering gjennom kunnskap. Regjeringas integreringsstrategi 2019–2022*. Integreringsstrategien har som mål å få fleire innvandrarar i arbeid gjennom betre kvalifisering og utdanning. Sjå omtale under programkategori 07.90 Integrering og mangfald.

Våren 2021 la regjeringa fram Meld. St. 16 (2020–2021) *Utdanning for omstilling – Økt arbeidslivsrelevans i høgere utdanning*, der det blir lagt vekt på målet om at universiteta og høgskulane utdannar kandidatar som møter dagens kompetansebehov og samtidig kan bidra til å utvikle framtidens arbeidsliv. Sjå omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

Kap. 251 22. juli-senteret

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	17 185	15 714	17 695
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i>			10 000
	Sum kap. 251	17 185	15 714	27 695

22. juli-senteret formidlar kunnskap om terrorangrepet i Regjeringskvartalet og på Utøya 22. juli 2011. Senteret skal gjennom utstillingar, undervisning og andre pedagogiske opplegg forvalte minnet om terrorangrepet og setje det inn i ein historisk og samtidig kontekst. Senteret skal legge til rette for diskusjon og refleksjon om 22. juli 2011 og tema som hat, vald og ekstremisme, nasjonalt og globalt. Målgruppa for senteret er skuleklassar frå ungdomsskuletrinna og oppover, lærarar og lærarstudentar og allmenta.

Post 01 Driftsutgifter og Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overførast, kan nyttast under post 01

Mål for 2022

Måla for 22. juli-senteret for 2022 er:

- Elevar, lærarar og lærarstudentar lærer om og reflekterer over terrorangrepet 22. juli 2011 og tilgrensande tematikk.
- Læringsressursane til 22. juli-senteret er tilgjengelege for befolkninga i heile landet.
- 22. juli-senteret dokumenterer, bevarer og formidlar relevante perspektiv og gjenstandar knytte til terrorangrepet 22. juli 2011.

Resultat i 2020

Hovudprioriteten i 2020 var etablering og opning av 22. juli-senteret i mellombelse lokale i Teatergata 10 i Oslo. Covid-19-pandemien førte til at opninga av mellombelse lokale blei utsett frå mars til juni. Utstillinga *Samtalen om 22. juli* opna 26. juni og har som mål å utvide og inkludere fleire i den offentlege samtalen om 22. juli og opne for refleksjonar om årsakene, konsekvensane og livet etter terrorangrepet. Undervisning og formidling til elevar og allmenta og arbeid med å etablere permanente lokale for 22. juli-senteret var òg sentrale oppgåver.

Talet på elevar som besøker senteret, har vore stigande sidan opninga i 2015, men pandemien og smittevernrestriksjonar gav låge besøkstal i 2020, jf. tabell 4.20. 22. juli-senteret har, i dei periodane det har vore mogleg, prioritert skulebesøk i kvar dagen og andre besøkande i helgane. Dei har òg utvida det digitale tilbodet til skular og elevar.

Senteret har vidareutvikla eit filmprosjekt der etterlatne blir intervjuar om korleis det er å leve med konsekvensane av 22. juli i dag. 22. juli-senteret har i 2020 gjennomført seminar og foredrag for lærarstudentar, både i senteret og i læringsinstitusjonane.

Tabell 4.20 Talet på besøkande ved 22. juli-senteret i perioden 2016–20

	2016	2017	2018	2019	2020
Elevar	5 220	7 014	11 646	9 636	801
Andre besøkande	31 261	25 762	30 331	31 432	3 035
Totalt	36 481	32 776	41 977	41 068	3 836 ¹

¹Senteret var stengt i store delar av 2020 på grunn av covid-19-pandemien.

Kjelde: 22.-juli-senteret

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 17,7 mill. kroner på post 01 og 10 mill. kroner på post 45.

I løyvingforslaget for post 01 er det teke omsyn til følgande rammeoverføringar:

- ein auke på 1,9 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 510, post 22, som følge av at senteret skal overta ansvaret for husleiga frå Tryggings- og serviceorganisasjonen for departementa (DSS).
- ein reduksjon på 0,1 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på budsjettet til Finansdepartementet, kap. 1605, post 01, for å dekke auka utgifter til lønns- og rekneskapstenester frå Direktoratet for økonomistyring (DFØ).

I samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2018–2019) *Nytt regjeringskvartal* har Stortinget gjennom oppmodingsvedtak bedt regjeringa sørge at 22. juli-senteret blir reetablert permanent i tilknytning til tidlegare lokale ved Høgblokka i regjeringskvartalet. For å få eit godt senter som òg tek omsyn til tryggleikskrava rundt Regje-

ringskvartalet, vil det bli etablert ein ny underetasje og ekstern inngang til senteret. Byggeprosjektet har ei samla kostnadsramme på 483 mill. kroner, og ei styringsramme på 407 mill. kroner. I tillegg kjem 82 mill. kroner til inventar og brukarutstyr og til å etablere utstilling, jf. forslag til vedtak V. Det er òg lagt til grunn utgifter på 4 mill. kroner til kunstnarisk utsmykking gjennom KORØ.

Regjeringa foreslår ei startløyving på totalt 102,7 mill. kroner i 2022. Av det går 92,3 mill. kroner til oppstart av byggeprosjektet og blir løyvd over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 2445, post 31. Det blir foreslått 0,4 mill. kroner til kunstnarisk utsmykking over kap. 530, post 36 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet, medan departementet foreslår 10 mill. kroner til utstyr som ein del av budsjetttramma til senteret, på ein nyoppretta post 45 under kap. 251.

Løyvinga på post 01 er redusert med 0,3 mill. kroner som følge av at forventta pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inkludert arbeidsgivaravgift, er redusert tilsvarande, jf. nærare omtale under kap. 1 i del I.

Kap. 253 Folkehøgskular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
70	Tilskot til folkehøgskular	1 023 066	987 051	1 039 311
71	Tilskot til Folkehøgskolerådet	5 377	5 549	5 693
72	Tilskot til Nordiska folkehøgskolan	686	708	726
	Sum kap. 253	1 029 129	993 308	1 045 730

Post 70 Tilskot til folkehøgskular

Folkehøgskular er eit skuleslag der den faglege, personlege og sosiale utviklinga til elevane står i sentrum. Sidan 2013 har seks nye folkehøgskular blitt godkjende for oppstart. I dag er det 83 folkehøgskular fordelt på alle fylka i landet, men det er ulikt kor godt utbygd tilbodet er. Tilboda er hovudsakleg eittårige, og elevane bur på internat på skulen. Folkehøgskulane har fagleg og pedagogisk fridom og fastset sitt eige verdigrunnlag.

Trass i at folkehøgskulane spelar ei viktig rolle i utdanningstilbodet, er det lite systematisert kunnskap om innhaldet og kvaliteten i folkehøg-

skulane og om elevane som går der. Folkehøgskulesektoren har dessutan dei siste åra jamleg uttrykt eit ønske om å bidra til å løyse ulike samfunnsutfordringar. Regjeringa meiner at det er behov for ein større diskusjon om kva samfunnsoppdraget til folkehøgskulane skal vere. Våren 2021 blei det derfor sett ned eit offentleg utval som skal gå gjennom heile folkehøgskulesektoren. Utvalet skal greie ut rolla til folkehøgskulane i utdanningssystemet og vurdere kva for rammevilkår som kan bidra til at folkehøgskulane kan fylle denne rolla. Det er òg behov for å vurdere kva som kjenneteiknar god fagleg kvalitet, og korleis ein kan vidareutvikle og sørge for høg fagleg

kvalitet ved folkehøgskulane. Dessutan skal utvalet vurdere behovet for kunnskap om folkehøgskulane, utdanningane og elevane som går der, og korleis ein kan sikre eit oppdatert kunnskapsgrunnlag framover. Utvalet skal òg vurdere innrettinga på godkjenningsordninga, slik at det blir meir føreseieleg for dei som søker, kva som skal til for å bli godkjend.

Stortinget slutta seg våren 2020 til forslaget frå departementet om naudsynte endringar i folkehøgskulelova, slik at kortare kurs som blir haldne etter 1. januar 2021, ikkje vil inngå i berekninga av tilskot dei påfølgande åra, jf. Prop. 96 L (2019–2020) og Innst. 302 L (2019–2020). Kortare kurs utløyser framleis statstilskot dersom dei rettar seg mot personar med dokumentert redusert funksjonsevne og deira næraste, innvandrarungdom dersom kursa har eit klart definert integreringsformål, eller ungdom som har falle ut av skule og arbeidsliv.

Mål for 2022

Målet med tilskotet er å fremje allmenndanning og folkeopplysning.

Tabell 4.21 Elevtal i folkehøgskulane

	2017	2018	2019	2020
Elevar med langkurs (vår og haust) (16,5–33 veker)	14 905	15 068	15 250	15 118
Elevar med kortkurs (2–94 dagar)	15 572	13 002	12 136	5 233
Sum elevar	30 477	28 070	27 386	20 351
Årselevar langkurs	7 551	7 632	7 775	7 703
Årselevar kortkurs	610	526	497	227
Sum årselevar	8 161	8 158	8 272	7 930

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve om lag 1 mrd. kroner på posten.

I 2020 førte covid-19-pandemien til fleire avlyste kortkurs. Innanfor løyvinga på posten vil det bli omfordelt om lag 2,6 mill. kroner for å kompensere for avlyste kortkurs ved folkehøgskulane i 2020. Midlane blir fordelte til skular der kortkurselevar utgjorde meir enn 10 pst. av årselevane i 2019, som hadde meir enn fem årselevar på kortkurs i 2019 og ein dokumentert nedgang i årse-

Resultat i 2020

Folkehøgskulane heldt våren 2020 stengt frå midten av mars og ut semesteret på grunn av covid-19-pandemien. Elevane fekk fjernundervisning resten av semesteret. Løyvinga på posten blei auka med 65 mill. kroner i 2020 som kompensasjon for redusert elevbetaling i perioden folkehøgskulane var stengde, jf. Prop. 117 S (2019–2020). Det blei løyvd ytterlegare 10 mill. kroner i kompensasjon for dei meirutgiftene folkehøgskulane hadde som følge av covid-19-pandemien, jf. Prop. 44 S (2020–2021).

Tabell 4.21 viser utviklinga i talet på folkehøgskuleelevar frå 2017 til 2020. Etter ein auke i elevtalet ved folkehøgskulane dei siste åra gjekk talet på elevar noko ned i 2020. Medan talet på elevar på langkurs var om lag som året før, gjekk talet på elevar på kortkurs monaleg ned. Fleire av kortkursa som var planlagde i 2020, blei ikkje sette i gang på grunn av covid-19-pandemien. I tillegg har det vore ein generell nedgang i talet på elevar på kortkurs dei seinare åra. Dette kjem av at berre eit fåtal av kortkursa gir rett til statstilskot frå 2021. Kortkursa som blei gjennomførte i 2020, er dei siste som vil inngå i grunnlaget for berekning av tilskot, med nokre unntak, som omtalt over.

levar på kortkurs frå 2019 til 2020 på meir enn 30 pst. Folkehøgskular som oppfyller desse vilkåra, vil bli kompenserte for 70 pst. av nedgangen frå 2019 til 2020. Kompensasjonen vil bli gitt som ei justering av tilskotsgrunnlaget. Justeringa vil inngå i tilskotsgrunnlaget for 2022, 2023 og 2024.

I samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2020 løyvde Stortinget 750 000 kroner til oppstartstilskot for Øyrekka folkehøgskole, jf. Innst. 360 S (2019–2020). Departementet foreslår å løyve 5,2 mill. kroner til oppstart hausten 2022.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 6,6 mill. kroner til oppstart av Stavanger Urban Folkehøgskole frå hausten 2022. Stavanger Urban Folkehøgskole blir lagt til eit område av landet med liten dekning av folkehøgskular.

Sjøholt folkehøgskole og Stord folkehøgskule starta opp med tilskot hausten 2021. Tilskotet får heilårseffekt i 2022, og departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 7,2 mill. kroner til Sjøholt folkehøgskole og 8,3 mill. kroner til Stord folkehøgskule.

Sjunkhatten folkehøgskole fekk i 2021 oppstartstilskot for tredje år på rad. Oppstartstilskot blir vanlegvis berre gitt for eitt år. Som varsla i Prop. 1 S (2020–2021) foreslår ikkje departementet å vidareføre oppstartstilskotet i 2022.

Post 71 Tilskot til Folkehøgskolerådet

Folkehøgskolerådet er ein interesseorganisasjon for folkehøgskulane. Rådet har eit fast sekretariat. Folkehøgskolerådet tek hand om fellesoppgåver for folkehøgskulane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet.

Mål for 2022

Folkehøgskolerådet skal fremje kunnskap om og utvikling av folkehøgskulane.

Resultat i 2020

Det blei gitt eit tilskot på 5,4 mill. kroner til Folkehøgskolerådet i 2020. Rådet hadde fellesoppgåver for folkehøgskulane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet. Folkehøgskolerådet

Kap. 254 Studieforbund mv.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
70	Tilskot til studieforbund	219 641	68 920	70 712
73	Tilskot til vaksenopplæringsorganisasjonar	13 236	3 510	3 601
	Sum kap. 254	232 877	72 430	74 313

Tilskotet til studieforbund og frivillige organisasjonar legg til rette for at vaksne skal få tilgang til fleksibel og brukartilpassa opplæring også utanfor det formelle utdanningssystemet.

fremjar utvikling av folkehøgskulane mellom anna gjennom eit godt samarbeid med departementet og andre offentlege aktørar. Folkehøgskolerådet var ein viktig samarbeidspartnar for departementet i handteringa av konsekvensane covid-19-pandemien hadde for folkehøgskulesektoren.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 5,7 mill. kroner på posten.

Post 72 Tilskot til Nordiska folkhögskolan

Nordiska folkhögskolan i Kungälv blei etablert i 1947 for å fremje demokratiske verdiar og styrke samhaldet i Norden.

Mål for 2022

Tilskotet skal bidra til drift av nordisk folkehøgskuleverksemd.

Resultat i 2020

Det blei gitt eit tilskot på 686 000 kroner til skulen i 2020 for å støtte drifta av Nordiska folkhögskolan, inkludert utgifter til norske gjestelærarar. Som følge av covid-19-pandemien var store delar av undervisninga i 2020 fjernundervisning.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 0,7 mill. kroner på posten.

Post 70 Tilskot til studieforbund

Tilskotet bidreg til å finansiere opplæring i regi av frivillig sektor og skal redusere opplæringskostnadene for deltakarane.

Tilskotet til studieforbund blei delt mellom Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet i statsbudsjettet for 2021. Frå og med 2021 får Studieforbundet Folkeuniversitetet, Akademisk Studieforbund, Studieforbundet AOF Norge og Studieforbundet næring og samfunn tilskot over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, medan dei andre ti studieforbunda får tilskot over budsjettet til Kulturdepartementet. Tilskotsordninga skal evaluerast innan fem år etter at endringane er sette i verk, for å identifisere eventuelle utilsikta konsekvensar av delinga.

Ein mindre del av tilskotet kan nyttast til å refundere kostnader til opplæring i samisk språk som blir gjennomført av godkjende studieforbund eller nettskular, jf. forskrift til samelova om rett til opplæring i samisk.

Mål for 2022

Målet med tilskotet er at vaksne skal få tilgang til fleksibel og brukartilpassa opplæring også utanfor det formelle utdanningssystemet, jf. § 1 i lov om vaksenopplæring. Tilskotet skal bidra til å redusere utanforskap og fremje inkludering.

Tilskotet skal bidra til at studieforbunda kan drive opplæringsaktivitet i samsvar med eitt eller

fleire av dei overordna måla for studieforbundsordninga, jf. vaksenopplæringslova § 4.

Resultat i 2020

14 studieforbund oppfylte krava for å få tilskot i 2020. Aktiviteten i studieforbunda har samla sett vore stabil sidan 2014, men det er store årlege variasjonar for einsskilde forbund. Talet på kurstimar i studieforbunda har halde seg relativt stabilt dei siste åra, men aktiviteten i 2020 var lågare enn vanleg på grunn av covid-19-pandemien. Ein større del av kursa blei gjennomført digitalt.

Av alle deltakarane i 2020 var 28 pst. i aldersgruppa 14–29 år, 27 pst. i aldersgruppa 30–49 år, og 45 pst. var 50 år eller eldre. Som i tidlegare år var det flest kvinner som deltok på kurs i regi av studieforbunda i 2020. Kurs innanfor estetiske fag og handverksfag er framleis mest populære. Musikkens studieforbund rapporterte om flest studietimar, dernest Studieforbundet Folkeuniversitetet og Studieforbundet kultur og tradisjon.

Fleire studieforbund framhevar i årsmeldinga at dei når måla sine i opplæring retta mot særskilde målgrupper, til dømes tilbod til ufaglærte og integreringstiltak og norskopplæring for innvandrarar og flyktningar.

Tabell 4.22 Aktivitet og deltaking i studieforbunda 2015–20

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Deltakarar	507 909	504 898	522 458	478 548	485 173	373 693
Kurs	44 672	45 065	44 547	43 338	44 398	34 838
Kurstimar	1 390 852	1 419 864	1 398 638	1 389 842	1 401 245	960 223

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 70,7 mill. kroner på posten. Berekinga av tilskot til det einsskilde studieforbundet vil bli justert for å ta omsyn til at aktiviteten i studieforbunda var sterkt påverka av covid-19-pandemien i 2020.

Dei fire studieforbunda som frå 2021 får tilskot over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, får eit eige tilskot til samarbeid. Tilskotet blir delt likt mellom dei fire studieforbunda, og samarbeidstilskotet inngår ikkje i grunntilskotet som kan nyttast til administrasjon. Studieforbunda kan sjølv bestemme om tilskotet skal nyttast til kontingent til eit fellesorgan eller til andre samarbeidsstrukturar.

Post 73 Tilskot til vaksenopplæringsorganisasjonar

Fleksibel utdanning Norge (FuN) er fellesorganet for dei offentleg godkjende nettskulane. Tilskotet skal bidra til drift av FuN, slik at dei kan gjere nettskulane betre i stand til å tilby vaksne fleksibel og brukartilpassa opplæring av høg kvalitet.

I samband med at tilskotet til studieforbund blei delt mellom Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet frå 2021, jf. omtale under kap. 254, post 70, blei tilskotet under kap. 254, post 73 også delt. Tilskotet til Vaksenopplæringsforbundet (VOFO) som var knytt til studieforbunda som no får tilskot over budsjettet til Kulturdepartementet, blei flytta til Kulturdepartementet. Den delen av tilskotet som var knytt til studiefor-

bunda som no får tilskot over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, blei flytta til kap. 254, post 70, jf. omtale under den posten.

Mål for 2022

FuN skal arbeide for meir kunnskap om og utvikling av vaksenopplæring som blir gitt gjennom medlemsorganisasjonane. Dette inkluderer fellesoppgåver for organisasjonane som til dømes aktivitetsrapportering frå nettskular.

Resultat i 2020

VOFO er ein interesseorganisasjon for dei 14 godkjende studieforbunda og dei 497 medlemsorganisasjonane deira. VOFO har i 2020 gjort ein samordningsinnsats for studieforbunda ved å etablere ein ny felles tilskotsportal, for å forbetre kvaliteten

og prosessen for innrapportering av kurstimar. Året 2020 var ekstraordinært på grunn av koronasituasjonen, og VOFO jobba for at studieforbunda skulle få den nødvendige fleksibiliteten til å kunne halde oppe eit vaksenopplæringstilbod under pandemien. Det blei mellom anna laga felles retningslinjer for smittevern for studieforbunda.

FuN har til saman 49 medlemmer på feltet fleksibel utdanning og digitale læringsformer. Medlemmene er godkjende nettskular, universitet, høyskular og andre verksemder. Covid-19-pandemien prega medlemskontakten og nettverksarbeidet til FuN i 2020. Det blei gjennomført fleire digital arrangement.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 3,6 mill. kroner på posten til tilskot til Fleksibel utdanning Norge.

Kap. 255 Tilskot til freds- og menneskerettssenter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
75	Det europeiske Wergelandsenteret	10 740		
77	Tilskot til freds- og menneskerettssenter	99 211		
	Sum kap. 255	109 951		

Kunnskapsdepartementet gir tilskot til sju freds- og menneskerettssenter. Freds- og menneskerettssentera er uavhengige stiftingar som arbeider med dokumentasjon av, forskning på og formidling av demokrati, fred og menneskerettar, fangehistorie og folkemord. I statsbudsjettet for 2021 blei tilskotet til freds- og menneskerettssentera flytta til programkategori 07.20 Grunnopplæringa, jf. kap. 224, post 70 og 71. Samstundes blei forvaltninga av tilskotet til dei seks sentera som får tilskot over kap. 224, post 70, overført frå Kompetanse Noreg til Utdanningsdirektoratet.

Mål for 2022 og budsjettforslag for 2022 for løyvinga er omtala under kap. 224, post 70 og 71. Resultata for 2020 for sentera er omtala under.

Post 75 Det europeiske Wergelandsenteret

Det europeiske Wergelandsenteret (EWC) samarbeider med Europarådet om opplæring i interkulturell forståing, menneskerettar og aktivt medborgarskap. Sjå også Innst. S. nr. 9 (2008–2009) og

St.prp. nr. 86 (2007–2008) *Om samtykke til inngåelse av samarbeidsavtale av 16. september 2008 mellom Norge og Europarådet om Det europeiske ressurscenteret for opplæring i interkulturell forståelse, menneskerettigheter og demokratisk medborgarskap.*

Resultat i 2020

Over 10 000 lærarar, skuleleiarar og unge formidlarar har fått opplæring direkte gjennom EWC-prosjekt i 2020, ein auke på 65 pst. frå 2018 og nesten på nivå med 2019. EWC nådde meir enn 70 000 personar gjennom aktivitetane sine.

EWC har utvikla digital opplæring for formidlarar og nettkurs for lærarar. 300 skular i Europa deltok i EWCs prosjekt, og det blei gjennomført over 600 digitale skulebesøk. EWC utvikla universitetskurs om praksisorientert demokratiundervisning og etablerte nasjonale og regionale nettverk.

EWC samarbeider tett med utdanningsmyndigheter i fleire land, og har bidrege i ekspertgrupper drivne mellom anna av Europarådet og UNESCO.

Læringstilbodet om 22. juli og demokratisk statsborgarskap er eit samarbeid mellom Wergelandsenteret, 22. juli-senteret og Utøya AS. Gjennom åtte kurs deltok 150 elevar frå 29 skular frå Austlandet. Desse nådde 3 000 medelevar, foreldre og lærarar gjennom aktivitetane sine. EWC utvikla i lag med NTNU nye digitale læringsressursar og har inngått eit samarbeid med Europarådet om eit internasjonalt utdanningsprogram, som bygger på erfaringar frå læringstilbodet om 22. juli og demokratisk medborgarskap. Kunnskapsdepartementet bidrog med 5 mill. kroner i prosjektmidlar til læringstilbodet om 22. juli og demokratisk medborgarskap i 2020, jf. kap. 226, post 21.

Post 77 Tilskot til freds- og menneskerettssenter

I 2020 blei det gitt tilskot til desse freds- og menneskerettssentera over posten:

- Falstadsenteret (Ekne i Trøndelag)
- Nansen Fredssenter (Lillehammer)
- Narviksenteret (Narvik)
- Raftostiftelsen (Bergen)
- Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (Oslo)
- Stiftelsen Arkivet (Kristiansand)

Resultat i 2020

Etterspurnaden etter tilboda frå freds- og menneskerettssentera om undervisning i demokratisk medborgarskap og Dembra (demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme) har auka som følge av fagfornyninga og nye læreplanar. Sentera har vore fysisk stengde i lange periodar i 2020 som følge av covid-19-pandemien. Dei utvikla derfor fleire digitale ressursar innanfor Dembra.

Om lag 18 000 elevar frå ungdomsskular og vidaregåande skular deltok i undervisningstilboda til freds- og menneskerettssentera i 2020. Totalt

besøkte rundt 35 000 personar sentera i 2020, og det er mellom 50 og 60 pst. færre enn i 2019. Nedgangen i besøkstala kjem av covid-19-pandemien.

Sentera har likevel greidd å halde oppe høg aktivitet gjennom omstilling til digitale opplegg, og ved å vidareutvikle undervisningsopplegga for både fysisk og virtuell deltaking. Markeringar, foredrag og konferansar er gjennomførte som digitale sendingar eller som webinar. Arbeid med dokumentasjon, forskning og oppdatering av ulike register, har blitt styrkt.

Falstadsenteret har utvikla eit digitalt undervisningsopplegg for ungdomsskular og vidaregåande skular og gjennomført fleire heildagsopplegg rundt dette. Saman med Stiftelsen Arkivet har senteret lansert nettsida fanger.no, eit søkbart register over fangar under den andre verdskrigen.

Nansen Fredssenter nytta digitale og fysiske møteplassar i gjennomføringa av Afghanistanveka, eit samarbeid med mellom andre PRIO. Senteret la til rette for dialogen mellom medlemmene i Al-Noor-moskeen i Bærum etter terrorangrepet i 2019.

Narviksenteret har sikra dokumentasjonsgrunnlaget og utført feltarbeid i Narvikfjella for å sikre restar etter kampane i området våren 1940. Senteret har òg publisert artiklar på forskning.no.

Raftostiftelsen utvikla *Den digitale rettighetstanken* for å kunne drive digital heimeskule, men senteret har òg reist ut til skular og gjennomført undervisning. Senteret har utvikla ei pedagogisk plattform som dei kallar «Rafto-modellen».

Senter for studiar av Holocaust og livssynsminoriteter har jobba tverrfagleg med opningsutstillinga om kvardagsrasisme i det nye tilbygget MINO. Senteret har jobba med vidareutvikling av dembra.no, omsetjing av dembra.no til nordsmisk og følgd opp dembra-retteljarane ved dei andre sentera.

Stiftelsen Arkivet strøymde digitale markeringar av russarfangane sin dag, motstandskampens dag, frigjeringsdagen og krigssegldagen. Undervisningsopplegget «Val og verdiar» blei utvikla som eit digitalt tilbod, som også opnar for besøk frå skular utanfor Agder fylke.

Kap. 256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	116 086	119 365	363 046
21	Særskilde driftsutgifter	6 509	9 042	11 931
	Sum kap. 256	122 595	128 407	374 977

Kunnskapsdepartementet oppretta Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) 1. juli 2021 gjennom ei samanslåing av Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), Kompetanse Noreg, Universell og delar av Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning, i tillegg til nokre oppgåver frå Norsk senter for forskingsdata AS (NSD). HK-dir vil òg få oppgåver frå Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT). Det nye direktoratet har forvaltningsoppgåver innanfor høgare utdanning, høgare yrkesfagleg utdanning og kompetansepolitikk.

Opprettinga av HK-dir skal foreine kunnskap og verkemiddel for at utdanning og opplæring av høg kvalitet er tilgjengeleg for alle heile livet. Samanslåinga inneber auka forventningar til kvaliteten i kunnskapsgrunnlag, verkemiddel og råd om politikktutvikling, og effektiviteten i forvaltninga. Regjeringa tek sikte på å hente ut økonomiske gevinstar for delar av forventa effektivisering i 2023 og 2024, samstundes som resterande gevinstar blir att i direktoratet for å styrke prioriterte oppgåver og funksjonar. Det blir lagt til grunn eit uttak av økonomisk gevinst på 3 mill. kroner i 2023 og ytterlegare 3 mill. kroner i 2024.

Løyvingane over kap. 256 finansierer ordinære driftsoppgåver i HK-dir. I tillegg kjem oppgåver som direktoratet har ansvar for, men som blir finansierte over andre budsjettkapittel. HK-dir har ansvaret for å forvalte tilskotsordningar og tiltak under kap. 225, 240, 241, 254, 257, 258, 270, 272 og 292 og ordningar under budsjetta til Kulturdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter

Mål for 2022

Departementet har fastsett dei overordna måla for 2022 nedanfor. I statsbudsjettet for 2023 vil departementet presentere ein langsiktig målstruktur for HK-dir.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse skal vere med på å løfte kompetansen i befolkninga og bidra til eit berekraftig og omstillingsdyktig samfunn gjennom desse måla:

1. Kompetansepolitikken og politikken for høgare utdanning er heilskapleg og godt samordna, og utvikla i ein internasjonal kontekst.
2. Utdanning, opplæring og karriererettleiing av høg kvalitet er tilgjengeleg for alle uavhengig av bakgrunn, kompetansenivå og funksjonsevne.
3. Myndigheiter, utdanningstilbydarar, arbeidslivet og den einskilde har eit godt kunnskapsgrunnlag for avgjerdene sine om investering i utdanning og kompetanseutvikling.
4. Innvandrarar og utsette grupper i arbeidsmarknaden får kompetansetiltak som medverkar til at fleire deltek i arbeids- og samfunnslivet.

Resultat i 2020

Rapporteringa gjeld Kompetanse Noreg. Rapportering for andre tidlegare verksemder som inngår i HK-dir står under kapitla og postane for desse verksemdene.

Covid-19-pandemien førte til at mange blei permitterte og arbeidsledige i 2020. Det gav auka behov for kompetanse og omstilling. Kompetansepolitikken er ein sentral del av krisehandteringa til regjeringa, og Kompetanse Noreg hadde ei viktig rolle i dette arbeidet i 2020. Ei rekke av dei større tiltaka som Kompetanse Noreg har arbeidd med i 2020, er finansierte over kap. 258, post 21 og kap. 292, postane 21 og 22, og dei er omtala under desse postane.

Kompetansepolitikken er heilskapleg og samordna

Som svar på pandemien blei kompetansepolitikken meir samordna, og samarbeidet meir forpliktande. Kompetanse Noreg, saman med Diku, NOKUT og Utdanningsdirektoratet, samordna kompetanseutviklingstiltak retta mot arbeidsledige og permitterte gjennom Utdanningsløftet 2020. Kompetanse Noreg har òg samarbeidd tett med partane i arbeidslivet, mellom anna i etableringa av åtte bransjeprogram for å auke deltakinga i kompetanseutvikling i utvalde bransjar.

Kompetanse Noreg har utvikla ulike kompetansetiltak for dei som er ramma av endringane på arbeidsmarknaden, og analysert korleis verksemdar inkluderer personar med «høl i cv-en» eller nedsett arbeidsevne. Direktoratet har greidd ut om samanhengen mellom kompetanse og helseutfordringar, og peika på korleis kompetansetiltak kan medverke til å førebygge fråvær og utanfor-skap.

Livslang læring er tilgjengeleg for alle uavhengig av kompetansenivå og behov

Gjennom treparts bransjeprogram, fleksible vidareutdanningstilbod og tilskot til fylkeskommunane for at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring, har Kompetanse Noreg i 2020 fått på plass ei rekke tilbod som skal gjere det enklare å styrke kompetansen, for både ledige, permitterte og selselsette.

Behovet for god karriererettleiing og utdannings- og yrkesinformasjon har auka under pandemien. Kompetanse Noreg har vidareutvikla og betra både kvaliteten på og tilgangen til desse tenestene. I 2020 overtok Kompetanse Noreg ansvaret for den mest brukte nettstaden for informasjon om utdanning og yrke, utdanning.no. Utdanning.no hadde 10,5 mill. vitjingar og 31 mill. sidevisningar i 2020. Som ein del av krisetiltaka blei lanseringa av den digitale karriererettleiingstenesta karriereveiledning.no framskunda. Tilbodet blei lansert i september 2020.

Nykomne innvandrarakar får læringstiltak som bidreg til auka deltaking i arbeids- og samfunnslivet

Integreringsstrategien til regjeringa *Integrering gjennom kunnskap (2019–2022)*, har vore styrande for Kompetanse Noregs arbeid og prioriteringar på integreringsfeltet også i 2020. Kompetanse Noreg har bidrege aktivt i det førebuande arbeidet med utvikling av ny integreringslov.

Saman med IMDi utvikla Kompetanse Noreg standardiserte element til bruk i introduksjonsprogrammet for å bidra til god kvalitet for deltakarane. På bakgrunn av ny integreringslov og endra krav som følge av den nye lova har Kompetanse Noreg hatt ansvar for å revidere læreplanen i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar. Norskprøve på høgare akademisk nivå, C1-prøven, blei lansert i 2020. Prøvegjennomføringa i 2020 blei påverka av covid-19-pandemien. Utvida prøveperiodar har vore til hjelp, men samanlikna med 2019 blei det likevel avlagt færre delprøvar i norsk og samfunnskunnskap i 2020. Talet på avlagde statsborgarprøvar og prosentdelen kandidatar som bestod prøven, auka samanlikna med 2019. Auken i talet på prøvar kan vere eit resultat av at det blei opna for dobbelt statsborgarskap frå 1. januar 2020.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 363 mill. kroner på post 01 og 11,9 mill. kroner på post 21.

Etableringa av HK-dir fører til behov for ei rekke flyttingar av midlar til kap. 256, mellom anna frå postar der verksemdar som no er ein del av det nye direktoratet, blei finansierte før. Departementet foreslår desse flyttingane til post 01:

- 8,1 mill. kroner frå kap. 241, post 21 til arbeid på fagskulefeltet, som arbeid med mellom anna kartlegging og tilrettelegging for fagskulestudentar med nedsett funksjonsevne, det samla opptaket til høgare yrkesfagleg utdanning og Nasjonal klagenemnd for høgare yrkesfagleg utdanning
- 30,9 mill. kroner frå kap. 258, post 21, der 28,4 mill. kroner gjeld drifta av karriereveiledning.no og 2,5 mill. kroner gjeld drifta av kartleggingsverktøy for ferdigheitene til vaksne
- 2,8 mill. kroner frå rammeløyvinga til Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, jf. kap. 260, post 50, som dekker delar av drifta av pådrivararbeidet for universell utforming
- 145,8 mill. kroner frå kap. 272, post 50, som gjeld verksemdskostnader til tidlegare Diku
- 33,5 mill. kroner frå kap. 273, post 50 for gjennomføring og drift av det samordna opptaket i høgare utdanning, oppgåver innan digitalisering og informasjonstryggleik og midlar til husleige for tilsette i Universell. Det er i forslaget teke omsyn til og lagt til grunn ein økonomisk gevinst av omorganiseringa av den sentrale forvaltninga under Kunnskapsdepartementet i 2018 som er fordelt mellom HK-dir og Unit

- 2,3 mill. kroner frå kap. 275, post 21, av det gjeld 0,8 mill. kroner arbeidet for universell utforming, og 1,5 mill. kroner gjeld administrasjon av midlar til maritim utdanning
- 13,2 mill. kroner frå kap. 275, post 70 til oppgåver frå Norsk senter for forskingsdata AS (NSD)

Departementet foreslår å flytte 2,2 mill. kroner til post 21 frå kap. 273, post 50 til prosjektmidlar for kunnskap om effekten av digital teknologi.

Etableringa av HK-dir inneber mellom anna at det må lagast felles kommunikasjonsplattformer, tekniske løysingar, administrative system med vidare. Departementet foreslår å auke løyvinga på post 01 med 6,3 mill. kroner for å bidra til å dekke omstillingskostnader i 2022.

I samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2021 blei det rammeoverført 0,5 mill. kroner frå kap. 272, post 50 på budsjettet til Kunnskapsdepartementet til Finansdepartementets kap. 1605, post 01 fordi Direktoratet for internasjonalsisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) hadde inngått ein avtale med Direktoratet for økonomistyring (DFØ) om utvida lønns- og rekneskapstenester. Tilsvarende rammeoverføring må gjennomførast i 2022-budsjettet, men frå kap. 256, post 01, sidan Diku no inngår i HK-dir.

Departementet foreslår å flytte 0,6 mill. kroner til post 01 frå kap. 220, post 01, som følge av at nokre oppgåver innanfor områda vaksnes læring og kompetansomobilisering er flytta frå Utdanningsdirektoratet til Kompetanse Noreg, no HK-dir, frå 1. januar 2020.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 01 med 2,3 mill. kroner fordi det er lagt til grunn ein økonomisk gevinst av omorganiseringa av den sentrale forvaltninga under Kunnskapsdepartementet i 2018, jf. Innst. 400 S (2017–2018) og omtale i Prop. 85 S (2017–2018). 50 pst. av dette blir ført tilbake til sektoren, jf. omtale under kap. 258, post 21.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 21 med 4 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 3256, post 01.

Departementet foreslår å auke løyvinga på post 01 med 8 mill. kroner til tiltak for å styrke rolla til HK-dir som pådrivar og koordinator for digitalisering av undervisning og vurdering ved universitet og høyskolar.

Departementet foreslår å auke løyvinga på post 21 med 4,5 mill. kroner til eit prosjekt om universell utforming av digitalt utstyr, digitale tenester og læringsformer ved universitet og høyskolar. Prosjektet skal vare ut 2025, i samsvar med den nye handlingsplanen til regjeringa for universell utforming.

Løyvinga på post 01 er redusert med 7,1 mill. kroner som følge av at forventa pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inkludert arbeidsgivaravgift, er redusert tilsvarende, jf. nærare omtale under del I, kap. 1.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 01 med 0,8 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien.

Departementet foreslår at løyvinga på kap. 256, post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3256, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Inntekter frå oppdrag	6 124	8 643	4 824
02	Salsinntekter o.a.	5 067	388	396
	Sum kap. 3256	11 191	9 031	5 220

Inntektene på post 01 gjeld oppdragsverksemd for HK-dir. Inntektene på post 02 gjeld salsinntekter og refusjonar.

Rolla til Kompetanse Noreg, no HK-dir, som koordinator for Erasmus+-prosjektet Visible Skills

of Adults (VISKA) er avslutta. Det inneber lågare utgifter og inntekter. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på post 01 med 4 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 256, post 21.

Kap. 257 Kompetanseprogrammet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
21	Særskilde driftsutgifter			7 250
70	Tilskot, <i>kan overførast</i>	134 136	376 134	305 873
	Sum kap. 257	134 136	376 134	313 123

Regjeringa oppretta i 2020 Kompetanseprogrammet som samordnar sentrale verkemiddel i kompetansereforma. Partane i arbeidslivet er sentrale aktørar i vidareutviklinga av programmet, saman med representantar frå utdanningsinstitusjonane.

Programområda i Kompetanseprogrammet vil i utgangspunktet bli vidareførte i 2022, men programmet kan bli endra etter behov. Programområda er

1. tilskot til fleksible vidareutdanningstilbod
2. treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling
3. utprøvingar av insentivordningar for livslang læring
4. Kompetansepluss

Midlane til Kompetanseprogrammet blei flytta frå kap. 258, post 21 til kap. 257, post 70 i statsbudsjettet for 2021, samstundes som ordninga Kompetansepluss blei lagd inn i programmet. Resultatrapportering for tilskot til fleksible vidareutdanningstilbod og treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling for 2020 er gitt under kap. 258, post 21.

HK-dir har fått i oppdrag å samordne dei ulike programma for fleksible utdanningstilbod som har blitt samla i direktoratet, inkludert tiltak under Kompetanseprogrammet.

Tilskot til fleksible vidareutdanningstilbod

Fleksible vidareutdanningstilbod rettar seg mot verksemder og arbeidstakarar som treng meir kompetanse som følge av digitalisering og andre krav til omstilling i arbeidslivet. Utdanningstilbydarane skal utvikle tilboda i tett samarbeid med arbeidslivet, som kjenner utfordringane og kompetansebehova best. Tilboda skal kunne gjennomførast i kombinasjon med tilnærma full jobb, for eksempel gjennom inndeling i modular, nettbasert opplæring og/eller samlingar.

Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling

Treparts bransjeprogram er eit samarbeid mellom staten og partane i arbeidslivet. Målet med bransjeprogramma er at fleire skal delta på kurs og i vidareutdanning i dei bransjane som til kvar tid inngår i ordninga. Permitterte og ledige kan òg delta i kompetanseutvikling innanfor bransjeprogramma. Ordninga skal bidra til at bransjane får tilgang til relevant kompetanseutvikling. Partane i arbeidslivet er representerte i programområdestyre for kvart bransjeprogram.

Utprøvingar av insentivordningar for livslang læring

Kompetanseprogrammet legg til rette for utprøvingar av ulike insentivordningar for å auke etterspurnaden etter livslang læring. I første omgang vil det bli prøvd ut eit vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar. Fagarbeidarar tek mindre del i kompetanseutvikling enn høgt utdanna. Samstundes tyder forskning på at effekten av ordningar for kompetanseutvikling er større for dei som ikkje har høgare utdanning, og at det er gunstig å målrette slike ordningar mot personar med fagutdanning. Forsøket med vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar startar opp i 2021, og skal gå over to år. Midlane til stipenda blir løyvde under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte, medan midlar til forskning og administrasjon av forsøket blir løyvde under kap. 257.

Kompetansepluss

Kompetansepluss er ei tilskotsordning for opplæring i grunnleggande ferdigheiter i lesing/skriving, rekning, IKT, munnlege ferdigheiter og norsk eller samisk. Verksemder og frivillige organisasjonar kan søke om midlar gjennom ordninga.

Kompetansepluss består av ordningane Kompetansepluss arbeid, Kompetansepluss frivilligheit og prøveordninga med fagopplæring i Kompetanse-

pluss. Kompetansepluss arbeid har som mål å nå små og mellomstore verksemder og ulike bransjar, særleg dei som sysselset arbeidskraft med låg utdanning og er konjunkturutsette. Opplæringa skal vere praksisnær og relevant for arbeidssituasjonen til deltakarane. Gjennom Kompetansepluss frivilligheit kan fleire målgrupper ta del i opplæring i regi av frivillige organisasjonar. Målet er å gi vaksne som treng det, opplæring i grunnleggjande ferdigheiter, slik at dei får styrkt moglegheitene sine til å delta i arbeids- og samfunnslivet.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, og post 70 Tilskot, kan overførast

Mål for 2022

Fleire lærer heile livet, slik at dei kan stå lenger i arbeid.

Resultat i 2020

I 2020 finansierte løyvinga berre Komptansepluss. Tabell 4.23 viser at det var ein nedgang i talet på søknader og søknadsbeløp innanfor Kompetansepluss i 2020 samanlikna med 2019. Nedgangen har truleg samanheng med covid-19-pandemien og dei betydelege tilskota som blei gitt gjennom Utdanningsløftet 2020. I utdelinga av tilskot til Kompetansepluss arbeid og Kompetansepluss frivilligheit har søknader som kombinerer opplæring i digitale ferdigheiter med andre grunnleggjande ferdigheiter, blitt prioriterte. Sjå tabellane under, som gir meir informasjon.

Tabell 4.23 Kompetansepluss arbeid 2013–20 (beløp i mill. kroner)

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Omsøkt beløp	182,7	186,2	200,7	293,8	311,2	304,1	324,8	265,5
Tildelt beløp	104,3	141,8	162	220,2	197,0	184,0	154,1	162,4
Talet på søknader	461	600	651	947	1 135	1 050	1 220	945
Talet på innvilga søknader	348	503	561	734	715	620	541	580
Talet på deltakarar	7 781	10 853	11 291	14 793	13 761	10 833	7 249 ¹	0 ¹

Tabellen omfattar søknader og tildelingar etter ordinær utlysing og særskilde satsingar. Det tildelte beløpet er for fleire av dei siste åra høgare enn løyvinga på posten. Det er finansiert med overføring frå løyvinga for tidlegare år.

¹ Deltakarregistrering ikkje slutført.

Kjelde: HK-dir

Tabell 4.24 Kompetansepluss frivilligheit 2017–20 (beløp i mill. kroner)

	2017	2018	2019	2020
Omsøkt beløp	47,4	57,3	55,4	27,5
Tildelt beløp	24,9	12,4	11,2	10,4
Talet på søknader	146	193	188	88
Talet på innvilga søknader	79	38	45	35
Talet på deltakarar	2 768	1 143	843 ¹	0 ¹

¹ Deltakarregistrering ikkje slutført.

Kjelde: HK-dir

Tabell 4.25 Prøveordning med fagopplæring i Kompetansepluss 2018–20 (beløp i mill. kroner)

	2018	2019	2020
Omsøkt beløp	22,3	25,0	40,6
Tildelt beløp	10,5	16,3	35,6
Talet på søknader	77	78	86
Talet på innvilga søknader	34	52	73
Talet på deltakarar	458	630	0 ¹

¹ Deltakarregistrering ikkje slutført.
Kjelde: HK-dir

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 7,3 mill. kroner på post 21 og 305,9 mill. kroner på post 70.

Departementet vil vidareføre programområda til Kompetanseprogrammet. HK-dir kan prioritere mellom programområda etter kva slags behov som er viktigast.

Gjennom behandlinga av Prop. 1 S (2020–2021) og Prop. 79 S (2020–2021) blei treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling styrkt med 160 mill. kroner i 2021 i høve til Saldert budsjett 2020. Auken la til rette for å vidareføre dei åtte nye bransjeprogramma som blei etablerte i 2020 i møte med den økonomiske krisa som følgde av covid-19-pandemien. Det gav også rom for eit eittårig kompetanseløft for utsette industriklynger. I tillegg blei det løyvd 10 mill. kroner til eit eittårig kompetanseløft for luftfarten i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2021. Regjeringa meiner det er grunn til å tru at utfordringane med omstilling vil halde fram inn i 2022 for fleire av desse bransjane. Regjeringa foreslår derfor 60 mill. kroner i 2022 for å vidareføre utvidinga av bransjeprogramma i 2022. I 2022 vil dei to programma som blei starta opp i 2019, bli avslutta.

Løyvinga gir rom for å vidareføre dei åtte bransjeprogramma som blei etablert i 2020, i tillegg til å starte eit nytt program.

Hausten 2021 startar forsøket med vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar, og det skal gå over to år. Sidan Lånekassen har ansvar for tildeiling av stipend til deltakarane, foreslår departementet å løyve midlar til stipenda over Lånekassens støttepostar under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på post 70 med 19,9 mill. kroner mot ein tilsvarande samla auke under kap. 2410, post 50 og 72.

Forsøket med vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar inneber mellom anna utgifter til forskning på forsøket. Desse utgiftene er rekna til 6,3 mill. kroner i 2022. I tillegg inneber styrkinga av Kompetanseprogrammet auka kostnader til administrasjon for HK-dir, særleg til administrasjon av bransjeprogramma. Departementet foreslår 1 mill. kroner til dette i 2022. Departementet foreslår å løyve midlar til forskingsprosjektet og administrasjon på ein ny 21-post under kap. 257. Departementet foreslår å flytte 7,3 mill. kroner frå 70-posten til 21-posten.

Kap. 258 Tiltak for livslang læring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	392 663	159 707	148 424
	Sum kap. 258	392 663	159 707	148 424

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overført

Løyvinga finansierer tiltak innanfor kompetansepolitikken og vaksenlæring. Størstedelen av løyvinga blir tildelt Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse.

Løyvinga på posten blir òg nytta til drift av tidsavgrensa arbeid i utval, departement og direktorat og til tilskot til aktørar som blir involverte i kompetansepolitikken og vaksenlæring.

Midlane til Kompetanseprogrammet blei flytta frå kap. 258, post 21 til kap. 257, post 70 i statsbudsjettet for 2021. Sjå kap. 257, post 70 for budsjettforslag for 2022.

Mål for 2022

Fleire lærer heile livet, slik at dei kan stå lenger i arbeid.

Resultat i 2020

Rapporteringa nedanfor gjeld dei største tiltaka som det er tildelt midlar til over posten i 2020.

Kompetanseprogrammet

Bransjeprogram

I 2020 blei det etablert åtte nye bransjeprogram i samarbeid med partane i arbeidslivet. Satsinga var ein del av Utdanningsløftet 2020 for å motverke konsekvensane av covid-19-pandemien. I tillegg blei bransjeprogramma for helse- og omsorgstenestene i kommunal sektor og i industri- og byggenæringa ført vidare. Totalt blei det tildelt om lag 165 mill. kroner til 208 opplærings- og utdanningsprosjekt, inkludert 10 mill. kroner til eit kompetanseløft for Kongsbergindustrien. Arbeidsledige og permitterte har i stor grad delteke på tilboda.

Fleksible vidareutdanningstilbod

Kompetanse Noreg delte ut til saman 20 mill. kroner til utvikling og utprøving av fleksible vidareutdanningstilbod i 2020. Prioriterte område var digital kompetanse, IKT-tryggleik og kompetanse for det grøne skiftet og berekraft. Som følge av pandemien blei det i tillegg tildelt 8 mill. kroner til drift av tilbod som tidlegare er utvikla innanfor ordninga, for å gi permitterte og ledige høve til å ta vidareutdanning.

Forsøk med vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar

På oppdrag frå Kompetanse Noreg greidde Frischsenteret, i samarbeid med Fafo, ut korleis ein kan gjennomføre eit forsøk for å bringe fram kunnskap om kva slags effekt økonomisk insentiv retta mot den einskilde vaksne har på deltaking i vidareutdanning. Første del av forsøket startar hausten 2021, jf. omtale under kap. 257, post 70.

Forsøk med modulstrukturert opplæring for vaksne

Forsøket med modulstrukturert førebuande vaksenopplæring (opplæring på grunnskulenivå for vaksne) omfatta 41 kommunar og to fylkeskommunar ved utgangen av 2020. Dei aller fleste av deltakarane er minoritetsspråklege. Våren 2020 var 1 214 kandidatar melde opp til avsluttande eksamen, som blei avlyst på grunn av pandemien. Deltakarane fekk likevel vitnemål. Forsøket blir evaluert undervegs, og forskarane som evaluerer forsøket, peikar mellom anna på at arbeid med læreplanane som er utvikla for forsøket, har bidrege til kvalitets- og skuleutvikling.

Fem fylkeskommunar er med i forsøket med modulstrukturert fag- og yrkesopplæring. I 2020 var det 292 deltakarar i forsøket, som vil halde fram til 2023.

Kombinasjonsforsøket gir vaksne sjansen til å kombinere opplæring i førebuande vaksenopplæring med modulstrukturert fag- og yrkesopplæring. Fire fylkeskommunar er med i forsøket, som hadde 88 deltakarar ved utgangen av 2020.

Følgjeevalueringa for forsøket med modulstrukturert opplæring for vaksne vil halde på til 2023 og resultat- og effektevalueringa vil halde på til 2026.

Nasjonalt digital karriererettleiingsteneste og nasjonalt kvalitetsrammeverk

I 2020 lanserte Kompetanse Noreg den nasjonale digitale karriererettleiingstenesta karriereveiledning.no. Tenesta består av ein nettstad med informasjon og tilgang til profesjonell rettleiing via chat og telefon. Erfaringane frå dei første månadene viser at tenesta treffer breitt, på tvers av alder og livssituasjon.

Kompetanse Noreg har i 2020 arbeidd vidare med utvikling og implementering av eit nasjonalt, tverrsektorielt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing. Hausten 2020 blei nettstaden Kvalitet i karriererettleiing lansert. Her finn ein presenta-

sjon av rammeverket, verktøy og ressursar for karriererettleiarar og andre.

Kartleggingsverktøy og nettbasert opplæringstilbod i grunnleggande ferdigheiter

Nettstaden til Kompetanse Noreg for grunnleggande ferdigheiter blei i 2020 supplert med læringsressursar som trener fleire ferdigheiter, som Smarte val (personleg økonomi), i tillegg til kartleggingsverktøy og e-læring i grunnleggande lesing, skriving, rekning og munnlege og digitale ferdigheiter. Ressursane inngår i det pedagogiske opplegget for opplæring i grunnleggande ferdigheiter i arbeidslivet, ved opplæringsinstitusjonar og i regi av Nav.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 148,4 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår å flytte 30,9 mill. kroner frå posten til driftsløyvinga til HK-dir. Av dette gjeld 28,4 mill. kroner drifta av karriereveiledning.no og 2,5 mill. kroner drifta av kartleggingsverktøy for ferdigheitene til vaksne.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 1,2 mill. kroner som følge av at 50 pst. av gevinstrealiseringa av omorganiseringa av den sentrale forvaltninga under Kunnskapsdepartementet i 2018, skal først tilbake til sektoren, jf. omtale under kap. 256, post 01.

Departementet foreslår totalt å auke løyvinga med 15,5 mill. kroner for å finansiere meirbehov til eksisterande tiltak innanfor kompetansopolitikk og vaksenlæring, og for å sette i gang nye tiltak.

Under er dei største tiltaka som vil bli finansierte av løyvinga på posten, omtala.

Om lag 85 mill. kroner vil gå til forsøket med modulstrukturert opplæring for vaksne. Det gir rom for å vidareføre utvidinga av forsøket med modulstrukturert opplæring innanfor utvalde lærefag i fag- og yrkesopplæringa som blei gjort i 2020.

12,6 mill. kroner vil gå til tilskot til fylkeskommunar i samband med drifta av karriereveiledning.no.

Utgiftene til deltaking i PIAAC (ei undersøking av ferdigheitene til vaksne) er rekna til 10,5 mill. kroner. Undersøkinga blir òg finansiert av løyvinga på kap. 226, post 21.

Departementet foreslår om lag 5 mill. kroner til digitale verktøy for vaksne som ønsker å ta fagutdanning. Tiltaket er nytt. Erfaringar, mellom anna gjennom utdanning.no, tilseier at vaksne som vurderer å ta fagbrev, ikkje finn fram på nettsidene til fylkeskommunane, eller finn relevante kontaktpunkt. Det er vanskeleg å få oversikt over tilboda. Karriererettleiarar, Nav og rettleiarar i vaksenopplæringa har òg behov for å rettleie meir effektivt. Midlane skal gå til prosjektstillingar (frikjøp av ressursar i fylkeskommunane), utviklingskostnader, teknisk implementering og så vidare.

Departementet vil halde fram med å greie ut ei digital kompetanseplattform som skal gjere det enklare å finne fram til kompetansetilbod.

Løyvinga vil òg finansiere ei rekke andre tiltak, som kompetanseutvikling for lærarar i vaksenopplæringa, utgifter til drift av Kompetansebehovsutvalet og kvalitetsrammeverket for karriererettleiing.

Departementet vil ved behov omdisponere midlar mellom dei ulike satsingane på posten.

Programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning

Utgifter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
260	Universitet og høgsular	38 908 387	40 710 320	41 474 917	1,9
270	Studentvelferd	448 608	926 887	1 085 746	17,1
271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	185 060	170 461	171 683	0,7
272	Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning	628 108	676 268	697 108	3,1
273	Kunnskapssektorens tenesteleverandør	194 186	213 101	179 152	-15,9
274	Universitetscenteret på Svalbard	142 463	36 322	158 265	335,7
275	Tiltak for høgare utdanning og forskning	292 623	414 801	225 505	-45,6
284	Dei nasjonale forskingsetiske komiteane	17 237	19 424	19 839	2,1
285	Noregs forskingsråd	4 889 473	5 222 556	5 145 528	-1,5
286	Regionale forskingsfond	219 119	194 982	159 012	-18,4
287	Grunnløyving til samfunns- vitskaplege forskingsinstitutt	218 120	223 756	228 426	2,1
288	Internasjonale samarbeidstiltak	4 039 090	3 761 876	4 296 520	14,2
289	Vitskaplege prisar	44 969	44 969	46 138	2,6
Sum kategori 07.60		50 227 443	52 615 723	53 887 839	2,4

Inntekter under programkategori 07.60 fordelt på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
3271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	9 332	643	4 646	622,6
3275	Tiltak for høgare utdanning og forskning		10	10	0,0
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	13 351	14 582	17 441	19,6
	Sum kategori 07.60	22 683	15 235	22 097	45,0

Innleiing

Forskning og høgare utdanning er avgjerande for å bringe fram kunnskapen som trengst for ei ønskeleg samfunnsutvikling, og for å spreie oppdatert kunnskap til beste for samfunnet og den einskilde. Dei overordna måla regjeringa har for forskning og høgare utdanning, er omtala i Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*:

- styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne
- møte store samfunnsutfordringar
- utvikle fagmiljø av framifrå kvalitet

Aktiviteten i høgare utdanning og forskning femnar òg på tvers av måla for Kunnskapsdepartementet, jf. kap. 1 Hovudinnleiinga. Av dei ti måla for politikkområda i kunnskapssektoren er følgande særleg relevante for programkategori 07.60:

- Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet.
- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Fleire har relevant digital kompetanse.
- Utdanninga og forskinga er drivkraft for innovasjon og grønt skifte.
- Noreg har fleire framifrå utdannings- og forskingsmiljø.

Hovudprioriteringar for 2022

Regjeringa foreslår 463,8 mill. kroner til å vidareføre og trappe opp utdanningskapasitet ved universitet og høgskular, inkludert 4 000 studieplassar i samband med Utdanningsløftet 2020 for at institusjonane kan ta opp eit tredje kull med studantar. Av dei 4000 plassane vil regjeringa omprio-

ritere 300 plassar frå juridiske og økonomisk-administrative fag til barnevernsfagleg utdanning på masternivå.

I tråd med strategien *Desentralisert og fleksibel utdanning ved fagskular, høgskular og universitet* foreslår regjeringa å oppskalere tilskotet til fleksible studietilbod gjennom Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) med 49,7 mill. kroner til 149,5 mill. kroner.

Areal til undervisning og forskning er grunnleggende for å møte behovet for kapasitet og nyskaping i utdanning og forskning. Regjeringa foreslår 120 mill. kroner i startløyving og brukarutstyr til Blått bygg ved Nord universitet, 378 mill. kroner til vidare arbeid med Vikingtidsmuseet, 948 mill. kroner til Livsvitskapsbygget og 365 mill. kroner til vidare forprosjektering av NTNU campussamling.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til dei institusjonane som tilbyr dei nye femårige grunnskulelærerutdanningane med 91,4 mill. kroner.

Regjeringa held fram med å følge opp måla og dei langsiktige prioriteringane i Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*. Regjeringa foreslår 516 mill. kroner til oppfølging av dei tre opptrappingsplanane Teknologiløft, FoU for fornying og omstilling i næringslivet og Kvalitet i høgare utdanning. I tillegg foreslår regjeringa 497 mill. kroner til andre satsingar som følger opp langtidsplanen. Sjå omtale i del III.

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til HK-dir med 50 mill. kroner til prosjekt som utviklar og deler metodar for studentaktiv digital undervisning, læring og vurdering.

Mål: Alle har god tilgang til relevante tilbud av høg kvalitet

Utviklingstrekk og utfordringar

Befolkninga og studentane må ha kompetanse for å møte samfunnsutfordringar

Utdanningstilbodet må samsvare med ønska til studentane og behova for å bemanne eit produktivt næringsliv og offentlege tenester som kan gi god velferd til alle. Høgare utdanning av høg kvalitet må vere tilgjengeleg for folk i ulike fasar av livet og i heile landet.

Covid-19-pandemien har ført til høgare arbeidsløyse og auka etterspurnad etter utdanning. Ved slutten av 2020 var arbeidsløysa nær dobbelt så høg som før pandemien. Fleire kan måtte omskolere seg til eit anna yrke for å kome tilbake i arbeid, medan unge som møter ein svak arbeidsmarknad kan få færre jobbsjansar.

Over 154 000 personar har våren 2021 søkt om studieplass ved universitet og høgskular via Samordna opptak. Det er om lag 4 000 fleire enn i 2020 og det høgaste talet på søkarar nokon gong. 137 994 av søkarane kvalifiserte for opptak på minst eitt av studia dei søkte på.

Studentane treng internasjonale impulsar

Internasjonalt samarbeid og internasjonale perspektiv er naudsynte både for å løfte kvaliteten i høgare utdanning og forskning og for å handtere globale samfunnsutfordringar til dømes innanfor klima, teknologi, demografi og demokrati. Dei sterkaste internasjonale impulsane får studentane ved å studere i utlandet. I 2020 hadde om lag 8 400 av dei 51 000 uteksaminerte kandidatane i Noreg hatt eit utvekslingsopphald på minst tre månader. I 2019–20 var det om lag 15 000 norske heilgradsstudentar i utlandet. Eit av måla regjeringa har for norsk høgare utdanning, er at studentane inngår i eit læringsmiljø som òg omfattar internasjonale studentar.

Covid-19-pandemien har gjort internasjonal studentmobilitet vanskeleg, og det er framleis usikkert når all mobilitet vil kunne gjennomførast som normalt. Samstundes har den globale krisa understreka behovet for internasjonalt samarbeid. Det er derfor viktig at universiteta og høgskulane i størst mogleg grad legg til rette for at studentane skal kunne reise på utveksling i vårsemesteret 2022, innanfor gjeldande smitteverntiltak. Institusjonane skal òg skape eit internasjonalt læringsmiljø der det er lagt best mogleg til rette for samhandling mellom norske og utanlandske studentar i både faglege og utanomfaglege samanhengar.

Styring for å oppnå nasjonale mål med ein mangfaldig og handlekraftig sektor

Styringspolitikken for universiteta og høgskulane må støtte opp under den faglege og langsiktige utviklinga til kvar institusjon og samstundes sørge for at dei samla sett svarer godt på forventningane frå samfunnet. Sjølv om det er eit stort mangfald blant universiteta og høgskulane, både når det gjeld storleik, geografisk utstrekning og fagleg profil, har mange av styringsverkemidla vore like for alle og vore oppfatta som å bidra til uønskt einsretting. På nokre område, mellom anna i reguleringa av profesjonsutdanningar, har handlingsrommet til institusjonane vore innskrenka lenger enn det har vore grunnlag for. Fleire institusjonar har også gitt signal om at det er for mange direktorat med overlappende oppgåver og ansvarsområde i sektoren for høgare utdanning, og at det gjer den samla styringa meir uoversiktleg og krev unødige mykje merksemd og administrasjon frå institusjonane.

Studentar i Noreg har høge bustadkostnader

For å oppnå ein reell lik tilgang til høgare utdanning må studentane ha midlar til livsopphald og tilgang til bustadar dei har råd til. I den europeiske studentundersøkinga Eurostudent VII, der 18 europeiske land deltok, er Noreg landet der den høgste delen av studentane rapporterer om høge bustadkostnader i høve til inntekta. Over halvparten av dei norske respondentane har bustadkostnader på minst 40 pst. av månadsinntekta, mot eit gjennomsnitt i undersøkinga på 36 pst. Noreg er også over snittet for prosentdelen av studentane som opplever alvorlege økonomiske vanskar. Undersøkinga blei gjennomført i Noreg av Statistisk sentralbyrå i 2019.

*Strategiar og tiltak**Auka kapasitet i høgare utdanning*

For å møte omstillingsbehovet og motverke skadeverknadene av covid-19-pandemien lanserte regjeringa Utdanningsløftet 2020, som mellom anna innebar midlar til 4 000 nye studieplassar, sjå omtale under del III, kap. 11. I budsjettet for 2022 foreslår regjeringa å vidareføre og trappe opp midlane frå Utdanningsløftet 2020 og midlar til studieplassar som er vedtekne av Stortinget i budsjetta for 2016–20. For seinare budsjettår vil regjeringa vurdere behovet for å vidareføre den auka utdanningskapasiteten i Utdanningsløftet med utgangspunkt i utviklinga i arbeidsmarknaden.

Kompetansereforma

Regjeringa la i 2020 fram Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, sjå omtale i kategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring. Regjeringa forventar at universiteta og høgskulane tilpassar utdanningstilboda sine i tråd med den kompetansen samfunnet har behov for no og framover i tid, at dei prioriterer livslang læring og fleksible utdanningstilbod, og at fleire får tilgang til å oppdatere kompetansen sin gjennom vidareutdanning.

Regjeringa vil gå gjennom finansieringa av universitet og høgskular, der etter- og vidareutdanning, fleksible tilbod og arbeidslivsrelevans vil vere sentrale omsyn. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget om saka. Regjeringa har vedteke endringar i eigenbetalingsforskrifta. Endringane inneber at statlege universitet og høgskular i større grad kan tilby utdanningar mot eigenbetaling, som er særleg lagde til rette for personar med arbeidserfaring. Endringane vil gjelde frå 1. januar 2022. For studietilbod som er lyste ut før 1. januar 2022 gjeld endringane frå 1. januar 2023.

Strategi for desentralisert og fleksibel utdanning

Regjeringa har i 2021 lagt fram ein strategi for desentralisert og fleksibel utdanning ved fagskular, høgskular og universitet. Ambisjonen til regjeringa er at utdanning ved fagskular, høgskular og universitet er tilgjengeleg for alle, uavhengig av kvar dei bur og livssituasjonen dei er i. Målet med strategien er å auke omfanget av fleksible og desentraliserte tilbod av høg kvalitet som er tilpassa dei ulike behova som arbeidslivet og den einskilde har. Strategien har fire innsatsområde: 1) auke omfanget av tilbod i heile landet, 2) styrke samarbeidet mellom aktørane i utdanning og arbeidsliv og kople tilbod og etterspurnad betre saman, 3) jobbe for at tilbod har høg kvalitet og er tilpassa behova til den einskilde og arbeidslivet, og 4) betre rammene som gir institusjonane, arbeidslivet og studentane auka moglegheiter. I oppfølginga av strategien foreslår regjeringa å trappe opp dei søknadsbaserte midlane til fleksible utdanningar og samstundes opprette eit distriktsprogram og ei søknadsbasert ordning for studiesenter og studiesenterliknande aktørar. Vidare vil regjeringa utvikle heildigitale utdanningstilbod.

Stortingsmelding om arbeidslivsrelevans i høgare utdanning

Regjeringa vil gjere utdanningane meir relevante for arbeidslivet. Lærestadane og arbeidslivet må

samarbeide breiare og meir systematisk om kva og korleis studentane lærer, slik at dei blir betre i stand til å møte eit samfunn og eit arbeidsliv i omstilling. I Meld. St. 16 (2020–2021) *Utdanning for omstilling – Økt arbeidslivsrelevans i høgare utdanning* legg regjeringa vekt på målet om at universiteta og høgskulane utdannar kandidatar som møter dagens kompetansebehov og samstundes kan bidra til å utvikle arbeidslivet for framtida.

Kvalitetsprogram for høgare utdanning

Meld. St. 14 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgare utdanning* inneheld ein opptrappingsplan for kvalitet i høgare utdanning på 250 mill. kroner. Desse midlane har i stor grad gått til prosjektutlysingar i kvalitetsprogramma for høgare utdanning.

Programma fremjar kvalitet, studentaktiv læring, arbeidslivsrelevans, digitalisering og kvalitetsutvikling i praksis i lærarutdanningane og helse- og sosialfagutdanningane. Dei bidreg òg til å gi arbeidet med utdanningskvalitet høgare status. Kvalitetsprogramma støttar såleis opp under politikktutviklinga i høgare utdanning, og kompetansepolitikken. Frå 1. juli 2021 inngår programma i porteføljen til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse.

Stortingsmelding om internasjonal studentmobilitet

Pandemien har tydeleg vist kor avhengige vi er av kvarandre, og kor samanvoven verda er. Globale utfordringar krev globale løysingar. Eit studieopphald i utlandet bidreg til å auke kvaliteten i norsk høgare utdanning og forskning og eigenutviklinga til studentane. Vi treng kandidatar frå norske universitet og høgskular med internasjonal erfaring og kompetanse, fordi kunnskap og interkulturell forståing er grunnleggande for framtida vår og evna til å løyse utfordringane verda står overfor. I tillegg får studentane nettverk for framtida. Arbeidslivet er stadig meir internasjonalt og næringslivet treng den kompetansen studentane tileignar seg i utlandet slik at me kan utvikla samfunnet vidare og auke Noregs omstillingsevne og konkurransekraft. Meld. St. 7 (2020–2021) *En verden av muligheter — Internasjonal studentmobilitet i høgare utdanning* legg grunnlaget for å realisere ambisjonane til regjeringa for internasjonal studentmobilitet i høgare utdanning. Det overordna målet er ei kulturendring i universitets- og høgskulesektoren som gjer at internasjonal mobilitet blir ein integrert del av og normalen i alle studieprogram, slik at kvaliteten på studieopphaldet kan

sikrast. Det er eit langsiktig mål at halvparten av studentane som tek ei grad i norsk høgare utdanning, skal ha hatt eit studie- eller praksisopphald i utlandet i løpet av studietida. Studentane skal få betre moglegheiter til å reise ut, og regjeringa har som ambisjon at alle institusjonar på sikt innfører ei ordning der studentane sjølv aktivt må melde seg av utanlandsopphaldet dersom dei ikkje kan reise ut.

Oppfølging av NOU 2020: 3 Ny lov om universiteter og høyskoler

Som del av oppfølginga av NOU 2020: 3 *Ny lov om universiteter og høyskoler* foreslo regjeringa endringar i mellom anna universitets- og høgskulelova, som Stortinget vedtok, jf. Innst. 517 L (2020–2021) og Prop. 111 L (2020–2021). Regjeringa har prioritert mellom anna ei styrking av rettane til studentane. Til dømes presiserer lova no at læringsmiljø inkluderer digitale, organisatoriske, pedagogiske og psykososiale forhold i tillegg til fysiske. Vidare har lova eit forbod mot gjengjelding dersom studentane varslar om kritikkverdige forhold ved utdanningsinstitusjonen. Paragrafane om godkjenning av norsk og utanlandsk høgare utdanning og realkompetansevurdering er forenkla, og det er gjort tydeleg at alle vedtak om godkjenning av utanlandsk høgare utdanning må vere i tråd med Lisboakonvensjonen.

Stortingsmelding om styringspolitikken for statlege universitet og høyskular

I Meld. St. 19 (2020–2021) *Styring av statlige universiteter og høyskoler* har regjeringa forankra ein klar og føreseieleg styringspolitikk for statlege universitet og høyskular. Formålet er å forenkla og tydeleggjere styringa av universitets- og høgskulesektoren og gi betre samsvar mellom dei politiske måla og dei ulike styringsverkemidla. Overordna skal styringspolitikken sørge for at dei statlege universiteta og høgskulane på best mogleg måte innfrir heile breidda av politiske mål for forskning og høgare utdanning. Regjeringa vil med meldinga sette tydelege rammer for at utdanningsinstitusjonane kan utvikle seg strategisk over tid. Det er naudsynt for å sikre ein robust og fleksibel kunnskapssektor som kan møte samfunnsutfordringane og omstillingsbehova dei neste åra. I meldinga legg regjeringa fram fire prinsipp for god styring av statlege universitet og høyskular: dialogbasert, differensiert, strategisk og kunnskapsbasert styring. Styringa skal balansere behova for politiske prioriteringar og nasjonal

koordinering med behova for sjølvstendige og handlekraftige institusjonar. Regjeringa vil mellom anna forenkla og differensiere målstyringa av institusjonane, gjennomgå finansieringa av universitet og høyskular og opne for at fleire institusjonar kan tilby profesjonsutdanning i psykologi og rettsvitenskap.

NOU om opptak

Regjeringa har oppnemnt eit offentleg utval som skal gjere ein heilskapleg gjennomgang og vurdere regelverket for opptak til høgare utdanning. Utvalet skal foreslå eit opptaksregelverk som kan tilpassast høgare utdanning i framtida. Utvalet skal legge fram utgreiinga si seinast 1. desember 2022.

Nytt direktorat og tenesteleveranseorgan

Regjeringa oppretta Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) 1. juli 2021 gjennom ei samanslåing av Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), Kompetanse Noreg, Universell og delar av Unit – Direktoratet for IKT og fellestener i høgare utdanning og forskning, i tillegg til nokre av oppgåvene til NSD – Norsk senter for forskingsdata AS. I høyringsforslag til endring i universitets- og høgskulelova foreslår regjeringa at oppgåver med godkjenning av utanlandsk utdanning blir flytta frå NOKUT til HK-dir.

Eit nytt felles direktorat vil gjere det enklare å sjå kompetansepolitikken i samanheng på tvers av sektor og nivå. Frå 1. januar 2022 blir Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt) oppretta. Det er ei samorganisering av Units digitale tenester, Uninett og delar av NSD. Sikt skal bidra til endå betre og meir effektive digitale tenester for sektoren.

Studentbustadar

Regjeringa har i perioden 2014–20 gitt rom for å bygge totalt om lag 17 600 nye hybeleiningar. Det er gitt tilsegn om tilskot til nesten 15 540 hybeleiningar i perioden 2014–21. Det inneber nesten 2 000 hybeleiningar i året. Til samanlikning ga den førre regjeringa i snitt tilsegn om tilskot til i underkant av 1 000 studentbustadar i året.

I 2021 blei talet på tilsegn om tilskot til studentbustadar redusert til 1 650. Årsaka er at samskipnadene dei siste åra har søkt om færre tilsegner enn tidlegare år. For å få betre oversikt over behovet for nye tilskot har departementet gitt

Husbanken i oppdrag å utarbeide ei årleg oversikt over planane til studentsamskipnadene for åra framover.

Ei årsak til at samskipnadene har søkt om færre tilsegner, er at det er utfordrande for dei å få gjennomført studentbustadbyggeprosjekt. Ei hovudårsak er at mange kommunar bruker lang tid på å handsame byggesøknader. Særleg utfordrande er måten kommunane regulerer tomter på, og kommunale rekkefølgekrav som gjer prosjekta svært kostbare.

Regjeringa vil undersøke om det i framtida kan vere formålstenleg å kombinere omsorgsbustadar eller sjukeheimar og studentbustadar. Regjeringa har i 2021 utlyst 20 hybeleiningar i ei forsøksordning med studentbustadar knytte til omsorgsbustadar. Regjeringa opnar no for at ikkje berre kommunar, men også ideelle stiftingar og private aktørar kan søke om å bli med på prøveordninga med studentbustadar knytte til sjukeheim. Husbanken handterer ordninga på vegner av Kunnskapsdepartementet.

Mål: Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø

Utviklingstrekk og utfordringar

Frå digital dugnad til ny normal

Stenginga av universitet og høgskular som følge av smitteverntiltaka i mars 2020 gjorde det naudsynt med ei rask og omfattande omlegging frå aktivitet på campus til digitale plattformer. Universiteta og høgskulane har vist stor dugnadsånd, omstillingsevne og digital kompetanseheving. Likevel har situasjonen gitt eit vanskelegare læringsmiljø for mange studentar. Studiebarometeret syner at tre av fire studentar meiner at dei ville ha lært meir om dei hadde fått vere meir til stades på lærestaden. Over halvparten av respondentane har kjent seg einsame som følge av restriksjonane under pandemien, to av tre opplevde det som vanskelegare å strukturere studiekvardagen, og tre av fem opplevde at studiemotivasjonen blei lågare. Dette syner kor viktig læringsmiljøet og samkvemmet mellom studentar og undervisarar er for studentane.

Erfaringane med bruk av digital teknologi i utdanninga under pandemien vil kome til nytte framover. *Strategi for digital omstilling i universitets- og høyskolesektoren 2021–2025* legg til grunn at digital teknologi skal nyttast til å betre læringsmiljøet og tilgangen til utdanning og fremje studentaktive undervisningsformer og kvalitet. Vi

treng òg gode tekniske løysingar, meir kompetanse hos dei som underviser, og ein sterkare kultur for å dele og gjenbruke digitale læringsressursar.

Også før covid-19-pandemien ønskte fleire fagtilsette betre opplæring i bruk av teknologi og læringsplattformer, jf. Diku-rapporten *Digital tilstand 2018: Perspektiver på digitalisering for læring i høgere utdanning*. Det er naudsynt å vidareutvikle det digitale læringsmiljøet, med pedagogisk bruk av digital teknologi og tilrettelegging av utdanninga for studentar med ulike behov.

Behov for gode og tilpassa fysiske læringsmiljø

Fleire universitet og høgskular må utvikle og oppgradere dei fysiske omgivnadene ved lærestadane for å møte nye og endra behov i undervisning og forskning. Dei må vere utforma slik at dei kan nyttast av flest mogleg. I *Studiebarometeret* dei siste åra er lokale for undervisning og studiearbeid det studentane er minst nøgde med blant spørsmåla om læringsmiljø. Covid-19-pandemien har forsterka behovet for å sjå på ny innretning og bruk av undervisnings- og forskingslokale. Det er viktig at areala legg til rette for moderne undervisnings- og forskingsformer, samarbeid mellom fagmiljø, auka læringsutbytte og eit godt psykososialt miljø.

Strategiar og tiltak

Digitalt læringsmiljø

Regjeringa trappar opp satsinga på utlysingar gjennom Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (Diku) til prosjekt som utviklar og deler metodar for studentaktiv digital undervisning, læring og vurdering.

Kunnskapsdepartementet vil legge til rette for meir og betre pedagogisk bruk av digital teknologi i undervisninga og digitalt læringsmiljø, inkludert universell utforming. Kvalitetsprogramma for høgare utdanning gir støtte til prosjekt som utforskar korleis ein kan oppnå det. Rapporten *Pedagogikk, innovasjon og digital teknologi i utviklingsprosjekt i høgare utdanning*, som er utarbeidd av Diku i samarbeid med Norsk organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) og Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning, syner at fleirtalet av utviklingsprosjekta som har fått midlar dei siste åra, inkluderer utvikling og pedagogisk bruk av digitale verktøy.

Bygg for undervisning og forskning

Universitet og høyskular treng formålstenlege lokale og har avanserte teknologiske og andre behov som krev jamlege, større investeringar. I dei siste åra har dei største investeringsmidlane gått til nybygget for Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og Veterinærinstituttet på Ås. Eit nytt bygg for livsvitenskap ved Universitetet i Oslo fekk startløyving i 2018. Prosjektet blei endra hausten 2020 og våren 2021 mellom anna som følge av krevjande grunnforhold og effektar av covid-19-pandemien og for å gjere det mogleg å innplassere Klinikkk for laboratoriemedisin ved Oslo universitetssjukehus i bygget. Det blei òg gitt startløyving til rehabilitering og utbygging av Vikingtidsmuseet i 2020. I 2019 starta forprosjektering av Blått bygg i Bodø for Nord universitet, og forprosjektet er no ferdigstilt. I 2020 starta forprosjektet til NTNU campussamling, der campus i Trondheim for Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet skal samlast nær Gløshaugen. I 2021 starta Statsbygg opp arbeidet med eit forprosjekt for nytt Griegakademi, som vil samlokalisere Griegakademiet med Fakultetet for kunst, musikk og design, for å legge til rette for å utvikle desse fagmiljøa vidare. Universitetet i Bergen finansierer forprosjektet i 2022. Forprosjektet for nytt Tromsø museum nærmar seg ei avslutning. Tromsø kommune handsamar no søknad om regulering av tomta. Deretter skal forprosjektet kvalitetssikrast (KS2). Regjeringa foreslår i 2022 både startløyving til Blått bygg og midlar til å vidareføre prosjektering av og arbeid med Livsvitenskapsbygget, Vikingtidsmuseet og NTNU campussamling. Regjeringa foreslår ikkje å gå vidare med nytt bygg for Arkeologisk museum i Stavanger og nytt veksthus for Naturhistorisk museum. Vedlegg 3 gir ei samla oversikt over prosjekt under bygging eller prosjektering i sektoren.

Etter ein områdegjennomgang av bygg- og eigedoms politikken i statleg sivil sektor avgjorde regjeringa i 2020 at dei sjølvforvaltande universiteta framleis skal ha forvaltningsansvar for statlege eigedommar, men ville gjere ei særskild vurdering av spørsmålet for Noregs idrettshøgskole (NIH). Regjeringa har vedteke å innlemme eigedomane til NIH i husleigeordninga, og at Statsbygg skal forvalte desse frå 1. januar 2022.

Læringsmiljøet under pandemien

Hausten 2020 sette regjeringa ned ei ekspertgruppe som skulle sjå på tiltak for å sikre god oppfølging av studentane, særleg med tanke på det

psykososiale livet til studentane, gjennomføring av eksamen og studieprogresjon. Regjeringa sette også ned ei arbeidsgruppe som våren 2021 kom med forslag om tiltak for studieprogresjon og gjennomføring. Det er tildelt til saman 318,5 mill. kroner i 2021 til universitet, høyskular, fagskular og studentsamskipnadene for at studentane skulle kunne halde oppe studieprogresjonen og få sosiale lågterskeltilbod.

Læringsmiljø i universitets- og høyskulelova

Sommaren 2021 sende departementet på høyring fleire forslag til endringar i universitets- og høyskulelova som skal styrke rettane til studentane. Departementet foreslår å lovfeste ein generell rett til permisjon frå studiet, å presisere plikta institusjonane har til å legge til rette, og å lovfeste plikta institusjonane har til å følge opp studentane fagleg. I tillegg foreslår departementet å dele læringsmiljøføreseigna inn i fleire føresegner slik at ho blir enklare å lese, og to alternative løysingar for organiseringa av klagenemnda til institusjonane.

Mål: Fleire har relevant digital kompetanse

Utviklingstrekk og utfordringar

Mange sektorar har store behov for digital kompetanse

Digital kunnskap og kompetanse er viktig for å omstille verksemder og sektorar, styrke konkurransevna og samstundes sikre informasjonstryggleiken. Vi skil mellom spesialisert digital kompetanse og yrkestilpassa digital kompetanse. IKT-spesialistar trengst for å utvikle programvare og nye løysingar og for å drifte og halde dei ved like. Samstundes må stadig fleire ha digital kompetanse som er tilpassa det einskilde yrket, inkludert kompetanse om digital tryggleik, for å kunne bruke digital teknologi og redusere digital risiko i arbeidet sitt. Ofte inneheld yrkestilpassa digital kompetanse element av spesialisert digital kompetanse. Etter- og vidareutdanning kan bidra til kompetanseheving.

NOU-ane frå Kompetansebehovsutvalet i 2019 og 2020 og forskning på feltet har peika på at det er mangel på IKT-spesialistar. Samstundes viser dei at arbeidsmarknaden for denne yrkesgruppa endrar seg raskt, og at det er store regionale variasjonar, med ein sterk konsentrasjon av næringa rundt Oslo. Mange smale spesialitetar blant IKT-spesialistar og ein svak tradisjon for å gi nyttilsette opplæring på jobben, bidreg til at nyutdanna kan slite med å få relevant jobb samstundes som det er

høg etterspurnad etter IKT-spesialistar. IKT-utdanningar som ikkje er for spesialiserte, og betre opplæring av tilsette, kan motverke dette. Det er òg eit mål at fleire studentar på disiplinfaglege studieprogram får tilbod om relevant praksis undervegs i studiane, jf. Meld. St. 16 (2020–2021) og Innst. 391 S (2020–2021). Praksis vil kunne bidra til at nyutdanna IKT-spesialistar får ei betre kopling til arbeidslivet og kjem raskare i jobb, jf. NIFU-rapport 2020:15.

Strategiar og tiltak

Strategi for digital omstilling

I samarbeid med sektoren har Kunnskapsdepartementet i 2021 revidert digitaliseringsstrategien for universitets- og høyskulesektoren. I tråd med den nye strategien *Strategi for digital omstilling i universitets- og høyskulesektoren 2021–2025* skal institusjonane både utvikle ny kunnskap om korleis digitaliseringa påverkar samfunn og den ein-skilde, og dei skal bruke moglegheitene i digital teknologi til å omdanne heile verksemda si, fagleg og administrativt. Studentane skal tileigne seg digital kompetanse som er relevant for det ein-skilde studieprogrammet, og IKT skal bli brukt til aktiviserande og varierte lærings- og vurderingsformer som gir best mogleg læring.

Utdanningar som gir digital kompetanse

Regjeringa vil auke tilgangen på utdanning i IKT-relaterte fag og foreslår å vidareføre og trappe opp midlane til auka studiekapasitet som blei løyvde i samband med Utdanningsløftet 2020, inkludert midlar til 1 400 studieplassar i matematikk, naturvitskap og teknologi. For desse tildelingane har Kunnskapsdepartementet bede universiteta og høyskulane om å legge vekt på utdanningar i informatikk og IKT. Kunnskapsdepartementet vidarefører også Kompetanseprogrammet, sjå budsjettforslag under kap. 257, post 21, og ordninga for fleksible studietilbod, sjå kap. 272, post 52 og 72.

Tverrfaglege perspektiv er naudsynte for å forstå komplekse utfordringar og finne gode løysingar på desse. Regjeringa ønsker å legge til rette for fleire tverrfaglege studieprogram. I samsvar med Meld. St. 16 (2020–2021) *Utdanning for omstilling – Økt arbeidslivsrelevans i høgere utdanning* vil regjeringa gjere det enklare å kombinere emne frå ulike fag, disiplinær og nivå, slik at IKT-kompetanse kan inngå i fleire utdanningar.

Mål: Utdanninga og forskinga er drivkraft for innovasjon og grønt skifte

Utviklingstrekk og utfordringar

Berekriftsutfordringa krev nye svar frå forskning og utdanning

Klima- og naturkrise er det mest akutte uttrykket for at vi treng ein snuoperasjon i berekraftig retning. Investeringar i kunnskap og teknologi, og nytenking rundt fundamentet for det økonomiske systemet vårt og samfunnsutviklinga, er naudsynte. Vi må finne nye svar på korleis vi kan dekke grunnleggjande behov som tilgang på mat, vatn og energi, god helse og tryggleik. Internasjonalt samarbeid om forskning er naudsynt for å finne globale løysingar. FN's berekriftsmål føreset at medlemslanda set i verk tiltak for ei meir berekraftig utvikling der ein ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng. Forsking og utdanning er blant dei viktigaste verkemidla for å nå måla.

Land som har vore langt framme i utvikling, vidareutvikling og bruk av mogleggjerande teknologiar som bioteknologi, nanoteknologi og IKT, har opplevd sterkare økonomisk vekst enn andre. Det er eit internasjonalt kappløp for å utvikle og kommersialisere mogleggjerande teknologiar. Ei satsing på grunnleggjande teknologiforskning er eit viktig bidrag for å henge med i utviklinga internasjonalt og realisere ambisjonen om fornying og omstilling i nærings- og samfunnslivet. Organiseringa av kommersialiseringsaktivitetar knytte til offentleg finansierte forskning og finansiering, inkludert organisering og styring av teknologioverføringskontora og andre verkemiddel, er sentrale element for å auke kommersialiseringa av offentleg finansierte forskning.

Noreg har god nytte av europeisk samarbeid

Internasjonalt samarbeid er naudsynt for å nå dei overordna måla om utdanning og forskning av høg kvalitet, styrkt innovasjonsevne, betre velferd og ei berekraftig samfunnsutvikling. Norsk deltaking i EU-programma for forskning, innovasjon og utdanning gir Noreg tilgang på ny kunnskap, teknologi, nettverk, marknader, infrastruktur og kulturell kompetanse som er naudsynt i ein open verdsøkonomi. Grøn omstilling og berekraftig verdiskaping er sterkare vektlagde i dei nye EU-programma enn før. I Horisont Europa, til dømes, skal heile 35 pst. av budsjettet gå til grønne formål. Auka deltaking i desse programma er derfor ei viktig prioritering for Noreg.

Regjeringa set høge mål for Noregs deltaking i forskings- og innovasjonssamarbeidet med EU

gjennom Horisont Europa og Det europeiske forskingsområdet. Ei evaluering frå Samfunnsøkonomisk analyse viser at Noreg har nådd viktige mål i dei to siste forskings- og innovasjonsprogramma som styrker vår eigen utvikling. Ved slutten av Horisont 2020 har Noreg henta heim heile 2,5 pst av dei konkurranseutsette midlane – godt over ambisjonen regjeringa hadde om 2 pst.

Noregs deltaking i det europeiske utdannings-samarbeidet gjennom Erasmus+ har styrkt det norske utdanningssystemet, viser midtvegsevalueringa av Erasmus+ i Noreg. Evalueringa syner også at programmet har auka kultur- og språkforståinga, toleransen og respekten for andre menneske. I Europa har Erasmus+ medverka til å handtere sosioøkonomiske endringar og til å støtte den europeiske politiske agendaen for vekst, arbeidsplassar, likskap og sosial inkludering. Erasmus+ er det viktigaste verkemiddelet for å realisere ambisjonane til regjeringa for internasjonal studentmobilitet i høgare utdanning i Meld. St. 7 (2020–2021) *En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høgare utdanning*.

Behov for meir open forskning

Open tilgang til forskingsresultat og data er viktig for kunnskapsutvikling og deling av kunnskap i academia og samfunnet elles. Plan S og kravet om open tilgang samtidig med publiseringa blei implementert 1. januar 2021.

Noreg arbeider med å etablere økonomisk berekraftige modellar for investering og drift i datainfrastruktur i fleire spor og er involvert i etableringa av European Open Science Cloud, ein viktig del av Europakommisjonens satsing på open forskning. På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Noregs forskingsråd sett ned eit utval som skal greie ut retts- og lisensspørsmål ved deling av forskingsdata, med målsetjing om at resultatane frå offentleg finansiert forskning skal bidra til verdiskaping og kome allmenta til gode.

Krav om open tilgang til forskingsresultat har auka dei seinare åra, og utviklinga er svært positiv. Forlaget Springer/Nature har til dømes forplikta seg til å opne tidsskrifta sine, inklusive flaggskipet Nature, i tråd med krava til Plan S, og på ni av dei ti største norske institusjonane har dei no over 70 pst. av artiklane sine ope tilgjengelege.

Strategiar og tiltak

Oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgare utdanning

Regjeringa fastsette dei forskingspolitiske prioriteringane sine i Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgare utdanning 2019–2028*. Mesteparten av den målretta finansieringa av forskning i næringslivet og forskning for grøn omstilling kjem frå andre departement, mellom anna departementa med sektoransvar for næringsliv, energi, miljø, landbruk, fisk, mat og transport. Ei samla oversikt over korleis regjeringa vil følge opp langtidsplanen, er å finne i del III, kap. 5.

Norsk deltaking i EU-programma for utdanning, forskning og innovasjon

Noreg kan ikkje møte store samfunnsutfordringar åleine. Deltaking i EUs langtidsprogram for forskning og innovasjon (Horisont Europa) og for utdanning, opplæring, ungdom og idrett (Erasmus+) er vesentleg for å utvikle dei norske forskings-, innovasjons- og utdanningsmiljøa. Dei nye programma Erasmus+ og Horisont Europa starta opp for ein sjuårsperiode i 2021.

Strategiar for deltakinga i Erasmus+ og Det europeiske utdanningsområdet og i Horisont Europa og Det europeiske forskingsområdet

Regjeringa la i juni 2021 fram strategiar for deltakinga i Erasmus+ og Det europeiske utdanningsområdet og for deltakinga i Horisont Europa og Det europeiske forskingsområdet. Strategiane skal sikre best mogleg utbytte av deltakinga og verke mobiliserande.

Norsk deltaking i Erasmus+ er avgjerande for å auke kvaliteten og relevansen i utdanninga. Programmet skal òg bidra til å møte store samfunnsutfordringar knytte til inkludering, mangfald, digital og grøn omstilling, styrke samhandling mellom utdanning, opplæring og arbeids- og samfunnsniv, gi fleire høve til å delta i eit internasjonalt læringsmiljø og bidra til å utvikle politikk og rammevilkår.

Norsk deltaking i Horisont Europa skal gi høgare kvalitet i forskinga og fleire framifrå og innovative miljø. Regjeringa har ein ambisjon om at norske deltakarar skal hente heim 2,8 pst. av dei konkurranseutsette midlane frå Horisont Europa. Det europeiske forskings- og innovasjons-samarbeidet skal òg medverke til å auke verdiskapinga, styrke norsk konkurranse- og innovasjons-

evne og bidra til omstilling i privat og offentlig sektor; gjere oss i stand til å handtere store samfunnsutfordringar, bidra til å oppfylle berekraftsmåla og bidra til ei berekraftig samfunnsutvikling; og bidra til å utvikle forskings- og innovasjonspolitikken og til nye samarbeidsmønster på tvers av landegrensar, sektorar og fag.

Panorama-strategien

Regjeringa er oppteken av å styrke samarbeidet på kunnskapsfeltet med strategisk viktige land utanfor EU/EØS. *Panorama-strategien 2021–2027* bygger vidare på dei gode resultatane frå førre strategi *Panorama: strategi for høgere utdannings- og forskingssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika (2016–20)*. Samarbeidet med strategilanda skal mellom anna bidra til meir innovasjon, til å løyse globale samfunnsutfordringar innanfor miljø og klima og til meir koordinert og langsiktig samarbeid på område av særleg interesse for Noreg. Ei av hovudprioriteringane er styrkt studentmobilitet til strategilanda. Dei seks samarbeidslanda i førre strategi er framleis sentrale samarbeidsland, og i tillegg blir strategien utvida med tre land: Sør-Korea, som er i rivande utvikling i den internasjonale kunnskapsfronten og teknologiutviklinga, og USA og Canada, som lenge har vore sentrale samarbeidsland for den norske kunnskapssektoren. Eit viktig tiltak i den komande strategiperioden vil vere utviklinga av nasjonale retningslinjer for forsvarleg internasjonalt samarbeid.

Strategi for ein heilskapleg instituttpolitikk

Regjeringa la i februar 2020 fram *Strategi for helhetlig instituttpolitikk*, som gjeld politikken for fleire enn 40 institutt som får grunnfinansiering eller driftsløyving frå i alt 10 departement.

Forskringsrådet skal sørge for ei felles oppfølging av dei tolv institutta som er omfatta av strategien, men som ikkje mottek grunnfinansiering gjennom Forskringsrådet. Forskringsrådet fastsette i samråd med Kunnskapsdepartementet innretting på oppfølginga og starta oppfølginga våren 2021.

Kunnskapsdepartementet har justert det statlege grunnfinansieringssystemet for institutt som mottek grunnfinansiering frå Forskringsrådet. Delar av grunnløyvinga skal framleis vere resultatbasert og tildelast ut frå korleis institutta skårar på indikatorar for kvalitet og relevans, men indikatorane og utrekningsmåten er noko endra.

Open tilgang til forskingsresultat og forskingsdata

Noreg deltek i alliansane Open Access 2020 og cOAlition S for å krevje at forskarar ikkje må tvingast til å gi frå seg retten til eksemplarframstilling eksklusivt til dei store internasjonale forlaga for å få publisert artiklane sine, og for å krevje open tilgang utan ytterlegare prisauke. Frå og med 2021 krev Plan S-initiativet at alle fagfelleverderte vitenskaplege artiklar som er resultat av forskning dei finansierer, skal vere fritt tilgjengelege på nettet frå publiseringstidspunktet, med ein open lisens.

I Noreg har samanslutningar av forskingsinstitusjonar inngått publisering- og les-avtalar med dei største forlaga. Avtalane inneber at dei i ein periode betaler kombinert for å publisere artiklar ope og for lesetilgang til tidsskrift som framleis er lukka. Målet er at ein skal gå over til berre å betale for open publisering, med så kort overgangperiode som mogleg. At vilkåra i nye avtalar er opne og ikkje aukar totalkostnadene, er eit sentralt prinsipp i dei nasjonale måla og retningslinjene for open tilgang til vitenskaplege artiklar.

Mål: Noreg har fleire framifrå utdannings- og forskingsmiljø

Utviklingstrekk og utfordringar

Høg vitenskapleg kvalitet på forskning og utdanning er ein berebjelke for omstilling og utvikling av samfunnet. For få framifrå fagmiljø og varierende kvalitet i utdanningstilboda er vedvarande utfordringar i Noreg. Samstundes er kvaliteten i norsk høgare utdanning generelt god, og universiteta og høyskulane jobbar systematisk med utvikling av studiekvalitet. Norske studentar er stort sett godt nøgde med studia sine. Dikus *Tilstandsrapport for høgere utdanning 2021* viser at utdanningsgjennomføring på normert tid har vore stabil for studentane. Det er framleis behov for å stimulere til meir utviklingsarbeid for framifrå utdanningsmiljø og studietilbod.

Norske forskarar har i løpet av dei siste åra publisert stadig fleire artiklar og henta heim stadig meir midlar frå dei europeiske rammeprogramma. I lys av kor mykje Noreg investerer i forskning, har vi likevel for få forskarar og forskingsmiljø på internasjonalt toppnivå. Det europeiske forskingsrådet (ERC) er ein av dei mest krevjande konkurransearenaene norske forskarar deltek på. Det at både søknader til og tildelingar frå ERC har auka, viser at kvaliteten på norsk forskning utviklar seg positivt. Samla sett er det likevel få norske fagmiljø som har nådd opp i konkurransen om

Advanced Grants. Fire ERC Advanced Grants i årets tildeling er derfor svært gledeleg.

Kvaliteten på søknadene til Forskingsrådet er god, og prosentdelen av søknadene som får innvilga støtte har falle litt dei siste åra. Forskingsrådet har innført porteføljestyling som ein metode for å styrke den vitskaplege kvaliteten ved å gi støtte til fleire av dei fagleg beste prosjekta.

Mange mellombels tilsette, uklare karrierevegar, høg gjennomsnittsalder på norske doktorgradskandidatar og låg gjennomføring på normert tid er utfordringar for norsk forskning og høgare utdanning. Vi treng meir satsing på unge forskartalent, mellom anna for å bidra til å bygge og halde oppe forskingsmiljø av framifrå kvalitet.

Strategiar og tiltak

Kvalitetsprogram for høgare utdanning

Innanfor opptrappingsplanen for kvalitet i høgare utdanning er løyvinga til kvalitetsprogramma for høgare utdanning auka betydeleg, mellom anna til programmet Senter for framifrå utdanning (SFU). SFU er ei nasjonal prestisjeordning for å stimulere til utvikling av fleire framifrå utdanningsmiljø. Sentera er viktige for å utforske, dokumentere og spreie gode metodar for undervisning. Ordninga blei oppretta i 2010, og frå 2020 er det tolv senter med SFU-status. I 2020 gjennomførte Diku ei midtvegsevaluering av fire av sentera. For nærare omtale sjå kap. 272, post 50.

Neste utlysing har søknadsfrist våren 2022.

Verkemidla for auka vitskapleg kvalitet i Forskingsrådet

Generelt er det høg kvalitet på forskinga som blir finansiert gjennom Forskingsrådet. Den vitskaplege kvaliteten blir bygd opp gjennom satsing på senterordningane (SFF, SFI og FME), infrastruktur, forskarprosjekt og ordningar som stimulerer til internasjonalt samarbeid. Dei fremste verkemidla Forskingsrådet har for å fremje banebrytande forskning er Fri prosjektstøtte (FRIPRO) og Senter for framifrå forskning (SFF). Desse medverkar til å gi dei beste forskarane og dei sterkaste forskingsmiljøa gode og langsiktige rammer.

Evalueringa frå 2020 av SFF-ordninga syner at ho har mykje å seie for auka kvalitet i norske forskingsmiljø, og at det er viktig å halde fram satsinga. Både FRIPRO og SFF-ordninga er blitt styrkte og vidareutvikla dei siste åra, og regjeringa vidarefører satsinga. Val av SFF som skal starte i 2022 er i gang, og våren 2021 lyste Forskingsrådet ut 1 mrd. kroner til fellesløft for tverrfagleg forskning under verkemiddelet FRIPRO. Institusjonane sjølv finansierer halvparten av tildelingane i fellesløfta.

Ein gjennomgang av Unge forskartalent frå 2020 viser at ordninga har bidrege til å styrke karriereutviklinga til unge forskarar og gjort det mogleg å etablere ei forskargruppe for banebrytande forskning. Dei som fekk støtte, har òg lykka betre i konkurransen om midlar frå ERC. Dei fleste Forskarprosjekt for unge talent blir tildelte gjennom FRIPRO.

Strategi for forskarrekuttering og karriereutvikling

Regjeringa har lagt fram ein strategi for forskarrekuttering og karriereutvikling. Strategien er mellom anna viktig for å nå måla i Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning. For å betre konkurransekrafta og innovasjonsevna, møte store samfunnsutfordringar og utvikle fagmiljø av framifrå kvalitet, er vi avhengige av å rekruttere inn og halde på talent i våre høgare utdannings- og forskingsinstitusjonar. Strategien tek særleg for seg den første fasen av forskarkarrieren, med vekt på stipendiat-, postdoktor- og innstegstillingane. Eit viktig tiltak i strategien er ein gjennomgang og revisjon av dei tre forskriftene om tilsetjing under universitets- og høgskulelova.

For mange unge forskarar er tilsett mellombels for lenge. Strategien uttrykker at regjeringa forventar at utdanningsinstitusjonane har kompetanse på mellombels tilsetjing og ein strategi for å redusere uønskt mellombels tilsetjing. Regjeringa vil redusere mellombels tilsetjing i sektoren generelt, og departementet følger opp mellom anna ved å hente inn statistikk og følge opp utviklinga i den årlege etatsstyringsdialogen med universitet og høgskular.

Kap. 260 Universitet og høgsular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
50	Statlege universitet og høgsular	37 181 570	38 808 991	39 396 635
70	Private høgsular	1 726 817	1 901 329	2 078 282
	Sum kap. 260	38 908 387	40 710 320	41 474 917

Post 50 Statlege universitet og høgsular og post 70 Private høgsular

Mål for 2022

Følgande mål gjeld for universitet og høgsular som får løyving frå Kunnskapsdepartementet over kap. 260:

- høg kvalitet i utdanning og forskning
- forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling
- god tilgang til utdanning
- effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssystem

Universitet og høgsular skal fastsetje sine egne mål og styringsparametrar i tråd med desse måla. I tillegg fastset Kunnskapsdepartementet styringsparametrar på område der institusjonane skal ha særleg merksemd på resultatutviklinga ut frå nasjonale omsyn.

Resultat i 2020

God tilgang til utdanning

Stortinget løyvde i behandlinga av statsbudsjettet for 2020 midlar til 145 fleire studieplassar og til fleksible tilbod. Nedgangen i økonomien i 2020 som følge av covid-19-pandemien forsterka behovet for meir kapasitet i høgare utdanning, og i behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2020 blei det løyvd midlar til 4 000 fleire studieplassar og til fleksibel utdanning. Universiteta og høgsularane følgde opp med å ta opp studentar.

Hausten 2020 var det over 273 000 registrerte studentar som blei finansierte over Kunnskapsdepartementets budsjett. Det var nær 12 000 fleire enn året før, den største oppgangen nokosinne, særleg blant dei yngre og eldre studentane. Auken var 2 pst. blant studentar i 20-åra, og høvesvis 11 pst. og 10 pst. blant dei yngre og eldre.

Det var over 19 000 studentar med nettbasert undervisning i 2020, uavhengig av finansierings-

kjelde, 29 pst. fleire enn året før. På desentraliserte tilbod, der undervisninga skjer utanfor dei ordinære studiestadane, til dømes ved studiesenter, var det 6 700 studentar, om lag som i dei to siste åra.

Mange av dei nye studentane tok utdanning ved dei private høgsularane. 16 pst. av studentane var registrerte ved ein privat høgsule hausten 2020, men dei stod for nesten halvparten av auken i studenttalet frå 2019.

*Høg kvalitet i utdanning og forskning**Utdannings- og forskingsmiljø*

Kvaliteten på undervisningstilbodet i 2020 var sterkt prega av smitteverntiltaka, som førte til avlyste aktivitetar og alternativ undervisning digitalt. Av respondentane i studentundersøkinga Studiebarometeret for 2020, som Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) står bak, svarte 71 pst. at det faglege utbyttet av undervisninga var dårlegare enn normalt etter innføringa av strenge smitteverntiltak vårsemesteret 2020. Skåren for kor nøgde studentane er med studieprogramma sine alt i alt, har i mange år vore stabil på 4,1 på ein skala frå 1 (i lita grad) til 5 (i stor grad), men skåren gjekk ned til 4,0 i 2020. Av studentane som i utgangspunktet ikkje hadde digital undervisning, svarte 71 pst. at omfanget av undervisninga blei redusert etter at tilgangen til campus blei stengd 12. mars. Blant heiltidsstudentane gjekk den gjennomsnittlege tidsbruken til organiserte læringsaktivitetar per veke ned med over 1 1/2 time. Tida brukt til eigenstudiar gjekk noko opp, men den totale faglege tidsbruken per veke gjekk ned med knappe 20 minutt. Berre om lag éin av fem studentar svarte at dei hadde tilgang til ein stad som var godt eigna til studiar då campus stengde.

Gjennomføringa av studia på normert tid gjekk opp for bachelorstudentane i 2020, men ned for studentar på masternivå. Av studentane som

starta på eit bachelorstudium i 2017, hadde 52 pst. fullført i 2020, og det var 1,9 prosenteningar meir enn det føregåande kullet. For studentane som skulle vore ferdige med masterstudiet på normert tid i 2020, var det 54 pst. og 39 pst. som hadde fullført høvesvis eit toårig eller eit integrert femårig studium. Det er høvesvis 1,8 og 1,6 prosenteningar lågare enn for dei føregåande kulla.

Den nasjonale statistikken til Statistisk sentralbyrå (SSB) viser kor mange av dei nye studentane i eit år som har fullført ei grad innan åtte år. Prosentdelen utan noka grad gjekk ned frå 45 pst. blant dei som starta i 2001, til 34 pst. blant dei som starta i 2008. Sidan har det vore mindre endringar.

Talet på fullførte doktorgrader gjekk opp i 2020 for fjerde året på rad, med den tredje rekorden på rad for fullførte grader i eit år. Til saman 1 634 personar tok doktorgrad i 2020. Av personane som starta på eit doktorgradsstudium i 2014, hadde 70 pst. disputert innan 2020. Det er ein auke i prosentdelen som fullfører innan seks år, på 3,8 prosenteningar samanlikna med det føregåande kullet.

Det europeiske forskingsrådet (ERC) løyver midlar til framifrå forskarar uavhengig av tema og fagfelt, og tildelingar herifrå er eit tydeleg kvalitetsteikn. Av ERC-stipenda utlyste i 2020 gjekk 19 til norske institusjonar. Noregs del av dei samla stipenda var over 2 pst. i 2020 og har vore 1,5 pst. eller høgare kvart år sidan 2017. Før det var prosentdelen aldri over 1,4 pst. Både prosentdelen innvilga søknader og talet på stipend i høve til folketallet var lågare enn i Sverige og Danmark.

Internasjonalt samspel

Den internasjonale studentutvekslinga blei i 2020 nesten halvert samanlikna med året før. Reisestriksjonane på grunn av covid-19-pandemien gjorde at nesten ingen utvekslingsopphald blei gjennomførte hausten 2020. For året under eitt var det over 3 800 utreisande utvekslingsstudentar frå Noreg og 4 600 innreisande til Noreg. Av desse var høvesvis 47 pst. og 76 pst. på utveksling gjennom Erasmus+ordninga.

SSBs tal på internasjonale gradsstudentar i Noreg var om lag 15 000 i 2020, inkludert ved lærestadar utan finansiering over kap. 260. Ved dei statlege lærestadane under Kunnskapsdepartementet var talet over 11 100. Begge tala auka med om lag 4 pst. samanlikna med året før. Det er den største auken dei siste seks åra. Prosentdelen av doktorgradene tekne av personar med utanlandsk statsborgarskap, 40 pst., var den same som i 2019.

Det internasjonale samarbeidet om forskingspublikasjonar held fram med å auke. Delen av dei vitenskaplege publikasjonane i Norsk vitenskapsindeks (NVI) frå universitets- og høgskulesektoren med utanlandske medforfattarar auka med 3 prosenteningar frå 2019 til 53 pst. Talet er likevel 4 prosenteningar lågare enn tilsvarande tal for forskingsinstitutta.

Deltakinga i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont 2020, held fram på eit høgt nivå. I dei inngåtte kontraktane etter utlysingar i 2020 gjekk 1,1 pst. av midlane til norske universitet og høgskular. Det er det høgste i programmet, og markert høgare enn i den første perioden av programmet. For utlysingane i 2014–16 gjekk 0,6 pst. av midlane til dei norske lærestadane.

Bygg for undervisning og forskning

Statlege byggeprosjekt blir finansierte etter ulike modellar. I ordinære byggeprosjekt løyver Stortinget midlar til investeringa særskilt over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I brukarfinansierte byggeprosjekt i statens husleigeordning blir investeringa dekt av leigetakaren innanfor uendra rammeløyving gjennom auka husleige. Fleire brukarfinansierte prosjekt blei ferdige i 2020, både bygg for lærarutdanning ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT), oppgradering og utvikling av UiT sine bygg i Narvik, og rehabilitering av hovudbygget til Noregs handelshøgskole. Nybygget for Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og Veterinærinstituttet på Ås har vore det største byggeprosjektet i universitets- og høgskulesektoren dei siste åra. Desse organisasjonane har no teke bygget i bruk. Regjeringa har sett i gang ei evaluering av prosjektet som skal vere ferdig innan utgangen av 2021.

Institusjonar som forvaltar eigedommane sine sjølve, har sidan 2015 hatt høve til å søke Kunnskapsdepartementet om midlar til oppgraderings- og ombyggingsprosjekt. I 2019 vart ordninga utvida til å gjelde også institusjonar med lokale i statens husleigeordning. Totalt er det tildelt 871 mill. kroner frå 2015 til og med 2021 til slike tiltak. Dette inkluderer ei ekstraordinær løyving på 100 mill. kroner i 2020 som økonomisk tiltak i møte med covid-19-pandemien, slik at løyvinga i 2020 blei på 261 mill. kroner. I 2021 blei løyvinga til ordninga flytta til kap. 275, post 45. Ordninga har medverka til å betre tilstanden i utvalde universitets- og høgskulebygg og skape lokale for nye læringsformer.

*Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling**Innovasjon, verdiskaping og samspel med omverda*

Universiteta og høgskulane har eit utstrekt samspel med eksterne aktørar i utdannings- og forskingsverksemda. I *Studiebarometeret* til NOKUT for 2020 svarte over fire av ti av respondentar over midten av skalaen på spørsmål om i kva grad representantar frå arbeidslivet bidreg i undervisinga. Til spørsmålet om høve til å arbeide med prosjekt i samarbeid med arbeidslivet svarte over tre av ti det same. Den nye strategien for forskarrekuttering og karriereutvikling vektlegg auka samarbeid mellom arbeidslivet og universiteta og høgskulane i doktorgradsutdanninga.

Inntektene til bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet frå andre kjelder enn Forskringsrådet, regionale forskingsfond og Europakommisjonen (BOA-inntektene) var på 3,7 mrd. kroner i 2020. Det er same nivå som i 2019. I pst. av samla driftsinntekter er det ein nedgang på 0,2 prosenteningar til 7,3 pst. Om lag ein firedel av BOA-inntektene kjem i form av oppdrag, og om lag to tredelar er frå offentlege kjelder i Noreg.

Ved dei statlege lærestadane var det 161 patentsøknader i 2020 og 56 inngåtte kontraktar for lisensiering av patenterte oppfinningar. Det er om lag som nivået i 2019. Til saman blei det etablert åtte føretak frå tre ulike institusjonar. Det er klart lågare enn tidlegare år.

Stadig fleire vitenskaplege artiklar blir publiserte ope. I 2020 var nesten ein tredel av dei vitenskaplege artiklane med forfattarar frå den norske universitets- og høgskulesektoren publiserte i opne tidskrift. Ein firedel av publikasjonane var ope tilgjengelege i abonnements-tidsskrift, over 10 prosenteningar meir enn i 2019. Det er eit resultat av avtalane inngått med forlaga i 2019 og 2020 som omfatta både norsk tilgang til abonnements-tidskrifta og at dei norske artiklane blei gjorde ope tilgjengelege, såkalla publiser-og-les-avtalar. 16 pst. av artiklane var publiserte i abonnements-tidsskrift og ikkje deponerte i kunnskapsarkiv. Det er éi prosentening lågare enn talet for 2019.

Lærerutdanningane og helse- og sosialfag-utdanningane

I 2020 blei det uteksaminert om lag 7 500 kandidatar frå dei åtte lærerutdanningane retta mot barnehage eller skule. Det er om lag 7 pst. færre enn året før, men fleire enn i 2018, og opp 40 pst. frå 2008. Grunnskulelærerutdanninga for trinn 1–7

hadde ein nedgang i kandidattala på 7,5 pst. frå 2019, men samanlikna med 2018 og tidlegare år er det ein auke. Det er særleg stort behov for lærarar på desse trinna. Søkinga gjekk litt ned i 2020, men det møtte fleire studentar til studiestart enn året før. Regjeringa har finansiert rekrutteringstiltak, sjå omtale under kap. 226.

I 2020 blei det uteksaminert om lag 11 500 kandidatar frå helse- og sosialfagutdanningane. Det er ein nedgang i kandidatproduksjon for fleire av desse utdanningane i 2020 samanlikna med året før. Sjukepleiarutdanningane utdanna i overkant av 4 000 kandidatar i 2020, eit tal som har auka år for år, og med 17 pst. sidan måltala starta i 2013. Prosentdelen mannlege søkarar til sjukepleiarutdanningane, grunnskulelærerutdanninga for trinn 1–7 og barnehagelærerutdanninga er stabil på eit for lågt nivå.

Universitetsmusea

Fem universitet har eit særskilt nasjonalt ansvar for å drive museum med vitenskaplege samlingar og publikumsutstillingar. Musea kunne ikkje drive som ordinært i 2020, og det samla besøkstalet var ein firedel av det i 2019. Tre av musea auka delen av samlingane som var registrert i digitale databasar. Samla sett var tre firedelar av samlingane digitaliserte, og av desse var om lag 70 pst. tilgjengelege på internett.

*Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem**Effektiv drift og forvaltning*

Universitet og statlege høgskular hadde 47,5 mrd. kroner i driftsinntekter i 2020. Løyvinga over kap. 260, post 50 utgjorde fire femdelar av dette, med 37,2 mrd. kroner.

Universiteta og dei statlege høgskulane hadde samla avsetningar frå løyvingar frå Kunnskapsdepartementet på 3,7 mrd. kroner ved utgangen av 2020. Av desse var 2,6 mrd. kroner avsetningar til andre formål og 1,1 mrd. kroner avsetningar til investeringar, jf. regelverk for avsetningar (sjå omtale av regelverket under Budsjettforslag for 2022). Frå 2019 til 2020 har dei samla avsetningane auka med 1 mrd. kroner. Ved utgangen av 2020 utgjorde dei samla avsetningane 9,9 pst. av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet, men variasjonen mellom institusjonane er frå 1,0 til 25,3 pst., sjå tabellane i vedlegg 4. Tabellane i vedlegg 4 inkluderer også avsetningar frå andre departement og vil avvike noko.

Private høgskular fekk tilskot på 1,7 mrd. kroner over kap. 260, post 70 i 2020. Dei hadde driftsinntekter i underkant av 4,1 mrd. kroner, ein auke på 9,5 pst. frå 2019. Det samla driftsresultatet for desse institusjonane var 189,4 mill. kroner i 2020, og det er ein auke på 83,1 pst. i forhold til 2019. På bakgrunn av rekneskapane frå 2020 vurderer departementet at fleirtalet av dei private institusjonane har god eller middels god økonomi. Nokre få private institusjonar har svak økonomi. Departementet vil følge med på utviklinga hos desse institusjonane.

I 2020 blei det utført 25 300 årsverk i faglege stillingar og 15 100 årsverk i tekniske eller administrative stillingar ved universitet og høgskular. Dette var høvesvis 2,3 og 3,2 pst. fleire enn i 2019. Samla sett gjekk talet på studiepoeng i forhold til dei faglege årsverka opp med 4,5 pst. Dette forholdstalet hadde tidlegare blitt jamt redusert sidan 2014. Samla sett blei det teke 47 studiepoeng per student omrekna i heiltidsekvivalentar. Det er ein auke på 1,1 studiepoeng per student frå året før, og klart høgare enn nivået ein har sett tidlegare. For fleire av dei større institusjonane var auken endå høgare. For Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU), Universitetet i Oslo (UiO) og Universitetet i Bergen (UiB) var han over 2 studiepoeng per student. Elles hadde ikkje indikatoren for desse institusjonane endra seg med over 1 studiepoeng det siste tiåret.

Rekruttering, kompetanse og karriere

33,5 pst. av årsverka i dosent- og professorstillingar var utførte av kvinner i 2015. Samla for stillingar som krev doktorgrad eller tilsvarande kompetanse, var talet 43,5 pst. Desse tala har auka med om lag 1 prosentining årleg over lang tid.

Prosentdelen årsverk i faglege stillingar som krev doktorgrad eller tilsvarande kompetanse, har òg auka jamt i lang tid. I 2020 auka talet med 0,6 prosentiningar og var på 76 pst.

I 2020 var under 12 pst. av årsverka utførte av personar i mellombelse stillingar (utanom åremålsstillingar). I undervisnings- og forskingsstillingar var prosentdelen 13 pst., og i støttestillingar og blant saksbehandlarar var han 10 pst. Prosentdelen mellombelse stillingar har gått ned kvart år sidan 2011, og nedgangen frå 2019 til 2020 er den største det siste tiåret, på nesten 2 prosentiningar. Det er særleg i gruppa med undervisnings- og forskingsstillingar at nedgangen var stor.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve til saman 41,5 mrd. kroner på kapitlet, fordelt med 39,4 mrd. kroner til universitet og statlege høgskular over post 50 og 2,1 mrd. kroner til private høgskular over post 70. Forslaget omfattar ein reduksjon på 35 mill. kroner, fordelt med 33,4 mill. kroner over kap. 260, post 50 og 1,6 mill. kroner over post 70, for å finne rom for andre satsingar over Kunnskapsdepartementets budsjett. Løyvinga på post 50 er redusert med 1,1 mrd. kroner som følge av at forventna pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgivaravgift av dette, tilsvarande er redusert, jf. omtale under hovudinnleiinga punkt 1.3.

Forslaget omfattar også ein reduksjon på 74 mill. kroner over kap. 260, post 50 som følge av at regjeringa vurderer at covid-19-pandemien har gitt staten høve til å redusere reiseomfanget på kort og lang sikt.

Det er lagt til grunn ei prisjustering på 2,6 pst. og ein reduksjon som følge av reforma for avbyråkratisering og effektivisering på 0,5 pst., som utgjer 203,6 mill. kroner over kap. 260, post 50 og 70.

Det resultatbaserte finansieringssystemet

Den resultatbaserte uttellinga aukar med 509,7 mill. kroner som følge av betre resultat på indikatorene i finansieringssystemet. Auken er fordelt med 435,7 mill. kroner for universiteta og dei statlege høgskulane over post 50 og 74 mill. kroner til dei private høgskulane over post 70.

Studiekapasitet og -kompetanse

Regjeringa foreslår å vidareføre og trappe opp med opptak av nye kull for studieplassar som Stortinget løyvde midlar til i budsjetta for 2016–20. Det utgjer 402,8 mill. kroner over kap. 260, post 50 og 61 mill. kroner over post 70. Den satsinga regjeringa har hatt på studieplassar sidan 2014, har gjort det mogleg å ta opp om lag 8 800 fleire studentar også i 2022. 4 000 av desse kom som følge av satsinga på Utdanningsløftet 2020 i Revidert nasjonalbudsjett 2020. Regjeringa foreslår å vidareføre midlar slik at kulla som er tekne opp i 2020 og 2021, får fullføre studieløpa sine. Det er ein føresetnad at plassane kom som følge av situasjonen på arbeidsmarknaden med høg arbeidsløyse. Den samla studiekapasiteten vil etter kvart bli normalisert i tråd med konjunkturane. Regjeringa vil kome tilbake til dette i seinare budsjett, med

utgangspunkt i utviklinga i arbeidsmarknaden. Regjeringa foreslår å vidareføre midlar til 4 000 studieplassar, slik at universiteta og høgskulane kan ta opp eit nytt kull også i 2022. Av dei 4 000 plassane, foreslår regjeringa å omprioritere 300 plassar frå juridiske og økonomisk-administrative fag til barnevernsfagleg utdanning på masternivå. Dette heng saman med at regjeringa vil innføre nye kompetansekrav i barnevernet. Stortinget har vedteke krav om masterutdanning for å utføre visse kjerneoppgåver i det kommunale barnevernet, jf. Innst. 625 L (2020–2021) og Prop. 133 L (2020–2021) om ny barnevernslov. Det er utarbeidd retningslinjer for to nye barnevernsfaglege masterutdanningar. For dei 300 barnevernsfaglege studieplassane legg regjeringa til grunn varig auka opptakskapasitet, finansiert innanfor ei provenynøytral ramme for universitets- og høgskulesektoren samla sett.

Regjeringa har som mål at ein større del av norske legar skal bli utdanna i Noreg. Medisinutdanninga skal inkludere desentraliserte studiemodellar som i tek i bruk ein større del av helsetenesta. Hovudmodellen skal framleis vere ei integrert seksårig utdanning.

Bygg for undervisning og forskning

Regjeringa foreslår 365 mill. kroner over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet til Statsbyggs arbeid med forprosjekt for ny campus i Trondheim for Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU). I tillegg fører Kunnskapsdepartementet vidare 10 mill. kroner til NTNU for arbeidet med prosjektet. Ei samling av campus skal bidra til betre kvalitet i utdanning, forskning, innovasjon, kunst og formidling. Regjeringa har vedteke at prosjektet skal planleggast med design to cost-metodikk og ut frå ei kostnadsramme på 11,9 mrd. kroner. I tillegg kjem midlar til universitetet sin del av bygginga av Senter for psykisk helse ved St. Olavs hospital, på 639 mill. kroner. Sjå meir utfyllande omtale av Senter for psykisk helse i Helse- og omsorgsdepartementet sin Prop. 1 S (2021–2022).

Regjeringa foreslår 378 mill. kroner over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet til å vidareføre bygging og rehabilitering av Vikingtidsmuseet ved Universitetet i Oslo. For ei nærare forklaring av løyving per kapittel og post for byggeprosjekta, sjå Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin Prop. 1 S (2021–2022).

I Prop. 79 S (2020–2021) varsla regjeringa Stortinget om at delar av løyvinga til arbeidet med nytt livsvitskapsbygg for 2021 ville bli nytta til å

greie ut om og førebu innlemming av Klinikk for laboratoriemedisin (KLM) ved Oslo universitetssjukehus HF i eit utvida prosjekt. Vidare varsla regjeringa óg at ho ville orientere Stortinget om samla omfang og kostnader for prosjektet i statsbudsjettet for 2022.

Livsvitskapsbygget ved Universitetet i Oslo (UiO) skal gi realfaga og livsvitskap, og særleg medisinsk og helsefagleg forskning, gode rammevilkår i framtida. Bygget skal óg legge til rette for breitt forskningssamarbeid med næringsaktørar som bioteknologiselskap og helseføretak. Samlokaliseringa av UiO og KLM vil forsterke eksisterande og skape nye synergjar på livsvitskapsområdet.

Det er etablert eit prosjektstyre, med deltakarar frå Kunnskapsdepartementet, Helse Sør-Øst RHF, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Statsbygg, Universitetet i Oslo, og Oslo universitetssjukehus HF. Det er utarbeidd mandat og styringsdokument for prosjektstyret.

Ein ekstern kvalitetssikrar har våren og sommaren 2021 gjennomført supplerande analysar til KS2 av planane for samlokiseringsprosjektet. Ekstern kvalitetssikrar peikar på at prosjektet har høg usikkerheit. Størrelsen og kompleksiteten til prosjektet, saman med at det er to finansierande partar og brukarorganisasjonar, stiller særlege krav til både overordna styring og prosjektstyring til Statsbygg. Ekstern kvalitetssikrar støtter etablering av eit prosjektstyre med avgjerdsmyndigheit som nemnt over. Eit avgjerdsdyktig prosjektstyre, tydelege kostnadmessige grensesnitt mellom UiO og OUS og effektive brukar- og avgjerdsprosessar hos OUS blir peikt på som viktige suksessfaktorar for å lukkast.

Ekstern kvalitetssikrar peikar vidare på at planleggingsarbeidet knytt til sjukehusareala er mindre mogent enn for universitetsareala. Kunnskapsdepartementet, saman med mellom anna andre aktuelle departement, Helse Sør-Øst RHF og Statsbygg, vil framover gå gjennom og følge opp anbefalingane frå ekstern kvalitetssikrar.

Hausten 2021 er det planlagt arbeid for å kunne oppretthalde framdrift i prosjektet. Arbeidet kan delast i prosjektering og produksjon. Prosjekteringsarbeidet omfattar mellom anna arbeid med romfunksjonsprogrammering, planlegging av brukarutstyr, detaljprosjektering, kalkylearbeid og arbeid med å inngå gjennomføringsavtalar for råbygg, tett hus og innreiing. Det planlagde produksjonsforløpet 2. halvår 2021 og 1. kvartal 2022 omfattar fundamentering og legging av plasstøyp betong under bakken.

Regjeringa foreslår å løyve 948 mill. kroner til prosjektet i 2022 over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I tråd med tilrådinga frå ekstern kvalitetssikrar foreslår regjeringa eit styringsmål for prosjektet på 10 417 mill. kroner, og ei kostnadsramme på 11 974 mill. kroner. Det er teke sikte på at bygget kan stå ferdig i løpet av 2026. Kostnadsramma for brukarutstyr foreslår regjeringa å justere ned med 125 mill. kroner, til 1 198 mill. kroner som følge av at delar av utstyret blir flytta inn i sjølve byggeprosjektet. Sjø forslag til vedtak VII.

Regjeringa legg til grunn at UiO frå innflyttinga skal motta årleg kompensasjon for kapitalelementet i husleiga opp til opphavleg fastsett kostnadsramme på 6 294 mill. kroner, justert for pris- og valutakursjustering. UiO skal óg kompenseras for kapitalleiga knytt til mellombels stans (100 mill. kroner), covid-19-pandemien (100 mill. kroner), teknisk flytting av kostnader frå ramma for brukarutstyr til ramma for bygg (125 mill. kroner) og UiO sin andel av tomtekostnaden på 287,6 mill. kroner. Desse tala er i 2021-kroner. Regjeringa legg vidare til grunn at Helse Sør-Øst RHF etter innflytting skal motta husleigekompensasjon på 90 mill. 2021-kroner årleg. Kompensasjonen er knytt til at vilkåra i statens husleigeordning avvik frå det som ligg til grunn i den ordinære finansieringsordninga for store investeringsprosjekt i helseføretaka. I tillegg vil Helse Sør-Øst RHF få kompensasjon for eingangskostnader på 87,5 mill. kroner som følge av mellombels stans i prosjektet og covid-19-pandemien.

Helse Sør-Øst RHF har parallelt med den eksterne kvalitetssikringa gjennomført ei eiga kvalitetssikring av konseptfase (KSK) for samlokalisering av laboratoriefunksjonar for Oslo universitetssykehus HF i livsvitskapsbygget. Styret i Helse Sør-Øst RHF har vedteke å vidareføre samarbeidsprosjektet. Sjø omtale i Prop 1. S (2021–2022) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Bygga ved Campus Mørkved ved Nord universitet har vesentlege utfordringar med kapasiteten og logistikken, og areala er ikkje dimensjonerte og tilstrekkeleg tilpassa for utdannings- og forskingsverksemda dei skal romme. Regjeringa foreslår startløyving til Blått bygg på 110 mill. kroner over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet og 10 mill. kroner til brukarutstyr over kap. 260, post 50. Frå 2025 vil årleg husleige til Statsbygg auke med om lag 40 mill. kroner, og regjeringa foreslår å gi 75 pst. husleigekompensasjon frå då av. Regjeringa foreslår ei kostnadsramme på 575 mill. kroner (inkludert

kunstnerisk utsmykking) og 120 mill. kroner til brukarutstyr, sjå forslag til vedtak IV.

I oppfølginga av områdegjennomgangen av bygg og eigedom i statleg sivil sektor i 2020 konkluderte regjeringa med å få ei særskild vurdering av eigedommane til Noregs idrettshøgskole (NIH). Regjeringa foreslår i samråd med NIH å overføre forvaltninga til Statsbygg gjennom statens husleigeordning. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til NIH med 20 mill. kroner årleg tilsvarende kapitalkostnadene i husleiga.

Regjeringa vurderer ulike alternativ for å bidra til betre insentiv i vurderinga og gjennomføringa av nye bygg i universitets- og høgskulesektoren. Regjeringa tek sikte på å innføre kapitalbelastning for nye bygg ved sjølvforvaltande universitet og høgskular. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med oppfølging seinast i statsbudsjettet for 2023.

Vedlegg 3 Byggtabellar for universitet og høgskular viser ei oversikt over dei byggeprosjekta i sektoren som Statsbygg har til prosjektering eller gjennomføring i 2022.

Lærarutdanning

Studentane som blei tekne opp til dei nye femårige grunnskulelærarutdanningane i 2017, starta på det femte året av utdanninga hausten 2021 og vil fullføre utdanninga i 2022. Ettersom skulen har behov for fleire lærarar, vil departementet vidareføre eit nasjonalt kandidatmåtal for grunnskulelærarutdanningane på 1 913 kandidatar. Departementet auka løyvinga med 89,1 mill. kroner totalt til dei institusjonane som tilbyr grunnskulelærarutdanning i 2021 som halvårseffekt, og foreslår å auke løyvinga med ytterlegare 91,4 mill. kroner i 2022, fordelt med 86,8 mill. kroner til universitet og statlege høgskular over kap. 260, post 50 og 4,6 mill. kroner til private høgskular over post 70.

Regelverk for avsetningar

Universiteta og høgskulane er nettobudsjetterte verksemdar, noko som inneber at dei kan disponere løyvingar og alle eksterne inntekter til sitt formål og føre over alle ubrukte midlar til neste budsjettår (avsetningar). Nettobudsjettering er meint å gi institusjonane økonomisk handlingsrom som samsvarer med dei faglege fullmaktene deira og gjer dei i stand til å planlegge og disponere midlar i eit fleirårig perspektiv, til dømes for nybygg, utstyr og oppbygging av nye fagmiljø.

Kunnskapsdepartementet har fastsett eit regelverk for avsetningane til statlege universitet

og høgskular som blei gjeldande frå 2021. Det skil mellom avsetningar til investeringar, inkludert avsetningar til vedlikehald av eigedom ved dei sjølvforvaltande institusjonane, og avsetningar til andre formål. For avsetningar til investeringar er det ikkje fastsett ei øvre grense, men institusjonane må dokumentere dei konkrete planlagde investeringane med beløp og årstal. Den øvre grensa for avsetningar til andre formål er 5 pst. av årets løyving frå Kunnskapsdepartementet. Frå 2022 skal avsetningar utover dette førast tilbake til statskassa. Kunnskapsdepartementet kan i samråd med Finansdepartementet i særskilde tilfelle innvilge unntak.

Høgskular som har søkt om unntak frå kravet om institusjonsakkreditering

Universitets- og høgskulelova har sidan 1. januar 2020 krav om at private høgskular må ha institusjonsakkreditering frå Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) for å kunne få statstilskot, jf. Innst. 76 L (2019–2020) og Prop. 9 L (2019–2020). Det er der mellom anna peikt på at krav om institusjonsakkreditering kan bidra til meir fagleg og administrativt solide institusjonar og slik utgjere eit viktig bidrag for å styrke kvalitetsutviklinga ved institusjonane. Vidare er det peikt på at alle dei statlege universiteta og høgskulane med løyving over Kunnskapsdepartementets budsjett er institusjonsakkrediterte, og at det ikkje er nokon grunn til å stille lågare krav til dei private enn til dei statlege institusjonane. Stortinget har vedteke at opninga for unntak skal praktiserast snevert og er aktuell i svært få tilfelle.

Det er 10 private høgskular med NOKUT-akkrediterte utdanningstilbod som ikkje får tilskot frå Kunnskapsdepartementet. Av desse har Lillehammer Institute of Music Production and Industries (Limpi), Nordland kunst- og filmhøgskole og NSKI høyskole søkt om statstilskot i 2022 og dermed unntak frå kravet om institusjonsakkreditering. Dei tre høgskulane bidreg med utdanning av kandidatar på sine fagområde. Likevel skal unntaket praktiserast snevert, og det særlege samfunnsmessige behovet må derfor vere stort. Regjeringa har peikt på helse- og sosialfag, realfag og teknologi og lærarutdanning som områda med størst samfunnsmessige behov for kompetanse framover. Dei tre høgskulane gir ikkje utdanning i desse områda, og regjeringa foreslår derfor ikkje at Limpi, Nordland kunst- og filmhøgskole og NSKI høyskole får statstilskot i 2022. Kunnskapsdepartementet viser elles til at Nordland fylkeskommune, som eig Nordland

kunst- og filmhøgskole, har inngått ein intensjonsavtale med Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet om å overdra verksemda til universitetet.

6 av dei 15 private høgskulane som får tilskot over Kunnskapsdepartementets budsjett, har ikkje institusjonsakkreditering. For desse gjeld overgangsordninga fram til 2025, jf. universitets- og høgskulelova. Av desse har Barratt Due Musikk institutt og Høgskolen for dansekunst søkt om unntak frå kravet om institusjonsakkreditering i 2022. Formålet med kravet om institusjonsakkreditering er institusjonar som fagleg og administrativt er meir solide, og dermed styrkt kvalitetsutvikling av institusjonane. Regjeringa meiner at ein struktur med færre og sterkare institusjonar også i den private delen av sektoren vil bidra til det. Kunnskapsdepartementet foreslår ikkje unntak frå kravet om institusjonsakkreditering for Høgskolen for dansekunst. Kunnskapsdepartementet viser elles til at Barratt Due Musikk institutt vurderer moglege endringar i strukturen og utdanningstilbodet gjennom meir forutdanning for ungdom i alderen 16–19 år. Departementet vil ikkje vurdere unntak frå kravet om institusjonsakkreditering i høgare utdanning før dette er avklart.

Andre saker

I 2021 løyvde Stortinget 7 mill. kroner over budsjettet til Justis- og beredskapsdepartementet til å dekke halvparten av årlege driftskostnader for Rettsgenetisk senter ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT). Regjeringa foreslår å flytte midlane til kap. 260, post 50 i 2022. For å dekke dei resterande årlege driftskostnadene foreslår regjeringa å auke løyvinga til UiT med 7,7 mill. kroner, gjennom å omfordele 6,9 mill. kroner på kap. 260, post 50 frå dei statlege universiteta og høgskulane og flytte 0,8 mill. kroner og 77 000 kroner frå høvesvis Justis- og beredskapsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet.

Kunnskapsdepartementet foreslår ein auke på 3,3 mill. kroner i rammeløyvinga til Universitetet i Oslo for meirbehovet til Regionale komitear for medisinsk og helsefagleg forskingsetikk ved komiteane for klinisk utprøving av legemidlar og medisinsk utstyr (REK-KULMU).

Kunnskapsdepartementet foreslår å flytte 2,8 mill. kroner frå rammeløyvinga til Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, som dekker delar av drifta av pådrivararbeidet for universell utforming. Sjå òg omtale under kap. 256, post 01.

Nord universitet, OsloMet – Storbyuniversitetet, Høgskulen i Innlandet og Universitetet i Sør-aust-Noreg har inngått avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring om bruk av ei løysing for tilsetjing og arbeidskontrakt. Kunnskapsdepartementet foreslår å rammeoverføre 0,4 mill. kroner til kap. 1605, post 01 i Finansdepartementets budsjett.

Den nye strategien *Strategi for digital omstilling i universitets- og høyskolesektoren 2021–2025* omfattar alle sider ved digitalisering i sektoren. Kunnskapsdepartementet vil følge opp strategien saman med universitet og høgskular og i samarbeid med HK-dir, NOKUT, Forskringsrådet og Sikt.

Kap. 270 Studentvelferd

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
74	Tilskot til velferdsarbeid o.a.		123 380	126 588
75	Tilskot til bygging av studentbustadar, <i>kan overførast</i>	448 608	803 507	959 158
	Sum kap. 270	448 608	926 887	1 085 746

Post 74 Tilskot til velferdsarbeid o.a.

Posten omfattar tilskot til det generelle velferdsarbeidet til studentsamskipnadene og tilskot til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar.

Mål for 2022

God studentvelferd og studentorganisasjonar som er dyktige til å fremje studentane sine interesser.

Målet med ordninga er å legge grunnlag for studentvelferd ved utdanningsinstitusjonane, studentorganisasjonane og studentsamskipnadene. Velferdsarbeidet til studentsamskipnadene skal supplere det generelle velferdstilbodet elles i samfunnet og vere ein integrert del av læringsmiljøet ved utdanningsinstitusjonane. Pengane skal gå til å styrke velferdstilbodet til studentane, til dømes det psykiske helsetilbodet. I tillegg er det pengar til arbeid med psykisk helse gjennom Helsedirektoratet som samskipnadene og fleire kan søke om.

Resultat i 2020

I 2020 blei midlane løyvd over kap. 272, post 50. Sjå rapporteringa der.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 126,6 mill. kroner på posten, der 107,5 mill. kroner er tilskot til

velferdsarbeidet til studentsamskipnadene og 19,1 mill. kroner er tilskot til landsomfattande studentorganisasjonar. Tilskota blir forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse på vegner av Kunnskapsdepartementet. Departementet foreslår følgjande tilskot til landsomfattande studentorganisasjonar:

- Association of Norwegian Students Abroad: 10,4 mill. kroner
- Norsk studentorganisasjon: 4,1 mill. kroner
- Organisasjon for norske fagskolestudenter: 2,5 mill. kroner
- International Students' Union of Norway: 1,9 mill. kroner
- Stipendiatorganisasjonene i Norge: 260 000 kroner

Post 75 Tilskot til bygging av studentbustadar, kan overførast

Posten omfattar midlar til studentsamskipnadene, og i særskilde tilfelle studentbustadstiftingar, til kjøp, ombygging, oppføring og rehabilitering av studentbustadar. Studentbustadane skal vere eit supplement til den private bustadmarknaden. Husbanken forvaltar tilskota for Kunnskapsdepartementet.

Mål for 2022

Rimelege og tilgjengelege bustadar for studentar.

Resultat i 2020

I 2020 gav Kunnskapsdepartementet tilsegn om tilskot til 2 200 hybeleiningar. Alle tilsegna var til bygging av nye studentbustadar i regi av student-samskipnadene. I 2020 blei det i tillegg løyvd 250 mill. kroner til oppgradering av studentbustadar, jf. Innst. 360 S (2019–2020) og Prop. 127 S (2019–2020), som del av økonomiske tiltak i møte med covid-19-pandemien. Åtte studentsamskipnader fekk tilsegn om tilskot til 15 prosjekt for å oppgradere 2 094 studenthyblar. Det er forventa at ni av prosjekta blir ferdige i 2021 og dei andre seks prosjekta i 2022.

Ved utgangen av 2020 var 2 236 hybeleiningar under bygging, og 1 371 nye hybeleiningar blei ferdige og kunne takast i bruk i løpet av 2020. Nokre samskipnader som fekk tilsegn i høvesvis 2018, 2019 og 2020, har utsett oppstart av bygging til andre halvår 2021 og til 2022. Årsaka til dette er mellom anna at nokre samskipnader slår saman prosjekt til felles byggetrinn, men òg forseinkingar i kommunale planprosessar og rekkefølgekrav.

For heile landet var dekningsgraden på studentbustadar 16,0 pst. i 2020, ifølge tal frå Database for statistikk om høgare utdanning. Dekningsgraden varierer mellom studiestadene. Til dømes er dekningsgraden i Oslo og Akershus på 14,7 pst., medan han på Ås er 34,1 pst. Det er ikkje eit mål å ha like stor dekningsgrad alle stadar,

sidan behovet vil variere mellom anna avhengig av tilbodet på den private leigemarknaden.

Bygging av studentbustadar skal gi rimelege bustadar for studentar. Ifølge studentundersøkinga Eurostudent VII har halvparten av dei norske studentane som svarte bustadkostnader på over 40 pst. av månadsinntekta. Ei undersøking frå NOKUT (NOKUT-rapport 3/2020) viser at leigeprisane i den private leigemarknaden er mykje høgare enn for studentbustadar. Prisen i gjennomsnitt for hybel, parleilegheit og familieleigheit er høvesvis 65, 21 og 42 pst. over prisen for tilsvarende studentbustadar.

Budsjettforslag for 2022

Regjeringa foreslår å løyve 959,2 mill. kroner på posten som skal dekke forventa utbetaling til både gamle og nye tilsegner. Midlane blir normalt betalte ut over tre år. Kostnadsramma og tilskotsatsen blir justerte med forventa prisvekst. Det inneber ei kostnadsramme på 1 011 900 kroner og ein tilskotssats på 382 200 kroner i pressområde og ei kostnadsramme på 955 700 kroner og ein tilskotssats på 326 200 kroner utanfor pressområde. Løyvinga gir rom for tilsegner om tilskot til 1 650 hybeleiningar i 2022.

Departementet foreslår ei tilsegnfullmakt på 895,5 mill. kroner knytt til posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Kap. 271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	175 902	170 451	167 683
21	Særskilde driftsutgifter	9 158	10	4 000
	Sum kap. 271	185 060	170 461	171 683

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar driftsutgifter for Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT), eit statleg forvaltningsorgan som er fagleg uavhengig på fleire område. NOKUT har ansvar for akkreditering og tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning og for godkjenning av utanlandsk utdanning.

Mål for 2022

- Alle utdanningar ved universitet, høgskular og fagskular tilfredsstillar nasjonale kvalitetskrav, og flest mogleg held eit høgt internasjonalt nivå.
- Universitet, høgskular, fagskular og student-samskipnader forstår og følger regelverket.
- Sektoren og samfunnet er godt informerte om kvaliteten ved universitet, høgskular og fagskular.
- Utanlandsk utdanning og kompetanse kan effektivt takast i bruk i Noreg.

Resultat i 2020

NOKUT har behandla nokre fleire søknader om akkreditering av universitets- og høgskuleutdanningar i 2020 enn i dei siste par åra. Samstundes sette dei tilsynet med kvalitetssikringssystem på vent i seks månader for å gi universiteta og høgskulane som stod for tur, tid til å områ seg då covid-19-pandemien braut ut. Etter det blei arbeidet ført vidare med digitale tilsyns- og institusjonsbesøk. For høgare yrkesfagleg utdanning har det vore ein auke i talet på fagskular med fagområdeakkreditering, som gir dei høve til sjølv å akkreditere nye utdanningar. Det vil bidra til at fagskulesektoren kan respondere raskare på behov for kompetanse i arbeidslivet. NOKUT fekk i 2020 ansvaret for yrkesgodkjenning av utanlandske kvalifikasjonar for lærarar i skulen og styrarar og pedagogiske leiarar i barnehagane. NOKUT har arbeidd godt med dette og sett inn ekstra ressursar for å ta igjen restansane i arbeidet.

NOKUT har informert godt om tilstanden i sektoren, gjennom ei rekke ulike medium og format, og la raskt om til digitale løysingar under covid-19-pandemien.

Saksbehandlingstida for søknadene om generell godkjenning av utanlandsk høgare utdanning gjekk markant ned i 2020 samanlikna med tidlegare år. Det kjem i stor grad av meir effektivt saksarbeid og til ei viss grad litt færre søknader enn i 2018 og 2019 og såkalla automatiske godkjenningar.

NOKUT har vidareført arbeidet med å digitalisere og effektivisere søknads- og saksbehandlingssjessane. Dei digitale løysingane har vore avgjerande for at dei har kunna halde oppe drifta omtrent som normalt trass i covid-19-pandemien.

NOKUT fekk i 2019 ansvar for forvaltning av forskrifter for universitet, høgskular og fagskular. NOKUT har prioritert rolla som regelverksforvaltar høgt i 2020. Vidare har NOKUT følgt godt opp både det europeiske og UNESCOs kvalifikasjonspass og arbeidet med å informere om UNESCOs globale konvensjon for godkjenning av høgare utdanning frå 2019, som Noreg ratifiserte i 2020.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 167,7 mill. kroner på posten.

Løyvinga på posten er redusert med 3,4 mill. kroner som følge av at forventta pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgivaravgift av dette, tilsvarande er redusert, jf. omtale under hovudinnleiinga punkt 1.3. Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere løyvinga til NOKUT med 3,1 mill. kroner som ein økonomisk gevinst av omorganiseringa av den sentrale forvaltninga under Kunnskapsdepartementet i 2018, jf. Innst. 400 S (2017–2018) og Prop. 85 S (2017–2018).

Forslaget omfattar også ein reduksjon på 274 000 kroner som følge av at regjeringa vurderer at covid-19-pandemien har gitt staten høve til å redusere reiseomfanget på kort og lang sikt. Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3271, post 02. Sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten omfattar utgifter til oppgåver der NOKUT får midlar frå eksterne kjelder. Utgifter ut over løyvinga på kap. 271, post 21 føreset meirinntekt på kap. 3271, post 01.

Resultat i 2020

Det blei i 2020 ført ei meirutgift på 9,1 mill. kroner på posten, som blir dekt av meirinntekta på kap. 3271, post 01, jf. meirinntektsfullmakta.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 4 mill. kroner på posten, som kan overskridast mot tilsvarande meirinntekt på kap. 3271, post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Kap. 3271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Inntekter frå oppdrag	9 158	10	4 000
02	Salsinntekter o.a.	174	633	646
	Sum kap. 3271	9 332	643	4 646

Løyvingane gjeld inntekter NOKUT får frå prosjektverksemd, kurs og konferansar.

Resultat i 2020

NOKUT har over nokre år hatt inntekter frå oppdrag som har vore vesentleg over inntektsløyvinga på 10 000 kroner.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å oppjustere inntektsløyvinga til 4 mill. kroner i tråd med prinsippet om realistisk budsjettering. Høgare inntektsløyving må motsvarast av tilsvarande justering av utgiftsløyvinga på kap. 271, post 21 for at det ikkje skal innebere redusert løyving til NOKUT.

Kap. 272 Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
50	Verksemdskostnader	628 108	157 375	
51	Tiltak for internasjonalisering, <i>kan overførast, kan nyttast under post 71</i>		236 190	121 062
52	Tiltak for høgare utdanning, <i>kan overførast, kan nyttast under post 72</i>		282 703	319 334
71	Tilskot til tiltak for internasjonalisering, <i>kan overførast, kan nyttast under post 51</i>			129 895
72	Tilskot til tiltak for høgare utdanning, <i>kan overførast, kan nyttast under post 52</i>			126 817
	Sum kap. 272	628 108	676 268	697 108

Post 50 Verksemdskostnader

Som følge av etableringa av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse foreslår Kunnskapsdepartementet å avvikle denne posten og flytte store delar av løyvinga på kap. 272, post 50 til kap. 256, post 01. Sjå mål og budsjettforslag for 2022 der. Resten av løyvinga er i budsjettforslaget flytta til kap. 272, post 52, 71 og 72 for fleksible utdanningstilbod og Den nordiske avtalen om gjensidig tilgang til høgare utdanning.

Resultat 2020

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) forvalta i 2020 tilskotsmidlar på til saman 2 mrd. kroner. For 2020 omfatta løyvinga under kap. 272, post 50 både tilskotsmidlar og verksemdskostnader i Diku. I tillegg til løyvinga under kap. 272 forvalta Diku også midlar frå Kunnskapsdepartementet under andre kapittel, som tiltak for internasjonalisering av høgare utdanning under kap.

288, post 21 og til fagskulane under kap. 240 og kap. 241, post 21. Diku forvalta òg 442 mill. kroner i 2020 i tilskotsmidlar frå Europakommisjonen (jf. kap. 288, post 74), i tillegg til midlar frå Utanriksdepartementet, Norad og Nordisk ministerråd.

Internasjonalisering

Dei internasjonale prosjekta blei i 2020 sterkt påverka av covid-19-pandemien og restriksjonane på den internasjonale mobiliteten. Mange av prosjekta måtte legge om planane og fekk utvida prosjektperiodar og utsett rapportering. Diku gjorde eit godt arbeid for å minske uvissa for internasjonale prosjekt, og for å hente inn og spreie informasjon om tilhøva for elevar og studentar på internasjonale opphald. I ordninga Noregskunnskap i utlandet har Diku støtta omlegginga til nettbaserte sommarkurs, slik at norskutdanningar i utlandet kunne halde fram trass i stengde universitetscampusar.

Diku har arbeidd for å mobilisere fleire aktørar i grunnopplæringa til å søke om støtte gjennom Erasmus+, som er EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett. Dei siste åra har det vore ein klar auke i søknadene om strategiske partnerskapsprosjekt i barnehage og skule. Blant tidlegare prosjekt med støtte rapporterer fleire at prosjekta har verka positivt for oppfølginga av måla i læreplanane og gitt internasjonale perspektiv på tema som klima- og miljøutfordringar, mangfald og sosial inkludering.

Deltakinga innanfor eTwinning blei aktualisert med overgangen til digitalt internasjonalt samarbeid i 2020, og den norske deltakinga både i samarbeidsprosjekt og digitale læringsressursar auka merkbart hausten 2020. Tiltaket eTwinning, ei plattform for samarbeid mellom skular og barnehagar i ulike land for å utvikle bruk av IKT i læring, er delvis finansiert av Erasmus+-programmet.

Partnerskapsprogrammet for internasjonalisering i lærarutdanninga (NOTED) blei etablert i 2017 for å betre kvaliteten i utdanningane gjennom meir internasjonalisering. Førebelse resultat viser at lærarutdanningane som deltek, har lukkast med å opprette internasjonale partnerskap, og at dette gir meir student- og tilsettemobilitet. Samarbeidet med partnerar i Europa, Nord-Amerika og Afrika har gitt erfaring med ny metodikk og auka interkulturell kompetanse for tilsette og studentar.

Tiltak for høgare utdanning

Diku tildelte i 2020 dei første midlane i ordninga for fleksible utdanningstilbod, basert på løyvingar i statsbudsjetta for 2019 og 2020. I lys av covid-19-pandemien blei ordninga styrkt i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020 som ein del av Utdanningsløftet 2020. Den samla tildelinga var på 100 mill. kroner, og fleire universitet og høgskular har utvikla og sett i gang fleksible studietilbod som òg er tilgjengelege utanfor campus, særleg innanfor vidareutdanningar. Ordninga gir betre tilgang til relevant og fleksibel utdanning for dei som av ulike grunnar ikkje kan flytte til ein studie-stad.

Diku fekk våren 2020 i oppgåve å kartlegge utdanningstilbod som kunne vere aktuelle for permitterte eller arbeidsledige, og fleire universitet og høgskular kunne som følge av dette oppskalere tilbodet. Diku samarbeidde òg med Kompetanse Noreg om utlysing av til saman 100 mill. kroner for å oppskalere nettbaserte tilbod for permitterte og ledige. Det har gitt tilbod til om lag 14 400 del-takarar.

Kvalitetsprogramma er ei samlenemning på program som er innretta mot kvalitet i høgare utdanning, med utlysing og tildeling av midlar etter fagfelle-vurdering av søknadene. I tråd med opptrappingsplanen for utdanningskvalitet i lang-tidsplanen for forskning og høgare utdanning for 2019–2028 blei det løyvd 40 mill. kroner meir til programma i 2020. Av det gjekk 20 mill. kroner til auka arbeidslivsrelevans og meir praksis i høgare utdanning, og 20 mill. kroner gjekk til å styrke praksis i kommunesektoren for helse- og sosialfag-utdanningane.

I 2020 lyste Diku ut og tildelte om lag 250 mill. kroner til 47 prosjekt under kvalitetsprogramma. Det var stor konkurranse om midlane. Dette bidreg til å styrke kvaliteten i norsk høgare utdanning og tyder òg på at programma er relevante og støtter opp under dei strategiane og prioriteringane institusjonane har. I 2021 oppretta Diku eit Råd for kvalitetsprogramma, som vil gi råd om overordna prioriteringar i programma.

Samarbeidsprosjekt mellom universitet og høgskular og verksemder bidreg til å utvikle nye tiltak for at utdanningane skal møte behova i arbeidslivet og spreie erfaringane med desse. Prosjekta som har fått støtte under Program for kvalitetsutvikling av praksis i lærarutdanningane i 2020, har lagt særleg vekt på kor viktig det er med eit godt og strukturert samarbeid med utdanningsinstitusjonane og praksisfeltet for å styrke kvaliteten i utdanninga. Det var stor geografisk

spreiing i fagmiljøa som fekk støtte i pilotordninga for kommunal praksis i helse- og sosialfagutdanningane, og som bidreg til at studentar får praksisplassar med høg kvalitet og medverkar til å få fleire kandidatar inn i helse- og omsorgstenesta i kommunane.

To utlysingar var retta mot å styrke dei digitale læringsutbyta frå nokre utdanningar og gjekk til koordinert utvikling av læremiddel for digital tryggleik i helse- og sosialfag, for at utdanningane skal møte krava i dei nye nasjonale retningslinjene for helse- og sosialfagutdanningar, og til tiltak for å heve den digitale kompetansen i havrelaterte utdanningar.

I 2020 gjennomførte Diku ei midtvegsevaluering av fire av sentera for framifrå utdanning som viser at fleire av sentera kan ta ein internasjonalt leiande posisjon på fagområda sine. Tre av dei er både nyskapande og leverer høg kvalitet, og eitt er i tillegg verdslende innanfor sitt fagfelt. Eitt senter fekk ikkje vidareføring for andre senterperiode.

Program for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU) driv ein nasjonal forskarskule og er svært viktig for å utvikle ph.d.-utdanninga i dei skapande og utøvande kunstfaga. Det er for tida 85 stipendiatar tilknytte forskarskulen. I tillegg har tjue stipendiatar gjennomført all obligatorisk utdanning og er i slutfasen i stipendiatprogrammet i PKU eller i ph.d.-program for kunstnarleg utviklingsarbeid. Programmet gir òg prosjektmidlar til kunstnarlege utviklingsprosjekt. I 2020 la PKU om all aktivitet i forskarskulen til digitale plattformer og gjennomførte alle obligatoriske seminar og samlingar etter årsplanen.

Studentvelferd

Diku har forvalta tilskota til studentsamskipnadene og dei nasjonale studentorganisasjonane som i 2020 blei løyvde over Dikus kap. 272, post 50. Tilskotet har gått til studentvelferdstenester som kantine, bustad, trening, helse og omsorg, rådgiving, sosiale, demokratiske, faglege og kulturelle tiltak og anna. Velferdsarbeidet fekk nytt innhald og blei endå viktigare i 2020, då studiekvardagen blei sterkt påverka av covid-19-pandemien. For å vareta studentane både fagleg og sosialt har studentsamskipnadene gjennomført ei rekke tiltak, ofte i samarbeid med utdanningsinstitusjonane og studentorganisasjonane. Dei har arrangert aktivitetar som turgrupper, bli-kjent-arrangement og mange andre møteplassar i mindre grupper og digitalt. Dei har òg tilbode psykisk helsehjelp og samtalar til studentane som trong nokon å snakke med. Dei nasjonale studentorganisasjo-

nane har fremja interessene til studentane gjennom mellom anna deltaking i styre og råd og i offentlege høyringar og debattar.

Post 51 Tiltak for internasjonalisering, kan overførast, kan nyttast under post 71

Posten blei oppretta i 2021 gjennom å flytte midlar til tiltak for internasjonalisering frå kap. 272, post 50 og kap. 288, post 21. Sjå rapporteringa av tiltak i 2020 der. Posten blir forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Løyvinga kan nyttast under kap. 272, post 51 når midlane går til statlege aktørar, og under kap. 272, ny post 71 Tiltak for internasjonalisering for tilskot til ikkje-statlege aktørar.

Mål for 2022

- Deltakinga til norske opplæringsaktørar i internasjonalt samarbeid bidreg til å oppfylle kvalitetsmål i grunnopplæringa.
- Norske elevar og studentar tek del i eit internasjonalt læringsmiljø.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 121,1 mill. kroner på posten. Det omfattar å flytte 67,6 mill. kroner for Den nordiske avtalen om tilgang til høgare utdanning til kap. 272, post 71 og å flytte 60,5 mill. kroner til kap. 272, post 71, sidan ein del av midlane HK-dir tildeler kan gå til ikkje-statlege aktørar. Departementet foreslår ei styrking av NORPART med 7,9 mill. kroner.

Løyvinga på post 51 og 71 går til programma HK-dir forvaltar for internasjonalisering i utdanning. Dette gjeld mellom anna:

- Partnerskapsprogram for globalt akademisk samarbeid (NORPART)
- Programmet UTFORSK (oppfølging av Panorama-strategien)
- Fulbright-programmet
- Tilskot til internasjonalt samarbeid og utveksling på andre nivå, mellom anna med Tyskland og Frankrike
- Ordninga Noregskunnskap i utlandet
- Den nordiske avtalen om gjensidig tilgang til høgare utdanning

Post 52 Tiltak for høgare utdanning, kan overførast, kan nyttast under post 72

Posten blei oppretta i 2021 gjennom å flytte midlar til program og tiltak for kvalitet i høgare utdan-

ning frå kap. 272, post 50. Sjå rapportering for 2020 der. Posten blir forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Løyvinga kan nyttast under kap. 272, post 52 når midlane går til statlege aktørar, og under kap. 272, ny post 72 Tiltak for høgare utdanning for tilskot til ikkje-statlege aktørar.

Mål for 2022

Dei uteksaminerte kandidatane frå høgare utdanning er høgt kompetente og dekker kompetansebehova i arbeidslivet og samfunnet.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 319,3 mill. kroner på posten. Det omfattar mellom anna å flytte 99,5 mill. kroner til kap. 272, post 72, sidan ein del av midlane HK-dir tildeler kan gå til ikkje-statlege aktørar.

Løyvinga på post 52 og 72 går til ulike program og tiltak retta mot høgare utdanning:

- senter for framifrå utdanning
- fleksible utdanningstilbod
- ulike program og tiltak for utvikling av praksisstudiar og auka arbeidslivsrelevans i utdanningane
- program for kunstnarleg utviklingsarbeid
- program for studentaktiv læring
- digitalisering for læring i høgare utdanning
- tilskot til nye lærebøker i høgare utdanning på norsk og samisk (Lærebokutvalet)
- tiltak for maritime utdanningar
- støtteordninga for opne norskspråklege tidskrift innanfor humaniora og samfunnsvitenskap
- utdanningsprisen for høgare utdanning

Regjeringa foreslår å trappe opp program for fleksible utdanningstilbod med 49,7 mill. kroner i 2022 til 149,5 mill. kroner. Av dette foreslår departementet å løyve 89 mill. kroner på post 52 og 60,5 mill. kroner på post 72, som kan nyttast om kvarandre. Alle dei søknadsbaserte ordningane for fleksible tilbod er samla i direktoratet. Som del av dei søknadsbaserte ordningane foreslår departementet å opprette to nye ordningar i 2022, varsla i regjeringa sin strategi for desentralisert og fleksibel utdanning. Eit nytt distriktsprogram for kompetanseutvikling skal styrke det desentraliserte utdanningstilbodet. Ordninga skal gi regionale aktørar, i samarbeid med ein fagskule, ein høgskule eller eit universitet som fagleg ansvarleg, støtte til utdanningstilbod i tråd med identifiserte behov for kompetanse lokalt og regionalt. Ei

ny ordning for studiesenter vil gi studiesenter og liknande aktørar støtte til aktivitetar for å nå ut med og legge til rette for at innbyggjarar og verksemder kan få fleksible og desentraliserte tilbod. Aktivitetane må vere utvikla i samarbeid med ein fagskule, ein høgskule eller eit universitet som fagleg ansvarleg for utdanningstilboda. Direktoratet vil ha dialog med regionale aktørar om ordningane. Dei to nye ordningane vil få eit omfang på minimum 40 mill. kroner.

Regjeringa foreslår ein auke på 50 mill. kroner som skal gå til prosjekt som utviklar og deler metodar for studentaktiv digital undervisning, læring og vurdering.

Departementet foreslår å flytte 37 mill. kroner frå kap. 275, post 21 for midlar til styrking av dei maritime utdanningane i tråd med Innst. 338 S (2020–2021) og Meld. St. 10 (2020–2021) *Grønnere og smartere – morgendagens maritime næring*, og 10,7 mill. kroner frå kap. 273, post 50 for støtteordninga for opne norskspråklege tidskrift innanfor humaniora og samfunnsvitenskap. Begge ordningane blir frå 2022 forvalta av HK-dir.

Post 71 Tilskot til tiltak for internasjonalisering, kan overførast, kan nyttast under post 51

Kunnskapsdepartementet foreslår å opprette ein ny post. Sjå kap. 272, post 51.

Mål for 2022

- Deltakinga til norske opplæringsaktørar i internasjonalt samarbeid bidreg til å oppfylle kvalitetsmål i grunnopplæringa.
- Norske elevar og studentar tek del i eit internasjonalt læringsmiljø.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 129,9 mill. kroner på posten. Sjå omtale av tiltaka under kap. 272, post 51. Av dette er 69,4 mill. kroner til Den nordiske avtalen om gjensidig tilgang til høgare utdanning, og budsjettforslaget inneber ei flytting av 1,7 mill. kroner frå kap. 272, post 50 og 67,6 mill. kroner frå kap. 272, post 51.

Post 72 Tilskot til tiltak for høgare utdanning, kan overførast, kan nyttast under post 52

Kunnskapsdepartementet foreslår å opprette ein ny post. Sjå kap. 272, post 52.

Mål for 2022

Dei uteksaminerte kandidatane frå høgare utdanning er høgt kompetente og dekker kompetansebehova i arbeidslivet og samfunnet.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 126,8 mill. kroner på posten. Sjå omtale av tiltaka under kap. 272, post 52.

Kap. 273 Kunnskapssektorens tenesteleverandør

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
50	Kunnskapssektorens tenesteleverandør	194 186	213 101	179 152
	Sum kap. 273	194 186	213 101	179 152

Post 50 Verksemdskostnader

Som følge av omorganisering av den sentrale forvaltninga av høgare utdanning, høgare yrkesfagleg utdanning og kompetansefeltet foreslår regjeringa å etablere eit nytt tenesteleveranseorgan, Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt), frå 1. januar 2022. Det inneber at tenesteleveransar i dagens Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning blir organiserte saman med Uninett AS og Norsk senter for forskingsdata AS (NSD). Sikt er organisert som eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter under Kunnskapsdepartementet. Departementet foreslår å endre namnet på kap. 273, post 50 til Kunnskapssektorens tenesteleverandør.

Mål for 2022

- Kunnskapssektoren har god tilgang til infrastruktur og fellestenester som gir gode brukaropplevingar.
- Meir datadeling for innovasjon og auka verdiskaping.
- Meir open forskning og nye forskingsmoglegheiter.
- Styrkt informasjonstryggleik og personvern innanfor kunnskapssektoren.

Resultat 2020

Rapporteringa gjeld løyvinga i 2020, som gjekk til Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Stenginga av lærestadene ved universitet og høgskular som følge av smitteverntiltaka i mars 2020 gjorde det naudsynt med ei rask og omfattande omlegging frå cam-

pusundervisning til nettundervisning. Den digitale omlegginga førte til ein enorm trafikkauke i dei digitale fellestenestene frå Unit og Uninett AS. Unit handterte trafikkauken gjennom ekstraordinær innsats og oppskalering av skytenester. Unit har gjennom 2020 levert sikre og stabile tenester for høgare utdanning og forskning trass i covid-19-pandemien.

Unit fekk i 2020 i oppdrag å utarbeide utkast til ny digitaliseringsstrategi i samarbeid med sektoren. Unit og sektorarbeidsgruppa gjorde eit godt og omfattande arbeid som grunnlag for

Strategi for digital omstilling i universitets- og høgskulesektoren 2021–2025.

Gjennom digitaliseringsstyret for høgare utdanning og forskning har universitets- og høgskulesektoren fått ein arena for brukarmedverknad og samarbeid som har bidrege til å setje fart på felles digitaliseringstiltak. Units sekretariatarbeid for Digitaliseringsstyret har medverka til gode avgjerdsprosessar.

Unit gjennomførte det samordna opptaket til høgare utdanning i 2020 etter planen trass i dei utfordringane covid-19-pandemien medførte. Samordna opptak til fagskuleutdanning blei gjennomført som planlagt for første gong i 2020.

Kunnskapsdepartementet vil legge til rette for tryggare lagring og ein sterkare delingskultur for digitale læringsressursar i høgare utdanning. I 2020 fekk Unit ei tilleggsloyving i tiltakspakken som følge av covid-19-pandemien på 20 mill. kroner til å dekke meirkostnader for å auke kapasiteten og tryggleiken i IKT-tenester, og digitale løysingar for læringsressursar, undervisning, eksamen og opptak. Unit starta arbeidet med ei felles nasjonal løysing for lagring og deling av digitale læringsressursar i 2020 og vil

halde fram med arbeidet i 2021. Løysinga vil gjere det lettare for undervisarar og studentar å finne kvalitetssikra læringsressursar uavhengig av lærestad.

Unit overtok i 2020 forvaltningsansvaret for Arbeidslivsportalen frå OsloMet. Arbeidslivsportalen er ei nasjonal, digital samhandlingsløysing for arbeidslivet, studentar, universitet og høgskular for å styrke og forenkle samhandlinga om studentpraksis i arbeidslivet. Arbeidslivsportalen blei prøvd ut ved OsloMet og Universitetet i Stavanger hausten 2020, og løysinga kan takast allment i bruk i 2021.

Unit har i 2020 halde fram med å forhandle om avtalar med dei store forlaga om open forskning. I 2020 forhandla dei fram seks avtalar på vegner av universitet, høgskular, forskingsinstitutt og sjukehus som gir lesetilgang til alle tidsskrifta til forlaga og høve til å publisere forskingsartiklar utan ekstra kostnader.

Budsjettforslag for 2022

Med etableringa av Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt) blir følgande oppgåver flytta frå Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir):

- oppgåver med samordning på IKT-området og pådrivarrolla for digitalisering, i tillegg til forvaltning av og sikring av etterleving av styringsmodellen for informasjonstryggleik
- oppgåver som Unit har hatt for Det nasjonale publiseringsutvalet og tilskotsforvaltning av støtteordninga for opne norskspråklege tidsskrift innanfor humaniora og samfunnsvitenskap
- forvaltninga av og hovudansvaret for Samordna opptak
- prosjektet kunnskap om effekten av digital teknologi, som går over perioden 2021–22

Oppgåvene til Norsk senter for forskingsdata (NSD) blir flytta til Sikt, med unntak av seksjonen for statistikk om høgare utdanning og forskning, som no ligg til HK-dir.

Departementet foreslår følgande flyttingar av midlar til kap. 273, post 50 som følge av etableringa av arbeidsdelinga mellom Sikt og HK-dir:

- 1,5 mill. kroner til levering av IKT-løysingar til det samordna opptaket til høgare yrkesfagleg utdanning frå kap. 241, post 21
- 4,7 mill. kroner som tidlegare har vore tilskot til NSD frå kap 275, post 70
- 15,2 mill. kroner i tidlegare øyremerkte basistilskot til NSD frå Forskningsrådet frå kap. 285, post 54

Vidare foreslår departementet å flytte følgande midlar frå kap. 273, post 50:

- om lag 34 mill. kroner til kap. 256, post 01 for gjennomføring og drift av det samordna opptaket i høgare utdanning, oppgåver innan digitalisering og informasjonstryggleik og midlar til husleige for tilsette i Universell
- 2,2 mill. kroner til kap. 256, post 21 i prosjektmidlar om kunnskap om effekten av digital teknologi
- 10,7 mill. kroner til kap. 272, post 52 for støtteordninga for opne norskspråklege tidsskrift innanfor humaniora og samfunnsvitenskap

Departementet foreslår å flytte 0,7 mill. kroner frå Finansdepartementets kap. 1605, post 01 til kap. 273, post 50. Dette er eit tilskot som tidlegare er gitt frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) til NSD for drift av Forvaltningsdatabasen. Vidare ligg det i budsjettforslaget eit krav om gevinstrealisering etter omorganiseringa av verksemdene i kunnskapssektoren i 2017 og 2018, på 3,6 mill. kroner i 2022. Av dette er 2,8 mill. kroner innarbeidd i budsjettforslaget for Sikt og 0,8 mill. kroner i forslaget for HK-dir. Sjølv på posten er redusert med 3,8 mill. kroner som følge av at forventede pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgivaravgift av dette, er tilsvarende redusert, jf. omtale under hovudinnleiinga punkt 1.3

Departementet foreslår som følge av dette å løyve 179,2 mill. kroner på posten.

Kap. 274 Universitetssenteret på Svalbard

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
70	Tilskot til Universitetssenteret på Svalbard	142 463	36 322	158 265
	Sum kap. 274	142 463	36 322	158 265

Post 70 Tilskot til Universitetssenteret på Svalbard

Posten omfattar tilskot til Universitetssenteret på Svalbard AS (UNIS).

Mål for 2022

Høg kvalitet i utdanning og forskning knytt til Svalbards plassering i eit høgarktisk område.

Resultat 2020

Alle emne ved UNIS har ein obligatorisk feltkomponent, som i stor grad ikkje kunne gjennomførast i 2020 på grunn av smitteverntiltak. I mai 2020 vedtok UNIS å ikkje ta opp emnestudentar ut året, og 65 av 95 emne blei kansellerte. Covid-19-pandemien har følgeleg hatt store konsekvensar mellom anna for UNIS' mål på 220 studentårsverk. 299 studentar hadde kortare eller lengre opphald ved UNIS i 2020, og dei produserte 97 studentårsverk. Dette er ein tydeleg nedgang samanlikna med 2019. Dei fekk vidare utsett feltarbeid og gjennomført mindre forskning som følge av pandemien.

Lågare utgifter til utdannings- og forskingsaktivitet gjorde at UNIS kunne omdisponere midlar til å oppdatere utstyr og infrastruktur.

Budsjettforslag for 2022

Statsbygg tok frå 1. juli 2021 over forvaltninga av UNIS' bustadar på Svalbard. I 2021 blei tilskotet til UNIS redusert med 110,7 mill. kroner, tilsvarende overskotet deira ved sal av bustadane. Tilskotet blir tilsvarende justert opp igjen i 2022. Med forvaltningsoverføringa får UNIS 6,9 mill. kroner meir i årleg husleige, og regjeringa foreslår å auke løyvinga til UNIS med 5,6 mill. kroner, tilsvarende kapitalkostnadene i husleiga, i tråd med praksis frå tidlegare forvaltningsoverføringar. UNIS vil innanfor uendra tilskot dekke vedlikehaldskostnader med 10 mill. kroner over ti år. Kunnskapsdepartementet foreslår vidare å auke tilskotet til UNIS med 1,9 mill. kroner frå og med 2022 for UNIS' leige av studentareal i det nye bygget til studentsamskipnaden. Departementet foreslår med det eit samla tilskot på 158,3 mill. kroner til UNIS.

Kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	185 438	186 958	143 432
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	9 514	130 000	
70	Tilskot, <i>kan nyttast under post 21</i>	97 671	97 843	82 073
	Sum kap. 275	292 623	414 801	225 505

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Løyvinga til ulike tiltak og prosjekt innanfor høgare utdanning og forskning kan nyttast under kap. 275, post 21 når midlane er til statlege aktørar, og under kap. 275, post 70 for tilskot til ikkje-statlege aktørar.

Delar av løyvinga kan nyttast til lønn og andre utgifter for tilsette i Kunnskapsdepartementet.

Mål for 2022

Høg kvalitet og samordning innanfor høgare utdanning og forskning.

Resultat 2020

Kunnskapsdepartementet tildelte i 2020 totalt 185,4 mill. kroner over kap. 275, post 21.

I 2019 starta Unit eit fireårig program for informasjonstryggleik i universitets- og høgskulesektoren med ei årleg tildeling frå Kunnskapsdepartementet på 17,5 mill. kroner. Programmet finansierer tre prosjekt: 1) ny styringsmodell for informasjonstryggleik og personvern, 2) analysesenter og responsmiljø og 3) rådgivingstenester og kompetanseheving.

Unit og departementet har i samarbeid utvikla Kunnskapsdepartementets styringsmodell for informasjonstryggleik og personvern, som mellom anna set departementets og direktoratets risikostyring av sektoren i system. I samarbeid med fagmiljøa i sektoren har Unit og Uninett arbeid med å utvikle dei to andre prosjekta som tenestetilbod. Cybersikkerhetssenter for forskning og utdanning blei opna i mars 2021 og skal levere analyse, rådgiving og respons.

Eit hovudgrep i strategien *Lærerutdanning 2025: nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene* er partnerskap mellom lærarutdanningane og barnehage- og skuleeigarar for å etablere lærarutdanningsbarnehagar og lærarutdanningsskular. I 2020 blei det tildelt 65,8 mill. kroner til universitet og høgskular til partnerskapssamarbeid for å styrke praksis i lærarutdanningane, og ordninga blei utvida til å omfatte barnehagelærerutdanninga.

I 2020 kom Fagleg råd for lærarutdanning 2025 med to rapportar som viste at dei aller fleste lærarutdanningsinstitusjonane har etablert partnerskap med skular og barnehagar. Samarbeidet om studentpraksis, FoU, kompetanseutvikling, rettleiingskompetanse, digital kompetanse og etter- og vidareutdanning er vik-

tig i partnerskapane. Sjå òg omtale under kap. 226, post 21.

Departementet fastsette i 2020 forskrift om rammeplan for femårig lærarutdanning i praktiske og estetiske fag. Nokre institusjonar treng å styrke kompetansen sin i desse faga for å kunne tilby utdanninga, og departementet fordelte 5 mill. kroner til dette etter søknad frå institusjonane. I 2019 og 2020 har institusjonane arbeidd med å utvikle og setje i verk utdanninga gradvis frå 2021.

Hausten 2020 blei det sett ned ei ekstern gruppe som skal foreslå endringar i rammeplanen for barnehagelærerutdanninga (BLU) som skal gi betre kvalitet i utdanninga. Gruppen følger opp tilrådingane frå følgegruppa for barnehagelærerutdanninga og ekspertgruppa om barnehagelærarrolla, og leverte sin rapport 1. oktober 2021. Gruppen skal også levere forslag til endring i rammeplanen for samisk barnehagelærerutdanning.

I 2020 utlyste og tildelte Diku til saman 20 mill. kroner til fire treårige prosjekt ved Nord universitet, NTNU, Høgskulen på Vestlandet og Høgskolen i Østfold som har bidrege til å styrke kvaliteten i praksis.

Kunnskapsdepartementet tildelte 38,5 mill. kroner til MARKOM2020, som er eit samarbeidsprosjekt for maritim kompetanse. Prosjektet har styrkt kvaliteten og samarbeidet i maritim fagskuleutdanning og høgare utdanning, rekruttering, forskarutdanning og samarbeid med næringslivet.

OsloMet – Storbyuniversitetet og Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet fekk 4,4 mill. kroner til å utvikle og drive kompletterande utdanning, primært for flyktningar med høgare utdanning frå heimlandet. Dei tilbyr lærar-, sjukepleiar- og ingeniørutdanning. Det er god søking til utdanningane, men kravet til norskkunnskapar er ei utfordring. OsloMet har integrert noko norskkopplæring i lærarutdanninga. Det er framleis viktig å arbeide for betre rekruttering, særleg til ingeniørutdanningane, og å få på plass gode praksisplassar. OsloMet vurderer å utvide tilbodet på helsefagsida til andre helsefagutdanningar det er etterspurnad etter.

Kunnskapsdepartementet starta i 2017 å utvikle nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningane som vil erstatte dei tidlegare rammeplanane for desse utdanningane. Retningslinjene blir utarbeidd av programgrupper som departementet nemner opp. Det er til no utarbeidd retningslinjer for totalt 21 grunnutdanningar, og i 2021 er retningslinjer for fleire vidareutdanningar under utvikling.

Sidan 2014 har Universitets- og høgskolerådet hatt ansvar for nasjonale retningslinjer for dei åtte

lærerutdanningane. Etter at UHR blei omorganisert i 2019, blei arbeidet med retningslinjene overført frå programgrupper til overordna nasjonale fagorgan, framleis i UHR-regi. Det er òg oppretta eit nettverk for arbeidet med masteroppgåver i grunnskulelærerutdanningane.

Løyvinga til Norsk Utenrikspolitisk Institutt (NUPI) i 2020 var 5,2 mill. kroner. NUPI har nådd ut til mange med formidlingsaktivitetane sine. Dei har òg bidrege i den offentlege debatten, og dei har kasta lys over verknadene av pandemien med fleire studiar for Utanriksdepartementets Corona Task Force.

Departementet tildelte midlar til fleire evalueringar og utgreiingsoppdrag som har bidrege til eit betre grunnlag for å nå måla for posten.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 143,4 mill. kroner på posten som skal gå til følgande formål:

- Partnerskapssamarbeid mellom lærerutdanningsinstitusjonar og skule- og barnehageeigarar: 65,8 mill. kroner
- Prosjekt for å styrke kvaliteten i praksis i lærerutdanningane: 15 mill. kroner
- Sikt for Program for informasjonstryggleik 2019–22: 12,5 mill. kroner
- HK-dir for Program for informasjonstryggleik 2019–22: 5 mill. kroner
- Norsk Utenrikspolitisk Institutt (NUPI) for å spreie forskingsbasert informasjon om internasjonale tilhøve, særleg til barn og unge: 5,5 mill. kroner
- Utvikling av nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningane: 5,5 mill. kroner
- Institusjonar som planlegg for femårig lærerutdanning i praktiske og estetiske fag: 2,5 mill. kroner
- Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek og Høgskolen i Innlandet for prøveprosjekt for betre tilgang til studielitteratur for studentar med funksjonsnedsetjingar som gir lesevanskar: 2 mill. kroner
- Fagleg råd for lærerutdanning 2025: 0,9 mill. kroner

I tillegg foreslår departementet midlar over kap. 275, post 21 til mellom anna geologiprogrammet GoNorth, NOU om opptak, kompletterande utdanning primært for flyktningar, den europeiske studentundersøkinga Eurostudent VIII, arbeidet med forskingsprisar og andre mindre tiltak.

Departementet foreslår å flytte 37 mill. kroner knytte til styrking av dei maritime utdanningane

til kap. 272, post 52. Vidare foreslår departementet å flytte 2,3 mill. kroner til kap. 256, post 01 der 1,5 mill. kroner gjeld administrasjon av midlar til maritim utdanning og 0,8 mill. kroner gjeld arbeidet for universell utforming. Departementet foreslår òg å flytte 0,3 mill. kroner knytte til internasjonale tiltak til kap. 288, post 21.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Fram til 2020 omfatta posten midlar til investeringar i utstyr og vedlikehald i universitets- og høgskulesektoren, og i 2021 blei midlar til ordninga for oppgradering og tilpassing av universitets- og høgskulebygg flytta til posten.

Regjeringa foreslår å avvikle posten frå og med 2022, for å finne rom for andre budsjettprioriteringar.

Resultat 2020

Det blei løyvd 9,5 mill. kroner over posten i 2020 som gjekk til Kunsthøgskolen i Oslo til å rehabilitere verkstadar og scener, og til OsloMet – Storbyuniversitetet til digitale og tekniske verktøy til helse- og velferdsteknologi.

Post 70 Tilskot, kan nyttast under post 21

Mål for 2022

Høg kvalitet og samordning innanfor høgare utdanning og forskning.

Resultat 2020

Kunnskapsdepartementet utbetalte til saman 97,7 mill. kroner over kap. 275, post 70:

- Senter for grunnforskning (CAS) for den generelle verksemda: 22,4 mill. kroner
- Universitets- og høgskolerådet (UHR): 20,9 mill. kroner, inkl. 5,4 mill. kroner til Komité for kjønnsbalanse og mangfald i forskning og 2,2 mill. kroner til Det nasjonale publiseringsutvalet
- Norsk senter for forskingsdata (NSD) for Database for statistikk om høgare utdanning (DBH): 18,8 mill. kroner
- Det Norske Videnskaps-Akademi: 9,6 mill. kroner
- Høgskolesenteret i Kristiansund: 8,5 mill. kroner
- Det Kongelige Norske Videnskabers selskap: 3,3 mill. kroner

- Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning for Kandidatundersøkinga: 2,7 mill. kroner
- NLA Høgskolen for partnerskapar i grunnskulelærerutdanninga: 2,4 mill. kroner
- Akademiet for yngre forskere: 2,2 mill. kroner
- Universitets- og høgskolerådet for arbeidet i UHR-Lærerutdanning med retningslinjer for lærerutdanningane: 2 mill. kroner
- Universitets- og høgskolerådet for å styrke arbeidet med IKT-tryggleik og praksis i ingeniørutdanninga: 2 mill. kroner
- Nord-Troms Studiesenter: 1 mill. kroner
- Studiesenter Lister kompetanse: 1 mill. kroner
- Forskningsinstituttens fellesarena: 0,6 mill. kroner
- Centre International de Mathématiques Pures et Appliquées (CIMPA): 0,3 mill. kroner
- Senter for grunnforskning (CAS) for den generelle verksemda: 23,7 mill. kroner
- Universitets- og høgskolerådet (UHR): 23,1 mill. kroner, inkl. 5,7 mill. kroner til Komité for kjønnsbalanse og mangfald i forskning og 2,3 mill. kroner til Det nasjonale publiseringsutvalet
- Det Norske Videnskaps-Akademi: 10,1 mill. kroner
- Høgskolesenteret i Kristiansund: 9 mill. kroner
- Det Kongelige Norske Videnskabers selskap: 3,5 mill. kroner
- Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning for Kandidatundersøkinga: 2,9 mill. kroner
- Akademiet for yngre forskere: 2,4 mill. kroner
- Universitets- og høgskolerådet for arbeidet i UHR-Lærerutdanning med retningslinjer for lærerutdanningane: 2 mill. kroner
- Senter for grunnforskning: 1,8 mill. kroner
- Nord-Troms Studiesenter: 1,5 mill. kroner
- Studiesenter Lister kompetanse: 1,1 mill. kroner
- Forskningsinstituttens fellesarena: 0,7 mill. kroner

Løyvinga finansierer fleire tiltak som har gitt eit viktig grunnlag for informasjon om høgare utdanning og forskning som både departementet og aktørane i sektoren treng for å heve kvaliteten. Løyvinga finansierer også tre studiesenter, som har bidrege til tilgang til studietilbod lokalt. Rapporteringa for 2020 viser at alle institusjonane har halde fram med den faglege verksemda på ein tilfredsstillande måte.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 82,1 mill. kroner på posten:

Departementet foreslår å flytte 13,2 mill. kroner til drifting av database for statistikk om høgare utdanning (DBH) til kap. 256, post 01 og 4,7 mill. kroner til kap. 273, post 50. Departementet foreslår òg å flytte 0,3 mill. kroner knytte til Centre International de Mathématiques Pures et Appliquées (CIMPA) til kap. 288, post 21.

Kap. 3275 Tiltak for høgare utdanning og forskning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Inntekter frå oppdrag		10	10
	Sum kap. 3275		10	10

Kap. 284 Dei nasjonale forskningsetiske komiteane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	17 237	19 424	19 839
	Sum kap. 284	17 237	19 424	19 839

Post 01 Driftsutgifter

Dei nasjonale forskningsetiske komiteane (FEK) er eit forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet. Løyvinga dekkjer arbeidet i administrasjonen, Granskingsutvalet og dei tre nasjonale forskningsetiske komiteane for høvesvis medisin og helsefag, samfunnsvitenskap og humaniora, og naturvitenskap og teknologi. Oppgåvene er fastsette i forskningsetikklova, som også slår fast at komiteane og utvala er fagleg uavhengige organ.

Mål for 2022

Det overordna samfunns målet med FEK er etisk god og ansvarleg forskning. Måla med verksemda er

- at forskarar og forskingsinstitusjonar fremjar etisk god og ansvarleg forskning
- at andre aktørar tek omsyn til forskningsetikk i arbeidet sitt
- at samfunnet har tillit til forskning

Resultat i 2020

FEK gjennomførte i 2020 ei rekke aktivitetar for å støtte forskarar og forskingsinstitusjonar i arbeidet.

det med forskningsetikk. FEK har arbeidd med retningslinjer og gav ut rapporten *Stordata i forskning: store muligheter, store utfordringer* og ein forskningsetisk rettleiar for medisinsk og helsefagleg forskning i låg- og mellominntektsland. Vidare har FEK arrangert fleire foredrag og forelesingar ved forskingsinstitusjonane. Dei har mellom anna markert 30-årsjubileum ved å gjennomføre digitale opne møter og lansert nye nettsider og podkasten *Forskningsetikk* for å nå eit breiare publikum.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 19,9 mill. kroner på posten. Løyvinga på posten er auka med 17 000 kroner som følge av at forventta pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inklusive arbeidsgivaravgift av dette, tilsvarande er auka, jf. omtale under hovudinnleiinga punkt 1.3. Forslaget omfattar også ein reduksjon på 37 000 kroner som følge av at regjeringa vurderer at covid-19-pandemien har gitt staten høve til å redusere reiseomfanget på kort og lang sikt.

Kap. 285 Noregs forskingsråd

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
52	Langsiktig, grunnleggande forskning	1 810 078	1 756 471	1 708 476
53	Sektoroverskridande og strategiske satsingar	1 507 881	1 885 791	1 885 508
54	Forskningsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse	791 409	784 695	765 607
55	Verksemdskostnader	780 105	795 599	785 937
	Sum kap. 285	4 889 473	5 222 556	5 145 528

Noregs forskingsråd er ein sentral aktør i det norske forskings- og innovasjonssystemet og eit viktig verkemiddel for å nå dei forskingspolitiske måla til regjeringa. Sjå omtalen av mål under post 55.

I tråd med sektorprinsippet for norsk forskning, som inneber at kvart departement har ansvar for å finansiere forskning innanfor sine ansvarsområde, bidreg løyvingar frå mange departement til å nå dei måla regjeringa har sett for forskingspolitikken. Ei oversikt over dei største tildelingane til

Forskningsrådet frå andre departement i 2020 og 2021 er presentert i del III, kap. 5.

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for etatsstyringa av Forskningsrådet og for at rådet når dei måla som er sette for verksemda. Eit felles styringssystem for Forskningsrådet samordnar styringssignala frå dei ulike departementa til Forskningsrådet.

I tillegg til midlane over kap. 285 får Forskningsrådet løyvingar over følgande andre kapittel og postar på Kunnskapsdepartementets budsjett:

- kap. 201, post 21 (utdanningsforskning og forskning på forskings- og innovasjonspolitik)k)
- kap. 226, post 71 (tilskot til kunnskapssenter)
- kap. 287, post 57 (grunnløyving til dei samfunnsvitskaplege institutta)
- kap. 288, post 21 (oppfølging av internasjonalt samarbeid)

- kap. 291, post 50 (forskning på velferd, arbeidsliv og migrasjon)

Sjå nærare omtale av desse løyvingane under dei respektive postane.

Nokre av løyvingane til Forskingsrådet er øyremerkte tilskot til institusjonane i tabell 4.26.

Tabell 4.26 Øyremerkte tilskot gjennom Noregs forskingsråd

(i 1 000 kr)		
Organisasjon	Kap.post	Forslag 2021
Sars internasjonale senter for marin molekylærbiologi ved Universitetet i Bergen	285.52	19 500
Simula AS	285.52	78 180
Uninett Sigma2 AS ¹	285.54	50 000

¹ Løyvinga til Uninett Sigma 2 er ei snittløyving for den komande avtaleperioden.

Avsetningar i Noregs forskingsråd

Forskingsrådet er nettobudsjettert og kan overføre ubrukt løyving ved utgangen av året som gir utslag i avsetningar. Ved starten av 2021 er dei ubundne avsetningane i Forskingsrådet om lag 4 mrd. kroner, ein auke på over 800 mill. kroner det siste året. Dette er både midlar som ikkje er tildelte og midlar som er sett av til framtidige utbetalingar i samsvar med inngåtte avtaler. Auken dei siste åra kjem av ekstraordinære løyvingar under covid-19-pandemien, som i stor grad skal utbetalt i inneverande år. I tillegg er om lag 2 mrd. kroner i avsetningar bundne til allereie påkomne kostnader, til dømes opptente, men ikkje utbetalte feriepengar og leverandørskuld (forskning som er utført og som skal betalast).

Avsetningane samlar seg opp av ulike årsaker. Ei årsak er at det tek tid før løyva tilskot til forskning faktisk kjem til utbetaling fordi det tek tid å utarbeide utlysingar, forskingsmiljøa skal utarbeide søknader og søknadene skal handsamast før tildelinga kan skje. Dette blir særleg utfordrande dersom løyvinga kjem etter at budsjettåret har starta, slik som under covid-19-pandemien. Konkurransen skal gi kvalitet i forskings- og innovasjonsprosjekta, som er eit grunnleggande fortrinn for eit nasjonalt forskingsråd. Samstundes krev gjennomføringa av konkurranse tid, og kan gjere det vanskeleg å få utbetalt auka løyvingar i budsjettåret.

I tillegg blir arbeidet forseinka av at einskilde departement er seint ute med å sende sine tildelingsbrev til Forskingsrådet. Nokre løyvingar

kjem også med særskilde og spesifikt avgrensa føringar som Forskingsrådet skal ta omsyn til og som kan gjere at dei får inn færre kvalifiserte søknader.

Ei anna årsak er at forskingsprosjekta kan bli forseinka, som kan gjere at midlane ikkje blir betalte ut i planlagt tempo. Dette har gjerne menneskelege årsaker, som sjukdom, foreldrepermisjon og rekruttering av personale. Ei anna utfordring kan vere at det ikkje kjem inn nok kvalifiserte søknader om tilskot. Det kan skje til dømes ved nye, store satsingar på område som ikkje tidlegare har vore prioriterte og der det manglar kapasitet i forskingsutførande verksemder.

Gjeldande praksis har nokre problematiske sider. Store avsetningar er ikkje i tråd med kontantprinsippet og ettårsprinsippet i løyvingsreglementet. Budsjettet og statsrekneskapen reflekterer derfor ikkje fullt ut den faktiske forskingsaktiviteten som staten finansierer i budsjettåret. Dette kan gjere dei politiske prioriteringane i budsjettåret vanskeleg, sjølv om prioriteringane blir følgde opp som føreset over tid. Eittårige kutt, slik Stortinget har vedteke i nokre år for å redusere avsetningane, blir opplevde som uføreseielege for forskingsmiljøa og Forskingsrådet, og kan også svekke budsjettbalansen over tid dersom dei finansierer varige utgifter på andre område. Når utbetalingar frå Forskingsrådet er forseinka, er samla ressursar som staten gjer tilgjengelege for eit formål i budsjettåret større enn det som kjem fram av løyvingane. Dette svekker kor fullstendig statsbudsjettet er.

Handtering av avsetningar i Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd har dei siste åra sett i verk fleire tiltak for å bygge ned avsetningane. Det er òg innført porteføljestyling, og søknads- og tildelingsprosessen er korta ned for å få utbetalt ein større del av midlane innanfor budsjettåret. Forskingsrådet har òg intensivert dialogen med tilskotsmottakarane for å avgrensa forseinkingar i prosjekta.

Det viktigaste tiltaket til Forskingsrådet for å bygge ned avsetningane har vore å auke talet på utlysingar. Forskingsrådet praktiserer aktiv likviditetsstyring, som inneber at dei tildeler forskingsmidlar for heile prosjektperioden, som normalt blir utbetalte over ei 4-5 års periode. Forskingsrådet forskuterar på denne måten løyvingar frå departementa, men alle kontraktar inkluderer ein klausul om at framtidige utbetalingar er avhengige av løyvingar frå Stortinget. Likviditetsstyring inneber òg at Forskingsrådet mellombels nyttar avsetningar frå andre område og forskingsprogram, for å dekke overforbruk innanfor område og forskingsprogram som er i ein fase som gjer at dei kan bruke meir midlar enn den årlege tildelinga tilseier. På den måten kan Forskingsrådet utnytte dei samla tildelingane best mogleg. Normalt skjer denne mellombelse omfordelinga innanfor same post. Dette avheng likevel av breidda til posten og dermed kor mange forskingspolitiske prioriteringar som ligg innanfor posten. I arbeidet til Forskingsrådet er det likevel lagt vekt på å halde avsetningane så låge som mogleg, og samstundes sikre at bruken av avsetningane ikkje strir mot formålet med løyvinga som er fastsett av Stortinget. Som ein del av aktiv likviditetsstyring har Forskingsrådet sett eitt tak på 20-30 pst. for kor mykje dei mellombels kan nytte av avsetningane frå andre program og tiltak innanfor den einskilde posten. Over tid vil det likevel aldri vere slik at Forskingsrådet tildeler meir eller mindre til eitt formål enn det Stortinget har vedteke. Ein slik praksis skal føre til rask nedbygging av avsetningane, og samstundes sørge for at Forskingsrådet tildeler midlar til dei formåla som Stortinget har fastsett.

Kunnskapsdepartementet vil gjennomgå praksisen i Forskingsrådet for bruk av avsetningane for å sikre ivaretakinga av økonomiregelverket og løyvingreglementet. Regjeringa vil òg vurdere om NFR bør ha større fleksibilitet i bruken av løyvingane, gitt at tildelingane over tid er i tråd med intensjonen til Stortinget.

Omprioritering for å følge opp langtidsplanen for forskning og høgare utdanning

I langtidsplanen for forskning og høgare utdanning varsla regjeringa at opptrappingsplanane delvis skal finansierast gjennom omprioriteringar, og Stortinget slutta seg til dette, jf. Innst. 164 S (2018–2019). Gitt avsetningssituasjonen, som er beskrive ovanfor, foreslår regjeringa i statsbudsjettet for 2022 å omprioritere 307,5 mill. kroner av Forskingsrådets samla avsetningar til opptrappingsplanane for teknologiløft og FoU for fornying og omstilling i næringslivet, med vekt på hav, klima, miljø og miljøvennleg energi og mogleggjerande og industrielle teknologiar. Vidare foreslår regjeringa at 130 mill. kroner av avsetningane blir prioriterte til formål innanfor prioriteringane fornying i offentleg sektor og betre offentlege tenester og samfunnstryggleik og samhør i ei globalisert verd. Regjeringa legg til grunn at omprioriteringane vil vere i tråd med dei overordna sektorpolitiske føringane for løyvinga til det einskilde departementet.

På Kunnskapsdepartementet sitt område foreslår regjeringa å nytte 85,5 mill. kroner av avsetningane til følgande formål: 10 mill. kroner til klimavennelege havnæringar, 15 mill. kroner til kommersialisering og radikal innovasjon, 30 mill. kroner til e-infrastruktur for ei digitalisert verd og 30,5 mill. kroner til IKT-forskning innan kunstig intelligens og digital tryggleik, inkludert dei rettslege rammene for kunstig intelligens, og teknologiske problemstillingar med relevans for utvikling av system og tenester i forvaltninga. I tillegg foreslår regjeringa å omprioritere 62,5 mill. kroner av den ordinære løyvinga over kap. 285 til opptrappingsplanen for kvalitet i høgare utdanning over budsjettet til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, jf. omtale under kap. 272, post 52 og kap. 256, post 21 og 01. Satsingane er nærare omtalte under del III, kap. 5

Post 52 Langsiktig, grunnleggande forskning

Kunnskapsdepartementet har eit særskilt ansvar for å finansiere forskning som ikkje er øyremerkert særskilde tema eller formål. Løyvinga over kap. 285, post 52 skal finansiere langsiktig, grunnleggande forskning, bidra til å betre den vitenskaplege kvaliteten i forskingsmiljø eller på einskilde forskingsområde og bidra til å utvikle fagmiljø av framifrå kvalitet.

Mål for 2022

Langsiktig, grunnleggande forskning av høg kvalitet, uavhengig av fagområde.

Resultat i 2020

Dei målretta verkemidla for auka vitenskapleg kvalitet, til dømes forskarprosjekt for fornying, forskarprosjekt for unge talent og forskingssenter, har blitt styrkte og vidareutvikla i dei siste åra.

Satsinga på langsiktig, grunnleggande forskning har bidrege til å gi dei beste forskarane i alle fag gode høve til å drive framifrå forskning og utvikle forskarkarrieren sin. Rekrutteringa er god, og unge forskartalent tek del i framifrå forskning. Prosjekt støtta av Forskingsrådet er av god kvalitet, og blir publiserte og siterte på høgde med eller over landsgjennomsnittet. Det er positivt at porteføljeomlegginga i Forskingsrådet har ført til tildeling av fleire søknader av høg kvalitet. Gjennom vidare arbeid med omlegging frå program til breiare porteføljar arbeider Forskingsrådet for å styrke den vitskapelege kvaliteten i porteføljen og for at fleire prosjektsøknader som oppnår toppkarakter, blir innvilga. Det er likevel ei vedvarande utfordring at mange klart støtteverdige forskningssøknader får avslag.

Ordninga Senter for framifrå forskning (SFF) bidreg til at dei beste forskingsmiljøa får betre og meir føreseielege rammer, og til at vitenskapleg kvalitet blir prioritert på institusjonane. Ordninga blei evaluert våren 2020, og evalueringskomiteen konkluderte med at ordninga var ein suksess, og tilrådde at ho blei vidareført som ein open arena.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 1 708,5 mill. kroner på posten.

Kunnskapsdepartementet har bestemt at Statistisk sentralbyrå skal overta ansvaret for FoU-statistikken. Arbeidet med statistikken blir i dag utført av Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning og hovudsakleg finansiert gjennom Noregs forskingsråds løyving på kap. 285, post 52. Overføringa av oppgåvene knytte til statistikken skal skje som ein verksemdsoverdraging, og midlane vil bli lagde inn i løyvinga til SSB. Departementet foreslår derfor å overføre 11,5 mill. kroner til Finansdepartementet. Vidare foreslår departementet å flytte 2,7 mill. kroner til redaksjonsansvaret for Indikatorrapporten til kap. 285, post 55. Sjø omtale under kap. 285, post 55.

Departementet foreslår å flytte 25 mill. kroner til grunnleggande IKT-forskning, til kap. 285, post 53 der midlane skal nyttast til teknologikonvergens.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 45,5 mill. kroner for å frigjere midlar til andre formål, mellom anna til opptrappingsplanen Kvalitet i høgare utdanning.

Post 53 Sektoroverskridande og strategiske satsingar

I rapporten frå områdegjennomgangen av Forskingsrådet blei det foreslått å reindyrke denne posten som ein finansieringsmekanisme som skal vareta endringsbehov, sektoroverskridande område og lange tidsperspektiv i forskningssystemet. Regjeringa har konkludert med at løyvinga på denne posten skal fordelast i tråd med følgande prinsipp:

- bidra til oppfølging av regjeringas forskingspolitiske prioriteringar i langtidspanen for forskning og høgare utdanning
- gi fleksibilitet til å gjennomføre langsiktige endringar i forskningssystemet. Midlar på posten kan til dømes verke saman med satsingar frå andre departement i ein startfase. Posten skal verke mobiliserande, ikkje kompensere
- støtte og bygge opp forskning av høg vitenskapleg kvalitet og forskning med høg relevans

Mål for 2022

Sektoroverskridande forskning av høg kvalitet og forskning med høg relevans som bidreg til å følge opp prioriteringane i langtidspanen og til å gjennomføre langsiktige endringar i forskningssystemet.

Resultat i 2020

Den koordinerande rolla til Kunnskapsdepartementet i forskingspolitikken og ansvaret for forskningssystemet inneber at departementet bidreg med finansiering i mange av programma og aktivitetane til Forskingsrådet.

Midlane på posten skal sørge for ei god oppfølging av langtidspanen for forskning og høgare utdanning. Tiltak innan klima, miljø og miljøvennleg energi, hav, teknologiar og samfunnstryggleik er viktige tema. Det er også betre og meir effektive offentlege tenester.

Midlane bidreg til å auke forskingskapasitet på viktige område og støtte opp om sektoroverskridande forskning av høg kvalitet.

Forskringsrådet har i 2020 halde fram arbeidet med å styrke den delen av løyvingane som går til humaniora, og har som mål å auke denne til 5 pst. av rådets samla løyvingar. Det er lagt godt til rette for dette innanfor dei sektoroverskridande satsingane, og det er ein svak auke frå 2019 til 2020 med forventning om ytterlegare auke i 2021. For å kunne nå dette ambisjuse målet er Forskringsrådet i tillegg avhengig av gode søknader frå humanioramiljøa.

Løyvinga på posten finansierer også stimuleringsordningar for betre deltaking i EUs ramme-program for forskning og innovasjon, som til dømes prosjektetableringsstøtte (PES) og STIM-EU. Midlane går til ei rekke ulike tiltak, i hovudsak i Forskringsrådet, men òg i Innovasjon Noreg. Horisont 2020 blei avslutta i 2020 og norske forskings- og innovasjonsmiljø, næringsliv, offentlege verksemder og helseforetak har henta heim om lag 2,5 pst. av dei konkurranseutsette midlane, godt over det målet regjeringa sette på 2 pst. Til samanlikning henta norske fagmiljø inn 1,7 pst. i førre programperiode (2007–2014). Det er grunn til å tru at opptrappinga og innrettinga av stimuleringsordningane har medverka positivt til auka norsk deltaking i Horisont 2020.

Andre sentrale satsingar som har fått finansiering over denne posten, er senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) og forskingssenter for miljøvennleg energi (FME). SFI-ane bidreg til å fremje utvikling av næringsretta forskingsmiljø som ligg i den internasjonale forskingsfronten. Sentera legg godt til rette for eit nært samarbeid mellom bedrifter og forskingsgrupper. Dette gir auka næringsrelevant kompetanse i FoU-miljøa og auka FoU-kompetanse i næringslivet. Det vart finansiert 22 nye senter innanfor SFI-ordninga i 2020.

Brorparten av dei konkurranseutsette midlane til polarforskning vart òg finansierte over denne posten. Satsinga bidreg til å styrke Noregs rolle som polarforskningsnasjon, og Noreg er no femte største nasjon i verda målt i talet på vitenskaplege artiklar på det feltet. Polarforskninga gir viktige bidrag til dei langsiktige prioriteringane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, med særskild vekt på klima, miljø og miljøvennleg energi og samfunnstryggleik.

Nærings- og fiskeridepartementet og Kunnskapsdepartementet har gjennom 2020 og 2021 halde fram arbeidet med å sjå på moglegheter for å styrke kommersialisering av offentleg finansiert forskning og samarbeider med andre relevante departement i dette arbeidet. Sentrale element er

teknologioverføringsssentra TTO-ane som verkemiddel for å støtte opp om kommersialiseringsaktivitetar (mellom anna FORNY). Dei to departementa har i 2021 utlyst midlar til ei utgreiing om rolla og ansvaret til TTO-ane i det nasjonale forskingssystemet. Utgreiinga blir ferdig hausten 2021. Departementa og Forskringsrådet er vidare i dialog om utviklinga av verkemidla på dette området, mellom anna gjeld dette utviklinga av FORNY. Målet er å auke kommersialiseringa av offentleg finansiert forskning.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 1 885,5 mill. kroner på posten.

Noregs forskingsråd skal i 2022 vidareføre prosessen med utviklinga av mellom anna FORNY-programmet i samsvar med signala frå Nærings- og fiskeridepartementet og Kunnskapsdepartementet. Ordninga i FORNY-programmet med lokale prosjektmidlar til TTO-ane vert vidareført som ei overgangsordning i 2022, men frå 2023 vert endringar i programmet vurdert. Målet er auka kommersialisering frå forskning ved at forskingsresultat i større grad gir nye produkt og tenester og auka verdiskaping.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga til stimuleringsordningane for å auke norsk deltaking i Horisont Europa. Midlane går til ei rekke tiltak i Noregs forskingsråd og i Innovasjon Noreg, mellom anna prosjektetableringsstøtte (PES) og stimuleringsmidla for instituttsektoren, STIM-EU.

Regjeringa foreslår å samle verkemidla for etablerarar i Innovasjon Noreg. Ordninga for student-entreprenørskap (StudENT) vert flytta frå Noregs forskingsråd til Innovasjon Noreg frå 2022. Innovasjon Noreg vil få i oppdrag å sørge for at dei ulike ordningane retta mot etablerarar fungerer godt saman. Forslaget er ei oppfølging av områdegjennomgangen av det næringsretta verkemiddelapparatet. I samband med dette foreslår regjeringa å rammeoverføre 9 mill. kroner frå kap. 285, post 53 til Innovasjon Noregs kap. 2421, post 50. Departementet viser òg til tilsvarande rammeoverføring i budsjettforslaget til Nærings- og fiskeridepartementet.

26,6 mill. kroner av løyvinga på posten går til Innovasjon Noreg for å finansiere arbeid med mobilisering til god norsk deltaking i Horisont Europa. Dette inkluderer også Innovasjon Noreg sin representant ved Kunnskapskontoret i Brussel. Dette er ein reduksjon på 0,6 mill. frå 2021 som skriv seg frå foreslått effektiviseringsmål for Inno-

vasjon Noreg. For nærare omtale av oppfølginga av områdegjennomgangen sjå Prop. 1 S (2021–2022) for Nærings- og fiskeridepartementet.

25 mill. kroner av auken på posten er flytta frå kap. 285, post 52, der midlane vart nytta til grunnleggjande IKT-forsking for digital transformasjon. Midlane skal nyttast til Forskringsrådets satsing på teknologikonvergens som legg til rette for samfunnsansvarleg, tverrfagleg samarbeid mellom ulike teknologiområde, sektorar og næringar for å få fram grensesprengjande forsking, nye metodar og radikale innovasjonar.

Departementet foreslår å flytte 0,5 mill. kroner til kap. 285, post 55, der midlane skal nyttast til nasjonale ekspertar i Europakommisjonen. Sjå omtale under kap. 285, post 55.

Departementet foreslår å flytte 5 mill. kroner frå kap. 285, post 53 til Nærings- og fiskeridepartementet. Midlane skal nyttast til norsk deltaking i InvestEU. Departementet foreslår vidare å flytte 39,6 mill. kroner til kap. 288, post 73 på grunn av auka kontingent for norsk deltaking i Horisont Europa. Sjå omtale under kap. 288, post 73.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 16,4 mill. kroner for å frigjere midlar til andre formål, mellom anna til opptrappingsplanen Kvalitet i høgare utdanning.

10 mill. kroner av auken på posten skriv seg frå at den eittårige reduksjonen i løyvingane frå 2021 er ført tilbake.

Post 54 Forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse

Mål for 2022

Relevant og oppdatert forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse som understøttar forsking av høg kvalitet for eit innovativt og berekraftig samfunn.

Resultat i 2020

Oppdatert vitskapleg utstyr og forskingsinfrastruktur er avgjerande for å utvikle forskings- og utdanningsmiljø av høg kvalitet. Den nasjonale ordninga for forskingsinfrastruktur har utlysingar annakvart år, og Forskringsrådet har til saman tildelt om lag 6 mrd. kroner sidan ordninga starta i 2009. Siste tildeling var i 2019, og då skreiv Forskringsrådet kontrakt om i alt 16 nye infrastrukturprosjekt. Prosjekta hadde ei samla ramme på om lag 1 mrd. kroner.

Prosjekta som blir finansierte gjennom infrastrukturordninga, skal ha brei nasjonal interesse.

Infrastrukturane skal finnast éin eller nokre få stadar i landet og gjerast tilgjengelege for relevante forskingsmiljø og næringar. Infrastrukturane skal kunne nyttast til forsking av høg internasjonal kvalitet. Fleire av dei nasjonale forskingsinfrastrukturane har gjennom 2020 spela ei betydeleg rolle i innsatsen mot pandemien. To gode døme er Folkehelseinstituttets samarbeid med tungrekneinfrastrukturen ved Uninett Sigma2 i matematisk modellering av spreiding av viruset (R-talet), og Norsk sekvenseringsenters raske etablering av covid-sekvensering som eit ledd i Noregs pandemiovervaking.

Finansiering av norsk deltaking i internasjonale forskingsinfrastrukturar bidreg til å utvikle nye relasjonar, nettverk og internasjonalt forskningssamarbeid som aukar den norske deltakinga i søknader til EUs rammeprogram. Forskringsrådet har i 2020 representert Noreg i 18 internasjonale forskingsinfrastrukturar.

Det er aukande behov for reknekraft for å behandle data som blir nytta i forsking. Gjennom forskingsinfrastrukturordninga finansierer Forskringsrådet elektronisk infrastruktur som mellom anna tungreknemaskinar. I 2019 vedtok Forskringsrådet ei oppgradering av infrastruktur for tungrekning og datalagring ved Uninett Sigma2.

Kunnskapsdepartementet meiner at måloppnåinga for løyvinga er god.

Budsjettforslag for 2022

Midlane på posten skal gå til å finansiere Forskringsrådets ordning Nasjonal satsing på infrastruktur. I tillegg skal løyvinga finansiere følgjande særskilde formål:

- norsk bidrag til dei internasjonale infrastrukturprosjekta CESSDA ERIC, Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System og European Spallation Source
- basisløyvinga til Uninett Sigma2 AS. Kunnskapsdepartementet foreslår at denne blir videreført i 2022.

Departementet foreslår å løyve 765,6 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår å flytte 15,2 mill. kroner i tidlegare øyremerkt basistilskot til NSD frå Forskringsrådet til Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt) på kap. 273, post 50.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 20,3 mill. kroner for å frigjere midlar til andre formål, mellom anna til opptrappingsplanen Kvalitet i høgare utdanning.

Post 55 Verksemdskostnader

Løyvinga omfattar midlar til drift av Forskingsrådet, det vil seie alle løyvingar som ikkje går til FoU. Utgifter til utlysing av forskingsmidlar, evaluering av søknader, utvikling av porteføljeplanar og så vidare blir i hovudsak finansierte over denne posten. Det same gjeld utgifter til Forskingsrådets arbeid med rådgiving, møteplassfunksjon og særskild tenesteyting for alle departementa som løyver forskingsmidlar gjennom Forskingsrådet. Nasjonale fag-, tema- og institusjons-evalueringar blir finansierte gjennom FoU-løyvingane frå det einskilde departementet.

Mål for 2022

Regjeringa har sett fem mål for verksemda til Forskingsrådet. Måla er

- auka vitskapleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- å møte store samfunnsutfordringar
- eit velfungerande forskingssystem
- god rådgiving

Resultat i 2020

Forskingsrådet forvalta 11,1 mrd. kroner frå departementa i 2020 og tok imot rundt 6 100 søknader om prosjektmidlar. Løyvinga til verksemdskostnadene blei redusert med 27,5 mill. kroner i 2020 og utgjorde under 7,1 pst. av FoU-budsjettet. Sidan 2017 har løyvinga samla blitt redusert med 131 mill. kroner, utan at forventningane til verksemda og FoU-tildelingane har blitt redusert.

I løpet av 2020 handterte Forskingsrådet ein auke i FoU-midlane på nesten 1,4 mrd. kroner i tiltakspakkar under covid-19-pandemien. Tiltaka var innretta for å halde oppe kapasiteten i forskings- og innovasjonssystemet under pandemien og for næringsretta forskning og omstilling for eit produktivt, grønt og berekraftig næringsliv. Forskingsrådet omdisponerte våren 2020 raskt midlar til hasteutlysingar for pandemirelevant forskning. Forskingsrådet har under pandemien gjort eit godt arbeid med å gi råd om og forvalte tiltak og samstundes ta hand om dei ordinære oppgåvene.

Forskingsrådet har drive verksemda i tråd med styringsmodellen dei etablerte i 2019, med ein overgang frå over 50 programstyre til ein struktur med 16 porteføljestyre med breiare ansvarsområde. Samstundes har dei innført standardiserte søknadstypar med felles søknadsfristar, evalueringskriterium og fordeling på fagfellepanel for å

forenkle prosessane for brukarane og betre kvaliteten i søknadsvurderingane. Forskingsrådets undersøkingar tyder på at fleire av dei prosjekta som har gode fagfellevurderingar, får finansiering i den nye modellen, og at endringane i hovudsak blir oppfatta som positive av brukarane.

Forskingsrådet vil arbeide vidare med å utvikle styringsmodellen, både for å sikre at dei mest relevante og beste prosjekta får finansiering innanfor måla for løyvingane, og for å betre tilliten til søknadsvurderingane. Forskingsrådet vil legge vekt på synspunkt frå breidda av forskings- og innovasjonsaktørar i utviklinga. Etter offentleg debatt om søknadsvurderingane i 2020 vil Forskingsrådet mellom anna arbeide for å forbetre tilbakemeldingane til søkarar som får avslag.

Forskingsrådet har bidrege til å nå regjeringa sin ambisjon for deltakinga i Horisont 2020 om at minst 2 pst. av dei konkurranseutsette midlane skulle gå til norske aktørar. Dei har utforma verkemidla og vurderingskriteria sine for å fungere godt saman med dei europeiske ordningane, og arbeider for å få fleire til å søke og nå fram i den europeiske konkurransen. 90 pst. av dei norske deltakarane i Horisont 2020 har vore i kontakt med Forskingsrådets støtteapparat.

I 2020 starta oppfølginga av *Forskningsrådets policy for åpen forskning*. Fleire tiltak i Forskingsrådet har vore viktige for å opne forskinga, mellom anna innføring av krav i prosjektvilkåra om open publisering og datahandteringsplanar, og satsing på infrastruktur som bidreg til at forskingsdata blir delte etter internasjonale standardar. Forskingsrådet har spela ei aktiv rolle i den internasjonale samanslutninga cOAlition S, som gjennomfører initiativet Plan S for meir open publisering. Dei har mellom anna vore med på å utvikle ein strategi for dei immaterielle rettane til vitskaplege publikasjonar frå den offentleg finansierte forskinga. Den inneber at forfattarane ikkje må overdra rettane til dei vitskaplege forlaga, og dermed kan halde på retten til å gjere artiklane ope tilgjengelege.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 785,9 mill. kroner på posten.

Olje- og energidepartementet har lagt ansvaret for sekretariat for eit internasjonalt forskningssamarbeid på energiområdet til Noregs forskingsråd. Arbeidet med sekretariatet vil halde fram i 2022, og departementet foreslår å overføre 2 mill. kroner frå Olje- og energidepartementets budsjett til kap. 285, post 55 i 2022.

Nærings- og fiskeridepartementet har gitt Forskingsrådet i oppdrag å prioritere arbeidet med å vidareutvikle Grøn plattform. Arbeidet vil halde fram i 2022, og departementet foreslår å overføre 4,1 mill. kroner frå Nærings- og fiskeridepartementets budsjett til kap. 285, post 55 i 2022.

Noreg skal tilby seg å leie koordineringa av partnerskapen for berekraftig blå økonomi i Horisont Europa. Forskingsrådet skal ha ansvar for to stillingar, høvesvis i Noreg og i Brussel. Departementet foreslår å overføre 3 mill. kroner frå Nærings- og fiskeridepartementets budsjett til kap. 285, post 55 i 2022.

Noregs forskingsråd har vore sekretariat for strategiprosessen Prosess 21, og midlar til denne verksemda har vore mellombels rammeoverførte frå Nærings- og fiskeridepartementet. Departementet foreslår å føre tilbake 1,3 mill. kroner til Nærings- og fiskeridepartementet i 2022.

Kunnskapsdepartementet finansierer fleire nasjonale ekspertar frå Noreg i Europakommisjonen. Desse er viktige for norsk medverknad og

påverknad av EUs forskingspolitikk. For å sikre plassering av ytterlegare ein ekspert etter nasjonale behov i Kommisjonen foreslår departementet å overføre 0,5 mill. kroner frå kap. 285, post 53 til kap. 285, post 55 til dette formålet.

I samband med at SSB har fått ansvaret for produksjonen av FoU-statistikken, jf. omtalen av kap. 285, post 52, vil Forskingsrådet overta redaksjonsansvaret for Indikatorrapporten. Departementet foreslår å overføre 2,7 mill. kroner frå kap. 285, post 52 til kap. 285, post 55 til dette formålet.

Som oppfølging av områdegjennomgangen av det næringsretta verkemiddelapparatet varsla regjeringa i Revidert nasjonalbudsjett 2021 at ho ville kome tilbake til Stortinget med nærare beskriving, konkrete vurderingar og forslag. Regjeringa foreslår i tråd med dette å redusere løyvinga på posten med 35 mill. kroner i 2022.

Forslaget omfattar òg ein reduksjon på 1,3 mill. kroner på posten som følge av at regjeringa vurderer at covid-19-pandemien har gitt staten høve til å redusere reiseomfanget på kort og lang sikt.

Kap. 286 Regionale forskingsfond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
60	Regionale forskingsfond, tilskot til forskning	219 119	194 982	159 012
	Sum kap. 286	219 119	194 982	159 012

Post 60 Regionale forskingsfond, tilskot til forskning

Dei regionale forskingsfonda skal styrke forskningsevna i regionane gjennom tilskot til forskning og innovasjon og gjennom mobilisering til auka FoU-innsats.

Mål for 2022

Dei regionale forskingsfonda skal styrke forskning for regional innovasjon og utvikling gjennom å medverke til at bedrifter og offentlege verksemdar oppnår auka kompetanse, innovasjonsevne og verdiskaping. Fonda skal vidare mobilisere bedrifter og offentlege verksemdar til å delta i nasjonal og internasjonal forskning.

Resultat i 2020

I 2020 fekk kvar fylkeskommune sitt eige forskingsfond. Dei regionale fonda tildelte til saman 187 mill. kroner i prosjektmidlar i 2020. Hovudparten av midlane finansierte regionale kvalifiseringsprosjekt. Den største delen av tildelingane frå fonda gjekk også i 2020 til dei tematiske områda miljø, klima og fornybar energi. Deretter kom marin forskning. Prosjekt finansierte med midlar frå forskingsfonda stod mellom anna for 83 publiseringar i vitenskaplege tidsskrift i prosjektperioden og 26 registrerte patent. Fylkeskommunane har med ulike verkemiddel arbeidd for å få fleire forskingsmiljø til å søke forskingsmidlar frå EU og delta i forskningssamarbeidet i EU.

Frå RFF-ordninga kom i stand i 2010 og til og med 2020, har næringslivet motteke om lag 52 pst. av midlane frå RFF. Fylkeskommunar og kommunar er tildelte 24 pst. og universitet, høgskular og forskingsinstitutt har fått 24 pst. av midlane.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 159 mill. kroner på posten. Løyvinga er redusert med 40 mill. kroner frå 2021. Kuttet er teke ut slik at fylkeskommunar med høgt folketal får eit større kronekutt enn fylkeskommunar med lågt folketal.

Fylkeskommunane skal sjå tilskotet til dei regionale forskingsfonda i samanheng med forvaltninga av FORREGION-midlane som vert tildelede over budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet.

Tabell 4.27 Fordeling av midlane til regionale forskingsfond i 2022

		(i 1 000 kr)
Fylkeskommune		Beløp
Agder		11 701
Innlandet		12 393
Møre og Romsdal		11 216
Nordland		14 909
Oslo		16 052
Rogaland		13 649
Troms og Finnmark		14 929
Trøndelag		13 520
Vestfold og Telemark		12 968
Vestland		15 399
Viken		22 276
Totalt		159 012

Kap. 287 Grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
57	Grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt	218 120	223 756	228 426
	Sum kap. 287	218 120	223 756	228 426

Post 57 Grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt

Dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta driv i hovudsak forskning på felte arbeidsliv, energi og miljø, globale utviklingsutfordringar, helse, migrasjon, offentleg økonomi, regional utvikling, sosialpolitikk, utanriks- og tryggingpolitikk, utdanning og innovasjon, og velferd. Alle institutta har ein tverrfagleg profil.

Mål for 2022

Målet med løyvinga er at Noreg skal ha ein sterk samfunnsvitskapleg instituttsektor som tilbyr næringsliv og offentleg sektor relevant kompetanse og forskingstenester av høg internasjonal kvalitet. Til liks med andre institutt som får statleg grunnløyving, skal også dei samfunnsvitskaplege institutta bidra til berekraftig utvikling og omstilling.

Resultat i 2020

Driftsinntektene til dei 18 samfunnsvitskaplege institutta var i 2020 på om lag 1,45 mrd. kroner. Nasjonale bidragsinntekter var den største inntektskjelda. Den statlege grunnløyvinga utgjorde i gjennomsnitt 16 pst. for desse institutta. I dei sam-

funnsvitskaplege institutta blei det utført 765 forskarårsverk i 2020, ein auke på 7 årsverk frå 2019. Kvinner stod for litt over halvparten av årsverka. Fridtjof Nansens Institutt hadde høgast vitskapleg publisering per forskarårsverk i 2020, medan Nordlandsforskning kom best ut av dei regionale institutta.

Tabell 4.28 Grunnløyvinga til dei samfunnsvitskaplege institutta

	(i 1 000 kr)	
	Grunnløyving 2020	Pst. endring 2018–20
Chr. Michelsens Institutt (CMI)	18,4	6
Forskningsstiftelsen FAFO	23,1	6
Fridtjof Nansens Institutt (FNI)	8,5	0
Institutt for fredsforskning (PRIO)	21,8	7
Institutt for samfunnsforskning (ISF)	12,9	6
Møreforskning AS	7,4	9
NORCENorwegian Research Centre AS, samfunnsvitskapleg aktivitet	33,7	6
Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU)	17,0	5
Nordlandsforskning AS	5,3	6
Norsk institutt for bærekraftsforskning AS (NORSUS)	5,5	14
Norsk Utenrikspolitisk Institutt (NUPI)	17,0	1
NTNU Samfunnsforskning AS	13,0	10
Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF)	8,0	2
Stiftelsen Frischsenteret for samfunnsøkonomisk forskning	3,5	16
Stiftelsen SINTEF, samfunnsvitskapleg aktivitet	21,3	11
Telemarksforskning	6,6	16
Trøndelag Forskning og Utvikling	3,6	2
Vestlandsforskning	4,9	3
Totalsum	231,6	

Kjelde: Noregs forskingsråd

Budsjettforslag for 2022

Trøndelag Forskning og Utvikling gjekk inn i stiftinga SINTEF 1. januar 2021.

Departementet foreslår å løyve 228,4 mill. kroner på posten. I tillegg kjem grunnløyvinga til Chr. Michelsens Institutt på 19,1 mill. kroner. Denne løyvinga blir gitt over kap. 161, post 71 på budsjettet til Utanriksdepartementet. 5 mill. kroner av

løyvinga på posten gjeld Norsk senter for berekraftig klimatilpassing (Noradapt) i Sogndal.

10 pst. av grunnløyvinga til dei samfunnsvitskaplege institutta skal fordelast mellom institutta etter oppnådde resultat på dei indikatorane som er fastsette i retningslinjene for grunnløyving til forskingsinstitutt og forskingskonsern. Desse retningslinjene blei justerte hausten 2021 og tek til å

gjelde frå 2022, sjå omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

Institutta skal nytte grunnløyvinga til langsiktig kunnskaps- og kompetansebygging. Løyvinga skal mellom anna stimulere den vitskaplege kvaliteten til institutta, internasjonalisering og samarbeid. Innanfor desse rammene avgjer institutta sjølve bruken av grunnløyvinga.

Post 71 Tilskot til andre private institusjonar

Løyvinga blei i hovudsak flytta til kap. 275, post 70 i statsbudsjettet for 2020. Midlane til Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA) til arrangement i samband med Kavliprisen blei flytta til nytt kap. 289, post 72. Sjå rapportering for 2020 og budsjettforslag for 2022 under desse postane.

Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
21	Særskilde driftsutgifter	139 091	49 295	53 307
72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	315 981	327 390	299 268
73	EUs rammeprogram for forskning og innovasjon	2 794 919	2 529 593	3 310 007
74	EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett	762 260	827 055	607 032
75	UNESCO-kontingent	22 930	24 303	22 556
76	UNESCO-formål	3 909	4 240	4 350
	Sum kap. 288	4 039 090	3 761 876	4 296 520

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga går til internasjonalt samarbeid for å heve kvaliteten nasjonalt innanfor ansvarsområda til departementet, inkludert bilateralt samarbeid med prioriterte land. Løyvinga dekkjer kontingenten til Senter for utdanningsforskning (CERI) under OECD. Mindre delar vil òg kunne nyttast til Noregs hus i Cité Internationale Universitaire de Paris (CIUP), prosjekt i regi av Europarådet og UNESCO og støtte til Tysk-norsk ungdomsforum.

Mål for 2022

Noreg deltek aktivt i internasjonalt samarbeid innanfor utdanning, forskning og integrering, og det er gode koplingar mellom forskning og høgare utdanning i arbeidet.

Resultat i 2020

Hovuddelen av løyvinga har i 2020 vore nytta til samarbeidsprogramma NORPART, UTFORSK og INTPART. Covid-19-pandemien har ramma det internasjonale utdannings- og forskningssamarbeidet. Ein del av aktivitetane har stoppa opp, og det

er først og fremst den fysiske mobiliteten som har stoppa heilt opp. Aktivitetar som i utgangspunktet ikkje krev omfattande reiseverksemd, har òg blitt ramma.

Norsk partnerskapsprogram for globalt akademisk samarbeid (NORPART) støttar akademisk samarbeid og gjensidig studentmobilitet mellom høgare utdanningsinstitusjonar i Noreg og utviklingsland i Sørøst-Asia, Afrika og Latin-Amerika. I 2020 vart programmet evaluert. Evalueringa slo fast at NORPART kan vise til gode resultat når det gjeld bidrag til å utvikle varige og sterke partnerskapar, og dessutan kvalitet i utdanninga i form av fagleg fornying og pedagogisk utvikling. Programmet bidreg òg til betydeleg student- og tilsett-mobilitet mellom Noreg og partnerlanda. Evalueringa av NORPART viser at det planlagde talet på innkomande mobilitetar er oppnåeleg i løpet av den femårige prosjektperioden. I 2019 løyvde Stortinget 15 mill. kroner årleg i ekstra midlar til programmet, øyremerkte heilgradsstudium i Noreg for studentar frå det globale sør. I 2020 til-delte Diku 53 toårige heilgradsstipend etter ei lukka pilotutlysning for dei etablerte NORPART-prosjekta. Betydelege midlar til heilgradsstipend blir òg lyste ut i tilknytning til ordinær NORPART-

utlysning i 2021, noko som vil føre til at 100 heilgradsstudentar frå sør vil kome til Noreg frå 2022.

UTFORSK og INTPART er hovudtiltaka for å følge opp regjeringa sin strategi *Panorama – strategi for høgere utdannings- og forskingssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika (2016–20)*. Strategien og tilhøyrande hovudtiltak vart evaluert i 2020. Evalueringa viser at partnerskapsprogramma UTFORSK og INTPART har bidrege til å styrke samarbeidet med dei aktuelle landa i perioden 2016–20. Gjennom å delta i internasjonalt samarbeid med gode forskings- og utdanningsmiljø i dei prioriterte landa har norske høgare utdanningsinstitusjonar særleg lykkast med å stimulere til gode koplingar mellom forskning og høgare utdanning, og studentmobilitet av god kvalitet innanfor ramma av institusjonelle partnerskapar. Prosjektsamarbeida blir vurderte til å halde høg kvalitet og vere prega av gjensidig interesse og nytte. Evalueringa peikar likevel på manglande langsiktig samarbeid, avgrensa finansiering og dessutan noko svak kopling til arbeids- og næringslivet. I tillegg bør samspelet med andre ordningar styrkast.

Løyvinga til dei tre programma bidreg til at Noreg deltek aktivt i internasjonalt samarbeid innanfor utdanning, forskning og integrering, og at det er gode koplingar mellom forskning og høgare utdanning i arbeidet.

Ein del av løyvinga har i 2020 gått til Europarådets prosjekt The European Qualifications Passport for Refugees og UNESCO Qualifications Passport for Refugees and Vulnerable Migrants.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår ei samla løyving på posten på 53,3 mill. kroner for 2022.

Midlane på posten går mellom anna til oppfølging av Panorama-strategien, og ei satsing på verdsleiane fagmiljø på 19 mill. kroner til INTPART blir vidareført.

Dessutan kan det bli gitt støtte til særskilde prosjekt i internasjonale organisasjonar, til dømes i UNESCO, OECD og Europarådet, som er særleg retta mot å nå Noregs mål for internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid, mellom anna bidrag til å oppnå FN's berekraftsmål nr. 4 om god utdanning til alle. I 2022 vil delar av løyvinga gå til UNESCO-prosjektet Qualifications Passport for Refugees and Vulnerable Migrants og til UNESCO's Intergovernmental Oceanographic Commission.

Delar av løyvinga går til oppretting av nye spesialutsendingar for høgare utdanning og forskning i

prioriterte samarbeidsland. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

Departementet foreslår å flytte 0,3 mill. kroner frå kap. 275, post 21 og 0,3 mill. kroner frå kap. 275, post 70 for å samla prosjektmidlar til internasjonale tiltak på kap. 288, post 21.

Departementet foreslår å flytte 0,6 mill. kroner frå kap. 288, post 21 til Utanriksdepartementets kap. 118, post 21. Midlane skal gå til Havpanelet.

Post 72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Løyvinga dekkjer norsk deltaking i Den europeiske organisasjonen for kjerneforskning (CERN), Det europeiske molekylærbiologiske laboratoriet (EMBL), Den europeiske konferansen for molekylærbiologi (EMBC), Det europeiske synkrotronstråleanlegget (ESRF) og Den internasjonale kreftforskningsorganisasjonen (IARC).

Mål for 2022

Medlemskapen i internasjonale grunnforskningsorganisasjonar skal medverke til global kunnskapsutvikling og til å nå overordna forskingspolitiske mål om høg kvalitet og internasjonalisering.

Resultat i 2020

Alle dei internasjonale grunnforskningsorganisasjonane Noreg deltek i, medverkar til global kunnskapsutvikling og driv verdsleiane forskning innanfor fagfelte sine. Medlemskapen i organisasjonane gjer det mogleg for norske forskarar å delta på linje med forskarar frå andre medlemsland og bidra til global kunnskapsutvikling og forskning av høg kvalitet. Til dømes deltek drygt 100 nordmenn i ALICE- og ATLAS-eksperimenta ved CERN, der ein studerer dei minste byggesteinane i universet og kreftene som held dei saman. Forskarane får kjennskap til ny teknologi og tilgang til ei rekke infrastrukturtenester og held seg oppdaterte om og bidreg i forskingsfronten. Gjennom kurs og opplæring ved grunnforskningsorganisasjonane hentar norske forskarar heim kunnskap til nytte for det norske forskingsmiljøet. Medlemskap i desse organisasjonane bidreg òg til å utvikle det felleseuropeiske forskingsområdet. Noreg har delegatar som sit i dei styrande organa til organisasjonane.

EMBL koordinerer molekylærbiologiske forskingsdata frå heile verda, inkludert data frå forskning på covid-19. IARC har i 2020 dreidd ein del av aktiviteten inn mot kva verknad covid-19 har på

kreft og kreftpasientar. ESRF ferdigstilte i 2020 ein ny maskin som gir meir enn 100 gonger betre kvalitet på synkrotronstrålen enn tidlegare. ESRF leverer data til verdsleiande forskingsprosjekt og har i 2020 gitt viktige resultat til utvikling av vaksinar og medisinar mot sars-CoV-2-viruset.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 299,3 mill. kroner på posten. Kontingentane for dei einskilde med-

lemslanda blir fastsette ut frå ein avtalefesta berekningsnøkkel der bruttonasjonalproduktet eller liknande er ein hovudfaktor. Kontingentkrava for 2022 er enno ikkje fastsette for alle organisasjonane. Budsjettforslaget for 2022 tek for dei fleste organisasjonane derfor utgangspunkt i dei kontingentane som blei vedtekne for 2021.

Tabell 4.29 Norske kontingentbidrag til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar i 2022

Organisasjon	Kontingent i lokal valuta (i 1000)		
	CHF	Euro	1 000 kr
CERN	26 893		247 521
EMBC		605	6 113
EMBL		2 567	25 960
ESRF		1 188	12 013
IARC		758	7 661
Sum			299 268

Post 73 EUs rammeprogram for forskning og innovasjon

Løyvinga dekkjer Noregs kontingent til deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont Europa (2021–27), og midlane til EUs tiltakspakke for gjenoppbygging etter covid-19-pandemien, «Next Generation EU», som blir kanaliserte gjennom Horisont Europa. I tillegg dekkjer posten etterbetalingar for Horisont 2020 (2014–20).

Mål for 2022

Målet med løyvinga er høg kvalitet i norsk forskning og fleire framifrå og innovative miljø, auka verdiskaping, styrkt konkurranse- og innovasjonsevne og bidrag til omstilling, at Noreg kan handtere store samfunnsutfordringar betre, bidra til berekraftsmåla og ei berekraftig samfunnsutvikling, uttilvikling av forskings- og innovasjonspolitikken og til nye samarbeidsmonster på tvers av landegrensar, sektorar og fag.

Resultat i 2020

Horisont 2020 blei avslutta i 2020 og Noregs deltaking, målt i prosentdel av konkurranseutsette midlar, enda på om lag 2,5 pst.

Noregs deltaking i EUs rammeprogram blei evaluert i 2020 av Samfunnsøkonomisk analyse AS på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Resultata viser at deltakinga har medverka til å nå dei fire måla regjeringa sette i strategien for forskings- og innovasjonssamarbeidet med EU: auka kvalitet i norsk forskning og innovasjon, auka innovasjonsevne, verdiskaping og økonomisk vekst, betre velferd og berekraftig samfunnsutvikling, og utvikling av eigen forskings- og innovasjonssektor.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 3,3 mrd. kroner på posten. Løyvingsbehovet for Noregs bidrag i 2022 er basert på Europakommisjonens langtidsbudsjett for 2021–27 og dekkjer i tillegg midlane til EUs tiltakspakke for oppbygging etter covid-19-pandemien, «Next Generation EU» (NGEU), som blir kanaliserte gjennom rammeprogrammet. Sjølv om programperioden til Horisont 2020 vart

avslutta i 2020, vil utbetalingane frå programma bli fasa ut over fleire år. Det betyr at Noreg må betale bidrag til Horisont 2020 samstundes med bidrag til Horisont Europa.

Post 74 EUs utdannings-, opplærings-, ungdoms- og idrettsprogram

Løyvinga på posten dekkjer kontingenten for norsk deltaking i EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, Erasmus+ (2021–27). I tillegg dekkjer posten etterbetalingar for førre programperiode for Erasmus+, som blei avslutta i 2020.

Resultat i 2020

Deltakinga i Erasmus+ har gitt dei norske deltakarane internasjonal erfaring og auka fagleg, kulturell og språkleg kompetanse og forståing. Erasmus+ bidreg til at ungdom i større grad tek utdanning, kjem i arbeid, deltek i demokratiske prosessar og opplever auka livsmeistring. Programmet har òg medverka til regional utvikling gjennom auka samarbeid mellom skule og næringsliv og til å utvikle profesjonelle nettverk som inkluderer internasjonale aktørar, for både lærarar og bedrifter. Norske aktørar har delteke i 880 partnerskapar i løpet av heile programperioden, 225 som koordinator og 655 som partnerar. Samarbeidet gir norske institusjonar eit stort internasjonalt nettverk som på ulike måtar bidreg til utvikling av kompetanse, kvalitet og relevans i utdanninga. Målsetjinga om at 3 000 studentar innan 2020 skulle bli mobile på Erasmus+-programmet, vart nådd innan 2020 trass i covid-19-pandemien.

Mål for 2022

Målet med den norske deltakinga i Erasmus+ er styrkt kvalitet, relevans og attraktivitet i det norske utdanningssystemet og høgare kompetanse hos den einskilde deltakaren. Deltakinga skal bidra til å handtere store samfunnsutfordringar, styrkt samarbeid mellom utdanning, opplæring og arbeids- og samfunnsliv, at fleire deltek i eit internasjonalt læringsmiljø, og vere eit bidrag til utviklinga av politikk og rammevilkår.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 607 mill. kroner på posten. Løyvingsbehovet for Noregs bidrag i 2021 er basert på Europakommisjonens langtidsbudsjett for 2021–27.

Post 75 UNESCO-kontingent

Løyvinga dekkjer den norske kontingenten til UNESCO, FNs særorganisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon. UNESCO har i hovudoppgåve å medverke til fred og tryggleik ved å fremje internasjonalt samarbeid på fagområda til organisasjonen.

Mål for 2022

Norsk deltaking i UNESCO skal medverke til at UNESCO arbeider for ei god gjennomføring av og tek ei leiarrolle i koordineringa av FNs berekraftsmål 4 om utdanning. Deltakinga skal også medverke til at UNESCO følger opp den globale konvensjonen for godkjenning av kvalifikasjonar i høgare utdanning, og at organisasjonen kan få eit betre kunnskapsgrunnlag for hav og klima, ikkje minst ved å ha ei leiande rolle i gjennomføringa av FN-tiåret for havforskning (2021–30). I tillegg skal UNESCO verne og styrke verdas kultur- og naturarv, styrke presse- og ytringsfridommen og arbeide for meir open tilgang til forskingsresultat. I dei styrande organa til UNESCO har Noreg som mål å styrke resultatrapporteringa, betre samarbeidet med andre relevante FN-organisasjonar og konsentrere innsatsen der organisasjonen har dei største fortrinna sine.

Resultat i 2020

Berekraftsmåla (SDG-ane) og Agenda 2030 er førande for arbeidet til UNESCO. UNESCO har hovudansvaret for SDG 4 – utdanningsmålet – i FN. UNESCO arbeider kontinuerleg med målet og arrangerte Global Education Meeting saman med Noreg, Ghana og Storbritannia i oktober med utdanning etter covid-19-pandemien som tema.

UNESCO arbeider aktivt og systematisk med implementeringa av *global konvensjon for godkjenning av kvalifikasjonar innanfor høgare utdanning, som Noreg var den første staten til å ratifisere*. Dette er det første globale normative dokumentet innanfor høgare utdanning frå UNESCO nokon gong.

Den mellomstatlege havforskningskommisjonen (IOC) har arbeidd med å førebu FNs tiår for havforskning og har lagt fram ein gjennomføringsplan for tiåret. IOC har vidare gitt viktig kunnskap om samanhengen mellom tilstanden til hava og klimaendringar og kva havet har å seie for dei andre berekraftsmåla. Noreg er medlem av Verdsarvkomiteen og ei aktiv og tydeleg stemme for å verne om og fremje verdas kultur- og natur-

arv. Noreg følger opp UNESCOs arbeid og mandat for presse- og ytringsfriдом. Saman med dei andre nordiske landa arbeider Noreg kontinuerleg med å gjere UNESCO meir effektivt og resultatorientert og med å få innført eit meir kjønnsnøytralt språk og meir straumlinjeforma vedtaksstrukturar i organisasjonen.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 22,6 mill. kroner til medlemskontingenten i UNESCO i 2022.

Post 76 UNESCO-formål

Løyvinga på posten går til tilskotsordninga til UNESCO-formål, som blir forvalta av Den norske UNESCO-kommisjonen. UNESCO-kommisjonen er eit rådgivande organ for norske myndigheiter og fungerer som eit bindeledd mellom myndighetene og fagmiljø på ansvarsområda til UNESCO. Drifta av UNESCO-kommisjonen blir finansiert over kap. 200, post 21.

Mål for 2022

Tilskotsordninga skal styrke arbeidet og ansvarsområda til UNESCO, gjere UNESCO meir kjend i Noreg og understøtte dei vedtekne satsingsområda til Den norske UNESCO-kommisjonen.

Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	13 351	14 582	17 441
	Sum kap. 3288	13 351	14 582	17 441

Løyvinga på post 04 gjeld refusjon av utgifter til UNESCO-kontingenten, som etter statistikkdirek-

Resultat i 2020

23 ulike prosjekt fekk støtte frå tilskotsordninga. Prosjekta låg innanfor satsingsområda til Den norske UNESCO-kommisjonen: presse- og ytringsfriдом, berekraftig utvikling, immateriell kulturarv, verdsarv og dokumentarv, og demokratiutvikling. Prosjekta er spreidde ut i Noreg, og ordninga har dermed medverka til å gjere ansvarsområda til UNESCO meir kjende i fleire delar av landet. Ein del av løyvinga gjekk i 2020 til å sikre vidare støtte til UNESCOs skulenettverk, Associated School Program Network (ASPnet). ASPnet er eit globalt nettverk av meir enn 11 500 utdanningsinstitusjonar i 180 land som arbeider for å fremje verdiane og måla til UNESCO, mellom anna delmål 4.7 i Agenda 2030 om utdanning for å fremje berekraftig utvikling. I 2020 var det 38 medlemskular i Noreg. FN-sambandet er nasjonal koordinator for ASPnet i Noreg.

Budsjettforslag for 2022

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 4,4 mill. kroner på posten i 2022. Dette inkluderer ei særskild løyving på 700 000 kroner til UNESCOs skulenettverk ASPnet.

tiva til OECD blir definerte som offentleg utviklingshjelp.

Kap. 289 Vitskaplege prisar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
51	Holbergprisen	17 341	17 341	17 492
71	Abelprisen	16 288	16 288	17 011
72	Kavliprisen	11 340	11 340	11 635
	Sum kap. 289	44 969	44 969	46 138

Dei internasjonale forskingsprisane til regjeringa blir delte ut for å anerkjenne framifrå vitskapleg arbeid og auke merksemda kring forskning i samfunnet.

Post 51 Holbergprisen

Mål for 2022

Formålet med Holbergprisen er å verdsetje banebrytande forskning innanfor humaniora, samfunnsvitskap, jus og teologi. Prisen skal skape merksemd i samfunnet om fagfelte og føre til interesse for dei blant barn og unge.

Resultat i 2020

I 2020 fekk professor Griselda Pollock, University of Leeds, Holbergprisen for banebrytande forskning innanfor feministisk kunsthistorie og kulturstudium. Holbergprisen blir delt ut årleg av Universitetet i Bergen. Prisen er på 6 mill. kroner. I samband med Holbergprisen blir òg Nils Klim-prisen delt ut. Nils Klim-prisen er ein pris til framifrå yngre nordiske forskarar innanfor dei same fagfelte som Holbergprisen omfattar. I 2020 gjekk prisen til teologen Frederik Poulsen, Københavns universitet, for framifrå forskning på Det gamle testamentet. Prisen er på 500 000 kroner. På grunn av covid-19-pandemien er prisutdelinga for Holberg- og Nils Klim-prisen 2020 flytta til 2021.

I tillegg til å dekke prisbeløpet til vinnarane blir løyvinga nytta til ulike arrangement i samband med priskomiteearbeidet og prisutdelinga og til aktivitetar som skal auke interessa for fagfelte blant barn og unge og i samfunnet elles. Holbergprisen i skulen er ein nasjonal forskarkonkurranse for elevar i vidaregåande skule innanfor humanistiske og samfunnsvitskapelege fag. Kvart år deltek 20 skular med mellom 700–1000 elevar frå heile landet. I 2020 var det Helene Randem

Lunde frå Vestby vidaregåande skule som vann Holbergprisen i skulen.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 17,5 mill. kroner på posten.

Post 71 Abelprisen

Mål for 2022

Formålet med Abelprisen er å verdsetje banebrytande forskning innanfor matematikk. Prisen skal skape merksemd i samfunnet og føre til interesse for matematikk blant barn og unge.

Resultat i 2020

I 2020 blei Abelprisen delt ut til Gregory Margulis, Yale University, og Hillel Furstenberg, Hebrew University of Jerusalem, for banebrytande bruk av metodar frå sannsynsteori og dynamikk på gruppeteori, talteori og kombinatorikk. På grunn av covid-19-pandemien blei prisutdelinga for 2020 flytta til 2021. Abelprisen blir delt ut årleg av Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA). Løyvinga dekker prisbeløpet, som blei auka til 7,5 mill. kroner i 2020, og fleire arrangement i samband med prisutdelinga og priskomiteearbeidet. Gjennom Abelprisen finansierer DNVA ei rekke tiltak som skal stimulere interessa for matematikk blant barn og unge. I 2020 nådde dei ei brei målgruppe frå grunnskule til vidaregåande skule og lærarar, gjennom støtte til mellom anna frivillige studentorganisasjonar og ulike formidlingsprosjekt. I tillegg støttar DNVA Abelkonkurransen for elevar i vidaregåande skule, Unge Abel lagkonkurranse for ungdomstrinnet, og Holmboeprisen, som årleg blir delt ut til éin eller fleire matematikklærarar.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 17,0 mill. kroner på posten.

Post 72 Kavliprisen**Mål for 2022**

Formålet med Kavliprisen er å anerkjenne banebrytande forskning innanfor astrofysikk, nanovitskap og nevrovitskap. Prisen skal skape merksemd i samfunnet om fagfelte og føre til internasjonalt samarbeid mellom forskarar.

Resultat i 2020

Kavliprisen er eit samarbeid mellom Det Norske Videnskaps-Akademi, The Kavli Foundation og Kunnskapsdepartementet. Kavliprisen blir delt ut annakvart år for framifrå vitskapleg arbeid innanfor fagfelte astrofysikk, nanovitskap og nevrovitskap.

I 2020 gjekk prisen for astrofysikk til Andrew Fabian, Storbritannia, for forskning og iherdig

arbeid for å løyse mysteriet med korleis svarte hòl påverkar dei omkringliggande galaksane. Prisen for nanovitskap gjekk til Harald Rose og Knut Urban frå Tyskland, Maximilian Haider frå Austerrike og Ondrej Krivanek frå Storbritannia og Tsjekkia for utviklinga av betre linser i elektronmikroskop. Prisen for nevrovitskap gjekk til David Julius og Ardem Patapoutian, USA, for deira uavhengige oppdagingar av sansereseptorar for høvesvis temperatur og trykk.

Det blei gjennomført fleire digitale internasjonale arrangement i 2020 for å auke merksemda om prisen og stimulere til internasjonalt samarbeid, mellom anna i samarbeid med Europakommisjonen og Det europeiske forskingsrådet. På grunn av covid-19-pandemien er prisutdelingsremonien for 2020 flytta til 2022.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 11,6 mill. kroner på posten.

Programkategori 07.80 Utdanningsstøtte

Utgifter under programkategori 07.80 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
2410	Statens lånekasse for utdanning	47 847 063	46 800 282	50 783 047	8,5
	Sum kategori 07.80	47 847 063	46 800 282	50 783 047	8,5

Inntekter under programkategori 07.80 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
5310	Statens lånekasse for utdanning	18 435 674	18 458 621	20 191 769	9,4
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	4 600 541	2 509 820	4 795 109	91,1
	Sum kategori 07.80	23 036 215	20 968 441	24 986 878	19,2

Innleiing

Utdanningsstøtteordninga er ei velferdsordning som skal medverke til at alle har eit godt grunnlag for livsopphald under utdanninga, uavhengig av kvar dei bur, alder, kjønn, funksjonsevne og sosiale og økonomiske tilhøve. Utdanningsstøtta skal òg legge til rette for at elevar og studentar kan arbeide effektivt og med gode resultat. Slik får samfunnet og arbeidslivet tilgang på kompetanse.

Departementet har sett følgande overordna mål for programkategori 07.80 Utdanningsstøtte:

- Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet.
- Fleire er i arbeid og deltek i samfunnslivet.

Hovudprioriteringar for 2022

Med Utdanningsløftet 2020 har regjeringa auka kapasiteten i utdanningssystemet, både i vidaregåande opplæring, i høgare yrkesfagleg utdanning og i høgare utdanning, jf. omtale under del I, kap. 1. Regjeringa har gradvis innført ein ekstra

månad med utdanningsstøtte til heiltdsstudentar ved universitet, høgskular og fagskular. I samsvar med planen blei ordninga fullført våren 2020, og studentane kan no få elleve månader med utdanningsstøtte. Regjeringa har òg gjennomført fleire endringar i utdanningsstøtteordningane som vil gi større fleksibilitet og betre vilkår for vaksne. Regjeringa vil halde fram arbeidet med å gjere ordningane meir fleksible og betre tilpassa vaksne som ønsker å ta utdanning. Tiltaka gir auka utgifter til lån og stipend gjennom Lånekassen.

Utdanningsstøtteordningane er eit viktig verkemiddel for å nå måla i kompetansereforma, jf. Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereforma – Lære hele livet*. Regjeringa vil i 2022 halde fram arbeidet med å gjere Lånekassen betre tilpassa vaksne. Departementet foreslår å løyve 20 mill. kroner til å starte arbeidet med ein ny teknisk modul i Lånekassen, slik at systemet er betre tilpassa vaksne som treng økonomisk støtte for å ta korte utdanningstilbod.

Med Fullføringsreforma i vidaregåande opplæring vil fleire vaksne kunne fullføre vidaregåande,

jf. omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa. For at Lånekassen framleis skal vere ei relevant finansieringskjelde for vaksne i vidaregåande opplæring, må ordningane i Lånekassen endrast. Tiltaket har ein utviklingskostnad på 5,5 mill. kroner i 2022.

Mange studentar vel å dra på utveksling til engelskspråklege land, jf. Meld. St. 7 (2020–2021) *En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning*. Regjeringa vil innføre eit stipend til dei som studerer i einskilde prioriterte samarbeidsland innanfor høgare utdanning og forskning, mellom anna for at fleire skal reise til ikkje-engelskspråklege land. Regjeringa vil også frå 2023 endre praksisen ved valutajustering av det maksimale skulepengebeløpet i Lånekassen, slik at studentar som får utbetalt maksimalt beløp til skulepengar, ikkje får utbetalt mindre som følge av ei styrkt krone. Endringane i utdanningsstøtteordningane blir finansierte ved å redusere talet på utanlandske institusjonar som gir rett til utvida stipend til skulepengar.

Mål: Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet, og fleire er i arbeid og deltek i samfunnslivet

Utviklingstrekk og utfordringar

Lånekassen er ei velfungerande verksemd

Lånekassen har gjennom fleire år arbeidd for å utvikle enkle og brukarvennlege tenester for alle. Hovuddelen av søknadene om lån og stipend blir behandla maskinelt, noko som mellom anna skal sikre at kundane får lån og stipend til rett tid. Covid-19-pandemien har vist at Lånekassen er ei velfungerande verksemd som har handtert ekstraordinære tiltak for studentar og tilbakebetalarar på ein god måte. Talet på søknader om lån og stipend og om betalingslette var om lag på same nivå i 2018 og 2019, men auka med 18 pst. i 2020. Auken kjem som følge av søknader om tilleggs lån og at fleire søkte om å få utsett tilbakebetaling av lån.

Høg grad av maskinell behandling gjer Lånekassen avhengig av velfungerande IT-system. Nye og endra utdanningsstøtteordningar fører med seg krav til endringar i IT-systema. Lånekassen er ei røynd IT-verksemd som handterer slike utfordringar.

Lånekassen er ei viktig finansieringskjelde til livsopphald

Utdanningsstøtta er ei viktig inntektskjelde for norske studentar, og for dei yngre studentane let-

tar tilbodet om lån og stipend overgangen til ein meir sjølvstendig kvardag. Utdanningsstøtteordningane fungerer godt for dei fleste elevar og studentar, og Noreg har i internasjonal samanheng svært gode ordningar for støtte til studiar både i Noreg og utanfor landet. I takt med auken i talet på studentar på universitet, høgskular og fagskular har det blitt fleire som får lån og stipend til utdanning. Fleirtalet av studentane og elevane nyttar utdanningsstøtteordningane gjennom Lånekassen. I studieåret 2020–21 fekk 68 pst. av studentane i høgare utdanning lån og stipend, jf. tabell 4.31.

Regjeringa ønsker å legge til rette for at studentane skal kunne gjennomføre studia på normert tid. Då er mellom anna nivået på utdanningsstøtta viktig. Studentane har fått auka kjøpekraft dei siste åra. I tillegg til årleg prisjustering vart basislånet frå 2014 til 2016 auka utover prisvekst, og frå 2017 til 2020 blei perioden med lån og stipend gradvis utvida til elleve månader. Det var om lag 227 800 studentar som fekk tildelt basislån våren 2020, og 77 pst. av dei fekk basislån også til den utvida støtteperioden (11 månader). Satsinga på å auke utdanningsstøtta sidan 2014 har gitt studentane auka kjøpekraft på 15 200 kroner i året.

Kundane i Lånekassen har meir gjeld no enn tidlegare. Gjennomsnittleg gjeld blant låntakarane var i 2020 på om lag 215 000 kroner. Gjelda har sidan 2015 auka nominelt mellom 3 og 3,5 pst. kvart år, men auka med 4,6 pst. frå 2019 til 2020. Utover prisvekst er det truleg at endringa kjem av mellom anna opptrapping til elleve månadar med utdanningsstøtte og høgare låneramme til skulepengar for studentar i utlandet. Endringa frå 2019 til 2020 kan til dels kome av tiltak i samband med covid-19-pandemien, til dømes tilbod om tilleggs lån og ekstra utsetjing av tilbakebetaling av lån. Lånekassen har også over tid innført nye ordningar som har gitt auka fleksibilitet i utdanningsstøttesystemet, slik at systemet no kan handtere fleire behov. Mellom anna er det gunstigare vilkår for lån til deltidsutdanning, for personar over 30 år og studentar eller elevar med barn. Samtidig vil studentar som ikkje kjem raskt i arbeid etter fullført utdanning, ha høgare gjeldsbyrde enn tidlegare, og dei vil bruke lengre tid på å betale tilbake lånet.

I 2020 la regjeringa frem Meld. St. 7 (2020–2021) *En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning*. Meldinga viser til at det er dei engelsktalende landa Australia, USA og Storbritannia studentane føretrekker å dra på utveksling til, og landa har dei siste ti åra vore dei mest populære reisemåla. Innanfor høgare utdanning og forskning har Noreg prioritert samarbeid

med utvalde land, og fleire av desse landa er ikkje-engelskspråklege. Språkkompetanse utover engelsk er viktig for norsk samfunns- og næringsliv. Betre finansiering frå Lånekassen kan auke mobiliteten til prioriterte samarbeidsland.

Mange studentar arbeider ved sida av studia

I Noreg er det vanleg at studentar har betalt arbeid ved sida av studia. Utdanningsstøtteordningane er innretta slik at dei kan kombinerast med noko arbeid i tillegg til heiltidsstudium. I *Studentenes helse- og trivselsundersøkelse* (SHoT) frå 2021 opplyser 81 pst. av studentane at dei har hatt inntektsgivande arbeid det siste året. I undersøkinga frå 2018 var denne delen 86 pst. Nokre fleire kvinner enn menn har hatt inntektsgivande arbeid, og det er flest studentar mellom 21 og 28 år som har hatt inntektsgivande arbeid. Det er berre små regionale forskjellar. Blant norske studentar i utlandet er det 74 pst. av studentane som har hatt inntektsgivande arbeid det siste året.

Ifølge *Studiebarometeret* til NOKUT frå 2020 er talet på timar studentane i heiltidsprogram bruker på betalt arbeid per veke, uendra frå 2019 til 2020. Snittet har vore relativt stabilt på om lag åtte timar over fleire år. Covid-19-pandemien har i stor grad påverka arbeidsmarknaden i 2020 og 2021. Etter 12. mars 2020 seier 20 pst. av studentane at dei har brukt meir tid på betalt arbeid, medan 39 pst. seier dei har brukt mindre tid på betalt arbeid. Dette kan forklare kvifor snittet har halde seg stabilt også i 2020.

Finansiering av utdanning kan vere vanskeleg for vaksne

Regjeringa vil at fleire skal få høve til å ta utdanning, uavhengig av kvar dei bur, og kva slags livssituasjon dei er i, jf. *Strategi for desentralisert og fleksibel utdanning ved fagskoler, høyskoler og universiteter*. Behovet for å ta vidareutdanning og for å kombinere og veksle mellom arbeid og utdanning vil bli større framover. Covid-19-pandemien har vist at det er viktig at dei som er i jobb, skal kunne ta tilleggsutdanning for å kunne stå i jobb. Tap av inntekt i ein opplæringsperiode, og eventuelt høge studieavgifter, kan føre til at fleire ikkje har råd til å vidareutdanne eller omskolere seg. Det kan òg vere vanskeleg å kombinere utdanning med utgifter som vaksne gjerne har, jf. Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet* og Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Prosentdelen studentar som ofte ikkje klarer

løpande utgifter, aukar òg med alderen, ifølge *Studentenes helse- og trivselsundersøkelse* frå 2021.

Utdanningsstøtteordningane i Lånekassen er eit sentralt verkemiddel for dekning av livsopphald for dei som ønsker å kombinere arbeid med utdanning. Utdanningsstøtteordningar som er tilpassa alle, er ein føresetnad for at alle skal kunne ta i bruk dei ulike utdanningstilboda. For grupper som blir permitterte, og som treng påfyll av utdanning, har det ikkje vore lagt til rette for å kombinere dagpengar og utdanning. Covid-19-pandemien har tydeleggjort at dette er eit hinder for omstilling.

Regjeringa vurderte i Meld. St. 16 (2020–2021) *Utdanning for omstilling – Økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning* at utdanningsstøtta ikkje fungerer godt som erstatning for arbeidsinntekt over ein kortare periode. Ordningane i Lånekassen har i lita grad vore tilpassa behova til sysselsette med bustadlån og forsørgaransvar som tek utdanning. Slik ordningane er lagde opp i dag, kan ein mellom anna ikkje få lån og stipend til kortare utdanningar.

Når einskilde tilbod i vidaregåande opplæring er spesielt tilrettelagde for mottakarar av ytingar frå Nav, har ikkje deltakarane rett til lån og stipend frå Lånekassen, sjølv om utdanninga elles fyller krava til godkjenning for utdanningsstøtte. I nokre av desse programma, slik som prosjektet *Menn i helse*, går deltakarane i programmet i ein periode utan livsopphaldsytingar. Manglande tilgang til utdanningsfinansiering i desse periodane kan føre til at deltakarane ikkje fullfører opplæringa.

Strategiar og tiltak

Tiltak for å møte covid-19-pandemien

Utdanningsstøtteordningane har vore eit viktig verkemiddel i samband med den økonomiske krisa som følge av covid-19-pandemien. I 2021 la regjeringa fram fleire krisepakkar med mellombelse tiltak for studentar, jf. omtale i del III, kap. 11. Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren og på integreringsfeltet.

Meir fleksible utdanningsstøtteordningar

Regjeringa har gjennomført fleire endringar i utdanningsstøtteordningane som vil gi meir fleksibilitet og betre vilkår for vaksne som har behov og motivasjon for å ta meir utdanning. Mellom anna er tidsramma for lån og stipend endra slik at utdanningsstøtta kan takast ut fleksibelt over lengre tid enn åtte år om ein studerer på deltid.

Høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning skal bli meir tilgjengeleg ved at ein tilbyr fleire korte og modulisererte utdanningar som er tilpassa behova både til den einskilde og til arbeidslivet. Når utdanningstilboda skal bli meir fleksible, må utdanningsstøtteordningane følge denne utviklinga. Kunnskapsdepartementet vil derfor endre utdanningsstøtteordningane slik at kortare utdanningsløp kan gi rett til lån frå studieåret 2023–24. Innan den tid må Lånekassen endre saksbehandlingssystemet slik at utdanningsstøtta til slik utdanning kan takast ut uavhengig av når, kor lenge og kvar studenten har tenkt å studere. Departementet foreslår derfor å løyve midlar til IT-utvikling i Lånekassen i 2022.

Regjeringa satsar på utdanning for at arbeidsledige og permitterte kan auke kompetansen. I Prop. 170 L (2020–2021) la regjeringa fram forslag om å endre regelverket for dagpengar i kombinasjon med utdanning. Særleg vil høvet til å ta grunnskule, vidaregåande opplæring og fagskule samtidig som ein mottek dagpengar, bli betre. For utdanning ved høgskular og universitet vil det framleis vere nokre avgrensingar, til dømes alder, studieprogresjon, varigheit og kravet om å vere reell arbeidssøkar. Endringa gir arbeidsledige betre og meir føreseielege moglegheiter for finansiering av utdanning. Eit av grunnprinsippa for forslaget er at dagpengar og utdanningsstøtte kan kombinerast utan restriksjonar, basert på at stipendet frå Lånekassen blir behovsprøvd. For at den samla finansieringa av livsopphald frå det offentlege til høgare utdanning skal vere på eit rimeleg nivå, foreslår Kunnskapsdepartementet ei lågare beløpsgrense for behovsprøving av stipend for studentar i høgare utdanning som får både dagpengar og utdanningsstøtte frå 1. januar 2022.

Frå hausten 2021 er utdanningsstøtteordningane endra slik at deltakarar i program som Menn i helse får rett til lån og stipend i periodane utan livsopphaldsytingar frå Nav. Fordi dagpengar og utdanningsstøtte skal kunne kombinerast utan restriksjonar, basert på at stipendet frå Lånekassen blir behovsprøvd, foreslår departementet at også anna utdanning spesielt tilrettelagt for brukarar av Nav kan gi rett til lån og stipend frå hausten 2024. Endringa gjeld vidaregåande opplæring for vaksne.

Regjeringa har varsla at ho vil utvide retten til vidaregåande opplæring slik at alle har rett til opplæring fram til studie- eller yrkeskompetanse, jf. Innst. 585 S (2020–2021) og Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Endringane i retten til vidaregå-

ande opplæring gjer at ein bør endre avgrensinga mellom stipendbasert utdanningsstøtteordning for unge og den lånebaserte utdanningsstøtta for vaksne. Den stipendbaserte ordninga for unge i vidaregåande opplæring er allereie i dag dårleg eigna for vaksne utan fullført vidaregåande opplæring, fordi dei som er under 25 år og har ungdomsrett, får vurdert søknad om lån og stipend opp mot inntekta til foreldra. Regelverket for utdanningsstøtte er basert på den lovfesta retten ungdom har i dag til vidaregåande opplæring, og bør endrast for at endringar i retten ikkje skal gi urimelege og utilsikta utslag for vaksne. Med ein eventuell fullføringsrett for alle vaksne kan ungdomsretten og skiljet på 25 år forsvinne. Dersom ikkje regelverket for utdanningsstøtteordningane samtidig blir endra, risikerer til dømes 30-åringar utan fullført vidaregåande opplæring å få vurdert søknad om lån og stipend opp mot inntekta til foreldra. Kunnskapsdepartementet tek derfor sikte på å endre utdanningsstøtteordninga frå og med studieåret 2023–24 slik at vaksne over 21 år som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, får tilgang til den lånebaserte ordninga. For at endringane skal kunne gjennomførast, må Lånekassen tilpasse saksbehandlingssystema. Departementet foreslår å løyve midlar til utvikling i Lånekassen i 2022.

Kunnskapsdepartementet har gjennom Kompetanseprogrammet gitt Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse i oppdrag å prøve ut ei stipendordning for fagarbeidarar som tek vidareutdanning. Ordninga blir administrert av Lånekassen. Det vil bli gjennomført eit forsøk med ordninga i 2021–22, og sjølv utprøvinga av fagarbeidarstipendet blir gjennomført studieåret 2022–23. Målet med utprøvinga er å få kunnskap om korleis økonomiske insentiv påverkar deltaking i vidareutdanning for fagarbeidarar, og om vidareutdanninga har noko å seie for tilknytninga til arbeidsmarknaden.

Studentar med nedsett funksjonsevne og som ikkje kan jobbe ved sidan av studiane, kan få eit tilleggstipend i Lånekassen. For å ha rett til stipendet må ein studere, men ikkje vere i stand til å jobbe ved sidan av studium, fordi det i stor grad vil gå ut over studieprogresjonen. Studentane kan ikkje ha lønna arbeid så lenge dei får tilleggsstipendet. Regjeringa har i 2021 endra praksisen i Lånekassen slik at studentar som har eit verv kan få stipendet, uavhengig av omfanget av vervet og om søkaren får honorar for vervet. Studentar som har ulønna arbeid kan òg få stipendet.

Stipend til utdanning i einsskilde prioriterte samarbeidsland

Regjeringa vil endre Lånekassens utdanningsstøtteordningar for studentar i utlandet. Målet er at ordningane skal gi sterkare insentiv til å ta utvekslingsopphald eller heilgradsutdanning i Noregs prioriterte samarbeidsland på utdanningsfeltet, jf. Meld. St. 7 (2020–2021) *En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning*. Dei som utveksler i inntil ti månader i einsskilde prioriterte samarbeidsland innanfor høgare utdanning og forskning (Brasil, India, Kina, Russland, Sør-Afrika, Japan og Sør-Korea), vil frå studieåret 2022–23 få eit stipend på 2 500 kroner i månaden. Departementet vil på eit seinare tidspunkt vurdere om same stipend skal gjelde for norske studentar i andre prioriterte land, slik som Tyskland og Frankrike, og om ordninga også skal gjelde studentar som tek ei heil grad i dei aktuelle landa.

Regjeringa vil frå studieåret 2023–24 endre praksisen ved valutajustering av det maksimale skulepengebeløpet i Lånekassen i dei tilfella der den norske krona styrker seg mot andre valutaer. Endringa vil sikre at studentar som betaler eit høgare skulepengebeløp enn det maksimale beløpet som Lånekassen kan gi i lån og stipend til skulepenge, får utbetalt det maksimale beløpet.

Endringane i utdanningsstøtteordningane for studentar i utlandet blir finansierte ved å redusere talet på utanlandske institusjonar som gir rett til utvida stipend til skulepenge, tidlegare omtalt som tilleggsstipend. Dette vil særleg påverke studium i Australia, Storbritannia og USA. Studentar som er i gang med ei utdanning som gir rett til utvida stipend, vil behalde dagens utdanningsstøtte sjølv om institusjonen ikkje lenger gir rett til utvida stipend for nye studentar.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	431 394	399 680	407 272
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i>		12 000	28 162
50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	7 981 047	7 815 409	8 345 502
70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	3 659 381	3 669 245	3 743 822
71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	512 761	578 232	660 491
72	Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i>	1 203 501	602 555	1 346 422
73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	868 022	956 359	885 537
74	Tap på utlån	534 487	415 500	415 500
90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i>	32 656 470	32 351 302	34 950 339
	Sum kap. 2410	47 847 063	46 800 282	50 783 047

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 01

Lånekassen er eit statleg forvaltningsorgan som tilbyr lån og stipend til utdanning i Noreg og utlandet. Løyvingane under kap. 2410, post 01 finansierer ordinære driftsoppgåver i verksemda. Løyvin-

gane under post 45 finansierer større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, til dømes særskild IT-utvikling i Lånekassen.

Mål for 2022

Kunnskapsdepartementet har sett følgande mål for Lånekassen:

- Like moglegheiter til utdanning gjennom finansiering av kompetansebehova til den einskilde og samfunnet
- Ein enklare kvardag for alle i utdanning og alle med utdanningslån

Resultat i 2020

Lånekassen hadde 1 158 500 kundar i 2020 og fekk 1 013 500 søknader om utdanningsstøtte, betalingsutsetjing, sletting av renter og sletting av lån. Til saman blei det delt ut nær 36 mrd. kroner i stipend og lån, og låneporteføljen var 209 mrd. kroner ved utgangen av 2020. Talet på kundar med betalingsproblem heldt fram med å minke i 2020, og talet på kundar med oppsagde lån er redusert med om lag 2 700 samanlikna med 2019. Nedgangen er større enn tidlegare år, og det er færre som mislegheld utdanningslånet sitt. Dette kan kome av at mange kundar har nytta seg av ekstra betalingsutsetjingar som tiltak i samband med covid-19-pandemien.

Våren 2020 utvikla og iverksette Lånekassen ekstraordinære tiltak for dei som blei råka av covid-19-pandemien. Tiltaka gjaldt for både elevar, studentar og dei som betaler tilbake på lånet sitt. Samtidig administrerte Lånekassen dei ordinære ordningane for eit nytt studieår, lanserte nye nettsider og overførte alle IT-systema til offentleg sky. Bruk av sky skal bidra til betre tryggleik, tilgang til nye tenester, betre utviklingsprosessar og betre høve til å skalere systema etter behov, til dømes i samband med høgsesongen for søknader om utdanningsstøtte. Det har òg vore mange kundar som har kontakta Lånekassen, og det har lagt press på saksbehandlinga under pandemien. Lånekassen har på ein god måte handtert tiltak som følge av covid-19-pandemien og ordinær drift, men det har i 2020 vore noko lengre saksbehandlingstid og svartid til kundane enn det Kunnskapsdepartementet har sett som krav.

Lånekassen har òg medverka til å utvikle utdanningsstøtteordningane gjennom utgreiingar og innspel til Kunnskapsdepartementet. Lånekassen leverte i 2020 forslag til nye ordningar for finansiering av kortare utdanningar for vaksne.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 407,3 mill. kroner på post 01 og 28,2 mill. kroner på post 45.

I 2021 er det løyvd 0,4 mill. kroner på post 01 til å dekke utgifter til IKT for utfasinga av stipend til privatistar som tek opp fag i vidaregåande opplæring som dei allereie har bestått, og redusert

stipenddel til reiser utanfor Norden. Desse midlane er trekte ut av løyvinga for 2022. I tillegg foreslår departementet å redusere løyvinga med 2,3 mill. kroner for eittårige midlar til IT-utvikling i samband med overgang til ei studiepoengbasert tidsramme for lån og stipend.

Departementet foreslår å auke løyvinga på post 01 med 0,9 mill. kroner for å dekke utgiftene til nødvendig IT-utvikling knytt til endringar som det er gjort nærare greie for under kap. 2410, post 50–90, kap. 5310 og kap. 5617.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 01 med 0,2 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien.

I 2021 er det løyvd 12 mill. kroner på post 45 til utvikling av saksbehandlingssystemet i Lånekassen for at det skal bli meir tilpassa fleksible ordningar for vaksne. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 9,6 mill. kroner for å utfase eittårige midlar.

Departementet foreslår å løyve 20 mill. kroner på post 45 til å starte arbeidet med ein ny teknisk modul i Lånekassen, slik at systemet er betre tilpassa vaksne som treng økonomisk støtte for å ta korte utdanningstilbod. Kostnadsramma for den nye modulen er estimert til 48,8 mill. kroner fordelt over 2022 og 2023. Utviklinga i IT-systema er omfattande og krev større endringar i Lånekassen. Forvaltningskostnadene til drift av dagens tekniske løysningar er anslått til å auke om utviklingstiltaket ikkje blir gjennomført. I tillegg er Lånekassens IT-system ikkje utforma for å handtere endringar i utdanningsstruktur/-tilbod som går på tvers av dagens tradisjonelle utdanningar. Dette prosjektet, saman med fornying av IT-systema, vil bidra til å redusere framtidige forvaltningskostnader og gi betre tenester for fleire målgrupper.

Departementet foreslår å løyve 5,5 mill. kroner på post 45 til å tilpasse utdanningsstøtteordningane til utvida rett til vidaregåande opplæring. Tiltaket krev justering og utvikling av saksbehandlingssystemet til Lånekassen.

Kap. 2410, post 50–90, kap. 5310 og kap. 5617

Løyvingane på desse kapitla og postane dekker dei ulike delane av utdanningsstøtteordningane til Lånekassen. Endringar i ordningane gjennom Lånekassen har som regel effekt på fleire budsjettpostar under kap. 2410, kap. 5310 og kap. 5617. Budsjettet for utdanningsstøtte blir derfor omtala samla. I tillegg blir dei einskilde postane omtala kvar for seg.

Mål for 2022

Departementet har sett følgende mål for programkategori 07.80 Utdanningsstøtte:

- Alle har god tilgang til relevante tilbud av høy kvalitet.
- Fleire er i arbeid og deltek i samfunnslivet.

Resultat i 2020

Med 1 158 500 kundar i 2020 hadde Lånekassen 2 pst. fleire kundar enn i 2019. Av desse held 63 pst. på å betale tilbake lånet, medan 37 pst. var mottakarar av lån og stipend.

Den samla tildelinga av utdanningsstøtte var for undervisningsåret 2020–21 på 37,1 mrd. kroner. Av dette blei 4,4 mrd. kroner betalte ut som stipend, sjå fordelinga på dei ulike stipendformene i tabell 4.30. Resten blei betalt ut som lån.

I kalenderåret 2020 blei 4,2 mrd. kroner betalte ut som stipend. I tillegg blei 7 mrd. kroner gjorde om frå lån til stipend under konverteringsordninga. Dei samla stipendutgiftene i 2020 blei dermed 11,2 mrd. kroner.

I tabellane under er det gitt ei oversikt over utviklingstrekk i hovudtala for mottakarar av lån og stipend og tilbakebetalarar i Lånekassen.

Tabell 4.30 Hovudtal for tildeling til elevar i vidaregåande opplæring med ungdomsrett

	2017–18	2018–19	2019–20	2020–21
Tal på elevar/lærlingar i vidaregåande opplæring ¹	239 630	241 955	241 810	243 041
Tal på elevar/lærlingar med ungdomsrett	213 493	213 193	213 770	216 486
Tal på mottakarar av lån og stipend med ungdomsrett	163 410	164 293	163 551	163 595
Sum stipend (i mill. kroner)	1 970	2 082	2 136	2 105
Gjennomsnittsstipend (i kroner)	12 084	12 701	13 095	12 895
Sum lån (i mill. kroner)	148	156	178	232
Gjennomsnittslån (i kroner)	24 442	25 823	26 245	33 152 ²

¹ Talet er henta frå SSB og syner alle elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring.

² Auka gjennomsnittslån kjem i hovudsak av tilleggslån for våren 2021 og innføringa av tilleggslån for elevar som forsørger barn.

Tabell 4.31 Hovudtal for tildeling til høgare utdanning m.m.

	2017–18	2018–19	2019–20	2020–21
Talet på studentar i høgare utdanning ¹	289 958	291 528	294 561	305 879
Talet på mottakarar av lån og stipend i høgare utdanning	197 838	198 291	199 493	206 488
Talet på andre mottakarar av lån og stipend ²	47 043	51 739	55 317	57 553
Sum lån inkl. omgjeringsslån (i mill. kroner)	25 588	26 776	29 614	32 523
Gjennomsnittsslån (i kroner)	106 180	109 516	118 042	124 813 ³
Utbetalt konverteringsstipend ⁴ (i mill. kroner)	6 937	7 063	5 286 ⁵	1 634 ⁵
Sum andre stipend (i mill. kroner)	1 832	2 086	2 345	2 296

¹ Talet på studentar i høgare utdanning kjem frå Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) og tal frå Lånekassen på studentar i utlandet.

² Tala gjeld studentar i fagskular, folkehøgskular, bibelskular og korte yrkesretta utdanningar og vaksne elevar og lærlingar i vida-regående opplæring utan ungdomsrett.

³ Auka gjennomsnittsslån kjem i hovudsak av innføringa av tilleggsslån for studentar over 30 år og studentar som forsørger barn.

⁴ Utbetalt stipend etter at behovsprøving mot inntekt og formue er gjennomført. Status per august 2021.

⁵ Omgjering frå lån til stipend skjer samtidig som behovsprøvinga mot inntekt og formue blir gjennomført. Behovsprøvinga for 2020 er i hovudsak gjennomført, og ein stor del av konverteringsstipendet for dette året er derfor utbetalt. For 2021 er det enno ikkje utbetalt konverteringsstipend.

Tabell 4.32 Fordeling av ulike stipendformer i dei to siste undervisningsåra

	Talet på stipend		Stipend i mill. kroner	
	2019–20	2020–21	2019–20	2020–21
Inntektsavhengig stipend	16 281	16 197	428	441
Bortebuarstipend	25 123	23 889	1 019	991
Utstyrsstipend	158 657	158 721	269	312
Flyktningstipend ¹	12 392	11 932	1 006	976
Stipend til skulepengar i utlandet	14 357	10 617	442	361
Utvida stipend til skulepengar i utlandet ²	1 807	1 188	95	79
Valutajustering (netto) av stipend og utvida stipend ² til skulepengar i utlandet	13 129	10 665	10	–26
Stipend til skulepengar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skular	824	366	63	33
Språkstipend	455	95	10	2
Tilleggsstipend til tilrettelagd utdanning i Frankrike og Tyskland	40	46	1	1
Reisestipend, Noreg og Norden	8 293	7 847	16	15
Reisestipend, utanfor Norden	22 278	12 401	67	32
Sjukestipend ³	765	628	26	23
Foreldrestipend ³	2 629	2 610	187	191
Barnestipend ¹	24 648	26 155	527	578
Stipend til søkarar med nedsett funksjonsevne eller funksjonshemming ³	8 331	9 382	316	364
Totalt	310 009	292 739	4 482	4 373

¹ Stipendet blir i ettertid behovsprøvd mot inntekt og formue. Ein del av det som opphavleg blei tildelt som stipend, vil derfor på eit seinare tidspunkt kunne bli gjort om til lån.

² Tidlegare kalla tilleggsstipend.

³ Ved sjukdom og fødsel vil lån bli omgjort til stipend i ettertid. Det betyr at det ikkje ligg føre endelege tal for desse tiltaka ved utløpet av undervisningsåret. For undervisningsåret 2019–20 blei det endelege resultatet for omgjerung ved sjukdom 57 mill. kroner og for omgjerung ved fødsel 237,6 mill. kroner.

Tabell 4.33 Hovudtal for lån og renter i dei siste fire åra

	(i 1 000 kr)			
	2017	2018	2019	2020
Tal på tilbakebetalande låntakarar ¹	672 865	695 194	718 675	728 942
Renteberande lån	122 215	130 388	138 988	145 416
Betalte renter	2 627	2 725	2 955	2 958
Avdrag	8 260	8 690	9 164	9 212
Ettergitt lån og renter	574	691	861	868
Rentestøtte	1 050	1 074	1 142	1 204
Uteståande lån	172 003	182 173	192 770	206 978
Uteståande renter	1 672	1 690	1 799	1 922

¹ Ikkje oppgitt i 1 000 kroner

Tildeling av lån og stipend

Opptrapping til elleve månader med utdanningsstøtte

Regjeringa la i Prop. 122 S (2015–2016) fram ein plan for gradvis innføring i fire trinn av ein ekstra månad med utdanningsstøtte til heiltidsstudentar ved universitet, høgskular og fagskular. I samsvar med planen blei ordninga fullført våren 2020. Aktuelle søkarar fekk utbetalt basislån for ein hel månad meir enn i studieåret 2015–16. For våren 2020 kunne om lag 175 900 studentar få utbetalt 2 755 kroner meir i basislån enn det dei kunne få våren 2019.

Tilleggsloan til personar over 30 år og studentar og elevar med barn

For å betre finansieringsvilkåra for elevar og studentar over 30 år og for dei som forsørger barn under 16 år, blei det hausten 2020 innført eit tilbod om tilleggsloan. Drygt 25 000 personar fekk tilleggsloanet i studieåret 2020–21, nesten 30 pst. meir enn det departementet hadde rekna med. Av desse er det om lag 5 300 som har fått tilleggsloan fordi dei forsørger barn. Litt meir enn halvparten av dei under 30 år som har barn, valde å søke om tilleggsloan. Blant søkarar i høgare utdanning og fagskuleutdanning over 30 år, er det 45 pst. som har valt å ta opp tilleggsloan. Delen er 40 pst. i vidaregåande opplæring.

Endring i krav ved deltidsutdanning

Kravet om å ta minimum 50 pst. av ei fulltidsutdanning for å kunne få utdanningsstøtte blei avvi-

kla frå og med studieåret 2020–21. Om lag 4 000 søkarar har fått utdanningsstøtte til deltidsutdanning på under 50 pst. av ei fulltidsutdanning. Talet på søkarar er noko lågare enn forventa. Det er vaksne i vidaregåande opplæring som i størst grad har søkt om lån og stipend til utdanning som utgjer mindre enn 50 pst. av ei fulltidsutdanning. Av dei som studerte på deltid, var det 23. pst som fekk lån og stipend til utdanning mindre enn 50 pst. av ei fulltidsutdanning. Blant deltidsstudentane i høgare utdanning var det 8 pst., medan delen berre var 2 pst. blant deltidsstudentane i fagskuleutdanning. Viss ein ser på heile gruppa av deltidsstudentar og -elevar, er personar under 25 år overrepresenterte når det gjeld utdanning som utgjer mindre enn 50 pst. av ei fulltidsutdanning.

Det trinnbaserte systemet for berekning av utdanningsstøtte til deltidsutdanning blei hausten 2020 avvika, og utdanningsstøtta ein får, er no i samsvar med faktisk pst. av ei fulltidsutdanning. Ein søkar som studerer 60 pst. av ei fulltidsutdanning, vil til dømes få 60 pst. av heiltidsstøttebeløpet. Samla er det om lag 28 000 søkarar som i studieåret 2020–21 har fått utdanningsstøtte til deltidsutdanning, og om lag 10 000 av desse har fått berekna lån og stipend i samsvar med faktisk deltidsutdanning.

Høgare aldersgrenser for når lån kan bli reduserte, og for tilbakebetaling av utdanningslån

Grensa for redusert lån blei heva frå 45 år til 50 år frå studieåret 2020–21. Samstundes blei aldersgrensa for når lån skal vere tilbakebetalte, heva frå 65 år til 70 år. Talet på søkarar som har fått redusert lån på grunn av alder, er nesten halvert

frå 1 475 i studieåret 2019–20 til 774 i 2020–21. Samstundes har talet på tilbakebetalarar som får avslag på søknad om betalingsutsetjing på grunn av aldersgrensa for når lånet skal vere innfridd, blitt vesentleg redusert.

Betre utstyrsstipendordning i vidaregåande opplæring

Frå 2020–21 blei utstyrsstipendordninga styrkt, slik at fleire yrkesfaglege utdanningsprogram gir rett til eit høgare stipend enn tidlegare. Dette blei gjort for å få eit betre samsvar mellom stipendnivå og utstyrskostnader. Endringa innebar at 7 800 elevar på utdanningsprogrammet bygg- og anleggsteknikk og 3 200 elevar på naturbruk fekk 2 100 kroner meir i utstyrsstipend enn dei ville ha fått etter det regelverket som gjaldt i 2019–20. Dei fleste elevane på andre yrkesfaglege utdanningsprogram har også fått ein mindre auke i stipendet som følge av endringa. På den andre sida innebar det nye regelverket at nokre elevar fekk mindre i utstyrsstipend enn tidlegare. For elevar på studiespesialisering, som utgjer om lag 40 pst. av dei som får utstyrsstipend, var det inga endring i stipendbeløpet.

Foreldrestipend i overgangsfasen mellom fullført utdanning og yrkesaktivitet

For å betre vilkåra for dei som får barn i overgangen mellom fullført utdanning og yrkesaktivitet, blei det hausten 2020 innført utvida rett til foreldrestipend. Retten gjeld personar som får barn opptil sju månader etter at dei har fullført ei grad i høgare utdanning eller fagskuleutdanning. Tiltaket inneber også at personar som får barn mindre enn 46 veker før dei fullfører ei grad, vil få full foreldrestipendperiode. Med 65 søkarar hausten 2020 er ordninga blitt noko mindre nytta enn anslått på førehand.

Utdanningsstøtte til høgare utdanning i utlandet – avvikling av særregel

For fleire høgare utdanningar i Noreg er det fastsett særskilde opptakskrav. Etter tidlegare regelverk for utdanningsstøtte måtte slike særskilde krav vere oppfylte også dersom ein skulle kunne få utdanningsstøtte til å ta tilsvarende utdanning i utlandet. Regelen blei avvikla frå og med studieåret 2020–21, og det blei anslått at 30 søkarar ville bli omfatta. Det er ikkje mogleg å talfeste nøyaktig

kor mange søkarar som har fått utdanningsstøtte etter regelendringa, og som elles ikkje ville ha fått det, men truleg er talet om lag som føresett. Regelendringa har gjort saksbehandlinga av slike saker i Lånekassen enklare og raskare.

Avvikling av særreglar om utdanningsstøttetans ved frávær og studiepermisjon

To særreglar som handla om stans i utdanningsstøtta ved ugrunna frávær og ved studiepermisjon, blei avvikla frå og med studieåret 2020–21. Lærestadene skal melde frå til Lånekassen når elevar eller studentar avbryt utdanninga, og søkarane sjølve har plikt til å opplyse om endringar. Endringa har som forventta ført til mindre administrasjon hos Lånekassen og færre spørsmål frå mottakarane av lån og stipend.

Avvikling av motrekning som hovudregel ved krav om tilbakebetaling av ugrunna utdanningsstøtte

I tilfelle der ein søkar har fått utbetalt meir utdanningsstøtte enn det han hadde rett til, har Lånekassen tidlegare hatt som praksis å krevje det overskytande beløpet tilbakebetalt med ein gong, og ved manglande tilbakebetaling har søkaren blitt trekt i utdanningsstøttetildelinga med det manglande beløpet, såkalla motrekning. Fleire mottakarar av utdanningsstøtte er avhengig av utbetalingane frå Lånekassen for å kunne gjennomføre utdanning. Denne praksisen blei avvikla, slik at ugrunna utdanningsstøtte i staden blir lagd til gjelda til søkaren. Om lag 6 000 søkarar har årleg blitt trekte i tildelinga som følge av praksisen med å krevje overskytande beløp tilbake med ein gong.

Tilbakebetaling av utdanningslån

Endra tidspunkt for rentebelastning av utdanningslån

Utdanningslån er rentefrie så lenge låntakaren er under utdanning og får støtte frå Lånekassen. Tidlegare blei lånet sett renteberande frå første månadsskifte, men frå 2020 blir lånet sett renteberande frå første dag etter at låntakaren ikkje lenger får utdanningsstøtte. Endringa reduserer utgiftene for staten, men innsparinga blei lågare enn anslått, sidan både rentenivået og talet på studentar som blei nye tilbakebetalarar i 2020, blei lågare enn anslått.

*Mellombelse tilpassingar i utdanningsstøtteordningane i møte med covid-19-pandemien**Utvida søknadsfrist og forskotsutbetaling av lån og stipend for våren 2020*

Den vanlege søknadsfristen for lån og stipend for våren 2020, blei utvida frå 15. mars til 15. april 2020. Då landet blei stengt ned 12. mars 2020, var det berre tre dagar att til den ordinære søknadsfristen, og for å gi studentane betre sjanse til å områ seg, blei fristen utvida med ein måned. Om lag 1 700 søkarar nytta seg av den utvida søknadsfristen.

For å betre likviditeten til søkarane etter utbrotet av covid-19-pandemien blei utbetalingane for månadene april, mai og juni, utbetalt i midten av april 2020. Lånekassen gav forskotsutbetaling til 269 000 søkarar.

Tilleggs lån våren 2020

Våren 2020 blei det gitt tilbod om tilleggs lån på 26 000 kroner til studentar og 13 000 kroner til einskilde elevar med ungdomsrett som blei råka økonomisk av covid-19-pandemien. Av desse lånebeløpa kan 8 000 kroner gjerast om til stipend i etterkant. Søkarar må kunne dokumentere redusert inntekt i perioden 1. mars 2020 til 15. juni 2020 som følge av pandemien.

Det var om lag 49 600 søkarar som tok opp lånet, og av desse var 2 000 elevar og lærlingar med ungdomsrett. 20 pst. av søkarane som var i utdanning våren 2020, og som hadde høve til å søke om tilleggs lån, gjorde det. Dette var færre enn rekna med. Lånekassen har kontrollert alle søknadene om tilleggs lån, og 55 pst. av mottakarane har fått godkjent den innsende dokumentasjonen i samband med gjennomført kontroll.

Mellombels unntak for tilleggsstipend ved nedsett funksjonsevne og behovsprøving av stipend for einskilde studentar

Søkarar som våren eller sommaren 2020 tok arbeid innanfor sentrale samfunnsfunksjonar, kunne behalde tilleggsstipendet ved nedsett funksjonsevne. Det blei òg gjort unntak frå inntektsgrenser for søkarar som hadde inntekt frå arbeid relatert til covid-19-pandemien i einskilde yrke i perioden frå 1. mars 2020 til 31. desember 2020. Dette gjeld søkarar som hadde inntekt frå arbeid i helse- og omsorgssektoren, Heimevernet eller Sivilforsvaret, eller politistudentar som hadde inntekt frå polititjeneste eller beredskapsarbeid,

kunne få unntak for behovsprøvinga av stipendet mot inntekta.

Mellombelse tilpassingar i regelverket for studentar i utlandet

Det blei innført unntak frå kravet om at utdanning i utlandet må vere stadbasert for å gi rett til lån og stipend. På denne måten kunne søkarar i utlandsk utdanning følge undervisninga som vanlegvis skjer på den fysiske lærestaden i utlandet, via nett frå Noreg. For den same gruppa blei det også gjort unntak frå kravet om at ein må vere bortebeuar for å kunne få stipend. I vårsemesteret 2020 gjaldt det siste unntaket også for dei som tok utdanning i Noreg.

Rett til lån og stipend i eitt ekstra semester til studentar i utlandet i sitt 16. semester

Studentar i utlandet som var i sitt 16. og siste semester med rett til lån og stipend våren 2020, og som blei forseinka våren 2020 på grunn av covid-19-pandemien, fekk rett til lån og stipend i eitt (og i visse tilfelle to) semester ekstra for å fullføre utdanninga. Det er vanskeleg å talfeste nøyaktig kor mange søkarar som har fått støtte etter reglendinga, og som elles ikkje ville ha fått det, men truleg gjeld dette svært få søkarar.

Utviding av talet på betalingsutsetjingar

Det blei gjort unntak for grensa på 36 betalingsutsetjingar, slik at låntakarar som søkte om betalingsutsetjing for månadene mars 2020 til og med desember 2020, kunne få dette sjølv om dei hadde brukt opp den vanlege kvoten på 36 utsetjingar. Dette blei gjort for å lette på likviditetsutfordringar for låntakarar med betalingsproblem i samband med covid-19-pandemien, slik at færre ville bli overførte til Statens innkrevjingssentral. Det er ikkje mogleg å talfeste kor mange låntakarar som har hatt nytte av dette tiltaket, men Lånekassen har observert ein kraftig auke i bruken av betalingsutsetjingar generelt i løpet av pandemiperioden. Det kom inn nær 135 000 fleire søknader om betalingsutsetjing i 2020 enn i 2019. Det er ein auke på 64 pst. samanlikna med året før.

Budsjettforslag for 2022

Ettersom ein del av undervisningsåret 2022–23 ligg utanfor budsjettåret 2022, er det behov for to tilsegningsfullmakter. Sjå forslag til vedtak III nr. 3 og 4.

- Hovudgrunnlaget for forslaget til løyvingane på kap. 2410, post 50–90, kap. 5310 og kap. 5617 er
- oppdaterte overslag over talet på mottakarar av lån og stipend i ulike kategoriar og nye overslag over gjennomsnittleg tildeling innanfor kvar einskild kategori
 - prisvekstjustering på 2 pst. av alle utdanningsstøttesatsar for studieåret 2022–23
 - lønnsvekstjustering av alle inntekts- og formuesgrenser som blir nytta i samband med behovsprøving av stipend og sletting av renter og gjeld
 - renteprognoose på 2 pst. (årleg effektiv rente ekskl. gebyr) for 2022 og oppdaterte overslag over storleiken på den rentefrie og den renteberande delen av utlånsporteføljen til Lånekassen i 2022
 - berekna effektar av endringar som blei vedtekne i statsbudsjettet for 2021
 - forslag til regelendringar og nye tiltak i 2022 som vil påverke løyvingsbehovet. Nokre av desse inneber at driftsbudsjettet til Lånekassen må aukast. Sjå oversikt over kva endringar som gir slikt behov, under kap. 2410, post 01 og 45

Stipend til utdanning i einskilde prioriterte samarbeidsland og valutajustering

For å gi sterkare insentiv til å ta utdanning i dei prioriterte samarbeidslanda til Noreg foreslår departementet frå studieåret 2022–23 å innføre eit stipend på 2 500 kroner i månaden ved utvekslingsopphold på inntil ti månader til Brasil, India, Kina, Russland, Sør-Afrika, Japan og Sør-Korea. Departementet foreslår også at studentar som betaler meir enn det maksimale skulepengebeløpet i Lånekassen, ikkje skal få utbetalt mindre enn dette, sjølv etter at krona har styrka seg. Det er krevjande å få plass ei ny løysing i Lånekassen som kan ta høgde for valutasingar, og endringane vil derfor ikkje bli innført før i 2023. Endringane i utdanningsstøtteordningane for studentar i utlandet blir finansierte ved å redusere talet på utanlandske institusjonar som gir rett til utvida stipend til skulepengar. Samla reduserer endringane løyvingsbehovet med 0,3 mill. kroner i 2022. I tillegg kjem auka utlån.

Behovsprøving av stipend mot dagpengar

Departementet foreslår å senke inntektsgrensa ved behovsprøving av stipend mot dagpengar for studentar som kombinerer dagpengar med høgare utdanning. Inntektsgrensa for behovsprøving av stipend for mottakarar av dagpengar i

høgare utdanning skal ikkje lenger vere den same som for personinntekt og kapitalinntekt, men den lågare grensa som gjeld trygdeytningar. I staden for redusert dagpengesats vil ledige og permitterte som tek høgare utdanning med dagpengar, få lågare stipend. Om lag 300 mottakarar av lån og stipend vil få omgjort 20 pst. av lånet til stipend, mot 40 pst. i dag. Tiltaket reduserer løyvingsbehovet med 1 mill. kroner i 2022.

Forenkling av reglar for lån og stipend til einskilde utanlandske statsborgarar

Departementet foreslår fleire endringar for å forenkle regelverket for utanlandske statsborgarar med rett til lån og stipend i Lånekassen. Departementet foreslår at permanent opphaldsløve gir eit sjølvstendig grunnlag for rett til lån og stipend. Vidare foreslår departementet ei marginal utviding slik at rett til lån og stipend også gjeld personar med mellombels opphald på grunn av familieinnvandring, men der samlivet har teke slutt, til dømes på grunn av at referansepersonen er død. Departementet foreslår òg at dei som har rett til lån og stipend som følge av 24 månader med samanhengande arbeid i Noreg, får eit unntak for brot på oppteningstida på inntil eitt år dersom det kjem av sjukdom eller fødsel. Samtidig foreslår departementet ei innstraming i regelverket ved å krevje at personar som får rett til lån og stipend på bakgrunn av gjennomført utdanning i Noreg, må vere busette i Noreg under oppteningstida. Tiltaka aukar løyvingsbehovet med 0,5 mill. kroner i 2022. I tillegg kjem auka utlån.

Avgrensa rett til lån og stipend for helsefaglege utdanningar

Lån og stipend til utdanning innanfor medisin i utlandet er i dag avgrensa til Europa, USA, Canada og Australia. Avgrensinga er strengare enn for anna utdanning i utlandet, fordi det for medisnutdanning er krav om autorisasjon for å arbeide i Noreg. Dagens regelverk har for einskilde likevel gitt utfordringar knytte til autorisasjon når studentane kjem tilbake til Noreg. Departementet foreslår derfor å presisere at rett til lån og stipend til medisnutdanning i Europa frå hausten 2022 berre vil omfatte EØS-landa, Storbritannia, Sveits, og dei engelskspråklege landa USA, Canada, Australia og New Zealand. Det er dermed nokre europeiske land som ikkje lenger vil gi rett til lån og stipend til medisnutdanning. Dei same utfordringane knytte til autorisasjon gjeld også for einskilde andre helsefaglege utdanningar utanfor

Noreg. Derfor foreslår departementet at lån og stipend til utdanning av tannlegar, jordmødrer, provisorfarmasøytar, sjukepleiarar og veterinærar, blir endra tilsvarende dei nye avgrensinga for medisintutdanning. Noverande studentar vil framleis ha rett til lån og stipend så lenge dei er i utdanning. Tiltaket reduserer løyvingbehovet med 0,3 mill. kroner i 2022.

Utbetaling ved avbrot utdanning som følge av sjukdom

Covid-19-pandemien har vist at det er behov for større grad av fleksibilitet i regelverket for utdanningsstøtte som følge av sjukdom. Departementet foreslår derfor eit unntak frå kravet om at ei utdanning skal ha vart i tre månader før avbroten utdanning, for at ein student skal få behalde eller få utbetalt lån og stipend, dersom avbrotet kjem av sjukdom. Svært få vil bli påverka av tiltaket, sidan dei fleste i slike situasjonar allereie får sjukestipend. Tiltaket aukar løyvingbehovet med 0,6 mill. kroner frå og med 2023.

Sletting av gjeld i tiltakssona

Personar som bur i og er yrkesaktive i tiltakssona i Finnmark og Nord-Troms, får sletta gjeld i Lånekassen. Med auka bruk av heimekontor er den fysiske arbeidsplassen i einskilde tilfelle utanfor tiltakssona. Så lenge personen bur i og betaler skatt til ein kommune i tiltakssona, foreslår departementet å endre kravet slik at sletting av gjeld skjer uavhengig av kvar den fysiske arbeidsplassen til personen er. Tiltaket aukar løyvingbehovet med 2,1 mill. kroner og blir innført frå og med 2023.

Lærarar i grunnskulen i tiltakssona kan etter ei mellombels ordning få sletta ytterlegare 20 000 kroner i gjeld i Lånekassen, etter ein oppteningsperiode på 12 månader. Ordninga blei innført i 2017, og i 2022 kan det første kullet ta til i læraryrket og begynne på opptening av rett til å få sletta gjeld etter den permanente ordninga for sletting av gjeld for lærarar.

Avvikle unntaksregel om vidaregåande opplæring spesielt tilrettelagd for brukarar av Nav

I samband med Revidert nasjonalbudsjett 2021 har Stortinget vedteke at deltakarar i utdanningsprogram som Menn i helse får rett til lån og stipend i periodane utan livsopphaldsytingar frå Nav. Departementet foreslår å løyve 7,2 mill. kroner i 2022 i heilårseffekt til tiltaket. Departementet foreslår òg å avvikle unntaket i regelverket for utdanningsstøtte om at anna utdanning enn Menn i helse som er spesielt tilrettelagd for brukarar av Nav, ikkje kan godkjennast for lån og stipend. Regelen gjeld vidaregåande opplæring for vaksne. Departementet anslår at om lag 200 personar vil nytte ordninga. Tiltaket aukar løyvingbehovet med 2,7 mill. kroner og blir innført frå og med 2024. I tillegg kjem auka utlån.

Verkeleg verdi

For å rekne ut den verkelege verdien av utlånsporteføljen til Lånekassen er det laga ein modell som skil mellom kostnader som er knytte til dei utdanningspolitiske og sosiale tiltaka i utdanningsstøtteordningane, og kostnader knytte til kredittrisiko. Lånekassen hadde ein portefølje av uteståande lån og renter på 208,9 mrd. kroner ved utgangen av 2020. Den verkelege verdien av porteføljen er lågare enn den bokførte porteføljen. Dette kjem av både dei ulike utdanningspolitiske og sosiale ordningane som er knytte til utdanningsstøtteordningane i Lånekassen, og forventa tap som kjem av at kundane ikkje oppfyller betalingspliktene sine.

Tabell 4.34 syner kva for element det er justert for når ein har rekna ut verkeleg verdi av porteføljen. Det er lagt til grunn at låna i gjennomsnitt er rentefrie i noko under tre år. På grunnlag av modellen og ein føresetnad om ei rente på 2,5 pst. er den verkelege verdien av porteføljen ved utgangen av 2020 rekna ut til 183,1 mrd. kroner. Differansen mellom bokført verdi og berekna verkeleg verdi er 25,8 mrd. kroner. Den verkelege verdien er berekna til 88 pst. av dei samla fordringane per 31. desember 2020.

Tabell 4.34 Verkeleg verdi av utlånsporteføljen til Lånekassen

	Verdi i mill. kroner per 31. desember 2019	Verdi i mill. kroner per 31. desember 2020
<i>Opphavleg låneportefølje</i>		
– tilbakebetalarar	141 340	146 640
– studentar	53 228	62 260
<i>Sum opphavleg låneportefølje</i>	<i>194 569</i>	<i>208 900</i>
– omgjering til stipend	10 030	10 621
Portefølje etter omgjering til stipend	184 539	198 279
Neddiskontert portefølje	141 427	151 957
Neddiskonterte renteinntekter	43 579	46 823
Neddiskontert portefølje inkl. renteinntekter	185 006	198 780
<i>Justeringar</i>		
– rentestøtte studentar	2 207	2 638
– sletting av renter tilbakebetalarar	1 726	1 854
– ettergitt gjeld	6 176	6 636
<i>Sum justeringar</i>	<i>10 108</i>	<i>11 127</i>
<i>Justert låneportefølje</i>	<i>174 898</i>	<i>187 653</i>
– nedskrivning lån og renter	4 428	4 757
– over-/underkurs	57	182
<i>Verdi</i>	<i>170 527</i>	<i>183 077</i>

Ved å legge til grunn dei same føresetnadene som ved berekning av verkeleg verdi av porteføljen, kan ein berekne noverdien av nye utlån i Lånekas-

sen. Tabell 4.35 syner at staten kan forvente å få tilbake om lag 65 øre for kvar ny krone som blir lånt ut frå Lånekassen.

Tabell 4.35 Noverdien av 1 krone i nytt utlån i Lånekassen

	Verdi i kroner per 31. desember 2019	Verdi i kroner per 31. desember 2020
<i>Opphavleg låneportefølje</i>		
– tilbakebetalarar	0,000	0,000
– studentar	1,000	1,000
<i>Justeringar</i>		
– forventa omgjering til stipend	0,257	0,254
Portefølje etter omgjering til stipend	0,743	0,745
Neddiskontert låneportefølje etter omgjering	0,564	0,565
Renteinntekter	0,175	0,176
<i>Justeringar</i>		
– rentestøtte studentar	0,038	0,038
– sletting av renter tilbakebetalarar	0,007	0,007
– ettergitt gjeld	0,025	0,025
<i>Sum justeringar</i>	<i>0,070</i>	<i>0,070</i>
<i>Justert låneportefølje</i>	<i>0,669</i>	<i>0,671</i>
Nedskrivning lån og renter	0,018	0,018
<i>Verdi</i>	<i>0,652</i>	<i>0,654</i>

Post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving

Inntil 40 pst. av basislånet til studentar i høgare utdanning m.m. kan bli konvertert frå lån til stipend. Løyvinga på post 50 dekker avsetning til eit fond (konverteringsfondet) som Lånekassen trekker midlar frå etter kvart som lån blir gjorde om til stipend.

Det er budsjettert med at det vil bli gitt 10,8 mrd. kroner i omgjeringsslån i 2022. Heile dette beløpet kan bli gjort om til utdanningsstipend. Tre faktorar bidreg til at det likevel ikkje er behov for å setje av eit så høgt beløp i konverteringsfondet. For det første blir utdanningsstipendet behovsprøvd mot inntekt og formue, og derfor vil ein del av det som kunne blitt gjort om til stipend, likevel ikkje bli omgjort. For det andre vil ein del av den utdanninga det blir gitt støtte til, ikkje bli bestått og derfor ikkje gi rett til omgjering. Og for det tredje vil ein del av den høgare utdanninga det blir gitt støtte til, ikkje føre fram til ei avlagd grad og dermed ikkje gi rett til omgjering på grunnlag av oppnådd grad. Samla er det

estimert at desse tre faktorane reduserer avsetningsbehovet med 22,6 pst., og forslaget til løyving på posten utgjer 77,4 pst. av anslaget for nye omgjeringsslån i 2022.

Post 70 Utdanningsstipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld inntektsavhengig stipend, utstyrstipend, og bortebruarstipend til elevar og lærlingar i vanleg vidaregåande opplæring, stipend til søkarar i høgare utdanning m.m. med nedsett funksjonsevne eller funksjonshemming, og flyktningstipend, foreldrestipend, sjukestipend og barnestipend for alle grupper.

Post 71 Andre stipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld ulike stipend til dekking av reiseutgifter og skulepengar i innland og utland. Ho gjeld òg stipend til språkkurs og eit tilleggsstipend til spesielt tilrettelagd ingeniør- og økonomiutdanning i Frankrike og Tyskland.

Post 72 Rentestøtte, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekker kostnaden ved at utdanningslån er rentefrie i utdanningstida, og er eit uttrykk for kor mykje staten subsidierer lånedelen av støtteordningane med. Løyvingsbehovet på posten varierer med rentenivået.

Post 73 Avskrivningar, overslagsløyving

Avskrivningane på posten omfattar mellom anna avskrivning på grunn av sjukdom og død. Vidare er

det egne ordningar for avskrivning for visse lærarutdanningar og for personar som er busette og arbeider i Finnmark og utvalde kommunar i andre fylke. I tillegg blir restgjeld automatisk avskriven når gjelda er under det som er sett som minimumsbeløpet for innkrevjing.

Oversikta under viser dei elementa som utgjer post 73 Avskrivningar:

Tabell 4.36 Avskrivningselement i Lånekassen

Element	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
Avskrivning ved sjukdom	511 609	618 160	532 278
Avskrivning ved død	64 285	64 635	64 285
Automatisk avskrivning	523	521	523
Avskrivning for lærarutdanning	36 456	29 569	36 456
Avskrivning Finnmarks-ordninga	123 671	134 782	128 186
Avskrivning kvoteordninga	11 209	12 241	3 473
Sletting av renter	120 269	96 451	120 336
Sum	868 022	956 359	885 537

Av samla avskrivning på 885,5 mill. kroner er det berekna at 715,4 mill. kroner vil vere avskrivning av det opphavlege utdanningslånet. Dei resterande avskrivningane fordeler seg på 59,6 mill. kroner frå renter i 2022 og 110,6 mill. kroner frå renter frå tidlegare år.

Post 74 Tap på utlån

Løyvinga på posten dekker avskrivning av grovt eller vedvarande misleghaldne utdanningslån. Låna blir avskrivne i rekneskapane som tap i Lånekassen når dei blir overførte permanent til Statens innkrevjingssentral (SI).

Oversikta nedanfor viser dei hovudelementa som utgjer post 74 Tap på utlån:

Tabell 4.37 Tapselement i Lånekassen

	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
SI-permanent	463 982	355 000	355 000
Lån etter gjeldsordning	58 614	55 500	55 500
Andre forhold	11 891	5 000	5 000
Sum	534 487	415 500	415 500

Tap på hovudstolen er berekna til å vere 290,9 mill. kroner, medan tap på renter frå tidlegare periodar er 109,5 mill. kroner i 2022. Årets renter på taps-/kostnadsfordringane er berekna til å vere 15,2 mill. kroner i 2022.

Personar som ikkje har betalt etter tredje varsel om betaling, får lånet førebels overført til SI. Dersom arbeidet til SI fører fram og personen kjem à jour med betalningar, blir saka ført tilbake til Lånekassen. Lånekassen eig kravet, men SI handterer gjeldsordningssaker i denne perioden. Det er først når lånet blir permanent overført til SI, normalt når gjelda har vore oppsagd i tre år, at kravet i rekneskapssamanheng blir overført til SI.

Frå 1996 til og med 2020 har om lag 71 000 kundar fått gjelda permanent overført til SI, med eit samla beløp på 8,8 mrd. kroner. Av dette er det fram til i dag kravd inn 4,7 mrd. kroner. Innkrevjingsresultatet i 2020 for permanent overførte

utdanningslån var på 227 mill. kroner, medan det i 2019 var 241 mill. kroner. I 2022 er innkrevjingsresultatet berekna til å bli 245 mill. kroner. Det blei overført lån permanent frå Lånekassen til SI på 464 mill. kroner i 2020, mot 329 mill. kroner i 2019. Overføringa til SI i 2022 er berekna til 355 mill. kroner.

Post 90 Auka lån og rentegjeld, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekker samla nye utlån frå Lånekassen i 2022 og berekna renter i løpet av året som ikkje er betalte ved utgangen av året.

Nye utlån til kundar og omgjeringar av stipend til lån er berekna til å utgjere 34 mrd. kroner, medan nettoutlån til ubetalte renter er berekna til 922 mill. kroner. Den samla løyvinga på posten blir då 35 mrd. kroner i 2022.

Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
03	Diverse inntekter	500		
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	20 488	13 000	6 300
29	Termingebyr	2 780	3 077	1 161
89	Purregebyr	86 553	103 570	92 913
90	Redusert lån og rentegjeld	11 297 492	12 365 062	12 806 848
93	Omgjering av utdanningslån til stipend	7 027 861	5 973 912	7 284 547
	Sum kap. 5310	18 435 674	18 458 621	20 191 769

Kapittelet gjeld inntekter til Lånekassen, i hovudsak innbetalingar frå kundane, innbetaling frå konverteringsfondet og ulike refusjonar.

Post 04 gjeld ettergiving av utdanningslån for kvotestudentar frå utviklingsland som flyttar til heimlandet og buset seg der varig. Visse innanlandske kostnader kan etter statistikkdirektivet i OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp.

Post 29 gjeld gebyr for rekning ved terminfall. Kundar som nyttar eFaktura eller AvtaleGiro, blir ikkje belasta med rekningsgebyr.

Post 89 gjeld gebyr på 280 kroner ved første purring og 490 kroner ved andre purring (varsel om oppseiing).

Post 90 gjeld innbetalte avdrag og betalte berekna renter frå tidlegare år. Avskrivne og

betalte renter er splitta opp i avskrivne og betalte renter i inneverande og tidlegare budsjettperiodar.

Tilbakebetaling av hovudstolen er berekna til 10,9 mrd. kroner i 2022. Tilbakebetaling av rentegjeld frå tidlegare periodar er berekna til 646,7 mill. kroner i 2022. Tilbakebetaling frå taps-/kostnadsløyvingar utgjir 1,2 mrd. kroner og omfattar både hovudstol og berekna renter frå tidlegare periodar, spesifisert på kap. 2410, post 73 og 74.

Post 93 omfattar innbetaling frå konverteringsfondet til Lånekassen basert på konvertering av lån til stipend. Sjå omtale under kap. 2410, post 50.

Verksemder med mellomvære med statskassa vil ha eit unntak frå kontantprinsippet, jf. forslag til vedtak XI.

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
80	Renter	4 600 541	2 509 820	4 795 109
	Sum kap. 5617	4 600 541	2 509 820	4 795 109

Løyvinga på posten gjeld renter til staten for alle utlån til Lånekassens kundar. Dette gjeld renter som er belasta kundar i tilbakebetalingsfasen, og renter som er løyvde på tilskotspostar til å dekke kostnadene til staten på lån som er rentefrie under utdanninga (rentestøtta), og på lån som er avskrivne.

Brutto rentestøtte er berekna til 1,5 mrd. kroner, medan opptente og innbetalte renter frå kundane er berekna til 2,3 mrd. kroner i 2022. Anslaget for opptente ikkje-betalte renter frå kundane er 922 mill. kroner, medan anslaget for årets renter frå taps-/kostnadsløyvingar er 75 mill. kroner i 2022.

Programkategori 07.90 Integrering og mangfold

Utgifter under programkategori 07.90 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
290	Integrerings- og mangfalds- direktoratet	264 058	305 591	305 563	0,0
291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara	8 596 274	7 634 210	6 196 893	-18,8
292	Opplæring i norsk og samfunns- kunnskap for vaksne innvandrara	1 350 526	1 175 860	1 123 565	-4,4
Sum kategori 07.90		10 210 858	9 115 661	7 626 021	-16,3

Inntekter under programkategori 07.90 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
3290	Integrerings- og mangfalds- direktoratet	104			0,0
3291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara	2 723	11 582	11 883	2,6
3292	Opplæring i norsk og samfunns- kunnskap for vaksne innvandrara	15 092	21 151	24 543	16,0
Sum kategori 07.90		17 919	32 733	36 426	11,3

Innleiing

Hovudmålet for integreringspolitikken er at fleire innvandrara er i arbeid og deltek i samfunnslivet. Under covid-19-pandemien har innvandrara vore overrepresenterte blant dei med påvist smitte og covid-19-relaterte innleggingar på sjukehus. Denne gruppa har òg vore hardt råka av sosiale og økonomiske konsekvensar av covid-19-pandemien. Regjeringa har derfor sett i verk ei rekke tiltak for å målretta informasjonsarbeid og styrke og forlengje eksisterande kvalifiseringstilbod. Kunnskapsdepartement og Integrerings- og mangfalds-

direktoratet har i denne perioden hatt ei styrkt pådrivar- og samordningsrolle inn mot andre sektorar. Pandemien har vist kor viktig det er å styrke arbeidet med å etablere likeverdige offentlege tenester. Sjå nærare omtale i kap. 11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren og på integreringsfeltet i del III.

Utdanning og kompetanse er sentralt for deltaking i arbeids- og samfunnsliv og gir den einsskilde moglegheiter til å delta og fridom til å velje eit godt liv. Departementet har eit ansvar for å legge til rette for at innvandrara kan delta i arbeids- og samfunnsliv, og et særleg ansvar for å utforme og

gjennomføre politikk for busetjing og kvalifisering for nykomne flyktningar. Stat, kommune, regionale aktørar, frivillige organisasjonar og sivilsamfunnet, arbeidsgivarar og verksemder er dei sentrale aktørane i integreringsarbeidet, og samspelet mellom desse aktørane er avgjerande for å lykkast.

Integreringspolitikken famnar breitt. Innvandrarar og barna deira utgjer no om lag 1 mill. innbyggjarar i Noreg. Kunnskapsdepartementet har ansvar for regjeringas integreringspolitikk og samordning på tvers av ulike sektorar. Samstundes har alle sektorar eit sjølvstendig ansvar for å sikre at deira politikk og tiltak inkluderer og treffer heile befolkninga, også innvandrarar og barna deira. Ved språkbarrierar er tolking nødvendig for å sikre likeverdige tenester til alle. Integreringsmyndighetene har fagansvar for tolking på tvers av sektorar.

Dei integreringspolitiske måla er nedfelte i strategien som regjeringa la fram i 2018, *Integrering gjennom kunnskap*. Strategien inneheld ei rekke tiltak som skal bidra til å nå dei integreringspolitiske måla, og som er førande for regjeringa ut 2022.

Det blir no gjennomført ei større integreringsreform som skal reformere og styrke verkemidla for å kvalifisere nykomne flyktningar og innvandrar til den norske arbeidsmarknaden. Sentralt for reforma er innføringa av ny integreringslov, standardiserte element til bruk i introduksjonsprogramma i kommunane, og ein digital fagressurs for introduksjonsprogrammet og utviklinga av nye mål og indikatorar for å måle gjennomføring, innsats og resultat av reforma.

Departementet jobbar målretta for å oppnå rask og treffsikker busetjing av flyktningar og er også i gang med å gjennomgå busetjingsordninga for flyktningar.

Frivillige organisasjonar og sivilsamfunnet si rolle og innverknad i kvardagsintegrering og i integreringsarbeid generelt er framheva i strategien *Hverdagsintegrering – Strategi for å styrke sivilsamfunnets rolle på integreringsfeltet 2021–2024*. Regjeringa satsar òg på at mangfaldet i arbeidslivet blir nytta på ein god måte. Arbeidsgivarar og verksemder er viktige aktørar for å sikre rekruttering av innvandrarar og god bruk av kompetansen deira.

Fridom frå negativ sosial kontroll og æresrelatert vald er òg viktig for at alle skal kunne delta og bidra i samfunnet. Den nye handlingsplanen *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold (2021–2024)*, som blei lagd fram i mai 2021, synleggjer regjeringas satsing på dette området i åra som kjem.

Hovudprioriteringar for 2022

Regjeringa jobbar mellom anna med å følge opp integreringsstrategien gjennom å reformere kvalifiseringstilbodet for flyktningar og innvandrarar, gjennomgå busetjingsordninga, innføre tolkelova, halde fram arbeidet med fridom frå negativ sosial kontroll og styrke sivilsamfunnets rolle og mangfaldet i arbeidslivet. Sjå boks 4.2, som viser forslag frå regjeringa til tiltak på integreringsfeltet i 2022.

Mål: Fleire er i arbeid og deltek i arbeids- og samfunnslivet

Utviklingstrekk og utfordringar

Færre asylsøkarar og redusert opphald i mottak

Asylsøkarar som bur i mottak og er over 18 år, har plikt til å delta i opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Kommunane er ansvarlege for tidleg kvalifisering etter ny integreringslov.

Sidan 2016 har talet på innkomne asylsøknader vore historisk lågt. Samstundes blir det arbeid kontinuerleg med å redusere tida asylsøkarar oppheld seg i mottak. Justis- og beredskapsdepartementet har gitt UDI i oppdrag å realisere ny asyloprosess på Nasjonalt ankomstsenter med sikte på at 70 pst. av nye asylsøknader skal bli behandla innan 21 dagar. Det opnar for raskare busetjing og start i introduksjonsprogram, men gjer det vanskeleg for kommunen å legge til rette for det kvalifiseringstilbodet asylsøkarar har krav på i mottak.

Busetjinga kan gå raskare og bli meir treffsikker

Overføringsflyktningar og personar som har fått opphaldsløyve på bakgrunn av søknad om asyl, blir som hovudregel busette med offentleg hjelp etter avtale mellom staten og kommunane. Busetjinga skal skje raskt, og ho skal vere treffsikker. Rask busetjing inneber at nykomne skal busetjast så raskt som mogleg etter innvilga søknad om opphald. Einslege, mindreårige flyktningar og barnefamiliar skal prioriterast for rask busetjing. Treffsikker busetjing inneber mellom anna at nykomne skal busetjast i kommunar med relevant tilbod om kvalifisering, utdanning, arbeid og andre tenester.

Ei utfordring er at busetjingsbehovet kan endre seg raskt, og det er derfor viktig med beredskap for opp- og nedbygging av busetjingskapasiteten i kommunane. Sidan 2018 har busetjingsbehovet vore på om lag 5 000 personar årleg. Covid-19-pandemien og globale reiserestriksjonar

Boks 4.2 Forslag til tiltak 2022

- 36,1 mill. kroner til innføring av tolkelova (Kunnskapsdepartementet)
- 30 mill. kroner til vidareføring av klippekortordninga, som er eit supplement til tilbod om norskopplæring i kommunane (Kunnskapsdepartementet)
- 30 mill. kroner til å auke løyvinga til Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar (Kunnskapsdepartementet)
- 3,3 mill. kroner til å auke løyvinga til Tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet. Ordninga endrast frå ei namngitt ordning til ei søkbar ordning.
- 6,7 mill. kroner til utviding av Særskilt tilskot ved busetjing av personar med alvorlege kjende funksjonsnedsetjingar og/eller åtferdsvanskar frå fem til ti år for flyktningar som blir busette frå UDIs særskilde butilbod (Kunnskapsdepartementet)
- 6,1 mill. kroner til vidareutvikling av Mangfaldsprisen og til utvikling av ein mangfaldsportal som skal synleggjere arbeidet med auka etnisk mangfald i arbeidslivet (Kunnskapsdepartementet)
- 2,6 mill. kroner til å auke løyvinga til Noregs forskingsråds program om velferd, arbeidsliv og migrasjon (Kunnskapsdepartementet)
- 1,3 mill. kroner til etablering av kompetansehevingstilbod på Høgskulen på Vestlandet for kvalifiserte tolkar (Kunnskapsdepartementet)
- 1 mill. kroner til drift av idébank for gode døme på sivilsamfunnstiltak for integrering (Kunnskapsdepartementet)
- 20 mill. kroner til auka pedagogtettleik i barnehagar i levekårsutsette område (Kunnskapsdepartementet)
- 27 mill. kroner for å bygge ned restansar som følge av avviking av prinsippet om eitt statsborgarskap og til å dekke årlege meirutgifter som følge av endringar i krav til opphaldstid for statsborgarskap frå 1. januar 2022 (Justis- og beredskapsdepartementet)
- 225 mill. kroner til å starte nasjonal igangsetjing av fritidskortet frå hausten 2022 (Barne- og familiedepartementet)
- 35 mill. kroner til å styrkje den nye tilskotsordninga Tilskot til å inkludere barn og unge (Barne- og familiedepartementet)
- 71 mill. kroner i styrkt bustøtta for barnefamiljar (Kommunal- og moderniseringsdepartementet)

førte til forseinkingar i busetjinga. Ventetida frå vedtak til busetjing for flyktningane auka, og kommunane fekk ikkje busett flyktningar som planlagt. Det var fleire busetjingsplassar i kommunane enn det var flyktningar å busetje. I 2020 vart det busett 2 819 flyktningar, av desse var 1 532 overføringsflyktningar.

Ved utgangen av 2020 var det om lag 72 personar i asylmottak med ei ventetid på meir enn tolv månader. Dette var i hovudsak familiar der ikkje alle familiemedlemmane hadde opphaldsløyve som gir grunnlag for busetjing. I tillegg var det nokre personar med svært tunge oppfølgingsbehov. Fleire kommunar seier nei til busetjing av den sistnemnde gruppa, mellom anna fordi dei meiner det er manglande dekning av dei ekstraordinære utgiftene utover dei fem åra etter busetjing som integreringstilskotsordninga dekker.

Busetjingsarbeidet kan bli meir treffsikkert, slik at alle nykomne flyktningar blir busette der

det er relevant tilbod om kvalifisering, utdanning, arbeid eller andre tenester.

Tidleg kompetansekartlegging før busetjing er ein av føresetnadene for meir treffsikkert kvalifiserings- og karriereval for den einskilde, og for at kommunane raskt skal kunne tilby tiltak som er tilpassa den einskilde. Målgruppa for kompetansekartlegging er overføringsflyktningar og bebuarar i mottak som har fått innvilga opphald. I 2020 blei 93 pst. av overføringsflyktningane kompetansekartlagde før busetjing. Av bebuarane i mottak hadde 41 pst. gjennomført kompetansekartlegginga. Ei av årsakene til den låge prosentdelen for bebuarar i mottak er at kompetansekartlegging ikkje var obligatorisk før 1. januar 2021 og at kartlegginga har vært gjennomført ved sjølvregistrering.

Blant dei busette er ein aukande prosentdel overføringsflyktningar. I 2020 var 54 pst. av dei busette overføringsflyktningar. Hovuddelen av desse vert busette direkte i kommunen og har

ikkje vore i Noreg i tida før busetjinga. Oppfølgingsarbeidet kan vere større for nokre av overføringsflyktningane.

Introduksjonsprogram – store variasjonar i kvaliteten på tilbodet

Introduksjonsprogrammet skal gi deltakarane grunnleggande ferdigheiter i norsk og grunnleggande innsikt i norsk samfunnsliv og førebu dei til arbeid eller utdanning. Færre asylsøkarar dei seinare åra samanlikna med åra 2015–16 og forseinkingar i busetjing av overføringsflyktningar har ført til ei stor nedgang i deltakarar i introduksjonsprogrammet. I 2020 var det i underkant av 14 000 deltakarar i programmet. Målet er at minst 70 pst. av deltakarane skal vere i arbeid eller utdanning året etter avslutta program. Målet blir nådd for nokre grupper, som menn og unge under 30 år, men er aldri nådd for heile målgruppa samla. Og sjølv om sysselsetjinga veks for alle grupper dei første åra etter avslutta program, ser ein nedgang i sysselsetjinga etter 5 til 10 år.

Det har sidan innføringa av programmet i 2004 vore stor variasjon mellom kommunane i innhaldet i introduksjonsprogrammet, og det har vist seg at programmet ikkje dekkjer gapet mellom den kompetansen flyktningane har med seg, og det som krevst i den norske arbeidsmarknaden.

Mangel på kompetanse som arbeidslivet etter spør, er ei viktig årsak til låg deltaking i arbeidslivet. Regjeringa har som mål at fleire nykomne innvandrarakar skal få formell kompetanse, og integreringslova, som tok til å gjelde 1. januar 2021, er ein viktig reiskap for å nå dette målet.

Prosentdelen av deltakarar i introduksjonsprogram som deltek i formell opplæring som tiltak i introduksjonsprogrammet, har auka dei siste åra, sjølv om veksten no har flata ut. Vidaregåande opplæring som del av programmet har òg auka frå 5,6 pst. i 2017 til 12 pst. i 2020. Som forventna påverkar covid-19-pandemien resultatata for introduksjonsprogrammet. Førebels tal frå IMDi viser at 50 pst. gjekk direkte over til arbeid eller utdanning etter avslutta program i 2020. 16 pst. gjekk over til arbeid, medan 34 pst. gjekk over til utdanning. Tal viser at det var 10 prosentpoeng færre som gjekk direkte over til arbeid i 2020 samanlikna med 2019. Ser ein berre på overgangen til utdanning, var det derimot ein auke på 5 prosentpoeng.

Integreringslova gjeld for nykomne som blir busette etter at lova tredde i kraft. Flyktningar som er busette før lova tredde i kraft, mottek tilbod etter den tidlegare lova. Ei særskild utfor-

dring har vore å få kommunane og fylkeskommunane til å tilpasse tilboda sine til den nye lova. Samstundes har kommunane, som følge av covid-19-pandemien, måtta ta omsyn til ei mellombels lov og gjere tilpassingar i tilbodet.

Opplæring i norsk og samfunnskunnskap – behov for å styrke opplæringa og vurdere vidareutvikling/utviding av tilbodet frå det offentlege

26 123 innvandrarakar deltok i opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne i 2020. Det er ein nedgang på nesten 23 pst. frå året før. Årsaka til nedgangen er den same som for deltaking i introduksjonsprogrammet, sjå over. Talet omfattar både flyktningar og deira familiesameinte, familiesameinte til norske og nordiske borgarakar og arbeidsinnvandrarakar frå land utanfor EU/EØS.

Det er stor variasjon mellom kommunane når det gjeld kor mange månader det tek før deltakarane begynner i norskopplæring, og berre halvparten av deltakarane mottek tilbod om opplæring innan tre månader. Det er òg store variasjonar mellom kommunar når det gjeld grad av individuell tilrettelegging, omfanget av opplæringa og resultatata på norskprøvar. For mange deltakarar oppnår ikkje tilstrekkelege norskferdigheiter til å kome i utdanning og få ei varig tilknytning til arbeidslivet.

Ferdigheiter i norsk er viktig for å få tilgang til arbeid og utdanning, men også for å delta i samfunnet. Det er eit faktum at mange ikkje meistrar norsk tilstrekkeleg til å kunne delta fullt ut i arbeids- og samfunnslivet. Dette gjeld i stor utstrekning òg arbeidsinnvandrarakar frå EØS som ikkje har krav på gratis kommunal opplæring.

Negativ sosial kontroll og æresrelatert vald er alvorlege hinder for deltaking i samfunnet

Negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting er alvorlege samfunnsproblem som ein må kjempe mot. Dette kan vere barrierar mot at personar skal få sjansen til å leve eit fritt og trygt liv. Det kan gjelde mellom anna retten til å ta sjølvstendige val om utdanning, arbeid og ektefelle og retten til eit liv utan vald og overgrep. Både nykomne innvandrarakar og ungdommar som er fødte og har vakse opp i Noreg, kan vere utsette og oppsøker hjelp.

I tillegg til dei ordinære hjelpetenestene er det òg etablert særskilde tenester med spissa kompetanse om negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Mellom anna finst det 59 minoritetsrådgivarar på

utvalde skular i 2021, ein auke frå 30 rådgivarar i 2018. At minoritetsrådgivarane er til stades på skulen senkar terskelen for at elevar tek kontakt, og er viktig for å kome tidleg inn med førebyggjande tiltak. Då skulane blei stengde under covid-19-pandemien, blei minoritetsrådgivarane kontakta av elevar som opplevde sterkare negativ sosial kontroll. Det finst òg fire integreringsrådgivarar på utvalde utanriksstasjonar som yter konsuler bistand til personar som er utsette for negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting.

Mangfaldet som ressurs i arbeidslivet

Innvandrarar kjem til Noreg med kompetanse og erfaringar og er ein viktig ressurs for det norske arbeidslivet. Samtidig har innvandrarar lågare selselstjingsgrad, lågare jobbtryggleik og høgare arbeidsløyse samanlikna med resten av befolkninga. Til dels kjem det av at innvandrarar har lågare formell kompetanse enn resten av befolkninga, men mange innvandrarar får heller ikkje jobb som tilsvarende den utdanninga og kompetansen dei har, i større grad enn resten av befolkninga. Det finst diskriminerande mekanismar ved tilsetjing både i privat og i offentleg sektor. Manglande medvit om etnisk mangfald som ein ressurs i arbeidslivet kan påverke integreringa av innvandrarbefolkninga i samfunnet generelt og bidra til utanforskap og dårleg utnytting av samfunnets samla ressursar og kompetanse.

Behov for å styrke rolla til sivilsamfunnet i lokalt og nasjonalt integreringsarbeid

Færre innvandrarar deltek og har formelle verv i frivillige organisasjonar enn resten av befolkninga. Samtidig er det store variasjonar etter butid, inntekt og utdanning også her. Fleire kommunar og sivilsamfunnsaktørar melder at det er behov for, og viktig med, felles møteplassar på tvers av befolkningsgrupper. Sivilsamfunnet medverkar mellom anna med å ha møtestader og inspirere til interessefellesskap og samfunnsdeltaking.

Dei frivillige organisasjonane spelar ei viktig rolle i integreringsprosessar ved mellom anna å gi informasjon og norsktrening til nye innbyggjarar, tilby kulturaktivitetar, rekruttere barn til idretten, bidra til dialog og vere talerøyr for ulike grupper og behov. Dei frivillige organisasjonane har også spela ei viktig rolle under covid-19-pandemien. Ei rekke nye og mindre organisasjonar har mobilisert for å hjelpe myndighetene med å nå ut med

informasjon om pandemien til innvandrarbefolkninga. Dei gjer det mogleg for folk å delta, samtidig som dei bidreg til å løyse viktige samfunnsoppgåver. Slikt bygger tillit og tilhøyrslø. Sivilsamfunnet er ein ressurs, med potensial til å få og ta ein større plass i nasjonalt og lokalt integreringsarbeid.

For liten bruk av kvalifiserte tolkar

God kommunikasjon via tolk er ofte viktig for at nye innbyggjarar skal få informasjon om pliktene og rettane sine, og for å sikre eit likeverdig offentleg tenestetilbod. Bruken av kvalifiserte tolkar er for låg, og fleire tolkeoppdrag blir utførte av tolkar utan dokumenterte kvalifikasjonar. Den høge bruken av ufaglærte tolkar er ei utfordring både for rettstryggleiken, for tilliten til det offentlege og for å profesjonalisere tolkesektoren.

Covid-19-pandemien har vist kor utfordrande det er å nå ut til innvandrarar med rett og forståeleg informasjon i ei krise, og kor viktig det er å bruke kvalifiserte tolkar og ha på plass gode rutinar for å formidle, bestille og følge opp tolkanne. Samstundes kan endra vanar i bruken av digitale møte gjere det lettare å auke bruken av fjerntolking. Det kan på sikt auke tilgangen til kvalifiserte tolkar.

Utfordringar i levekår i utsette byområde

Ein del område i større byar har særskilde utfordringar med dårlege levekår blant bebuarane. Desse områda har òg ein høg prosentdel innbyggjarar med innvandrarbakgrunn. Utfordringane i områda er gjerne samansette og kjem mellom anna av svak tilknytning til arbeidsmarknaden og kort utdanning. Opphopping av levekårsproblem går særleg ut over moglegheitene til barn og unge. Dette peika også by- og levekårsutvalet på i utgreiinga dei leverte til regjeringa i desember 2020, *NOU 2020: 16 Levekår i byer – Gode lokalsamfunn for alle*. Regjeringa har sett i gang fleire områdesatsingar retta mot utvalde byområde. Sjå nærare omtale av områdesatsingar under programkategori 07.20 og Prop. 1 S (2021–2022) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Avvikling av prinsippet om eitt statsborgarskap har ført til store restansar

Norsk statsborgarskap er viktig som ramme for fellesskap. Vilkåra for norsk statsborgarskap bør nyttast betre som eit integreringsfremjande verkøy, og vilkåra for statsborgarskap må sjåast i

samanheng med resten av reformarbeidet på integreringsfeltet. Det har mellom anna vore for få insentiv til å motivere alle innvandrarak som ønsker å bli norske statsborgarak, til å lære seg norsk på eit nivå som gjer at dei kan delta fullt ut i norsk arbeids- og samfunnsliv.

Etter avviklinga av prinsippet om eitt statsborgarskap i statsborgarlova 1. januar 2020 har fleire enn venta søkt om norsk statsborgarskap. Ein stor del av søkerane ventar framleis på time hos politiet, og berre ein mindre del av auken har førebels kome inn til Utlendingsdirektoratet (UDI). Det kan dels forklarast med mellombels stengde publikumsmottak hos politiet våren 2020. Talet på søknader om statsborgarskap vil halde seg ekstra høgt ei tid framover, og mange av søkerane må rekne med lang ventetid. Det er sett i verk fleire tiltak for å avhjelpe ressursituasjonen, men det er behov for å auke kapasiteten i politiet og UDI ytterlegare, jf. omtale under Strategiar og tiltak. Gebyret for søknad om statsborgarskap dekker ikkje kostnaden ved behandlinga av sakene i dag.

Våren 2019 vart det sett i verk eit tidsavgrensa identitetsavklaringsprogram for irakiske statsborgarak. Identitetsavklaringsprogrammet bidreg både til at norske myndigheiter får betre oversyn over den riktige identiteten til irakiske borgarak som er busette i Noreg, og til at dei som deltek får sjansen til å bli norske statsborgarak. I forkant av iverksetjinga av programmet vart det hausten 2017 og våren 2018 gjennomført eit pilotprosjekt. Piloten resulterte i at 159 deltakarar fekk innvilga norsk statsborgarskap. UDI opplyser at 634 personar har fylt vilkåra for å delta i det ordinære programmet. Per 19. august 2021 har 161 personar fått verifisert identiteten sin. Kunnskapsdepartementet har instruert UDI om å legge til rette for ei rask avvikling av identitetsavklaringsprogrammet. Behandling av sakene er høgt prioritert i UDI, men arbeidet er blitt forseinka på grunn av covid-19-pandemien. Det blir planlagt fleire verifiseringsrundar i 2021, men på grunn av pandemien er det vanskeleg å seie noko konkret om når resten av verifiseringane kan ventast å vere gjennomførte. Pandemien forseinkar òg prosessen med førebuing av saker. Mellom anna er tilgang på dokument og verktøy avgrensa på grunn av påbod om heimekontor.

Strategiar og tiltak

Tiltak for effektiv kvalifisering i mottaksperioden

Det er ein fordel at den einskilde bebuaeren i mottak kjem tidleg i gang med kvalifisering. Etter integreringslova pliktar asylsøkarar i målgruppa å

delta i opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Vertskommunen har ansvaret for å tilby opplæringa.

Asylsøkarar opphelder seg stadig kortare tid i mottak, og det gjer det vanskeleg for kommunen å etablere tilbod og gjennomføre opplæringa i løpet av tida i mottak. Gjennom integreringslova er det derfor lagt til rette for å sjå tilboda i mottak meir i samheng med tilboda som blir gitt etter busetjing. Mellom anna er opplæring i norsk kultur og norske verdier for asylsøkarar i mottak innlemma i opplæringa i samfunnskunnskap etter ny lærerplan.

Det er også lagt til rette for at vertskommunar for mottak kan tilby standardiserte element frå introduksjonsprogrammet og integreringsfremjande tiltak til personar som bur i mottak, og som har fått eit opphaldsløyve som medfører at dei er i målgruppa for introduksjonsprogrammet.

For å bidra til at alle personar i målgruppa for introduksjonsprogram gjennomfører kompetansekartlegging før busetjing, er kartlegginga gjort obligatorisk. Vidare har IMDi fått i oppdrag å utvikle eit digitalt system for kompetansekartlegging som har funksjonalitet for eit kartleggingsintervju som erstattar dagens ordning med sjølvregistrering. Det er vertskommunane som er ansvarlege for kartlegginga. Kartlegginga skal bidra til busetjing i ein kommune med relevant tilbod om arbeid eller utdanning og til at introduksjonsprogrammet blir tilpassa den einskilde.

Dagens modell med integreringsmottak, med mellom anna tilbod om fulltidsprogram for bebuarar, blir vidareført. Talet på integreringsmottak er avhengig av kor mange asylsøkarar det er i målgruppa. Ved utgangen av 2020 var det to integreringsmottak.

Tiltak for meir treffsikker busetjing

Oppmodingskriteria for busetjing, som blir fastsette av Kunnskapsdepartementet, skal bidra til treffsikker busetjing. Busetjing skal skje i kommunar som har gode resultat i integreringsarbeidet og i regionar med god arbeidsmarknad og kapasitet til å gi vidaregåande opplæring. Vidare skal busetjing skje over heile landet, og det blir lagt vekt på at kommunar som buset, har beredskap for opp- og nedbygging av kapasiteten og kapasitet til å busetje flyktingar med store funksjonsnedsetjingar.

Frå og med 2020 er fylkeskommunane ein ny aktør i busetjingsarbeidet. Fylkeskommunane skal tilrå kor mange flyktingar som bør busetjast i den einskilde kommunen i fylket. IMDi og KS

blir samde om tal for den einskilde kommunen. Det er IMDi som har ansvaret for å oppmode kommunane om å busetje eit visst tal personar. I oppmodinga skal IMDi legge stor vekt på tilrådinga frå fylkeskommunen.

Tilrettelegging for eit godt samarbeid mellom IMDi, KS, fylkeskommunane, kommunane og andre relevante aktørar er viktig for at busetjinga kan bli raskare og meir treffsikker. Departementet er i gang med å gjennomgå busetjingsordninga for flyktningar i Noreg. Dette er ei oppfølging av tiltak nr. 34 i integreringsstrategien til regjeringa. Målet med arbeidet er å kome med konkrete tiltak som kan bidra til å forbetre busetjingsordninga ytterlegare i åra som kjem.

For å få til ei raskare busetjing av personar med særlege behov foreslår regjeringa å utvide tilskotsordninga *særskilt tilskot ved busetjing av personar med nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar* frå fem til ti år for flyktningar som blir busette frå UDIs særskilde butilbod. Departementet foreslår å løyve 6,7 mill. kroner til dette tiltaket i 2022. Sjå nærare omtale under kap. 291, post 60.

Eit anna viktig tiltak er gode digitale system for busetjingsarbeidet som kan bidra til raskare og meir treffsikker busetjing. Korleis informasjon om busetjing kan innhentast, strukturert og haldast ved like, kjem til å vere eit viktig utviklingsområde i åra framover.

Når det gjeld overføringsflyktningar, har Institutt for samfunnsforskning gjennomført ein studie av kriteria for uttak i Noreg og sju andre land (ISF Report 3:2021). I samråd med Justis- og beredskapsdepartementet og Utanriksdepartementet vil departementet vurdere funna i studien og forbetningsområde i ordninga.

Auka kvalitet og meir individuelt tilpassa opplæring og introduksjonsprogram

Den nye integreringslova stiller tydelegare krav til den einskilde flyktningen og til kommunane som har ansvaret for å gi nykomne flyktningar den opplæringa i norsk og den utdanninga eller kvalifiseringa dei treng. Fylkeskommunen har òg fått eit større ansvar for det regionale integreringsarbeidet, og dette ansvaret er regulert i lova.

Sentralt i lova er lovfesting av kompetansekartlegging og karriererettleiing i forkant av introduksjonsprogrammet, meir bruk av formell kvalifisering og utdanning i programmet, obligatoriske kurs i livsmeistring for alle og foreldrerettleiing for deltakarar som har eller får barn, lovfesting av differensiert programtid og innføring av sluttmaal. Programmet skal kunne vare frå tre månader til

fire år. For deltakarar som har som sluttmaal å fullføre vidaregåande opplæring, kan programmet utvidast til inntil fire år. Sluttmalet for ungdom under 25 år som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, skal som hovudregel vere å fullføre vidaregåande opplæring.

IMDi har fått i oppdrag å etablere og drifte eit system for å måle gjennomføring, innsats og resultat av integreringslova. By- og regionforskningsinstituttet (NIBR) har utarbeidd forslag til indikatorar som systemet skal bygge på. Systemet skal etter planen vere ferdig i 2022. Fafo har fått i oppdrag å følge implementeringa av nokre av dei sentrale grepa i reforma, mellom anna fylkeskommunen sine nye oppgåver og kort programtid for dei som har fullført vidaregåande opplæring frå før. Dei vil levere sin sluttrapport innan utgangen av 2022.

IMDis oppdrag med å ha hovudansvaret for gjennomføringa av den nye lova held fram i 2022. Direktoratet ser dette arbeidet i samheng med oppdraget dei har med å bidra til at kvalifiseringsarbeidet i kommunane blir tilrettelagt så godt som mogleg under covid-19-pandemien.

Tiltak for styrkt opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Det er viktig å meistre norsk for å få tilknytning til arbeidslivet og delta i utdanning og samfunnsliv. Med ny integreringslov er det eit krav at deltakaren skal nå eit minimumsnivå i norsk, eit nivå deltakaren bør ha for å kome i utdanning eller få varig tilknytning til arbeidslivet på sikt. Vidare er det innført kompetansekrav for lærarar som underviser i norsk etter integreringslova, som er meint å medverke til høgare kvalitet i norskopplæringa. Ny læreplan som følger opp endringane i den ny integreringslova, er utarbeidd og tok til å gjelde 1. august 2021.

Ei kartlegging frå Rambøll, publisert i mars 2021, viser at Noreg skil seg frå andre nordiske land, utanom Island, ved ikkje å tilby gratis språkoplæring til arbeidsinnvandrarar. Kartlegginga viser mellom anna at innvandrarar utan rett til opplæring har fragmentert opplæring og lite læringsutbytte. Det vart i 2021 sett i gang ein norskinnsats som skulle vere eit supplement til det kommunale tilbodet. Innsatsen inneheldt to tiltak. For det første var det prøvd ut ei klippekortordning der målgruppa for norskinnsatsen fekk tildelt timar til norskopplæring. Det andre tiltaket gjekk ut på å styrke tilskotsordninga for integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar og var øyremerkt norsktrening. Departementet fore-

slår å vidareføre løyvinga til klippekortordninga med 30 mill. kroner i 2022. Sjå ytterlegare omtale under kap. 291, post 71.

Det er vidare oppnemnt eit offentleg utval som skal sjå på korleis arbeidsinnvandrarar og deira familiemedlemmar kan bli betre integrerte i norsk arbeids- og samfunnsliv. Utvalet skal gå gjennom situasjonen til denne gruppa og foreslå tiltak og endringar som eit ledd i vidareutviklinga av integreringspolitikken.

I Prop. 1 S (2020–2021) la departementet til grunn at talet på timar opplæring i samfunnskunnskap skulle auke frå 50 til 75 frå 1. august 2021, men etter ei ny vurdering tek endringa til å gjelde 1. januar 2022. Asylsøkarar som har plikt til å delta i opplæring i mottak, vil få plikt til å gjennomføre 25 timar av opplæringa i samfunnskunnskap medan dei er i mottak. Bakgrunnen for utvidinga av opplæringa er at tema frå opplæringa i norsk kultur og norske verdiar, til dømes kvinner sine rettar, likestilling, LHBTI-rettar og religionsfri-dom, er innlemma i opplæringa i samfunnskunnskap etter ny læreplan frå august 2021. Utvida opplæring vil gi deltakarane breiare kunnskap om det norske samfunnet og meir tid til refleksjon og dialog.

Styrkt arbeid for friedom frå negativ sosial kontroll og æresrelatert vald

Regjeringa kan vise til ei omfattande satsing mot negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting dei siste åra. I integreringsstrategien til regjeringa er «retten til å leve eit fritt liv» eitt av fire innsatsområde. Innsatsen er blitt utvikla vidare i regjeringa sin nye handlingsplan *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vald* (2021–2024). Det er mellom anna større merksemd på behova for hjelp til nykomne flyktningar og andre innvandrarar for å starte førebygging tidlegare. Det er eit mål at alle får likeverdige offentlege tenester, og at tenestene samarbeider godt på tvers. Særskilde hjelpetenester skal gjerast meir kjende. Det gjeld mellom anna det nasjonale tverretatlege Kompetanseteamet mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting og negativ sosial kontroll, integreringsrådgivarar ved utvalde utanriksstasjonar og IMDi minoritetsrådgivarar på utvalde skular og fagteam for førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald.

Vidare vil regjeringa auke kompetansen hos tilsette i skular, utdanningsinstitusjonar, barnevern, helse- og omsorgstenester og politi, og IMDi skal leie eit nasjonalt nettverk for kunnskapsutvikling og kompetanseheving. Regjeringa

rettar meir merksemd mot transnasjonale utfordringar, under dette oppfølging av barn og unge som er utsette for ufrivillige utanlandsopphald. Handlingsplanen inneheld òg tiltak for eit styrkt rettsvern. Det skal setjast ned eit utval for å gjere ei heilskapleg juridisk utgreiing av problemstillingar i saker som gjeld negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap, kjønnslemlesting og psykisk vald. Internasjonalt samarbeid skal styrkast, særleg samarbeidet mellom dei nordiske landa.

Departementet foreslår å vidareføre støtta til frivillige organisasjonar for å førebygge negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting og for å endre haldningar og praksis.

Betre bruk av kompetansen til innvandrarar og større mangfald i arbeidslivet

Det er naudsynt med særskilde tiltak slik at arbeidsgivarar og verksemdar i større grad nyttar kompetansen og ressursane til innvandrarar i arbeidslivet. Regjeringa vil halde fram med innsatsen for å auke medvitet om mangfald som ressurs blant arbeidsgivarar og redusere diskriminerande mekanismar ved rekruttering i arbeidslivet, gjennom tilskot til verksemdar, informasjon og rettleiingsteneste og gjennom konkret samarbeid mellom staten og arbeidslivets partar om mangfald i arbeidslivet. Departementet foreslår å styrke Mangfaldsprisen – den statlege prisen for framifrå bruk av kompetansen til innvandrarar i arbeidslivet, med 3,1 mill. kroner i 2022. I tillegg foreslår departementet 3 mill. kroner til etablering av ein mangfaldsportal som skal synleggjere arbeidet med og for auka etnisk mangfald i arbeidslivet. Sjå nærare omtale under kap. 290, post 01 og kap. 291, post 45.

Støtte opp om og styrke sivilsamfunnet i integreringsarbeid

Aktørar i sivilsamfunnet er sentrale i lokalt og nasjonalt integreringsarbeid, men det er ønskeleg å styrke rolla deira ytterlegare. Regjeringa lanserte våren 2021 strategien *Hverdagsintegrering – strategi for å styrke sivilsamfunnet rolle på integreringsfeltet 2021–2024*. Dette er ein strategi for å styrke rolla til sivilsamfunnet, i både nasjonalt og lokalt integreringsarbeid. Sivilsamfunnet er ein sentral aktør for å lykkast med integrering i samfunnsliv. Gjennom strategien ønsker regjeringa å satse på tiltak og verkemiddel som kan bidra til å auke deltakinga i sivilsamfunnet blant barn, unge

og vaksne med innvandrarakgrunn, løfte og støtte sivilsamfunnets innsats for integrering og utvikle betre samarbeid og rammevilkår.

Departementet foreslår mellom anna å styrke tilskotsordningar for sivilsamfunnet og frivillige organisasjonar med 30 mill. kroner i 2022. Dette vil bidra til at fleire lokale organisasjonar kan få støtte til arbeidet sitt på integreringsfeltet. I tillegg er det i 2021 løyvd midlar til etablering av ein idébank for formidling av god praksis og synleggjering av innsats frå sivilsamfunnet for integrering. Departementet foreslår 1 mill. kroner til å drifte denne tenesta i 2022. Meir informasjon finst i budsjettomtalen under kap. 290, post 01 og kap. 291, post 71.

Auka bruk av kvalifisert tolk: ny tolkelov

Eit sentralt element i regjeringa sin plan for å auke bruken av kvalifiserte tolkar er *Lov om offentlege organs ansvar for bruk av tolk mv. (tolkelova)*, som blei vedteken i juni 2021 og trer i kraft 1. januar 2022. Hovudformålet med lova er todelt. Lova skal sikre rettstryggleiken og forsvarleg hjelp og teneste gjennom regulering av offentlege organ sitt ansvar for å bruke tolk. Det andre formålet er å sikre at tolkar held ein fagleg forsvarleg standard. Det er lovfesta eit krav om at offentlege organ skal bruke kvalifiserte tolkar når det er nødvendig for å vareta omsyn til rettstryggleik eller for å yte forsvarleg hjelp og teneste. Offentlege organ skal kunne velje mellom frammøtetolking og fjerntolking. IMDi er nasjonal fagmyndigheit for tolking i offentlig sektor, og direktoratet vil få ei sentral rolle med å implementere og rettleie om lova. Departementet foreslår å løyve 36,1 mill. kroner til innføring av lova. Departementet har gitt Oslo Economics og Agenda Kaupang i oppdrag å kome med framlegg til korleis fjerntolking og tolkeformidling i offentlig sektor best bør organiserast. Departementet vil på bakgrunn av oppdragsrapporten kome tilbake til Stortinget med ein forpliktande investerings- og gevinstrealiseringsplan for fjerntolking.

Vidare foreslår departementet 1,3 mill. kroner til etablering av kompetansehevingstilbod på Høgskulen på Vestlandet for kvalifiserte tolkar. Sjå nærare omtale under kap. 291, post 72.

Betre føresetnader for integrering gjennom innsats i utsette byområde

I einskilde område i dei største byane i Noreg er det utfordringar i levekår som kan gi grobotn for utanforskap og låg deltaking i arbeid og utdan-

ning. Desse områda har òg ein høg prosentdel innbyggjarar med innvandrarakgrunn. Ved utgangen av 2020 leverte eit offentlig utval ei utgreiing om levekårs- og integreringsutfordringar i byområde og i område rundt dei store byane i landet, *NOU 2020: 16 Levekår i byer – Gode lokalsamfunn for alle*. Utvalet la fram eit breitt kunnskapsgrunnlag og forslag til tiltak som kan fremje gode oppvekst- og levekår og gode føresetnader for integrering. Funn og kunnskap frå utgreiinga blir brukte i det vidare arbeidet regjeringa gjer for utsette byområde, og blir tekne inn i arbeidet med områdesatsingar.

I 2022 blir også arbeidet med å betre levekåra i utsette byområde gjennom områdesatsingar vidareført, jf. omtale under kap. 226, post 21 og i Prop. 1 S (2021–2022) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Vidare foreslår regjeringa å løyve 20 mill. kroner til auka pedagogtettleik i barnehagar i levekårsutsette område. Regjeringa vil også utvide tilskotet til gratis skulefritidsordning for familiar med låg inntekt i utvalde kommunar, og foreslår derfor ei løyving på totalt 51,5 mill. kroner til tiltaket. For nærare omtale sjå programkategori 07.20 og 07.30.

Auka gebyr for søknad om statsborgarskap, styrkt krav om ferdigheiter i norsk munnleg for rett til norsk statsborgarskap og endringar i kravet om opphaldstid

Regjeringa ønsker at norsk statsborgarskap skal henge høgt. Det er til gunst for alle dersom tildeinga av statsborgarskap også er innretta slik at det er integreringsfremjande. Dette er mellom anna årsaka til at regjeringa foreslo for Stortinget å heve kravet til ferdigheiter i norsk munnleg for statsborgarskap frå nivå A2 til B1, og Stortinget vedtok endringa hausten 2020.

Stortinget har vedteke endringar i statsborgar-lova om at kravet til opphaldstid blir heva frå sju til åtte år ved søknad om statsborgarskap. Endringane trer i kraft 1. januar 2022. For flyktningar vil likevel kravet om sju års opphaldstid bli vidareført. Søkarar med tilstrekkeleg inntekt kan få statsborgarskap etter seks års opphald.

Det er sett i verk fleire tiltak for å avhjelpe ressurssituasjonen når det gjeld statsborgarskapsaker. For 2021 er det løyvd ekstra midlar for å styrke kapasiteten hos politiet og UDI. Gebyret for søknad om statsborgarskap vart heva frå 3 700 til 5 500 kroner 1. juli 2021, men det er framleis grunnlag for å heve gebyret for søknad om norsk statsborgarskap, slik at det i større grad dekkjer dei reelle utgiftene ved saksbehandlninga. Departe-

mentet foreslår derfor å heve søknadsgebyret for statsborgarskap til 6 500 kroner frå 1. januar 2022. Departementet foreslår å løyve 27 mill. kroner til Justis- og beredskapsdepartementet. 22 mill. kroner skal gå til å bygge ned restansar som har opparbeidd seg etter avvikling av prinsippet om eitt statsborgarskap, medan 5 mill. kroner skal gå til å dekke årlege meirutgifter som følge av endringar i krav til opphaldstid for statsborgarskap frå 1. januar 2022.

UDI har utvikla ei automatiseringsløysing for statsborgarskapssaker som gradvis er blitt teken i bruk hausten 2020. Automatisering betyr at søknaden blir behandla utan at ein saksbehandlar treng å sjå på saka, og ventetida blir kraftig redusert for dei som er omfatta av løysinga. UDI har som mål å oppnå ei automatiseringsgrad på 30 pst. ved slutten av 2021, sjå omtale under Prop. 1 S for Justis- og beredskapsdepartementet.

Utvikling av samanhengande tenester for brukaren

I regjeringa sin digitaliseringsstrategi for offentlig sektor er Kunnskapsdepartementet ansvarleg for utviklinga av Ny i Noreg. Utvikling av samanhengande tenester for flyktningar og innvandraran vil prege digitaliseringsarbeidet på integreringsfeltet i åra som kjem.

Digital kompetanse er ein føresetnad for å klare seg i arbeids-, utdannings- og samfunnslivet i Noreg i dag. Derfor vil opplæring i digitale ferdigheiter vere ein del av dei standardiserte elementa i introduksjonsprogrammet. Dette skal vere med på å sikre mellom anna grunnleggande digital kompetanse.

Vidare er utviklingsarbeidet innanfor digitalisering på integreringsfeltet prega av å produsere gode og sikre tenester til dei som bruker IMDi saksbehandlingssystem, til dømes kommunane. Dei nye og forbetra løysingane skal gi ei meir brukarvennleg, effektiv og sikker forvaltning i IMDi og for andre aktørar i integreringsarbeidet, mellom anna kommunane.

Kap. 290 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	264 058	305 591	305 563
	Sum kap. 290	264 058	305 591	305 563

Post 01 Driftsutgifter

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) er fagdirektorat, premissleverandør og utøvande organ for integreringspolitikken. IMDi samarbeider mellom anna med sektormyndigheiter, kommunane og fylkeskommunane.

Mål for 2022

IMDi skal sørge for iverksetjing og oppfølging av integreringspolitikken, og vere pådrivar og bidra til samordning av integreringsarbeidet. Målet som er omtala i innleiinga til programkategori 07.90, er førande for arbeidet til direktoratet. Direktoratets særlege mål for 2022 kjem fram av tildelingsbrevet.

Resultat i 2020

IMDi sikrar iverksetjing, oppfølging og samordning av integreringspolitikken. Covid-19-pandemien og smittevernrestriksjonane fekk store konsekvensar for delar av innvandrarbefolkninga. IMDi fekk ei styrkt koordineringsrolle under pandemien, og direktoratet har medverka til betre samhandling med aktuelle offentlege instansar når det gjeld tiltak og informasjon retta mot innvandrarbefolkninga. Det blei mellom anna sett i verk ei rekke tiltak for å gi gode kvalifiseringstilbod og for nå ut til alle delar av befolkninga med tilpassa og målretta informasjon, gjennom mellom anna tilskot til frivillige organisasjonar. Sjå nærare omtale under kap. 11 *Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren og på integreringsfeltet* og kap. 291, post 71.

Introduksjonsordninga er det viktigaste verket middelet for å kvalifisere nykomne flyktningar til

arbeid og til å forsørge seg sjølve. IMDi har i 2020 arbeidd for å gjere kvalifiseringstilboda til nykomne innvandrarak meir effektive og målretta. Kommunane har fått tilbod om rettleiing, og IMDi har i 2020 arbeidd målretta med å sikre samordning på kommunalt, regionalt og nasjonalt nivå. I tillegg har IMDi samarbeidd godt med Kommunesektorens organisasjon (KS) og andre sentrale aktørar om busetjingsarbeidet. Busetjing- og kvalifiseringsarbeidet har, som følge av covid-19-pandemien, vore krevjande i 2020.

IMDi har i 2020 arbeidd aktivt med formidling av bruk av tolk i offentleg sektor, særleg under covid-19-pandemien, som førte til eit stort informasjonsbehov blant innvandrarak. Direktoratet har registrert ein auke i bruken av fjerntolking, og særleg har skjermtolking hatt ein oppgang. IMDi lagar eit nasjonalt vegkart for vidare prioritering av brukarbehov og tiltak for å auke bruken av skjermtolking. Ein auke i bruk av skjermtolking fører til at tolkar blir brukte meir effektivt og sikrar tilgang på gode tolketenester over heile landet.

IMDi held fram arbeidet med å førebygge negativ sosial kontroll og æresrelatert vald, inkludert tvangsekteskap og kjønnslemlesting. I 2020 arbeidd IMDi særskilt med å styrke minoritetsrådgivarordninga og etablerte eit fagteam for førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Som følge av covid-19-pandemien og sterke restriksjonar blei det tydeleg kor viktig det er å ha eit aktivt hjelpeapparat som forhindrar negativ sosial kontroll. IMDi har vidareutvikla minoritetsrådgivarordninga som ei permanent statleg teneste i 2021.

Direktoratet har følgd opp Stortingets vedtak om at fylkeskommunane frå 2020 får overført dei regionale integreringsoppgåvene som IMDi har hatt ansvaret for. Samstundes har IMDi arbeidd

med å bygge opp eit nytt nasjonal kontor i Narvik med inntil 30 årsverk.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 3,1 mill. kroner til vidareutvikling av Mangfaldsprisen. Midlane skal mellom anna nyttast til utprøving av ein modell med støttearrangørar, vidareutvikling av innhaldet på nettsidene og ei styrking av IMDis arbeid med Mangfaldsprisen.

Departementet foreslår også å flytte 3 mill. kroner til posten frå kap. 291, post 62 til IMDi for å utvikle og administrere forsøk med å utvikle ein nasjonal samarbeidsmodell for fag- og yrkesopp-læring.

Vidare foreslår departementet å løyve 1 mill. kroner til drift av idébank for gode eksempel på sivilsamfunnstiltak for integrering, jf. Prop. 195 (2020–2021) og Innst. 600 S (2020–2021).

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 10 mill. kroner som følge av overføring av oppgåver frå IMDi til fylkeskommunane i 2020.

Vidare er løyvinga på posten redusert med 3,7 mill. kroner som følge av at forventta pensjonspremie til Statens pensjonskasse, inkludert arbeidsgivaravgift, er redusert tilsvarende, jf. omtale i del I, kap. 1.

Departementet foreslår også å redusere løyvinga på posten med 0,4 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien og med 0,15 mill. kroner som følge av reduserte husleiekostnader.

Departementet foreslår å løyve 305,6 mill. kroner på posten. Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3290, post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3290 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Diverse inntekter	104		
	Sum kap. 3290	104		

Kap. 291 Busetjing av flyktingar og tiltak for innvandrarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	49 516	70 004	60 865
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	52 225	55 029	44 350
50	Noregs forskingsråd	7 210	7 397	10 151
60	Integreringstilskot, <i>kan overførast</i>	6 555 645	6 035 134	4 953 065
61	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege, mindre- årige flyktingar, <i>overslagsløyving</i>	1 526 798	992 285	656 771
62	Kommunale innvandrartiltak	236 075	250 006	227 256
70	Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging	2 400	2 357	2 418
71	Tilskot til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunn og frivillige organisasjonar	140 839	173 748	192 095
72	Statsautorisasjonsordninga for tolkar m.a.	4 900	16 992	19 664
73	Tilskot	20 666	31 258	30 258
	Sum kap. 291	8 596 274	7 634 210	6 196 893

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga skal nyttast til evalueringar, forskings- og utgreiingsprosjekt, informasjon og rettleiing, og kunnskapsoppssummeringar for å utvikle og formidle kunnskap om integrering og mangfald. Løyvinga dekkjer også ulike rammeavtalar og forskingsprogram med integreringsfaglege tema, i tillegg til Berekningsutvalets kartlegging av utgifter kommunane har til busetjing og integrering. Løyvinga skal òg nyttast til forskings- og utgreiingsprosjekt i samband med *Hverdagsintegrering – Strategi for å styrke sivilsamfunnets rolle på integreringsfeltet 2021–2024* og *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold (2021–2024)*.

Mål for 2022

Sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for å utvikle integreringspolitikken.

Resultat for 2020

Midlane har medverka til å auke kunnskapen om integrering blant styresmakter og aktørar med ansvar for integreringspolitikk og i befolkninga. Ein stor del av midlane er nytta til prosjekt som

inngår i samarbeidsavtalen med Statistisk sentralbyrå (SSB) om å utvikle og halde ved like statistikk og analysar som er relevante for innvandrings- og integreringspolitikken. Midlane på posten har òg gått til forskingsprogram om sivilsamfunnet og frivillig sektor og til rammeavtalar med Norsk kompetansesenter for vald og traumatisk stress (NKVTS) og Velferdsforskningsinstituttet NOVA. Utgifter til Berekningsutvalet, som kartlegg utgiftene kommunane har til busetjing og integrering av flyktingar og familiemedlemmer, blei òg dekte av løyvinga.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å flytte 2,6 mill. kroner frå posten til kap. 291, post 50 Noregs Forskningsråd til forskning på integreringsområdet. Sjå nærare omtale under posten.

Departementet foreslår å redusere posten med 8 mill. kroner. Reduksjonen er knytt til prosjektet *Økonomiske insentiv i introduksjonsordninga og opplæring i norsk og samfunnskunnskap*. Oppdatert anslag viser at departementet ikkje har behov for løyvinga i 2022.

Departementet foreslår å løyve 60,9 mill. kroner på posten.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten skal nyttast til å utvikle gode digitale verktøy som skal gjere arbeidet med busetjing, kvalifisering og tilskotsforvaltning enklare.

Mål for 2022

Gode og trygge digitale verktøy til gjennomføring av integreringspolitikken.

Resultat i 2020

I 2020 har IMDi gjort ferdig tre større utviklingsprosjekt innan digitalisering.

Det eine prosjektet var eit nytt nasjonalt tolke-register. Dette inneber eit brukarvennleg og kvalitetssikra innsynsregister over kvalifiserte tolkar i Noreg. Det andre prosjektet, IMDinett mottak, har blitt eit arbeidsverktøy som skal nyttast av tilsette i mottak til busetjingsførebuande arbeid. Det siste prosjektet skal gi IMDi meir brukarvennlege system, slik at ein kan auke effektiviteten i saks handsaminga for tilsette i IMDi og gjere samhandling – både internt og eksternt – enklare.

I tillegg gjennomførte IMDi ein omfattande innsiktsfase for livshendinga Ny i Noreg. I regjeringa sin digitaliseringsstrategi for offentleg sektor er *Ny i Noreg* vald ut som ei av sju livshendingar der det skal utviklast samanhengande tenester med brukaren i sentrum. Utvikling av samanhengande tenester for flyktingar og andre innvandrarar skal gi ei meir brukarvennleg, effektiv og sikker forvaltning både for brukarane, for IMDi og for andre aktørar i integreringsarbeidet, mellom anna kommunane. Formålet med innsiktsfasen har vore å få eit heilskapleg informasjonsgrunnlag om brukaren i sentrum. Arbeidet resulterte i ein rapport med tilrådingar for det vidare arbeidet med livshendinga.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 3 mill. kroner til utvikling av ein mangfaldsportal som skal synleggjere arbeidet med og for auka etnisk mangfald i arbeidslivet. Tenesta skal ha relevans for arbeidslivet når det gjeld faglege spørsmål om mangfald.

Departementet foreslår å redusere posten med 15 mill. kroner. Midlane skal nyttast til andre tiltak på integreringsfeltet og til tiltak på departementets budsjett.

Departementet foreslår å løyve 44,4 mill. kroner på posten.

Post 50 Noregs forskingsråd

Løyvinga på posten skal nyttast til programmet Velferd, arbeidsliv og migrasjon (VAM) under Noregs forskingsråd.

Mål for 2022

Sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for å utvikle integreringspolitikken.

Resultat i 2020

Program om velferd, arbeidsliv og migrasjon (VAM) i Forskingsrådet har fått fram forskning av høg kvalitet og solide forskingsmiljø som blir nytta i utviklinga av integreringspolitikken. Forskinga frå programmet gir kunnskap om internasjonal migrasjon, etnisk og kulturelt mangfald og integrering i det norske samfunnet.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 2,6 mill. kroner til Noregs forskingsråds program om velferd, arbeidsliv og migrasjon (VAM). VAM er eit program som består av ulike forskingsprosjekt har innverknad på utviklinga av velferds-, arbeids-, migrasjons- og integreringspolitikken.

Departementet foreslår å løyve 10,2 mill. kroner på posten.

Post 60 Integreringstilskot, kan overføres

Kommunane får integreringstilskot ved busetjing av personar som får opphald som overføringsflyktingar eller på bakgrunn av søknad om asyl, og familiesameinte med desse. Tilskotsordninga skal òg medverke til å busetje eldre og personar med alvorlege, kjende funksjonshemmingar og/eller åtferdsvanskar. Kommunane skal gjennomføre eit målretta busetjings- og integreringsarbeid slik at flyktingane kan forsørge seg sjølve og ta del i samfunnet. Tilskotet skal gi ei rimeleg dekning av dei gjennomsnittlege meirutgiftene kommunane har til arbeidet i busetjingsåret og dei fire neste åra.

Mål for 2022

Målet med tilskotet er rask og treffsikker busetjing, sikring av god kvalitet i kvalifiserings- og integreringstilbodet, og overgang til arbeid og/eller vidare utdanning.

Resultat i 2020

Våren 2020 blei det løyvd 250 mill. kroner til utvida programtid for deltakarar i slutfasen av introduksjonsprogrammet og 10 mill. kroner til karriererettleiing for deltakarar i introduksjonsprogrammet på posten, jf. Innst. 360 S (2019–2020) og Prop. 127 S (2019–2020). Integreringspakka frå regjeringa har medverka til å avhjelpe konsekvensane av covid-19-pandemien. I NIBR si evaluering av tiltaka går det fram at kommunane vurderer utvida programtid og medfølgande midlar som eit kjærkome tiltak. Dette førte til at kommunane gav utvidingar dei normalt sett ikkje ville gitt.

Rapporten for 2020 frå Berekningsutvalet som årleg kartlegg dei gjennomsnittlege utgiftene kommunane har til busetjing og integrering av flyktningar og personar med opphald på humanitært grunnlag, viser at dekningsgrada for integreringstilskotet var 105,9 pst. i 2020, mot 101,7 pst. i 2019.

Tabellen nedanfor syner tal for busetjing dei siste åra. I 2020 blei det busett 2 819 flyktningar, av desse var 1 523 overføringsflyktningar. Covid-19-pandemien og globale reiserestriksjonar førte til forseinkingar i busetjingsarbeidet. Smittevern-tiltak og reiserestriksjonar har ført til ein auke i ventetid på busetjing for dei som vart busette i 2020.

Tabell 4.38 Nøkkeltal for busetjing 2017–juni 2021

År	2017	2018	2019	2020	Per 30. juni 2021
Busette totalt ¹	11 078	4 903	4 822	2 819	1 325
Busette einslege, mindreårige	759	194	137	80	24
– av desse IMDi	486	159	94	56	24
– av desse Bufetat	273	35	43	24	0
Busette i barnefamiliar ²	6 170	3 541	3 793	1 923	1 024
– av desse busette barn	3 420	2 013	2 162	1 097	606
Busette andre vaksne ³	4 096	1 141	883	805	273
Gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetjing (månader)					
– totalt ¹	5,0	4,9	3,3	6,8	6,7
– einslege, mindreårige	2,8	3,8	3,2	5,1	3,5
– barnefamiliar ²	4,9	4,9	3,2	7,8	7,4
– andre vaksne ³	5,5	4,9	3,8	4,6	4,9

¹ Totaltala inneheld busette personar med skjerma identitet.

² Inkluderer vaksne i familiar med barn under 18 år og barn i familiar.

³ Inkluderer alle vaksne som ikkje er ein del av barnefamiliar.

Oppfølging og kontroll

Kommunane skal ikkje legge fram særskild rekneskap for integreringstilskotet. Berekningsutvalet kartlegg utgiftene kommunane har til busetjing og integrering. Gjennom denne kartlegginga blir det gitt eit oversyn som viser om det er rimeleg samsvar mellom tilskotet og utgiftene til kommunane. Kartlegginga inkluderer mellom anna utgifter til integreringstiltak som introduk-

sjonsprogram/introduksjonsstønad, barne- og ungdomsverntenester, sysselsetjingstiltak, yrkeskvalifisering og arbeidstrening, kommunale helse-tenester, sosialkontor/sosialtenester, barnehagar og integreringstiltak i grunnskulen.

Budsjettforslag for 2022

Alle kommunar får tilskot etter same satsstruktur og nivå. Satsane er viste i tabell 4.39.

Tabell 4.39 Satsar for integreringstilskot

Budetjingsår	(i kr)				
	2018	2019	2020	2021	2022
År 1 (einslege, vaksne)	237 000	237 000	241 000	241 000	234 900
År 1 (andre vaksne)	187 00	190 500	194 300	194 300	189 400
År 1 (einslege, mindre-årige)	187 000	187 000	187 000	187 000	182 300
År 1 (barn)	187 000	190 500	194 300	194 300	189 400
År 2	239 000	242 000	246 000	249 000	243 100
År 3	171 000	172 000	174 000	177 300	172 900
År 4	85 500	85 500	86 000	88 000	85 700
År 5	71 600	71 600	72 000	72 000	70 200
Sum (einslege, vaksne)	804 100	808 100	819 000	827 300	806 800
Sum (andre vaksne)	754 100	761 600	772 300	780 600	761 300
Sum (einslege, mindre-årige)	754 100	758 100	765 000	773 300	754 200
Sum (barn)	754 100	761 600	772 300	780 600	761 300

Ved busetjing av barn i barnehagealderen (0–5 år) får kommunane eit eingongstilskot til særskild tilrettelegging for barn av nykomne innvandrarakar, til dømes tospråklege assistentar. Satsen blir foreslått til 27 100 kroner i 2022.

Ved busetjing av personar som har fylt 60 år, får kommunen eit ekstra eingongstilskot. Satsen for 2022 er foreslått til 176 000 kroner.

Ved busetjing av personar med alvorlege kjende funksjonsnedsetjingar og/eller åtferdsvanskar kan kommunane få ekstra tilskot på grunnlag av dokumenterte behov. Ordninga har to delar. Personar kan utløyse anten tilskot 1 eller tilskot 2. Departementet foreslår å setje satsen for tilskot 1 til 196 400 kroner og satsen for tilskot 2 til 1 520 000 kroner. Tilskot 1 er eit eingongstilskot, medan tilskot 2 kan utbetalast i inntil 5 år. Einslege, mindreårige kan utløyse tilskotet til og med det året dei fyller 20 år, sjølv om perioden for integreringstilskot er ferdig.

Tilskot til ressurskrevjande tenester, jf. Prop. 1 S (2021–2022) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet, går òg til ressurskrevjande flyktningar. Innslagspunktet for 2022 er på 1 520 000 kroner, som svarer til tilskot 2 i den ovannemnde ordninga.

Departementet foreslår nominell vidareføring av tilskotssatsane for integreringstilskotet. Depar-

tementet foreslår og å redusere løyvinga med 91,2 mill. kroner for å frigjere midlar til andre formål. Av desse midlane foreslår departementet å overføre 27 mill. kroner til Justis- og beredskapsdepartementet for å handtere auka saksinnangang for søknader om norsk statsborgarskap i 2022. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2021–2022) for Justis- og beredskapsdepartementet. Dei resterande midlane blir nytta til andre tiltak på Kunnskapsdepartementets budsjett.

Vidare foreslår departementet å auke posten med 6,7 mill. kroner til særskilt tilskot ved busetjing av personar med alvorlege kjende funksjonsnedsetjingar og/eller åtferdsvanskar. Midlane skal nyttast slik at tilskotet blir utvida til å gjelde frå fem til ti år for flyktningar som er busette frå UDIs særskilde butilbod. Departementet foreslår også 51,3 mill. kroner til å dekke auken i innslagspunktet for toppfinansieringsordninga i 2022.

Departementet foreslår også å auke posten med 2,7 mill. kroner til å dekke inn underforbruket av tolkar i samband med innføring av Prop. 156 *L Lov om offentlige organers ansvar for bruk av tolk mv. (tolkeloven)* frå januar 2022. Departementet legg til grunn at innføring av lova vil redusere underforbruket av tolkar knytt til arbeid med introduksjon og busetjing.

54 mill. kroner av løyvinga på posten gjeld forsterka introduksjonsprogram til deltakarar som begynte i introduksjonsprogram etter 1. januar 2019, jf. Prop. 123 L (2019–2020) *Endringer i midlertidig lov om tilpasningar i introduksjonsloven for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19*.

Resten av reduksjonen på posten, samanlikna med Saldert budsjett 2021, kjem av endra samansetjing og talet på personar i målgruppa for tilskotet, og endringar i tilskotssatsane.

Departementet foreslår å løyve 4 953 mill. kroner på posten.

Post 61 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege, mindreårige flyktingar, overslagsløyving

Kommunane får eit særskilt tilskot ved busetjing av einslege, mindreårige flyktingar. Det blir utbetalt ein høgare sats til og med det året barnet fyller 16 år, og ein lågare sats frå og med det året ungdommen fyller 17 år. Tilskotet blir differensiert ut frå den månaden barnet blir busett i, og det blir utbetalt til og med det året den einslege, mindreårige fyller 20 år.

Mål for 2022

Einslege, mindreårige skal busetjast så raskt som mogleg i gode bu- og omsorgstilbod tilpassa den einskilde ungdommen og lokale forhold.

Resultat i 2020

Rapporten for 2020 frå Berekningsutvalet som kartlegg utgifter kommunane har til busetjing og integrering av einslege, mindreårige flyktingar, viser ei dekningsgrad for integreringstilskotet og det særskilde tilskotet ved busetjing av einslege, mindreårige flyktingar på til saman 102,9 pst., mot 110 pst. i 2019. Ventetida for einslege, mindreårige var i 2020 på 5,1 månader. Dette ein auke på om lag 2 månader frå året før. Hovudårsaka er

restriksjonar som følge av covid-19-pandemien. I 2020 vart det busett færre einslege, mindreårige enn kommunane vart oppmoda om, og fleire kommunar har meldt at dei derfor vil måtte avvikle tiltaka sine. Busetjingsresultata for einslege, mindreårige, utover det som er nemnt over, er skissert i tabell 4.38.

Oppfølging og kontroll

Kommunane skal ikkje legge fram rekneskap for det særskilde tilskotet ved busetjing av einslege, mindreårige flyktingar. Berekningsutvalet kartlegg utgiftene kommunane har til busetjing og integrering. Gjennom denne kartlegginga blir det gitt eit oversyn over om det er rimeleg samsvar mellom tilskotet og utgiftene til kommunane.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår nominell vidareføring av tilskotssatsane. Resten av reduksjonen på posten, samanlikna med Saldert budsjett 2021, kjem av endra samansetjing og talet på personar i målgruppa for tilskotet, og endringar i tilskotssatsane. Satsane for særskilt tilskot ved busetjing av einslege, mindreårige i 2022 blir foreslått til 1 118 000 kroner til og med det året personen fyller 16 år, og 705 000 kroner frå og med det året personen fyller 17 år.

Departementet foreslår å løyve 656,8 mill. kroner på posten.

Post 62 Kommunale innvandrartiltak

Mål for 2022

Styrke og vidareutvikle arbeidet i kommunane med integrering av flyktingar og innvandrarar i arbeids- og samfunnslivet.

Resultat i 2020

Det blei nytta følgande på dei ulike ordningane:

Tabell 4.40 Fordeling av midlar til kommunale innvandrartiltak i 2020

	(mill. kroner)
	Rekneskap 2020
Jobbsjansen, kvalifiseringsprosjekt for heimeverande innvandrarkvinner	104
Områdesatsing	37
Utvikling av kommunale integreringstiltak	56
Nasjonale bu- og støttetilbod for unge over 18 år som er utsette for tvangsekteskap eller æresrelatert vald	17
Kvalifiseringstiltak i integreringsmottak	8
Tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarak	15

Jobbsjansen

I 2019 gjekk 76 pst. av deltakarane som avslutta Jobbsjansen, kvalifiseringsprosjekt for innvandrarkvinner, over i arbeid eller utdanning etter avslutta program. Det tilsvarande talet for 2020 var 74 pst, fire prosentpoeng over resultatkravet på 70 pst.

Våren 2020 blei det løyvd 25 mill. kroner til styrking av Jobbsjansen, jf. Innst. 360 S (2019–2020) og Prop. 127 S (2019–2020). Midlane har medverka til rekruttering av fleire deltakarar inn i eksisterande prosjekt og til styrking av opplærings-tiltak for deltakarar for å auke den formelle kompetansen deira. Innsatsen har halde fram i 2021.

Områdesatsingar

Regjeringa har gjennom områdesatsingar styrkt innsatsen i utsette byområde, mellom anna med mål om å gi gode føresetnader for integrering gjennom ulike tiltak for betre levekår. Desse satsingane handlar mellom anna om tiltak for å betre nærmiljøet, sikre gode oppvekstvilkår, førebygge kriminalitet, gi tilbod om vidaregåande opplæring, og auke sysselsetjinga. I 2020 blei særleg forhold som behov for betre strukturar og samarbeidsformer trekte fram av dei statlege samarbeidspartnarane.

Utvikling av kommunale integreringstiltak

Midlane blei nytta til ei rekke lovande og nyskapande prosjekt i kommunane. Prosjekta testar mellom anna ut ulike modellar for å gi nykomne innvandrarak meir formell kompetanse. Det blei til saman gjennomført 59 prosjekt i 2020. I tillegg har

IMDi gjennomført fem nettverkssamlingar for utvikling av kommunale integreringstiltak for prosjektkommunane og samarbeidspartnarane deira. Tema på desse samlingane har mellom anna vore formell opplæring, med eit undermål om delkompetanse.

Det nasjonale bu- og støttetilbodet for personar over 18 år som er utsette for tvangsekteskap og/eller æresrelatert vald

Løyvinga finansierer 26 plassar i fem ulike kommunar. Butilbodet er i 2019 og 2020 utvida med ekstra plassar for å sikre tilstrekkeleg kapasitet i tilbodet. I 2020 fekk 39 personar tildelt plass i dette tilbodet. Gjennomsnittleg belegg for butilbodet i 2020 var på 80 pst. Det er i 2020 lagt vekt på å sikre at personane får tilstrekkeleg oppfølging etter opphaldet i bu- og støttetilbodet, mellom anna gjennom å styrke kontakten med frivillige organisasjonar og det ordinære hjelpeapparatet.

Kvalifiseringstiltak i integreringsmottak

I integreringsmottaka har bebuarar fått tilbod om fulltidsprogram. Dei om lag 280 flyktningane som blei busette frå integreringsmottak i 2020, blei i gjennomsnitt busette raskare enn flyktningar frå ordinære mottak. I tillegg kjem dei raskare i gang med introduksjonsprogram enn andre flyktningar.

Tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarak

Tilskotet skal stimulere til etablering og gjennomføring av tilbod om tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarak som har rett til vida-

regående opplæring, men som har for svake norskferdigheter til å følge ordinær opplæring utan tilrettelegging.

2020 var første året for denne tilskotsordninga. Måloppnåinga for 2020 blir vurdert etter talet på deltakarar som har byrja på utdanning, etablerte samarbeidskanalar som skal sikre rekruttering, inntekter og læreplassar. I 2020 var det 571 deltakarar som tok imot tilrettelagd opplæring gjennom denne ordninga. Av desse deltok 78 personar i introduksjonsprogrammet, fordelt på tre av fylkeskommunane. I 2020 fekk åtte fylkeskommunar tildelt midlar. Fylkeskommunane som har fått midlar, har arbeidd for å etablere samarbeid med kommunar, Nav og arbeidsgivarar.

Budsjettforslag for 2022

Jobbsjansen

Hovudmålet med Jobbsjansen er å auke sysselsetjinga blant innvandrarar som står langt frå arbeidsmarknaden, og som har behov for grunnleggjande kvalifisering. Jobbsjansen skal, gjennom individuelt tilpassa program, gi styrkte kvalifikasjonar for varig tilknytning til arbeidslivet og økonomisk sjølvstende.

Departementet foreslår å løyve til saman 81,5 mill. kroner til tiltaket i 2022.

Jobbsjansen – ein per capita-modell

Departementet foreslår å nytte 9,7 mill. kroner frå Jobbsjansen til ein per capita-modell for Jobbsjansen i tidsperioden 2022–25. Bakgrunnen for forslaget er å prøve ut ein modell som kan vere meir føreseieleg og gi mindre administrasjon for prosjektkommunane og deltakarar, og som kan sikre at fleire nye deltakarar og kommunar kan innlemmast i ordninga. Tilskotsordninga blir foreslått som ei prøveordning som skal evaluerast.

Den primære målgruppa for ordninga er den same som for noverande Jobbsjansen-ordning. Tiltaket skal bygge vidare på prinsippa frå introduksjonsprogrammet. Forskjellen mellom ordningane er korleis tilskotsmidlar blir utbetalte. Det er lagt til grunn at tilskotssatsen for den nye ordninga skal dekke:

- stønad til 1G per deltakar (for deltakarar som ikkje mottek overgangsstønad)
- lønnsutgifter til oppfølging av deltakarar i program
- bidrag til tiltak/tilrettelegging av tiltak
- metodeutvikling og kompetanseutvikling
- oppfølging av deltakarar etter fullført program

Vidare vil prosjektkommunane få tilskot etter ulike satsar. Det vil vere ein startssats for dei første 10 deltakarane og ein grunnsats for deltakar 11 og oppover. Her vil satsane vere høgare for deltakarar som har behov for stønad tilsvarende 1G. Vidare vil det bli utbetalt eingongstilskot til nyetablerte Jobbsjansen-tilbod for å dekke oppstartsutgifter. Den nye tilskotsordninga vil bli prøvd ut i utvalde kommunar i Viken og Vestfold og Telemark. Departementet vil utarbeide retningslinjer med nærare informasjon om kriterium for tildeiling av midlane. Ordninga skal administrerast av IMDi.

Områdesatsingar

Områdesatsingar er eit verkemiddel for å betre miljø, butilhøve og levekår i eit geografisk avgrensa område. Departementet foreslår å løyve 36,7 mill. kroner til områdesatsingar over kap. 291, post 62. Midlane skal fordelast slik:

- 1 mill. kroner til Strømsø i Drammen
- 17,9 mill. kroner til Oslo indre aust
- 15 mill. kroner til Oslo sør
- 2,8 mill. kroner til Groruddalen
- I tillegg kjem eit løyvingsforslag på 10 mill. kroner til Groruddalen og 0,5 mill. kroner til Oslo sør over kap. 226, post 21. Departementet foreslår å løyve til saman 47,2 mill. kroner til områdesatsingar i 2021, jf. programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Utvikling av kommunale integreringstiltak

Departementet foreslår at kommunane i 2022 kan søke om prosjektmidlar til sju delområde:

1. lengre kvalifiseringsløp (år 4) etter gjennomført 3-årig introduksjonsprogram
2. modellar for arbeidsretta kvalifisering i samarbeid med sosiale entreprenørar
3. arbeidsmåtar i norskopplæringa
4. standardelement i introduksjonsprogrammet
5. innovative løysingar i introduksjonsordninga og opplæringa i norsk og samfunnskunnskap som medverkar til overgang til arbeid og/eller utdanning etter avslutta løp
6. utvikling av tiltak som gir psykisk støtte
7. forsøk med å utvikle ein nasjonal samarbeidsmodell for fag- og yrkesopplæring

Ny integreringslov gir no moglegheit for program på inntil fire år innanfor ordinære rammer for programmet, og det er formålstenleg å redusere løyvinga til delområde 1 Lengre kvalifiseringsløp i 2022. I tillegg til å vidareføre tilskotsordninga for

tilrettelagd fag- og yrkesopplæring som vart oppretta i 2020 (sjå omtale under), er det behov for ein særskild innsats for å etablere modellar for samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunane, Nav og relevante arbeidsgivarorganisasjonar for å lage eit godt tilbod til personar som har for svake norskferdigheiter til å følge ordinær opplæring utan tilrettelegging. Departementet foreslår å bruke inntil 5 mill. kroner frå delområde 1) til etablering av eit nytt delområde – forsøk med å utvikle ein nasjonal samarbeidsmodell for fag- og yrkesopplæring. IMDi vil leie arbeidet og ha ansvar for å utvikle og administrere forsøket. Midlane til det nye delområdet skal bidra til å opprette og gjennomføre forsøket i utvalde fylkeskommunar og kommunar. Departementet foreslår å flytte 3 mill. kroner til kap. 290, post 01 til IMDi for å utvikle og administrere ordninga.

Innsatsen vil halde fram og vere målretta mot modellar av nasjonal interesse. Departementet foreslår å løyve 55,4 mill. kroner til utvikling av kommunale integreringstiltak i 2022.

Det nasjonale bu- og støttetilbodet for personar over 18 år som er utsette for tvangsekteskap og/eller æresrelatert vald

Departementet foreslår å redusere løyvinga til tilskotsordninga med 0,6 mill. kroner. Departemen-

tet foreslår å løyve 19 mill. kroner til det nasjonale bu- og støttetilbodet for personar over 18 år som er utsette for negativ sosial kontroll, æresrelatert vald og tvangsekteskap.

Kvalifiseringstiltak i integreringsmottak

Tilskotet skal medverke til at bebuarar i integreringsmottak får tilbod om eit program på fulltid tilpassa behovet deira for grunnleggande kvalifisering. Departementet foreslår å løyve 10 mill. kroner til kvalifiseringstiltak i integreringsmottak i 2022.

Tilskotsordning for fag- og yrkesopplæring

For at fleire vaksne innvandrarakar skal få formell kompetanse, treng dei tilrettelagd opplæring. Tilskotsordninga skal dekke meirutgiftene for tilrettelagd opplæring i fag- og yrkesopplæringa for målgruppa. Departementet foreslår å løyve 15 mill. kroner til tilskotsordning for fag- og yrkesopplæring i 2022.

Fordeling av midlar på posten

Departementet foreslår å løyve 227,3 mill. kroner på posten, med følgande fordeling:

Tabell 4.41 Fordeling av midlar til kommunale innvandrartiltak i 2022

	(i mill. kr)
Jobbsjansen, kvalifiseringsprosjekt for heimeverande innvandrarkvinner	81,5
Jobbsjansen, per capita-modell	9,7
Områdesatsing	36,7
Utvikling av kommunale integreringstiltak	55,4
Nasjonale bu- og støttetilbod for unge over 18 år som er utsette for tvangsekteskap eller æresrelatert vald	19
Kvalifiseringstiltak i integreringsmottak	10
Tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarakar	15

Post 70 Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging

Midlane på posten skal nyttast til det samla arbeidet Kommunesektorens organisasjon (KS) gjer på flyktningsfeltet.

Mål for 2022

Målet med tilskotet er å sikre kunnskapsgrunnlag og samarbeidet mellom staten og KS om busetjing og kvalifisering av flyktningar.

Resultat i 2020

Midlane blei nytta til Kommunesektorens organisasjon (KS) si oppfølging av tilskotsordningar, deltaking i Berekningsutvalet og i Nasjonalt utval for busetjing. KS tek òg del i dei fylkesvise møta for å vurdere oppmoding om busetjing i den einsskilde kommunen. Dei har òg vore i referansegruppa for ulike FoU-prosjekt i regi av IMDi. I tillegg blei midlane nytta til samarbeid med IMDi og UDI, jf. samarbeidsavtalen om busetjing av flyktningar i kommunane og om etablering og nedlegging av asylmottak.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 2,4 mill. kroner på posten.

Post 71 Tilskot til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunn og frivillige organisasjonar

Tilskotsposten er samansett av tre tilskotsordningar i 2022:

Tabell 4.42 Fordeling av tilskot til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunnet og frivillige organisasjonar i 2020

	(i mill. kr)
Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar	82,6
Tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet	38,8
Ekstraordinært tilskot til informasjonstiltak for innvandrarbefolkninga i regi av frivillige organisasjonar	19,4

Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar

Det blei nytta 83,3 mill. kroner til ordninga i 2020. IMDi har i 2020 delt forvaltninga av tilskotsordninga med 20 utvalde kommunar. Ordninga har resultert i at IMDi har rettleidd kommunane på fleire målområde enn før og lagt til rette for erfaringsdeling knytt til forvaltninga av tilskotsordninga. Tilskotsordninga har støtta fleire tiltak under dei ulike delmåla. Det er mellom anna gitt støtte til informasjon om norsk samfunnsliv, tilbod om norsk trening til andre målgrupper enn flyktningar, inkludert grupper som ikkje har rett til gratis norskopplæring, til tiltak som førebygger negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting gjennom haldningsendring. Det er òg

- tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillig verksemd
- tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet
- tilskot til klippekortordninga

Mål for 2022

Måla med tilskotet er å auke arbeids- og samfunnsdeltakinga blant innvandrarar og barna deira, gjennom støtte til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunn og frivillig verksemd. Løyvinga skal òg sikre rammevilkår for nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet. Samstundes skal løyvinga sikre norskopplæring til innvandrarar med behov for å styrke norskferdigheitene sine gjennom klippekortordninga.

Resultat i 2020

Det blei nytta følgande i 2020:

gitt støtte til tiltak og aktivitetar som bidreg til at innvandrarar og barna deira i større grad deltek på møteplassar og aktivitetar i regi av frivillige organisasjonar i lokalsamfunna.

I samband med covid-19-pandemien har personar med innvandrarbakgrunn vore overrepresenterte blant smitta, innlagde på sjukehus og døde. Stortinget vedtok derfor i april 2020 å omdisponere 6,6 mill. kroner til seks landsdekkande organisasjonar (Caritas Noreg, Norges Røde Kors, Norsk Folkehjelp, Kristent Interkulturelt Arbeid, Norske Kvinners Sanitetsforening og Noregs frivilligsentralar). Organisasjonane bidrog med naudsynt formidling av informasjon frå myndighetene om covid-19-pandemien til innvandrarbefolkninga.

Tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet

Det blei nytta 38,8 mill. kroner til ordninga i 2020. Det blei tildelt støtte til 15 organisasjonar over denne ordninga. Desse har bidrege med kunnskap og kompetanse i kontakt med offentlege instansar, næringslivet og internasjonale organisasjonar. Organisasjonane har i 2020 mellom anna medverka med førstehandserfaring og tilbakemeldingar frå innvandrarbefolkninga for å medverke til den offentlege debatten og politikktutviklinga. Dei har også bidrege til råd- og rettleiingstenester som språkkurs og arbeidskvalifiserande tiltak.

Ekstraordinært tilskot til informasjonstiltak i regi av frivillige organisasjonar

Tidleg i covid-19-pandemien viste det seg at delar av innvandrarbefolkninga trong tilpassa og målretta informasjon frå fleire offentlege sektorar. I tillegg til dei 6,6 mill. kronene som er omtala over, blei det løyvd 20 mill. kroner i ekstraordinært tilskot for å støtte covid-19-relatert informasjon retta mot innvandrara i regi av frivillige organisasjonar i 2020. Det blei innvilga støtte til 142 prosjekt der det er delt ut informasjon både digitalt og fysisk. Arbeidet heldt fram i 2021, og det er løyvd ytterlegare 40 mill. kroner til tiltaket i 2021.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 192,1 mill. kroner på posten, med følgande fordeling:

- 121,2 mill. kroner til tilskotsordning for integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar
- 40,9 mill. kroner til nasjonale ressursmiljø
- 30 mill. kroner til klippekortordning for ekstra norskoppføring

Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar

Departementet foreslår å auke løyvinga med 30 mill. kroner til tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar. Midlane skal bidra til at fleire lokale, frivillige organisasjonar kan søke om tilskot, og skal nyttast til auka frivillig aktivitet i fleire kommunar og område i Noreg, i tråd med måla i regjeringa si strategi for å styrke sivilsamfunnet si rolle på integreringsfeltet. Frå 2022 skal fleire kommunar innlemmast i ordninga for å forvalte tilskotsordninga saman med IMDi.

Tilskotsordninga skal støtte fleire tiltak, mellom anna fridom frå negativ sosial kontroll, frivillig norsktrening og motarbeiding av utanforskap. Frivillig norsktrening er ein del av regjeringas nor-skinnsats, sjå òg omtale av tilskot til klippekortordning. Tilskotet skal òg nyttast til å styrke små og nystarta organisasjonar på integreringsfeltet.

Tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet

Departementet foreslår å auke løyvinga til tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet med 3,3 mill. kroner. Departementet foreslår vidare å endre ordninga for tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet frå ei namngitt ordning til ei søkbar ordning. Omlegginga og auka løyving vil bidra til ei meir open fordeling av midlane og til at fleire nye organisasjonar får høve til å etablere seg som nasjonale ressursmiljø. Frå 2022 må organisasjonar søke IMDi om driftsstøtte gjennom tilskotsordninga. Organisasjonane kan som hovudregel få innvilga tilskot i to eller fire år, såframt dei oppfyller krava i tilskotsordninga, og gitt Stortingets årlege budsjettvedtak. Organisasjonar med konkrete planar for utviding til nasjonalt ressursmiljø kan òg få innvilga tilskot over ordninga dersom dei dekker eit tematisk behov. I desse tilfella kan det vere formålstenleg å innvilge tilskot for eit år. Tilskotet skal medverke til betre kunnskap om integrering og auka deltaking på ulike samfunnsarenaer. Departementet vil innarbeide endringane i retningslinjer for tilskotsordninga i 2022.

Norskinnsats – tilskot til klippekortordning

Det blei løyvd 20 mill. kroner til ei klippekortordning som gjeld for 2021. Ordninga blei vidare styrkt med 10 mill. kroner i samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2021, jf. Prop. 195 S (2020–2021) og Innst. 600 S (2020–2021). Målsetjinga med klippekortordninga er å bidra til at personar, som anten ikkje er på B1-nivå etter fullført norskopplæring etter introduksjonslova/integreringslova, eller som ikkje har rett til slik opplæring, når B1 eller høgare. Erfaringane med tilskotsordninga så langt er at ho er viktig. Departementet foreslår å vidareføre tilskotsordninga med 30 mill. kroner i 2022. Dette vil bidra til at opptil 3 000 personar i målgruppa vil kunne få eit klippekort på om lag 10 000 kroner per person. Klippekortet kan bli innløynt i lærarstyrt norskopplæring tilsvarande om lag 80–100 timar.

Post 72 Statsautorisasjonsordninga for tolkar m.a.

Løyvinga skal finansiere den faglege og administrative gjennomføringa av autorisasjonsprøven for tolkar og anna utdanning og kvalifisering av tolkar.

Mål for 2022

Fleire kvalifiserte tolkar i offentleg sektor.

Resultat i 2020

IMDi er nasjonalt fagdirektorat for tolking i offentleg sektor. Som ein del av arbeidet med å sikre kvalifiserte tolkar til bruk av offentlege myndigheter, driftar IMDi Nasjonalt tolkeregister, der kvalifiserte tolkar kan registrerast. Tolkane vert kvalifiserte på ulike måtar, gjennom ulike prøvar og utdanningsordningar.

I 2020 har 34 studentar fullført bachelorstudiet ved OsloMet i tre språk, og 12 nye tolkar har fullført grunnemne i fire ulike språk, medan 7 personar fekk løyve som statsautorisert tolk i språka estisk, nordsamisk og wolof. Totalt er 280 personar statsautoriserte tolkar med til saman 335 løyve, og 84 pst. av desse er registrerte i Nasjonalt tolkeregister. Det var 415 personar som tok tospråkstesten i 2020, på 24 språk. Av desse greidde 45 pst. testen, ein oppgang frå 44 pst. i 2019. 58 personar tok kurs i tolkens ansvarsområde (TAO) og er med det kvalifiserte til å bli oppførte i Nasjonalt tolkeregister i lågaste kvalifikasjonskategori.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å auke posten med 1 mill. kroner til å heve kvalifikasjonsgraden blant tolkar i Nasjonalt tolkeregister i samband med innføring av Prop. 156 L (2020–2021) *Lov om offentlige organers ansvar for bruk av tolk mv. (tolkeloven)* frå januar 2022.

Vidare foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 1,3 mill. kroner til oppretting av kompetansehevingstilbod for kvalifiserte tolkar knytt til skjermtolking på Høgskulen på Vestlandet. Tilbodet skal bidra til å heve tolkane sin kompetanse i skjermtolking og samstundes styrke og profilere det tolkefaglege miljøet som er under utvikling på Vestlandet.

Departementet foreslår å løyve 19,7 mill. kroner på posten.

Post 73 Tilskot

Løyvinga blir nytta til tilskot til deltaking i nasjonale og internasjonale kunnskapsforum, til arbeid mot negativ sosial kontroll og til einskilde namngitte tilskot.

Mål for 2022

Auke arbeids- og samfunnsdeltakinga blant innvandrarar.

Resultat i 2020

Kunnskapsforum

I 2020 blei det nytta 0,2 mill. kroner til deltaking i kunnskapsforumet Konsortium for forskning på terrorisme og internasjonal kriminalitet. Det blei nytta 0,5 mill. kroner til Transatlantic Council on Migration. Deltaking i foruma har gitt tilgang til ny forskning, seminar og nettverk til nytte i politikkutviklinga på integreringsfeltet. Det blei i tillegg nytta 0,4 mill. kroner til Migration Policy Institute til utarbeiding av ein nasjonal rapport om kva integrering har å seie for deltaking i eit europeisk komparativt perspektiv.

Tilskot til TV 2 Skole

Det blei nytta 2,5 mill. kroner til TV 2 Skole i 2020. TV 2 Skole har produsert sendingar og opplæringsopplegg for vaksne nykomne flyktningar frå 2016. Formålet er å gjere norskopplæring meir tilgjengeleg for flyktningar i mottak. I 2020 fekk TV 2 Skole tilskot til å utvikle tre modular som skal hjelpe flyktningar til å meistre det norske språket, forstå det norske samfunnet, daglegliv, verdiar og kultur og dessutan bli ein aktiv arbeidstakar. På grunn av covid-19-situasjonen har TV 2 Skole gjort endringar. Dei har i staden laga koronafilmar på fleire språk i samarbeid med Folkehelseinstituttet, og dei har òg etablert nettsida intro-norsk.no.

Tilskot til norsk senter for fleirkulturell verdiskaping (NSFV)

Det var nytta 1,75 mill. kroner til NSFV i 2020. Midlane vart mellom anna nytta til introduksjonskurs om etablering, rådgiving og digitale kurs til gründerar.

Tilskot til mentorordning for personar utsette for negativ sosial kontroll, æresrelatert vald og tvangsekteskap

I 2020 nytta Bufdir 2,7 mill. kroner i øyremerkte tilskot til Røde Kors' prosjekt «Mentorfamilie» og Oslo krisesenters nettverk for utsette, «Saman».

Mentorfamilieprosjektet starta sommaren 2019 og er frå 2021 eit nasjonalt tilbod. 13 unge er blitt kopla med ein mentorfamilie i 2020.

Ved utgangen av 2020 var det 115 deltakarar i nettverket «Saman». Deltakarane bestemmer kva for aktivitetar som skal tilbydast, og kan velje kor mange dei vil delta på. «Saman» erfarer at deltakarane styrker den sosiale kompetansen sin og danar gode vennskap. Fleire møtest også utanfor bukollektivets regi.

Det vart i tillegg nytta 1,2 mill. kroner til arbeidet mot negativ sosial kontroll og tiltak 23 i handlingsplanen *Retten til å bestemme over eige liv* på denne posten i 2020.

Einskildtilskot til frivillige organisasjonar

Det vart utbetalt følgande til frivillige organisasjonar på posten:

- 1 mill. kroner til Peace Painting
- 1 mill. kroner til SOS Barnebyer – prosjektet SAMMEN
- 8 mill. kroner til Språkopplæringsprogrammet KIA Velferd
- 1,3 mill. kroner til Søster til søster

Til topps

IMDi nytta 0,5 mill. kroner til arrangementet Til topps i 2020.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å auke løyvinga til mentorordninga mot negativ sosial kontroll med

0,3 mill. kroner til 3 mill. kroner i 2022. Av desse midlane går 2 mill. kroner til Røde Kors for drift av ei mentorfamilieordning, og 1 mill. kroner går til Oslo Krisesenter for drift av mentornettverket Saman.

- Vidare foreslår departementet å løyve
- 10 mill. kroner til tilskotsordning for tiltak for auka etnisk mangfald i verksemdar
 - 1 mill. kroner til Peace Painting
 - 1 mill. kroner til SOS Barnebyer-prosjektet SAMMEN
 - 1,3 mill. kroner til prosjektet Søster til søster
 - 8 mill. kroner til Språkopplæringsprogrammet KIA Velferd
 - 2,5 mill. kroner til TV 2 Skole
 - 0,5 mill. kroner til Transatlantic Council on Migration
 - 0,2 mill. kroner til Konsortium for forskning på terrorisme og internasjonal kriminalitet
 - 0,5 mill. kroner til arrangementet Til topps
 - 2,2 mill. kroner til mellom anna arbeidet med kompetanseheving i regi av regionale nettverk drifta av Regionale ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS). I tillegg skal midlane nyttast til implementering av opplæringsstilbodet Endringsagenter for dei som jobbar med negativ sosial kontroll og æresrelatert vald i frivillige organisasjonar og miljø dei sjølv har tilhøyrse til.

Departementet foreslår å flytte tilskotet på 1 mill. kroner til Stiftelsen 10. august til kap. 226, post 21 under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Departementet foreslår å redusere posten med 0,8 mill. kroner. Midlane skal nyttast til andre tiltak på integreringsfeltet og til tiltak på departementets budsjett.

Departementet foreslår å løyve 30,3 mill. kroner på posten.

Kap. 3291 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
04	Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar, ODA-godkjende utgifter	2 723	11 582	11 883
	Sum kap. 3291	2 723	11 582	11 883

Post 04 Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar, ODA-godkjende utgifter

Ein del innanlandske utgifter til mottak av asylsøkarar og flyktningar i Noreg kunne tidlegare, i samsvar med dåverande statistikkdirektiv frå OECD/DAC (Development Assistance Commit-

tee), godkjennast som offisiell utviklingshjelp. I tråd med nytt klargjeringsdokument frå OECD/DAC kan nokre midlar til integreringstiltak i asylmottak under kap. 291, post 71 frå 2020 førast som ODA-godkjende utgifter. Departementet foreslår at 11,9 mill. kroner av utgiftene i samband med integreringstiltak i asylmottak blir rapporterte inn som utviklingshjelp.

Kap. 292 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	64 351	82 343	78 731
22	Prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	41 333	32 463	36 219
60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	1 244 842	1 060 508	1 008 013
61	Kompetansekartlegging i mottak før busetjing		546	602
	Sum kap. 292	1 350 526	1 175 860	1 123 565

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga skal gå til å utvikle kompetanse, metodar og læringsressursar for den obligatoriske opplæringa i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Løyvinga skal også dekke lønns- og driftsutgifter i Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), tidlegare Kompetanse Noreg. Vidare skal løyvinga mellom anna nyttast til etter- og vidareutdanning for lærarar i norsk og samfunnskunnskap og til karriererettleiing i integreringsmottak.

Mål for 2022

God kvalitet i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar i heile landet.

Resultat i 2020

Vidareutdanning av lærarar i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova

Det er etablert ei stipendordning for vidareutdanning av lærarar i norsk som andrespråk. Det var to utlysingar av stipend i 2020. I første runde fekk 103 lærarar frå 36 kommunar stipend, og i andre runde var det 55 lærarar fordelt på 27 kommunar

som fekk stipend. Det er etablert fire vidareutdanningstilbod ved universitet og høgskular med 30 studiepoeng i faget norsk som andrespråk. Institusjonane mottek tilskot til gjennomføring av studia. Det er god geografisk spreing i tilboda, noko som kan vere med på å sikre at deltakarar over heile landet på sikt får opplæring av lærarar med kompetanse til å undervise vaksne innvandrarar i norsk som andrespråk.

Leiarar i vaksenopplæringa peikar på at det er viktig for kvaliteten i opplæringa at lærarar som underviser vaksne i norsk, har spisskompetanse i dette. Studentevalueringar frå høgskulane som mottek støtte, viser at lærarar som deltek i vidareutdanninga, er nøgde, og at dei lærer, er til nytte når dei planlegg og gjennomfører undervisninga.

Karriererettleiing i integreringsmottak og for overføringsflyktningar og familiesameinte, og støtte og rettleiing til fylkeskommunar som skal drive karriererettleiing for nykomne flyktningar

Sidan 2017 har karrieresenter i fleire fylke vore involverte i prosjektet karriererettleiing i integreringsmottak og for overføringsflyktningar og familiesameinte. I 2020 fekk 306 personar i integreringsmottak og 104 overføringsflyktningar og

familiesameinte individuell karriererettleiing. Til saman vart 122 grupperettleiingssesjonar og 50 informasjonsmøte gjennomførte i prosjektet. Tala viser ein nedgang frå 2019 til 2020. Årsaka til nedgangen var hovudsakleg covid-19-pandemien, som førte til få innkomstar og busetjingar. Erfaringa i prosjekta var viktig for utforminga av den nye integreringslova, der nyleg busette flyktningar har fått rett og plikt til karriererettleiing. Fylkeskommunane skal sørge for tilbodet, og HK-dir støttar og rettler dei i utviklinga av tenesta. For å dempe dei negative følgene av nedstenginga i samband med covid-19-pandemien, fekk fylkeskommunane òg i oppgåve å tilby karriererettleiing til deltakarar i introduksjonsprogrammet som trong forsterka eller forlenget program.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å redusere løyvinga til karriererettleiing i mottak (integreringsmottak) med 3,2 mill. kroner som følge av reduksjon i integreringsmottak de siste åra.

Vidare foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 2,1 mill. kroner. Midlane skal nyttast til andre tiltak på integreringsfeltet og til tiltak på departementets budsjett.

Departementet foreslår å løyve 78,7 mill. kroner på posten.

Post 22 Prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Løyvinga skal gå til å dekke utgiftene som Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har til å informere om prøvar, utvikle og halde ved like prøvar i norsk og samfunnskunnskap, til å gjennomføre prøvane og til sensur og tilbakemelding til opplæringsstadene om resultatata. Arbeidet inkluderer også statsborgarprøven.

Mål for 2022

God kvalitet og kapasitet i prøvegjennomføringa. Formålet med prøvane er å gi vaksne innvandrarar høve til å vise og dokumentere ferdigheiter i norsk språk og kunnskap om det norske samfunnet.

Resultat i 2020

Tal frå SSB syner at det i 2020 vart avlagt 35 846 norskprøvar, fordelt på 10 738 munnlege og 25 108 skriftlege prøvar. Desse tala inkluderer berre personar omfatta av introduksjonslova. 41 pst. av dei som gjekk opp til delprøven i munn-

leg kommunikasjon, fekk nivå B1 eller høgare, ein auke på 7 prosentpoeng frå 2019. Den skriftlege norskprøven er samansett av tre delprøvar: lytt, les og skriftleg framstilling. Delen med nivå B1 eller B2 var 40 pst. på delprøven i lytteforståing, 46 pst. i leseforståing og 37 pst. i skriftleg framstilling. Dette er ein oppgang på høvesvis 13, 8 og 7 prosentpoeng samanlikna med resultatata frå 2019. Delen som fekk nivå B1 og B2 er større for alle delprøvar i 2020 enn i 2019.

Den nasjonale målsetjinga for norskopplæringa vart justert i 2020. Målsetjinga er no at 70 pst. skal nå B1 eller høgare på skriftlege ferdigheiter og 90 pst. skal oppnå B1 eller høgare i munnlege ferdigheiter (delprøve i munnleg kommunikasjon). Det er svært positivt at delen som får B1 eller høgare i både munnlege og skriftlege ferdigheiter aukar, men tala viser at det er langt igjen før den nasjonale målsetjinga for norskopplæringa er nådd.

I tillegg blei norskprøven på C1-nivå gjennomført for første gong. I prøveperioden vinteren 2020 gjennomførte 37 kandidatar delprøve i lytteforståing og skriftleg framstilling, medan 34 gjennomførte delprøve i leseforståing og munnleg kommunikasjon.

Vidare blei det gjennomført 13 939 prøvar i samfunnskunnskap for 12 715 kandidatar. Om lag 84 pst. bestod prøven, det same resultatet som i 2019. Desse tala inkluderer alle kandidatar som gjekk opp til prøven. Av desse vart 3 376 prøvar gjennomførte av personar omfatta av introduksjonslova, og 81 pst. av dei bestod prøven. Dermed når ein ikkje den nasjonale målsetjinga for opplæringa i samfunnskunnskap, som er at 90 pst. eller meir skal bestå prøven.

Det blei gjennomført færre norskprøvar og samfunnskunnskapsprøvar i 2020 samanlikna med 2019. Nedgangen i talet på kandidatar som tok prøvane, kan kome av covid-19-pandemien og dei tilhøyrande smitteverntiltaka, at opplæringsstadene var stengde i ei rekke kommunar, og ein generell nedgang i talet på kandidatar som tek prøvane dei siste åra.

Det digitale prøvesystemet er blitt vidareutvikla i 2020. Den tekniske plattformen for prøvane er vidareutvikla, og det er arbeidd med effektiviserings- og kvalitetssikringstiltak retta mot prøvegjennomføringa og innhaldet i prøvane. Det blei i 2020 mellom anna gjort ei utprøving med bruk av digitale hjelpemiddel på lese- og skriveprøven i norsk for kandidatar med påvist dysleksi. Tilbakemeldinga tyder på at bruk av hjelpemiddel gjorde prøvesituasjonen til ei meir positiv oppleving for kandidatane.

I 2020 var det 8 972 kandidatar som gjennomførte 10 160 statsborgarprøvar. 88 pst. av kandidatane bestod prøven, medan i 2019 var talet 81 pst. Fleire av kandidatane tek prøven fleire gonger.

Det blei løyvd 10 mill. kroner til ei tilskotsordning for nettbasert opplæring som følge av covid-19-pandemien i 2020, jf. Innst. 360 S (2019–2020) og Prop. 127 S (2019–2020). Midlane blei nytta til å auke bruken av nettbasert norskopplæring ved å gjere nettbasert norskopplæring og andre nettbaserte læringsressursar gratis tilgjengelege for dåverande målgruppe for norskopplæringa. Ordninga har medverka til auka kvalitet i opplæringa og betre norskferdigheiter for deltakarane.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 36,2 mill. kroner på posten.

Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Løyvinga dekker tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for asylsøkarar i mottak. Løyvinga dekker òg tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap til personar som har fått ein opphaldsløyve som nemnt i integreringslova § 27, og til personar som har fått innvilga opphaldsløyve som nemnt i introduksjonslova § 17 første ledd før 1. januar 2021.

Mål for 2022

Målet med tilskotet til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for asylsøkarar i mottak er å gi asylsøkarar tidleg kjennskap til norsk språk og samfunnsliv.

Målet med tilskotet til opplæring i norsk og samfunnskunnskap er at kommunane gir opplæring til vaksne innvandrarar med plikt og/eller rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, slik at dei lærer tilstrekkeleg norsk og får naudsynt kunnskap om samfunnet dei skal bli integrerte i, til å kunne fungere i arbeids- og samfunnslivet.

Tilskotet skal stimulere til effektivitet, gjennomstrøyming og resultat i opplæringa.

Resultat i 2020

Norskopplæring for asylsøkarar i mottak

I 2020 fekk 423 av 836 moglege deltakarar norskopplæring i mottak, 51 pst. av målgruppa. Dette er ein auke frå 2019.

Opplæring i norsk kultur og norske verdiar

I 2020 gav totalt 15 kommunar tilbod om opplæring i norsk kultur og norske verdiar, inkludert vertskommunar for integreringsmottak. Totalt deltok 267 personar i opplæringa, og det er 36 pst. av målgruppa. Dette er færre enn i 2019, då det var 40 pst. som deltok. Nedgangen kjem truleg av at koronasituasjonen har hindra opplæringa i 2020.

Opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Tal frå SSB syner at det i 2020 var 26 123 deltakarar i opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Dette var ein nedgang på 23 pst. frå 2019. Sjå meir informasjon om avsluttande prøvar i norsk og samfunnskunnskap under kap. 292, post 22.

Våren 2020 blei det løyvd 161 mill. kroner til utvida tid med opplæring i norsk og samfunnskunnskap i inntil seks månader for personar som hadde rett og plikt til opplæring, og som skulle avslutte opplæringa si innan 31. desember 2020, jf. Innst. 360 S (2019–2020) og Prop. 127 S (2019–2020). Løyvinga blei gitt i samband med handteringa av covid-19-pandemien og hadde som formål å styrke opplærings- og kvalifiseringstilbodet for flyktingar og innvandrarar. Regjeringa si integreringspakke har medverka til å avhjelpe konsekvensane av covid-19-pandemien.

Oppfølging og kontroll

Kommunane skal ikkje legge fram særskild rekneskap for tilskotet til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Berekningsutvalet kartlegg utgiftene kommunane har til busetjing og integrering. Gjennom denne kartlegginga blir det gitt eit oversyn over om det er eit rimeleg samsvar mellom tilskotet og utgiftene til kommunane. Nærare informasjon om kva utgifter som inngår i kartlegginga, finn ein i Berekningsutvalets rapport for 2020.

Budsjettforslag for 2022

Tilskot i opplæring i norsk og samfunnskunnskap for asylsøkarar i mottak

Tilskot blir utbetalt til vertskommunar for mottak for asylsøkarar som er i målgruppa for norskopplæring. Asylsøkarar i målgruppa for opplæring i norsk har plikt til å delta i opplæring i inntil 175 timar, og kommunen skal sørge for at opplæringa blir gitt så snart som mogleg etter at asylsøkarar i målgruppa er registrerte i mottak i kommunen.

Satsen for tilskot til opplæring i norsk for asylsøkarar i mottak er 15 100 kroner i 2022.

Asylsøkarar i målgruppa har også plikt å delta i opplæring i samfunnskunnskap. Tema frå opplæringa i norsk kultur og norske verdiar, til dømes kvinners rettar, likestilling, lhbt-rettar og religionsfridom, er frå august 2021 innlemma i opplæringa i samfunnskunnskap etter ny læreplan. Asylsøkarar som har plikt til å delta i opplæring i mottak, skal frå 1. januar 2022 gjennomføre 25 timar opplæring i samfunnskunnskap. Satsen for tilskot til opplæring i samfunnskunnskap for asylsøkarar i mottak er 2 100 kroner i 2022.

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Kommunane får tilskot for kvar person i målgruppa som har rett og plikt eller rett til opplæring etter ny integreringslov, såkalla persontilskot.

Tilskotet har to satsar, éin høg for personar frå Afrika, Oseania (utanom Australia og New Zealand), Aust-Europa, Sør- og Mellom-Amerika og

éin låg sats for personar frå Vest-Europa, Nord-Amerika, Australia og New Zealand. Bakgrunnen er at personar som har eit morsmål som ligg nærare norsk, og meistrar det latinske alfabetet, vil lære norsk raskare enn andre.

I Prop. 1 S (2020–2021) la departementet til grunn at talet på timar med opplæring i samfunnskunnskap skulle auke frå 50 til 75 frå 1. august 2021, men etter ei ny vurdering trer endringa i kraft 1. januar 2022. Dette inneber også eit auka timeomfang i faget samfunnskunnskap for deltakarar som har rett og plikt til opplæring.

For å betre dei økonomiske rammevilkåra for små og mellomstore kommunar får kommunar med 1–3 personar i målgruppa eit grunntilskot på 626 200 kroner. Kommunar med 4–150 personar mottek eit grunntilskot på 211 000 kroner. Kor mange personar som er registrerte i målgruppa i Nasjonalt introduksjonsregister per 15. januar, vil ligge til grunn for endeleg fastsetjing av satsane og utbetaling til kommunane i 2021.

Tabell 4.43 Satsar for persontilskot

Tilskotsår	(i kr)					
	2020		2021		2022	
	Låg sats	Høg sats	Låg sats	Høg sats	Låg sats	Høg sats
År 1	14 300	33 500	14 800	34 800	15 300	35 800
År 2	25 800	66 600	26 700	69 100	27 500	71 200
År 3	16 100	46 500	16 600	47 900	17 200	49 100
Sum	56 200	146 600	58 100	151 800	60 000	156 100

Reduksjonen på posten, samanlikna med Saldert budsjett 2021, kjem av endra samansetjing og talet på personar i målgruppa for tilskotet.

Departementet foreslår å løyve 1 008 mill. kroner på posten.

Post 61 Kompetansekartlegging i mottak før busetjing

Tilskotsordninga blei etablert i 2021. Løyvinga dekker tilskot til den kompetansekartlegginga vertskommunane gjennomfører av personar med opphaldsløyve i mottak før busetjing.

Mål for 2022

Målet med tilskotet er at fleire skal bli busette i ein kommune med relevant tilbod om utdanning eller arbeid, og at introduksjonsprogrammet blir meir tilpassa behova til den einskilde.

Budsjettforslag for 2022

Departementet foreslår å løyve 0,6 mill. kroner på posten. Det er berekna ein tilskotssats på 699 kroner per person for kompetansekartlegginga i 2022.

Kap. 3292 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter	15 092	21 151	24 543
	Sum kap. 3292	15 092	21 151	24 543

Post 01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter

Ein del innanlandske utgifter i samband med mottak av asylsøkarar og flyktingar i Noreg kan, i samsvar med statistikkdirektiv til OECD/DAC,

godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Departementet foreslår at 24,5 mill. kroner av utgiftene til opplæring i norsk og kultur- og samfunnskunnskap for asylsøkarar blir rapporterte inn som utviklingshjelp.

Del III
Omtale av særlege tema

5 Oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgare utdanning

Innleiing

Regjeringa har høge ambisjonar for det norske kunnskapssamfunnet og satsar målretta på forskning og høgare utdanning. Det viktigaste verktøyet for å sørge for langsiktige og føreseielege satsingar på området er langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.

Det er viktig å sørge for samsvar mellom nasjonale prioriteringar og internasjonale satsingar. Noreg har eit utstrekt internasjonalt samarbeid innanfor forskning og høgare utdanning, jf. *Strategi for norsk deltagelse i Horisont Europa og det europeiske forskningsområdet (2021–2027)*, *Erasmus+ og det europeiske utdanningsområdet (2021–2027)*, og *Panorama – strategi for høyere utdannings- og forskningssamarbeid med Brasil, Canada, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika (2021–2027)*.

Oppfølging av Langtidsplan for forskning og høgare utdanning 2019–2028

Hausten 2018 la regjeringa fram Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høyere utdanning 2019–2028*. Langtidsplanen inneheld tre overordna mål:

- styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne
- møte store samfunnsutfordringar
- utvikle fagmiljø av framifrå kvalitet

Planen inneheld òg fem langsiktige prioriteringar:

- hav
- klima, miljø og miljøvennleg energi
- fornying i offentleg sektor og betre offentlege tenester
- mogleggjerande og industrielle teknologiar
- samfunnstryggleik og samhøyr i ei globalisert verd

Regjeringa har i perioden 2019–22 prioritert opp mot dei tre overordna måla og dei langsiktige prioriteringane i langtidsplanen. Til saman har regje-

ringa følgt opp langtidsplanen med om lag 3,3 mrd. kroner. Innanfor ramma av mål og prioriteringar har regjeringa særleg ønskt å prioritere opptrapping av innsatsen på tre viktige område i perioden:

- 800 mill. kroner for å løfte kompetanse, utdanning i og forskning på teknologi, med særskild vekt på IKT
- 450 mill. kroner for å legge til rette for auka FoU for fornying og omstilling i næringslivet
- 250 mill. kroner for å bidra til høg kvalitet i norsk høgare utdanning


Desse tre opptrappingsplanane støttar opp under grunnleggande innsatsfaktorar for å lykkast med det grøne skiftet, auke verdiskapinga og omstille næringslivet og offentleg sektor. I perioden 2019–22 blei opptrappingsplanane følgde opp med 1,6 mrd. kroner, 200 mill. kroner til kvalitet i høgare utdanning, 479 mill. kroner til FoU for fornying og omstilling i næringslivet, og 966 mill. kroner til teknologiløft, sjå figur 5.1.

Regjeringa legg fram ei forskningssatsing med tydeleg grøn profil, med vekt på hav og havnæringer, digital utvikling og utvikling av offentleg sektor. I statsbudsjettet for 2022 foreslår regjeringa å følge opp langtidsplanen med til saman 1 012 mill. kroner.

Forskningsrådet har over tid hatt høge avsetningar, jf. omtale av budsjetteringa av Noregs forskingsråd under kap. 285. Regjeringa er oppteken av at midlar som er løyvde til forskning kjem i bruk, og det er naudsynt å vri innsatsen mot dei langsiktige prioriteringane og der det er særleg behov for å auke innsatsen. I statsbudsjettet 2022 vil regjeringa derfor nytte 437,5 mill. kroner av dei samla avsetningane til Forskningsrådet til å følge opp langtidsplanen. I tillegg foreslår regjeringa å auke løyvingane til langtidsplanen med til saman 575 mill. kroner.

Av midlane til langtidsplanen er 516 mill. kroner oppfølging av dei tre opptrappingsplanane i 2022. Prioriteringane er omtala under.

Opptappingsplanane



Figur 5.1 Oppfølging av opptappingsplanane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, 2019–22

Teknologiløft

I statsbudsjettet for 2022 foreslår regjeringa å følge opp opptappingsplanen for teknologiløft med totalt 417 mill. kroner fordelt på ei rekke prioriteringar.

Hav

Regjeringa foreslår å nytte 42 mill. kroner til framtidens havbruk innanfor løyvingane til Nærings- og fiskeridepartementet.

Regjeringa foreslår å nytte 10 mill. kroner til klimavennlege havnæringar innanfor løyvingane til Kunnskapsdepartementet. Vidare foreslår regjeringa å nytte 55 mill. kroner til forskning og innovasjon innanfor hydrogen, hav og lågutslepp innanfor løyvingane til Olje- og energidepartementet.

Regjeringa foreslår å løyve 40 mill. kroner til forskning på grøn skipsfart over budsjettet til Klima- og miljødepartementet.

Klima, miljø og miljøvennleg energi

Grøn plattform blir vidareført i 2022, og regjeringa foreslår å løyve 527,7 mill. kroner i 2022 over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet. Midlane er fordelte på Innovasjon Noreg, Noregs forskingsråd og Siva. I tillegg foreslår regjeringa å nytte 58 mill. kroner til plattformane frå avsetningane i Forskningsrådet. Dette gir ei samla ramme på 585,7 mill. kroner til Grøn plattform i 2022. Av midlane er 333 mill. kroner til dei treårige prosjekta

som fekk tildeling i 2021, medan det blir sett av 252,7 mill. kroner for 2022 til ei ny utlysingsrunde. Regjeringa legg dermed til rette for å finansiere fleire grønne prosjekt i åra framover.

Mogleggjerande og industrielle teknologiar

Regjeringa foreslår å nytte 30,5 mill. kroner til IKT-forskning innan kunstig intelligens og digital tryggleik, inkludert dei rettslege rammene for kunstig intelligens, og teknologiske problemstillingar med relevans for utvikling av system og tenester i forvaltninga.

Vidare foreslår regjeringa å nytte 30 mill. kroner til e-infrastruktur for ei digitalisert verd, alt innanfor løyvingane til Kunnskapsdepartementet.

Fornyng i offentleg sektor og betre offentlege tenester

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til forskningssenter for berekraftig transport og Pilot-T med 25 mill. kroner. Vidare foreslår regjeringa å styrke tiltaka ytterlegare ved å nytte 25 mill. kroner frå avsetningane i Forskningsrådet, alt over budsjettet til Samferdselsdepartementet.

FoU for fornying og omstilling i næringslivet

I statsbudsjettet for 2022 foreslår regjeringa å følge opp opptappingsplanen for FoU for fornying og omstilling i næringslivet med totalt 86 mill. kroner fordelt på ei rekke prioriteringar.

Styrkt konkurransekraft og innovasjon

Regjeringa foreslår å nytte 15 mill. kroner til kommersialisering og radikal innovasjon innanfor løyvingane til Kunnskapsdepartementet. Regjeringa foreslår vidare å auke løyvingane til dei teknisk-industrielle institutta over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet.

Klima, miljø og miljøvennleg energi

Regjeringa foreslår å nytte 22 mill. kroner til sirkulær økonomi innanfor løyvingane til Klima- og miljødepartementet, og å nytte 20 mill. kroner til forskning for auka verdiskaping og berekraft i landbaserte bionæringar innanfor løyvingane til Landbruks- og matdepartementet.


Kvalitet i høgare utdanning

I statsbudsjettet for 2022 foreslår regjeringa å auke løyvingane med 50 mill. kroner til prosjekt som utviklar og deler metodar for studentaktiv digital undervisning, læring og vurdering, 4,5 mill. kroner til Universell, og 8 mill. kroner til tiltak for å styrke HK-dirs rolle som pådrivar og koordinator for digitalisering av undervisning og

vurdering, alt over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. I 2019 blei 50 mill. kroner av den auka løyvinga til oppgraderingsordninga av læringsareal talt med under opptrappingsplanen. I statsbudsjettet 2022 foreslår regjeringa å avvikle denne ordninga. Samstundes foreslår regjeringa å løyve 2,2 mrd. kroner til fleire nye byggeprosjekt og prosjekt som allereie er starta, som Livsvitskapsbygget ved Universitetet i Oslo og Blått bygg ved Nord universitet. Dette er viktig for å sikre moderne og nye læringsareal, noko som bidreg til auka kvalitet på undervisninga. Regjeringa har òg fleire andre verkemiddel for kvalitet, til dømes auka løyvingar til norsk deltaking i Erasmus+. Verken påbyrja eller nye byggeprosjekt eller auka kontingent til Erasmus+ er rekna med under opptrappingsplanen.

Måla og dei langsiktige prioriteringane

Opptrappingsplanane er i stor grad knytte til måla og dei langsiktige prioriteringane i planen, finansierte over budsjetta til ei rekke departement. Tiltaka som følger opp dei langsiktige prioriteringane utanom opptrappingsplanane er omtala under.



Figur 5.2 Oppfølging av måla, opptrappingsplanane og dei langsiktige prioriteringane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, 2022

Hav

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til havforskingsstiaåret med 10 mill. kroner over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet.

Klima, miljø og miljøvennleg energi

Regjeringa foreslår å løyve 30 mill. kroner til Forskingssenter for miljøvennleg energi (FME) innan hydrogen og ammoniakk over budsjettet til Olje- og energidepartementet.

Samfunnstryggleik og samhøyr i ei globalisert verd

Regjeringa foreslår å nytte 20 mill. kroner til global helseforskning innanfor løyvingane til Helse- og omsorgsdepartementet og 30 mill. kroner innanfor løyvingane til Utanriksdepartementet.

Fornyng i offentleg sektor og betre offentlege tenester

Regjeringa foreslår å nytte 10 mill. kroner til innovasjonsarena i offentleg sektor innanfor løyvingane til Arbeids- og sosialdepartementet og 10 mill. kroner innanfor løyvingane til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Til forskning og kapasitetsbygging på EØS-rett (rettsvitenskapleg forskning) foreslår regjeringa å løyve 5,5 mill. kroner over budsjettet til Arbeids- og sosialdepartementet og 5,5 mill. kroner over budsjettet til Justis- og beredskapsdepartementet. Vidare foreslår regjeringa å styrke tiltaket ytterlegare ved å nytte 20 mill. kroner frå avsetningane i Forskingsrådet, likt fordelt på områda for Arbeids- og sosialdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet.

Regjeringa foreslår å nytte 10 mill. kroner til forskning på implementering av tiltak for barn, unge og familiar og 10 mill. kroner til effektforskning på tiltak mot vald og overgrep, alt innanfor løyvingane til Barne- og familiedepartementet.

Regjeringa foreslår å nytte 20 mill. kroner til likestilling og mangfald i vår tid innanfor løyvingane til Kulturdepartementet.

Bygg

I den reviderte langtidsplanen for forskning og høgare utdanning er eit eige kapittel vigd regjeringa sin plan for utvikling, forvaltning og prioritering av universitets- og høgskulebygg. Bygg,

utstyr og annan infrastruktur er grunnleggande innsatsfaktorar for å nå dei overordna måla i politikken for forskning og høgare utdanning. I 2022 foreslår regjeringa å bruke 2,2 mrd. kroner på ordinære byggeprosjekt finansierte over statsbudsjettet, mellom anna oppstart av Ocean Space Centre ved NTNU og vidareføring av Livsvitkapsbygget og Vikingtidsmuseet ved Universitetet i Oslo. Regjeringa foreslår òg å løyve midlar til vidare prosjektering av NTNU Campussamling og oppstart av Blått bygg ved Nord universitet. I tillegg kjem ei rekke brukarfinansierte prosjekt ved institusjonane.

Kompetansmiljø for utnytting av stordata

For å nå måla i langtidsplanen er det viktig med tilgang til nok reknekraft. For å sikre tilgang til superdatamaskinar i Europa gjekk Noreg frå og med 1. januar 2019 inn i eit samarbeid med sju andre europeiske land som søkte og fekk tilslag på midlar frå EU til å bygge ein av dei kraftigaste superdatamaskinene i verda. Det er viktig at kompetansen hos aktuelle brukarar av dei nye superdatamaskinene blir styrkt. For å bidra til dette arbeidet fekk Uninett Sigma2 i 2020 tilskot frå Noregs forskingsråd på 10 mill. kroner over to år. Tilskotet blir foreslått vidareført. Sjå òg omtale i budsjettproposisjonen til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 541, post 50.

Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd spelar ei sentral rolle i det norske forskings- og innovasjonssystemet. Rådet har ei omfattande verksemd når det gjeld finansiering, rådgiving og møteplassfunksjon. Kunnskapsdepartementet har etatsstyringsansvaret for Forskingsrådet og ansvaret for at rådet når dei måla som er sette for heile verksemda. For nærare omtale av rådets verksemd og styringssystemet for Forskingsrådet, sjå programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, kap. 285 Noregs forskingsråd.

Noregs forskingsråd får løyvingar frå alle departementa. Tildelingane frå departementa omfattar både generelle faglege tildelingar, instituttildelingar og særskilde midlar til einskilte program eller aktivitetar. Tabellen nedanfor viser ei oversikt over løyvingforslag for dei største bidragsytarane i statsbudsjettet for 2022.

Tabell 5.1 Foreslåtte løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane

		(i 1000 kr)	
Kap. post	Departement	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
285.52–54	Kunnskapsdepartementet	4 399 757	4 333 029
285.55	Kunnskapsdepartementet	795 599	785 937
920.50/51	Nærings- og fiskeridepartementet	2 067 011	2 238 250
1830.50	Olje- og energidepartementet	730 670	787 500
1137.50/51	Landbruks- og matdepartementet	424 803	411 588
1410.51	Klima- og miljødepartementet	379 503	385 690
780.50	Helse- og omsorgsdepartementet	130 419	370 562
1301.50	Samferdselsdepartementet	133 455	160 500
601.50	Arbeids- og sosialdepartementet	117 829	176 175
500.50/ 541.50/ 553.74	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	282 260	218 852
Totalt		9 461 306	9 868 083

Ein del av auken på nokre departement skriv seg frå at den eittårige reduksjonen i løyvingane for 2021 på om lag 650 mill. kroner er tilbakeført i statsbudsjettet for 2022.

FoU-innsatsen i statsbudsjettet og utviklinga i FoU-innsatsen

Forskning og utvikling i statsbudsjettet for 2022

Hovudprioriteringane på forskingsområdet i statsbudsjettet for 2022 følger opp prioriteringane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.

Med bakgrunn i statsbudsjettanalysen for 2021 frå Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) viser eit førebels overslag frå Finansdepartementet at dei samla løyvingane til forskning og utvikling i budsjettforslaget til regjeringa for 2022 er på om lag 42,7 mrd. kroner. Det utgjer 1,07 pst. av overslaget for bruttonasjonalprodukt (BNP) i 2022. Dette er ein nominell auke på om lag 1,9 mrd. kroner frå Saldert budsjett 2021, som er ein realvekst på 2,1 pst. Dersom ein inkluderer Skattefunn-ordninga, blir den

offentlege FoU-innsatsen på om lag 46,4 mrd. kroner i 2022. Inkludert provenyeffekten av Skattefunn utgjer FoU-innsatsen 1,16 pst. av overslaget for BNP i 2022. Tabellen nedanfor viser løyvingane til FoU over statsbudsjettet fordelte på departement og kor stor del av totalbudsjettet i kvart departement som er foreslått løyvd til forskning. Overføringar til folketrygda, Statens pensjonsfond utland og brutto låne- og avdragstransaksjonar er haldne utanfor. Som omtalt under kap. 260, blir det frå 2022 innført ein ny pensjonsmodell i staten. Omlegginga skal vere om lag budsjettneutralt for verksemdene, ved at verksemdene dette gjeld får ein reduksjon eller ein auke i løyvingane i tråd med endra premie, og dette skal derfor ikkje påverke FoU-aktiviteten. Desse endringane er derfor ikkje teke med i anslaga. Omprioriteringane innanfor avsetningane til Forskringsrådet som er omtalte under kap. 285 er heller ikkje medrekna i FoU-anslaget, då dette ikkje er nye løyvingar. Tala er svært usikre, og endelege tal for FoU-løyvingane vil bli lagde fram sommaren 2022.

Tabell 5.2 Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet

Departement	(i mrd. kr)			
	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Nominell endring 2021–22	Reell endring 2021–22
Arbeids- og sosialdepartementet	0,33	0,38	0,05	0,04
Barne- og familiedepartementet	0,21	0,28	0,08	0,07
Finansdepartementet	0,17	0,18	0,01	0,00
Forsvarsdepartementet	1,20	1,23	0,03	0,00
Helse- og omsorgsdepartementet	5,36	5,60	0,25	0,12
Justis- og beredskapsdepartementet	0,14	0,10	–0,04	–0,05
Klima- og miljødepartementet	1,23	1,23	–0,01	–0,04
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	1,30	1,02	–0,28	–0,31
Kulturdepartementet	0,30	0,36	0,05	0,05
Kunnskapsdepartementet	22,05	23,16	1,11	0,56
Landbruks- og matdepartementet	0,89	0,91	0,03	0,01
Nærings- og fiskeridepartementet	4,93	5,07	0,14	0,02
Olje- og energidepartementet	0,90	0,95	0,04	0,02
Samferdselsdepartementet	0,36	0,39	0,03	0,02
Utanriksdepartementet	1,40	1,81	0,42	0,38
Totalt	40,77	42,68	1,91	0,90

Veksten i budsjettet til Kunnskapsdepartementet skriv seg i hovudsak frå auka løyvingar til EUs rammeprogram for forskning og innovasjon og satsingar innanfor langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.

Veksten i budsjettet til Utanriksdepartementet skriv seg frå at den eittårige reduksjonen i 2021 er ført tilbake.

Nedgangen i løyvingane til Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv seg i hovudsak frå lågare likviditetsbehov for Vikingtidsmuseet og Livsvitskapsbygget ved Universitetet i Oslo.

Utvikling i dei offentlege løyvingane til FoU i statsbudsjettet


Målet i langtidsplanen om å auke offentlege løyvingar til 1 pst. av BNP blei nådd i 2016 og har blitt vidareført sidan. I Granavolden-plattformen stadfestar regjeringa at ho vil auke den offentlege forskingsinnsatsen ut over 1 pst. av BNP i ein omstillingsfase og særleg prioritere mogleggjerande teknologiar og forskning som bidreg til auka verdiskaping. Tabellen syner utviklinga frå 2006 til 2022. Anslaga for 2022 er usikre.

Tabell 5.3 Overslag over løyvingane til FoU i statsbudsjettet i perioden 2006–22

År	Totalt, løpande prisar, mill. kroner	Vekst, mill. kroner	Prosentvis vekst, løpande prisar	Prosentvis vekst, faste prisar	Prosentdel av BNP	Prosentdel av BNP, inkl. Skattefunn
2007	18 091	1 717	10,5	2,5	0,77	0,81
2008	19 357	1 266	7,0	2,3	0,74	0,78
2009	21 204	1 847	9,5	4,6	0,87	0,92
2010	22 976	1 772	8,4	4,4	0,89	0,93
2011	23 551	575	2,5	-1,7	0,84	0,89
2012	24 489	938	4,0	0,2	0,83	0,87
2013	26 375	1 886	7,7	4,3	0,86	0,91
2014	28 311	1 936	7,3	4,7	0,90	0,97
2015	30 769	2 458	8,7	5,9	0,99	1,08
2016	32 979	2 210	7,2	4,9	1,06	1,18
2017	35 848	2 869	8,7	6,7	1,09	1,21
2018	36 612	764	2,1	-1,3	1,04	1,15
2019	38 026	1 414	3,9	0,3	1,07	1,19
2020	38 841	815	2,1	-0,4	1,14	1,24
2021	40 767	1 926	5,0	2,1	1,06	1,16
2022	42 677	1 910	4,7	2,1	1,07	1,16

Figur 5.3 samanliknar tal frå FoU-statistikken og tal frå NIFUs statsbudsjettanalyse. Sidan statsbudsjettanalysen tek utgangspunkt i formålet med løyvingane, kan han bli produsert tidlegare enn FoU-statistikken. FoU-løyvingane i 2021 har NIFU talfesta til 40,8 mrd. kroner. Det er 1,06 pst. av

prognosen for BNP for 2021. I tillegg kjem støtta til FoU gjennom Skattefunn-ordninga, berekna til 3,6 mrd. kroner i 2021. FoU-løyvingane i statsbudsjettet er viste i faste prisar i det grå feltet i figur 5.3. Den heiltrekte linja i figuren viser FoU-løyvingane i prosent av BNP.



Figur 5.3 Utvikling i FoU-løyvingar i statsbudsjettet og offentleg finansierte FoU-utgifter (1-prosentmålet)


Kjelde: NIFU/SSB (FoU-statistikk) og NIFU (statsbudsjettanalyse)

Dei samla FoU-investeringane i Noreg

Nivået på FoU-investeringar målte som prosentdel av BNP er ein indikator på graden av kunnskap-sintensitet i økonomien. Regjeringa har sett som mål i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning at den totale utførte FoU-innsatsen i Noreg skal utgjere 3 pst. av BNP innan 2030. I 2016 utgjorde dei totale FoU-utgiftene for første gong over 2 pst. av BNP.

Dei samla FoU-investeringane i Noreg har hatt tilnærma kontinuerleg vekst gjennom dei siste 50

åra. Som del av BNP har FoU-utgiftene lege relativt stabilt på rundt 1,5 pst. sidan 1990-åra. Det var ein god auke i prosentdelen i perioden 2014–17, men dei seinaste åra har den sterke veksten avteke noko. Dei samla FoU-utgiftene i Noreg i 2019 var på 76,8 mrd. kroner. Det inneber ein realvekst på 2 pst. frå 2018. Den gjennomsnittlege realveksten per år frå 2005 til 2017 er på 3 pst. i høve til fastlands-BNP var nivået på FoU-utgiftene i 2018 på 2,15 pst.



Figur 5.4 Utvikling i FoU-utgifter, BNP og FoU-intensitet (3-prosentmålet)

Kjelder: NIFU og SSB

FoU-statistikken er basert på oppgaver fra dei sektorane som faktisk utførte FoU i Noreg. Neste samla statistikkoppdatering kjem i oktober 2021.

6 Nøkkeltal for grunnopplæringa

Innleiing

Kapittelet gir informasjon om utviklinga i talet på elevar, lærlingar og lærarar og i ressursbruken i grunnopplæringa. Kapittelet inneheld òg statistikk på integreringsfeltet.

Kommunane og fylkeskommunane er ansvarlege for drifta av høvesvis grunnskulen og vidaregåande opplæring. Grunnskulen og den vidaregåande opplæringa blir i hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkes-

kommunane. Både i kommunane og i fylkeskommunane er opplæring ein stor og viktig sektor. Samla brutto driftsutgifter til grunnskuleopplæring var 87,7 mrd. kroner i 2020. Tilsvarande var samla brutto driftsutgifter til vidaregåande opplæring 38,2 mrd. kroner i 2020. Talet på elevar, lærlingar og lærarar er avgjerande for ressursbruken i skulen.

Ressursbruken i grunnopplæringa i Noreg har vore relativt stabil i dei siste åra når det gjeld både totale ressursar og ressursar per elev.

Elevar og lærlingar i grunnopplæringa

Tabell 6.1 Talet på elevar i ordinære grunnskular, frå skuleåret 2013–14 til skuleåret 2020–21

Skuleår	Barnetrinnet (1.–7. trinn)	Ungdomstrinnet (8.–10. trinn)	Totalt
2013–14	425 917	189 368	615 327
2014–15	430 864	188 132	618 996
2015–16	438 387	185 368	623 755
2016–17	444 638	184 637	629 275
2017–18	447 355	185 674	633 029
2018–19	448 655	187 695	636 350
2019–20	446 218	190 032	636 250
2020–21	443 967	191 530	635 497

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Tabell 6.1 viser at talet på elevar i grunnskulen auka kvart år fram mot skuleåret 2018–19, men at det har vore ein nedgang i elevtalet frå 2018–19 til 2020–21. 98,2 pst. av 16-åringane som avslutta grunnskulen våren 2020, var i vidaregåande opp-

læring same år. Av elevane som begynte på 1. trinn i vidaregåande opplæring hausten 2020, var det om lag like mange som begynte på eit yrkesfagleg program som på eit studieførebuande program.

Tabell 6.2 Fordeling på utdanningsprogram i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2013–14 til skuleåret 2020–21

Skuleår	Elevar på studieførebuande program	Elevar på yrkesfag	Lærlingar, elevar i fagopplæring i skule og lærekandidatar	I alt
2013–14	115 520	74 172	39 768	229 460
2014–15	117 129	72 344	40 982	230 455
2015–16	118 013	72 026	42 021	232 060
2016–17	121 409	69 644	42 777	233 830
2017–18	123 095	66 562	44 637	234 294
2018–19	121 390	67 092	46 316	234 798
2019–20	119 141	67 854	48 281	235 276
2020–21	119 244	68 970	48 012 ¹	236 226

¹ I 2020–21 er det i tillegg 725 Fagbrev på jobb
Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Det har vore ein jamn auke i talet på elevar, lærlingar og lærekandidatar totalt i vidaregåande opplæring. Det har vore ein auke i talet på elevar på yrkesfag dei siste åra.

Per 1. oktober 2020 var det registrert 44 961 lærlingar og 1759 lærekandidatar. Det er nokre hundre færre lærlingar enn på same tidspunkt i 2019, medan det er om lag hundre færre lærekandidatar. 2020 blei i stor grad prega av covid-19-pandemien, som innebar at mange bedrifter har hatt utfordringar med å halde drifta i gang. Dette har mellom anna ført til at lærlingar har blitt permitterte og eit mindre behov for lærlingar i periodar. Men det kan også vere andre årsaker til at søkarar ikkje får læreplass. I 2020 er det òg registrert 725 som har gjennomført det nye tilbodet med fagbrev på jobb. Hausten 2020 søkte totalt 28 776 elevar om læreplass. Det er om lag like mange som året før. Det er flest søkarar til læreplassar i helse- og oppvekstfag, bygg- og anleggsteknikk og teknologi- og industrifag.

Lærarårsverk

Årsverk til undervisningspersonale blir rekna ut på bakgrunn av registrerte timar per skuleår. I 2020–21 er det berekna talet på årsverk til under-

visning og andre oppgåver i grunnskulen 61 705, noko som er ein auke på i underkant av 300 årsverk frå året før.

Tabell 6.3 Berekna årsverk utførte av undervisningspersonale til undervisning og andre oppgåver i grunnskulen, frå skuleåret 2013–14 til skuleåret 2020–21

Skuleår	Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver, sum årsverk	Av dette andre oppgåver	Assistent-årsverk
2013–14	57 614	6 979	8 234
2014–15	57 331	6 518	8 167
2015–16	57 612	6 407	8 417
2016–17	58 421	6 480	8 868
2017–18	59 357	6 459	9 389
2018–19	60 372	6 430	9 849
2019–20	61 425	6 411	10 020
2020–21	61 705	6 240	10 658

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Tabell 6.4 Utvikling i talet på lærarårsverk i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2015–16 til skuleåret 2020–21

Skuleår	Lærarårsverk i vidaregåande opplæring, avtalte årsverk
2015–16	22 464
2016–17	22 347
2017–18	22 258
2018–19	22 289
2019–20	22 357
2020–21	22 361

Kjelde: Statistikkbanken (SSB)

Gruppestorleik

Indikatoren «berekna gjennomsnittleg gruppestorleik» kjem fram når ein ser på forholdet mellom elevtimar og lærartimar. Med elevtimar meiner ein det samla talet på ordinære timar til undervisning som elevane får kvart år. Lærartimar er summen av alle timane lærarane gir undervisning per år. Indikatoren gruppestorleik gir uttrykk for kor mange elevar ein lærar har i gjennomsnitt per undervisningstime. Gruppestorleik bør sjåast som ein indikasjon og ikkje som eit absolutt mål.

Gruppestorleik 1 omfattar timar til spesialundervisning og særskild norskopplæring for språklege minoritetar. Sidan desse timane blir inkluderte, kan det føre til at gruppestorleiken verkar lågare enn det nokre elevar og lærarar opplever i kvardagen.

Gruppestorleik 2 er ein annan måte å rekne ut gruppestorleik på. Her er timar til spesialundervisning og til særskild norskopplæring for språklege minoritetar tekne ut av både lærartimar og elevtimar i berekninga. Denne indikatoren er ikkje i same grad som gruppestorleik 1 eigna til å måle endringar i ressursinnsats over tid, fordi endringar knytte til spesialundervisning og særskild norskopplæring vil kunne påverke indikatoren. Gruppestorleik 2 gir eit bilde av ressursinnsatsen for dei elevane som ikkje får særskilde individretta styrkingstiltak.

Tabell 6.5 Gjennomsnittleg gruppestorleik på 1.–10. trinn, frå skuleåret 2013–14 til skuleåret 2020–21


Skuleår	Gruppestorleik 1 (1.–10. trinn)	Gruppestorleik 2 (1.–10. trinn)
2013–14	13,5	16,8
2014–15	13,5	16,8
2015–16	13,5	16,8
2016–17	13,5	16,8
2017–18	13,3	16,6
2018–19	13,1	16,3
2019–20	12,9	15,8
2020–21	12,8	15,7

Offentlege og private grunnskular unnateke spesialskular og utanlandsskular

Kilde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Hausten 2018 blei det innført ei norm for lærartettleik på skulenivå for 1.–10. trinn. Skuleåret 2018–19 skulle gruppestorleik 2 maksimalt vere 16 på 1.–4. trinn og 21 på 5.–7. og 8.–10. trinn. Frå hausten 2019 blei norma skjerpa, og gruppestorleik 2 skal no maksimalt vere 15 på 1.–4. trinn og 20 på 5.–7. og 8.–10. trinn. Hausten 2020 oppfylte 83 pst. av skulane norma på 1.–4. trinn, noko som er ein liten auke sidan 2019. 93 pst. av skulane oppfylte norma på 5.–7. trinn, og 88 pst. av skulane oppfylte norma på 8.–10. trinn. Sjå nærare omtale av lærarnorma i programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Figur 6.1 viser utviklinga i gruppestorleik 2 og at det har blitt færre elevar per lærar etter innføringa av norma for lærartettleik. I skuleåret 2020–21 gjekk gruppestorleiken litt ned på 1.–4. trinn og 8.–10. trinn samanlikna med året før. Gruppestorleiken var 13,8 på 1.–4. trinn, 16,5 på 5.–7. trinn og 17,6 på 8.–10. trinn. Det vil seie at lærarnorma i gjennomsnitt var oppfylt på alle hovudtrinn skuleåret 2020–21.



Figur 6.1 Gjennomsnittleg gruppestorleik 2 på hovudtrinna i grunnskulen, frå skuleåret 2006–07 til skuleåret 2020–21

Offentlege og private grunnskular unnateke spesialsksular og utanlandssksular.

Kilde: GSI (Utdanningsdirektoratet)


For vidaregåande opplæring er det vanskeleg å lage eit godt mål på forholdstalet mellom lærarar og elevar. Det finst ikkje godt nok talgrunnlag for å skilje mellom lærarar og elevar på ulike studieretningar, og dette er ein faktor som har stor innverknad på gruppestorleiken i vidaregåande opplæring.

Skulestruktur

I skuleåret 2020–21 var det 2 776 grunnskular i Noreg. Dette er ein nedgang på 23 skular frå sku-

leåret 2019–20. Av dei 2 776 skulane var 267 godkjende private grunnskular. 4,4 pst. av elevane i grunnskulen gjekk på ein privat grunnskule i skuleåret 2020–21.

Når det gjeld storleiken på grunnskulane i Noreg, varierer denne frå nokre få elevar til over 1000 elevar på dei største skulane. Figuren nedanfor illustrerer fordelinga av små, mellomstore og store skular. Det har over tid vore ei utvikling i retning av fleire store skular og færre små skular.



Figur 6.2 Prosentdel grunnskular fordelte etter talet på elevar

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

6 pst. av elevane i grunnskulen gjekk på skular med færre enn 100 elevar, 34 pst. gjekk på skular som har mellom 100 og 299 elevar, og 60 pst. gjekk på skular med 300 eller fleire elevar i 2020. Sidan skuleåret 2002–03 har meir enn 50 pst. av elevane gått på store skular (fleire enn 300 elevar).

Tidlegare kartleggingar av skulenedleggingar har vist at den viktigaste årsaka til at skular blei lagde ned, var lågt elevtal. Andre viktige faktorar var kommuneøkonomi og problem med å rekruttere kvalifiserte lærarar. I dei fleste tilfella der kommuneøkonomi blei oppgitt som årsak, var dette i kombinasjon med få elevar.

Hausten 2020 var det 415 vidaregåande skular i landet. Av desse var 97 private. Det er ein liten auke frå året før. Den totale auken er på to skular, som er den same som auken i private skular.

Skuleresultat

Nasjonale prøvar hausten 2020

Nasjonale prøvar skal måle ferdigheitene til elevane i lesing og rekning og i delar av engelskfaget. Resultatet skal gi skuleeigaren og skulen eit grunnlag for kvalitetsutvikling i opplæringa. Elevar på 5., 8. og 9. trinn deltek på nasjonale prøvar. Nasjonale prøvar er inndelte i tre nivå på 5. trinn og fem nivå på 8. og 9. trinn.

Det er i snitt ingen store endringar i elevprestatjonane på 5. trinn, verken frå 2019 eller frå då

målinga over tid starta i 2014 og 2016. Gutane presterer noko svakare på alle prøvane samanlikna med 2019, og jentene presterer noko betre i engelsk og lesing enn i 2019.

Skilnaden på gutar og jenter er størst i rekning på 5. trinn. Framleis er det fleire gutar som presterer på høgaste meistringsnivå i rekning, og fleire jenter på det lågaste meistringsnivået. I lesing presterer jenter noko betre, medan det i engelsk skil lite mellom gutar og jenter. Prosentdelen jenter på høgaste meistringsnivå i engelsk har stige jamt sidan 2016.

På 8. trinn er det nokre endringar sidan 2019. Det er framleis fleire gutar enn jenter som presterer på dei høgaste meistringsnivåa i rekning, men skilnaden har gått noko ned. I lesing er det fleire jenter på dei høgaste meistringsnivåa, men prosentdelen jenter på desse nivåa har minka noko samanlikna med 2019. I engelsk er skilnaden på gutane og jentene små. Også på ungdomstrinnet presterer gutane noko svakare i alle prøvar samanlikna med 2019, medan jentene presterer noko svakare i lesing og noko betre i engelsk i forhold til 2019.

Samanlikna med andre fylke har Oslo, på både barne- og ungdomstrinnet, ein større prosentdel elevar på dei høgaste meistringsnivåa og lågare del på dei lågaste nivåa. Det er ingen vesentlege endringar i prestasjonane til elevane på fylkesnivået eller for dei ti største kommunane.

Skulebidragsindikatorane

Kvar elev har med seg mange føresetnader som påverkar skuleresultata. Skulebidragsindikatorane set seg som mål å seie kor mykje skulen bidreg med i resultatata til elevane.

I desember 2020 publiserte Utdanningsdirektoratet skulebidragsindikatorar for vidaregåande skule for 2019–20. På vidaregåande kontrollerer skulebidragsindikatorane for karaktergjennomsnitt frå trinnet under, utdanningsprogram, trinn og kjønn. Resultata viser at det er forskjellar mellom skulane når det gjeld kor mykje dei bidreg med, særleg når det gjeld å få elevane til å bestå. Normalt blir det berekna tre ulike indikatorar: karakterpoeng, årsbestått og deltaking. På grunn av avlyste eksamenar våren 2020 var det ikkje grunnlag for å berekne indikatoren for karakterpoeng i 2020. Analysen viser at det er større forskjellar mellom fylka når det gjeld å få elevane til å bestå vidaregåande, enn for å få elevane til å delta (halde på elevane slik at dei ikkje sluttar). Eit anna funn er at det er større forskjellar mellom fylka på yrkesfag enn på studieførebuande program.

Indikatorane for grunnskulen for dei samanslåtte årgangane 2019 og 2020 blei publiserte i slutten av mars 2021. På grunn av covid-19-pandemien blei eksamen i grunnskulen avlyst våren 2020. Det blei derfor ikkje utarbeidd skulebidragsindikatorar for ungdomstrinnet. I grunnskulen er det noko variasjon i skulebidraget på kommune- og skulenivået, men dei fleste har likevel skulebidrag som ikkje er signifikant forskjellige frå landsgjennomsnittet. Både på 1.–4. trinn og på 5.–7. trinn presterer elevane på seks av ti skular ikkje forskjellig frå landsgjennomsnittet, medan to av ti skular har elevar som presterer betre. For 1.–4. trinn har tre av ti kommunar eit bidrag som ligg under landsgjennomsnittet, medan berre éin av ti ligg over snittet. Dette heng saman med at Oslo og andre store kommunar ligger over snittet og dermed påverkar landssnittet i høgare grad. På 5.–7. trinn har to av ti kommunar eit bidrag over snittet, medan også to av ti har eit bidrag under snittet.

Skulebidragsindikatorane er eit viktig supplement til eksisterande informasjon om kvalitetsforskjellar mellom fylke, kommunar og skular. Dei gir ein indikasjon på kor mykje den einskilde skulen bidreg med, men dei gir ikkje nødvendigvis heile bildet.

Karakterar i grunnskulen våren 2021


På grunn av covid-19-pandemien blei det, som i 2020, ikkje gjennomført eksamen i grunnskulen i

2021. Grunnskulepoenga er derfor berre berekna på bakgrunn av standpunktarakterar. Elevane som gjekk ut av grunnskulen våren 2021, har i snitt 43,3 grunnskulepoeng. Det har vore ein liten auke samanlikna med 2020. Samanlikna med 2019, som var siste året eksamen blei gjennomført som normalt, er gjennomsnittet 1,3 poeng høgare. Elevane får normalt svakare karakterar til eksamen enn standpunkt, så delar av auken kjem truleg av at eksamen ikkje blei gjennomført. Samtidig er standpunktarakterane i dei fleste av fellesfaga høgare enn tidlegare år. Jentene får i snitt høgare standpunktarakterar enn gutane i dei fleste faga. Forskjellen er størst i kunst og handverk, der jentene i snitt får 0,7 karakterpoeng meir enn gutane. I matematikk skil berre 0,2 karakterpoeng mellom gutar og jenter, medan gutane får 0,1 karakterpoeng meir i kroppsøving. Forskjellane mellom gutar og jenter har auka svakt sidan 2019.

Både prosentdelen elevar utan grunnskulepoeng og prosentdelen utan vurdering til standpunkt i ulike fag har auka noko samanlikna med tidlegare år. Skuleåret 2020–21 var det om lag 6 pst. av elevane som mangla karakter i meir enn halvparten av faga, og som derfor ikkje får utrekna grunnskulepoeng. Årsakene til at elevar ikkje får karakterar, er samansette. Det kan til dømes vere elevar som har spesielle utfordringar, individuell opplæringsplan og derfor rett til fritak frå vurdering, manglar vurderingsgrunnlag på grunn av sjukdom eller anna fråvær, nyleg har kome til landet eller ikkje har delteke i ordinær undervisning i alle fag.

Bruk av ufaglært undervisningspersonale

Kompetansekrava for tilsetjing i grunnskulen tilseier at ein må ha lærarutdanning eller anna godkjend utdanning for å bli fast tilsett. Tal frå Utdanningsdirektoratet viser at 3,6 pst. av årsverka til undervisning ikkje oppfylte kompetansekrava for tilsetjing i 2020–21. Desse kan vere mellombels tilsette eller tilsette under føresetnad av at utdanning den tilsette har begynt på, blir fullført. Figur 6.3 viser utviklinga i prosentdelen av berekna årsverk til undervisning i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing. Talet auka frå 2014–15 til 2018–19. Noko av auken kan kome av meir vikarbruk som følge av den statlege satsinga på vidareutdanning av lærarar. Frå skuleåret 2018–19 til skuleåret 2020–21 har det vore ein nedgang på over eit prosentpoeng.




Figur 6.3 Prosentdelen av årsverk i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

I 2020 hadde 4,7 pst. av lærarane i vidaregåande opplæring ei vidaregåande utdanning eller lågare, medan 5,1 pst. hadde universitets-/høgskuleutdanning på lågare nivå, men utan pedagogisk

utdanning. 4,5 pst. hadde universitets-/høgskuleutdanning på høgare nivå, utan pedagogisk utdanning.



Figur 6.4 Prosentdelen av lærarar i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for undervisning som gjeld frå 2025

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

I 2025 skal alle lærarar som underviser i norsk, matematikk og engelsk på 1.-7. trinn, ha minst 30 studiepoeng i faget. På 8.-10. trinn skal alle læra-


rar som underviser i norsk, matematikk og engelsk, ha minst 60 studiepoeng i undervisningsfaget i 2025. I skuleåret 2020-21 er det framleis

mange lærarar som ikkje oppfyller dette kompetansekravet, særleg i 1.–7. trinn engelsk. I alle dei tre faga har det likevel vore ein nedgang frå førre skuleår i prosentdelen av lærarar som ikkje oppfyller krava. Gjennom dei siste åra har det vore ei positiv utvikling i grunnskulen når det gjeld lærarar som oppfyller kompetansekrava i alle fag.

Tilsette med innvandrabakgrunn

Prosentdelen tilsette med innvandrabakgrunn er litt høgare for fylkeskommunale vidaregåande skular enn for dei kommunale grunnskulane.

Norskfødde med innvandrarforeldre utgjer ein svært liten del. Prosentdelen med innvandrabakgrunn blant det manlege undervisningspersonalet i kommunale grunnskular er litt høgare enn blant dei kvinnelege. I fylkeskommunale vidaregåande skular er det omvendt, og prosentdelen med innvandrabakgrunn blant det kvinnelege undervisningspersonalet er høgare enn blant det manlege. Det har vore ein svak auke i prosentdelen tilsette med innvandrabakgrunn i dei siste tre åra, både i kommunale grunnskular og i fylkeskommunale vidaregåande skular.




Figur 6.5 Prosentdelen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre blant undervisningspersonalet¹ i grunnskular og i vidaregåande skular, 2018–20

¹ Tala inkluderer både hovud- og biarbeidsforhold.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Av 21 600 studentar som utdanna seg til å bli lærar i skulen i 2020, hadde 9 pst. innvandrabakgrunn. Prosentdelen med innvandrabakgrunn som går

på slike utdanningar, har auka litt dei siste tre åra. Dette gjeld i hovudsak norskfødde med innvandrarforeldre.



Figur 6.6 Prosentdelen innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre blant studentar under utdanning for å bli lærar¹, 2018–20

¹ Grunnskulelærarutdanning inkludert masterutdanning for grunnskulelærarak, fag- og yrkesfaglærarutdanning, integrert masterutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Framtidig behov for lærarak


Framskrivingar som er gjorde av SSB gjennom modellen Lærarmod, viser forventa behov for lærarak i perioden 2020–40. Modellen har tidlegare tydd på ein arbeidsmarknad for lærarak med store ubalansar i framtida. I den nyaste framskrivinga frå SSB er denne trenden noko endra.

SSB har ein framskrivingmodell som fram til 2025 viser eit underskot av grunnskulelærarak i arbeidsmarknaden. Deretter snur dette til eit overskot fram mot 2040. Dette kjem i hovudsak av ein nedgang i befolkningsframskrivingane for barn i aldersgruppa 6–15 år. På same tid har det dei siste åra også blitt fleire grunnskulelærarakstudentar og fleire studentar som fullfører utdanninga samanlikna med førre framskriving. Dersom framskrivinga viser seg å stemme, gir det gode føresetnader for å sørge for at alle som job-

bar som lærarak i skulen, er kvalifiserte og har rett kompetanse.

Framskrivingmodellen viser også eit stort overskot av dei andre lærartypane i heile framskrivingperioden. Dette gjeld barnehagelærarak, lektorar og faglærarak, lærarak med praktisk-pedagogisk utdanning innanfor allmennfag (PPU) og lærarak med praktisk-pedagogisk utdanning innanfor yrkesfag (PPU-Y).

Etter dagens regelverk kan faglærarak og lærarak med PPU berre arbeide i grunnskulen frå og med 5. trinn. For grunnskulen over 5. trinn kan dermed underskotet av grunnskulelærarak sannsynlegvis dekkast inn av overskotet av faglærarak og PPU-lærarak. Framskrivingane er ikkje ein fasit på kva som vil skje i framtida, men viser korleis framtida bli dersom dagens trendar blir uendra. Det er derfor uvisse knytt til modellen.



Figur 6.7 SSBs overslag over tilbud og etterspurnad etter lærarar i framtida

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (Lærermø 2019–2040, notat 2021/11)

Kommunal ressursbruk

Korrigerte brutto driftsutgifter viser dei utgiftene kommunane har til undervisning, inkludert drift av skulelokale og skyss. Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i grunnskulen var 125 392 kroner i 2020. Dette er ein nominell nedgang på 1,1 pst. frå 2019. Den kommunale pris- og lønnsauken (deflatoren) var i 2020 1 pst. Det vil seie at det i snitt har vore ein realreduksjon i utgifter per elev i grunnskulen. I vidaregåande opplæring var korrigerte brutto driftsutgifter per elev på studieførebuande program 138 669 kroner og på yrkesfaglege program 168 509 kroner. Dette er ein nedgang frå året før.

I kommunesektoren var brutto driftsutgifter til grunnskule 17,9 pst. av totale brutto driftsutgifter i 2020. Delen av utgifter til grunnskule har gått noko ned dei siste ti åra. Lønnsutgiftene er den klart største driftskostnaden både i grunnskulen og i vidaregåande opplæring. Det er store kommunale forskjellar i ressursbruk i skulen. I kommunar med spreidd busetnad er det fleire mindre skular for at reiseavstanden til elevane skal vere akseptabel. Mykje av variasjonen mellom kommunane når det gjeld kor mykje pengar dei bruker på skule, kan forklarast med ulik kostnadsstruktur. Frie inntekter i form av eigedomsskatt og

kraftinntekter har òg ein tydeleg effekt på utgiftsnivået. Kommunar med høge inntekter bruker meir pengar på skule. Den resterande variasjonen mellom kommunar kan mellom anna kome av variasjonar i elevsamansetjinga. Spesielt for små kommunar kan elevar med behov for ekstrainsats vere utslagsgivande. Ulikskapar kan òg kome av ulik politisk prioritering mellom kommunar.


Noreg bruker mykje ressursar på utdanning samanlikna med andre land, viser tal frå OECD (*Education at a Glance 2020: OECD Indicators*). Dersom ein ser på utgiftene per elev, har Noreg blant dei høgaste utgiftene til grunnskulen og vidaregåande opplæring blant OECD-landa. Det er særleg det høge talet på lærarar per elev som forklarar den høge ressursbruken i Noreg.

Spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet, har krav på spesialundervisning. Prosentdelen elevar med spesialundervisning i grunnskular og spesialskular har dei siste 10 åra stabilisert seg på om lag 8 pst. I skuleåret 2020–21 låg delen som fekk spesialundervisning, på 7,7 pst. av alle elevar i grunnskulen, det same som året før. 68 pst. av alle elevar som får spesialundervisning, er gutar.

I løpet av barnetrinnet og utover på ungdomstrinnet aukar delen av elevar med spesialundervisning, som figuren under viser. I skuleåret 2020–21 hadde 3,5 pst. av elevane på 1. trinn einskildved-

tak om spesialundervisning. På 10. trinn var delen av elevar med spesialundervisning 10,4 pst. 46 940 elevar fekk vedtak om spesialundervisning med undervisningspersonale.



Figur 6.8 Prosentdel av elevar med einskildvedtak av totalt tal på elevar, fordelte på årstrinn. Skuleåret 2020–21

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)


Elevar med innvandrarbakgrunn

Særskild norskopplæring

I opplæringslova § 2-8 (for grunnskulen) og § 3-12 (for vidaregåande opplæring) heiter det at elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk, har rett på særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg ferdigheit i norsk til å følge den vanlege opplæringa i skulen. I skuleåret 2020–21 fekk 39 808 elevar i grunnskulen særskild norskopplæring, noko som er 1 195 færre enn året før. Dette

utgjør 6,3 pst. av elevane. 4 709 elevar på 1. trinn fekk særskild norskopplæring i 2020, noko som utgjør 7,8 pst. av alle førsteklasingane. Om nødvendig har elevane òg rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. I skuleåret 2020–21 var det 1 827 elevar som berre fekk morsmålsopplæring, 6 796 elevar som berre fekk tospråkleg fagopplæring, og 907 elevar som fekk begge delar. Somalisk, arabisk og polsk var dei vanlegaste språka.

Resultat i grunnskulen



Figur 6.9 Grunnskulepoeng etter innvandringskategori og kjønn, 2018–20

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Det er små forskjellar mellom grunnskulepoenga til norskfødde med innvandrarforeldre og andre elevar. Berre 2 poeng skilde desse i 2020. Avstanden mellom innvandrarar (dei som sjølv har innvandra) og andre elevar er noko større. 5,1 poeng skilde desse i 2020. Det er vanskeleg å vurdere resultatane til innvandraralevar. Mange av dei kan ikkje vurderast ut frå ordinære læreplanar, fordi dei treng tid til å tileigne seg eit nytt språk. 15 pst. av innvandraralevane har ikkje fått berekna grunnskulepoeng i 2020.

Det er særleg dei med 0–2 års butid, 40 pst., som ikkje har fått berekna grunnskulepoeng. Til samanlikning har 16 pst. av dei med 3–4 års butid og 7 pst. av dei med 5–6 års butid ikkje fått berekna grunnskulepoeng.

Butida har stor innverknad på kor mange grunnskulepoeng innvandrarar har ved utgangen av 10. trinn. Det er først blant dei med meir enn 7–8 års butid at talet på grunnskulepoeng nærmar seg talet på grunnskulepoeng for norskfødde med innvandrarforeldre.

Jenter får i gjennomsnitt 4,4 grunnskulepoeng meir enn gutane. Norskfødde jenter med innvandrarforeldre får fleire grunnskulepoeng enn gutar som ikkje har innvandrarbakgrunn.


Det er ein større del av innvandrarane som er fritekne frå nasjonale prøvar, enn norskfødde med

innvandrarforeldre og andre elevar. På 8. trinn er 12 pst. av innvandrarane fritekne frå nasjonale prøvar i lesing. I engelsk og rekning er 10 pst. fritekne. Det er små forskjellar mellom norskfødde med innvandrarforeldre og andre elevar i delen som er fritekne. 3 pst. av både norskfødde med innvandrarforeldre og andre elevar er fritekne i kvart enkelt av faga engelsk, lesing og rekning.

Prosentdelen elevar på dei to lågaste meistringsnivåa er høgare blant innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre enn blant andre elevar. Det er størst forskjellar i lesing og minst forskjellar i engelsk. Tala må tolkast i lys av at delen som er fritekne, er høgare for innvandrarar enn for norskfødde med innvandrarforeldre og andre.

I lesing gjer jentene det betre enn gutane. I rekning gjer gutane det betre enn jentene. Desse forskjellane gjer seg gjeldande både mellom gutar og jenter med innvandrarbakgrunn og mellom andre gutar og jenter. Det er små forskjellar mellom gutar og jenter i engelsk.

Butida har mykje å seie for meistringsnivået til elevane. Dei som har budd i Noreg i 7–8 år, nærmar seg nivået til dei norskfødde med innvandrarforeldre i lesing.



Figur 6.10 Prosentdelen elevar på dei to lågaste meistringsnivåa (1 og 2) i nasjonale prøvar i faga engelsk, lesing og rekning på 8. trinn, etter innvandringskategori, 2020


Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Gjennomføring av vidaregåande opplæring

Dei norskfødde jentene med innvandrarforeldre fullfører og består vidaregåande opplæring i løpet av 5–6 år i same grad som dei andre jentene.

63 pst. av innvandrarane som begynte i vidaregåande opplæring i skuleåret 2014–15 (2014-kul-


let), fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av 5–6 år. Prosentdelen har auka i dei siste åra, men er framleis betydeleg lågare enn delen norskfødde med innvandrarforeldre og andre. Kor lenge ein har budd i Noreg, har mykje å seie for fullføringsprosenten.



Figur 6.11 Prosentdelen som starta i vidaregåande opplæring i skuleåret 2012–13 (2012-kullet) til 2014–15 (2014-kullet), og som fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem (studieførebuande) / seks (yrkesfag) år, etter innvandringskategori og kjønn

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Læreplassar og kontraktar




Figur 6.12 Prosentdelen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre med læreplass som første ønske som har fått godkjent lærekontrakt eller plass som lærekandidat, 2018–20

Det har vore endringar i statistikken i 2019, noko som inneber at tal frå og med 2019 ikkje er heilt samanliknbare med tal for tidlegare år.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Av 19 700 søkarar (med ungdomsrett) med læreplass som førsteønske i skuleåret 2020–21, hadde 15 300 fått ein godkjend lærekontrakt per 31.

desember 2020. I tillegg var det litt under 800 lærekandidatar.



Figur 6.13 Prosentdelen i alderen 16–25 år som verken er i utdanning eller arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring, etter innvandringskategori og kjønn, 2018–20

Dei med ukjend utdanning er ikkje talde med

Kilde: Statistisk sentralbyrå

I 2020 er 14 pst. av innvandrere i alderen 16–25 år verken i utdanning eller arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring. Til samanlikning gjeld dette 7 pst. av norskfødde med innvandrarforeldre og 5 pst. av andre i same aldersgruppe.

Vaksne i grunnopplæringa

Vaksne som treng grunnskuleopplæring, har rett til slik opplæring dersom dei sjølve ønsker det, jf. opplæringslova § 4A-1. Talet på vaksne som får opplæring på grunnskulenivå, aukar. I skuleåret 2020–21 var det 20 727 vaksne som fekk grunnskuleopplæring. Det er ein stor auke i høve til året før, med om lag 6 800 fleire deltakarar. Av dei som fekk slik opplæring, var det 15 031 som fekk ordinær grunnskuleopplæring. 5 291 fekk opplæringa som spesialundervisning. Dette er også langt fleire enn i 2019–20.

Vaksne som ikkje har gjort bruk av retten til vidaregåande opplæring som ungdom, får rett til vidaregåande opplæring som vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Opplæringa skal vere tilpassa behova og livssituasjonen til den einkilde. Vaksne som ønsker å gjennomføre vidaregåande opplæring, kan søke om ordinært inntak og konkurrere om plassane med søkerane med ungdomsrett, eller dei kan søke om individuelt opptak basert på realkompetanse. Med dette alternativet blir undervisninga ofte komprimert og/eller avkorta. Vaksne kan òg søke vidaregåande opplæring gjennom private tilbydarar av opplæring, til dømes studieforbund, men det meste av opplæ-

ringa skjer i dei vidaregåande skulane. Dei fleste vaksne får opplæring gjennom vaksneopplæringstilbod og er ikkje ein del av den generelle søkar- og elevstatistikken for vidaregåande opplæring.

Samla deltok 35 835 vaksne (25 år og eldre) i vidaregåande opplæring i 2020. Dette er nesten 3 500 fleire enn året før.

Skulefritidsordninga

Kommunar må ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.–4. trinn og for barn med særskilde behov på 5.–7. trinn. I skuleåret 2020–21 gjekk 147 749 barn i skulefritidsordninga (SFO). 1 894 av desse var elevar på 5.–7. trinn. Delen barn på 1.–4. trinn som gjekk i SFO, var på 59 pst., ein auke frå 55 pst. i 2002. Tabell 6.6 viser at deltaking i SFO varierer mykje mellom dei ulike klassetrinna og er høgast blant dei yngste barna.

Kommunen kan krevje kostnadene til SFO dekte gjennom foreldrebetaling. Dette bidreg til at det er stor variasjon i foreldrebetaling i SFO mellom kommunar. Hausten 2020 vart det innført ei nasjonal ordning med redusert foreldrebetaling i SFO for barn frå låginntektsfamiliar på 1.–2. trinn og gratis SFO for barn med behov for særskild tilrettelegging på 5.–7. trinn. Hausten 2021 blir den nasjonale ordninga med redusert foreldrebetaling i SFO utvida til å gjelde 3.–4. trinn òg. Kommunar kan i tillegg velje å tilby ytterlegare inntektsgraderte satsar, friplassar og søskenmoderasjon i SFO.

Tabell 6.6 Deltaking og foreldrebetaling i skulefritidsordninga (SFO)

Skuleår	2014–15	2015–16	2016–17	2017–18	2018–19	2019–20	2020–21
Tal på barn i SFO	158 139	159 633	160 994	160 571	158 318	156 597	147 749
Prosentdel av barna i SFO med fulltidsplass (20 timar)	57	57	56	57	56	57	58
Dekningsgrad 1.–4. trinn (pst.)	63	62	62	62	61	62	59
Dekningsgrad 1. trinn (pst.)	80	80	81	82	82	82	82
Dekningsgrad 2. trinn (pst.)	75	75	74	76	76	76	73
Dekningsgrad 3. trinn (pst.)	61	60	59	58	59	59	54
Dekningsgrad 4. trinn (pst.)	34	33	32	31	30	31	28
Gjennomsnittleg månadleg foreldrebetaling for ein elev med fulltidsplass (20 veketimar) i SFO (i kroner)	2 256	2 335	2 408	2 420	2 470	2 501	2 678
Prosentdel av SFO-ar som tilbyr søskenmoderasjon	65	66	65	66	67	68	69

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Leksehjelp

Alle elevar i grunnskulen har rett til åtte veke-timar med gratis leksehjelp etter skuletid. Kommunane har ansvaret for tilbodet, og det kan organiserast slik det er mest formålstenleg ut frå lokale tilhøve. Tilbodet skal vere gratis, omfatte

alle og vere frivillig for kvar einskild elev. I skuleåret 2020–21 deltok 100 619 barn på 1.–10. trinn på leksehjelp. Dette utgjer om lag 16 pst. av elevane, noko som er ein reduksjon frå året før. Det er rimeleg å tru at reduksjonen kjem av covid-19-pandemien.

7 Nøkkeltal for barnehagesektoren

Innleiing

Kapittelet gir informasjon om utviklinga i talet på barn og tilsette og om ressursbruken i barnehagesektoren. Kapittelet inneheld òg statistikk på integreringsfeltet.

Barnehagane blir i all hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og foreldrebetalinga. Barnehagesektoren er eit av dei største tenesteområda i kommunane. Samla

brutto driftsutgifter til barnehagar i 2020 var 54,9 mrd. kroner og utgjorde 11 pst. av driftsutgiftene i kommunane. Talgrunnlaget i kapittelet er henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB), rapportering frå barnehagane (BASIL), KOSTRA (KOMmune-STat-RApportering), Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) og ulike undersøkingar som er gjennomførte på oppdrag frå departementet.

Barn i barnehage

Tabell 7.1 Barn i barnehage, dekningsgrad og gjennomsnittleg opphaldstid, 2015–20

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Barn i barnehage	283 608	282 649	281 622	278 578	275 804	272 264
Dekningsgrad 1–5 år (pst.)	90,4	91,1	91,3	91,8	92,2	92,8
Dekningsgrad 0 år (pst.)	3,7	4,0	3,9	4,0	4,2	4,3
Dekningsgrad 1 år (pst.)	69,7	71,7	72,1	73,2	74,8	76,6
Dekningsgrad 2 år (pst.)	91,6	92,3	92,9	93,2	93,6	94,1
Dekningsgrad 3 år (pst.)	95,7	95,9	96,1	96,4	96,5	96,7
Dekningsgrad 4 år (pst.)	96,9	97,2	97,3	97,3	97,1	97,6
Dekningsgrad 5 år (pst.)	97,3	97,5	97,6	97,6	97,5	97,7
Gjennomsnittleg avtala opphaldstimar per veke	44,3	44,3	44,4	44,5	44,6	44,6
Prosentdel av barn med heiltidsplass	94,3	94,9	95,5	96,1	96,6	96,9

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå, Kunnskapsdepartementet

Ved utgangen av 2020 gjekk 272 264 barn i ordinær barnehage eller familiebarnehage. Dette er ein nedgang i talet på barn i barnehage frå 2019 og kjem av ein nedgang i talet på barn i alderen 1–5 år i befolkninga. I tillegg hadde 110 opne barnehagar kapasitet til å ta imot om lag 3 110 barn i 2020. Barn under 3 år utgjorde 36 pst. av alle barn i barnehage.

I 2020 hadde 96,9 pst. av barna heiltidsplass i barnehagen, mot 69,6 pst. i 2005, det vil seie avtala opphaldstid på 41 timar i veka eller meir. Gjennomsnittleg avtala opphaldstid for barn i barnehage har i same periode auka frå 39 til 44,6 timar per veke. Dekningsgraden i 2020 for barn i alderen 1–5 år var 92,8 pst., mot 76,2 pst. i 2005. Dekningsgraden har vore stabil for dei eldre barna dei siste åra og auka for dei yngste barna.

Tabell 7.2 Barn i barnehage etter eigarforhold, offentlig og privat, 2006–20

	2006	2010	2014	2019	2020
Offentlege	127 252	147 180	147 726	138 822	136 987
– kommunale	122 783	146 051	147 493	138 122	136 280
– fylkeskommunale/stat- lege	4 469	1 129	233	700	707
Private	107 696	129 959	138 688	136 982	135 277
– kyrkjelyd/trussamfunn	8 267	7 723	7 579	6 724	6 407
– foreldreeigde	35 749	33 083	30 930	29 857	29 756
– kvinne- og familieför- bund / sanitetsforeining	1 388	1 151	714	695	798
– bedrift	18 309	30 724	43 070	3 011	2 754
– pedagogisk/ideologisk org.	4 324	8 048	7 826	4 368	4 461
– einskildpersonar	20 103	18 183	15 120	8 643	8 007
– konsern/aksjeselskap	–	–	–	71 815	71 581
– stiftelse	–	–	–	9 167	8 928
– studentsamskipnad	–	–	2 221	2 702	2 585
– andre	19 556	31 047	31 228	–	–
I alt	234 948	277 139	286 414	275 804	272 264

Barn som går i opne barnehagar, er ikkje med i tabellen, medan barn i familiebarnehagar er inkluderte i tabellen. I 2020 gjekk 34 barn i offentlege familiebarnehagar, og 3 155 barn gjekk i private familiebarnehagar. Rapporteringa blei noko endra for private barnehagar i løpet av perioden. Det er ein del av forklaringa på den store nedgangen i talet på bedriftsbarnehagar frå 2014 til 2018 og auken i talet på barnehagar der eigaren er konsern/aksjeselskap og stiftelse i 2018. Kategorien «kvinne- og familieförbund / sanitetsforeining» heitte før 2016 «husmorlag/sanitetsforeining».

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Talet på barn i barnehagar har gått ned sidan 2014. Hovudtyngda av reduksjonen i barnehageplassar har vore i offentlege barnehagar. I 2020 var det ein nedgang på 1 835 barn med plassar i offentlege barnehagar frå året før, og ein nedgang på 1 705 plassar i private barnehagar. I 2020 hadde om lag halvparten av barna plass i ein offentlig barnehage og halvparten i ein privat barnehage.

Ved utgangen av 2020 var det 5 620 barnehagar i Noreg, inkludert familiebarnehagar og opne barnehagar. Av desse var 2 644 kommunale, 12 fylkeskommunale eller statlege og 2 964 private barnehagar. Frå 2008 har det vore ein stabil nedgang i talet på barnehagar, og frå 2019 til 2020 har det vore ein reduksjon på 65 private og 45 kommunale barnehagar.


Tabell 7.3 Prosentdel barn i barnehage blant minoritetsspråklege barn og andre barn, 2018–20

	2018		2019		2020	
	Minoritets- språklege	Andre	Minoritets- språklege	Andre	Minoritets- språklege	Andre
1-åringar	50,2	79,5	53,3	81,3	54,4	83,2
2-åringar	81,9	96,1	84,0	96,7	85,2	97,0
3-åringar	91,8	97,6	92,8	98,1	93,3	98,2
4-åringar	94,0	98,0	93,6	98,5	95,7	98,6
5-åringar	96,6	97,9	94,8	98,7	95,1	98,8
1-2-åringar	66,1	88,0	69,0	89,1	70,2	90,1
3-5-åringar	94,1	97,8	93,7	98,4	94,7	98,5
1-5-åringar	82,8	94,0	83,9	94,4	85,3	94,7

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Minoritetsspråklege barn er definerte ved at både barnet og dei føresette til barnet har eit anna morsmål enn norsk, samisk, svensk, dansk eller engelsk. 85,3 pst. av minoritetsspråklege barn i alderen 1–5 år gjekk i barnehage i 2020. Prosentdelen av barn som går i barnehage, aukar med alderen til barna. For minoritetsspråklege barn er forskjellen mellom ulike aldersgrupper større enn for andre barn. For 3-, 4- og 5-åringar er prosent-

delen minoritetsspråklege barn som går i barnehage, nesten like høg som for andre barn, medan for 1–2-åringar er denne delen mykje lågare enn for andre barn, særleg for eittåringane. Minoritetsspråklege barn startar altså seinare i barnehage og har dermed i gjennomsnitt gått færre år i barnehage før dei begynner på skulen, men det store fleirtalet av minoritetsspråklege barn har gått i barnehage før skulestart.



Figur 7.1 Tal på barn i barnehage fordelt etter barnehagestorleik, 2007–20

Opne barnehagar er ikkje inkluderte i talet på barnehagar.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Talet på barn i små barnehagar, definerte som 25 barn eller færre, har gått ned med 19 pst. frå 2014 til 2020, medan talet på barn i barnehagar med 51–75 barn har gått ned med 6,5 pst. i same tids-

rom. Talet på barn i barnehagar med 26–50 barn har vore stabilt, medan dette talet for barnehagar med 76 eller fleire barn har gått ned med 3 pst. i perioden.

Personalet i barnehagen

Tabell 7.4 Personalet i barnehagen, 2016–20

	2016	2017	2018	2019	2020
Talet på tilsette	93 952	94 540	95 819	96 744	95 909
Talet på årsverk	75 031	75 534	77 101	78 055	77 700
Årsverk i grunnbemanninga	62 614	62 706	64 134	64 844	64 396
Styrarar (årsverk)	4 803	4 822	4 783	4 786	4 739
Årsverk i grunnbemanninga med barnehage- lærarutdanning eller pedagogisk utdanning som tilsvare utdanningskravet til pedagogisk leiar	24 173	24 683	26 266	27 294	27 605
– i pst. av grunnbemanninga	38,6	39,4	41,0	42,1	42,9
Årsverk i grunnbemanninga med fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar	12 735	12 496	12 897	13 561	13 873
– i pst. av grunnbemanninga	20,3	19,9	20,3	20,9	21,5
Personale som gir særskild språkstimulering til minoritetsspråklege barn (årsverk i parentes)	1 299 (388)	1 398 (405)	1 347 (399)	1 200 (358)	1 035 (317)
– del som har barnehagelærarutdanning	23,4	23,5	22,8	21,2	19,6
Personale som jobbar med barn/barnegrupper som krev ekstra ressursinnsats (årsverk i parentes)	6 728 (3 984)	7 415 (4 358)	7 698 (4 565)	8 315 (4 945)	8 487 (5 119)
– del som har barnehagelærarutdanning	30,1	29,7	28,3	28,5	26,8

Grunnbemanninga er dei tilsette i barnehagen som jobbar direkte med barna. Det er stillingskategoriane pedagogisk leiar og anna grunnbemanning som utgjer grunnbemanninga.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Ved utgangen av 2020 var det om lag 95 900 tilsette som utførte 77 700 årsverk i barnehagane. Skilnaden mellom talet på tilsette og talet på årsverk viser at det er mange tilsette som jobbar deltid i den einskilde barnehagen.

Det var 64 396 årsverk i grunnbemanninga i barnehagen i 2020, som vil seie at ein jobbar direkte med barna. 43 pst. av årsverka i grunnbemanninga har barnehagelærarutdanning, medan 21 pst. av årsverka i grunnbemanninga har fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar.

Den nye bemanningsnorma for barnehagen tok til å gjelde frå 1. august 2018. Norma inneber at barnehagen skal ha minst 1 tilsett per 3 barn under 3 år og 1 tilsett per 6 barn over 3 år. Frå

same tidspunkt blei også pedagognorma i barnehagen skjerpa, slik at barnehagen skal ha minst 1 pedagogisk leiar per 7 barn under 3 år og 1 pedagogisk leiar per 14 barn over 3 år.

Per desember 2020 var grunnbemanninga i barnehagane på nasjonalt nivå i gjennomsnitt 5,7 barn per vaksen dersom ein korrigerer for alder og opphaldstid. Ein vaksen er målt i årsverka til pedagogiske leiarar og assistentar. Det har vore ein sterk reduksjon i talet på barn per vaksen sidan bemanningsnorma blei innført. 99 pst. av barnehagane oppfylte bemanningsnorma i 2020.

69 pst. av barnehagane oppfylte den skjerpa pedagognorma utan bruk av dispensasjon per desember 2020, opp frå 64 pst. i 2019 og 53 pst. i

2018. Prosentdelen pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet har auka etter skjerpinga av pedagognorma, men har gått noko

ned sidan 2018. Totalt manglar det 2 517 årsverk for å oppfylle pedagognorma i alle barnehagar utan bruk av dispensasjon.

Tabell 7.5 Bemanningstettleik og pedagogtettleik, 2017–20


	2017	2018	2019	2020
Talet på barn per årsverk i grunnbemanninga, korrigererte for alder og opphaldstid (bemanningstettleik)	6,0	5,8	5,7	5,7
Prosentdel av barnehagar som oppfyller bemanningsnorma (bemanningstettleik på 6,0 eller lågare)	56	75	94	99
Prosentdel av barnehagar som oppfyller den skjerpa pedagognorma utan dispensasjon ¹	24	53	64	69
Prosentdel av pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet	4,9	10,2	8,7	6,8

¹ Den skjerpa pedagognorma tok til å gjelde frå 1. august 2018.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)

Det har tidlegare vore stor skilnad på barnehagane i dei målbare faktorane som utgjer ramma rundt barnehagekvardagen, som talet på barn per vaksen (bemanningstettleik) og den formelle kompetansen til personalet, jf. figur 7.2 og 7.3. Det har vore ein sterk reduksjon i ulikskapen mellom


barnehagar når det gjeld barn per årsverk i grunnbemanninga og barn per årsverk pedagogisk leiar med godkjend utdanning, særleg etter 2018. Dette må sjåast i samanheng med innføring av bemanningsnorma og skjerpa pedagognorm.



Figur 7.2 Ulikskap mellom barnehagar, barn per årsverk i grunnbemanninga, 2014–20

Sterkaste 10 pst. svarte til 90. persentil, medan svakaste 10 pst. svarte til 10. persentil. Grunnbemanninga er pedagogiske leiarar og assistentar. Barn er korrigerert for alder og opphaldstid.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)



Figur 7.3 Ulikskap mellom barnehagar, barn per årsverk pedagogisk leiar med godkjend utdanning, 2014–20

Sterkaste 10 pst. svarte til 90. persentil, medan svakaste 10 pst. svarte til 10. persentil. Grunnbemanninga er pedagogiske leiarar og assistentar. Barn er korrigert for alder og opphaldstid.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)

Av alle tilsette i grunnbemanninga i barnehagen i 2020 var 9,9 pst. menn, totalt om lag 7 100 personar. Grunnbemanninga omfattar dei tilsette i bar-

nehagen som jobbar direkte med barna. Frå 2015 til 2020 har det vore ein liten auke i prosentdelen menn i grunnbemanninga.

Tabell 7.6 Menn i barnehagane, 2015–20

	(i pst.)					
	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Prosentdel menn av tilsette i grunnbemanninga	8,8	9,0	9,2	9,5	9,8	9,9
Prosentdel mannlege pedagogiske leiarar	7,5	8,0	8,5	8,9	9,3	9,3
Prosentdel menn av tilsette i anna grunnbemanning ¹	9,6	9,6	9,7	9,9	10,1	10,1

¹ Tidlegare år har anna grunnbemanning blitt omtala som assistentar.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)


I 2020 omfatta opptaket på barnehagelæruddanninga 3 145 studentar, ein auke frå 3 094 i 2019. Talet på ferdig uteksaminerte barnehagelærarar gjekk ned med 59 i same tidsrom. Prosentdelen

menn i opptaket har gått noko ned sidan 2017. Prosentdelen uteksaminerte menn har vore i overkant av 15 pst. dei siste tre åra.

Tabell 7.7 Utdanning av barnehagelærarar ved statlege og private høgskular og universitet, 2015–20

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Opptak til barnehagelærerutdanning	3 062	3 106	3 000	2 959	3 094	3 144
– prosentdel menn	18,2	18,9	20,0	19,6	18,7	18,6
Uteksaminerte barnehagelærarar	2 081	1 909	1 966	2 030	2 249	2 190
– prosentdel menn	12,9	14,2	14,0	15,4	15,7	15,1

Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning (DBH)




Figur 7.4 Prosentdelen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre blant dei tilsette i barnehagane, 2018–20

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Tilsette med innvandrarbakgrunn utgjorde i 2020 om lag 16 pst. av personalet som arbeider direkte med barna i barnehagane, og dei aller fleste av desse har sjølv innvandra. Norskfødde med innvandrarforeldre utgjorde berre 1 pst. av dei til-

sette. Dei siste tre åra har prosentdelen tilsette med innvandrarbakgrunn auka noko, frå 15 pst. i 2018 til 16 pst. i 2020. Det kjem i hovudsak av ein auke i prosentdelen kvinner med innvandrarbakgrunn.



Figur 7.5 Prosentdelen innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre blant studentane i barnehagelærarutdanninga, 2018–20

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Prosentdelen studentar med innvandrarbakgrunn i barnehagelærarutdanninga har auka dei siste tre åra. Av 8 700 studentar i 2020 utgjorde dei med innvandrarbakgrunn 17 pst., høvesvis 13 pst. som sjølve har innvandra, og 4 pst. norskfødde med innvandrarforeldre. Prosentdelen med innvandrarbakgrunn i barnehagelærarutdanninga er noko større blant mannlege studentar.

Moderasjonsordningar i barnehagen

Dei to moderasjonsordningane i barnehagen for familiar med låg inntekt blei innførte i 2015. Nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling gjer at ingen familiar må betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein barnehageplass, med maksprisen som ei øvre grense. Ordninga med gratis kjernetid gjer at barn frå familiar med inntekt under ei gitt grense har rett til 20 timar gratis opphald i barnehagen i veka. Denne ordninga gjaldt først for 4- og 5-åringar, men blei frå 2016 utvida til å gjelde 3-åringar, og i 2019 blei ordninga ytterlegare utvida til å gjelde for 2-åringar. Familiar med meir enn eitt barn i barnehage har også rett til søskenmoderasjon.

Frå 1. august 2021 har barn frå familiar med inntekt under 583 650 kroner rett til gratis kjernetid i barnehagen. Departementet anslår at rundt 44 000 barn hadde rett til gratis kjernetid i barnehage i 2020. Tal frå rapporteringssystemet til kommunane viser at 33 917 barn fekk innvilga gratis kjernetid i barnehage i 2020.

I 2020 fekk totalt 56 503 barn lågare opphaldsbetaling på grunn av låg inntekt. Det er over 13 000 fleire barn enn i 2019. 46 098 hushald fekk redusert foreldrebetaling på grunn av låg inntekt, som er ein auke på over 10 000 frå året før. Auken i barn og hushald som har fått moderasjon, kjem dels av at fleire kommunar har utvida lokale ordningar som går utover dei nasjonale minstekrava.

Dersom ein familie har meir enn eitt barn i barnehage i same kommune, har familien rett til søskenmoderasjon i foreldrebetalinga. Denne ordninga gjeld uavhengig av inntekt. Reduksjonen for det andre barnet er minimum 30 pst., og for det tredje barnet og oppover er det 50 pst. reduksjon. I 2020 fekk 47 712 barn søskenmoderasjon. Det er 882 færre enn i 2019.

Tabell 7.8 Moderasjonsordningar i barnehagen, 2016–20

	(i kr.)				
	2016	2017	2018	2019	2020
Inntektsgrense for gratis kjernetid	428 000	450 000	533 500	548 500	566 100
Hushald som har fått reduksjon i foreldrebetaling på grunn av låg inntekt ¹	25 881	28 902	33 459	35 261	46 098
Barn som har fått innvilga lågare opphaldsbetaling fordi foreldra har låg inntekt ¹	33 272	35 735	41 918	43 310	56 503
Barn med rett til lågare opphaldsbetaling på grunn av låg inntekt (overslag for 2020) ²	53 700	54 023	55 187	53 825	56 000
Barn som har fått innvilga gratis kjernetid fordi foreldra har låg inntekt ¹	18 225	20 978	26 027	33 991	33 917
Barn med rett til gratis kjernetid på grunn av låg inntekt (overslag for 2020) ²	26 819	27 954	33 327	42 452	44 000
Barn som får søskenmoderasjon	44 732	47 418	46 077	48 594	47 712

¹ Omfattar også lokale ordningar med inntektsgrenser som er høgare enn dei nasjonale minstekrava.

² Omfattar dei som har rett til ordninga i medhald til dei nasjonale minstekrava.

Kjelde: Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet, Statistisk sentralbyrå

Barn med behov for særskild tilrettelegging

Barn under opplæringspliktig alder som har eit særleg behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp etter § 19 a i barnehagelova. Retten gjeld uavhengig av om barnet går i barnehage eller ikkje. Barn med behov for særskild tilrettelegging er ei samansett gruppe. Mange av desse barna har nedsett funksjonsevne, som kan omfatte fysiske funksjonshemmingar, utviklings-

hemmingar, språk- og talevanskar, åtferdsvanskar og psykiske lidningar.

Prosentdelen barn i barnehage som får spesialpedagogisk hjelp etter § 19 a i barnehagelova, har auka jamt i dei siste åra. I 2020 fekk 3,4 pst. av barna i barnehage spesialpedagogisk hjelp. 72 pst. av barna som får spesialpedagogisk hjelp, er gutar. Den spesialpedagogiske hjelpa i barnehagen heng ofte saman med utfordringar med språkutvikling og åtferdsvanskar.

Tabell 7.9 Barn i barnehage som får spesialpedagogisk hjelp, 2015–20

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Tal	7 944	8 290	8 674	8 813	9 190	9 255
Prosentdel	2,8	2,9	3,1	3,2	3,3	3,4

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Barn i mottak som går i barnehage

Barn i asylmottak har ikkje rett til barnehageplass, men det er lagt økonomisk til rette for at dei kan få eit tilbod. Staten har finansiert heiltidsplassar for 4- og 5-åringar sidan 2011, og for 1-, 2- og 3-åringane sidan 2020 etter ein kortare periode med finansiering av gratis kjernetid. I og med at barnefamiljar i asylmottak er prioriterte for busetjing, og busetjingar kan skje året rundt, så er det varia-

sjon i tala for deltaking i barnehage i kommunar som har asylmottak. Tal frå Utlendingsdirektoratet viser at 64 pst. av barna i asylmottak gjekk i barnehage i 2019 og 79 pst. i 2020 etter at aldersgruppa var utvida.

Kostnader i og finansiering av barnehagar

Barnehagesektoren består av om lag halvparten kommunale og halvparten private barnehagar.

Private barnehagar får driftstilskot per heiltidsplass berekna ut frå gjennomsnittlege ordinære driftsutgifter i tilsvarande kommunale barnehagar. Prosentdelen barnehageutgifter av dei samla

brutto driftsutgiftene til kommunane har vore stabil i dei seinare åra og var i 2020 på 54,9 mrd. kroner.

Tabell 7.10 Driftsutgifter til barnehage i kommunane, 2016–20

	2016	2017	2018	2019	2020
Brutto driftsutgifter til barnehage (mill. kroner) ¹	48 008	49 865	52 308	54 674	54 861
Prosentdel av brutto driftsutgifter til barnehage	11,7	11,5	11,5	11,4	11,2
Korrigerte brutto driftsutgifter ² per barn ³ i kommunal barnehage (kroner)	191 792	200 833	215 203	227 831	225 646

Løpande prisar.

¹ Brutto driftsutgifter er driftsutgifter til kommunen sin eigen tenesteproduksjon og kjøp av tenester frå andre.


² Korrigerte brutto driftsutgifter er driftsutgifter til kommunen sin eigen tenesteproduksjon.

³ Korrigert for alder og opphaldstid.

Kjelde: KOSTRA (Statistisk sentralbyrå)

Det har vore ein nominell reduksjon i dei korrigerte brutto driftsutgiftene per barn i kommunal barnehage på om lag 1 pst. frå 2019 til 2020, og den reelle reduksjonen har vore på om lag 2 pst. Figur 7.7 viser spreinga mellom kommunar i korrigerte brutto driftsutgifter per barn i kommunale barnehagar. Den grå linja viser landsgjennomsnittet. Som figuren viser, er det stor forskjell på kom-

munane med lågast og høgast driftsutgifter per barn, men dei fleste kommunane ligg relativt nær landsgjennomsnittet. Forskjellane mellom kommunar kan til dømes kome av geografiske skilnader, ulikt økonomisk handlingsrom eller forskjellar i prioritering av barnehagar framfor andre tenestetilbod.



Figur 7.6 Ulikskap mellom kommunar, korrigerte driftsutgifter per barn i kommunale barnehagar, 2020

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Barnehagane er delvis finansierte gjennom foreldrebetaling, men dei er hovudsakleg finansierte av det offentlege. 88,1 pst. av drifta av dei kommu-

nale barnehagane var i 2020 finansierte av det offentlege, ein auke sidan 2019.

Tabell 7.11 Finansiering av kommunale barnehagar, 2014–20

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Prosentdel av driftsmidlar finansierte gjennom foreldrebetaling (i pst. av totale driftsmidlar)	13,8	14,2	13,7	13,5	13,4	12,9	11,9
Prosentdel av driftsmidlar finansierte av det offentlege (i pst. av totale driftsmidlar)	86,2	85,7	86,3	86,4	86,6	87,1	88,1

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

8 Likestilling og arbeid mot diskriminering

Kunnskapsdepartementets arbeid med likestilling og mot diskriminering er eit systematisk og langsiktig haldningsarbeid som startar i barnehagen, blir ført vidare i skulen og må ligge til grunn i fagskulane, universiteta og høgskulane og i forskninga. Målet er at alle skal ha like moglegheiter uavhengig av kjønn, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, funksjonsevne, etnisk bakgrunn og religion. Som offentlig myndigheit er departementa forplikta til å vurdere likestillingskonsekvensar i alt sitt arbeid, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 24 første ledd.

Likestilling og diskriminering i skule og barnehage

Regjeringa la i desember 2019 fram Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Målet er barnehagar og skular som gir moglegheiter for alle barn og unge – uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn og kognitive og fysiske forskjellar. Det krev inkluderande fellesskap og tidleg innsats. Meir omtale av Tett på-meldinga finst i programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

I Granavolden-plattformen seier regjeringa at ho vil styrke rekrutteringa av menn til barnehagane, og at ho vil fremje ein strategi for å bidra til ein meir likestilt utdannings- og arbeidsmarknad. Det er særleg relevant å vurdere tiltak som vil auke rekrutteringa av menn til grunnskule- og barnehagelærerutdanningane. I tillegg er rekruttering av menn til utdanning innanfor helse- og omsorgssektoren relevant. Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i samarbeid prioritere desse innsatsområda i arbeidet med ein jamnare kjønnsbalanse i utdanningsløpa. Regjeringa har i september 2021 lagt fram *Strategi for et mer likestilt utdannings- og arbeidsmarked 2021–2024*. Strategien har som hovudmål å få fleire menn i kvinnedominerte næringar og fleire kvinner i mannsdominerte næringar. I tillegg har strategien seks framheva innsatsområde: Fleire menn i barnehage, grunnskule og helse- og omsorgsyrke og fleire kvinner i teknologiske yrke og blant gründerar og leiarar.

Regjeringa har finansiert eit rekrutteringsprosjekt ved Høgskulen på Vestlandet med 16 mill. kroner. Prosjektet er retta mot rekruttering av studantar til heile breidda av lærarutdanningar. I tildelegingsbrev har departementet presisert spesielt at prosjektet skal omfatte rekruttering av menn til barnehagelærerutdanning og lærarutdanning for dei yngste elevane i skulen. Det kom midlar til prosjektet første gong i 2019, deretter i 2020 og 2021. Til no har covid-19-pandemien hindra at prosjektet kunne kome skikkeleg i gang, men det er forventa at arbeidet blir intensivert i 2021.

Frå hausten 2020 starta innføringa av nye læreplanar for grunnopplæringa innanfor læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK2020). Dei nye læreplanane tok til å gjelde for 1.–9. trinn i grunnskulen og 1. trinn i vidaregåande opplæring hausten 2020 og for 10. trinn i grunnskulen og 2. trinn i vidaregåande opplæring hausten 2021. 3. trinn i vidaregåande opplæring følger etter hausten 2022. Innanfor det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring er aktuelle tema verdival, mellommenneskelege relasjonar, seksualitet, å kunne setje grenser og respektere grensene til andre og å kunne handtere tankar, kjensler og relasjonar. Konkrete læringsmål innanfor samfunnsfag er mellom anna at elevane skal drøfte kva likeverd og likestilling har å seie for eit demokrati, og utvikle forslag til korleis ein kan motarbeide fordommar, rasisme og diskriminering.

Seksualitetsopplæringa er ein del av det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring. Seksualitet er tema i samfunnsfag, naturfag, kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE) og kroppsøving, med ulike innfallsvinklar. I samfunnsfag er til dømes seksuell orientering, grensesetjing og seksuelle overgrep sentralt. Naturfag fokuserer på reproduktiv helse, forandringar i kroppen under puberteten og korleis puberteten kan påverke kjensler. Faget KRLE tek opp mellom anna seksualetikk i ulike religionar, og i kroppsøving skal elevane reflektere over kroppsidentitet og sjølvbilete.

Gjennom handlingsplanen *Trygghet, mangfold og åpenhet. Regjeringens handlingsplan mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsi-*

dentitet, kjønnsuttrykk og kjønnskarakteristika 2021–2024 vil regjeringa arbeide for større openheit om kjønns- og seksualitetsmangfald, betre levekår og livskvalitet for skeive og sterkare samarbeid med og støtte til sivilsamfunnet.

Kunnskapsdepartementet vil gjennom ulike tiltak motverke nokre av utfordringane som skeive med innvandrarakgrunn møter. Det vil bli utvikla rettleiarar, videoar og ordlister om kjønns- og seksualitetsmangfald på ulike språk, for å bidra til større openheit om kjønns- og seksualitetsmangfald gjennom å gjere informasjon om temaet tilgjengeleg på fleire språk. Departementet vil heve kompetansen om kjønns- og seksualitetsmangfald for tilsette som jobbar med nyleg komne flyktningar og innvandrarakgrunn for å sikre eit meir likeverdig tenestetilbod. Det vil også bli teke omsyn til særlege utfordringar for lhbtqi-flyktningar ved busetjing for å motverke einsemd og andre former for sårbarheit i denne gruppa.

Regjeringa vil bidra til betre læringsutbytte om kjønns- og seksualitetsmangfald i lærarutdanningar og helse- og sosialfaglege utdanningar. Eitt av tiltaka er derfor kompetanseheving om kjønns- og seksualitetsmangfald i desse utdanningane. Kunnskapsdepartementet vil, i samråd med universitets- og høgskulesektoren, vurdere tiltak som kan bidra til at studentane oppnår læringsutbytte som er omtala i rammeplanane for utdanningane og i nasjonale forskriftsfesta retningslinjer på feltet.

Eit anna tiltak er kompetanseheving av lærarakgrunn, leiarar og lærarstudentar. Utdanningsdirektoratet har i 2021 i samarbeid med Helsedirektoratet starta med å utvikle støtteressursar om seksualitet og kjønn. Planen er å inkludere lhbtqi-perspektivet i støtteressursane.

Kunnskapsdepartementet vil i samarbeid med andre departement utvikle kunnskap om levekår og livssituasjon for skeive, inkludert skeive med innvandrarakgrunn, gjennom jamlege levekårsundersøkingar, livskvalitetsundersøkingar og haldningsundersøkingar, og legge til rette for haldningsskapande arbeid retta mot den generelle befolkninga, inkludert innvandrarakgrunn.

I 2018 la regjeringa fram *Et samfunn for alle. Regjeringens strategi for likestilling av mennesker med funksjonsnedsettelse for perioden 2020–2030*. Strategien har fire innsatsområde: utdanning, arbeid, helse og omsorg og kultur og fritid. For å følge opp strategien la regjeringa i 2019 fram ein handlingsplan for likestilling av personar med funksjonsnedsettelse. Handlingsplanen omfattar 85 tiltak frå åtte departement. Handlingsplanen følger opp FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) og tilrå-

dingane CRPD-komiteen gav våren 2019. Handlingsplanen skal bli oppdatert gjennom perioden, slik at nye tiltak som fremjar likestilling og deltaking, vil bli inkluderte.

Regjeringa la i mai 2020 fram eit forslag til ny språklav, jf. Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklava)*, Innst. 253 L (2020–2021) og lovvedtak 89 (2020–2021). Formålet med språklava er å styrke norsk språk på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Dessutan skal lova sikre at offentlege organ tek ansvar for å bruke, utvikle og styrke norsk språk i sine sektorar, både bokmål og nynorsk. Offentlege organ får eit særleg ansvar for å fremje nynorsk. Språklava fastset krav til bruk av klart språk i det offentlege. Dessutan inneheld lova språkreglar for fylkeskommunane. Lova anerkjenner samisk språk som likeverdig med norsk og lovfestar samisk som urfolkspråk i Noreg. Offentlege organ skal fremje og verne nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk. Språkrådets oppgåver som statens forvaltningsorgan i språkspørsmål vert lovfesta. Lovvedtaket samsvarer med framlegget i Prop. 108 L (2019–2020). Stortinget vedtok òg å be regjeringa kome tilbake til Stortinget med ei sak om symbolspråk, med framlegg om korleis retten til symbolspråk kan verte innlemma i språklava.

Det følger av opplæringslova at elevar som har teiknspråk som førstespråk, eller som etter sakkunnig vurdering har behov for slik opplæring, har rett til opplæring i og på teiknspråk. Opplæringslovutvalet foreslo i NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov* å vidareføre retten til opplæring i og på norsk teiknspråk, med mellom anna større fleksibilitet i bruk av læreplanar utarbeidde for elevar med teiknspråk for dei som har rett til slik opplæring. Kunnskapsdepartementet sende forslag til ny opplæringslov på høyring i august 2021, på bakgrunn av NOU 2019: 23.

Det er opna for forsøk med norsk teiknspråk som valfag på ungdomstrinnet. Det er òg løyvd midlar til utvikling av norsk teiknspråk som masterfag i grunnskulelærarutdanningane, og til utvikling av eit emne i praktisk-pedagogisk utdanning i teiknspråkdidaktikk.

Elevar med nedsett funksjonsevne er ei samansett elevgruppe og kan ha heilt ulike utfordringar. Mange elevar med nedsett funksjonsevne får eit dårlegare tilbod i vidaregåande opplæring enn elevar utan nedsett funksjonsevne. Regjeringa vil derfor setje i gang eit arbeid med ein strategi for at elevar med nedsett funksjonsevne skal få eit betre og likeverdig tilbod i vidaregåande opplæring. I arbeidet vil regjeringa involvere brukarorganisasjonar og andre relevante aktørar.

*Likestilling og diskriminering i høgare utdanning**Kjønns-poeng*

Søkarar til høgare utdanning kan få tilleggspoeng ved opptak til visse studium der det er sterk ubalanse mellom kjønn. Institusjonane får berre bruke kjønns-poeng i ein avgrensa periode, og dei må gjere greie for at andre tiltak for betre kjønnsbalanse ikkje har gitt resultat. Universitets- og høgskulelovutvalet la i 2020 fram NOU 2020: 3 *Ny lov om universiteter og høyskoler*, der dei skriv at kjønns-poeng kan vere i strid med likestillingsregelverket og EUs likestillingsdirektiv. Departementet vurderte hausten 2020 føresegna om kjønns-poeng og la til grunn at forskrifta ikkje er i strid med likestillingsregelverket eller -direktivet, men bad Unit om ei evaluering av bruken av slike tilleggspoeng. Unit leverte rapporten sin våren 2021.

I dag får menn tilleggspoeng ved

- veterinær- og dyrepleiestudiet ved NMBU
- sjukepleie ved Lovisenberg diakonale høgskule og Universitetet i Agder
- barnevern ved OsloMet og på psykologi (profesjon) ved NTNU og universiteta i Oslo og Bergen

Kvinner får tilleggspoeng ved

- bachelorstudium i fleire av teknologi- og ingeniørfaga
- landbruksstudium ved Høgskolen i Innlandet
- visse bachelorstudium i maritime fag
- visse femårige integrerte masterprogram i teknologi- og ingeniørfag ved NTNU

Regjeringa har sett ned eit offentleg utval som skal sjå på systemet for opptak til høgare utdanning, og det vil mellom anna kunne påverke bruk av kjønns-poeng. Utvalet skal levere rapport seinast 1. desember 2022.

Tilsette i høgare utdanning og forskning

51 pst. av dei nye doktorane i 2020 var kvinner. Talet har halde seg relativt stabilt sidan 2010. 33,5 pst. av årsverka i dosent- og professorstillingar blei utførte av kvinner i 2020. Samla for stillingar som krev doktorgrad eller tilsvarende kompetanse, var talet 43,5 pst. Desse tala har auka med om lag 1 prosentening årleg over lang tid.

Det er fleire kvinner enn menn som er mellombels tilsette ved universitet og høgskular. Regjeringa har som mål å redusere mellombelse tilsetjingar i sektoren, slik at vi med tida kjem ned mot det same nivået som i arbeidslivet elles. Mellom

anna har regjeringa i *Strategi for forskarrekruiting og karriereutvikling* ei forventning til utdanningsinstitusjonane om at dei har kompetanse på mellombels tilsetjing og ein strategi for å redusere uønskt mellombels tilsetjing. Departementet følger òg opp utviklinga i den årlege etatsstyringsdialogen med universitet og høgskular.

Komité for kjønnsbalanse og mangfald i forskning (Kif) skal støtte opp om, og rådgi, tiltak som bidreg til integrering av arbeidet med kjønnsbalanse og mangfald ved universiteta, høgskular og forskingsinstitutta. Arbeidet skal medverke til auka mangfald blant dei tilsette og i forskinga. En ny komité med nytt mandat vil verte oppnemnt for perioden 2022–25. Kunnskapsdepartementet følger òg opp arbeidet med likestilling og mangfald i UH-sektoren i etatsstyringa. I tildelingsbrev for 2021 er det tydelege forventingar om at verksemdene arbeider aktivt for å fremje like karrieremoglegheiter for kvinner og menn i norsk akademisk og legg til rette for større mangfald.

Arbeid mot rasisme, antisemittisme og hatytringar

Integreringspolitikk handlar om å bidra til at den einskilde innvandraren har dei kvalifikasjonane og kjennskapen til det norske samfunnet som er nødvendig for å kunne delta. Integreringspolitikken medverkar òg til å bygge ned barrierar for deltaking på like vilkår. Rasisme og diskriminering er slike barrierar. Regjeringa vil auke medvitet om mangfald som ressurs blant arbeidsgivarar og redusere diskriminerande mekanismar ved rekruttering i arbeidslivet, gjennom tilskot, informasjon og rettleiing.

I tillegg til at rasisme og diskriminering er barrierar for deltaking i arbeids- og samfunnslev, har førekomst og oppleving av rasisme og diskriminering noko å seie for tilliten til personar og tilhøyrse til medborgarar og institusjonane i samfunnet. Manglande tillit går ut over samfunnsfellesskapet. *Integrering gjennom kunnskap. Regjeringens integreringsstrategi 2019–2022* skal medverke til betre integrering.

Rammeplanen for barnehagen seier mellom anna at barnehagen skal motverke diskriminering, fordommar, stereotypiar og rasisme. Barnehagen skal medverke til at kulturelt mangfald blir til glede for heile barnegruppa. Barnehagen skal synleggjere eit mangfald av familieformer og sørge for at alle barn får spegla familien sin i barnehagen. Utdanningsdirektoratet tilbyr støttesursar som barnehagane kan bruke i dette arbeidet.

Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme og udemokratiske haldningar (Dembra) er eit kurstilbod som gir kompetanseutvikling for lærarstudentar, lærarar, skuleleiarar og andre tilsette i grunnsopplæringa. Læringsressursane dekkjer områda hatefulle ytringar, antisemittisme, rasisme, diskriminering av minoritetar og udemokratiske haldningar. Dembra er eit varig tiltak som engasjerer dei nasjonale freds- og menneskerettssentera i arbeidet. Det er etablert regionale knutepunkt for Dembra-arbeidet over heile landet. Dembra-materiell på nordsamisk blei ferdigstilt i mai 2021. Sjå omtale av forslag til løyving til Dembra for 2022 under kap. 226, post 21 og omtale under kap. 224, post 70, der departementet foreslår å auke tilskotet til freds- og menneskerettssentera for å styrke Dembra.

Stiftelsen 10. august arbeider med å etablere eit minne- og kunnskapssenter og formidlingsarbeid knytt til terror og hat mot muslimar etter terrorangrepet på Al-Noor Islamic Center i 2019. Sjå omtale av forslag til løyving til stiftinga under kap. 226, post 21.

22. juli-senteret spelar òg ei viktig rolle i arbeidet mot hat, vald og ekstremisme. Senteret formidlar kunnskap om terrorangrepet i Regjeringskvartalet og på Utøya 22. juli 2011 og om oppfølginga i tida etter. Sjå omtale under kap. 251, post 01.

Regjeringa la i 2017 fram *Freds- og menneskerettighetssentrene. En felles strategi for freds- og menneskerettighetssentrene*. Strategien omfattar Det europeiske Wergelandsenteret, Falstadsenteret, Nansen Fredssenter, Narviksenteret, Raftostiftelsen, Senter for studier av Holocaust og livsynsminoriteter (HL-senteret) og Arkivet freds- og menneskerettighetssenter. I strategien blir det framheva nokre viktige fellestrekk som skal bidra til at sentera i større grad kjem saman, lærer av kvarandre og blir bevisste på den felles rolla dei har i arbeidet ut mot samfunnet. Strategien er ei oppfølging av Dok. 8:127 S (2014–2015). På opplæringssida har sentera i fellesskap etablert Nasjonalt nettverk for haldningsskapande formidling. Statens satsing på freds- og menneskerettssentera er medverkande til at Noreg kan oppfylle forpliktingane sine når det gjeld opplæring av barn og unge i menneskerettane.

Regjeringa har lagt fram ei rekke handlingsplanar i det heilskaplege arbeidet mot diskriminering, hatytringar, rasisme, antisemittisme, muslimhat, radikaliserings og ekstremisme:

- *Handlingsplan mot rasisme og diskriminering på grunn av etnisitet og religion (2020–2023)* blei lagd fram i 2019. Denne handlingsplanen

skal bidra til ein fornya og styrkt innsats i kampen mot rasisme og diskriminering.

- *Handlingsplan mot radikaliserings og voldelig ekstremisme (2020–2023)* blei lagd fram i 2020. Tilnærminga og mange av tiltaka er vidareførte frå ein tidlegare plan, medan andre tiltak er blitt vidareutvikla og nye tiltak er lagde til. Med dette skal innsatsen mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme av alle slag bli styrkt. Målet er framleis det same, nemleg å fange opp personar i risikosona så tidleg som mogleg og møte dei med tiltak som verkar.
- *Handlingsplan mot diskriminering av og hat mot muslimer 2020–2023* blei lagd fram i 2020. Eit tiltak er at tilskot til lokale innvandrorganisasjonar og frivillig verksemd i lokalsamfunn skal legge vekt på arbeidet mot rasisme og diskriminering og for mangfald i lokalsamfunnet. Eit anna tiltak er å starte forskingsoppdrag om samanhengar mellom opplevd diskriminering mot muslimar, deltakinga deira på ulike samfunnsarenaer og opplevd tilhøyrsløse.
- *Handlingsplan mot antisemittisme (2021–2023) – en videreføring* blei lagd fram i januar 2021. Planen fører vidare det systematiske arbeidet mot jødehets og antisemittisme frå ein tidlegare plan, samtidig som nye tiltak er lagde til.

Tiltak innan integrering

Ny tolkelov

Stortinget vedtok 7. juni 2021 ei eiga tolkelov. Lova inneheld krav til bruk av tolk i offentlege organ og krav til tolkar. Formålet med lova er å bidra til å sikre rettstryggleik og forsvarleg hjelp og teneste for personar som ikkje kan kommunisere forsvarleg med offentlege organ utan tolk. Lova skal òg bidra til å sikre at tolkar held ein fagleg forsvarleg standard.

Ny handlingsplan mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald

Den 16. juni 2021 la regjeringa fram handlingsplanen *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold (2021–2024)*. Den har tiltak mot negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Arbeidet handlar om å vareta grunnleggjande rettar, sikre fridom og likestilling for alle og kjempa mot vald og overgrep. Det skal bidra til å hindre utanforskap og helseplager og sikre likeverdige offentlege tenester til heile befolkninga.

Likestillingssituasjonen innanfor kunnskaps- og integreringssektoren som følge av covid-19-pandemien

Stortinget har i vedtak nr. 537 (2019–2020) bede regjeringa kartlegge effekten av covid-19-pandemien på likestillingsfeltet og kome tilbake til Stortinget med resultat og funn. Kunnskapsdepartementet vil i det følgande gi ei overordna oversikt over kva konsekvensar covid-19-pandemien har hatt for likestilling så langt i 2021 innanfor kunnskaps- og integreringssektoren. Sjå òg Prop. 1 S (2021–2022) for Kulturdepartementet for ei samla oversikt over kva for konsekvensar pandemien har hatt for likestilling.

Covid-19-pandemien har prega heile samfunnet. Pandemien og tiltaka for å minimere smitte og halde oppe aktivitet i næringslivet og samfunnet kan få ulike konsekvensar for ulike personar avhengig av kjønn, alder, etnisitet, religion og livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Ei undersøking gjort av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet viser at vesentlege faktorar er utdanning, inntekt, yrke, om ein bur aleine eller er aleineforsørgar, bustad, busituasjon og digital kompetanse. Familiar med innvandrarbakgrunn som har barn med funksjonsnedsetjing, ser ut til å ha vore meir utsette enn andre.

Det har gjennom pandemiltaka i 2020 og 2021 vore reglar om at barn og elevvar med særlege behov skal prioriterast for stadlege tilbod dersom barnehagane og skulane i periodar må vere stengde eller ha reduserte moglegheiter for oppmøte. Dessverre ser det likevel ut til at ikkje alle barn og elevvar har fått det tilbodet dei har hatt behov for og krav på. Mange barn og unge har gått glipp av læring og sosialt fellesskap under pandemien. Ei arbeidsgruppe leia av Statsforvaltaren i Oslo og Viken, leverte i juni 2021 rapporten *Skolen etter koronapandemien. Et løft for trivsel og læring*, der det blir foreslår fleire konkrete tiltak for å bøte på dette.

Rapporten *Koronapandemien i grunnskolen – håndtering og konsekvenser* frå NIFU og NTNU Samfunnsforskning finn at dei elevane som hadde undervisningstilbod på skulen under nedstenginga, er dei som fortel om mindre tryggleik heimanfrå og lågare meistring i Elevundersøkinga. Dette kan vere ein indikasjon på at tilbodet har treft elevvar som har hatt behov for eit tilbod på skulen. Elevvar med vedtak om særskild språkopp-læring og spesialundervisning har fått eit noko redusert tilbod under pandemien (GSI). Rapporten *Håndtering og konsekvenser av koronautbruddet for barn og barnehager* (2021) frå OsloMet

viser at einstilte elevvar ved innføringstilbod har måtta utsetje oppstart i ordinær klasse på grunn av manglande utvikling i norsk. Nye utgreiingar av barn blei forseinka. Undersøkinga viser òg at kommunane som allereie hadde eit godt samarbeid mellom barnehagar, PP-tenesta og barnevern, meinte dei klarte å vareta dei sårbare barna dei allereie kjende til.

Regjeringa har nedsett ei eiga koordineringsgruppe som følger opp tilbodet til sårbare barn og unge under pandemien. For å ta igjen tapt læring og utvikling som følge av pandemien, har det i 2021 blitt løyvd 410 mill. kroner til kommunar, fylkeskommunar og friskular som mellom anna kan nyttast til auka bruk av leksehjelp, intensivkurs, anna oppfølging av elevane og barna og fleire tilsette i skulen og barnehagen. For 2022 blir det foreslått ytterlegare styrking, jf. omtale av budsjettforslag i programkategori 07.20 Grunnopplæringa og anne omtale av pandemien i del III, kap. 11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren.

Som ein del av Utdanningsløftet 2020 har det òg blitt løyvd midlar for å auke tilgangen til vidaregåande opplæring, mellom anna for permitterte og arbeidsledige og avgangselevvar utan vitnemål. Meir informasjon om tiltaka i Utdanningsløftet 2020 finst i kap. 11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren.

NIFU har gjennomført ei undersøking om handtering og konsekvensar av covid-19-pandemien ved dei norske universiteta og høgskulane, jf. rapporten *Et akademisk annerledesår*. Undersøkinga viser at fleire kvinnelege studentar og forskarar har hatt ansvar for barn heime under pandemien. Ansvar for barn har gått kraftig ut over tida dei har brukt på forskning, arbeid med søknader og internasjonalt samarbeid. Kvinnelege forskarar er mindre nøgde enn dei mannlege kollegaene med korleis institusjonane har følgd opp og teke vare på miljøet på arbeidsplassen.

Innvandrarar har vore ekstra utsette gjennom pandemien. Mange innvandrarar bur i område der det har vore strenge smitteverntiltak over lang tid. Dei er overrepresenterte i frontlinjeyrke, blant permitterte og blant trongbudde. Det har vore fleire smitta, fleire sjukehusinnleggingar og høgare arbeidsløyse blant innvandrarar enn i resten av befolkninga. Pandemien har vist kor viktig det er å styrke arbeidet med å etablere likeverdige offentlege tenester. To ekspertgrupper har vurdert tiltak retta mot innvandrarar under pandemien, foreslått nye tiltak og sett på ulike sider av integreringa som følge av covid-19-pandemien.

Likestilling i Kunnskapsdepartementet

Etter likestillings- og diskrimineringslova § 26 er alle arbeidsgivarar pålagde å arbeide aktivt og målretta for å fremje likestilling og hindre diskriminering (aktivitets- og meldeplikta).

Kunnskapsdepartementet skal i Prop. 1 S gjere greie for tilstanden. Aktivitets- og meldeplikta gjeld òg for verksemdar og institusjonar under Kunnskapsdepartementet. Når det gjeld rapporteringa frå kvar einskild verksemd, kan ein finne den i årsrapportane til verksemdene.

Tabell 8.1 Tilstandsrapport om kjønnsbalanse og lønn i Kunnskapsdepartementet

	År	Kjønn		Totalt (N)	Kvinnerens lønn
		Menn (pst.)	Kvinner (pst.)		i pst. av menns
Toppleiing, ikkje omfatta av Hovudtariffavtalen i staten: departementsråd, ekspedisjonssjef, kommunikasjonssjef	2020	44,4	55,6	9	92,1
	2019	55,6	44,4	9	91,7
Tilsette i Kunnskapsdepartementet omfatta av Hovudtariffavtalen i staten, totalt	2020	33,0	67,0	321	98,3
	2019	33,9	66,1	327	94,5
<i>Mellomleiarar</i>					
Avdelingsdirektør	2020	41,5	58,5	41	100,9
	2019	52,8	47,2	36	99,5
<i>Saksbehandling</i>					
Fagdirektør, underdirektør, spesialrådgivar, prosjektleiar	2020	27,3	72,7	33	93,3
	2019	29,6	70,4	27	90,4
Seniorrådgivar	2020	31,1	68,9	193	98,1
	2019	32,7	67,3	196	98,4
Rådgivar	2020	40,0	60,0	35	102,6
	2019	32,6	67,4	46	101,5
Førstekonsulent	2020	57,1	42,9	7	102,8
	2019	50,0	50,0	8	106,4
<i>Administrativt personale</i>					
Seniorrådgivar, konsulent	2020	16,7	83,3	12	154,5
	2019	7,1	92,9	14	145,4

Kjelde: Uttrekk per 31. desember 2019 og per 31. desember 2020

Tabell 8.1 gir ei oversikt over kjønnsbalansen i Kunnskapsdepartementet totalt og for dei ulike stillingskategoriane i departementet. Det er fleire kvinner enn menn blant dei tilsette i Kunnskapsdepartementet, høvesvis 67 pst. og 33 pst. Desse tala har vore stabile dei siste åra.

I gjennomsnitt tente kvinner 98 pst. av det menn tente i Kunnskapsdepartementet i 2020, og

det er ei forbetring frå 94 pst. i 2019. I stillingskategoriane avdelingsdirektør, rådgivarar, førstekonsulentar og administrativt personale tener kvinner meir enn menn, i dei andre stillingskategoriane tener menn i gjennomsnitt meir enn kvinner.

I 2020 var det tre lærlingar i Kunnskapsdepartementet, og alle dei var kvinner.

Planlagde og iverksette tiltak innanfor diskrimineringsgrunnlaga kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonshemming, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk

Som arbeidsgivar er Kunnskapsdepartementet pliktig til å arbeide for å betre kjønnslikestillinga og for større mangfald på arbeidsplassen. Det er personalpolitiske mål for Kunnskapsdepartementet å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamsamsetjing, å rekruttere personar med innvandrarbakgrunn og å legge til rette for personar med nedsett funksjonsevne og høl i CV-en. Departementet skal arbeide systematisk med å gjennomføre inkluderingsdugnaden til regjeringa.

Kunnskapsdepartementet bruker ulike verkøy i rekrutteringsprosessar for å sikre likebehandling av søkarar uavhengig av kjønn, etnisk bakgrunn og funksjonsevne. I tillegg arbeider departementet aktivt for at talet på nytilsette med innvandrarbakgrunn, nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en skal auke. Personal- og leiarhandboka gjer greie for at minst éin av kandidatane med innvandrarbakgrunn, nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en skal kallast inn til intervju dersom dei er kvalifiserte for stillinga. Departementet bruker positiv særbehandling og kan tilsetje kandidatar frå desse kategoriane på det vilkåret at dei er tilnærma like godt kvalifiserte som den best kvalifi-

serte søkaren. Desse rutinane aukar sjansane for at kandidatar med innvandrarbakgrunn og kandidatar med nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en blir tilsette. Svært få kandidatar kryssar av for nedsett funksjonsevne. I 2019 tilsette KD tre personar med funksjonshemming. Det utgjorde 7,7 pst. av tilsetjingane det året. I 2020 tilsette KD fire personar med funksjonshemming. Kunnskapsdepartementet deltek elles i traineeprogrammet i staten for personar med nedsett funksjonsevne og høgare utdanning.

Likestilling i kunnskapssektoren

I Statens personalhandbok er det nedfelt i pkt. 1.6:

Staten skal speile mangfoldet i befolkningen når det gjelder kjønn, alder, funksjonsevne, etnisk bakgrunn, seksuell orientering mv. Mangfold i den statlige personalstyrken støtter opp under mulighetene for god måloppnåelse og bidrar til at staten kan yte gode tjenester til alle samfunnsborgere uansett bakgrunn og livserfaring.

Oversikter over prosentdelen tilsette etter kjønn, landbakgrunn og om dei arbeider heil- eller deltid, fortel noko om tilstanden for likestillinga i sektoren Kunnskapsdepartementet har ansvar for.


Tabell 8.2 Prosentdelen menn og kvinner i forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet i 2020

Verksemd	Tilsette	Del menn (pst.)	Del kvinner (pst.)	Kvinneres lønn i pst. av menns
Utdanningsdirektoratet	333	35,1	64,9	98,9
Dei samiske vidaregåande skulane, Karasjok og Kautokeino	115	33,9	66,1	99,1
Sørsamisk kunnskapspark	26	23,1	76,9	76,2
Statleg spesialpedagogisk støttesystem (Statped)	696	22,3	77,7	99,4
Noregs grønne fagskule – Vea	33	36,4	63,6	97,2
Sekretariatet for Foreldreutvalet for grunnopplæringa og Foreldreutvalet for barnehagane	8	37,5	62,5	100,5
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT)	157	28,0	72,0	86,4
Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI)	83	51,8	48,2	93,2
Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling (Diku)	143	30,8	69,2	92,4
Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning (Unit)	201	55,7	44,3	95,4
Statens lånekasse for utdanning	341	42,8	57,2	96,2
Dei nasjonale forskingsetiske komiteane (FEK)	11	9,1	90,9	86,2
Kompetanse Noreg	181	28,7	71,3	96,9
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)	202	36,6	63,4	92,8
22. juli-senteret	13	23,1	76,9	115,0

Kjelde: Tabell 1B Tilsette etter departementsområde inkludert etatar. Talmaterialet baserer seg på lønnsopplysningar som blir innhenta frå a-ordninga. Talmaterialet frå a-ordninga blei overført frå SSB til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, som utarbeider talgrunnlag/statistikkrapportar for tilsette i staten (tariffområdet) 1. oktober 2020. Medarbeidarar med leiarlønn, leiarlønnsavtale, timelønne, honorarlønne er ikkje med.

I 13 av 15 forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet tener menn meir enn kvinner. Forskjellen er størst hos Sørsamisk kunnskapspark

(76 pst.), Dei nasjonale forskingsetiske komiteane (FEK) og NOKUT begge med (86 pst.).



Figur 8.1 Prosentdelen tilsette i verksemdar i kunnskapssektoren etter landbakgrunn i 2020

Kjelde: SSB, tabell 12625

Figuren viser kor mange innvandrarakgrunn har tilsette i verksemdar i kunnskapssektoren, fordelt på landgruppe 1 og 2. Resten av dei tilsette er nordmenn utan innvandrarakgrunn. Som det går fram, er det stor variasjon i verksemdene i kor

mange av dei tilsette som har innvandrarakgrunn. Det største utslaget er IMDi, som har over 30 pst. tilsette frå gruppe 2, medan dei fleste av dei andre verksemdene har under 10 pst. tilsette med denne bakgrunnen.

9 Oppfølging av FNs berekraftsmål 4

FNs generalforsamling vedtok 25. september 2015 resolusjonen *Transforming our World: The 2030 Agenda for Sustainable Development*. Alle medlemslanda i FN er forplikta til å følge opp dei 17 berekraftsmåla i agendaen. I Noreg har Kunnskapsdepartementet eit koordineringsansvar for berekraftsmål 4:

Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle.

Målet har 7 delmål og 3 gjennomføringsmål som dekker alle utdanningsnivå.

Noreg kan vise til gode resultat og framgang på fleire mål under berekraftsmål 4. Utdanninga er av god kvalitet og tilgjengeleg for alle uavhengig av sosial bakgrunn. I 2021 er Noreg rangert som nummer 7 blant 193 land på SDG-indeksen, som viser utviklinga i verda på tvers av alle dei 17 berekraftsmåla.

Noreg er likevel ikkje i mål. Ikkje minst som følge av covid-19-pandemien. For nasjonal oppfølging har regjeringa i 2021 lagt fram Noregs handlingsplan for å nå berekraftsmåla innan 2030, Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening*. Vidare vil regjeringa framover legge særleg vekt på tidleg innsats i barnehage og grunnopplæring og betre gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Ungdom som ikkje er i arbeid eller går på skule, vil få særskild merksemd. Det er også ei utfordring at for få fullfører høgare utdanning.

Globalt sett vil Kunnskapsdepartementet halde fram samarbeidet med Utanriksdepartementet om Noregs oppfølging av berekraftsmål 4 i internasjonale organisasjonar. Utdanning av god kvalitet for alle er ein prioritet for norsk utviklings- og bistandspolitikk. Som ein del av oppfølginga kan det nemnast at Noreg har ratifisert UNESCOs globale konvensjon for godkjenning av høgare utdanning. Konvensjonen vil vere eit viktig verkemiddel for tilrettelegging mot auka mobilitet av studentar og arbeidssøkande på tvers av kontinent.

Nedanfor følger ein kort gjennomgang av status og viktige tiltak i nasjonal oppfølging av dei ulike delmåla og gjennomføringsmåla under berekraftsmål 4.

Delmål 4.1

Innan 2030 sikre at alle jenter og gutar fullfører gratis og likeverdig grunnskule og vidaregåande opplæring av høg kvalitet som kan gi dei relevant og reelt læringsutbyte.

I Noreg har alle barn rett og plikt til tiårig grunnskuleopplæring frå det året dei fyller seks år. 98 pst. gjekk direkte til vidaregåande opplæring frå 10. trinn i 2020. Regjeringa har gjort mykje for å styrke tidleg innsats i skulen. Skuleeigarane har saman med barnehageeigarane, fått plikt til å samarbeide om å gi barn ein tryggare overgang frå barnehage til skule. Grunnskulen er styrkt med fleire lærarar og rett til intensiv opplæring for dei som heng etter fagleg. Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO* omfattar ei rekke tiltak som skal styrke arbeidet med tidleg innsats, jf. programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Aldri har fleire fullført og bestått vidaregåande opplæring. Nesten 8 av 10 av elevane som begynte i vidaregåande opplæring i 2014, gjennomførte med studie- eller yrkeskompetanse innan 5–6 år. Regjeringa har teke fleire initiativ for at endå fleire skal fullføre. Frå hausten 2019 blei det mogleg å gå rett frå det første året på studieførebuande program til det andre året på yrkesfaglege utdanningsprogram. Regjeringa innførte ny tilbudsstruktur i fag- og yrkesopplæringa frå og med skuleåret 2020–21. Fleire elevar skal få spesialisering frå dei startar i vidaregåande opplæring. Læreplanane er blitt endra slik at dei er meir relevante og gir betre moglegheit for fordjuping. I Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtiden* foreslår regjeringa at alle som begynner i vidaregåande opplæring, skal få rett til opplæring fram til dei har fullført og bestått. Unge og vaksne som har brukt opp retten sin, får ein sjanse til å kome tilbake og prøve på nytt. Tiltaka i Fullføringsreforma blir følgde opp i forslag frå regjeringa til ny opplæringslov, som er sendt på høyring. Departementet foreslår midlar til fleire av tiltaka i statsbudsjettet for 2022, inklu-

dert utvida rett til vidaregåande opplæring. Sjå nærare omtale under programkategori 07.20.

Delmål 4.2

Innan 2030 sikre alle jenter og gutar tilgang til god og tidleg omsorg og førskule, slik at dei er førebudde på å begynne i grunnskulen.

Barnehagedekninga er god. I 2020 gjekk 272 264 av 1–5-åringane i barnehage, mot 275 804 i 2019. Det er ein nedgang på 3 540 barn, noko som kjem av nedgang i fødselstala for dei aktuelle årskulla. Dekningsgraden for barn i alderen 1–5 år har auka frå 92,2 pst. i 2019 til 92,8 pst. i 2020.

Ei nasjonal moderasjonsordning sikrar at ingen familiar skal betale meir enn 6 pst. av inntekta si for ein barnehageplass, avgrensa av ein nasjonalt fastsett maksimalpris for foreldrebetaling. I tillegg får barn i alderen 2–5 år frå låginntektsfamiliar 20 timar gratis barnehagetilbod per veke, og inntektsgrensa var frå 1. august 2021 på 583 650 kroner.

Kvaliteten på barnehagetilbodet varierer sterkt. Det er forskjellar når det gjeld i kva grad barnehagane bidreg til å støtte barns språk, leik og kognitive og emosjonelle utvikling. Regjeringa har lagt fram strategien *Barnehager mot 2030 – Strategi for barnehagekvalitet 2021–2030*. Hovudmålet for strategien er at alle barn skal få eit godt barnehagetilbod, uavhengig av kvar dei bur, og kva barnehage dei går i. Strategien uttrykker ambisjonane regjeringa har for barnehagesektoren, og fremjar ei rekke tiltak.

I 2022 foreslår regjeringa at 100 mill. kroner av veksten i kommunanes frie inntekter blir grunnlagt med å legge til rette for fleire barnehagelærarar i grunnbemanninga, og at dette må sjåast i lys av ambisjonen om at 50 pst. av det tilsette i barnehagen skal vere barnehagelærarar innan 2025. Departementet foreslår også å løyve 20 mill. kroner til auka pedagogtettleik i levekårsutsette område.

Sjå nærare omtale under programkategori 07.30 Barnehagar.

Delmål 4.3

Innan 2030 sikre kvinner og menn lik tilgang til god teknisk og yrkesfagleg opplæring og høgare utdanning, medrekna universitetsutdanning, til ein overkomeleg pris.

Høgare utdanning er gratis ved statlege institusjonar, og det finst gode økonomiske støtteordnin-

gar. Innanfor høgare yrkesfagleg utdanning utgjer studentbetaling om lag 38 pst. av den samla finansieringa.

Som følge av covid-19-pandemien har kvardagen blitt meir usikker for mange studentar og elevlar. Fleire studentar blei permitterte frå jobben dei har ved sida av studia på grunn av pandemien. For å kompensere for tapt arbeidsinntekt gjorde regjeringa det mogleg mellom anna å ta opp eit ekstralån på 26 000 kroner i 2020.

Om lag 60 pst. av studentane i høgare utdanning er kvinner. Dei siste ti åra har kjønnsfordelinga vore relativt konstant, også på tvers av fagområda. Sidan 2011 har det like fullt vore ei svak kjønnsutjamnande utvikling innanfor naturvitenskaplege, humanistiske og estetiske fag og i lærer- og pedagogikkutdanningar. For samfunnsfag og juridiske fag, derimot, har utviklinga gått i motsett retning. Eit tiltak for å jamne ut kjønnsforskjellane i høgare utdanning er at søkarar kan få tilleggspoeng ved opptak til visse studium der det er sterk ubalanse mellom kjønna, jf. nærare omtale i del III, kap. 8. I tillegg arbeider Nasjonalt senter for realfagsrekruttering (NSR) for å betre kjønnsbalansen i realfagsutdanningane.

Delmål 4.4

Innan 2030 oppnå ein stor auke i talet på unge og vaksne med kompetanse, mellom anna i tekniske fag og yrkesfag, som er relevant for sysselsetting, anstendig arbeid og entreprenørskap.

I første kvartal 2020 svarte 16 pst. av befolkninga at dei hadde delteke i formell utdanning dei siste 12 månadene. 44 pst. hadde delteke i ikkje-formell utdanning.

I 2020 var det registrert 292 834 studentar ved høgare utdanningsinstitusjonar i Noreg. Studentpopulasjonen auka dermed med 4 pst. jamført med året før. Veksten må mellom anna sjåast i samheng med Utdanningsløftet 2020, der Stortinget løyvde midlar til 4 000 nye studieplassar i høgare utdanning. Studieplassane blei vidareført i 2021, og regjeringa foreslår at studieplassane blir vidareførte i 2022 slik at universiteta og høgskulane kan halde fram med den auka opptakskapasiteten. 300 av dei 4 000 plassane foreslår regjeringa å omprioritere til barnevernfaglege masterutdanningar.

Rundt 68,3 pst. av elevane som starta på yrkesfag i 2014, fullførte innan seks år, opp nesten 8 prosenteningar frå 2006-kullet. Hausten 2020 var det 23 279 fagskulestudentar i Noreg. Det er nær 5 000 fleire studentar enn året før. Veksten kan

mellom anna sjåast i samanheng med satsinga til regjeringa for å auke kapasiteten ved fagskulane. Satsinga inneber ein auke på totalt 2 100 nye studie-plassar i 2020 og 2021. Regjeringa foreslår å løyve midlar til ei opptrapping og vidareføring av studieplassane i 2022.

Den økonomiske krisa som følge av covid-19-pandemien råkar særleg personar utan vidaregåande opplæring. Det er derfor ei hovudprioritering for regjeringa å få fleire til å fullføre vidaregåande opplæring. Våren 2020 blei det løyvd nær 850 mill. kroner til tiltak som mellom anna skal gjere det mogleg for fleire å fullføre vidaregåande opplæring og gi fleire læreplassar, som ein del av Utdanningsløftet 2020. Regjeringa vil halde fram denne satsinga i 2022, og foreslår over 800 mill. kroner til tiltak for at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring og som følger opp Fullføringsreforma. For nærare omtale sjå kapittel 11.

Delmål 4.5

Innan 2030 avskaffe kjønnsforskjellar i utdanning og opplæring og sikre lik tilgang til alle nivå innanfor utdanning og yrkesfagleg opplæring for sårbare personar, deriblant personar med nedsett funksjonsevne, urfolk og barn i utsette situasjonar.

Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO* blei lagd fram i november 2019. I meldinga følger regjeringa opp ein del forslag frå rapporten til ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging frå 2018 (Nordahl-rapporten). I meldinga følger regjeringa også opp nokre forslag frå NOU 2019: 3 *Nye sjansar – bedre læring. Kjønnsforskjellar i skoleprestasjoner og utdanningsløp*, der Stoltenberg-utvalet har ei rekke forslag til tiltak i barnehagen og grunnopplæringa. Stortinget slutta seg til forslaga i Tett på-meldinga våren 2020, jf. Innst. 188 S (2019–2020), og departementet er i gang med oppfølginga. Dette er nærare omtalt i programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Opplærings- og utdanningssektoren er underlagd krava om universell utforming av IKT i likestillings- og diskrimineringslova. Det betyr mellom anna at skulane må ha universelt utforma nettsider, og at digitale læringsplattformer og digitale læremiddel som skulane vel å bruke, må vere universelt utforma. Som følge av at Web Accessibility Directive (WAD) blir innlemma i norsk lov, vil forskrift om universell utforming av IKT frå 1. januar 2022 stille nye krav om universell utforming av offentlege organ sine nettstadar og mobi-

lapplikasjonar som gjeld offentleg sektor. Dei nye krava vil i all hovudsak gjelde for heile utdanningssektoren, men det er gjort unntak for synstolking av levande medieinnhald (video) som barnehagar og skular produserer sjølve. Unntaket gjeld ikkje høgare utdanning, og det skal greiast særskilt ut korleis gjennomføringa av direktivet skal skje i universitets- og høgskulesektoren, jf. Prop. 141 LS (2020–2021). Det er ein overgangsperiode på eit år, slik at verksemdene må etterleve dei nye krava innan 1. januar 2023. Regjeringa foreslår å løyve 4,5 mill. kroner til eit prosjekt om universell utforming av digitalt utstyr, digitale tenester og læringsformer i høgare utdanning i budsjettet for 2022.

Samane er Noregs urfolk, og Kunnskapsdepartementet har fleire tilskotsordningar som skal bidra til å utvikle samisk identitet, språk og kultur. Over kap. 222 Statlege skular og fjernundervisningstenester, post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald blir det løyvd midlar til drift av Sørsamisk kunnskapspark i Hattfjelldal, Samisk vidaregåande skule i Karasjok og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino. Midlane skal medverke til å utvikle samisk identitet, språk og kultur. Over kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa, post 63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa blir det løyvd midlar som skal bidra med finansiering til kommunar, fylkeskommunar og frittstående skular som tilbyr samisk opplæring i samsvar med § 6-2 og § 6-3 i opplæringslova. Tilskotet skal òg bidra til at lærarar får vidareutdanning i samiske språk. Når det gjeld høgare utdanning, gir Samisk høgskole og Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT) utdanningar i og på nordsamisk, medan Universitetet i Nordland gir utdanning i sør- og lulesamisk. UiT har òg eit sterkt fagmiljø i samisk språkteknologi.

Stenginga av skulane delar av våren 2020 på grunn av covid-19-pandemien hadde særleg negative konsekvensar for sårbare barn og unge. Det blei løyvd 400 mill. kroner til oppfølging av sårbare barn og unge, jf. Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2020*. Av dette blei 170 mill. kroner løyvde over kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, post 21 Særskilde driftsutgifter, for å sikre at sårbare elevar skulle kunne ta igjen tapt fagleg progresjon. I 2022 foreslår regjeringa å løyve 240 mill. kroner til tiltak for å støtte barn og unge som følge av konsekvensar av covid-19-pandemien i skule og barnehage. Midlane kan mellom anna brukast til tiltak for å støtte den faglege og sosiale utviklinga til barn og unge og til betre oppfølging

av sårbare barn. Nærmare omtale finst i del III kap. 11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren og i programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Delmål 4.6

Innan 2030 sikre at all ungdom og ein stor del vaksne, både kvinner og menn, lærer å lese, skrive og rekne.

Dei norske PISA-resultata har vore stabile over tid sidan byrjinga av 2000-talet. Resultata frå undersøkinga Programme for International Student Assessment (PISA) frå 2018, der om lag 6 000 norske elevar deltok, viser at dei norske elevane i snitt har ein tilbakegang i lesing og naturfag samanlikna med PISA 2015. Matematikkresultata er uendra. Norske elevar ligg framleis på eller over OECD-snittet i alle dei tre fagområda. For første gong presterer norske jenter signifikant betre enn gutane i alle dei tre fagområda. Det er særleg for lesing at kjønnsforskjellane er store. Fleire elevar enn tidlegare seier at dei ikkje bruker tid på å lese i fritida. Samtidig aukar tida dei bruker på å lese på skjerm. Det er ein større del enn i PISA 2009 som seier at dei ikkje les i det heile, eller at dei berre les dersom dei må. I Noreg er det mindre samanheng mellom heimebakgrunnen til elevane og skuleprestasjonane enn i dei fleste andre land, og det er også liten variasjon mellom skulane samanlikna med andre land. Dette tyder på at norsk skule i stor grad greier å gi eit likeverdig skuletilbod til elevar med ulik bakgrunn. Dei norske elevane seier at dei opplever betre arbeidsro i norsktimane i 2018 samanlikna med PISA 2009. Rapporten viser ein positiv samanheng mellom arbeidsro og prestasjonar i lesing.

Den førre Programme for the International Assessment of Adult Competencies (PIAAC 2011–2012) viser at befolkninga i Noreg mellom 25 og 64 år hadde god kompetanse samanlikna med i andre land. Dei eldste (55–64 år) og yngste (16–24 år) deltakarane i PIAAC hadde lågare ferdigheiter i lesing og talforståing enn gjennomsnittet av befolkninga. Dei yngste hadde dessutan lågare ferdigheiter enn det internasjonale gjennomsnittet for same aldersgruppe. Regjeringa gjennomfører kompetansereforma *Lære heile livet* for at ingen skal gå ut på dato i arbeidslivet, og for at fleire skal kunne stå lenger i arbeid. Sjå omtale av tiltaka i kompetansereforma under programkategori 07.50 Kompetansopolitikk og livslang læring.

Delmål 4.7

Innan 2030 sikre at alle elevar og studentar til eignar seg den kompetansen som er nødvendig for å fremje berekraftig utvikling, mellom anna gjennom utdanning for berekraftig utvikling og livsstil, menneskerettar, likestilling, fremje fred og ikkjevald, globalt borgarskap og verdsetjing av kulturelt mangfald og kulturen sitt bidrag til berekraftig utvikling.

Berekraftig utvikling er ein del av verdigrunnlaget i barnehagen og ein del av innhaldet og oppgåvene til barnehagane. I skulen er berekraftig utvikling prioritert som eitt av tre tverrfaglege tema i læreplanverket, saman med demokrati og medborgarskap og folkehelse og livsmeistring. Frå hausten 2020 starta innføringa av nye læreplanar for grunnopplæringa innanfor Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK2020). Dei nye læreplanane tok til å gjelde for 1.–9. trinn i grunnskulen og 1. trinn i vidaregåande opplæring hausten 2020 og for 10. trinn i grunnskulen og 2. trinn i vidaregåande opplæring hausten 2021. 3. trinn i vidaregåande opplæring følger etter hausten 2022. Det tverrgåande temaet berekraftig utvikling gjeld følgande:

Berekraftig utvikling som tverrfagleg tema i skulen skal legge til rette for at elevane kan forstå grunnleggjande dilemma og utviklingstrekk i samfunnet og korleis dei kan handterast. Berekraftig utvikling handlar om å verne om livet på jorda og ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydelegge moglegheitene framtidige generasjonar har til å dekke sine behov. Ei berekraftig utvikling bygger på forståinga av samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. Levesettet og ressursbruken til menneska har konsekvensar lokalt, regionalt og globalt.

Gjennom arbeid med temaet skal elevane utvikle kompetanse som gjer dei i stand til å ta ansvarlege val og handle etisk og miljøbevisst. Elevane skal få forståing for at handlingane og vala til den einskilde betyr noko. Temaet rommar problemstillingar knytte til miljø og klima, fattigdom og fordeling av ressursar, konflikhtar, helse, likestilling, demografi og utdanning. Elevane skal lære om samanhengen mellom dei ulike aspekta ved berekraftig utvikling.

Teknologi har betydeleg innverknad på menneske, miljø og samfunn. Teknologisk kompetanse og kunnskap om samanhengen mellom teknologi og dei sosiale, økonomiske og miljømessige sidene ved berekraftig utvikling står derfor sentralt i dette temaet. Teknologitviking kan

bidra til å løyse problem, men kan òg skape nye. Kunnskap om teknologi inneber ei forståing av kva for dilemma som kan oppstå ved bruk av teknologi, og korleis desse kan handterast.

Gjennomføringsmål 4 a

Etablere og oppgradere utdanningstilbod som varetek omsynet til barn, personar med nedsett funksjonsevne og kjønnsforskjellar, og sikrar trygge, ikkjevaldelege, inkluderande og effektive læringsomgivnader for alle.

Prinsippet om nulltoleranse for mobbing er nedfelt i opplæringslova. Frå hausten 2018 fekk alle fylka eigne mobbeombod. Elevundersøkinga frå hausten 2020 viser at 5,8 pst. av elevane blei mobba to eller tre gonger i månaden eller oftare. Det er ein nedgang frå 6,0 pst. i skuleåret før. Prosentdelen av elevar som blir mobba av medelevar, er stabil, medan delen som blir mobba av lærarar, fell.

Dei nye reglane for skulemiljø som tok til å gjelde 1. august 2017, inkluderte ei ny handhevingsordning som gir elevar og foreldre høve til enkelt å melde saker til statsforvaltaren dersom skulen ikkje gjer nok for å sikre at ein elev har det trygt og godt på skulen. Skuleåret 2020–21 blei det meldt inn 1 342 slike saker. Dette er ein nedgang på 165 saker frå skuleåret 2018–19. Skuleåret 2019–20 var tala endå lågare, men det har nok samanheng med covid-19-pandemien og det at skulane var stengde ein lang periode. I 94 pst. av sakene der statsforvaltaren våren 2021 tok stilling til om aktivitetsplikta var oppfylt eller broten, fekk elevane medhald. Omfanget av saker og kompleksiteten i sakene gjer at saksbehandlingstida kan bli lang, men tala frå våren 2021 viser at statsforvaltaren har klart å redusere etterslepet frå tidlegare melde saker.

Ordninga med mobbeomboda blei evaluert våren 2020. Rapporten viser at skuleeigarane og barnehagesektoren er nøgde. Det same gjeld føresette og elevar som har vore i kontakt med omboda. Dei opplever å møte forståing og få god informasjon og gode råd. Mobbeomboda er plasserte i fylkeskommunen, noko som kan medverke til ulik praktisering av mandatet. Dei manglar ein organisasjon som kan sørge for lik praksis, og mange av omboda opplever rolla si som midt mellom skulen og fylkesmannen.

Meir omtale av tiltak mot mobbing og for eit trygt og godt læringsmiljø finst i programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

I juni 2020 blei det gjort endringar i barnehagelova for at barn i barnehage skal få eit betre psykososialt barnehagemiljø. Lovføresegnene inneber at alle barnehagar skal arbeide systematisk for eit trygt og godt barnehagemiljø som fremjar helse, trivsel og læring for alle barn, og som skal førebygge tilfelle der barn ikkje opplever at dei har dette. Barnehagane skal ha nulltoleranse for mobbing, utestenging, trakassering, diskriminering, vald og andre typar krenkingar. Vidare er det innført ei aktivitetsplikt som viser kva barnehagen skal gjere for å fange opp og følge opp barn som ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Det blir no stilt krav om at barnehagen skal ha internkontroll mellom anna for å sikre at krava til barnehagemiljø blir oppfylte.

Gjennomføringsmål 4 b

Innan 2020 oppnå ein vesentleg auke, på verdsbasis, i talet på stipend som er tilgjengelege for studentar frå utviklingsland, særleg dei minst utvikla landa, små utviklingsøystatar og afrikanske land, for å gi dei tilgang til høgare utdanning, mellom anna yrkesfagleg opplæring og program for informasjons- og kommunikasjonsteknologi, teknikk, ingeniørfag og vitskap, i utvikla land og i andre utviklingsland.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har ansvaret for å administrere ordninga Partnerskapsprogram for globalt akademisk samarbeid (NORPART). NORPART støttar samarbeid mellom norske institusjonar og institusjonar i sør, og studentmobilitet skal vere eit element i programmet. Det overordna målet med programmet er å styrke kvaliteten i høgare utdanning i Noreg og dei 39 landa i Afrika, Asia og Latin-Amerika som er ein del av ordninga gjennom utdannings-samarbeid og gjensidig studentmobilitet. Som ledd i styrkinga av NORPART har regjeringa gjort endringar i programmet slik at det innanfor visse rammer kan dekke heil grad i Noreg for studentar frå sør. Den siste utlysinga av NORPART i mai 2021 hadde ei total ramme på 170 mill. kroner, inkludert 30 mill. kroner til finansiering av studentar frå partnarinstitusjonane i det globale sør som tek ein heil mastergrad i Noreg. Programmet er finansiert av Kunnskapsdepartementet og Utanriksdepartementet. Sjå nærare omtale i programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

Gjennomføringsmål 4 c

Innan 2030 oppnå ein vesentleg auke i talet på kvalifiserte lærarar, mellom anna gjennom internasjonalt samarbeid om lærarutdanning i utviklingsland, særleg i dei minst utvikla landa og i små utviklingsøystatar.

Tal frå Grunnskolens informasjonssystem (GSI) viser at 3,6 pst. av årsverka til undervisning ikkje oppfyllte kompetansekrava for tilsetjing i skuleåret 2020–21. Nærare omtale av mellom anna framtidig behov for lærarar finst i kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa. Statistikk frå SSB (2019-tal) viser at det i vidaregåande skule er rundt 24 pst. som ikkje har ei lærarutdanning, medan 11 pst. har anna pedagogisk utdanning. 5 pst. av alle lærarane har ikkje fullført studium på universitets- og høgskulenivå. Merk at tala for grunnskulen og vidaregåande skule bygger på ulike kjelder og derfor ikkje bør samanstillast.

Regjeringa har sett inn ei rekke tiltak for å gjere både lærarutdanningane og læraryrket meir attraktive. Strategien *Lærarutdanning 2025: nasjo-*

nal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene kom i 2017, same år som regjeringa løfta grunnskulelærarutdanningane til masternivå. Frå 2019 gjeld kravet om mastergrad for opptak til praktisk-pedagogisk utdanning. Ved å stramme inn karakterkrava for opptak til lærarutdanningane ønsker regjeringa å rekruttere fagleg sterkare studentar med betre gjennomføringsevne. Det er sett av midlar til rekrutteringstiltak, til samarbeid om praksis av høg kvalitet og til kompetanseheving og forskning på lærarutdanning. Det blir satsa tungt på vidareutdanning, rettleiingsordningar og karrierevegar for lærarar. Regjeringa har òg tildelt midlar til internasjonalisering i grunnskulelærarutdanningane. Diku forvaltar desse midlane gjennom Norwegian Partnership Programme for International Teacher Education (NOTED)-programmet, som gir støtte til utdanningssamarbeid og studentutveksling mellom lærarutdanningsinstitusjonar i Noreg og i utlandet. Sjå nærare omtale i programkategori 07.20 Grunnopplæringa og programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

10 Forny, forenkla og forbetre

Kunnskapsdepartementet jobbar kontinuerleg med tiltak som vil forenkla, modernisere og betre gjennomføringskrafta i sektoren. I dette kapittelet blir dei mest sentrale tiltaka som er planlagde eller starta opp allereie presenterte. I tillegg er det mykje kontinuerleg arbeid og småskala tiltak i departementet og i sektoren som del av utviklinga av den ordinære verksemda.

Enklare og betre tenester for brukarane

Kunnskapssektoren tilbyr eit breitt utval av tenester for ein stor del av befolkninga. Mange av dei underliggande verksemdene til Kunnskapsdepartementet har i dei siste åra arbeidd for å forenkla tenestene og få ei meir effektiv saksbehandling.

Regjeringa har gjort ein heilskapleg gjennomgang av opplæringslova. Etter 23 år med fleire reformer og lovendingar har lova blitt oppstykkka, omfattande og vanskeleg å finne fram i. Forslaget til ny opplæringslov har eit klarare språk og meir oversiktleg inndeling enn den noverande lova. Det gjer lova enklare å finne fram i og forstå. Ho blir betre og meir tilgjengeleg for elevar, foreldre, lærarar og andre som treng å orientere seg i regelverket. Forslaget til ny opplæringslov blei send på høyring 26. august 2021.

Regjeringa har lansert karriereveiledning.no, som er ei nasjonal digital karriererettleiingstene. Dette er ein nettstad der brukarar kan kommunisere med ein karriererettleiar om spørsmål som gjeld opplæring, utdanning og jobb. På nettstaden finst det òg informasjon om jobbsøking, utdanning og etter- og vidareutdanning. Tenesta skal bidra til å sikre eit likeverdig karriererettleiingstilbod til heile befolkninga, uavhengig av alder, bustad, utdanning eller tilknytning til arbeidsmarknaden. Denne tenesta vil fortløpande bli vidareutvikla av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse.

I dei siste åra er Feide innført som nasjonal fellesløyse for sikker pålogging i grunnopplæringa. Ved utgangen av 2020 var påoggingstenesta til Feide tilgjengeleg for 99,9 pst. av elevane i offentlege skular, med over 220 mill. påoggingar. Feide blir levert av Uninett, som samarbeider med

Utdanningsdirektoratet og Unit om forvaltninga av tenesta.

Utdanningsdirektoratet er i gang med innkjøp av eit nytt digitalt system for gjennomføring av prøvar og eksamenar. Systemet skal gi elevane og eksamenskandidatane ei intuitiv og brukarvennleg teneste der dei kan få vist kompetansen sin på fleire måtar enn i dag. Løysinga skal bidra til at alle prøvar og eksamenar kan utviklast og gjennomførast i ei ny, felles digital løysing. Prosjektet er forseinka med eitt år på grunn av covid-19-pandemien. Sjå meir omtale under kap. 226, post 45.

Lånekassen jobbar kontinuerleg med modernisering av søknadsbehandling og elektroniske arbeidsflater for å forenkla systema. Talet på saker som blir behandla heilmaskinelt, heldt fram med å stige i 2020. Prosentdelen heilmaskinelle søknader om betalingsutsetjingar og sletting av renter i 2020 var høgare enn normalt, noko som kjem av spesielle letnader som følge av pandemien. Behandlingstida for ein del av sakene som skal behandlast manuelt, var for lang. For betalingsutsetjingar kjem dette i hovudsak av covid-19-pandemien. Våren 2020 utvikla og iverksette Lånekassen ekstraordinære tiltak for dei som blei råka av covid-19-pandemien. Tiltaka gjaldt både for elevar, studentar og dei som betaler tilbake på lånet sitt. Samtidig opna Lånekassen søknaden for eit nytt studieår, lanserte nye nettsider og overførte alle IT-systema sine til offentleg sky. Det har vore eit stort trykk av kundar som har kontakta Lånekassen, og det har lagt press på saksbehandlinga under pandemien. Lånekassen har levert bra både på tiltak som følge av covid-19-pandemien og på ordinær drift, men det har i 2020 vore noko lengre saksbehandlingstid og svartid for kundane enn det Kunnskapsdepartementet har sett som krav.

Forny, forenkling og forbetring på integreringsfeltet

I regjeringa sin digitaliseringsstrategi for offentlig sektor er *Ny i Noreg* vald ut som ei av sju livshendingar der det skal utviklast samanhengande tenester med brukaren i sentrum. Utvikling av samanhengande tenester for flyktningar og inn-

vandrara skal gi ei meir brukarvennleg, effektiv og sikker forvaltning både for brukarane, for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet og for andre aktørar i integreringsarbeidet, mellom anna kommunane.

Den nye integreringslova er ein del av ei større integreringsreform. Eit mål med den nye lova er at fleire skal få formell kompetanse innanfor ramma av introduksjonsprogrammet, som også skal bli meir differensiert, slik at deltakarane får eit program med innhald og varigheit som er tilpassa deira bakgrunn og mål.

Det er òg utvikla standardiserte element til bruk i programmet, slik at det skal bli enklare for kommunane å tilby differensierte program av god kvalitet til alle typar deltakarar. Norskopplæringa er styrkt ved at kravet om å gjennomføre ei viss mengde timar norskopplæring er erstatta med eit krav om at den einskilde skal oppnå eit visst nivå i norsk. Gjennom integreringslova er det innført eit krav til forsvarlegheit. Kravet inneber at opplæringa og tenestene som kommunane gir etter lova, skal vere forsvarlege, noko som skal sikre kvaliteten i tenestetilbodet.

Stortinget behandla 5. mai 2020 Riksrevisjonens undersøking av arbeidet styresmaktene gjer med å integrere flyktningar og andre innvandrara gjennom kvalifisering til arbeid, Dokument 3:4 (2019–2020). Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med Arbeids- og sosialdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet vurdert det samla verkemiddelapparatet, oppdatert utfordringsbildet og kome fram til tiltak som skal styrke samordning og samarbeid i arbeidet med å integrere innvandrara gjennom kvalifisering og arbeid.

Deling av læringsressursar, forskning og data

I Granavolden-plattformen slår regjeringa fast at ho vil stimulere til utvikling av digitale læringsressursar og meir fleksible undervisningsopplegg. Stenginga av lærestadene til universitet og høgskular som følge av smitteverntiltaka i mars 2020 gjorde det naudsynt med ei rask og omfattande omlegging til nettundervisning. Ei stor utfordring ved omlegginga var at det ikkje fanst eit godt system for å dele læringsressursar og god praksis. Covid-19-pandemien har òg aktualisert behovet i arbeidslivet for tilgang til læringsinnhald.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Unit arbeidd med ei nasjonal løysing for tilgang til læringsressursar på tvers av utdanningsinstitusjonar. Den skybaserte tenesta Deling av læringsressursar (DLR) vil gjere det lettare for undervisarar

og studentar å finne kvalitetssikra læringsressursar uavhengig av lærestaden deira. Løysinga skal òg bidra til å gjere innhald ope tilgjengeleg for arbeidslivet og andre aktørar utanfor universitets- og høgskulesektoren. Ved å dele og bruke om att digitale læringsressursar vil institusjonane kunne oppnå betre kvalitet i utdanninga. Det er viktig å fremme ein kultur for deling, slik at alle utdanningsinstitusjonane dreg nytte av det potensialet som ligg i løysinga.

Unit leverte i 2020 ein rapport om framtidig deling av data om utdanning, forskning og integrering, på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Dei arbeider no med eit forprosjekt for kunnskapssektorens datafelleskap (KUDAF) som skal konkretisere tilrådingane i rapporten. Målet er å gjere data om kunnskapssektoren meir opne og tilgjengelege, noko som gir eit betre grunnlag for utvikling, auka kvalitet på tenestene og ei betre fordeling av ressursane. KUDAF skal vere ein felles infrastruktur for data som gir rask, rimeleg og sikker tilgang til data, og der data kan koplast på tvers av kjelder, innanfor og på tvers av verksemdar.

Regjeringa ønsker at alle skal ha fri tilgang til resultat av forskning. Eit viktig internasjonalt tiltak er Plan S og den internasjonale samanslutninga cOAlition S som støttar dette initiativet. Plan S blei lansert i september 2018 og har som mål å gjere all offentleg finansierte forskning ope tilgjengeleg. Deltakarane i samanslutninga, deriblant Noregs forskingsråd, har frå og med 2021 kravd at alle fagfelleverderte vitenskaplege artiklar som er resultat av forskning dei finansierer, skal vere fritt tilgjengelege på nettet frå publiseringstidspunktet, med ein open lisens. Grunnen er at dei ønsker at innovasjonspotensialet som ligg i forskingsresultata, skal kunne utnyttast i størst mogleg grad, òg i kommersielle samanhengar.

Risikostyring for betre informasjonstryggleik og personvern i høgare utdanning og forskning

I digitaliseringsstrategien for universitets- og høgskulesektoren 2017–21 var eit av tiltaka for å styrke informasjonstryggleiken eit tydelegare rammeverk for sektorstyringa av denne. I 2019 blei Kunnskapsdepartementets styringsmodell for informasjonstryggleik i høgare utdanning og forskning fastsett. Modellen er utvikla av Unit og departementet og organiserer ansvaret og styringsprosessane til departementet og direktoratet overfor dei underliggende verksemdene i høgare utdanning og forskning. Viktige leveransar frå Unit i dette arbeidet er ei årleg risiko- og tilstandsvur-

dering for sektoren, ein plan for å redusere risiko og ein policy for informasjonstryggleik og personvern (rundskriv F-04-20). Risikovurderinga ligg til grunn for departementets etatsstyring av verksemdene og Units sektorstyring. I 2020 var styringsmodellen ferdig innført. Han skal bidra til å redusere risiko på sektornivået, sikre etterleving av krav og sørge for at måla for informasjonstryggleiken og personvernet blir nådd. Dette er viktige føresetnader for arbeidet med å fornye, forenkle og forbetre eit område med betydeleg risiko.

Digital omstilling i høgare utdanning og forskning

Den nye strategien for digital omstilling i universitets- og høgskulesektoren 2021–25 blei lansert i september 2021. Strategien har som mål at universitet og høgskular skal bidra med den kompetansen og kunnskapen som den einskilde og private og offentlege verksemdar treng for å lykkast med den digitale omstillinga. Målet er å gi ei tydeleg retning til det vidare arbeidet med korleis digital teknologi skal brukast for å forbetre høgare utdanning og forskning. Strategien inneheld seks innsatsområde som er viktige for arbeidet med digital omstilling: digitalisering for fleksibel utdanning, digital pedagogisk innovasjon, digital kompetanse i alle fag, open forskning, utnytte data om kunnskapssektoren, leining og kultur for digital omstilling.

Dette handlar mellom anna om at digital teknologi skal utnyttast slik at

- fleire får tilgang til høgare utdanning uavhengig av livssituasjon, arbeidssituasjon og bustad
- kvaliteten på undervising, læring og vurdering aukar gjennom til dømes meir studentaktive læringsformer
- utdanninga gir studentane yrkestilpassa kompetanse i alle fag
- data og forskingsresultat kan delast og brukast om att på ein trygg måte

Under kvart av dei seks innsatsområda vil det vere tiltaksområde som er viktige for å verkeleggjere dei strategiske innsatsområda.

Kvart år søker mange studentar om opptak til studium der det inngår praksis med barn og unge, og i kommunale helse- og omsorgstenester. Slike studium stiller krav om å legge fram ein gyldig politiattest. Denne praksisen gir uformålstenlege steg for studentane som må søke om attest ein stad og sende inn attesten ein annan stad, og det krev ekstra administrasjon for utdanningsinstitusjonane. Samtidig kan ein ikkje vere heilt sikker

på om attesten har vorte redigert før han vert sendt inn. Det er derfor ønskeleg å finne løysningar som kan forenkle prosessen, ta betre vare på personvernet og redusere risikoen for falske attestar. Fleire sektorar og frivillige organisasjonar har tilsvarende behov, noko som i 2020 vart undersøkt i eit felles seminar. Kunnskapsdepartementet støttar opp om arbeidet Justis- og beredskapsdepartementet gjer med å vurdere ei betre løysing for å gi ut politiattestar.

Døme på forenklingstiltak i Kunnskapsdepartementets underliggende verksemdar

Unit overtok i 2020 forvaltninga av Arbeidslivsportalen, som er utvikla av OsloMet i samarbeid med Unit. Portalen er ei brukarvenleg nasjonal teneste som reduserer manuelt arbeid ved studiestadene og betrar informasjonsflyten mellom praksisstar, studiestadar og studentar. Arbeidslivsportalen er brukarfinansiert av universitet og høgskular og kan no takast i bruk for praksisopphald i profesjonsutdanningane. Han vil etter planen kunne takast i bruk seinare i 2021 for praksisopphald i disiplinutdanningane.

Unit har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet utvikla den nasjonale tenesta Vitnemålsportalen. Der kan alle som har høgare utdanning frå Noreg, sjølve hente ut resultatane sine og dele dei med utdanningsinstitusjonar, moglege arbeidsgivarar og andre interessentar. Vitnemålsportalen sikrar at resultatane som vert delte, er korrekte. Universitet og høgskular har gjennom Vitnemålsportalen fått mindre arbeid med produksjon av karakterutskrift, og arbeidssøkarar kan enkelt dele egne resultat på ein trygg måte.

Nasjonalt vitenarkiv er eit prosjekt finansiert av Kunnskapsdepartementet som etablerer eit felles nasjonalt kunnskapsarkiv for deponering av vitskapelege artiklar, andre typar forskingsresultat og studentoppgåver. Det vil erstatte dei institusjonelle kunnskapsarkiva og legge til rette for meir effektiv bruk av både kunnskapsarkiv, forskingsinformasjon og rapportering. Det nye kunnskapsarkivet er i bruk hos pilotinstitusjonar frå 2020, og fleire institusjonar vil gradvis ta løysinga i bruk.

Samanslåing av direktorat og statleg eigde aksjeselskap innanfor høgare utdanning og kompetansepolitikk

Regjeringa har store forventningar til universiteta, høgskulane og fagskulane. Derfor må òg direktorat og verksemdar i høgare utdanning og kompe-

tansepolitikk vere best mogleg skodde for å bidra i vidareutvikling av områda. For å rydde i overlappande oppgåve- og ansvarsområde innanfor høgare utdanning og kompetansepolitikk har regjeringa vedteke å opprette eitt direktorat for høgare utdanning og kompetanse og eitt tenesteleveranseorgan. Det blir såleis lettare å sjå høgare utdanning og kompetansepolitikk i samanheng, og det blir færre verksemdar som universitet, høgskular, fagskular og andre må ta omsyn til.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) blei etablert 1. juli 2021 gjennom ei samanslåing av Kompetanse Noreg, Diku og delar av Unit. Det nye direktoratet får òg oppgåver frå NSD og NOKUT, i tillegg til pådrivareininga Universell. Det samanslåtte direktoratet skal rette seg

mot å betre kompetansen til studentar og vaksne på alle utdanningsnivå. Dette vil bidra til å vidareutvikle fagskulane, høgskulane og universiteta og det kompetansepolitiske området.

Dei digitale tenesteleveransane til kunnskapssektoren skal òg organiserast meir effektivt. Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt) blir etablert 1. januar 2022. Dei fleste av Units digitale tenester blir lagde i Sikt, som i tillegg vil overta Uninett og NSDs oppgåver. Ei samordning av tenesteleveransane skal gjere det enklare å verkeleggjere felles strategiar og mål, gi effektiv ressursbruk og betre, meir samanhengande tenester for brukarane.

11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren og på integreringsfeltet

Bakgrunn

Covid-19-pandemien fekk store konsekvensar i kunnskapssektoren og på integreringsfeltet. For å hindre smitte blei alle barnehagar og utdanningsinstitusjonar stengde og undervisninga flytta over til digitale plattformer. Den økonomiske krisa førte til høgare etterspurnad etter utdanning, både innan vidaregåande opplæring, høgare yrkesfagleg utdanning og på høgskule- og universitetsnivå. Samstundes har pandemien fått særleg negative konsekvensar for ein del flyktningar og innvandrarakar.

Barnehagar og skular

På grunn av pandemien blei alle barnehagar og grunnskular stengde frå ettermiddagen 12. mars 2020. Barnehagane blei opna igjen frå 20. april. I grunnskulen blei 1.–4. trinn opna frå 27. april, medan resterande trinn blei opna 11. mai. Smittesituasjonen hausten 2020 blei relativt roleg sjølv om det var fleire lokale utbrot. Tal frå Utdanningsdirektoratet viser at 4 pst. av barnehagane var heilt stengde minst éin gong i løpet av haustmånadane, medan 9 pst. var delvis stengde. For grunnskulen finst ikkje tilsvarende tal for haustmånadane. Smittesituasjonen i første halvdel av 2021 blei meir dramatisk. 12 pst. av barnehagane måtte stenge heilt minst éin gong mellom januar og mars som følge av smitteutbrot, medan 6 pst. måtte stenge delvis. 25 pst. av skulane måtte halde heilt eller delvis stengt minst éin gong i løpet av same periode. I dei områda som hadde mest smitte, måtte skulane i lange periodar avgrense kor mange elevar som kunne møte fysisk på skulen, og mange elevar var lite til stades på skulen.

Smitteverntiltaka i skulane har påverka undervisninga og opplæringa for elevane, jf. koronakommisjonens NOU 2021: 6 *Myndighetenes håndtering av koronapandemien*. Undersøkingar har vist at det har vore særleg utfordrande å følge opp sårbare elevar. Rapportar frå barnehagane viser tilsvarende resultat. Tilsette i både barnehagar og skular har meldt om til dels svært høg arbeidsbe-

lastning under covid-19-pandemien. Digital heimeopplæring har ikkje fungert like bra for alle elevar. Mange slit med motivasjon, problem med å strukturere skuledagen, låg meistring og einsemd.

Elevane på dei vidaregåande skulane i område med høgt smittetrykk har hatt særleg mykje digital opplæring. Dette er krevjande for alle, men særleg utfordrande for dei med opplæring som krev tilgang til verkstadar, spesialrom og utstyr. Vidare har mange lærlingar og lærekandidatar vore permitterte. Nokre utdanningsprogram har vore hardare råka enn andre. På det meste var til dømes nær éin av fem lærlingar på restaurant- og matfag permitterte.

Kommunane melder om at dei tekniske føresetnadene for å drive digital heimeopplæring i hovudsak har vore gode. For dei få som ikkje har hatt tilgang til datamaskin eller stabilt internett, og dei som har svak digital kompetanse, har stenginga vore svært vanskeleg. Undersøkingar viser også at mange har mangla tilgang på eigna arbeidsplass heime. Både elevar, foreldre og lærarar meiner gjennomgåande at læringsutbyttet har vore redusert under pandemien, og studiar viser både opplevde og faktiske læringstap på gruppenivå blant elevar på barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skule.

Mellombelse reglar er tilpassa covid-19-pandemien slik at elevar i størst mogleg grad skal få oppfylt sine rettar etter opplæringslova. Det har gjennom heile pandemien vore reglar om at elevar med særlege behov skal prioriterast for stadlege tilbod dersom skulane i periodar må vere stengde eller ha reduserte moglegheiter for oppmøte.

Mange barn og unge har gått glipp av læring og sosialt fellesskap under pandemien. Koordineringsgruppa for tenester til sårbare barn og unge viser til at fleire studiar underbygger at konsekvensane av covid-19-pandemien forsterkar sosioøkonomiske forskjellar. Ein norsk studie som har samanlikna skriveferdigheit våren 2019 og våren 2020, viser at førsteklasingar har tapt skriveopplæring tilsvarende eit halvt år i løpet av seks veker med heimeopplæring. Elevane som var hardest ramma, var dei som ikkje har norsk som morsmål.

Studiar viser både eit opplevd og eit faktisk læringstap på gruppenivå blant elevar på barne- skule, ungdomsskule og vidaregåande skule, jf. Folkehelseinstituttets siste metastudie om konsekvensar av covid-19-pandemien for barn og unges liv og psykiske helse. Det er for tidleg å seie noko om dei langsiktige konsekvensane av covid-19-pandemien.

Dei nasjonale prøvane i lesing, rekning og engelsk på 5., 8. og 9. trinn 2020 viser i snitt ingen store endringar på nasjonalt nivå eller fylkesnivå. Gutane presterer litt svakare samanlikna med tidlegare år. Prøvane vart gjennomførte hausten 2020, og det er usikkert korleis pandemien påverka resultatane.

Skriftlege og munnlege eksamenar for elevar våren 2021 blei avlyste. Avlysing av eksamen skal så langt det er mogleg ikkje hindre elevar i å kome vidare i livet. Elevane får vitnemål dersom dei har standpunktkarakterar. Privatistar og elevar med behov for eksamen for å få vitnemål og fag- og sveinebrev har fått gjennomføre eksamen.

Regjeringa sette våren 2021 ned ei arbeidsgruppe leia av statsforvaltarembetet i Oslo og Viken, for å få innspel til gode tiltak som kan ta vare på elevane i tida framover, bøte på nokre av konsekvensane av pandemien og sørge for at flest mogleg gjennomfører vidaregåande opplæring. Gruppen leverte 15. juni rapporten *Skolen etter koronapandemien. Et løft for trivsel og læring* der det blir foreslått fleire konkrete tiltak for å bøte på dette. For omtale av tiltak i 2022, sjå budsjettforslaga i del II, programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Opplæring for vaksne har vore prega av stenging og ulike smitteverntiltak. Ei undersøking gjort av Utdanningsdirektoratet viser at ein av tre einingar i vaksenopplæringa har vore stengde, i Oslo er talet meir enn åtte av ti. Det er store skilnadar mellom kommunane. Deltakarane fekk digital opplæring, og meir enn ein av tre fekk eit redusert tilbod som følge av stenginga. Svært få hadde digital opplæring før pandemien. Dette auka til 76 pst. av einingane etter at vaksenopplæringa vart heilt eller delvis stengt. Manglande tilgang på digitalt utstyr gjorde at fleire hadde problem med å få nytte av opplæringa. Ein av ti hadde ikkje slikt utstyr eller mangla språklege eller digitale ferdigheter og fekk ingen nytte av opplæringa i den tida vaksenopplæringa var stengt. Også her er det stor variasjon mellom kommunane. Mange fekk òg problem med å delta i digital opplæring på grunn av omsorg for barn når barnehage og skule var stengde, eller på grunn av arbeid dei måtte pri-

oritere. Også i vaksenopplæringa blei eksamen avlyst.

Den økonomiske krisa har ført til auka etterspurnad etter utdanning

Historia viser at færre avsluttar utdanning, og at etterspurnaden etter utdanning aukar under økonomiske kriser. Dette har vore tilfellet under pandemien òg. Blant dei over 18 år var det nesten 17 000 fleire som tok utdanning hausten 2020 samanlikna med året før. Det var ein særleg stor auke blant dei unge som gjekk rett frå vidaregåande skule til høgare utdanning, og blant personar i 30-åra.

Dei som blei ferdige med utdanning våren 2020 møtte ein vanskeleg arbeidsmarknad. Fleire valde å ta vidare studiar hausten 2020 på grunn av vanskar med å finne relevant jobb (NIFU-rapport 2021:10). Dette gjaldt både fagutdanna frå vidaregåande opplæring og fagskule, og personar med bachelorgrad, ifølge tal frå SSB.

Trenden ser ut til å halde fram i 2021. Talet på søkarar til høgare utdanning gjennom Samordna opptak i 2021 var rekordhøgt. Til høgare utdanning var det 154 088 søkarar, ein auke på 3 304 personar, eller 2,2 pst., frå 2020. Til høgare yrkesfagleg utdanning (fagskule) var det 12 806 søkarar i 2021, som er 37,4 pst. fleire enn året før. Veksten i søkartal er størst for søkarar over 30 år.

Høgare yrkesfagleg utdanning, høgare utdanning og forskning

Studiestadane til fagskular, høgskular og universitet var stengde for studentar frå ettermiddagen 12. mars til 26. april 2020 og deretter opna i fleire trinn til full opning frå 15. juni. Etter dette innebar smittevernsituasjonen lokalt at nokre institusjonar periodevis måtte halde fram med stengde lokale eller sterkt avgrense tilgangen for studentar og tilsette. Studietilværet har derfor vore svært annleis enn planlagt for mange studentar, med mykje digital undervisning og vurdering, mykje sjølvstudium, redusert tilgang til viktig infrastruktur og avgrensa sosial og fagleg omgang med førelesarar og medstudentar. Mange har vore uroa for den psykiske helsa, studieprogresjonen og læringsutbyttet til studentane. Ulike undersøkingar, mellom anna *Studiebarometeret*, viser at covid-19-pandemien har hatt negative konsekvensar for studentane ved fagskular, universitet og høgskular, som at fleire har følt seg einsame, og at studiemotivasjonen blei lågare.

NIFU-rapporten *Et akademisk annerledesår* viser funn frå ei undersøking om korleis covid-19-pandemien mellom anna har hatt store konsekvensar for forskinga og dei vitenskaplege tilsette. Mange forskingsprosjekt har blitt forseinka som følge av mellom anna manglande tilgang på materiale og infrastruktur og av at tilsette i både undervisnings- og forskingsintensive stillingar har brukt meir tid på undervisning. Det viktige internasjonale samarbeidet har blitt ramma av reisestriksjonar, og for ein del fagområde har det vore vanskeleg å gjennomføre feltarbeid.

Covid-19-pandemien har særleg påverka mellombels tilsette i rekrutteringsstillingar som er tidleg i karrieren. Fleire stipendiatar enn vanleg er forseinka i arbeidet. Med heimel i tilsetjingsforskifta har desse tilsette høve til å få forlenga tilsetjinga. Forlenging for stipendiatar og postdoktorar finansierte over rammeløyvinga til institusjonane og med midlar gjennom Noregs forskingsråd blir dekt gjennom desse løyvingane. I 2020 blei det òg løyvd 40 mill. kroner til forseinka stipendiatar og postdoktorar finansierte av private aktørar og EU.

Integreringsfeltet

Personar med innvandrarbakgrunn har vore overrepresenterte blant dei med påvist smitte og covid-19-relaterte innleggingar i sjukehus. Det har også i ein skilde grupper vore lågare vaksinasjonsgrad. Samtidig blei denne gruppa hardt råka av sosiale og økonomiske konsekvensar av pandemien. Flyktningar og andre nykomne innvandrarar som etter planen skulle avslutte introduksjonsprogram og norskopplæring i løpet av pandemien, møtte ein utfordrande arbeidsmarknad. Fleire tiltak blei sette i verk for å avhjelpe dei negative konsekvensane av pandemien for desse gruppene.

Våren 2020 blei det løyvd 26,6 mill. kroner til frivillige organisasjonar for informasjonstiltak om pandemien retta mot innvandrarbefolkninga. I desember 2020 blei det løyvd ytterlegare 20 mill. kroner til dette. Det blei også sett av 430 mill. kroner til ein integreringspakke som mellom anna skulle styrke opplæringstilbodet for flyktningar og andre nykomne innvandrarar. Det blei mellom anna gitt midlar til utvida programtid for deltakarar i slutfasen av introduksjonsprogrammet, utvida tid med opplæring i norsk, styrking av tilskotsordninga Jobbsjansen og midlar til auka bruk av nettbasert norskopplæring.

Tiltak i statsbudsjettet 2021 for å møte konsekvensane av covid-19-pandemien

For å møte utfordringane i samfunnet som følge av covid-19-pandemien blei det i 2020 sett i verk ei rekke tiltak. Sjå kap. 11 i Prop. 1 S (2020–2021) for Kunnskapsdepartementet for oversikt over tiltaka fram til oktober 2020.

Under følger oversikt over tiltaka Stortinget har vedteke for budsjettåret 2021.

Utdanningsløftet 2020

Den økonomiske krisa som følgde av covid-19-pandemien, førte til stor arbeidsløyse og mange permitteringar. Mange av utfordringane i kunnskapssektoren og arbeidslivet som Noreg står overfor, blei endå tydelegare. Vi treng eit utdanningssystem som kan tilby utdanning til dei som ønsker det, og utdanninga må vere tilgjengeleg for folk i ulike livssituasjonar. Regjeringa lanserte derfor Utdanningsløftet 2020, ei storstilt satsing på auka kapasitet og fleksibilitet i utdanningane på alle nivå. Stortinget løyvde for 2021 til saman 2,8 mrd. kroner til tiltaka i Utdanningsløftet 2020, inkludert utdanningsstøtte.

Tabell 11.1 Tiltak i Utdanningsløftet 2020

		(i mill. kr)
Nivå	Tiltak	Beløp
Vidaregåande opplæring	Tilbod om vidaregåande opplæring til personar utan rett til opplæringa ¹	300
	Fagbrev på jobb ¹	46
	Tilbod for at avgangselevar utan vitnemål skal fullføre vidaregåande opplæring, inkl. tiltak som sommarskule og kompensierende opplæring for tapt undervisning ¹	150
	Auka lærlingtilskot våren 2021 ¹	170
	Særskilt tilskot retta mot permitterte lærlingar og for fleire læreplassar ²	100
	Utvida og forsterka tilbod om Vg3 i skule for dei som ikkje får læreplass ¹	150
	Yrkesfagleg rekvalifisering ¹	46
	Utvide forsøk med modulstrukturert opplæring innanfor utvalde lærefag ¹	15
Fagskular	1 600 studieplassar ved fagskulane (vidareføring og opptrapping) ¹	178,6
	498 studieplassar til Industrifagskolen ¹	37,8
Universitet og høgskular	4 000 studieplassar ved universitet og høgskular (vidareføring og opptrapping) ¹	603,2
	250 rekrutteringsstillingar (vidareføring og heilårseffekt) ¹	338,1
	Program for fleksibel utdanning ^{1,3}	91,3
Alle	Bransjeprogram i Kompetanseprogrammet, inkl. 20 mill. kroner til eit kompetanseløft for utsette industriklynger og eit kompetanseløft for luftfarten ^{1,2,3}	170
	Oppskalere fleksible utdanningstilbod ²	140

¹ Innst. 12 S (2020–2021) og Prop. 1 S (2020–2021)

² Innst. 233 S (2020–2021) og Prop. 79 S (2020–2021)

³ Innst. 600 S (2020–2021) og Prop. 195 S (2020–2021)

Utgifter til utdanningsstøtte på om lag 300 mill. kroner, som følge av utvida utdanningskapasitet, kjem i tillegg.

Tiltak for barnehagar og skular

Frå skulane og barnehagane blei stengde frå ettermiddagen 12. mars 2020, og fram til no har alle barnehagar og skular vore påverka av covid-

19-pandemien. Regjeringa har derfor sett i gang ei rekke tiltak for å prøve å motverke dei negative konsekvensane, og for å bidra til at barn og unge skal kunne ta igjen tapt læring.

Tabell 11.2 Tiltak for barnehagar og skular

Tiltak	(i mill. kr)
Støtte til kommunar, fylkeskommunar og friskular for å ta igjen tapt læring ¹	400
Støtte til digital heimeundervisning ²	70
Tilskot til nye og utvida sommarskuletilbod ³	500
Auka kompetanse om psykisk helse i skulen ⁴	30
Ekstra støtte til å ta igjen tapt læring i områda i regjeringa si områdesatsing ⁴	10
Røde Kors digital leksehjelp ⁴	6
Tilskot for å ta igjen tapt læring i vaksenopplæringa ⁴	30

¹ Innst. 12 S (2020–2021) og Prop. 1 S (2020–2021), og Innst. 600 S (2020–2021) og Prop. 195 S (2020–2021)

² Innst. 12 S (2020–2021) og Prop. 1 S (2020–2021)

³ Innst. 233 S (2020–2021) og Prop. 79 S (2020–2021)

⁴ Innst. 600 S (2020–2021) og Prop. 195 S (2020–2021)

I tillegg til tiltaka i tabell 11.2 har kommune- og fylkeskommuneøkonomien blitt styrkt for å dekke meirutgifter og mindreinntekter i mellom anna skular og barnehagar på grunn av covid-19-pandemien.

Tiltak på utdanningsstøttefeltet

Strengere reglar for smittevern har ført til permitteringar og arbeidsløyse, og fleire studentar har mista arbeidsinntekt etter utbrotet av covid-19-pandemien. Fleire tiltak blei derfor vidareførte i 2021 for å betre den økonomiske situasjonen til studentane.

Tabell 11.3 Tiltak på utdanningsstøttefeltet

Tiltak	(i mill. kr)
Oppheva inntektsgrense ut 2021 for avkorta stipend for studentar som bidreg til å avlaste helse- og omsorgssektoren under pandemien, og for politistudentar og studentar som blir beordra til beredskapsarbeid gjennom Heimevernet eller Sivilforsvaret ¹	50
Tilleggsloan våren 2021 med omgjering til stipend til studentar og andre med nedgang i inntekt som følge av covid-19-pandemien ¹	777,6 ²

¹ Innst. 233 S (2020–2021) og Prop. 79 S (2020–2021)

² Jf. Innst. 600 (2020–2021) vart 40 mill. kroner omdisponert til sosiale lågterskeltilbod for studentane.

I tillegg til tiltaka i tabell 11.3 blei mellombels unntak frå bortebuarkravet gjeninnført for vårsemestret 2021. Unntaka for elevar og studentar med opptak på institusjon i utlandet blei forlengde ut hausten 2021. Vilkår som krev at utdanning i utlandet må

vere stadbasert for å gi rett til lån og stipend, blei også oppheva i 2021, slik at studentar og elevar i utlandet fekk behalde lån og stipend. I tillegg fekk einskilde studentar i utlandet unntak frå talet på studiepoeng som ein kan få lån og stipend til. Unntaket

gjaldt studentar som var i sitt siste semester med høve til lån og stipend i utlandet våren 2021. For tilbakebetalningar blei det for 2021 gitt rom for ekstra utsetjing ved tilbakebetaling av utdanningslån.

Tiltak på integreringsfeltet

Regjeringa har sett ned to hurtigarbeidande ekspertgrupper som har sett på effektar av tiltak overfor innvandrarbefolkninga og foreslått nye. Ekspertgruppene leverte sine rapportar i desember 2020 og juni 2021. Den siste ekspertgruppa såg òg på særskilde integreringsutfordringar som har oppstått som følge av pandemien. I tillegg kartla ho årsaker til vaksineskepsis og foreslo tiltak for å få fleire til å ta vaksine. Ekspertgruppene foreslo mellom anna tiltak for å styrke språkopplæringa og for å nå målretta ut med informasjon om smittevern og vaksiner. Tilrådingane frå ekspertgruppene er følgde opp eller oppfølging er påbegynt, mellom anna i samarbeid mellom integrerings- og helsemyndighetene.

Vinteren 2021 la regjeringa fram ein ny tiltakspakke på 323 mill. kroner for å vidareføre satsinga med å styrke gjennomføringa av introduksjonsprogrammet og opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Tiltakspakken gjekk òg til å styrke informasjonstiltak om pandemien retta mot innvandrarbefolkninga og styrkt frivillig norsktraining. Det blei som del av integreringspakken, også gitt 20 mill. kroner i tilskot til meir enn 140 frivillige organisasjonar og deira informasjonsarbeid, i tillegg til 20 mill. kroner som blei løyvde i saldert budsjett for 2021.

I revidert budsjett for 2021 la regjeringa fram ein tredje integreringspakke på 103 mill. kroner for å vidareføre tilbodet om utvida introduksjonsprogram og opplæringa i norsk og samfunnskunnskap. Det blei i tillegg løyvd 6,3 mill. kroner til mellombels tolke- og omsetjingsteneste og 10 mill. kroner til klippekortordninga, jf. Innst. 600 S (2020–2021) og Prop. 195 S (2020–2021).

Tabell 11.4 Tiltak på integreringsfeltet

Tiltak	(i mill. kr) Beløp
Vidareføring av styrking til Jobbsjansen som følge av covid-19-pandemien ¹	25
Vidareføring av karriererettleiing for deltakarar i introduksjonsprogrammet under introduksjonslova, jf. <i>mellombels lov om tilpassingar i introduksjonslova for å avhjelpe konsekvensar av utbrotet av covid-19</i> ¹	15,4
Informasjonstiltak retta mot innvandrarbefolkninga i regi av frivillige organisasjonar ²	20
Midlar til å styrke IMDis høve til å følge opp tiltak foreslått i ekspertgruppa rapport ³	3
Utvida introduksjonsprogram med inntil 4 månader ³	135
Styrking og utviding av målgruppa for Jobbsjansen ³	25
Informasjonstiltak retta mot innvandrarbefolkninga i regi av frivillige organisasjonar ³	20
Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar – Frivillig norsktraining ³	10
Auka bruk av nettbasert norskopplæring ³	10
Utvida opplæring i norsk og samfunnskunnskap med inntil 4 månader ³	120
Mellombels tolke- og omsetjingsteneste i samband med pandemien ⁴	6,3
Utvida introduksjonsprogram i inntil fire månader ⁴	60,8
Styrking av klippekortordninga ⁴	10
Utvida opplæring i norsk og samfunnskunnskap med inntil 4 månader ⁴	32

¹ Innst. 16 S (2020–2021) og Prop. 1 S (2020–2021)

² Innst. 2 S (2020–2021) og Prop. 1 S Tillegg 1 (2020–2021)

³ Innst. 233 S (2020–2021) og Prop. 79 S (2020–2021)

⁴ Innst. 600 S (2020–2021) og Prop. 195 S (2020–2021)

Tiltak for høgare yrkesfagleg utdanning, høgare utdanning og forskning

Regjeringa sette ned to ekspertgrupper som skulle sjå på tiltak for å sikre god oppfølging av studentane ved fagskular, høgskular og universitet, med tanke på deira psykososiale liv, gjennom-

føring av eksamen og studieprogresjon. Regjeringa har tildelt til saman 318,5 mill. kroner i 2021 til utdanningsinstitusjonane og studentsamskipnadane for at studentane skulle kunne halde oppe studieprogresjonen og få fagleg oppfølging og sosiale lågterskeltilbod. I tillegg tildelte regjeringa 1,5 mill. kroner til Mental helse sin studenttelefon.

Tabell 11.5 Tiltak for høgare utdanning og forskning over Kunnskapsdepartementets budsjett

Tiltak	(i mill. kr)
Tiltak	Beløp
Midlar til studentsamskipnadene til sosiale lågterskeltilbod for studentane ¹	10
Midlar til fagskular, høgskular og universitet for å lønne studentar for å følge opp andre studentar fagleg og sosialt ²	150
Midlar til studentsamskipnader for å lønne studentar for å følge opp andre studentar sosialt ²	50
Midlar til studentsamskipnadene til sosiale lågterskeltilbod for studentane ²	20
Midlar til det psykiske helsetilbodet i studentsamskipnadene ²	8,5
Midlar til fagskular og private høgskular til tiltak for at studentane kan halde oppe studieprogresjonen ³	40
Midlar via studentsamskipnadene til lågterskeltilbod for studentane (studentorganisasjonar, arrangement ved semesterstart hausten 2021 m.m.) ⁴	40

¹ Innst. 12 S (2020–2021) og Tillegg 1 til Prop. 1 S (2020–2021)

² Innst. 233 S (2020–2021) og Prop. 79 S (2020–2021)

³ Innst. 600 S (2020–2021) og Prop. 195 S (2020–2021)

⁴ Innst. 600 S (2020–2021)

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2021–2022) om statsbudsjettet for år 2022 blir dei forslaga til vedtak førte opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Kunnskapsdepartementet blir i Prop. 1 S (2021–2022) statsbudsjettet for budsjettåret 2022 dei forslaga til vedtak som følger førte opp:

Kapitla 200–292 og 2410, 3200–3292, 5310 og 5617

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon			
200	Kunnskapsdepartementet		
	01 Driftsutgifter	403 260 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	17 500 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	3 170 000	423 930 000
201	Analyse og kunnskapsgrunnlag		
	21 Særskilde driftsutgifter	261 361 000	261 361 000
	Sum Administrasjon		685 291 000
Grunnoplæringa			
220	Utdanningsdirektoratet		
	01 Driftsutgifter	354 126 000	
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	200 805 000	
	70 Tilskot til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	74 700 000	629 631 000
221	Foreldretutvala for grunnopplæringa og barnehagane		
	01 Driftsutgifter	16 066 000	16 066 000
222	Statlege skular og fjernundervisningstenester		
	01 Driftsutgifter	151 011 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	2 067 000	153 078 000
224	Tilskot til freds- og menneskerettssenter		
	70 Freds- og menneskerettssenter	107 460 000	
	71 Det europeiske Wergelandsenteret	11 672 000	119 132 000
225	Tiltak i grunnopplæringa		
	01 Driftsutgifter	23 902 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	114 780 000	
	60 Tilskot til landslinjer	247 269 000	
	63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>	94 733 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	64	Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg	30 705 000	
	65	Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i>	128 796 000	
	66	Tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme	15 477 000	
	67	Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk	9 154 000	
	68	Tilskot til opplæring i kriminalomsorga	310 689 000	
	69	Tiltak for fullføring av vidaregåande opplæring	718 834 000	
	74	Prosjekttilskot	6 914 000	
	75	Grunntilskot	104 436 000	1 805 689 000
226		Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	1 697 667 000	
	22	Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar	1 683 724 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	44 000 000	
	61	Tilskotsordning til rettleing for nyutdanna nytilsette lærarar	61 919 000	
	64	Programfinansiering av 0-24-samarbeidet	41 583 000	
	71	Tilskot til vitensenter	94 651 000	3 623 544 000
227		Tilskot til særskilde skular		
	63	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar	44 552 000	
	78	Tilskot	186 434 000	230 986 000
228		Tilskot til frittstående skular o.a.		
	70	Frittstående grunnskular, <i>overslagsløyving</i>	3 202 439 000	
	71	Frittstående vidaregåande skular, <i>overslagsløyving</i>	1 740 303 000	
	72	Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, <i>overslagsløyving</i>	155 354 000	
	73	Frittstående grunnskular i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	109 397 000	
	74	Frittstående vidaregåande skular i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	13 335 000	
	75	Frittstående skular for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>	401 325 000	
	76	Andre frittstående skular, <i>overslagsløyving</i>	60 813 000	
	77	Den tysk-norske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>	30 309 000	
	78	Kompletterande undervisning	25 416 000	
	79	Toppidrett	79 415 000	
	81	Elevutveksling til utlandet	2 247 000	
	82	Kapital- og husleigetilskot til friskular	105 504 000	
	84	Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga	7 200 000	5 933 057 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
230	Statleg spesialpedagogisk støttesystem		
	01 Driftsutgifter	620 422 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	25 000 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	9 910 000	655 332 000
	Sum Grunnopplæringa		13 166 515 000
	Barnehagar		
231	Barnehagar		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	516 853 000	
	63 Tilskot til tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage	144 549 000	
	66 Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritets-språklege barn	17 342 000	
	70 Tilskot til symjing i barnehagane	72 233 000	750 977 000
	Sum Barnehagar		750 977 000
	Høgare yrkesfagleg utdanning		
240	Fagskular		
	60 Driftstilskot til fagskular	1 130 826 000	
	61 Utviklingsmidlar til fagskular, <i>kan overføres</i>	50 701 000	1 181 527 000
241	Felles tiltak for fagskular		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	22 754 000	22 754 000
242	Noregs grønne fagskule – Veia		
	01 Driftsutgifter	30 853 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	1 338 000	32 191 000
	Sum Høgare yrkesfagleg utdanning		1 236 472 000
	Kompetansepolitikk og livslang læring		
251	22. juli-senteret		
	01 Driftsutgifter	17 695 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , kan nyttast under post 01	10 000 000	27 695 000
253	Folkehøgskular		
	70 Tilskot til folkehøgskular	1 039 311 000	
	71 Tilskot til Folkehøgskolerådet	5 693 000	
	72 Tilskot til Nordiska folkehøgskolan	726 000	1 045 730 000
254	Studieforbund mv.		
	70 Tilskot til studieforbund	70 712 000	
	73 Tilskot til vaksenopplæringsorganisasjonar	3 601 000	74 313 000
256	Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse		
	01 Driftsutgifter	363 046 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	11 931 000	374 977 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
257	Kompetanseprogrammet		
	21 Særskilde driftsutgifter	7 250 000	
	70 Tilskot, <i>kan overføres</i>	305 873 000	313 123 000
258	Tiltak for livslang læring		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	148 424 000	148 424 000
	Sum Kompetansepolitikk og livslang læring		1 984 262 000
	Høgare utdanning og forskning		
260	Universitet og høyskular		
	50 Statlege universitet og høyskular	39 396 635 000	
	70 Private høyskular	2 078 282 000	41 474 917 000
270	Studentvelferd		
	74 Tilskot til velferdsarbeid o.a.	126 588 000	
	75 Tilskot til bygging av studentbustadar, <i>kan overføres</i>	959 158 000	1 085 746 000
271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga		
	01 Driftsutgifter	167 683 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	4 000 000	171 683 000
272	Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning		
	51 Tiltak for internasjonalisering, <i>kan overføres</i> , <i>kan nyttast under post 71</i>	121 062 000	
	52 Tiltak for høgare utdanning, <i>kan overføres</i> , <i>kan nyttast under post 72</i>	319 334 000	
	71 Tilskot til tiltak for internasjonalisering, <i>kan overføres</i> , <i>kan nyttast under post 51</i>	129 895 000	
	72 Tilskot til tiltak for høgare utdanning, <i>kan overføres</i> , <i>kan nyttast under post 52</i>	126 817 000	697 108 000
273	Kunnskapssektorens tenesteleverandør		
	50 Kunnskapssektorens tenesteleverandør	179 152 000	179 152 000
274	Universitetssenteret på Svalbard		
	70 Tilskot til Universitetssenteret på Svalbard	158 265 000	158 265 000
275	Tiltak for høgare utdanning og forskning		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , <i>kan nyttast</i> <i>under post 70</i>	143 432 000	
	70 Tilskot, <i>kan nyttast under post 21</i>	82 073 000	225 505 000
284	Dei nasjonale forskningsetiske komiteane		
	01 Driftsutgifter	19 839 000	19 839 000
285	Noregs forskingsråd		
	52 Langsiktig, grunnleggande forskning	1 708 476 000	
	53 Sektoroverskridande og strategiske satsingar	1 885 508 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	54	Forskningsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse	765 607 000	
	55	Verksemdskostnader	785 937 000	5 145 528 000
286		Regionale forskingsfond		
	60	Regionale forskingsfond, tilskot til forskning	159 012 000	159 012 000
287		Grunnløyving til samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt		
	57	Grunnløyving til samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt	228 426 000	228 426 000
288		Internasjonale samarbeidstiltak		
	21	Særskilde driftsutgifter	53 307 000	
	72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	299 268 000	
	73	EUs rammeprogram for forskning og innovasjon	3 310 007 000	
	74	EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett	607 032 000	
	75	UNESCO-kontingent	22 556 000	
	76	UNESCO-formål	4 350 000	4 296 520 000
289		Vitenskaplege prisar		
	51	Holbergprisen	17 492 000	
	71	Abelprisen	17 011 000	
	72	Kavliprisen	11 635 000	46 138 000
		Sum Høgare utdanning og forskning		53 887 839 000
		Integrering og mangfald		
290		Integrerings- og mangfaldsdirektoratet		
	01	Driftsutgifter	305 563 000	305 563 000
291		Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	60 865 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	44 350 000	
	50	Noregs forskingsråd	10 151 000	
	60	Integreringstilskot, <i>kan overførast</i>	4 953 065 000	
	61	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege, mindreårige flyktningar, overslagsløyving	656 771 000	
	62	Kommunale innvandrartiltak	227 256 000	
	70	Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging	2 418 000	
	71	Tilskot til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunn og frivillige organisasjonar	192 095 000	
	72	Statsautorisasjonsordninga for tolkar m.a.	19 664 000	
	73	Tilskot	30 258 000	6 196 893 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
292	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	78 731 000	
	22 Prøver i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere	36 219 000	
	60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere	1 008 013 000	
	61 Kompetansekartlegging i mottak før busetjing	602 000	1 123 565 000
	Sum Integrering og mangfold		7 626 021 000
	Statsbankane		
2410	Statens lånekasse for utdanning		
	01 Driftsutgifter	407 272 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , kan nyttast under post 01	28 162 000	
	50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving	8 345 502 000	
	70 Utdanningsstipend, overslagsløyving	3 743 822 000	
	71 Andre stipend, overslagsløyving	660 491 000	
	72 Rentestøtte, overslagsløyving	1 346 422 000	
	73 Avskrivningar, overslagsløyving	885 537 000	
	74 Tap på utlån	415 500 000	
	90 Auka lån og rentegjeld, overslagsløyving	34 950 339 000	50 783 047 000
	Sum Statsbankane		50 783 047 000
	Sum departementets utgifter		130 120 424 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Grunnopplæringa			
3220	Utdanningsdirektoratet		
	01 Inntekter frå oppdrag	2 406 000	2 406 000
3222	Statlege skular og fjernundervisningstenester		
	02 Salsinntekter o.a.	21 040 000	21 040 000
3225	Tiltak i grunnopplæringa		
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	11 201 000	11 201 000
3230	Statleg spesialpedagogisk støttesystem		
	01 Inntekter frå oppdrag	25 000 000	
	02 Salsinntekter o.a.	7 295 000	32 295 000
	Sum Grunnopplæringa		66 942 000
Høgare yrkesfagleg utdanning			
3242	Noregs grønne fagskule – Vea		
	02 Salsinntekter o.a.	5 108 000	
	61 Refusjon frå fylkeskommunar	1 341 000	6 449 000
	Sum Høgare yrkesfagleg utdanning		6 449 000
Kompetansepolitikk og livslang læring			
3256	Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse		
	01 Inntekter frå oppdrag	4 824 000	
	02 Salsinntekter o.a.	396 000	5 220 000
	Sum Kompetansepolitikk og livslang læring		5 220 000
Høgare utdanning og forskning			
3271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga		
	01 Inntekter frå oppdrag	4 000 000	
	02 Salsinntekter o.a.	646 000	4 646 000
3275	Tiltak for høgare utdanning og forskning		
	01 Inntekter frå oppdrag	10 000	10 000
3288	Internasjonale samarbeidstiltak		
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	17 441 000	17 441 000
	Sum Høgare utdanning og forskning		22 097 000
Integrering og mangfald			
3291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar		
	04 Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar, ODA-godkjende utgifter	11 883 000	11 883 000
3292	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar		
	01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter	24 543 000	24 543 000
	Sum Integrering og mangfald		36 426 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
		Statsbankane		
5310	Statens lånekasse for utdanning			
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter		6 300 000	
	29 Termingebyr		1 161 000	
	89 Purregebyr		92 913 000	
	90 Redusert lån og rentegjeld		12 806 848 000	
	93 Omgjering av utdanningslån til stipend		7 284 547 000	20 191 769 000
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning			
	80 Renter		4 795 109 000	4 795 109 000
	Sum Statsbankane			24 986 878 000
	Sum departementets inntekter			25 124 012 000

Fullmakt til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2022 kan

1.

overskride løyvinga på	mot tilsvarende meirinntekter under
Kap. 200, post 01	Kap. 3200, post 02
Kap. 220, post 01	Kap. 3220, post 02
Kap. 222, post 01	Kap. 3222, post 02
Kap. 230, post 01	Kap. 3230, post 02
Kap. 242, post 01	Kap. 3242, post 02 og 61
Kap. 256, post 01	Kap. 3256, post 02
Kap. 271, post 01	Kap. 3271, post 02
Kap. 290, post 01	Kap. 3290, post 01

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal òg dekke meirverdiavgift knytt til overskridinga og påverkar derfor òg kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorganane som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal takast med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

2. overskride løyvingane til oppdragsverksemd på 21-postane mot tilsvarende meirinntekter.

3. avhende fast eigedom, jf. Instruks om avhending av statleg eigedom mv., og nytte inntekter frå sal av eigedommar ved dei sjølvforvaltande universiteta til kjøp, vedlikehald og bygging av andre lokale til undervisnings- og forskingsformål ved den same verksemda.
4. gi Noregs forskingsråd fullmakt til å kjøpe og avhende eigedommar. Salsinntekter blir førte til eigedomsfondet til Noregs forskingsråd.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

III

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2022 kan

1. gi tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
220		Utdanningsdirektoratet	
	70	Tilskot til læremiddel o.a.	67 mill. kroner
226		Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	
	21	Særskilde driftsutgifter	35 mill. kroner
	22	Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar	237 mill. kroner
270		Studentvelferd	
	75	Tilskot til bygging av studentbustadar	895,5 mill. kroner

2. gi tilsegn om å utbetale 20 pst. av tilskot til opplæring i kriminalomsorga over kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa, post 68 Tilskot til opplæring i kriminalomsorga påfølgande budsjettår, når endeleg rekneskap ligg føre.

3. gi tilsegn om å utbetale utdanningsstøtte for første halvår 2023 (andre halvdel av undervisningsåret 2022–2023) etter dei satsane som blir fastsette for andre halvår 2022 (første halvdel av undervisningsåret 2022–2023), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 70

Utdanningsstipend, 71 Andre stipend, 72 Rentestøtte og 90 Auka lån og rentegjeld, og kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning, post 80 Renter.

4. gi tilsegn om å gjere om lån til stipend første halvår 2023 (andre halvdel av undervisningsåret 2022–2023) etter dei satsane som blir fastsette for andre halvår 2022 (første halvdel av undervisningsåret 2022–2023), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 50 Avsetning til utdanningsstipend.

IV

Kostnadsrammer Blått bygg ved Nord universitet

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2022 kan starte opp byggeprosjektet Blått bygg ved Nord universitet innanfor ei kostnadsramme på 575 mill. kroner.

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å starte opp brukarutstyrsprosjektet til Blått bygg innanfor ei kostnadsramme på 120 mill. kroner, og til å inngå forpliktingar for seinare budsjettår innanfor kostnadsramma.

V

Kostnadsrammer 22. juli-senteret

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2022 kan starte opp byggeprosjektet for eit nytt 22. juli-senter innanfor ei kostnadsramme på 483 mill. kroner.

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å gjennomføre eit prosjekt for inventar, brukarutstyr og til å etablere utstilling innanfor ei kostnadsramme på 82 mill. kroner, og til å inngå forpliktingar for seinare budsjettår innanfor kostnadsramma.

VI

Kostnadsramme samlokalisert nybygg for Samisk videregående skole og reindriftsskole og det samiske nasjonalteatret Beavivåš i Kautokeino

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å starte opp prosjektet samlokalisert nybygg for Samisk videregående skole og reindriftsskole og det samiske nasjonalteatret Beavivåš i Kautokeino innanfor ei kostnadsramme på 485 mill. kroner. Ramma inkluderer midlar til både bygg og brukarutstyr, og prosjektet skal gjennomførast innanfor absolutte økonomiske rammer (prinsippet om design-to-cost).

VII

Oppdaterte kostnadsrammer Livsvitskapsbygget ved UiO

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å halde fram byggeprosjektet Livsvitskapsbygget ved UiO innanfor ei kostnadsramme på 11 974 mill. kroner.

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å starte opp brukarutstyrprosjektet til UiOs del av Livsvitskapsbygget innanfor ei kostnadsramme på 1 198 mill. kroner, og til å inngå forpliktingar for seinare budsjettår innanfor kostnadsramma.

Andre fullmakter

VIII

Gebyr for privatisteksamen

Stortinget samtykker i at privatistar som melder seg opp til eksamen, og kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøvar etter opplæringslova § 3-5, skal betale eit gebyr per prøve. Gebyret skal betalast til fylkeskommunen. Privatistar som melder seg opp til eksamen, skal betale 1 217 kroner dersom privatisten ikkje har prøvd seg i faget tidlegare som privatist eller elev, og 2 435 kroner ved forbetningsprøvar. Kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøvar etter opplæringslova § 3-5, skal betale 1 037 kroner per prøve dersom kandidaten ikkje har gått opp tidlegare, og 2 080 kroner ved seinare forsøk.

IX

Fullmakt for universitet og høgskular til å delta i selskap

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2022 kan gi universitet og høgskular fullmakt til å

1. opprette nye selskap og delta i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
2. bruke overskot av oppdragsverksemd til kapitalinnskott ved oppretting av nye selskap eller ved deltaking i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
3. bruke utbyte frå selskap som verksemda har kjøpt aksjar i eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskott.

4. bruke inntekt frå sal av aksjar i selskap som verksemda har erverva med overskot frå oppdragsverksemd eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskott.

X

Foreldrebetaling i barnehage

Stortinget samtykker i at

1. maksimalgrensa for foreldrebetaling for eit heildags ordinært barnehagetilbod blir fastsett til 3 315 kroner per månad og 36 465 kroner per år frå 1. januar 2022, jf. forskrift 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehagar § 1.
2. inntektsgrensa for fritak i foreldrebetalinga i barnehage for 20 timar blir sett til 598 825 kroner per år frå 1. august 2022, jf. forskrift 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehagar § 3.

XI

Fullmakt til postering mot mellomværet med statskassa

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2022 kan gi Statens lånekasse for utdanning fullmakt til å inntektsføre uteståande midlar mot Konverteringsfondet i same periode som konvertering av lån til stipend blir gjort, og mot Lånekassas mellomvære med statskassa. Mellomværet blir utlikna i påfølgande periode når oppgjeret blir overført frå Konverteringsfondet.

Vedlegg 1**Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak****DigForsk AS**

Selskapet har leigd inn dagleg leiar. Lønn i 2020 er kostnadsført med 0 kroner og 8 048 kroner i anna godtgjersle. Dagleg leiar er ikkje tilsett i DigForsk AS og mottok derfor ikkje lønn frå selskapet. I 2020 har selskapet innleigd dagleg leiar frå UiT og godtgjersle er ført med 911 716 kroner.

I4 Helse AS

Dagleg leiar fekk 853 616 kroner i lønn og 8 876 kroner i anna godtgjersle i 2020. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 78 669 kroner.

Mecatronics Innovation Lab AS

Dagleg leiar fekk 1 143 647 kroner i lønn og 16 489 kroner i anna godtgjersle i 2019. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 99 526 kroner.

NTNU Ocean Training AS

Dagleg leiar fekk 810 789 kroner i lønn og 15 126 kroner i anna godtgjersle i 2020. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 41 501 kroner.

NSD – Norsk senter for forskingsdata AS

Dagleg leiar fekk 1 244 714 kroner i lønn og 9 695 kroner i anna godtgjersle i 2020. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 24 055 kroner. Dagleg leiar har ikkje rett til bonus, overskotsdeling eller opsjonar og heller ikkje særlege ytingar ved opphøyr av tilsetjingsforholdet.

NTNU Samfunnsforskning AS

Dagleg leiar fekk ei lønn på 1 128 689 kroner i 2020. Pensjonsutgifter er kostnadsført med 126 275 kroner. Dagleg leiar har ein avtale om særskilt vederlag ved opphøyr av tilsetjingsforholdet.

NTNU Technology Transfer AS

Dagleg leiar fekk 1 765 063 kroner i lønn og 13 692 kroner i andre godtgjersler i 2020. Selskapet har tenestepensjonsordning i tråd med lov om obligatorisk tenestepensjon.

Sem gjestegård AS

Det blei i styremøte 27. oktober 2020 vedteke å kunngjere oppbod for Sem Gjestegård AS. Selskapet blei registrert under konkursbehandling 5. november 2020. Bakgrunnen for vedtaket var at det ikkje lenger var føresetnad for vidare drift. Konkursbuet er enno ikkje avslutta. Dagleg leiar fekk 177 655 kroner i lønn. Pensjonsutgifter er kostnadsført med 106 118 kroner.

Senter for økonomisk forskning AS

Selskapet blei med rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2020 fusjonert inn i NTNU Samfunnsforskning AS, og har såleis ikkje hatt aktivitet som eige selskap i 2020. Selskapet blei sletta i Føretaksregisteret 22. april 2020.

Simula Research Laboratory AS

Dagleg leiar fekk 2 895 511 kroner i lønn og 123 713 kroner i andre godtgjersler i 2019. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 122 835 kroner.

Unifond AS

Det er rekneskapsført 175 635 kroner i lønn til dagleg leiar i 2020. Selskapet har ei ytingsbasert pensjonsordning i Statens pensjonskasse, men har ikkje plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Uninett AS

Dagleg leiar fekk 1 549 516 kroner i lønn og 17 428 kroner i andre godtgjersler. Selskapet har innskotsplanar for pensjonar i tråd med regelverket. Innskotsplanane omfattar alle tilsette.

Unirand AS

Dagleg leiar fekk 116 758 kroner i lønn i 2020. Det er ikkje utgiftsført pensjonsutgifter og andre godtgjersler til dagleg leiar.

Universitetssenteret på Svalbard AS

Det er totalt kostnadsført 1 393 199 kroner i lønn og godtgjersle til dagleg leiar, fordelt på to personar som har vore tilsette som dagleg leiar i ulike periodar. Arbeidsgivardelen av pensjon for dagleg leiar er ført med 187 805 kroner.

Andre

Følgande heileigde selskap har ingen lønte tilsette som dagleg leiar:

- DnF Productions AS
 - Universitetet i Bergen Eiendom AS
 - Nord innovasjon AS
 - Vangslund AS
-

Vedlegg 2**Tildeling til universitet og høgskular**

Tabell 2.1 Tildeling per universitet og høgskule i 2022

Institusjon	(i 1 000 kr) Beløp
<i>Statlege verksemdar</i>	
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	226 888
Høgskolen i Innlandet	1 356 816
Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk	312 136
Høgskulen i Volda	417 176
Høgskolen i Østfold	781 904
Høgskulen på Vestlandet	2 225 050
Kunsthøgskolen i Oslo	382 448
Nord universitet	1 593 825
Noregs handelshøgskole	581 055
Noregs idrettshøgskole	237 859
Noregs miljø- og biovitskaplege universitet	1 461 950
Noregs musikkhøgskole	315 406
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	7 344 952
OsloMet – Storbyuniversitetet	2 789 910
Samisk høgskole	99 479
Universitetet i Agder	1 639 288
Universitetet i Bergen	3 971 811
Universitetet i Oslo	6 052 634
Universitetet i Stavanger	1 848 843
Universitetet i Sørøst-Noreg	2 108 529
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	3 648 676

Tabell 2.1 Tildeling per universitet og høyskule i 2022

Institusjon	Beløp
(i 1 000 kr)	
<i>Private verksemder</i>	
Ansgar høyskole for teologi, musikk og psykologi	32 175
Barratt Due musikkinstitut – Høyskoleavdelingen og Unge talenter	29 825
Bergen Arkitekthøyskole	21 387
Dronning Mauds Minne Høyskole for barnehagelærerutdanning	149 079
Fjellhaug Internasjonale Høyskole	16 896
Handelshøyskolen BI	423 071
Høgskulen for grøn utvikling	2 934
Høyskolen Kristiania	325 234
Høyskolen for dansekunst	2 150
Høyskolen for ledelse og teologi	19 454
Lovisenberg diakonale høyskole	137 938
MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn	120 302
NLA Høyskolen	306 177
Steinerhøyskolen	20 799
VID vitenskapelige høyskole	470 861

Vedlegg 3**Byggtabellar for universitet og høgskular**

Tabell 3.1 Ordinære prosjekt under bygging i 2022, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 530, post 31 og 33 og kap. 2445, post 31 og 33 og brukarutstyrsprosjekt over kap. 530, post 45

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner, prisnivå 1.7.2022	Bruttoareal (m ²)
Universitetet i Oslo og Oslo universitetssjukehus ¹	Livsvitskapsbygget	11 974	97 500 ²
Universitetet i Oslo ¹	Midlar til utstyr og inventar Livsvitskapsbygget	1 198	
Universitetet i Oslo	Vikingtidsmuseum på Bygdøy, tilbygg og rehabilitering	2 237	13 100
Universitetet i Oslo	Midlar til utstyr og inventar Vikingtidsmuseum	282	
Nord universitet	Blått bygg	575	9 680
Nord universitet ³	Midlar til utstyr og inventar Blått bygg	120	
Noregs teknisk-naturvit- skaplege universitet (NFD prosjekteigar)	Ocean Space Center	4 302	
Noregs teknisk-naturvit- skaplege universitet (NFD prosjekteigar)	Midlar til utstyr og inventar Ocean Space Center	4 312	

¹ Forslag til ny kostnadsramme.² Areal utvida etter at OUS blei inkludert i prosjektet.³ Nord universitet er ansvarleg for brukarutstyrsprosjektet, som blir finansiert over kap. 260.Tabell 3.2 Brukarfinansierte prosjekt under bygging i 2022, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 2445, post 34¹

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner, prisnivå 1.7.2022	Bruttoareal (m ²)
Noregs teknisk-naturvit- skaplege universitet	Nytt bygg for helse- og sosialvitenskap, Elgesetergate	640 ² (inkl. kunstna- risk utsmykking)	13 000

¹ Tabellen viser byggeprosjekt der institusjonane dekker investeringskostnaden innanfor egne budsjettammer, såkalla brukarfinansierte (tidlegare kurante) byggeprosjekt. Dette er prosjekt innanfor statens husleigeordning, og investeringskostnaden for prosjektet blir betalt tilbake gjennom husleige til Statsbygg.² I tillegg finansierer Studentsamskipnaden i Gjøvik, Ålesund og Trondheim (Sit) 289 mill. kroner av bygget.

Tabell 3.3 Ferdig prosjekterte byggeprosjekt¹

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner	Bruttoareal (m ²)
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	Nybygg for Tromsø museum	1 740	19 700

¹ Tabellen viser ferdig prosjekterte byggeprosjekt med kostnadsramme over 300 mill. kroner. Ferdig prosjektert betyr at mål, overordna rammer og kostnader for prosjektet er fastsette. Ei eventuell startløyving vil vere avhengig av dei årlege budsjettprosessane. I tillegg er nybygg og ombygging for Arkeologisk museum for UiS og nytt utstillingsveksthus for Naturhistorisk museum for UiO ferdig prosjekterte. Regjeringa foreslår ikkje midlar til å gå vidare med prosjekta.

Tabell 3.4 Byggeprosjekt med prosjekteringsløyve, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 530, post 30 og kap. 2445, post 30 og 32¹

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner	Bruttoareal (m ²)
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	NTNU Campussamling	11 857 ²	129 100
Universitetet i Bergen	Nybygg for Griegakademiet ³	Ikkje fastsett	Ikkje fastsett
Høgskulen på Vestlandet	Tilbygg og ombygging ved Campus Haugesund	Ikkje fastsett	7 400

¹ Tabellen viser både forslag frå regjeringa for 2022 og byggeprosjekt der Stortinget har vedteke ei løyving til vidare planlegging og prosjektering av bygget. Prosjekteringsmidlane er løyvde over kap. 530, post 30 for prosjekt utanfor statens husleigeordning, og kap. 2445, post 30 for prosjekt innanfor statens husleigeordning, og brukarfinansierte prosjekt på over 100 mill. kroner under programmering eller prosjektering, kap. 2445, post 32.

² Talet viser totalsum midlar som prosjektet skal planleggast ut frå, inklusiv brukarutstyr. Her er midlar til oppføring av NTNU sin del av Senter for psykisk helse (639 mill. kroner) trekt ut av ramma.

³ Universitetet i Bergen finansierer sjølv kostnaden ved forprosjektet.

Vedlegg 4**Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder
under Kunnskapsdepartementet**

Tabell 4.1 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Utgifter				
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	62 804	67 015	74 351	90 316
Varer og tenester	90 607	83 225	78 527	137 236
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>153 411</i>	<i>150 240</i>	<i>152 878</i>	<i>227 553</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	3 212	4 124	7 435	5 067
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>3 212</i>	<i>4 124</i>	<i>7 435</i>	<i>5 067</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	2 402	2 512	0	0
Andre utbetalningar	458 515	1 458 791	1 732 610	2 386 314
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>460 917</i>	<i>1 461 303</i>	<i>1 732 610</i>	<i>2 386 314</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	1 860	0	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>1 860</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>617 540</i>	<i>1 617 527</i>	<i>1 892 923</i>	<i>2 618 934</i>

Tabell 4.1 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Inntekter				
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	1 847	502	46	42
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	4 381	3 868	3 863	3 863
Andre driftsinntekter	38 602	34 307	43 643	40 911
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>44 829</i>	<i>38 677</i>	<i>47 552</i>	<i>44 817</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar til drift	122 002	145 441	145 076	174 386
Innbetalningar frå fagdepartement til tilskot til andre	207 018	1 244 308	1 526 491	1 753 633
Innbetalningar frå andre departement til tilskot til andre	95 547	34 314	45 556	18 290
Andre innbetalningar	239 557	296 446	254 200	638 077
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>664 124</i>	<i>1 720 508</i>	<i>1 971 323</i>	<i>2 584 386</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalningar (t.d. innbetaling av rente)	2 210	0	12 952	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>2 210</i>	<i>0</i>	<i>12 952</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>711 164</i>	<i>1 759 186</i>	<i>2 031 827</i>	<i>2 629 202</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>93 623</i>	<i>141 659</i>	<i>138 904</i>	<i>10 268</i>

Tabell 4.2 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	120 192	137 385	119 421	189 489
Løyvingar frå andre departement	6 586	4 456	4 792	5 570
Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan	-128	0	1 597	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	1 191	1 432	1 433	1 248
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>127 840</i>	<i>143 273</i>	<i>127 242</i>	<i>196 307</i>
Overføringar til verksemda				
Overføringar frå fagdepartement til tilskot til andre	207 018	1 244 308	1 526 491	1 753 633
Overføringar frå andre departement til tilskot til andre	95 547	34 314	45 556	18 290
Overføringar frå andre verksemdar til tilskot til andre	239 557	296 446	254 200	638 077
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>542 122</i>	<i>1 575 067</i>	<i>1 826 247</i>	<i>2 409 999</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	-2 763	-2 162	2 390	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	17 438	19 726	24 495	21 847
<i>Sum bidrag</i>	<i>14 675</i>	<i>17 564</i>	<i>26 885</i>	<i>21 847</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemdar	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemdar	0	0	0	0
Oppdrag frå private	53	0	0	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	26 473	23 281	51 452	1 049
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>26 526</i>	<i>23 281</i>	<i>51 452</i>	<i>1 049</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>711 164</i>	<i>1 759 186</i>	<i>2 031 827</i>	<i>2 629 202</i>

Tabell 4.3 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Direktoratet for internasjonisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) i perioden 2018–20

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Endring frå 2019 til 2020
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	235 272	337 986	505 624	167 638
Behaldningar på andre bankkontoar	174 340	213 285	184 551	-28 734
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>409 612</i>	<i>551 271</i>	<i>690 175</i>	<i>138 904</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	7 449	8 040	9 400	1 361
Skattetrekk og offentlege avgifter	7 866	8 445	9 229	783
Gjeld til leverandørar	5 474	16 833	9 513	-7 320
Gjeld til oppdragsgivarar	-5 713	-2 489	-11 923	-9 434
Gjeld knytt til tilskotsforvaltning m.m.	185 281	275 756	444 310	168 554
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	188 937	211 084	197 832	-13 252
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>389 294</i>	<i>517 670</i>	<i>658 362</i>	<i>140 692</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	338	162	102	-61
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	11 074	10 450	8 007	-2 443
Andre avsetningar til vedtekne ikkje starta formål	0	1 280	0	-1 280
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	105	159	117	-42
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>11 517</i>	<i>12 052</i>	<i>8 226</i>	<i>-3 826</i>

Tabell 4.3 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) i perioden 2018–20

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Endring frå 2019 til 2020
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	8 801	21 549	23 587	2 038
Fri verksemdskapital	0	0	0	0
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>8 801</i>	<i>21 549</i>	<i>23 587</i>	<i>2 038</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>409 612</i>	<i>551 271</i>	<i>690 175</i>	<i>138 904</i>

Tabell 4.4 Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
Utgifter	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	504 053	552 566	559 687	476 000
Varer og tenester	253 118	249 682	264 255	336 300
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>757 171</i>	<i>802 248</i>	<i>823 942</i>	<i>812 300</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrsjøp og vedlikehald	44 822	40 538	50 786	0
<i>Sum utgifter til større utstyrsjøp og vedlikehald</i>	<i>44 822</i>	<i>40 538</i>	<i>50 786</i>	<i>0</i>
Overføringar frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	4 707 160	4 581 463	5 000 742	5 379 812
Andre utbetalningar	4 984 599	5 258 386	5 812 897	6 850 889
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>9 691 759</i>	<i>9 839 849</i>	<i>10 813 639</i>	<i>12 181 589</i>

Tabell 4.4 Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art

(i 1 000 kr)				
Utgifter	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>10 493 752</i>	<i>10 682 635</i>	<i>11 688 367</i>	<i>13 043 001</i>
Inntekter	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Driftsinntekter				
Inntekter frå løyvingar	893 677	812 346	836 839	795 497
Inntekter frå sal av varer og tenester	1 882	1 674	1 843	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	0	0	0
Andre driftsinntekter	0	0	0	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>895 559</i>	<i>814 020</i>	<i>838 682</i>	<i>795 497</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsaktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	9 550 053	10 116 789	11 135 729	9 911 507
Andre innbetalingar	39 670	286 179	302 907	209 026
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>9 589 723</i>	<i>10 402 968</i>	<i>11 438 636</i>	<i>10 120 533</i>
Finansielle aktiviteter				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbetaling av rente)	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>10 485 282</i>	<i>11 216 988</i>	<i>12 277 318</i>	<i>10 916 030</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>-8 470</i>	<i>534 353</i>	<i>588 951</i>	<i>-2 216 971</i>

Tabell 4.5 Noregs forskingsråd. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar til drift frå fagdepartementet	654 111	827 729	831 785	795 497
Løyvingar til drift frå andre departement	80 313	19 976	23 186	0
Løyvingar til tilskot til forskning o.a. frå fagdepartementet	4 508 482	4 754 289	4 652 974	4 959 426
Løyvingar til forskning o.a. frå andre departement	5 041 571	5 362 500	6 482 755	4 952 081
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>10 284 477</i>	<i>10 964 493</i>	<i>11 990 700</i>	<i>10 707 004</i>
Offentlege og private tilskot og overføringar				
Tilskot frå andre statlege verksemder	9 336	11 310	7 527	16 000
Tilskot frå internasjonale organisasjonar	38 468	12 293	5 011	0
Tilskot frå kommunar og fylkeskommunar	207	204	0	0
Tilskot frå organisasjonar og stiftingar	-529	236	762	0
Tilskot frå næringsliv og private	-9 688	262 137	289 607	193 026
<i>Sum offentlege og private tilskot</i>	<i>37 793</i>	<i>286 180</i>	<i>302 907</i>	<i>209 026</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Andre inntekter				
Andre inntekter og tidsavgrensingar	163 011	-33 685	-16 289	0
<i>Sum andre inntekter</i>	<i>163 011</i>	<i>-33 685</i>	<i>-16 289</i>	<i>0</i>
Sum inntekter	10 485 282	11 216 988	12 277 318	10 916 030

Tabell 4.6 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2018–20

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Endring frå 2019 til 2020
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	4 887 513	5 426 628	6 007 415	580 786
Behaldningar på andre bankkontoar	63 455	58 693	66 857	8 165
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>4 950 968</i>	<i>5 485 321</i>	<i>6 074 272</i>	<i>588 951</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	41 338	41 744	42 421	677
Skattetrekk og offentlege avgifter	39 945	40 571	41 930	1 359
Gjeld til leverandørar	41 121	46 452	41 138	-5 314
Gjeld til oppdragsgivarar	-129 016	-99 263	-126 363	-27 100
Anna gjeld / fordringar som forfell i neste budsjettår	33 619	30 059	57 218	27 159
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>27 006</i>	<i>59 564</i>	<i>56 344</i>	<i>-3 219</i>
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	68 690	33 331	15 199	-18 133
Fri verksemdskapital	0	0	0	0
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>68 690</i>	<i>33 331</i>	<i>15 199</i>	<i>-18 133</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	319	319	319	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>319</i>	<i>319</i>	<i>319</i>	<i>0</i>
<i>Sum nettogjeld og forpliktingar – drift</i>	<i>96 015</i>	<i>93 214</i>	<i>71 862</i>	<i>-21 352</i>

Tabell 4.6 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2018–20

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Endring frå 2019 til 2020
Forskningsforpliktingar				
Forskningsforpliktingar under handsaming	3 007 147	3 140 067	3 963 693	823 626
Prosjektgjeld for starta / gjennomførte forskingsprosjekt	1 847 806	2 252 039	2 038 717	–213 323
<i>Sum forskningsforpliktingar</i>	<i>4 854 953</i>	<i>5 392 107</i>	<i>6 002 410</i>	<i>610 303</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>4 950 968</i>	<i>5 485 321</i>	<i>6 074 272</i>	<i>588 951</i>

Noregs forskingsråd skil seg frå andre nettobudsjetterte verksemder ved at ei hovudoppgåve er å fordele mottekne forskingsløyvingar vidare til andre. I tillegg til dei ordinære avsetningane for å dekke ulike rettslege forpliktingar vil Noregs forskingsråds gjeldsside vere prega av avsetningar til starta forskingsprogram som ikkje er fullførte på dagen for balansen, men der Forskningsrådet har forpliktet seg til utbetalingar etter framdrifta i prosjekta. Vidare omfattar avsetningane midlar som Forskningsrådet har motteke, men der handsaminga av søknadene ikkje er avslutta og midlane enno ikkje fordelte til dei forskingsutførande institusjonane. Malen for balanseoppstillinga er derfor noko tilpassa for bruk i Forskningsrådet.

Tabell 4.7 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
Utgifter	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	48 246	51 242	54 874	53 000
Varer og tenester	42 646	41 769	49 278	46 200
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>90 893</i>	<i>93 011</i>	<i>104 152</i>	<i>99 200</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	1 021	965	765	850
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>1 021</i>	<i>965</i>	<i>765</i>	<i>850</i>
Overføringar frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	17 231	19 776	15 031	16 000
Andre utbetalingar	0	0	0	0
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>17 231</i>	<i>19 776</i>	<i>15 031</i>	<i>16 000</i>

Tabell 4.7 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art

(i 1 000 kr)				
Utgifter	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>109 145</i>	<i>113 752</i>	<i>119 949</i>	<i>116 050</i>
<hr/>				
Inntekter	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	0	0	0	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	9	0
Refusjonar	982	1 764	1 583	1 600
Andre driftsinntekter	0	2	0	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>982</i>	<i>1 766</i>	<i>1 593</i>	<i>1 600</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar til drift	109 797	134 215	123 658	116 820
Innbetalningar frå fagdepartement til tilskot til andre	0	0	0	0
Innbetalningar frå andre departement til tilskot til andre	0	0	0	0
Andre innbetalningar	0	0	0	0
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>109 797</i>	<i>134 215</i>	<i>123 658</i>	<i>116 820</i>
Finansielle aktiviteter				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalningar (t.d. innbetaling av rente)	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>110 779</i>	<i>135 981</i>	<i>125 250</i>	<i>118 420</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>1 634</i>	<i>22 229</i>	<i>5 302</i>	<i>2 370</i>

Tabell 4.8 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	22 683	24 121	25 201	21 820
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan	40 386	40 629	43 163	42 000
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	34 997	26 401	42 276	33 000
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>98 066</i>	<i>91 151</i>	<i>110 640</i>	<i>96 820</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	1 201	1 497	2 411	2 080
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	0	16 411	632	6 000
<i>Sum bidrag</i>	<i>1 201</i>	<i>17 908</i>	<i>3 044</i>	<i>8 080</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemder	1 670	2 064	744	2 000
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	872	960	1 869	2 000
Andre inntekter og tidsavgrensingar	8 970	23 898	8 954	9 520
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>11 512</i>	<i>26 921</i>	<i>11 567</i>	<i>13 520</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>110 779</i>	<i>135 981</i>	<i>125 250</i>	<i>118 420</i>

Tabell 4.9 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2018–20

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Endring 2019 til 2020
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	52 714	74 941	80 243	5 302
Behaldningar på andre bankkontoar	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	2	4	4	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>52 716</i>	<i>74 944</i>	<i>80 246</i>	<i>5 302</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	4 368	4 585	4 895	310
Skattetrekk og offentlege avgifter	4 802	5 037	5 354	317
Gjeld til leverandørar	2 418	933	1 890	957
Gjeld til oppdragsgivarar	-3 182	-2 565	-1 354	1 211
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	2 313	18 004	2 819	-15 185
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>10 719</i>	<i>25 994</i>	<i>13 604</i>	<i>-12 390</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	9 428	2 001	11 374	9 373
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	10 977	14 463	13 757	-706
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje starta formål	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>20 405</i>	<i>16 464</i>	<i>25 130</i>	<i>8 667</i>

Tabell 4.9 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2018–20

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Endring 2019 til 2020
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	16 136	26 959	35 904	8 945
Fri verksemdskapital	5 457	5 528	5 608	81
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>21 592</i>	<i>32 487</i>	<i>41 512</i>	<i>9 025</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>52 716</i>	<i>74 944</i>	<i>80 246</i>	<i>5 302</i>

Tabell 4.10 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
Utgifter	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	149 095	179 311	192 879	220 592
Varer og tenester	340 145	479 810	601 945	442 671
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>489 240</i>	<i>659 121</i>	<i>794 824</i>	<i>663 263</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	1 653	2 653	1 844	3 800
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>1 653</i>	<i>2 653</i>	<i>1 844</i>	<i>3 800</i>
Overføringar frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	0	0	0	0
Andre utbetalningar	0	71 593	81 133	73 469
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>0</i>	<i>71 593</i>	<i>81 133</i>	<i>73 469</i>

Tabell 4.10 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Utgifter og inntekter etter art

(i 1 000 kr)				
Utgifter	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>490 893</i>	<i>733 367</i>	<i>877 801</i>	<i>740 532</i>
<hr/>				
Inntekter	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	374 254	213 384	259 226	225 169
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	3 913	5 346	4 000
Andre driftsinntekter	23 813	310 672	380 091	250 000
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>398 067</i>	<i>527 969</i>	<i>644 663</i>	<i>479 169</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar til drift	140 736	145 318	174 767	183 772
Innbetalningar frå fagdepartement til tilskot til andre	0	73 601	82 370	73 469
Innbetalningar frå andre departement til tilskot til andre	0	0	0	0
Andre innbetalningar	0	0	0	0
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>140 736</i>	<i>218 919</i>	<i>257 137</i>	<i>257 241</i>
Finansielle aktiviteter				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalningar (t.d. innbetaling av rente)	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>538 803</i>	<i>746 888</i>	<i>901 800</i>	<i>736 100</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>47 910</i>	<i>13 521</i>	<i>23 999</i>	<i>-4 122</i>

Tabell 4.11 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	133 649	138 760	158 118	176 300
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan	-6 082	1 472	2 000	2 000
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	963	5 417	5 430	6 330
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>128 530</i>	<i>145 649</i>	<i>165 548</i>	<i>184 630</i>
Overføringar til verksemda				
Overføringar frå fagdepartement til tilskot til andre	0	73 601	82 370	73 469
Overføringar frå andre departement til tilskot til andre	0	0	0	0
Overføringar frå andre verksemdar til tilskot til andre	0	0	0	0
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>0</i>	<i>73 601</i>	<i>82 370</i>	<i>73 469</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	3 876	-2 506	9 221	976
<i>Sum bidrag</i>	<i>3 876</i>	<i>-2 506</i>	<i>9 221</i>	<i>976</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemdar	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemdar	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	406 397	530 144	644 661	477 335
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>406 397</i>	<i>530 144</i>	<i>644 661</i>	<i>477 335</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>538 803</i>	<i>746 888</i>	<i>901 800</i>	<i>736 410</i>

Tabell 4.12 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning i perioden 2018–20

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Endring frå 2019 til 2020
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	47 910	61 431	85 430	23 999
Behaldningar på andre bankkontoar	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>47 910</i>	<i>61 431</i>	<i>85 430</i>	<i>23 999</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	12 909	14 790	16 002	1 212
Skattetrekk og offentlege avgifter	11 980	12 815	8 662	–4 153
Gjeld til leverandørar	28 912	41 519	49 578	8 059
Gjeld til oppdragsgivarar	–5 269	–3 111	11 027	14 138
Gjeld knytt til tilskotsforvaltning m.m.	0	2 007	3 244	1 237
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	–450	15 918	5 812	–10 106
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>48 082</i>	<i>83 938</i>	<i>94 325</i>	<i>10 387</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	0	0	0	0
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetningar til vedtekne ikkje starta formål	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Tabell 4.12 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning i perioden 2018–20

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Endring frå 2019 til 2020
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	5	-13 744	-2 787	10 957
Fri verksemdskapital	-177	-5 769	-3 113	2 656
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>-172</i>	<i>-19 513</i>	<i>-5 900</i>	<i>13 613</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	-2 994	-2 995	-1
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>-2 994</i>	<i>-2 995</i>	<i>-1</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>47 910</i>	<i>61 431</i>	<i>85 430</i>	<i>23 999</i>

Årsaka til at posten langsiktig gjeld er negativ, er av teknisk art. Det kjem av at anleggsmidlane til Unit i 2019 og 2020 er verdsette høgare enn dei tilsvarande gjeldspostane.

Tabell 4.13 Universitet og høyskular. Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
Utgifter	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	28 616 635	30 670 834	31 406 457	32 681 359
Varer og tenester	13 876 885	14 839 664	14 253 495	14 794 489
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>42 493 520</i>	<i>45 510 498</i>	<i>45 659 951</i>	<i>47 475 848</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	2 890 685	2 893 784	2 562 924	2 821 641
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>2 890 685</i>	<i>2 893 784</i>	<i>2 562 924</i>	<i>2 821 641</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	318 950	328 713	260 774	245 616
Andre utbetalningar	265 541	316 610	363 772	211 563
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>584 491</i>	<i>645 323</i>	<i>624 546</i>	<i>457 179</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og partar	46 464	3 038	13 044	0
Andre finansielle utgifter	1 687	3 055	2 816	1 415
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>48 151</i>	<i>6 093</i>	<i>15 860</i>	<i>1 415</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>46 016 848</i>	<i>49 055 697</i>	<i>48 863 282</i>	<i>50 756 082</i>

Tabell 4.13 Universitet og høgsular. Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
Inntekter	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	2 654 053	3 270 180	2 878 714	2 298 004
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	16 014	15 865	17 093	17 114
Refusjonar	231 288	228 417	257 499	247 413
Andre driftsinntekter	2 203 671	1 948 996	2 076 821	2 011 178
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>5 105 026</i>	<i>5 463 459</i>	<i>5 230 129</i>	<i>4 753 710</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	67 080	206 046	4 014	1 130
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>67 080</i>	<i>206 046</i>	<i>4 014</i>	<i>1 130</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar til drift	41 348 032	42 971 473	45 026 972	45 986 937
Innbetalningar frå fagdepartement til tilskot til andre	0	0	0	0
Innbetalningar frå andre departement til tilskot til andre	0	0	0	0
Andre innbetalningar	4	0	0	0
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>41 348 036</i>	<i>42 971 473</i>	<i>45 026 972</i>	<i>45 986 937</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	5 644	1 880	-658	-1 417
Andre finansielle innbetalningar (t.d. innbetaling av rente)	1 779	4 823	5 328	1 620
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>7 424</i>	<i>6 704</i>	<i>4 670</i>	<i>203</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>46 527 566</i>	<i>48 647 682</i>	<i>50 265 784</i>	<i>50 561 980</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>510 719</i>	<i>-408 015</i>	<i>1 402 502</i>	<i>-194 102</i>

Kommentar til tabellen: Driftsutgiftene har auka med om lag 0,3 pst. frå 2019 til 2020 og utgjør om lag 93,4 pst. av dei samla utgiftene i 2020, mot 92,8 pst. i 2019. Dei samla utgiftene har gått ned med 0,4 pst. frå 2019 til 2020. Overføringane til verksemdene har auka med 4,8 pst. frå 2019 til 2020, medan dei auka med 3,9 pst. frå 2018 til 2019. Det meste av overføringane er statlege løyvingar til verksemdene. Dei totale overføringane utgjør 89,6 pst. av dei samla inntektene. Det er noko høgare enn i 2019, då delen var 88,3 pst.

Tabell 4.14 Universitet og høyskular. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Budsjett 2021
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	34 694 046	35 798 722	37 542 868	38 677 645
Løyvingar frå andre departement	284 189	150 885	152 482	141 866
Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan	1 595 338	1 923 837	1 957 218	1 817 578
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	3 470 626	3 296 325	3 439 029	3 686 922
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>40 044 199</i>	<i>41 169 768</i>	<i>43 091 597</i>	<i>44 324 011</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	229 651	203 756	210 874	185 232
Bidrag frå private	682 112	712 117	765 754	735 063
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	699 297	843 598	1 024 592	762 064
<i>Sum bidrag</i>	<i>1 611 060</i>	<i>1 759 470</i>	<i>2 001 220</i>	<i>1 682 360</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemder	539 916	638 667	803 174	406 549
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	128 899	143 632	116 300	72 131
Oppdrag frå private	413 851	456 619	436 114	296 580
Andre inntekter og tidsavgrensingar	3 789 640	4 479 526	3 817 378	3 780 350
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>4 872 307</i>	<i>5 718 443</i>	<i>5 172 966</i>	<i>4 555 609</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>46 527 566</i>	<i>48 647 682</i>	<i>50 265 784</i>	<i>50 561 980</i>

Kommentar til tabellen: Dei samla inntektene har auka med 3,3 pst. frå 2019 til 2020. Det er lågare enn frå 2018 til 2019, då auken var på 4,6 pst. Løyvinga til statsoppdraget utgjer 85,7 pst. av inntektene i 2020. Det er noko høgare enn i 2019, då delen var 84,6 pst. Løyvinga til statsoppdraget dekkjer 88,2 pst. av dei samla utgiftene i 2020, mot 83,9 pst. i 2019.

Tabell 4.15 Universitet og høgsular. Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgsकुलेsektoren i perioden 2018–20 (nettobalanse)

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Endring frå 2019 til 2020
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	12 954 402	12 445 593	13 836 707	1 391 113
Behaldningar på andre bankkontoar	671 633	772 558	784 264	11 707
Andre kontantbeholdningar	674	543	226	-317
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>13 626 710</i>	<i>13 218 694</i>	<i>14 621 196</i>	<i>1 402 502</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	2 386 735	2 532 083	2 613 095	81 011
Skattetrekk og offentlege avgifter	2 055 212	2 143 081	2 133 088	-9 993
Gjeld til leverandørar	2 011 124	2 207 314	1 683 255	-524 059
Gjeld til oppdragsgivarar	-571 792	-456 008	-370 282	85 726
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	957 221	794 675	696 404	-98 271
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>6 838 500</i>	<i>7 221 145</i>	<i>6 755 560</i>	<i>-465 586</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	393 173	111 588	362 411	250 824
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	621 199	474 854	521 301	46 448
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	1 577 596	1 016 681	1 534 491	517 811
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje starta formål	890 275	436 979	743 130	306 151
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	73 995	75 685	126 919	51 234
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>3 556 238</i>	<i>2 115 786</i>	<i>3 288 253</i>	<i>1 172 467</i>

Tabell 4.15 Universitet og høgskular. Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgskulesektoren i perioden 2018–20 (nettobalanse)

(i 1 000 kr)				
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Rekneskap 31.12.2020	Endring frå 2019 til 2020
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje-spesifiserte formål	2 688 704	3 267 093	3 891 928	624 836
Fri verksemdskapital	630 737	691 842	750 870	59 028
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>3 319 441</i>	<i>3 958 934</i>	<i>4 642 798</i>	<i>683 864</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	1	0	-1
Anna langsiktig gjeld	-87 470	-77 173	-65 416	11 757
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>-87 470</i>	<i>-77 172</i>	<i>-65 415</i>	<i>11 757</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>13 626 710</i>	<i>13 218 694</i>	<i>14 621 196</i>	<i>1 402 502</i>

Årsaka til at posten langsiktig gjeld er negativ, er av teknisk art. Det kjem av at anleggsmidlane til universitet og høgskular i 2018, 2019 og 2020 er verdsette høgare enn dei tilsvarande gjeldspostane.

Kommentar til tabellen: Kontantbeholdninga har auka med 10,6 pst. frå 2019 til 2020, mot ein reduksjon på 3,0 pst. frå 2018 til 2019. Avsetningane som skal dekke påkomne kostnader til forfall neste budsjettår, har gått ned med 6,4 pst. Tilsvarande var det ein auke på 5,6 pst. frå 2018 til 2019. Avsetningane til planlagde tiltak i komande budsjettår har auka med 55,4 pst. frå 2019 til 2020.

Tabell 4.16 Universitet og høyskular. Balanse per 31. desember 2020

	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 31.12.18	Rekneskap 31.12.19	Rekneskap 31.12.20
Eigedelar			
A. Anleggsmidlar			
I Immaterielle eigedelar	44 152	56 357	75 645
II Varige driftsmidlar	34 693 478	37 161 492	36 890 555
III Finansielle anleggsmidlar	399 849	384 768	374 530
<i>Sum anleggsmidlar</i>	<i>35 137 480</i>	<i>37 602 618</i>	<i>37 340 731</i>
B. Omløpsmidlar			
I Behaldningar av varer og driftsmateriell	36 206	31 034	61 980
II Fordringar	1 781 421	2 074 682	2 023 010
III Bankinnskot, kontantar og liknande	13 626 710	13 218 694	14 621 196
<i>Sum omløpsmidlar</i>	<i>15 444 337</i>	<i>15 324 410</i>	<i>16 706 187</i>
<i>Sum eigedelar</i>	<i>50 581 817</i>	<i>52 927 028</i>	<i>54 046 917</i>
Statens kapital og gjeld			
C. Statens kapital			
I Verksemdskapital	943 116	999 436	1 059 984
II Avrekningar	3 391 261	2 480 331	3 472 645
III Utsett inntektsføring av løyving (nettobudsjetterte)	34 951 564	37 511 935	37 330 004
<i>Sum statens kapital</i>	<i>39 285 941</i>	<i>40 991 701</i>	<i>41 862 633</i>
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktingar	0	0	0
II Anna langsiktig gjeld	0	0	0
III Kortsiktig gjeld	11 295 876	11 935 327	12 184 284
<i>Sum gjeld</i>	<i>11 295 876</i>	<i>11 935 327</i>	<i>12 184 284</i>
<i>Sum statens kapital og gjeld</i>	<i>50 581 817</i>	<i>52 927 028</i>	<i>54 046 918</i>


Kommentar til tabellen: Balanseverdiane har auka med 2,1 pst. frå 2019 til 2020. Verdien av anleggsmidlane har gått ned med 0,7 pst. i høve til 2019, medan omløpsmidlane har auka med 9,0 pst. frå 2019 til 2020. Den kortsiktige gjelda har auka med 2,1 pst. frå 2019 til 2020. Avrekningane har auka med 40,0 pst. frå 2019 til 2020.

Tabell 4.17 Universitet og høgskular. Avsetningar 2018–20

	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.18	Rekneskap 31.12.19	Rekneskap 31.12.20	Del av løyving i 2020 i pst.
Nord universitet	261 227	165 300	184 742	12,4
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet	145 168	165 399	220 428	15,9
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	331 432	234 766	707 900	9,9
OsloMet – Storbyuniversitetet	133 283	156 240	297 979	11,4
Universitetet i Agder	389 093	160 342	137 129	8,9
Universitetet i Bergen	264 412	313 581	142 601	3,7
Universitetet i Oslo	206 388	108 432	433 198	7,4
Universitetet i Stavanger	123 283	138 998	185 698	10,7
Universitetet i Sørøst-Noreg	220 285	159 147	195 125	9,9
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	628 019	310 225	293 558	8,4
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	18 111	4 418	7 085	3,6
Høgskolen i Molde, vitenskapleg høgskole i logistikk	49 079	46 210	68 906	25,3
Kunsthøgskolen i Oslo	18 830	18 187	34 240	9,2
Noregs handelshøgskole	109 163	125 141	136 997	27,0
Noregs idrettshøgskole	20 605	3 797	16 649	7,2
Noregs musikkhøgskole	46 918	39 961	42 290	14,6
Høgskolen i Innlandet	145 161	134 346	173 206	14,1
Høgskolen i Østfold	107 179	92 607	110 278	15,5
Høgskulen i Volda	86 610	83 087	91 187	23,8
Høgskulen på Vestlandet	282 595	295 704	336 409	16,1
Samisk høgskole	18 353	18 525	20 845	19,9
<i>Sum</i>	<i>3 605 194</i>	<i>2 774 415</i>	<i>3 836 447</i>	<i>10,2</i>

Tabellen i år avviker frå tidlegare år sidan både ubrukte løyvingar som er inntektsført og ikkje inntektsført er med i tabellen, medan tabellen tidlegare berre hadde med inntektsført løyving.

Kommentar til tabellen: Dei samla avsetningane i 2019 utgjorde 7,7 pst. av løyvinga. I 2020 var dei samla avsetningane 10,2 pst. av løyvinga.

Vedlegg 5**Underliggende verksemder o.a.**

Figur 5.1 Underliggende verksemder o.a. per 1. januar 2022

Einingar som er markerte med grå farge, er ikkje statlege forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.

Forklaringar og forkortingar:**Barnehage og grunnopplæring**

Foreldretutvala er førte opp samla i figuren, sidan dei har felles sekretariat og mottek eit felles tildelegingsbrev.

- FUG: Foreldretutvalet for grunnopplæringa
- FUB: Foreldretutvalet for barnehagar
- Statped: Statleg spesialpedagogisk støttesystem
- Sørsamisk kunnskapspark
- Samiske vidaregåande skular:
 - Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino
 - Samisk vidaregåande skole i Karasjok

Kompetansepolitikk, høgare utdanning og forskning

- FEK: Dei nasjonale forskningsetiske komiteane

- NOKUT: Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga
- HK-dir: Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse
- Sikt: Kunnskapssektorens tenesteleverandør
- Simula: Simula Research Laboratory
- UNIS: Universitetssenteret på Svalbard

Integrering

- IMDi: Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Anna

- NUPI: Norsk utanrikspolitisk institutt
- Vea: Noregs grønne fagskule – Vea

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 Media AS – 10/2021

